

MAX INGAR MØRK

Kyrkjene i Romsdal



ROMSDAL SOGELAG
Årsskrift 2021

Kyrkjene i Romsdal

Kyrkjene i Romsdal

Max Ingar Mørk

Romsdal sogelag
Årsskrift 2021
85. årgang

Molde – 2021

Omslagsbildet viser Veøy kyrkje, Sølsnes.
Foto: Sigurd Mjelve.

Boka er utgjeven med støtte frå:

Margit og Morten Parelius' minnefond

Opplysningsvesenets fond v/Møre bispedømmeråd

Gjensidige Forsikring Nordmøre og Romsdal – Dugnadsløftet

Sparebanken Møre – Teft-midlar

Sparebank 1 SMN – Samfunnsutbytte

Redaksjon: Bjørn Austigard og Dag Skarstein

Hovudfotograf: Sigurd Mjelve

Layout og produksjon: EKHGrafisk, 2021

Opplag: 1500

ISSN: 0333-1008

ISBN: 978-82-93345-18-3



Innhald

Forord	7	Kyrkjegardar og gravplassar i Midsund.....	109
Landkjenning Romsdal	8	Tidlegare Nesset kommune	110
Utviklinga av kommunestrukturen	9	Nesset kyrkje	112
Formannskapslovene av 1837	9	Den gamle stavkyrkja på Rød.....	117
Utviklinga av kommunestrukturen i landet og fylket	9	Korleis gjekk det med kapellet på Tjelle?	119
Utviklinga av kommunestrukturen i Romsdal	10	Sira kyrkje	120
Prestegjeld og sokn i Romsdal	11	Vistdal kyrkje	126
Grytten prestegjeld	12	Eikesdal kyrkje	132
Veøy prestegjeld	13	Hustadvika kommune	136
Aukra prestegjeld	14	Tidlegare Fræna kommune	136
Folketalsutviklinga i prestegjeld og sokn 1769–2001.....	16	Vågøy kyrkje	138
Soknstrukturen var robust	16	Hjelpekyrkjegardane på Tornes og Hestad ..	145
Prosti	17	Nordre Bjørnsund bedehuskapell	146
Tilhøvet mellom tinglag, kommunar, prestegjeld og sokn	17	Myrbostad kyrkje	148
Kyrkjene i Romsdal	19	Bud kyrkje	153
Molde kommune	20	Hustad kyrkje	161
Tidlegare Molde kommune	20	Tidlegare Eide kommune	168
Molde domkyrkje	22	Eide kyrkje.....	169
Kapellet på Nedre Kirkegård	35	Gaustad kapell	174
Romsdalsmuseets kapell	36	Aukra kommune	178
Reknes Hospitals kapell (rive)	39	Aukra kyrkje	179
Kapellet på Kvam (rive).....	40	Tidlegare Sandøy kommune	188
Tøndergård gravlund.....	41	Sandøy kyrkje	189
Røbekk kyrkje	42	Kapellet på Ona.....	197
Nordbyen kyrkje	50	Harøy kyrkje	198
Bergmo kyrkje (nedlagd)	52	Gravplassane i Sandøy.....	207
Bolsøy kyrkje (riven)	53	Rauma kommune	208
Kleive kyrkje	55	Grytten kyrkje	210
Røvik kyrkje	62	Åndalsnes kyrkje (planlagt).....	216
Åkerlehaugen kapell	67	Åndalsnes gravlund	216
Veøy kyrkje, Sølsnes	68	Togkapellet på Åndalsnes	217
Sekken kyrkje	75	Hen kyrkje	218
Veøy gamle kyrkje	80	Voll kyrkje	226
Tidlegare Midsund kommune	94	Gamlekyrkja i Voll	232
Otrøy kyrkje	96	Innfjorden bedehuskapell	234
Nord-Heggdal kapell	102	Gravplassen i Innfjorden.....	239
Søre Midøy kapell	107	Eid kyrkje	240

Middelalderantemensalet frå Eid kyrkje	247	Kyrkjebygginga i middelalderen	356
Holm kyrkje	248	Kyrkjebygginga etter reformasjonen.....	357
Rødven kyrkje.....	255	Ståande kyrkjer delt på alder, plantypar og materiale	357
Rødven stavkyrkje.....	261	Kyrkjebygginga i Romdal	358
Kors kyrkje.....	269	Kjende middeladerkyrkjer i Romsdal	358
Øverdalen kyrkje.....	275	Korskyrkjer i tømmer	362
Vestnes kommune	280	Åttekantkyrkjer	364
Vestnes kyrkje.....	281	Langkyrkjer	364
Tresfjord kyrkje	290	Det store kyrkjesalet i Romsdal	367
Fiksdal kyrkje	298	Kyrkjene i Aukra prestegjeld.....	367
Vike kyrkje	305	Kyrkjene i Veøy prestegjeld.....	367
Kyrkjeklokkene på Vike	309	Kyrkjene i Nesset prestegjeld	368
Vågstranda kyrkje.....	310	Kyrkjene i Grytten prestegjeld.....	368
Andre kyrkjer og forsamlingshus .	316	Kyrkjebyggarar og -kunstnarar	369
St. Sunniva katolske kyrkje, Molde	316	Arkitektar.....	369
Fresestempleet i Molde	321	Lokale kyrkjebyggarar	371
Metodistkyrkja i Molde.....	323	Lokale kunstnarar og handverkarar.....	373
Adventistkyrkja i Molde	326	Orgelbyggarar.....	376
Mordalsmyra Aktivitetssenter.....	328	Klokkestøyparar	377
Pinsekirken på Kvam.....	331	Tabellar	379
Sion Molde	333	Kjende kyrkjer og kapell i Romsdal	379
Nordvestkirka Elnesvågen	337	Kategoriar av vigsla bygg.....	379
Klippen Aukra	340	Vernestatus for kyrkjene	379
Fresearmeen Rauma	342	Tabell over kyrkjer, kapell og andre vigsla bygningar i Romsdal.....	379
Sjukehuskapella.....	344	Folketalsutviklinga i prestegjeld og sokn 1769–2001	384
Historikk	345	Soknestatistikk for 2017	386
Kyrkja i Norge gjennom 1000 år	346	Litteraturliste	387
Kyrkja i middelalderen	346	Takk	393
Kristendommen slår rot i Norge	346	Register til Kyrkjene i Romsdal	394
Kristenretten.....	347		
Dei første bispedøma.....	347		
Kyrkjebygg og prestar	348		
Kyrkja etter reformasjonen	349		
Einvelde og kyrkjesal	349		
«Kyrkjesaka» på 1800-talet	349		
Reformarbeidet på 1900-talet	351		
Kyrkja inn i eit nytt tusenår	351		
Form og stil i kyrkjearkitekturen	352		
Kyrkjebygga sine forbilde.....	352		
Stilartar i kyrkjearkitekturen	353		
Kyrkjebygginga i Norge	356		

Foto

Foto utan oppgjeven fotograf er tekne av hovudfotograf Sigurd Mjelve.

Foto signerte MIM er tekne av forfattaren.

Foto tekne av andre er signerte med fotografen sitt namn under bildet.

Forord

Da Romsdal sogelag tok kontakt ein tidleg vårdag i 2018 med spørsmål om å lage ei kyrkjebok for Romsdal, var det umogeleg å svare nei, sjølv om det var innlysande at det ville krevje eit stort arbeid. Eg har hatt eit nært forhold til kyrkjer i mange år, først som privat interesse, seinare også i yrkessamanheng.

Kva er det som gjer kyrkjebygga så spesielle? Min tidlegare kollega i den kyrkjelege arbeidsgivarorganisasjonen KA, Ingrid Staurheim, har i fleire år studert temaet kyrkjebygg og identitet. Ho seier det slik:

Kirkebygget har gjennom århundrer sammenflettet menneskers religiøse og allmenkulturelle liv, derfor kan også ritualene oppleves like mye som en del av kulturen som en del av deres religiøse liv. (...) Folkekirken er religiøs og kulturell på samme tid. Den handler om både kontakten med Gud, hverandre, historien og lokalsamfunnet uten at det er tydelige skiller.

Å skrive ei bok om kyrkjebygga handlar ikkje så mykje om å skaffe fram ny kunnskap som å samle og velje ut det som allereie finst i bøker, kulturminneregister og kyrkjebyggdatabasar. Her står vi i særleg gjeld til alle dei som har brukt tid og innsats på å skrive jubileumbøker og andre lokalhistoriske skrifter. Dette viser at kyrkjestoffet engasjerer og kan dukke opp i dei mest uventa samanhengar. Problemet undervegs har ikkje vore å

finne nok stoff, men å velje ut det viktigaste. Kjeldene inneheld langt fleire detaljar og namn enn det som har fått plass i denne boka.

Mange av dagens kyrkjer blei bygde på slutten av 1800-talet. Derfor finst det eit særleg rikt tilfang av jubileumsskrifter frå siste halvdel av 1900-talet og seinare. Vi har etter beste evne prøvd å oppdatere stoffet fram til i dag og vil rette ein stor takk til alle dei lokale ressurspersonane som har hjelpt til med å skaffe opplysningar, lese manuskript og kome med innspel, rettingar og suppleringar undervegs. Bakarst i boka er det ei liste der dei viktigaste er nemnde med namn.

Nokre må også nemnast spesielt. Først Bjørn Austigard og Dag Skarstein i redaksjonsnemnda i sogelaget som starta prosessen og har vore faglege rådgevarar og rettleiarar undervegs. Raust har dei delt av sin store kunnskap og si lange røynsle og gitt energi til arbeidet gjennom mange konstruktive forslag og gode tilbakemeldingar. Vidare må nemnast Målfrid Nordhaug som har lagt ned eit stort arbeid med å dokumentere kvinnene sin innsats representert ved alterdukane i Romsdal. Ein spesiell takk går også til hovudfotograf Sigurd Mjelve og andre fotografar som har teke nye foto av alle kyrkjene slik at ein ikkje berre kan lese om, men også oppleve kyrkjene i all sin visuelle prakt. Sist men ikkje minst, må vi takke typograf og designar Irene M. Hestås Skaldebø på EKH Grafisk for eit svært godt samarbeid.

Molde, september 2021

Max Ingar Mørk

Landkjenning Romsdal

Dette er Romsdalens stride land!
Nu er jeg hjemme;
ti alt, som jeg ser, har øje og stemme!
Og folket? – Jeg kænner hvær eneste mand,
om aldrig jeg så ham. Her er han tolket:
kænner du fjorden, kænner du folket.

Bjørnstjerne Bjørnson i diktet Romsdalen

Kven er så denne romsdalingen? Ein annan romsdalsdiktar, Edvard Hoem, har i boka Landkjenning Romsdal skildra landet og folket på denne måten:

Da Norge vart samla til eit kongerike for meir enn tusen år sidan, vart Romsdal ståande utanfor dei to store lovområda vestanfjells. Sunnanfor låg Gulating, nordanfor Frostating. Romsdal var midt i mellom. Derfor har romsdalingane i tusen år visst at dei ikkje er heilt som dei andre.

Medan andre fylke delte opp landskapet i skipreider, snakka romsdalingane om åttingar. (...)

*I tusen år har dei snakka sin eigen dialekt, og klo-
ra seg fast ved den sentrale ferdselsvegen gjennom
Midt-Norge.*

Før vi går i gang med å presentere kyrkjene i Romsdal, vil vi sjå nærare på korleis landskapsområdet Romsdal har blitt forma, både sivilt og kyrkjeleg. Vi skal ta for oss utviklinga av kommunestrukturen og den kyrkjelege strukturen med sokn, prestegjeld og prosti og sjå korleis desse heng saman med den gamle skipreide- og tinglagsstrukturen.



Det blå landet med fjord og fjell. Her er romsdalingen heime. Foto: Agnar Harnes.

Utviklinga av kommunestrukturen

Formannskapslovene av 1837

Ved innføringa av eineveldet i 1660-åra blei den sivile administrasjonen organisert i amt, futedøme og tinglag under leiing av kongelege embetsmenn. Da unionen med Danmark blei oppløyst og Grunnlova innført i 1814, fekk Norge sin eigen folkevalde forsamling, Stortinget, som fram gjennom 1800-talet gjennomførte ei gradvis demokratisering av styringsstrukturen i landet. I 1837 var turen komen til lokalplanet. Da vedtok Stortinget *formannskapslovene* som markerte starten på den norske kommuneinndelinga og innføring av det best organiserte og mest utvikla kommunale sjølvstyret i heile Europa, basert på dei demokratiske prinsippa i Grunnlova. Gjennom *formannskap* og *representantskap* (kommunestyre) blei løyvande, forvaltande og kontrollerande mynde overført frå embetsmenn og byborgarar til lokale, valde representantar.


Sjølv om strukturen med amt, futedøme og tinglag framleis stod ved lag, var det den kyrkjelege administrative inndelinga med prestegjeld og sokn som blei lagt til grunn for organiseringa av lokalstyret. I paragraf 1 i *Lov om Formandskaber paa Landet* heiter det: *I ethvert Præstegjeld paa Landet skal være et Formandskab, der skal bestaae af Formænd fra ethvert af Præstegjeldets Kirkesogne.* Lova hadde også vedtekter om at kyrkjesokna skulle få styre seg sjølve i saker som berre gjaldt det einskilde sokn, som til dømes i kyrkjesaker. Representantane frå eit sokn utgjorde såleis *soknestyret*. Formannskapsdistrikta på landet gjekk over til nemninga *herad* i 1863 (Langnes, 2007; Langnes, 2015; Lokalhistoriewiki, 2019).

Utviklinga av kommunestrukturen i landet og fylket

Da lovene tredde i kraft i 1838 blei det oppretta 392 formannskapsdistrikt i landet, av desse 355 heradskommunar og 37 bykommunar. Romsdals amt (Møre og Romsdal fylke) fekk 30 formannskapsdistrikt, av desse 27 heradskommunar og 3 bykommunar: dei to kjøpstadene Molde og Christiansund og ladestaden Ålesund (som blei kjøpstad i 1848). Dette var det høgaste heradstalet i noko amt i landet (NOU 1992:15).

I løpet av 1800-talet og fram til 1924 blei det gjennomført ei lang rekke kommunedelingar, oftast ved at eit sokn blei skilt ut frå prestegjeldet som eigen kommune. På det meste var det 747 kommunar i Norge, nesten ei dobling frå 1837. Delingane kunne ha fleire årsaker, men dei vanlegaste var at folk i bygdene ville ha betre styring med lokale saker, at økonomiske og andre forhold slo skeivt ut sokna imellom eller at det var lange avstandar og dårlege og usikre kommunikasjonar, både på land og sjø.

Frå 1924 og fram til kommunereguleringane på 1960-talet, var det heile 65 heradskommunar og 3 bykommunar i Møre og Romsdal. Ved kommunereguleringane i 1964–65 blei dette redusert til 36 kommunar, seinare til 32, før dei nye reguleringane kom i 2020. Etter at Rindal blei overført til Trøndelag i 2019 og Halså i 2020, er det i dag 25 kommunar i Møre og Romsdal fylke (Møre og Romsdal fylkeskommune, 2014).



Kart over norske len ca. 1560. Romsdal var da eit underlen under Trondhjem hovudlen. Kjelde: Lokalhistoriewiki.

1837	1840	1867	1874	1890	1899	1902	1918	1924
Grytten	Grytten					Grytten		
						Hen		
	Eid og Voll		Eid					
		Voll						
Veøy								
Neset				Neset				
				Eresfjord og Vistdal				
Bolsøy								
Vestnes				Vestnes				
				Sylte (Tresfjord)				
Bud							Bud	
							Hustad	
Aukra	Aukra	Aukra						N-Aukra
		Sandøy						S-Aukra
	Fræna							
(Molde by)								

Kommuneinndelingane i Romsdal frå 1837 til 1924. Kjelde: Mads Langnes, Romsdalsmuseets årbok 2015 s. 187.

Utviklinga av kommunestrukturen i Romsdal

I 1837 var det seks prestegjeld i Romsdal: Aukra, Bud, Bolsøy, Neset, Veøy og Grytten. Som det einaste prestegjeldet i fylket blei Veøy delt i to formannskapsdistrikt allereie frå starten, ved at sokna Vestnes og Sylte (Tresfjord), som utgjorde Vestnes tinglag, blei skilde ut som ein eigen kommune. Frå 1.1.1838 var det såleis sju landkommunar i Romsdal. I tillegg kom bykommunen Molde, som blei eige prestegjeld først i 1858.

Berre to år seinare blei Grytten delt, som det første heradet i Romsdal og eit av dei første i landet. Dei to kyrkjesokna Voll og Eid blei skilde ut som eigen kommune 1.1.1840 under namnet *Voll og Eid formannskapsdistrikt*. Noko av hopehavet med Grytten hang likevel ved, ettersom både fattig-, skole- og kyrkjestellet var organisert på prestegjelds nivå. Full deling skjedde først i 1862, da Eid og Voll blei eit eige prestegjeld.

Den andre delinga skjedde også i 1840, da Vågøy sokn blei skilt ut frå Aukra som eigen kom-

mune under namnet *Frænen*. Vidare blei *Sandøy* sokn skilt ut frå Aukra som eigen kommune i 1867 etter ein lang og krevjande prosess. Frå 1874 blei Voll og Eid formannskapsdistrikt delt etter soknegrensene, slik at *Voll* og *Eid* blei egne kommunar. I 1890 blei sokna *Eresfjord* og *Vistdal* skilde ut frå Neset som ein eigen kommune. I 1899 blei *Sylte* (Tresfjord) sokn skilt ut frå Vestnes og i 1902 blei *Hen* sokn skilt ut frå Grytten. I 1918 blei *Hustad* sokn skilt ut frå Bud, og endeleg blei Aukra kommune i 1924 delt i *Nord-Aukra* og *Sør-Aukra*. Elles hadde Molde eit par mindre grensereguleringar mot Bolsøy i 1915 og 1952.

Mellom 1924 og 1964 låg kommunestrukturen fast med 16 landkommunar og ein bykommune i Romsdal (Juvkam, 1999; Langnes, 2015).

Ved kommunereguleringane på 1960-talet blei fleire av dei tidlegare delingane reverserte medan andre reguleringar var nye. 1. januar 1964 blei Tresfjord kommune på nytt slege saman med Vestnes, og Eresfjord og Vistdal blei slege saman med Neset. Kommunane Bud og Hustad blei slegne saman med Fræna, medan kommunane

1900	1902	1918	1924	1964	1965	2020
Eide						Hustadvika
Fræna						
Bud	Bud			Fræna		
		Hustad				
Aukra	Nord-Aukra			Aukra		Molde
	Sør-Aukra			Midsund		
Nesset						
Eresfjord og Vistdal					Nesset	
Molde					Molde	
Bolsøy						
Veøy nord for Langfjorden					Rauma	
Veøy sør for Langfjorden						
Grytten	Grytten			Hen		
	Hen					
Eid						
Voll						
Vestnes						Vestnes
Tresfjord (Sylte til 1922)						
Sandøy						Ålesund
Ålesund, Skodje, Ørskog, Haram						

Kommuneinndelingane i Romsdal frå 1900 til 2020.

Voll, Eid, Hen, Grytten og den delen av Veøy som låg sør for Romsdalsfjorden blei slegne saman til den nye storkommunen Rauma. Bolsøy kommune og den delen av Veøy som låg nord for Romsdalsfjorden, samt Mordal krins i Nord-Aukra, blei slegne saman med Molde. Eit år seinare, 1. januar 1965, blei det gjennomført mindre reguleringar i kommunane utasunds. Sør-Aukra fekk overført Søre Midøy og Dryna frå Vatne kommune, og skifta namn til Midsund kommune. Samtidig tok Nord-Aukra tilbake det gamle kommunenamnet Aukra. På Harøya blei Myklebustområdet og øyane utanfor overførte frå Haram til Sandøy kommune. Gjennom reguleringane på 1960-talet blei 17 kommunar reduserte til 8.

Etter 1965 var kommuneinndelingane i Romsdal stabil fram til kommunereforma i 2020, da det skjedde større eller mindre endringar i alle kommunane. 1.1.2020 blei Midsund, Nesset og Molde slegne saman til nye Molde kommune, Fræna og Eide gjekk saman til Hustadvika kommune og Sandøy kommune blei delt slik at Orta gjekk til Aukra kommune og resten til nye Ålesund

kommune. 1.1.2021 blei Vågstranda sokn i Rauma overført til Vestnes kommune.

Prestegjeld og sokn i Romsdal

Etter svartedauden låg mykje av kyrkjejorda brakk og inntektene til kyrkja fall. Det var derfor viktig å få orden i økonomien. I 1432–33 skreiv Aslak Bolt (erkebiskop 1428–1450) ei jordebok med oversyn over dei gardane, bruken, skyldpartane og rettane Nidaros domkyrkje åtte. Boka bygde på eldre jordebøker frå 1200- og 1300-talet og informasjon erkebiskopen samla på visitasreise sine. Romsdalsdelen er ordna etter åttingane: Eresfjord, Lerheim, Straum, Nes, Bolsøy, Vestnes, Sund og Stemmet (Våge), men gir ingen direkte informasjon om prestegjeld og sokn (Jørgensen, 1997).

100 år seinare, kring 1533, sette erkebiskop Olav Engelbrektsson opp ei ny jordebok under namnet *Register paa Sancte Oluffs Ioerdher*. Også

denne listar opp eigedomar som høyrde til erkebispestolen i Nidaros, men er ikkje like fullstendig som Aslak Bolts jordebok. Olav Engelbrektsson tok boka med seg da han flykta til Nederland under reformasjonen i 1537.

Det første samla oversynet over den kyrkjelege administrative inndelinga finn vi i *Trondhjems reformats*, ein kommisjonsrapport om «Trondhjems stifts geistlige sager anliggender», som blei framlagt for kong Christian IV av Danmark og Norge i 1589. Trondhjems stift omfatta den gongen heile det nordanfjelske Norge, frå og med Sunnmøre til og med Finnmark. Reformatsen inneheld detaljerte opplysningar om prestegjeld og sokn, kyrkjer, prestegardar, kyrkjeleg jordegods, tiendeinntekter og talet på bønder i kvart prestegjeld. Kommissærane som reiste rundt skulle også undersøke om folk fekk dei geistlege tenestene dei hadde rettmessig krav på og gjere naudsynte reguleringar. Rapporten innebar såleis ei stadfesting og delvis nyordning (*reform*) av prestenesta (Hamre, 1983; Arkivverket, 2017). «Romsdals Lehn» hadde i 1589 tre prestegjeld: *Ackerøe* (Aukra), *Wedøens* (Veøy) og *Gryttens gi-eldt*. Prestegjelda hadde namn etter hovudkyrkja og hovudsoknet – der også soknepresten budde – medan dei andre kyrkjene og sokna i prestegjeldet blei kalla anneks.

Vi skal sjå på dei viktigaste utviklingstrekk i desse prestegjelda frå 1589 og fram til vår tid. Fleire detaljar finn ein under presentasjonen av kvar kommune seinare i boka.

Grytten prestegjeld

I 1589 hadde Grytten prestegjeld éin prest og fem kyrkjer. Grytten var hovudkyrkje og Voll, Eid, Isfjorden (Hen) og Kors annekskyrkjer. Alle sokna hadde eksistert sidan middelalderen, og hadde opphavleg kvar si stavkyrkje. Prestegjeldet omfatta heile Romsdal tinglag, Eid sokn i Rødven tinglag og Voll sokn (Måndalen og Innfjorden) i Voll tinglag. Gerhard Schøning skildrar Grytten som «et av de største og vidløftigste prestegjeld i Norge» (Schøning, 1778).

Hans Peter Schnitler (1789, nyutg. 1974) har i boka *Beskrivelse over Romsdals Fogderie 1768 og 1789* ei interessant betraktning om to-delinga av alle sokna i Grytten:

HovedSognet Grytten skilles ad ved Romsdals Elven i 2de Parter, og siden ved Romsdalsfjorden, saa at de Gaarder, som horer Hoved-Sognet til paa hin side Fjorden kaldes deels Ejdet, deels Strandgaardene. Wolds-Sogn haver 2de Bøygde-laug, Indfjorden og Mandalen: Ejds-Sogn inddeles i rette Ejds-bøygden og Jærsæt Bøygden. Heens-Sogn, har



Setnes og Veblungsnes i Rauma sett frå sjøsida med Vengetindane og Romsdalshorn i bakgrunnen. Sentralt i bildet ser vi Grytten kyrkje. Kyrkjestaden låg tidlegare på Grytten nærare fire kilometer lenger opp langs Rauma elv. Grytten har vore hovudkyrkje i Grytten prestegjeld sidan middelalderen. Foto: Nils Solberg, 1870.

foruden de Gaarder, som ligger nærmest Søen, 2de Dale Grøvdalen og Dals-bøygden: Men Kors-Sogn, som udgjør den længste deel af Romsdalen deeles igjen i Meedalen og Øverdalen.

Sokna Eid og Voll blei skilde ut frå Grytten som eige prestegjeld i 1862.

I 1901 blei Kors kyrkje teken ned og flytta frå Flatmark til ny kyrkjestad på Ytre Monge. Samtidig fekk Øverdalen eige kapell. Begge kyrkjehusa blei vigsla i 1902.

I 1906 blei Innfjorden bedehus påbygd tårn og kor og vigsla til bedehuskapell under Voll sokn. I 1970 blei Eid og Voll prestegjeld lagt ned og slegge saman med Grytten prestegjeld. Same år blei Veøy prestegjeld lagt ned og delt, og sokna Holm (med Rødven) og Vågstranda overførte til Grytten prestegjeld.

Ved innføringa av ny kyrkjelov i 1997 fekk Øverdalen kapelldistrikt status som eige sokn. I 2006 blei sokna Eid og Holm (med Rødven) slegne saman til *Eid og Holm sokn*. Grytten prestegjeld blei utfasa etter prostereforma i 2004 og erstatta av tre geistlege tenestedistrikt med kvar sin sokneprest: På nordsida av Romsdalsfjorden Hen og Eid og Holm sokn, på sørsida av fjorden Voll (med Innfjorden) og Vågstranda sokn, og i Romsdalen Grytten, Kors og Øverdalen sokn.

Ved kommunereguleringa 1.1.2021 blei Vågstranda sokn overført frå Rauma til Vestnes kommune, som begge høyrer til Indre Romsdal prosti.

Veøy prestegjeld

Veøy prestegjeld hadde i 1589 tre prestar og ni kyrkjer og var eit av dei største prestegjelda i landet. Det var ein prest for kyrkjene Veøy, Bolsøy og Rødven, ein for Kleive, Vestnes og Sylte (Tresfjord) og ein for Rød (Nesset), Vistdal og Sira (Eresfjord). Den gamle steinkyrkja på Veøya var hovudkyrkje, medan dei åtte annekssokna hadde kvar si stavkyrkje. Prestegjeldet femnde om Vestnes, Fanne og Eresfjord tinglag, samt Rødven sokn i Rødven tinglag og Sekken og Vågstranda i Voll tinglag.

Veøy blei med tida delt i fire nye prestegjeld: Bolsøy, Molde, Nesset og Vestnes, og ein del som blei slege saman med Grytten prestegjeld.

Bolsøy og Molde prestegjeld

Borgarane i Molde sokna opphavleg til kyrkja på Bolsøya, men fekk si eiga kyrkje i 1661. I 1716 kom det i tillegg kapell på Reknes hospital. Ved

reskript av 1740 blei Bolsøy prestegjeld oppretta ved at sokna Bolsøy, Molde og Kleive blei skilde ut frå Veøy. I 1858 blei Molde med Reknes hospitalkapell eige prestegjeld, skilt ut frå Bolsøy.

Ved kgl.res. 2.5.1896 blei det bestemt at Bolsøy hovudsokn skulle delast i to og at det skulle byggast nye kyrkjer på Røbekk og i Røvika, medan den gamle Bolsøykyrkja skulle rivast. Kyrkja på Røbekk stod ferdig i 1898 og i Røvika i 1905. Kyrkja på Bolsøya blei riven i 1907.

I 1964 blei Mordal krins i Aukra sokn overført til Bolsøy sokn, og i 1970 blei Molde sokn utvida med dei områda av Bolsøy som låg vest for den tidlegare bygrensa. Same år blei Veøy prestegjeld oppløyst, og Veøy sokn med Sekken kapelldistrikt overført til Bolsøy prestegjeld. Grensa mellom Molde og Bolsøy sokn aust for byen blei i 1981 justert til i hovudsak å følgje Fuglsetbekken. Ved opprettinga av Møre bispedøme i 1983 blei Molde domkyrkjesokn.

Ved innføringa av ny kyrkjelov i 1997 fekk Sekken kapelldistrikt status som eige sokn og kapellet blei soknekyrkje. 1.1.2009 blei sokna Røvik og Veøy slegne saman til *Røvik og Veøy sokn*.

Nesset prestegjeld

Sokna Rød, Vistdal og Sira blei formelt skilde ut som eit residerande kapellani under Veøy i 1672, og som eige prestegjeld i 1740 under namnet Nesset, etter staden der prestegarden låg. I røynda skal både kapellaniet og prestegjeldet ha vore i funksjon tidlegare. I 1866 fekk Eikesdalen eige kapell og blei kapelldistrikt under Sira sokn. I 1870 blei det vedteke å bygge ny kyrkje i Eidsvågen for Rød sokn, og dessutan eit kapell på eller ved Tjelle for Osmarka og Nordstranda. Kapellet blei aldri bygd, men i 1876 blei det gitt løyve til å opprette ein hjelpekyrkjegard for desse områda på Rød. I 1949 godkjende Kyrkjedepartementet etablering av ein kyrkjegard på Tjelle for krinsane Ranvika, Tjelle og Gussiåsen. Denne stod ferdig og blei vigsla 8. juli 1957. Soknenamnet Rød blei endra til Nesset i 1918. Ved innføringa av ny kyrkjelov i 1997 fekk Eikesdal kapelldistrikt status som eige sokn og kapellet blei soknekyrkje.

Vestnes prestegjeld

I 1820 blei sokna Vestnes og Sylte (Tresfjord) eit residerande kapellani med eigen, fastbuande prest underlagt soknepresten på Veøy. I 1847 blei dei to sokna skilde ut som eit eige prestegjeld, med

Vestnes som hovudsokn og Sylte som anneksokn. Soknenamnet Sylte blei endra til Tresfjord i 1922. Fiksdal sokn blei skilt ut frå Vestnes i 1859 og fekk eiga kyrkje i 1866. I 1970 fekk Vike eige kapell og blei kapelldistrikt under Vestnes sokn. Etter den nye kyrkjelova i 1997 blei Vike kapelldistrikt eige sokn og kapellet blei soknekyrkje.

Resten av Veøy prestegjeld

Etter at Vestnes blei eige prestegjeld i 1847, bestod Veøy prestegjeld av hovudsoknet Veøy med bygdelaga Nesjestranda, Mittet, Holm, Sekken og Vågstranda, og Rødven anneksokn i Rødvenfjorden. Vågstranda, som låg lengst unna Veøya, blei skilt ut som eige sokn i 1868 og fekk kyrkje i 1870.

Ved kgl.res av 14.5.1901 blei det fastsett ei ny kyrkjeskiping for Veøy. Bygdelaga Mittet og Holm på sørsida av Langfjorden blei slegne saman med Rødven sokn til nye Holm sokn. Det skulle byggast soknekyrkje på Holm og nytt kapell i Rødvendalen nær den gamle stavkyrkja. Vidare skulle det byggast ny hovudkyrkje på Sølsnes, medan Veøy

gamle kyrkje skulle leggest ned som soknekyrkje og varetakast som fornminne. I 1907 blei det også gjeve løyve til å bygge kapell på Sekken og skilje ut Sekken som eige kapelldistrikt under Veøy sokn.

18. august 1907 blei det halde ei avslutningshøgtid i den gamle kyrkja på Veøya, og same veke blei dei nye kyrkjebygga vigsla: Sølsnes den 20., Holm 22. og kapellet i Rødven 23 august. Kapellet på Sekken blei vigsla 22. oktober 1908.

Ved kgl.res. i 1968 blei Veøy prestegjeld nedlagt, med verknad frå 1. februar 1970. Veøy sokn med Sekken kapelldistrikt blei overført til Bolsøy prestegjeld, medan sokna Vågstranda og Holm (med Rødven) blei overførte til Grytten prestegjeld. Etter ny kyrkjelov i 1997 fekk Sekken kapelldistrikt status som eige sokn og kapellet blei soknekyrkje. I 20xx blei sokna Eid og Holm slegne saman til *Eid og Holm sokn*.

Aukra prestegjeld

Aukra prestegjeld omfatta i 1589 heile det romsdalske kystområdet utasunds, frå og med Skot-



På 1400-talet auka den faste busetnaden i kystbygdene og Veøya mista etter kvart si betyding. På 1500- og 1600-talet var Bud den største handelsstaden mellom Bergen og Trondheim. Det var her leia langs kysten møtte ferdelsåra gjennom Romsdal til Austlandet. Bildet viser hamna i Bud med kyrkja i bakgrunnen. Foto: MIM.

ten i nord til Myklebust på Harøya i sør. Området dekte i hovudsak tinglaga Sund og Våge (Vågøy). Prestegjeldet hadde sju kyrkjer og kapell og tre prestar. Soknepresten budde ved hovudkyrkja på Aukrasanden og hadde ansvar for kyrkjene på Aukra og Vågøy, medan ein reside-rande kapellan i Bud gjorde teneste ved kyrkjene i Bud og på Hustad. Ein personellkapellan – *domestico sacellano* – som budde på prestegarden og var soknepresten sin personlege medhjelpar, tok seg av tenestene ved kapella på Harøya, Sandøya og Ona. På alle dei sju kyrkjestadene hadde det vore stavkyrkjer eller kapell sidan middelalderen.

Med åra blei Aukra delt i tre mindre preste-gjeld: Bud, Fræna og Aukra.


Sokna Bud og Hustad blei skilde ut som eige prestegjeld i 1755, under namnet Bud prestegjeld. I 1708 blei kapellet på Ona flytta til Sandøya. Ved eit reskript frå 1809 blei det bestemt at kapella på Harøya og Sandøya skulle rivast og at det skulle byggast ny, felles kyrkje og kyrkjegard på Sand-

øya. Desse stod ferdige i 1812. I 1907 fekk Harøya eigen gravplass på Korsbakken, og 1933 blei det gjeve løyve til å bygge kapell på same stad. Dette stod ferdig i 1934. Ona-Husøya fekk eigen grav-plass i 1922.

I 1859 blei Vaagøe annekssokn skilt ut som eige prestegjeld under namnet *Frænen*. I 1878 blei det gjeve løyve til å bygge kyrkje ved prestegarden på Myrbostad, og da kyrkja var ferdig i 1880, blei soknet delt i *Ytre og Indre Frænen sokn*. I 2012 blei sokna slegne saman att til *Vågøy og Myrbostad sokn*.

Otterøy sokn blei oppretta i 1877 og fekk si eiga kyrkje i Ugelvik året etter. Soknet omfatta vestre del av Otrøya, Magerøya og nordre del av Midøya. Manglande vegsamband gjorde at austre del av Otrøya, samt Tautra, blei verande under Aukra hovudsokn fram til 1922. I 1923 blei soknenamna Aukra og Otterøy endra til *Nord-Aukra* og *Sør-Aukra*, i samsvar med dei nye kommune-namna som blei innførte ved delinga av Aukra kommune i 1924.

Mordal krins blei overført frå Nord-Aukra



Dette er det eldste lokale landkartet over Møre og Trøndelag, første gong utgitt i 1658 av Johannes Janssonius. Det er skildra som eit av dei vakraste lokalkarta i Norge med sine overdådige kartusjar (dekorasjonar) som viser næringsvegane i landsdelen. I Romsdal kjenner vi att namn som Sandøy, Bud, Osen, Eresfjord, Hjelvik og Romsdalen.

til Bolsøy sokn i 1964 og vidare til Molde sokn i 1970. I 1965 blei Dryna og Søre Midøy overførte frå Vatne sokn i Skodje prestegjeld til Mid-sund sokn i Aukra prestegjeld. Frå same tid blei Myklebustområdet på Harøya og øyane vestanfor overførte frå Fjørtoft sokn i Haram prestegjeld til Sandøy sokn i Aukra prestegjeld.

Kommunereforma 1. januar 2020 førte til at Sandøy kommune blei delt slik at Orta gjekk til Aukra medan resten av kommunen gjekk inn i nye Ålesund kommune. Soknet blei samtidig overført til Nordre Sunnmøre prosti.

Folketalsutviklinga i prestegjeld og sokn 1769–2001

I *Romsdals saga* (Øverås, 1941) finn vi ei oversikt over prestegjeld og sokn med tilhøyrande folketal i 1815. Som tabellen viser kunne folketalet i sokna variere frå under 300 personar, som i Eid annekssokn, til over 1 000, som i Veøy hovudsokn. Prestegjelda var likevel nokså jamstore med 2–3 000 innbyggjarar i kvart, bortsett frå Bud med eit folketal på kring 900.

Tabellen bak i boka viser folketalet i prestegjeld og sokn frå 1769 (den eldste folketellinga i Norge) til 2001 (som er den siste tellinga før prestegjelda blei fasa ut).

Folketalet i tidlegare Romsdal fogderi blei om lag femdobla i perioden, frå 11 002 personar i 1769 til 56 174 i 2001.

På 1800-talet blei folketalet i Romsdal meir enn dobla, frå 13 287 i 1801 til 28 561 i 1900. På 1900-talet blei det dobla på nytt, frå 28 561 personar i 1900 til 56 174 i 2001.

Molde og Bolsøy prestegjeld har hatt den største veksten, særleg etter 1950. I 1950 budde det 12 483 personar i Molde og Bolsøy til saman; i 2001 hadde folketalet auka til 23 857. Det var altså nesten ei dobling på 50 år.

I same periode var det også markert vekst i Fræna og Vestnes prestegjeld medan folketalet i Aukra var nokolunde stabilt og Bud, Nesset og Grytten hadde ein svak nedgang.

Folketalet i Grytten, Bolsøy og Molde prestegjeld er påverka av to større endringar i perioden: Veøy gamle prestegjeld blei nedlagt i 1970 og sokna overførte til Grytten og Bolsøy prestegjeld. Same år blei bydelane vest for Molde sentrum overførte frå Bolsøy til Molde prestegjeld.


Sokn og prestegjeld	Folketal 1815
Rød hovudsokn	799
Vistdal anneks	424
Eresfjord anneks	803
Sum Nesset prestegjeld	2 026
Veøy hovudsokn	1 090
Rødven anneks	388
Tresfjord (Sylte) anneks	791
Vestnes anneks	847
Sum Veøy prestegjeld	3 116
Grytten hovudsokn	615
Voll anneks	589
Eid anneks	296
Hen anneks	493
Kors anneks	352
Sum Grytten prestegjeld	2 446
Molde kjøpstad (1801)	803
Bolsøy hovudsokn	922
Kleive anneks	750
Sum Bolsøy prestegjeld	2 475
Aukra hovudsokn	1 044
Sandøy anneks	411
Våggøy anneks	1208
Sum Aukra prestegjeld	2 663
Bud hovudsokn	387
Hustad anneks	509
Sum Bud prestegjeld	896
Sum Romsdal	13 622

Folketalet i prestegjeld og sokn i Romsdal i 1815. Kjelde: Øverås (1941). Folketalet i Molde kjøpstad er frå folketellinga i 1801. Kjelde: SSB.

Soknestrukturen var robust

Historisk sett har soknestrukturen i Romsdal vore svært robust. I nokre tilfelle har kyrkjestaden blitt flytta internt i soknet (til dømes i Kors, Grytten, Vistdal og Bolsøy), men frå middelalderen og fram til Molde fekk si eiga kyrkje i 1661, låg soknestrukturen i Romsdal fast, med 19 sokn. I land-distrikta skjedde det inga endring før Eikesdal fekk eige kapell og blei annekssokn i 1866. Seinare har fleire sokn blitt skilde ut på grunn av aukande folketal og endra busettingsmønster. Etter år 2000 har utviklinga delvis vore reversert ved at nokre sokn har slege seg saman – av same grunn.

Grenser for tinglag (åttingar, skippreider) på 1700-talet



Kart over tinglag i Møre og Romsdal på 1700-talet i høve til kommunane i 2019. Dei åtte tinglaga (åttingane) i Romsdal fogderi var Romsdal, Eresfjord, Voll, Rødven, Vestnes, Fanne, Sund og Våge.
Kjelde: Møre og Romsdal fylkeskommune.

Prosti

Heile Romsdal fogderi utgjorde opphavleg eitt prosti. I 1862 blei prostiet delt i Ytre og Indre Romsdal prosti (Dahl, 1892).

I 1973 blei det innført faste prostesete i Molde for Ytre Romsdal prosti og Åndalsnes for Indre Romsdal prosti.

Ved opprettinga av Møre bispedøme i 1983 endra Ytre Romsdal prosti namn til *Molde domprosti*. Fram til 2020 omfatta prostiet kommunane Molde, Fræna, Aukra, Midsund og Sandøy, og frå 2019 Eide. Etter kommunereguleringane i 2020 omfattar prostiet kommunane Molde (Molde, Midsund og Nettet), Hustadvika (Fræna og Eide) og Aukra. Sandøy kommune, med unntak av Orta, blei innlemma i nye Ålesund kommune, og soknet overført til Nordre Sunnmøre prosti.

Indre Romsdal prosti omfatta fram til 2020 kommunane Nettet, Rauma og Vestnes. Frå 2020 blei Nettet ein del av nye Molde kommune og overført til Domprostiet.

Tilhøvet mellom tinglag, kommunar, prestegjeld og sokn

Ved innføringa av eineveldet i 1660 blei landet delt i amt, futedøme og tinglag. Tinglaga var ei vidareføring av skipreidene, som opphavleg var ei administrativ inndeling av kysten, knytt til leidangen. Bøndene i ei skipreide hadde ansvar for å bygge, utruste og bemanne eit leidangsskip. Tinglaga var lokale rettskrinsar som omfatta eit bygdeding, ei ordning med røter attende til middelalderen. På tingsamlingane blei det kunngjort kongelegge forordningar og reskript og lokale tinglysingar, samtidig som tinget fungerte som ein førsteinstans i rettsapparatet (Langnes, 2015).

Raumsdølafylki skulle ifølgje landvernbolken i Magnus Lagabøtes landslov av 1276 stille ti skip ved leidangskrivning. Fylket må da ha vore delt inn i ti skipreider. Ein gong i middelalderen er dette talet redusert til åtte, og *Romsdalsyssele*, som han seinare blei kalla, blei dermed delt inn i åttingar (ottingar). Denne inndelingastod ved lag

til 1821 da Romsdal fogderi blei delt inn i 8 tinglag som framleis var gjeldande da formannskapslovene blei innførte i 1838 (sjå kart over tinglaga).

Ein kommune skulle etter formannskapslovene ha samanfallande grenser med eit prestegjeld eller sokn. Tinglaga følgde i stor grad same mønster, men i nokre tilfelle braut tinglagsgrensene med kommune- og soknegrensene. I Romsdal har vi døme på dette i Nesset, Rødven, Aukra, Vågøy og Hustad.

Nesset kommune og prestegjeld var i hovudsak samanfallande med Eresfjord tinglag. Gardane Sandnes, Skorgen og Strand på sørsida av Langfjorden låg likevel i Rødven tinglag. Gardane blei overførte frå Rød til Vistdal sokn i 1868, men utan at tinglagsgrensa blei endra. Gardane som høyrde til *Tingvoll Sørland*, på vestsida av Tingvollfjorden, låg i Gagnat tinglag. I 1877 og 1890 blei desse gardane overførte frå Tingvoll til Nesset kommune og innlemma i Rød sokn og Eresfjord tinglag.

I Aukra sokn låg Gossen opphavleg under Sund åtting, men ein gong mellom 1432 og 1520 blei Nord-Gossen lagt under Vågøy åtting. Motsett høyrde gardane Helset, Jendem og Åndal på fastlandet til Sund åtting, men Vågøy sokn. I 1818 blei tinglagsgrensene endra slik at dei skulle samsvare med sokna. Heile Gossen kom da igjen inn under Sund tinglag, medan gardane på fastlandet blei overførte til Vågøy tinglag (Sandøy, 1974).

Bud prestegjeld var også ein del av Vågøy tinglag, med unntak av gardane Skotten, Sandblåst, Goddal og Bolli i Hustad sokn, som låg i Meek tinglag på Nordmøre. Skotten og Sandblåst blei overførte til Vågøy tinglag i 1874, medan Goddal og Bolli blei overførte til Eide kommune og sokn i høvesvis 1878 og 1890. (Sandøy (1974) seier at Skotten og Sandblåst ut frå matrikkelen blei overførte til Vågøy mellom 1661 og 1723).

Ordninga med enkesete for presteenker

Frå gamalt av var det inga ordning for å ta seg av presteenkene etter at mannen døydde. Men i 1648 kom kong Fredrik III med ei forordning om enkesete, ettersom han (...)

naadigst erfare, en Deel forarmede Preste-Enker i vort Rige Norge efter deres Mænds Død ingen Middel at have til at leve af. Enkene skulle (...) nyde det bedste af Prestebolets Jorder, kvit og fri, uden Skat og al anden Besværing.


Men presten kunne disponere over garden når ingen presteenker budde der.

Da ordninga blei oppretta i 1648 blei 289 enkestegardar i heile landet skilde ut frå mensalgodset. Men i 1838 viste det seg at berre 127 av desse gardane kom geistlege enker til gode, og berre 17 av enkene budde sjølv på garden. Resten var forpakta bort. I 1845 blei det bestemt at enkeseta skulle seljast og pengane gå inn i *Pensionsfondet for Geistliges Enker* (Gjendem O., 2004).

Eit døme frå vårt område er Aukra prestegjeld sitt enkesete på Vågøya, gnr. 33/2. Da Fræna prestegjeld blei oppretta i 1859, var det meininga at Vågøy skulle bli prestegard. Men den første soknepresten, Josef Jervell, ville bu meir sentralt, og fekk gjort eit makeskifte med eigaren av garden Myrbostadhaugen, som såg seg tent med å flytte til Vågøya fordi det var betre hus der. Slik kom prestegarden i Fræna til Myrbostad. Aukra hadde deretter eit enkesete på Jenset på Otrøya, gnr. 35/2 (no 435/2).

Dei andre prestegjelda hadde også sine enkesete: Vøy hadde Ottestad gnr. 65/3? (no 181/3?) og deretter Haukeberg gnr.16/2 (no 140/2), Grytten hadde Hegerholm gnr. 32/1, Nesset hadde Vorpenes gnr. 58/1 (no 258/1) og deretter Hammervoll gnr. 27/1 (no 227/1), Bolsøy hadde Oppdøl gnr. 60/1 og Øvre Brokstad gnr. 9/1 og Bud hadde Sandblåst nokre år.

Kyrkjene i Romsdal



Molde kommune

Nye Molde kommune blei oppretta 1. januar 2020 ved samanslåing av dei tre tidlegare kommunane Mid-sund, Nesset og Molde. I kyrkjeleg samanheng er likevel så mykje historie og administrativ struktur knytt til dei gamle kommuneiningane at vi har vald å presentere kyrkjene etter tidlegare kommuneinndeling.



Tidlegare Molde kommune

Tidlegare Molde kommune, med unntak av Mordal krins, låg i middelalderen under Veøy prestegjeld, som var eit av dei største prestegjelda i landet. Hovudkyrkja låg på Veøya, men det hadde vore annekskyrkjer både på Bolsøya og Kleive sidan middelalderen. Trondhjems reformats av 1589 fastsette at det skulle vere éin prest for kyrkjene Bolsøy, Veøy og Rødven, og éin for Kleive, Vestnes og Sylte (Tresfjord).

Gamle Bolsøy kommune, Molde by og Nesjestranda utgjorde Fanne tinglag. Sekken høyrde til Voll tinglag, Mordal krins høyrde til Sund tinglag og Horsgård i Langfjorden høyrde til Eresfjord tinglag.

Borgarane i Molde ladestad sokna opphavelig til kyrkja på Bolsøya, men fekk si eiga kyrkje i 1661. I 1716 kom det i tillegg kapell ved Reknes Hospital. Ved reskript av 18. november 1740 blei det skilt ut to nye «aparte pastorat» frå Veøy, nemleg Bolsøy og Nesset. *Bolsøy prestegjeld* omfatta sokna Kleive og Bolsøy, med Molde ladestad og Reknes Hospitals kapell. Presten budde den tida i Molde. Molde blei kjøpstad 29.6.1742. Bygrensene mot aust og vest blei fastsett i 1748; bygrensa mot nord først i 1823. Grensa gjekk da like nord for kyrkja.

Ved kgl.res. 12.1.1858, blei Molde kjøpstad med Reknes hospitalkapell skilt ut frå Bolsøy som eige prestegjeld. Etter at byen fekk eigen prest, blei det i 1860 innkjøpt eit bruk under Røbekk til embetsgard for bolsøypresten (Olafsen-Holm, 1939; Heggem, Berild og Berg, 1963; Vestad og Mørk, 1998).

I 1858 kunne Kleive innvie si nye kyrkje. *Kleive sokn* omfatta gardane frå og med Gujord rundt Fannefjorden og Osen til og med Talset.

Etter kvart som vegane på fastlandet blei betre og folketalet auka, særleg på Fannestranda, blei kyrkja på Bolsøya stadig mindre føremålstenleg. Etter ein lang prosess blei det ved kgl.res. 2.5.1896

bestemt at Bolsøy hovudsokn skulle delast i to og at det skulle byggast nye kyrkjer på Røbekk og i Røvika, medan den gamle Bolsøykyrkja skulle rivast. *Bolsøy sokn* skulle da omfatte gardane på nordsida av Fannefjorden frå og med Kringstad til og med Hjelset, samt gardane på Bolsøya, medan det nye *Røvik sokn* skulle omfatte gardane på sørsida av Fannefjorden frå og med Hovdenakk til og med Tollås. Røbekk kyrkje stod ferdig i 1898 og Røvik kyrkje i 1905. To år seinare blei kyrkja på Bolsøya riven.

Gjennom tidene har det vore fleire grense-reguleringar, både internt mellom sokna og mot nabokommunane. Garden Sotnakken blei ved kgl.res. 24.7.1876 overført frå Nesset til Kleive sokn frå 1.1.1877. Ved lov av 26.3.1915 blei grensa for Molde by (og prestegjeld) utvida nordover til og med Rekneshaugen. Byen blei ytterlegare utvida nordover i 1952.

Ved kgl.res. 26.4.1963 blei det vedteke å slå saman kommunane Molde og Bolsøy til ein bykommune frå 1.1.1964. Den nye kommunen skulle også omfatte Mordal krins frå Nord-Aukra og Veøy sokn frå gamle Veøy kommune. Veøy prestegjeld fekk bestå til 1.2.1970, da Veøy sokn med Sekken kapelldistrikt blei overført til Bolsøy prestegjeld. Veøy var hovudsokn i tidlegare Veøy prestegjeld og kommune, som omfatta områda sør og nord for Langfjorden, samt Vågstranda, Rødven og Sekken. Ved kgl.res. 14.5.1901 blei det bestemt å dele Veøy sokn og bygge nye kyrkjer på Holm og Sølsnes, medan den gamle steinkyrkja på Veøya skulle leggest ned som soknekyrkje og bevarast som fornminne. Soknedeling blei gjort gjeldande frå 1.1.1906, og kyrkja på Sølsnes blei vigsla i 1907. Kapellet på Sekken blei vigsla i 1908 og Sekken blei da kapelldistrikt under Veøy sokn. Ved den nye kyrkjelova i 1997 fekk Sekken status som eige sokn under Bolsøy prestegjeld. Frå 1.1.2009 blei Røvik sokn og Veøy sokn slegne



Molde domkyrkje løfter seg høgt over gjenreisingsbyen Molde. Frå tårnet er det eit imponerande utsyn over byen og fjorden.

saman til *Røvik og Veøy sokn*. Etter prostereforma i 2004 blei Bolsøy prestegjeld avvikla i 2008, men sokneprestane i Bolsøy, Kleive, Røvik og Veøy og Sekken har vidareført eit tenestesamarbeid knytt til felles kyrkjekontor.

1.4.1970 blei den delen av Bolsøy sokn som låg vest for den tidlegare bygrensa overført til Molde sokn og prestegjeld. 1.1.1981 blei grensa mellom Molde og Bolsøy sokn aust for byen regulert slik at ho i hovudsak følgjer Fuglsetbekken.

Ved opprettinga av Møre bispedøme i 1983 blei Molde domkyrkjesokn.

Frå 1.1.2020 blei grensene mellom sokna Bolsøy, Kleive og Røvik og Veøy justerte slik at dei

skulle samsvare med skole- og valkrinsane, mellom anna for at konfirmantane skulle få undervisning i sitt eige sokn. Bolsøya blei med det overført frå Bolsøy til Røvik og Veøy sokn og området frå Sigerset til Hjelset overført frå Bolsøy til Kleive sokn. Vidare blei Kortgard-området frå Talset til Ullaland overført frå Kleive til Røvik og Veøy sokn.

Molde domkyrkje

Den første kyrkja: Korskyrkja i tømmer (1661–1885)

I 1614 blei tettstaden Molde ladestad under Trondheim. Skogen i Romsdal gav grunnlag for omfattande tømmerdrift, sagbruksverksemd og handel med trelast, særleg til Holland, Skottland og England. Dette førte til sterk vekst i første halvdel av 1600-talet. Kring 1650 hadde Molde vakse til eit lite bysamfunn med om lag 600 innbyggjarar. I kyrkjeleg samanheng sokna byen til kyrkja på Bolsøya, så det var tungvint å få utført kyrkjelege handlingar, særleg om vinteren. I 1656 bestemte nokre av byens mest framstående borgarar seg for å søke biskopen om løyve til å bygge kyrkje på eigen kostnad. Dei forplikta seg også til å betale for prestenesta. Søknaden blei godkjent, og bygginga kom i gang slik at kyrkja kunne innviast av nidarosbiskop Erik Bredal, truleg i 1661. Alt var nok ikkje heilt på plass, for mange gåver av typen «kar og prydelser» blei gjeve av privatpersonar fleire år etter innviinga. Finansieringa blei dessutan eit problem fordi kyrkja blei dyrare enn berekna og krigen med Sverige i 1658–60 førte med seg store ekstra skattar (Solemdal, 1958; Berg S., 1992; Gjendem O., 2007).

Bygninga var ei korskyrkje av tømmer med 475 sitteplassar. Eksteriøret er skildra som lite tiltalende, med tjørebredd panel og spontekt tak som gav kyrkja eit trykkande, mørkt preg. Spontekkinga blei seinare erstatta med glaserte takpanner. Interiøret var derimot rikt utstyrt, med utskorne trefigurar av dei tolv apostlane og ei mengd med englefigurar. Langs veggane stod eller hang i alt 19 pulpiturstolar oppsette av dei meir velhavande i byen. I 1691 blei kyrkja måla innvendig av «meistermålar» Erik Storm frå Bergen, som dekorerte

ho med mange bibelsitat – og grelle fargar. Kyrkja var elles utstyrt med eit stort dommedagsmåleri, to epitaf (minnetavler), tre kyrkjeskip og – frå 1784 – eit lite orgelpositiv. Kyrkja hadde også ei urskive i tårnet, vendt mot byen.

Heilt frå kyrkja var ny blei det sett inn kister med døde i gravkjellaren. Dette var det berre folk frå høgare samfunnslag som hadde råd til. Dei mest velstående kunne jamvel få murt inn kistene i egne gravkammer. I alt var det ti rom med kister, som blei stabla oppå kvarandre etter kvart som plassen fyltest opp. Den første kista blei sett inn i 1661 og den siste – med amtmann Hammer – i 1800. I 1823 blei 60 kister tekne ut og gravlagde på kyrkjegarden, men enno stod mange att. Mot slutten av 1830-åra blei det kjent at det var uorden i kjellaren. Gravaren blei anklaga for å ha røva både kister og utstyr og for å ha brukt treverket til brensel, men blei til sist frikjent av byretten.

Ei syns- og takstforretning i 1839 viste at kyrkja etter 180 år var i så dårleg stand at ho ikkje lenger var brukande. Det enda med at ho i 1840–41 blei teken heilt ned og sett opp att i same stil, men med utvendig kvitmåla panel som gav kyrkja eit meir tiltalende ytre. Den indre restaureringa var mindre minneverdig, ettersom mykje av treskurden og utstyret blei kasta ut og seld på auksjon.

Den andre kyrkja: Langkyrkja i tre (1887–1940)

Restaureringa i 1840–41 må ha vore mindre velukka, for etter berre 20 år tok klagene til å kome. I 1875 blei det sett ned ein komité som skulle greie ut kva som burde gjerast. Fleirtalet meinte kyrkja kunne settast i stand, medan mindretalet – byggmeister Friederich Spolert – gjekk sterkt inn for å bygge ny kyrkje. Spolert fekk følgje av ein stadig sterkare opinion, og to år seinare blei det oppnemnt ein ny komité. I 1878 gjorde komitéen avtale med arkitekt Henrik Nissen i Christiania om å levere teikningar til ei ny kyrkje. Men noka fart i sakene blei det ikkje før Molde Sparebank i januar 1885 løyvde 50 000 kroner til bygging av ny kyrkje. I representantskapsmøte 22. januar blei det vedteke å bygge ei langskipskyrkje av tre med 650 sitteplassar på golvet og 30 på galleriet. Arkitekt Nissen sine skisser til ny kyrkje blei lagt ut til offentleg ettersyn i rettslokalet i det gamle rådhuset i slutten av april. Byggekomitéen kom i arbeid utover våren og planla å starte riving av gamlekyrkja i slutten av mai (Vike, 2020).

Molde domkyrkje

Type: Langkyrkje (halvbasilika) i betong med frittstående tårn

Arkitekt: Finn Bryn

Byggmeister: Christie & Opsahl A/S og Ing. T. R. Bjerke, Molde


Vigsla: 1957

Tal sitteplassar: 700. Opphavleg 1000.

Liturgisk målform: Bokmål

Kyrkja sett frå vest.





Moldes eldste kyrkje etter ombygginga i 1840, sett frå aust.

15. mai 1885 gjorde formannskapet vedtak om at den gamle kyrkja skulle rivast slik at grunnarbeidet kunne ta til. Men lagnaden kom dei i forkjøpet. 17. mai 1885 var ein strålende festdag. Eit omreisande sirkus hadde sett opp telt på rådhusplassen like ved kyrkja, og om kvelden var det tillyst stor gallaframsyning. På 17. mai-haugen (Gjendemhammaren) blei det saluttert med kanon, og ei forladning av stry blei ført med vinden ned på kyrkjetaket, som straks tok fyr. Folk sprang ikring og ropte «*kjerka brinn!*». Sirkusframsyninga blei avbroten og folk strøymde skrekkslagne ut frå det fullsette teltet. Da brannkorpset etter kvart kom i aksjon stod heile kyrkja i brann, og ein måtte konsentrere seg om å hindre spreiding til andre bygningar. Berre kyrkjesølv, kyrkjeskippet og alterkorset – som allereie var blitt merka av brannen – blei berga ut. I ettertid viste det seg at brannen blei til føremøn for byen. Først sparte ein kostnaden med å rive gamlekyrkja, og sidan viste deg seg at forsikringssummen, saman med løyvinga frå Sparebanken og eit bidrag frå *Brændevinsamlaget*, dekte alle utgiftene til ny kyrkje. Eit så stort byggeprosjekt gav dessutan kjærkome arbeid til mange arbeidarar i byen og distriktet. Hausten 1885 hadde arkitekt Nissen teikna ferdige forslag til ny kyrkje både i tre og stein. Trekyrkja var billegast og blei vald. Den nye kyrkja hadde

større grunnflate enn den gamle, slik at fleire graver på kyrkjegarden blei råka. Ordføraren måtte dermed gjere avtale med familiane om sletting eller flytting av gravene. I oktober var alt klart slik at gravinga for grunnmuren kunne ta til. Mykje grus og jord måtte bort, og noko blei nytta til å utbetre hovudgata. Dette skapte sterke reaksjonar, både av etiske og hygieniske grunnar, og saka enda med at ein måtte kjøpe 14 kilo karbolsyre (fenol) frå Molde Apotek «til Desinfektion af Gaden».

Byggearbeidet blei lyst ut på anbod, og snikkarmeister Carl August Agthe frå Kristiania fekk tilslaget, i sterk konkurranse med fleire andre byggmeistrar. Kontrakten blei undertekna 22. januar 1886, og kyrkja skulle vere ferdig til overlevering 31. oktober same år. Reisverket blei først hogd saman og sett opp i Kristiania. I mai var dette ferdig, og reisverk og andre materialar blei lasta om bord i moldeskipet «Frey» og sendt nordover. Med båten følgde også sonen til snikkarmeisteren og 5–6 tømmermenn som skulle føre opp kyrkja saman med lokale arbeidarar. Grunnmuren var da ferdig, oppsett av Hans Lilleskot.

I byggeperioden blei det også skaffa mykje anna utstyr til nykyrkja: Taktekking frå Valdres Skifer, katedralglas frå Christiania Glasmagasin, tårnur med tre store talskiver frå Iversen & Co i Bergen, tre kyrkjeklokker frå Tyskland, leverte



Trekyrkja frå 1887 som tronar over trebyen Molde, sett frå Hestetorget. Foto: Axel Lindahl/Nasjonallbiblioteket.

gjennom Heyerdahl & Co i Kristiania og kyrkjebenkar, preikestol og alter frå snikkarane Sylte, Solemdal og Rasmussen i Molde. Dessutan blei det kjøpt tre lysekroner som hadde tilhøyrt ei tysk kyrkje, men som var pussa opp av gullsmed David Andersen i Kristiania. Altertavla blei laga av kunstmålar Aksel Ender med treramme av snikkar Engstrøm, begge Kristiania. Samla sluttsum for heile kyrkja blei kr 98 814,76, som var nøyaktig kva byggekomitéen hadde til disposisjon.

I strålende vêr blei kyrkja innvigd 23. mars 1887 av nidarosbiskop Nils J. Laache. Alle butikkar var stengde og folk flest hadde teke seg fri. I festmiddagen etterpå blei det halde ikkje mindre enn 23 talar. Biskopen uttalte at kyrkja var den vakraste nyare kyrkje som han nokon gong hadde sett.

Kyrkja i Molde var eit høgdepunkt i Nissen sin tidlege karriere som kyrkjearkitekt. Ho var utforma som ei langkyrkje i basilikaform, med løfta midtskip og lågare sideskip – og korte tverrskip. Stilen var i hovudsak romansk med motiv frå eldre norsk trearkitektur, særleg i portalen og tårngavlane. Tårnet over hovudinngangen raga heile 48,5 meter over bakken. Innvendig skapte glasa eit stemningsfullt, gyllent lys. Taket hadde open takstol slik at ein såg heilt opp i mønet, og i det umåla veggpanelet kom treskurden klart fram under eit tynt strok med ferniss.

Kyrkja blei snart byens store stoltheit der ho ruva høgreist og elegant over husa i den gamle trebyen Molde. Historia fortel at tyske keisar Wilhelm, som vitja Molde kvar sommar frå 1889 til 1913 – unnateke 1905, gjerne avslutta besøket i kyrkja, der han stod ei stund i stille meditasjon framfor altertavla (Sættem, 2020).

Men kyrkja fekk kort levetid. Etter 53 år blei ho offer for tyskarane si bombing av Molde i april-dagane 1940. 29. april sette dei inn den siste og avgjerande offensiven som la heile sentrum av byen i ruinar. Frå kyrkja klarte ein å redde ut altertavla, kyrkjesølv og det gamle korset – som blei brannmerka for andre gong. Kong Haakon sa seinare at det siste han hugsa av avreisa frå Molde om kvelden 29. april, var byen i flammor, der det brennande kyrkjetårnet raga opp som ein fakkell.

Den tredje kyrkja: Langkyrkja i mur – som blei domkyrkje (1957–)

Etter brannen blei Molde bedehus interimskyrkje, slik det også hadde vore i 1885–87. Men denne gongen skulle det gå heile 17 år før byen kunne ta i bruk si nye kyrkje.

Allereie sommaren 1940 oppnemnte bystyret ein plankomité. Byen var misnøgd med krigsskadderstatninga for kyrkja som brann, og komitéen si første oppgåve blei å krevje overskjønn for å få



Molde domkyrkje med sin velkjente fasade, sett frå nord-vest. Kyrkja stod ferdig i 1957. Ho blei domkyrkje i det nyoppretta Møre bispedøme i 1983. Foto: Øivind Leren.

ein høgare sum, noko ein lukkast med i mars 1941. Same vår blei det, etter initiativ frå organist Thorolf Høyer-Finn, bestilt nytt orgel frå Vestres Orgel & Pianofabrikk, Haramsøya. Og 29. juni 1942 – på Molde by sin 200-årsdag – blei det stilt assuransmidlar til disposisjon for ein arkitektkonkurranse. Men etter konferanse med sentrale arkitekter valde komitéen å utsette saka til etter krigen.

I 1945 blei det lyst ut ein lukka konkurranse med fire innbedne arkitekter, som skulle levere sine utkast innan 1. februar 1947. I konkurranseprogrammet var det mellom anna stilt krav om at kyrkja skulle vere i mur og ha 900–950 sitteplassar. Da fristen var ute valde juryen bidraget *Kontemplasjon* av Finn Bryn som det beste. Arkitekten blei oppmoda om å arbeide vidare med utkastet, det var merknader både til plasseringa på tomta og det frittstående tårnet. Hausten etter kunne arkitekten legge fram dei endelege teikningane, som blei vedtekne av bystyret 15. desember 1948. Men finansiering og endeleg godkjenning av planane i Kyrkjedepartementet tok si tid, trass i stadige purringar. Både *Forsynings-* og *gjenreisningsdepartementet* og *Boligdirektoratet* skulle ha eit ord med i laget, og der hadde nye kyrkjebygg låg prioritet. Men ved kgl.res. 8.5.1952 fekk ein omsider det etterlengta byggeløyvet.

Arbeidet kom no raskt i gang. Dei gamle gravene på tomta blei sletta og restane nedsette i fellesgrav på Nedre Kirkegård. Tomta blei deretter graven ut og grunnarbeidet for sjølv råbygget starta. 18. juni 1953 kunne nidarosbiskop Arne Fjellbu utføre den høgtidelege grunnsteinsnedlegginga.

Den vidare byggeprosessen blei både lang og omstendelig, og byggekomitéen med Peter Solemdal i spissen måtte tôle mykje kritikk. Det handla både om å endre plasseringa for å få betre innsyn til kyrkja frå Torget, at ho var for stor for ein liten by, at orgelet var for pompøst, at ein ville behalde den gamle altertavla og – ikkje minst – at framdrifta var for treg og kostnadane for høge. Men endeleg stod kyrkja ferdig, og søndag 8. desember 1957 kom den store vigslingsdagen. 12–1300 menneske trengde seg saman i benkane for å oppleve den høgtidelege handlinga, leia av biskop Fjellbu. Ei spesiell hending, som blei eit livsminne for mange, var «snøengelen» som la seg på kyrkjetårnet denne kvelden, og som blei foreviga av fotograf Erling Birkeland.

Slik den tidlegare trekyrkja hadde gitt særpreg til trebyen Molde, gav murkyrkja karakter til gjenreisingsmurbyen som vaks opp etter krigen. Kyrkja blei til inspirasjon for det lokale song- og



Om kvelden på den store vigslingsdagen, 8. desember 1957, la det seg ein «snøengel» på kyrkjetårnet. Denne «helsinga frå det høge» blei eit livsminne for dei mange som såg det. Fotograf Erling Birkeland var snar med å hente kamera og forevige hendinga. Foto: Birkeland.

musikklivet, og tilreisande organistar kom for å halde konsertar på det store orgelet. Gjennom eit nært og godt samarbeid mellom den kyrkjelege verksemda og det allmenne kulturlivet har «kyrkja midt i byen» gjennom åra utvikla seg til å bli ein møteplass for stadig breiare grupper av befolkninga.

I 1983 blei kyrkja domkyrkje i det nyoppretta Møre bispedøme. I 2006 blei ho vedtaksfreda av Riksantikvaren som eit hovudverk innan norsk

kyrkjearkitektur etter andre verdskrig, og eit kulturminne av nasjonal verdi. Fredinga omfattar kyrkja sitt eksteriør, inngangsparti, våpenhus, kyrkjerom og kapell.

Form og stil


Molde domkyrkje er utforma som ein toskipa basilika med frittståande klokketårn, oppført i kvitmåla betong. Innvendig er veggane isolerte og forblenda med teglstein som er slemma og måla.



Molde domkyrkje reiser seg majestetisk med dei to tårna: Det frittstående klokketårnet og tårnhjelmen over koret. Her eit motiv frå den vesle parken aust for kyrkja.



Over hovudinngangen blir folk møtt med ein fargesterk italiensk glasmosaikk i Ravenna-teknikk, utført av Ørnulf Bast. Mosaikken blei restaurert i 1994.



Kyrkja er rik på symbolikk. Her ser vi ein detalj frå golvet i våpenhuset: Tre fiskar som danner eit treeiningssymbol. Fisken var eit viktig symbol for dei første kristne. Det greske ordet for fisk, ΙΧΘΥΣ, er eit akronym for «Jesus Kristus, Guds son, frelsar» og var såleis ei kort truvedkjening.

Stilen er ein kombinasjon av gotiske og modernistiske element. Det assymetriske hovudskipet har store, vertikale vindaugsnisjer mot sør, og grøne marmorpilarar som markerer overgangen til sideskipet i nord. Over hovudskipet er det eit spissboga tønnekveld dekorert med stjernemønster. Koret har form av ein sirkelrund apsis kledd med italiensk glasmosaikk.

Det frittstående klokketårnet er om lag 50 meter høgt og var opphavleg tenkt utført i naturstein. Konstruksjonen blei endra til ein open, kvadratisk søylekonstruksjon som endar i ein korparkledd pyramide.

I underetasjen til kyrkja blei det i 1980-åra innreidd møtesal og i 2007–09 ulike aktivitetslokale for barne- og ungdomsarbeidet (Dahle, 2008). I 2014–15 blei kapell- og kontorfløya ombygd til kafé- og ungdomslokale. I 20x16 fekk kyrkja ny rømningsveg for å kunne auke kapasiteten til 700 personar.

Kunst og inventar

Altertavle: Den korsforma altertavla viser i midten «Den tronende Kristus» med «Guds øye» over og dei fire evangelistane på korsarmene. Tavla er utforma av skulptør Stinius Fredriksen og utskoren av treskjerar John Schevik, 1957.

Den gamle altertavla: Axel Enders altertavle «Kvinnene ved graven» frå 1887 blei redda ut av den brennande kyrkja i 1940 og prydar no alteret i sideskipet. Ender måla same motiv i Kampen kyrkje i 1884 og i Strømsgodset kyrkje og Sundby kyrkje, København i 1894. Motivet er seinare kopiert ei rekke gonger av andre kunstnarar.

Alterutstyr: Sølvkalkar frå 1661 og 1886.

Preikestolen med baldakin i tre er teikna av Finn Bryn og skoren av John Schevik, 1957. Mønsteret i fronten går att i galleribrystninga.

Døypefonten med stativ av bronse og sølvfat på toppen er teikna av Finn Bryn, 1957. Kyrkja har også to eldre døypefontar i tre, frå 1660 og 1887.

Alterdukar: *Til hovudalteret:* 1. Duk i grov lin utført av Oddlaug Dragland, Anna Husby, Liv Støverstein m.fl., 1979. 2. Linduk med kniplingar i venetiansk stil av Ingebjørg Alvestad, Anna Husby m.fl., 1992. Kopi av eldre duk. *Til sidealteret foran:* 1. Duk i grov lin av Liv Støverstein og Halldis Krohn, 1974. 2. Linduk med hullfall av Jorunn Stølen Markeng, 2013. *Til bønnealteret bak:* Alterduk av tidl. kyrkjetenar Arthur Mork, ca. 1980. *Til alteret i kapellet:* Linduk i hardan-



Her frå galleriet ser vi tydeleg kyrkja si hovudform: Ei langkyrkja forma som ein toskipa basilika med sirkelrundt kor. I taket ser vi den heildekkande utsmykkinga Julenatt av Carsten Lien. Kyrkja romma opphavleg 1000 personar.



Koret og alterpartiet. I golvet er det felt inn kristne symbol som til dømes anker og hjarte. Dei to raude korstolane med krone er konge- og dronningstolane, den tredje raude stolen er bispestolen.



Axel Ender sitt alterbilde «Kvinnene ved graven» blei redda ut av den brennande kyrkja i 1940 og prydar no alteret i sideskipet. Motivet er seinare kopiert ei rekke gonger.

Ein seiglviva tradisjon fortel at statsråd Hans R. Astrup hadde gitt tavla som gåve til kyrkja, men at han berre betalte Ender eit honorar på 2 000 kroner slik at Ender blei fornærma og karikerte Astrups portrett i fjellstrukturen over kvinna i midten. Byggerekneskapa fortel derimot at byggekomiteen utbetalte Ender 2 700 kroner, som var den prisen han sjølv forlangte. Den eventuelle likskapa mellom strukturen i fjellet og Astrups kontrafei er nok tilfeldig (Berg, 1991).

gersaum av Aslaug Volden, Anna Husby, Ragnhild Sesseng og Marit Mordal, 1995/96. Mønsteret er frå ein duk i Harøy kyrkje (Nordhaug, 2008; Nordhaug, 2021).

Antependier: Raudt antependium til alteret frå KFUKs mødreklubb, 1957. Raude antependium til alter og preikestol av Ingeborg Oxaal, 1961, og til lesepult av Bjørg Hustad 1996. Grøne antependium til alter, preikestol og lesepult av Bjørg Hustad, 1995. Kvite antependium til alter, preikestol og lesepult av Bjørg Hustad, 2005.

Det branmerka korset på veggen til høgre for koropninga stod på alteret i kyrkja frå 1661. Korset blei berga ut da kyrkja brann i 1885 og på nytt da den neste kyrkja brann i 1940. Begge gongene fekk korset merker etter brannen.

Glasmåleri: I sideskipet sine vindauge er det ti glasmåleri laga av kunstnaren Oddmund Kristiansen, 1957. Motiva er non-figurative, men med



Preikestolen med baldakin er teikna av Finn Bryn og skoren av John Schevik. Mønsteret i fronten går att i galleribrystninga.



Korset på veggen bak døypefonten stod på alteret i den første kyrkja frå 1661. Korset blei berga ut da kyrkja brann i 1885 og på nytt da den neste kyrkja brann i 1940.



Altartavla viser i midten «Den tronende Kristus» med «Guds øye» over. Korsarmene viser namnet på dei fire evangelistane med tilhøyrande symbol. Tavla er utforma av skulptør Stinius Fredriksen og utskoren av treskjerar John Schevik.



Dei djupe vindaugsnisjene mot sør styrkar katedralkjensla.



Dåpsfatet og dåpskanna.



I vindauga i sideskipet finn vi ti glasmåleri av kunstnaren Oddmund Kristiansen. Dei gjenteknr greske Y-ane som strekker seg nedover og oppover er eit symbol på Guds møte med menneska sin lengsel.



Stjernehimmlen i kyrkjetaket fyller om lag tusen kvadratmeter. Han er formgjeven av målarer Carsten Lien og utført av dekorasjonsmålarane Sverre Lura og Roy Augustin.



Galleribrystninga skoren av John Schevik, det store Rieger-orgelet frå 1999 og rosevindauguet «Betlehemsstjernen» utforma av Finn Bryn utgjør eit vakkert og karakteristisk fondmotiv i kyrkja.

gjentekne greske Y-ar som strekkjer seg nedover og oppover, eit symbol på Guds møte med menneska sin lengsel.

Rosevindauguet: Det store, runde glasmåleriet på vestveggen – *Betlehemsstjerna* – er utforma av Finn Bryn og utført av firmaet G. A. Larsen, Oslo, i samarbeid med Oddmund Kristiansen, 1957.

Takdekorasjonen med tittelen *Julenatt* er formgjeven av målaren Carsten Lien og minner om stjernene på Betlehemsmarkene. Dekorasjonen må sjåast i samanheng med *Betlehemsstjerna* på vestveggen. Arbeidet er utført av dekorasjonsmålarene Sverre Lura og Roy Augustin, 1957.

Orgel: Det første orgelet, med elektropneumatisk traktur, hadde 52 stemmer/60 register, 3 manualar og pedal. Orgelet var laga ved Vestres Orgel & Pianofabrikk, Haramsøya, og blei vigsla saman med kyrkja i 1957. Fronten med blindpiper var teikna av arkitekt Finn Bryn. Utover på -80-talet viste orglet tiltakande slitasje, og i februar 1994, streika det totalt rett før ei gravferd. No skulle «alle» ha nytt orgel, og i juni 1995 blei det skrive kontrakt med orgelleverandøren. 2. juledag 1999 kunne kyrkja ta i bruk dagens internasjonalt anerkjente orgel frå Rieger Orgelbau, Austerrike; eit mekanisk pipeorgel med 50 stemmer og 3411 piper, 3 manualar og pedal.

Krusifiks: I kyrkjekapellet heng eit krusifiks ut-



Det store glasmåleriet på fondveggen – Betlehemsstjerna – er utforma av Finn Bryn og utført av firmaet G. A. Larsen i samarbeid med Oddmund Kristiansen.

forma av Stinius Fredriksen, skore i eiketre av John Schevik, 1957. Krusifikset stod opphavleg på alteret, inntil kapellet blei ominnreidd til ungdomslokale i 2014-15.

Mosaikk over inngangen: Det trekanta feltet over hovudinngangen er fyllt med ein fargesterk italiensk glasmosaikk i Ravenna-teknikk, utført av Ørnulf Bast. Mosaikken blei restaurert i 1994.

Kyrkjeklokker: 3 klokker frå O. Olsen & Sønns Klokkestøperi, Nauen, levert i mai 1947. På den eine sida av klokkene står kyrkjenamnet og eit bibelvers, på den andre sida eit salmevers. Den



Kapellet før det det blei ominnreidd til ungdomslokale i 2014–15. Krusifikset er utforma av Stinius Fredriksen og skore av John Schevik. Til venstre står døypefonten frå den gamle kyrkja, 1887. Foto: MIM.

minste klokka har inskripsjon «MOLDE KIRKE (korssymbol) ANNO 1948 TRO», bibelverset Rom. 1, 16-17 og salmeverset «Kirken den er et gammelt hus...». Den mellomste klokka har inskripsjon «MOLDE KIRKE (ankersymbol) ANNO 1948 HAAP», bibelverset 1. Peter 1,3 og salmeverset «Kling no klokka! ...». Den største klokka har inskripsjon «MOLDE KIRKE (hjartesymbol) ANNO 1948 KJÆRLIGHET», bibelverset Joh. 3, 16 og salmeverset «Lov takk og pris fra jorderik...». Klokkene har dessutan støyperiet sitt firmanamn kring øvre kant. Dei to minste klokkene blei i 1983 erstatta av tilsvarende reinstemde klokker som inngår i klokkespelet.

Klokkespelet med 26 klokker frå Olsen-Nauen Klokkestøperi, Tønsberg, blei gjeve av byens to bankar i samband med opprettinga av Møre bispedøme i 1983. Rehabiliteret i 2004.

Minnesmerke: 1. Nord for kyrkja blei det 7. juni 1960 avduka eit monument over krigens ofre i Molde 1940–1945. Motivet viser kampen mellom dei vonde og gode maktene og er utført av billedhoggar Hjalmar Hansen. 2. I inngangspartiet til kyrkja blei det i 1999 avduka ei minneplate over dei meir enn 1000 falne frå marinen og flyvåpenet under 2. verdskrig, gitt av Marinens Krigsveteranforening.



Kyrkjeskipet skal vere frå 1661 og har hengt i begge dei to første kyrkjene. I akterenden står namnet «Christianus», truleg etter kong Christian 5. (1649–99). Skipet har tre master og 20 kanonar. Kanonane er eit symbol på at kyrkja er i kamp mot det vonde med andens våpen og at dei om som er om bord har det beste vern.



Tårnet hadde opphavleg tre klokker. I samband med opprettinga av Møre bispedøme i 1983 gjekk byens to bankar saman om å skaffe den nye domkyrkja eit klokkespel. Klokkespelet med 26 klokker er levert av Olsen-Nauen klokkestøperi i Tønsberg.

Moldensarane ville ikkje koste urskive på bolsøyværingane

Da den nye Moldekyrkja blei bygd i 1887, blei det montert urskiver berre på dei tre tårnsidene som vende mot byen. Grensa mot Bolsøy kommune gjekk like nord for kyrkja, og moldensarane ville ikkje kaste bort pengar på bolsøyværingane. Det var først i 1920-åra, etter at bygrensa i 1915 blei flytta lenger oppover i Moldelia, at den fjerde urskiva kom på plass.



Gravkapellet på Nedre Kirkegård blei bygd i 1892 og er teikna av Henrik Nissen. Siste gravferd frå kapellet var i 1961. Kyrkjegarden har mange verneverdige gravmonument. Eit av dei mest spesielle er gravminnet i støypejern over amtmann Hilmar Meincke Krohg (1776–1851) rett utanfor kapellet. Form og teknikk har mykje til felles med etasjeomnane som jernverka produserte på den tida. Gravminnet stod opphavleg på den gamle kyrkjegarden ved kyrkja.

Kapellet på Nedre Kirkegård

Da gravplassen ved Molde kyrkje tok til å fyllest, blei det i 1884 kjøpt grunn av Reknes gard til ein ny gravplass lenger vest. Nedre Kirkegård blei teken i bruk i 1885 og Øvre Kirkegård i 1921. Gravkapellet på Nedre er teikna av Henrik Nissen, som også var arkitekt for kyrkja frå 1887. Det er bygd av bindingsverk i drakestil og blei vigsla 16. desember 1891. Kapellet er eit døme på korleis nasjonalromantisk og nygotisk stil kunne smelte saman i ein harmonisk komposisjon av svevegavlar, konsollar, profilar og drakeornament.

Da den nye kyrkja blei teken i bruk i 1957 gjekk kapellet gradvis ut av bruk, og siste gravferd frå kapellet fann stad i 1961. Etter det blei bygget lenge brukt som reiskapsbu og lager for kyrkjegardsdrifta. I 1982 blei kapellet restaurert etter antikvariske prinsipp. I 2001 blei kapellet teke i bruk som lokale for den kontemplative kunstutstillinga



I 2001 blei kapellet teke i bruk som utstillingslokale for kunstprosjektet «Memento Mori» av glaskunstnaren Ine Harrang.

«Memento Mori» av glaskunstnaren Ine Harrang. Mange har også ønska å opne kapellet som eit stille rom i byen (Dahl, 1892; Gjendem O., 2007).

Romsdalsmuseets kapell

Heilt frå Romsdalsmuseet blei etablert i 1912, gjekk stiftarane i gang med å samle inn gammalt inventar frå kyrkjer i Romsdal. Men mangel på høvelege utstillingslokale gjorde at det meste måtte stuvast bort på loft og i uthus på museet. I 1950 gjorde styret vedtak om å bygge eit kapell slik at inventarstykkane kunne få ei verdig ramme og kome i kyrkjeleg bruk att. Kapellet skulle i tillegg vere ein minnestad om april dagane 1940 da både museet og byen blei bomba (Solemdal, 1953; Jakobsen, 2001).

Kapellet skulle byggast av gammalt tømmer som museet hadde liggande, mellom anna frå Åk i Romsdalen. Det blei teikna av arkitekt Jon O. Villa, som i tråd med styret sine ønskje utforma ein høgrest laftebygning i middelalderstil med rektangelplan, 80 sitteplassar og berre to små vindauge. Grunnmuren var ferdig hausten 1950, og året etter var bygget under tak. Kapellet blei vigsla av biskop Arne Fjellbu på Kristi himmelfartsdag 22. mai 1952.



Romsdalsmuseets kapell blei reist i 1952 av gammalt tømmer frå Romsdal, og er teikna av Jon O. Villa. Kapellet skulle både gi ei verdig ramme til gammalt kyrkjeinventar som museet eigde og vere ein minnestad om april dagane 1940 da både museet og byen blei bomba. Foto: MIM.

Romsdalsmuseets kapell

Type: Langkyrkje i tømmer med rektangelplan

Arkitekt: Jon O. Villa

Vigsla: 1952

Tal sitteplassar: 80

Kapellet viste seg snart å bli eit stort aktivum for museet, både som eit levande museumsbygg og eit særprega gudshus. I sommarhalvåret blir det brukt til bryllaup og barnedåpar og til faste kveldsgudstenester i regi av Molde domkyrkje.

Blant dei mange inventarstykkane kan nemnast:

- Altertavle frå Grytten kyrkje, ca. 1670.
- Preikestol frå Vistdal kyrkje, 1665, restaurert 1952.
- Baldakin (preikestolhimmel) frå Hustad kyrkje, ca. 1730. Den tilhøyrande preikestolen står i Garmo kyrkje på Maihaugen.
- Kyrkjeskip frå Vågøy kyrkje. Laga og gjeve i

takksemd av ein som overlevde slaget på Københavns red i 1801.

- 5 måleri frå Vestnes gamle kyrkje, 1683.
- Frå Sira kyrkje: Rester av ei altertavle frå 1653 og eit krusifiks måla av drapsdømte Hans Teilgaard frå Trondheim, 1734.
- Husorgel med trøbelgar, Vestres Orgel & Pianofabrikk, Haramsøya, 1890 (?).
- Kyrkjespjir frå Bolsøy kyrkje, 1726.
- Kyrkjeklokke frå Hen kyrkje, middelalder. Var med å ringe inn freden frå ein provisorisk stopul utanfor Molde kyrkje 8. mai 1945.
- Ny kyrkjeklokke frå O. Olsen & Sønns Klokkestøperi Nauen pr. Tønsberg, 1981.

I tillegg til fleire gjenstandar frå desse kyrkjene, huser kapellet også inventar frå tidlegare kyrkjer på/i Kleive, Rød, Tresfjord, Molde, Voll, Vågøy og Bud.

Altertavla frå Grytten kyrkje er frå 1670 og stod først i stavkyrkja, sidan i korskyrkja frå 1732. Foto: Johnny Bratset/Romsdalsmuseet.



Kapellet husar kyrkjeinventar frå fleire gamle kyrkjer i Romsdal. På veggjen til høgre, lengst borte, heng portrettet av Nicolai Engelhart, sokneprest i Veøy 1716–1719. Over vindaugjet heng portrettet av Iver Helt, sokneprest i Bud 1644–1669. Foto: Johnny Bratset/Romsdalsmuseet.



Preikestolen er frå den gamle korskyrkja i Vistdal, laga i 1665 og restaurert i 1952. Preikestolhimmelen er frå gamle Hustad kyrkje, ca. 1730.
Foto: Johnny Bratset/Romsdalsmuseet.

På bakveggen heng det kopi av tre måleri: «Den syke ved Bethesda dam» frå Vestnes kyrkje (t.v.), dommedagsbildet frå den første Moldekyrkja, gjeve av den tyske kapteinen Hinrich Lorentzen von Flensburg, 1725 (i midten) og portrettet av Thomas von Westen, 1715 (t.h.). På sørveggen heng eit bilde av ein riddar kledt i «Guds fulle rustning» frå Vestnes kyrkje. I nord-vestre hjørne heng den gamle middelalderklokka frå Hen kyrkje og i taket ser vi det gamle kyrkjeskipet frå Vågøy kyrkje, 1804.
Foto: Johnny Bratset/Romsdalsmuseet.



På nordveggen heng kopi av to måleri frå den gamle korskyrkja på Vestnes, truleg måla av Eggert Henningson Munch på 1700-talet: «Bebudelsen» (t.h) og «Bespisningsunderet» (t.v.) (sjå nærare under Vestnes kyrkje). I midten heng rester av ei altertavle frå Sira kyrkje, 1653, og eit krusifiks måla av drapsdømte Hans Teilgaard frå Trondheim, 1734.
Foto: Johnny Bratset/Romsdalsmuseet.



Minnetavla på sørveggen har følgjande innskrift: *Dette kapell er bygget til minne om at Hans Majestet Kong Haakon den syvende og Hans Kongelige Høihet Kronprins Olav var blant oss redselsnatten den 29. april 1940 da Molde ble bombet og brente. Be at vi alltid må ha kraft til å kjempe for friheten og sette friheten høiere enn livet.*
Foto: Johnny Bratset/Romsdalsmuseet.



Reknes Hospitals kapell (rive)


På slutten av 1600-talet måtte spedalske sendast ut av Romsdals amt. Pasientar frå Sunnmøre blei sende til Bergen og dei frå Romsdal og Nordmøre til Trondheim. Men både av økonomiske grunnar og mangel på institusjonsplassar blei mange sjuke gåande som tiggjarar på heimstaden. Amtmann Nobel fann dette uverdigg og søkte i 1706 kong Frederik IV om løyve til å bygge eit hospital på Valderhaug på Sunnmøre eller på Reknes ved Molde. Saka fekk positivt mottaking, men måtte utsettast på grunn av krig med Sverige. Nobel tok opp att saka i 1713, og 13. august dette året kom godkjenninga i form av reskript om *Reknæs Hospital*. Hospitalet skulle ha eiga kyrkje, der presten i Veøy skulle ha gudsteneste kvar gong han hadde preike i Molde. Dessutan skulle kløkkaren i Molde ha ein dagleg andakt (Berg S., 1992).

Den store hovudbygninga stod ferdig i 1716. Midt i bygget låg kyrkjerommet, som gjekk over to etasjar. Frå koret var det utgang til skrifterommet (sakristiet) på den eine sida og til våpenhuset på den andre. I andre etasje var det tre rom på kvar side med vindauge inn mot kyrkja, (...) *hvorved ogsaa de mest Syge som ey i Kircken indlades, kunde deltage i hvad der forhandledes*. Sjølv om Molde hadde si eiga kyrkje, var det mange borgarar som også leigde fast kyrkjestol på Reknes. Dette gav kjærkomne inntekter til drifta av hospitalet. Ein vesentleg del av driftsinntektene kom elles frå det store Hustadgodset som hospitalet eigde.

Hospitalbygninga blei riven i 1862 etter at ein ny hovudbygning for *Reknes pleiestiftelse for spedalske* var teken i bruk i 1861. I samband med rivinga blei altertavla og preikestolen, som i si tid truleg var ei gåve frå futen Børge Eeg, gjevne som gåve til Fiksdal kyrkje.

Pleiestiftinga fekk i 1865 ei ny fløy mot aust med bustad for forvaltaren i første etasje og kapell i andre etasje. Pleiestiftinga blei i 1897 gjort om til sanatorium for tuberkuløse, og dette var i drift til det nye sjukehuset på Lundavang stod ferdig i 1960. Kapellet var i bruk til kring 1930.

Hospitalet hadde eigen gravplass med likhus i nordaustre del av området. Opp dit førte ein allé av asaltre. Gravplassen låg om lag der krysset mellom Statsråd Astrups gate og Bjørnstjerne Bjørnsons veg ligg i dag, og strakte seg ned mot Sandvegen.



Hovudbygninga til Reknæs Hospital for spedalske stod ferdig i 1716. Kyrkjerommet låg i midten og gjekk over to etasjar. I andre etasje var det tre rom på kvar side der dei sjukaste pasientane kunne følgje med i det som skjedde.



I 1861 stod den nye hovudbygninga til Reknes pleiestiftelse ferdig. Fløya mot aust blei bygd i 1865 og hadde bustad for forvaltaren i første etasje og kapell i andre etasje. Foto: E. Birkeland.



Kapellet i austfløya til pleiestiftelsen frå 1865.


Kapellet på Kvam (rive)

Proprietær Richard Jalles Møller fekk i 1902 kongeleg beviljing til å anlegge ein privat gravstad på garden Qvam, «da han ved den lange og besværlige vei til den off. begravelsesplads i prestegjeldet er afskaaret fra at kunne værne om sine kjæres grave». Bakgrunnen var at Møller hadde tre barn som døydde i åra 1875–1880 og som var gravlagde på Bolsøya. I 1906 fekk han løyve til å flytte dei til Kvam. Sidan er seks andre familiemedlemmar og ei «husjomfru» gravlagde der (Sande, 2000).

Like vest for gravstaden bygde Møller eit kapell som stod ferdig i 1904. Kapellet var bygd i reisverk i nygotisk stil og hadde forsamlingssal, spiserom, kjøkken og gang. I tillegg til å vere gravkapell for Møllerfamilien, blei det også ein viktig samlingsplass for folk i Bjørset-, Kvam- og Kringstadområdet. Det var fast møtestad for Kvam kvinneforeining og Kvam sjømannsmisjonsforeining, som hadde årvisse basarar og julefestar der frå 1914 til 1967. Vidgjetne var også «pakkefestane» til Bjørset idretts- og frisksportlag. I 1941–45 blei sjette og sjuande klasse ved Kvam skole flytta over til kapellet medan skolen var okkupert av tyskarane.

I 1966 blei kapellet og gravstaden overdregne til kommunen. Etter å ha stått ubrukt i nokre år, kom kapellet i forfall. Molde menighetsråd uttal-

Kvam kapell var bygd som privat gravkapell for familien Møller på Kvam, men blei ein viktig samlingsstad for folk i Bjørset-, Kvam- og Kringstadområdet. Kapellet blei bygd i 1904 og rive i 1977.



Frå kongebrevet med beviljing til å anlegge gravstad på Kvam

«Vi Oscar af Guds naade konge i Norge og Sverige de Gothers og Venders gjør vitterlig: At i overensstemmende med den af os i vaart statsraad fattede beslutning naadigst har bevilget og tilladt, at proprietær Richard Jalles Møller maa paa sin eiendom Kvam i Bolsø prestegjeld under Ytre Romsdal provsti lade innrette et privat gravsted for seg og sin familie (...) Givet i Stockholms slot 25. oktober 1902. Under vaar haand og rigets segl. Oscar (segl)/A. Qvam/Lehman.» (Sande, 2000).

te at det ikkje lenger kunne nyttast i deira arbeid i den stand det no var. Rådet hadde heller ikkje funne noko skriftleg om at kapellet var vigsla. Det ville derfor tilrå riving «da rådet forutsetter at kirkeplanene på Kvamområdet blir aktuelle å realisere innen rimelig framtid». I februar 1977 gjorde formannskapet vedtak om riving, og 13. juli same år kom gravemaskinen som gjorde ende på kapellet. Noko av inventaret blei teke vare på av Møllerfamilien eller selt til andre.

Richard Jalles Møller fekk i 1902 kongeleg beviljing til å etablere ein privat gravstad for seg og familien på Kvam. Gravstaden blir no stelt av Molde kommune.



Tøndergård gravlund

Etter at både Nedre og Øvre kirkegård tok til å fyllest, måtte byen sjå seg om etter ein ny gravplass. Etter krigen var situasjonen nærmast prekær, og i oktober 1945 vedtok bystyret å kjøpe inn eit stort areal til formålet på Tøndergård i daverande Bolsøy kommune. Byingeniøren, som hadde vore medlem av kyrkjegardskomiteen, meinte at Tøndergård var den best eigna gravplassen på heile Romsdalshalvøya!

Bygartnar Njål Bele i Ålesund blei engasjert til å utarbeide planar for gravlund, og desse var ferdige året etter. Det første feltet blei innvigd 5. august 1949 av prost Nils Holte og den første jordfestinga skjedde ved same høve.

Gjennom åra har gravplassen blitt utvida felt for felt etter behov. Dei første åra var det få gravleggingar, men i 1960-åra tok talet seg monaleg opp, og sidan år 2000 har det vore om lag 100 gravleggingar i året. I 2000–2003 blei det gjort eit stort oppgraderingsarbeid, mellom anna med bygging av ny driftsavdeling og parkeringsplass.

Etter krigen var det lite plass att på Øvre og Nedre Kirkegård inne i byen. Allereie hausten 1945 kjøpte kommunen eit stort areal på Tøndergård til ny gravplass. Tøndergård gravlund blei teken i bruk i 1949 og dette var hovudgravplass for sentralområdet i Molde fram til 2019, da kapasiteten for kistegraver var fullt utnytta. Klokkestøpulen blei bygd i 1968, og avløyste da eit høgt, spinkelt tårn, truleg frå 1954.

Det siste kistefeltet blei opparbeidd i 2007. I 2016 blei det etablert eit muslimsk gravfelt. I 2019 var kapasiteten for kistegraver fullt utnytta.

I dei opphavlege planane var det teikna inn eit stort gravkapell ved nordenden av hovudveggen gjennom feltet. Seinare kom det planar om eit krematorium, men ingen av desse bygga har blitt realisert.

Den første klokkestøpulen var eit høgt, opetårn, truleg reist i 1954. Dagens støpule er under halvparten så høg og blei bygd i 1968. Klokka har følgjande innskrifter:

«OPSTANDELSEN OG LIVET VISST DET ER DEN HERRE JESUS KRIST, HVO PAA HAM TROR, HAN LIVET FAAR, OM ENN HANS LEGEMS LIV FORGAAR, OG HVO SOM LEVER OG SOM TROR, SKAL ALDRI DØ, DET ER GUDS ORD.», «FRED», «SALIGE ER DE DØDE SOM DØR I HERREN. AAB. 14,13.» og kring øvre kant «O. OLSEN & SØNS KLOKKESTØPERI NAUEN PR. TØNSBERG 1954.»



Røbekk kyrkje

Kirken skal bygges på klippen. Her skal kirken stå. Med desse orda avgjorde nidarosbiskop Johannes N. Skaar plasseringa av den nye hovudkyrkja for Bolsøy prestegjeld. Etter fleire år med diskusjonar og strid kom biskopen sjølv på synfaring, og da han fekk sjå den vakre utsikta oppe frå høgda like vest for prestegarden på Røbekk, tok han si avgjerd (Heggem, Berild og Berg, 1963).

Frå Bolsøya til Røbekk

Bolsøya hadde vore kyrkjestad for folket på begge sider av Fannefjorden sidan før år 1400. Den opphavlege stavkyrkja var erstatta med ei korskyrkje i tømmer i 1727, og denne var framleis i god stand på 1800-talet. Men kyrkjeferda til Bolsøya kunne vere hard, og med aukande folketal og betre vegnett, særleg på Fannestranda, auka kravet om å få kyrkje på fastlandet. Første gong dette kom skriftleg til uttrykk, var i samband med at Bolsøykyrkja stod føre ein større reparasjon kring 1846. Amtmann Krohg og fleire i kyrkjelyden sette da fram forslag om å flytte kyrkja til ein stad på Fannestranda om lag midt mellom Molde og Kleive.

Røbekk kyrkje

Type: Langkyrkje i reisverk med ytre korsform

Arkitekt: Ing. Gabriel Smith, Ålesund

Byggmeister: Sivert Erstad, Ålesund

Vigsla: 1898

Tal sitteplassar: 290. Opphavleg 450.

Liturgisk målform: Bokmål

Men saka gjekk ikkje igjennom, og Bolsøykyrkja fekk sin reparasjon.

I 1857 eller -58 sette nokre oppsittarar på nytt fram krav om kyrkje og gravplass på Fannestranda. Dette hadde truleg samanheng med opprettinga av Molde som eige soknekall i 1858 og at bolsøypresten, som fram til da hadde budd i byen, skulle flytte på landet. I 1864 blei det halde eit folkemøte om saka, og sidan sendt ut eit opprop underskrive av soknepresten og fleire av dei fremste menn i soknet. Men dette framlegget vekte sterk motbør frå sørsida av fjorden, for det var da berre snakk om éi kyrkje.

I 1870–80-åra blei kyrkjesøkinga til Bolsøykyrkja dårlegare, særleg om vinteren. Kring 1874



Røbekk kyrkje og kyrkjegard utgjer eit vakkert kyrkjeanlegg som føyer seg harmonisk inn i det vakre landskapet langs Fannefjorden. Foto: MIM.

søkte soknepresten om å få halde nattverdsteneste i Molde kyrkje «for å komme almuen til hjelp». Ved ein visitas i 1884 kom biskopen med ei oppmoding om å innkalle til soknemøte for å «udtale sin opfatning av hvovidt Bolsø kirke bør flyttes over på Fannestranden». Men da saka endeleg kom opp i soknestyret i januar 1890 var det snakk om å bygge to kyrkjer, og dette forslaget fekk tilslutning frå begge sider av fjorden. For å finansiere bygginga vedtok soknestyret i 1892 å løyse inn kyrkjepartane til dei 91 eigarane av Bolsøykyrkja.

Men no blei det strid om plasseringa. Det kom tilbod om gratis tomt både på Årønes og i utmarka ved Årødalvegen. Det var også snakk om plassering på Indre Årø, på Strande og sør og nord for hovudvegen på Røbekk. I 1894 blei det vedteke å bygge kyrkja nord for hovudvegen på Røbekk og med gravstad sør for vege. Men enno blei det ikkje ro – nokre sette fram tanken om å bygge kyrkja *på* haugen i staden for nedanfor. Det var da biskopen kom på synfaring og avgjorde saka. 1. mai 1895 vedtok heradsstyret at kyrkja skulle byggast *på* haugen – der ho no står – og det var i samsvar med «samtlige autoriteters mening». Men kyrkjedepartementet forhasta seg ikkje, og enno skulle det gå eit heilt år før den kongelegge godkjenninga låg føre (Olafsen-Holm, 1939; Vestad og Mørk, 1998).


Byggeprosessen

Ordføraren i Bolsøy hadde allereie i 1893 spurt departementet om å få låne teikningar som kunne høve til dei to nye kyrkjene. Meininga var å bygge dei som langskipskyrkjer i lafteverk, med 750 sitteplassar i Røbekk og 350 i Røvik, utanom galleri. Men da dette ikkje førte fram, vende ein seg til ingeniør Gabriel Smith ved hamnekontoret i Ålesund, som nyleg hadde teikna kyrkjene på Vigra (1894) og i Voll (Måndalen) (1896). Storleiken på Røbekk kyrkje blei no sett til 450 sitteplassar på golvet og 70 på galleriet. Det viste seg sidan at ein på grunn av branntryggleiken måtte droppe dei to planlagde galleria på sidene.

Gabriel Smith teikna både Røbekk kyrkje og Røvik kyrkje i 1893. Begge er langkyrkjer i tre med korte tverrskip, bygd i ei blanding av sveitserstil og nygotikk. Dei har mange fellestrekk i planløyning og ytre form, men Røvik er noko mindre. I utforming og interiørdetaljar viser dei sterkt slektskap med dei to andre kyrkjene Smith teikna. Gjennom sitt gjennomført nygotiske stilpreg og samansmel-



Røbekk kyrkje reiser seg høgt og fritt på haugen over Fannestranden.



Dei store vindauga og det høgreste taket saman med dei lyse fargane i interiøret gir eit ope og innbydande kyrkjerom.



Takverket over korset i kyrkjerommet er eit avansert stykke ingeniørkunst.



Koret har oktogonal form som minner om ein romansk apsis. Den avrunda forma markerer målet for livsvegen der vi møter Kristus. Foto: MIM.

tinga av bygningsvoluma til ein einskap, er desse kyrkjene typiske døme på 1890-åras norske kyrkjearkitektur. Planen var først å reise Røbekk kyrkje i lafta plank, slik som Vigra og Voll, men fagfolk meinte det var både billegare og betre å bygge i reisverk, og dette blei vedteke. Berekonstruksjonen blei innvendig kledd med rupanel og glatt panel med papp imellom, og utvendig med liggande, glatt panel. Kyrkja har mange fine detaljar både utvendig og innvendig, og korsforma og den store takhøgda gir eit ope og luftig kyrkjerom med god akustikk.

Da godkjenninga låg føre i 1896 blei det valt byggenemnd, og arbeidet blei lyst ut på anbud. Alt trearbeidet gjekk til byggmeister Sivert Erstad, Ålesund. Planering av tomta, oppføring av murane og vegarbeidet blei utført av Iver R. Årø og Nils H. Årø, og målararbeidet blei gjeve til K. O. Schjeldrup. Samla byggekostnad blei om lag

kr 33 000, som svarte til to heile årsbudsjett for Bolsøy herad. Det meste av kostnaden blei likevel dekt ved innløyning av kyrkjepartane frå Bolsøykyrkja.

Vi veit ikkje sikkert når arbeidet starta, men kyrkja var under tak i 1897, og dette årstalet står på vindfløya i tårnet. Året etter var kyrkja ferdig, og ein vakker haustdag, 30. september 1898, blei ho vigsla av biskop Skaar under stor festivitas.

Inventaret i kyrkja på Bolsøya skulle delast mellom dei nye kyrkjene på Røbekk og i Røvika. Men fordi Bolsøykyrkja var i bruk i fleire år etter at Røbekk stod ferdig, blei det til at mykje av inventaret enda opp i Røvik. Berre to mindre lysekroner og ein gamal døypefont kom til Røbekk. Døypefonten blei bytta ut med ein ny i tre i 1905.

Kyrkja i nyare tid

I 1964 blei kyrkja restaurert og måla innvendig, slik at ho fekk dagens utsjånad. Inventaret fekk grå og blå fargar, mot tidlegare trekvitt og nyansar av brunt. Preikestol, alterring og klokkekarstol fekk nye skinntrekk, og omnane og brannmurane på kvar side av koropninga blei fjerna. Preikestolen blei snudd slik at trappa gjekk ned i kyrkjeskipet i staden for i koret, døypefonten blei gjort flyttbar, kyrkjebenkane blei bygde om og dei gamle salmenummertavlene blei skifta ut med meir gotiskinspirerte. Fire nye lysekroner blei monterte i hovudskipet, medan dei to gamle blei flytta til sideskipa. Året etter kom også dagens pipeorgel på plass.

I 1988 blei preikestolen og døypefonten utsmykka med utskorne og forfylte symbol i tre, utforma av Kalla Skrøvseth. Etter dette er det gjort få endringar i kyrkjerommet, men ymse ombyggingar i ytre rom for å imøtekomme nye behov. Mellom anna er det innreia dåpsrom med tekkjøkken til side for våpenhuset og organistkontor, notearkiv og møteplass bak orgelgalleriet. I 2019 fekk preikestol, alterring og klokkekarstol igjen nye skinntrekk.

Ei viktig hending skjedde i september 2017 da *Røbekk kirkesenter* blei opna, med etterlengta møtesalar, aktivitetsrom og toalettanlegg. Det gamle kyrkjelydshuset på Røbekk – «kjerke-stauå» nedanfor riksvegen – hadde da vore ute av bruk sidan 1980-talet, og Bergmokykja, som hadde gjort tene i mellomtida, blei avvikla.

Kyrkja, kyrkjegarden, kyrkjesenteret og ute-



Alterbildet viser Jesu oppstode påskemorgon og er måla av Conrad Valeur. Alterduken er sydd av Ingunn Misund og er ein kopi av ein eldre duk.



Preikestolen er dekorert med forgylte treeinings- og nattverdsymbol i tre, utforma av Kalla Skrøvseth.

området utgjer i dag eit komplett og vakkert kyrkje-
kjanlegg som er i dagleg bruk til alle typar aktivi-
tetar i kyrkjelyden.

Kunst og inventar

Altertavle: «Jesu oppstode» måla av Conrad Valeur, 1897. Bildet er ein kopi av Adolph Tiedemans original i Bragernes kyrkje frå 1871.

Kyrkjjesølv: To kandelabrar og ein sjuarma lyse-
stake, dåpsfat og kanne, oblateske og disk frå 1898.

Preikestol: Femkanta, i tre, 1897. Sidefelta har
forgylte treeinings- og nattverdsymbol i tre, utfor-
ma av Kalla Skrøvseth, 1988.

Døypefont: Sekskanta, i tre, 1905. Sidefelta har
forgylte treeiningsymbol og greske kors i tre, ut-
forma av Kalla Skrøvseth, 1988.

Døypefonten har forgylte treeiningsymbol og greske
kors i tre, utforma av Kalla Skrøvseth. Døypefatet
har slik innskrift kring kanten: «GAAR HEN, LÆRER
ALLE FOLK OG DØBER DEM I NAVNET FADE-
RENS, SØNNENS OG DEN HELLIGAANDS. MAT.
28,19.»





Frå galleriet har ein godt utsyn over kyrkjerommet.



Det høgreste kyrkjerommet gir mykje luft og lys, og god akustikk.

Alterdukar: 1. Linduk frå 1898 med uttrekksaum, tungesting og kontursting. Kristusmonogram og brodert tekst: INRI JEG ER OPSTANDELSEN OG LIVET INRI. Dukflata skifta ut i 1984 av Haldis Krohn. 2. Hekla duk i kvit bomull av Gurine Holmem, 1954. 3. Linduk med kornaks, kors, kalk og Kristusmonogram i svartsaum av Petra Brekke, 1966. 4. Hardangersaumsduk brodert av Aslaug Beverfjord, 1984, brukt i Bergmo småkyrkje til 2017. 5. Linduk i svartsaum av Ingunn Misund, 2018. Kopi av Petra Brekke sin duk frå 1966. 6. Linduk i plattsaum med symbol inspirert av Kalla Skrøvseth sine utsmykkingar frå 1988: Guds lam, kalk, drueklase, due og lilje, av Anette Stranden og Eva Meese. Godkjent i 2018 og ferdig i 2022 (Brekke, 2020).

Messehaklar: Eldre messehakel frå 1897. Messehakel laga av Gunnhild Helset og Kalla Skrøvseth, 1983.

Anna inventar: Leseput i tre laga av Karl Nerbø, 1983. Fire utskorne brudestolar med trekk i gyllenlêr frå Brødrene Espe, Hornindal, 1976. Prosejonskors og -lysestakar laga av Martin Solemdal, 2017.

Orgel: Det første orgelet i kyrkja var eit pipeorgel med 8 stemmer frå Olsen & Jørgensen, 1904. Seld til Hildrestranda kyrkje og erstatta med eit Hammondorgel i 1939. Dagens instrument er eit mekanisk pipeorgel med 19 stemmer, 2 manualar og pedal frå Norsk Orgel-Harmoniumfabrikk, 1965.

Kyrkjeklokker: 2 klokker med innskrift «O. OLSEN & SØNS KLOKKESTØBERI NAUEN PR TØNSBERG 1898».

Kyrkjegarden

Da arbeidet med bygging av kyrkja var i gang, blei det på nytt diskusjon om plasseringa av kyrkjegarden. Sokneprest Hans N. Nilssen ville legge han sør og vest for kyrkja, men da Håkon B. Thompson overtok som sokneprest i 1898, gjekk han inn for å legge kyrkjegarden på nordsida. Departementet slutta seg til dette ved brev av 11.6.1900, og det første gravfeltet blei teke i bruk i 1901. Fram til da hadde kyrkjegarden på Bolsøya vore nytta. Seinare har kyrkjegarden blitt utvida fleire gonger, i 1926, 1943, 1963 og 1995. Etter at Tøndergård gravlund var fullt utnytta i 2018, har Røbekk overteke som ny hovudgravplass for sentralområdet i Molde. Det er lagt planar for ei stor utviding nordover i prestegardsskogen, og første byggetrinn er under opparbeiding i 2021–22.



Orgelet har 19 stemmer og er levert av Norsk Orgel-Harmoniumfabrikk.



Dei fire brudestolane med trekk i gyllenlêr er produserte hos Brødrene Espe i Hornindal.



Kyrkja har to lysekroner frå den gamle Bolsøykyrkja. Dei heng no framme i sideskipa.



Forretningsmannen, politikaren og statsråden Hans Rasmus Astrup (1831–1898) var født på Eikrem i Bolsøy. Han slo seg opp på trelasthandel i Sverige og blei ein av Norges rikaste menn. Han bygde opp eignedomen Kviltorp, der det etter hans død blei etablert ein familiegravstad med urnegrotte nede ved sjøen. Da eignedomen blei seld til kommunen etter krigen, måtte gravstaden flyttast. Ein kopi blei bygd opp på Røbekk kyrkjegard i 1950. Her kviler statsråden med hustru, fem barn, fire svigerbarn, to barnebarn og to søstre. Foto: MIM.



Hovudpersonen i Edvard Hoems roman Slåttekar i himmelen, Knut Hansen Reknes (Nesje), ligg gravlagt på Røbekk kyrkjegard. Da han døydde i 1912 låg heimplassen Rekneslia i Bolsøy sokn. Foto: MIM.

Tyske krigsgraver på Røbekk

I Romsdal sogelags årsskrift for 1997 har Birger Stuevold Lassen skrive om landminryddinga i Romsdal etter krigen (Lassen, 1997). Etter fredsslutninga i 1945 måtte tyske soldatar sjølv rydde landminer som var lagde ut under krigen, og dette farlege arbeidet kravde sine offer. Det blei spørsmål om å gravlegge dei i Molde, men både prest og kyrkjeverje nekta dei gravplass.

Lassen skriv: *Heldigvis var presten i Røbekk kirke, Haakon Birkeland, av større dimensjoner, og sorterte ikke døde etter nasjonal tilhørighet.* Det var elles ingen grunn til å tvile på Birkeland sin lojalitet; etter å ha lese opp oppropet *Kirkens grunn* frå preikestolen 1. påskedag i 1942, skreiv han i minsterialboka: «Embetet nedlagt», og han skreiv ikkje inn eitt ord meir før krigen var slutt.

I alt 16 tyske militære blei gravlagde på Røbekk kyrkjegard mellom 1. juni og 22. september 1945. 13 var offer for minerydding, dei tre andre døydde av andre årsaker. Ein av dei er innført som «en ukjent tysk marinesoldat». Det var tyskarane sjølve som gravla sine landsmenn, og dei hadde med ein eigen *Wehrmachtspfarer*.

I 1955 fekk kyrkjetenar Arnt Husby spørsmål om å hjelpe til med å grave opp kistene. To norske tenestemenn kom til Røbekk; dei lasta kistene opp på ein lastebil og køyrde dei til Trondheim. 3. oktober 1955 fekk soknepresten brev frå Forsvarsdepartementet om at «16 tyske krigsgraver er overført fra Røbekk kirkegård til Havstein krigskirkegård».



Treskjeraren Trond Fiske (1958–2001) leverte hausten 2000 ei altertavle skoren ut med motorsag til Bergmo småkyrkje. Tavla heng i dag i Røbekk kyrkjesenter.

Til høgre i tavla ser vi grøne vekstar som strekker seg opp mot lyset som gradvis aukar til det kjem inn i gullskimmeret ovanfrå. Til venstre veks korset opp og ender i ein strålekrans som sender sine stråler ut til alle delar av kunstverket og vidare ut i rommet. Tavla har mange symbol: Sirkelen for æva, korset for frelsa, knelande menneske for overgiving og bøn, fosteret for livets byrjing og det grønne treet for liv og tru.



Røbekk kirkesenter blei opna i september 2017 og oppfylte ein meir enn 40 år gamal draum om eit moderne kyrkjelydshus på Røbekk. Foto: MIM.

Nordbyen kyrkje

Da utbygginga av Nordbyen i Molde tok til sist på 1970-talet, var det regulert tomt for både skole og kyrkje i Råkhaugen senter. Men før skolen blei realisert hadde utbygginga kome langt opp i Gjerdhaugen, og Hauglegda-feltet var like om hjørnet. Skolen blei derfor flytta til øvre del av Gjerdhaugen og opna i 1987. Lokale eldsjeler fekk i gang månadlege gudstenester i gymsalen på skolen same haust.

Hausten 1994 blei det kjent at skolen trong fleire klasserom allereie påfølgande skoleår, men at barnetalet etter nokre år ville gå ned att. Brått opna det seg ein sjanse til å få realisert eit kyrkjehus i samarbeid med skolen. Soknerådet såg først for seg eit bygg i to etasjar med skole nede og kyrkje oppe, men det viste seg å bli for omfattande. Det foreslo derfor ei løysing med sambruk av lokale, men dette fann skolen upraktisk. Det var da sokneprest Kjell Aarseth kasta seg rundt og viste sine diplomatiske evner. På kort tid fekk han gjennomslag for ei løysing som gjekk ut på at skolen skulle disponere bygget i ti år og at det deretter, når skolen ikkje lenger hadde bruk for det, skulle overførast til soknet. Soknet skulle bidra med ein fjerdedel av byggekostnaden – 1 million kroner – men fortsette å bruke gymsalen til gudstenester.

På rekordtid teikna *Arkitektene bbw* ved arkitekt Asbjørn Bua eit bygg som både skolen og kyrkja var nøgde med. I løpet av tre hektiske vintermånader i 1995 blei alle kommunale og kyrkjelege vedtak gjort, prosjektet lyst ut på anbod og oppdraget tildelt Leren & Simonsen. Byggestart var laurdag (!) 1. april, og bygget stod ferdig og blei teke i bruk av skolen 16. august 1995.

Bygget blei overteke av Bolsøy sokn sommaren 2005, og med stor dugnadsinnsats blei huset ombygd til kyrkje. Tanken om vigsling hadde mogna fram over tid. I starten snakka ein berre om eit kyrkjelydshus, men skolen tok til å kalle det *kirkebygget*, og med tida slo dette igjennom. Nordbyen kirke blei vigsla til kyrkjeleg bruk 5. mars 2006 av biskop Odd Bondevik.

Kyrkja er bygd i bindingsverk kledd med tegl og med berande takkonstruksjonar i limtre. Kyrkerommet kan utvidast med to sidesalar slik at det til saman rommar 250 personar. Eit stort gavlvindauga på fondveggen opnar kyrkjesalen mot naturen og skaparverket utanfor, og gir rommet ein ekstra dimensjon.

Alterutstyret er laga i keramikk av Bjarne Nielsen og Kari Selnes frå *Tornes Keramikk*. Alter, lesepult og døypefont er laga av *Nesje møbler* etter teikningar av arkitekt Bua.



Nordbyen kyrkje blei bygd i 1995 som ein paviljong til Nordbyen skole. I 2006 blei han ominnreidd og vigsla som bydelskyrkje i Nordbyen.



Hovudsalen er vifteforma og kan utvidast med to sidesalar til i alt 250 sitteplassar. Sidesalane brukast elles til kyrkjekaffi og ungdomsarbeid.



Nattverdutstyret er laga i kermaikk ved Tornes Kera-
mikk. Foto: MIM.

Dette vakre mosaikkbildet av Kalla Skrøvseth (1913–1997) blei laga i 1973 til Norrønasalen, Misjons-
sambandet sin møtesal i Molde. Da Norrønasalen blei lagt ned, følgde kunstverket med forsamlinga til Bergmo småkyrkje, der det pryda småsalen. Da Bergmo småkyrkje blei lagd ned i 2017, følgde det med forsamlinga vidare til Nordbyen kyrkje. Motivet er frå likninga om brudejentene som tok oljelampene sine og gjekk ut for å møte brudgomen (Matt. 25).



Bergmo kyrkje (nedlagd)

Bydelen Bergmo i Molde blei utbygd i 1960–70-åra. Ei kyrkjetomt blei regulert inn sentralt i området, og lokale initiativtakarar fekk i gang månadlege gudstenester i gymsalen på Bergmo ungdomsskole. Men realiseringa av kyrkjebygget trakk ut, og da samvirkelaget bygde nye lokale, såg initiativtakarane ein sjanse til å få etablert eit mellombels kyrkjebygg. Inspirert av småkyrkjerørsla i Oslo valde dei eit småkyrkjeråd som gav kommunen tilbod om å etablere og drifte ei kyrkje i det gamle samvirkelagsbygget mot at kommunen dekte kjøpesummen. Gjennom ein formidabel dugnadsinnsats blei lokala bygde om til bydelsskyrkje og vigsla til kyrkjeleg bruk av nidarosbiskop Kristen Kyrre Bremer 5. april 1981. Kyrkja blei snart eit senter for alle typar aktivitetar i nærområdet, og fungerte også som kyrkjelydshus for Bolsøy sokn. I fleire år løna småkyrkjerådet sin eigen prest.

Arkitekt for ombygginga var Trond Lage Edvardsen i Molde kommune. Kyrkjerommet hadde rektangelplan med alter mot langsida, og hadde om lag 350 sitteplassar delt på to salar. I 1985 blei det bygd eit frittstående klokketårn med klokke frå Olsen Nauens klokkestøyper i Tønsberg. I 1987 blei det bygd til eit eige søndagsskolerom, og kring år 2000 eit samtalerom. Bygget blei kraftig opprusta i 2007.

Kyrkjetekstilane blei laga av folk i nærområdet; alterdukar og antependium av ei gruppe lærarar ved Kviltorp vg. skole i 1981, og messehaklar av Magnhild Akseth-Pettersen i 1981–82.

I 1983 fekk kyrkja eit pipeorgel med 4 stemmer frå Vestres Orgel & Pianofabrikk/Hallstein Runshaug, Haramsøya. Ved nedlegginga av kyrkja i 2017 blei orgelet seld til frimurarlosjen i Verdal.

Alteret hadde først eit enkelt trekors laga av Peder L. Nesje, som også laga brudestolane. I år 2000 innvigde kyrkja ei altertavle skore med motorsag av trekunstnar Trond Fiske frå Torvikbukta.

Med åra tok kyrkjeleg fellesråd gradvis over ansvaret for drifta, og i 2009 blei namnet endra til *Bergmo kirke*.

Den enkle brakkekonstruksjonen tok etter kvart til å svikte, og etter gjentekne reparasjonar av fundament og tak blei det klart at levetida for bygget nærma seg slutten. Soknerådet såg ingen utveg for eit nybygg på Bergmo, og valde i staden å satse på eit nytt kyrkjelydshus på Røbekk. I 2015 blei bygget seld til kommunen for å frigjere tom-



Bergmo småkyrkje var opphavleg eit samvirkeleg som blei ombygd og vigsla til kyrkjeleg bruk i 1981. Kyrkja blei nedlagt i 2017 da det nye kyrkjesenteret på Røbekk stod ferdig. Foto: MIM.



Interiøret i kyrkja var enkelt og praktisk. I tillegg til kyrkjerommet var det ein småsal, kjøkken, to kontor, søndagsskolerom og samtalerom. Til saman kunne dei to salane romme 350 personar. Foto: MIM.



Orgelet, døypefonten og preikestolen. Preikestolen er laga av Karl Nerbø. Foto: MIM.

ta. Det var delte meiningar om nedlegginga, men ved avskjedsgudstenesta i juni 2017 var det takken som rådde. Dei fleste – også i den gamle dugnads-gjengen – hadde forsona seg med at kyrkja hadde hatt si tid, og gledde seg over alt ho hadde betydd. Delar av inventaret blei overført til det nye kyrkjesenteret på Røbekk, der også mykje av verksemda blei vidareført – med ny giv.

Men den kyrkjelege bruken tok ikkje slutt med dette. Dei siste åra har den eritreiske kyrkjelyden i Molde leigd bygget av kommunen som samlingsstad for si verksemd.



Den gamle korskyrkja på Bolsøya blei bygd i 1726 og riven i 1907 etter at dei nye kyrkjene på Røbekk og i Røvika stod ferdige. Jørgen Olafsen-Holm skriv i Bolsøboka at «Bolsø kirke var en pryd for fjorden og gav landskapet dets særpreg med det kvite gudshus på Bolsøyas høgste punkt». Foto: Kirkhorn.

Bolsøy kyrkje (riven)

Den eldste Bolsøykyrkja – *Bylingseyar kirkja* – er nemnt i Aslak Bolts Jordebok frå 1432 og i Trondhjems reformats av 1589. Kyrkja var da anneks under Veøy. I ein synfarringsrapport frå 1661 er ho skildra som ei stavkyrkje med «skotter» (svalgangar) og tårn, og ho var støtta opp av «tre store Stave» (skorder). Kyrkja hadde da korsform, etter at det på eit tidspunkt (truleg 1660) var bygd til korsarmar i tømmer mot nord og sør (Dietrichson, 1892).

Ved det store kyrkjesalet i 1723 stod kyrkja til nedfalls. Etter stor innsats frå bøndene i soknet kunne ei ny kyrkje innviast 1. desember 1726, ei høgrest korskyrkje i tømmer. Stavkyrkja blei truleg ståande til den nye kyrkja var ferdig. I 1740 blei kyrkja hovudkyrkje i det nyoppretta Bolsøy prestegjeld. Folket langs begge sider av Fannefjorden sokna til kyrkja og kyrkjegarden på Bolsøya, og kyrkja blei halden i god stand heilt til slutten av 1800-talet.

Ved ein større reparasjon i 1840-åra fekk kyrkja det karakteristiske lanternetårnet og den kvite bordkledninga.

Men tidene arbeidde imot kyrkja på øya, og

da det ved kgl.res. 2.5.1896 blei bestemt å dele soknet og bygge nye kyrkjer på Røbekk og i Røvika, var eitt av vilkåra at Bolsøykyrkja måtte rivast (Olafsen-Holm, 1939).

Kyrkja blei nytta for siste gong i september 1905. Da blei det halde takkegudsteneste for Karlstad-forliket, og da klokkene slo sine ni utgangslag, var det slutt for godt – etter mange hundre år med kyrkje på øya.

Lokalt blei det teke initiativ til å berge kyrkja, og presten støtta oppunder. Men korkje soknestyret eller bøndene på Bolsøya ville binde seg til å halde kyrkja ved like, og i 1897 blei ho seld til riving for 1 600 kroner. Rivinga blei gjennomført i 1907 og tømmeret nytta til ulike bygg i Romsdal og på Sunnmøre, mellom anna til ei sjøbu i Ålesund. Taksteinen blei brukt opp att på Hjelset bedehus.

Inventaret skulle delast mellom dei nye kyrkjene. Men etter at Røbekk stod ferdig i 1898, var Bolsøykyrkja framleis i bruk som soknekyrkje for Røvik fram til 1905. Noko av inventaret som skulle til Røbekk måtte derfor bli ståande, og etter ymse tingingar og mellomoppgjer blei det til at dei viktigaste inventarstykkene, som altertavle, preikestol og begge kyrkjeklokkene, enda opp i Røvika.



Interiør frå Bolsøy kyrkje. Altartavla og preikestolen står i dag i Røvik kyrkje. Foto: Kirkhorn.



På den gamle kyrkjetufta ligg det att delar av grunnmuren som viser kor kyrkja stod. Kyrkjegarden er framleis i bruk, men er automatisk freda som middelalderkyrkjegard.

Kyrkja hadde også to eldre klokker. Den største, som var støypt i 1751, veit vi ikkje noko meir om. Den minste er heilt frå stavkyrkja si tid og heng i dag i klokkestopulen på kyrkjegarden. Den har følgjande innskrift på latin: «MAGISTRO OP MA HANC FVDIT PAVLVS GEORGII F AO CHRISTI MDXCIX PERPETVO LAVDANDO» som kan omsettast med: «Paul Jørgensen støypte denne klokka i 1599 til evig pris for den beste og største meister» (dvs. Gud).

Men kyrkja blei sakna, og i 1920-åra vakna tanken om å reise eit mindre kapell på den gamle kyrkjetufta. Ved olsokstemnet i 1928 blei det teke opp offer til saka, og kvart år sidan, så nær som i krigsåra, har det vore arrangert Bolsøystemne med gudsteneste på den gamle tomte og innsamling til nytt kapell. I 1978 utarbeidde arkitekt Jostein Heggdal forslag til ei «naustkyrkje» i same stil som kapellet på Nord-Heggdal. Etter at han døyde same år, arbeidde arkitekt Otto Nøst vidare

med forslaget. Kapellet blei byggemeldt i 1986, men prosjektet viste seg å vere for omfattande. I 1997 la Nøst fram skisser til eit mindre bygg i same stil, men også dette stranda, mellom anna på grunn av Riksantikvaren sine vernekrav til den freda middelalderkyrkjegarden.

Etter at Bolsøya blei landfast i 1991 og mange nye, unge familiar etablerte seg på øya, endra også vilkåra seg for kapellplanane. Bolsøyakomiteen under soknerådet orienterte seg meir i retning av eit kombinert kapell og forsamlingshus, gjerne i samarbeid med lokale foreiningar og lag. I 2006 blei det utarbeidd eit skisseprosjekt for ei fellesløyising med skolen. Kva som blir den endelege løysinga på kapellsaka er uvisst.

I Bolsøyboka har Jørgen Olafsen-Holm gjeve eit treffande uttrykk for det mange følte: *Bolsø kirke var en pryd for fjorden og gav landskapet dets særpreg med det kvite gudshus på Bolsøyas høgste punkt* (Olafsen-Holm, 1939).



Segna om trollpila på Bolsøya

«Segna fortel at Olav den Heilage på ei av reisene sine la til land ved Bolsøy. Her tykte han det var ein fin stad å bygge kyrkje. Han kalla da allmugen saman og fekk dei til å skaffe byggmeister. Ryktet om denne kyrkjebygginga spredte seg vidt og breitt og nådde til slutt også fram til ei trollkjerring som budde på fjellet Skåla i Vøy sokn, ei mils veg frå Bolsøya. Ho likte naturlegvis ikkje at det blei reist ei kristen kyrkje så nær og bestemte seg for å gjere bygningsmennene mein. Ho forhasta seg likevel ikkje, men da kyrkja var ferdig, eller nesten ferdig, tok ho ein dag bogen sin, la pila på strengen og skaut. Pila nådde likevel ikkje så langt som ho ville, men traff bakken eit stykke frå kyrkjegarden, der ho blei ståande, og der ho enno er å sjå som ein bautastein. Ho er 6–7 alner høg» (Olafsen-Holm, 1939).

Trollpila står ved fylkesvegen om lag 150 meter aust for Bolsøya kyrkjegard. Ho er 5,1 meter høg og 40 cm brei og skal vere landets høgaste bautastein. Foto: MIM.



Kleive kyrkje og kyrkjegard frå sør-aust.

Kleive kyrkje

Den første kyrkja:

Stavkyrkja (middelalder–1697)

Den eldste kjende kyrkja på Kleive var ei stavkyrkje frå middelalderen, første gong nemnt i Trondhjems reformats av 1589. Kleive var da annekst under Veøy prestegjeld og delte prest med Vestnes og Sylte (Tresfjord) sokn. Vi veit ikkje detaljert korleis kyrkja såg ut, men av kyrkjerekneskapane går det fram at ho hadde våpenhus, skip, kor og skriftehus (sakristi), to klokker i tårnet og var støtta opp med 9 famnar lange skorder. Kyrkjestolen (rekneskapsboka) frå 1646 fortel om ein konstant kamp mot røte og forfall dei siste 50 åra kyrkja var i bruk. I denne tida får kyrkja nye benkar, nytt tårn med spir og fløy, fleire nye stolpar og støtter (skorder), nytt tak og golv, jamvel eit vindauge – truleg på sørveggen ved preikestolen – og ho blir tjørebredd fleire gonger (Berg og Rottem, 1958; Berge, 2008; Berg I., 2008; Austigard, 2008).

Husa på Kleivegardane låg den gongen samla, som i eit klyngetun. Kyrkja stod mest truleg attmed sjøvegen sørvest for tunet, der Andersgarden ligg i dag, på eit stykke som sidan blei kalla Kyrkjeåkeren.

Den andre kyrkja: Korskyrkja i tømmer (1697–1857)

I 1696 blei det søkt om å få bygge ny kyrkje, fordi «det gamle Kleve Capel var af Stafwerk bygd, af Alder i Grunde saa aldeles brøstfædig at den stød til falds», så kørkje prest eller tilhøyrarar våga seg inn der i storm. Søknaden blei raskt innvilga, og året etter kunne dei bygge den nye kyrkja, ei korskyrkje i lafta tømmer. Tufta blei flytta opp til den nye veggen gjennom bygda, på garden Skalle sin grunn, der også dagens kyrkje står. Kleive var eit relativt fattig sokn, og etter tilvising frå biskopen blei det meste av kontantutlegget på 264 rd. 1 ort og 2 sk. (om lag 1 050 kroner) dekt av Veøy og Aukra prestegjeld.

Kleive kyrkje

Type: Åttekantkyrkje i tømmer med tilbygd kor og våpenhus

Arkitekt: Chr. H. Grosch, typeteikning

Byggmeister: Botolv Groven, Kleive

Vigsla: 1858

Tal sitteplassar: 270. Opphavleg 690.


Liturgisk målform: Bokmål

Kyrkja stod ferdig og blei vigsla i 1697. «Een deel fornemme Mænd udi Romsdalen» gav pengar til «Een Smuck Altertaflue og Predikestoel» samt «Eet Skillerum imellem Choret og Kiercken med Dreyede Pillere paa». Den utskorne preikestolen fekk sidan vere med over i dagens kyrkje, men altertavla blei seld på auksjon.

Også den nye kyrkja fekk oppleve tider med forfall og vanstell. For å skjerme mot vêret blei søre, nordre og vestre korsarm bordkledde i 1702, men alt i 1710 måtte ein legge nytt bordtak og sette i stand tårnet og kyrkja inni. I 1723 blei kyrkja seld på auksjon til rådmann Lorentz H. Holst i Trondheim, saman med dei andre kyrkjene i Veøy og Bolsøy. Kyrkja blei skøytt vidare til sonen Hans Holst på Moldegård i 1737 og til sunnmørsfuten Ole Alsing i 1757, som same år grunnla Osen jernverk. Etter at han døydde i 1780, fekk dei 71 sjølveigande bøndene i soknet kjøpt kyrkja attende på auksjon. Ei synfaring i 1781 viser at kyrkja hadde forfalle både ute og inne. I åra som følgde blei manglane gradvis utbetra, og ved visitasen i 1801 heiter det at kyrkja er i god stand, «men liden til den folkemængde som søger der hen».



Fram til 1912 gjekk vegen gjennom bygda langs nord-sida av kyrkjegarden, og hovudinngangen vende mot nord. Sidan blei hovudinngangen flytta til sørsida. Dei store inngangsdørene er utstyrte med flotte smijernsbeslag. Foto: MIM.



Den åttekanta forma gir eit ope og luftig kyrkjerom. Fargesettinga er frå 1987 etter ein plan utarbeid av arkitekt Christ Allan Sylthe.



Alterbildet av Kristus er måla av kunstmålar Øyvind Nilsen, Oslo. Sidefelta er måla av Knut Skjegstad.



Den sekskanta døypefonten med dåpsfat frå kring år 1900 og kanne. Rundt kanten på dåpsfatet står: «GAAR DERFOR HEN OG GIØRER ALLE FOLK TIL DICIPLE, IDET I DØBE DEM TIL FADERENS OG SØNNENS OG DEN HELLIG-AANDS NAVN. MATH 28, 19.» Foto: Håkon Ingar Mork

Den tredje kyrkja: Åttekantkyrkja i tømmer (1858–)

Haugerørsla stod sterkt på Kleive, og kyrkjesøkinga var god. I 1855 talde soknet 1229 personar, og korskyrkja var alt for lita til å romme ein tredjedel av folketalet, slik kyrkjelova av 1851 kravde. Den 23. juni 1856 sende kyrkjeverje Løve Schevig søknad om å få rive kyrkja og bygge ei ny. Sokneprest Deinboll seier i si tilråding at gamlekyrkja er «både trang og mørk saa at menigheden i lengre tid har været betenkt paa at faa et større og oppbyggeligere gudshus». Søknaden blei innvilga, og våren 1857 blei gamlekyrkja riven etter 161 års teneste. Ein del av tømmeret blei seld, og den eine korsarmen, truleg koret, er bevart i eit stabbur på Dalset i Fræna.

Teikningar til den nye kyrkja fekk dei tilsendt frå departementet, ei typeteikning av arkitekt Chr. H. Grosch. Men fordi kyrkja ligg på ein vêrhard stad, blei høgda på tårnet redusert. Tømmeret hogde dei i kyrkjeskogen på Åfløybakken i Nesset og på Mauset, og dei fire store stolpane under tårnet blei tekne frå Gussiåsskogen, medan bord-



Preikestolen frå 1697 kjem frå den tidlegare korskyrkja og blei restaurert i 1934. Innskrift oppe: «BØJER EDERS ØRE HID OG KOMMER TIL MIG 1857». Innskrift nede: «SALIGE ERE DE SOM HØRE GUDS ORD OG BEVARE DET 1697».

materialen blei kjøpt. Alle protokollar og rekneskapar frå denne tida er borte, men det blir fortalt at ein byggmeister frå Trondheim tok på seg byggeoppdraget, og at gardbrukar og tømmermann Botolv Groven utførte arbeidet på akkord saman med arbeidarar frå bygda.

Kyrkja er bygd av seks toms tømmer, i empirestil. Skipet har åttekantplan med tilbygd kor og sakristi i aust og våpenhus i vest. Taket var opphavleg tekt med raud pannestein på pløgt tro. Sperrene, som låg synlege mot kyrkjerommet, var høvla og måla. Det romslege galleriet, med plass til fem benkerader, går rundt kyrkja på tre sider.

Arbeidet gjekk fort framover, og ved inspeksjon 12. november 1857 fann ein ikkje noko til hinder for å vigse kyrkja. Men eitkvart må ha kome i vegen, for først 20. juni 1858 blei kyrkja innvigd, av konstituert prost C. O. Heltberg i Nesset.

Seinare endringar

Etter dette veit vi ikkje noko om kyrkja før i 1886, men frå 1889 tok ein til med ymse forbetringar:

Inventaret blei måla, det blei kosta benkar til konfirmantane og nye inngangsdører til våpenhuset. I 1893 la ein undertak av panel i kvelven og i koret, og i 1897 blei pannesteinen på taket skifta ut med skifer lappskifer.

Da nyvegen gjennom bygda blei lagt nedom kyrkja i 1912, blei det opparbeidd ny kyrkjeveg frå sør og hovudinngangen blei flytta til sørsida av våpenhuset. Same året kledde ein taket på tårnkista med kopar i staden for bly, og i 1931 la ein kopar på heile tårnet.

I 1927–34 blei interiøret endra, etter planar utarbeidde av arkitekt Ole Lind Schistad. Kyrkjestolane, som delvis var frå den eldre kyrkja, blei skifta ut med nye. Ei grøn frise med sjablongmåling på kryssfiner blei montert oppunder taket kring heile kyrkjerommet og koret, alterveggen fekk bogefelt, det blei bygd nytt korskilje, alteret forlenga og klokkarstolen flytta til nordveggen i koret. Altertavla blei utvida med sidefelt og dei gamle fargane i preikestolen avdekte og fornya. Endeleg blei heile interiøret måla i fargar avstemte etter blåfarga på preikestolen.

I 1950 bygde ein dåpsrom i nordre del av våpenhuset, og i 1953 blei sakristiet pussa opp.

Lysekrona som heng midt i skipet blei gjeve av kyrkjelyden i 1955 etter ei kronerulling.

Etter ein visitas i 1985 skreiv biskop Ole Nordhaug: *Kleive kirke må fullrestaureres!* Og biskopen fekk det som han ville. Avd.ark. Christ Allan Sylthe hos Fylkeskonservatoren utarbeidde i 1986 ein plan for arbeidet i samarbeid med Riksantikvaren. Benkane blei bygde om og kyrkja fekk isolasjon i tak, golv og veggar. Bordkledninga på ytterveggane måtte fjernast, men blei i størst mogeleg grad ombrukt. Til slutt blei kyrkja måla utvendig og fekk ny fargesetting og måling innvendig. Arbeidet var ferdig til påske i 1987, og med dette fekk kyrkja den utsjånaden ho har i dag.

Kunst og inventar

Altertavle: Kyrkja hadde først eit forgylt trekors på alteret. Dette blei i 1911 skifta ut med alterbildet av Jesus, måla av kunstmålar Øyvind Nilsen, Oslo. Ved restaureringa 1927-34 fekk altertavla sidefelt med bilde av apostlane Markus, Johannes, Peter og Paulus, måla av Knut Skjeggstad.

Alterutstyr: Alterkalk i sølv med innskrift: «Af wælædle og wælbyrdige Cammerraad O. Alsing ladet omgiøre og tillegge 10 lod. Anno 1759».



Kyrkja har eit stort galleri med fire benkerader på kvar side. Den tida bøndene eigde kyrkja leigde dei ut benkeplassar «på lemmen» mot ei årleg avgift slik at fleire blei med på å betale driftsutgiftene til kyrkja. Galleriet er ikkje lenger i bruk av brannvernomsyn. Orgelet har 20 stemmer og er levert av Norsk Orgel- og Harmoniumfabrikk, Snertingdal, i 1958.



Peder Bårdsen Frisvoll Ulleland (Smed-Pe) laga dette rosemåla ferdaskrinet som gåve til si festarmøy Beret Tomasdatter Talset i 1836. Det har mellom anna vore brukt som nisteskrin ved kyrkjereiser.



Kyrkjeskippet blei laga til 100-årsjubileet i 1958 av Johannes Aksdal, Molde.



Gamal fattigblokk (offerbøsse), jernbeslått og med dobbel lås.



Den eldste kyrkjeklokka sprakk i 1983 og er utstilt i gangen bak galleriet. Innskrift: «GUD ALLENE DEN ÆRE. STØBT I BERGEN 'M' THOMAS LYDERSEN ANNO 1725.».

Alsing var eigar av kyrkja på den tida; «omgiøre» kan bety at kalken er enda eldre. Kalk og disk har merket til sølvsmiden Michael Segelecke. Alterlysestakar i sølv frå 1919. Lysestakar i messig, truleg frå 1680-1700, og i tinn frå 1700-talet.

Preikestol: Åttekanta i tre frå 1697, frå den tidlegare korskyrkja. Restaurert 1934. Innskrift oppe: «Bøjer eders øre hid og kommer til mig 1857». Innskrift nede: «Salige ere de som høre Guds ord og bevare det 1697».

Døypefont: Sekskanta i tre. Døypefat frå kring 1900.

Alterdukar: 1. Alterduk med hekla bord av Agnes Grovehagen, 1960–70-talet. 2. Linduk med hekla bord av Aslaug Nordhaug, 1993. 3. Hardanger-



I 2013 tok Kleive menighet over det tidlegare Groven bedehus som kyrkjelydshus. Foto: MIM.

saumsduk laga ved ei kvinnebedrift på Madagaskar, 2006.

Anna inventar: Tårnlykt av blekk, truleg frå 1700-talet. Rosemåla nisteskrin frå 1836. Gamal


offerbøsse og offertavle i tre. Fire utskorne korstolar av eik i barokkstil, laga av Kristoffer Eide, 1943, trekt om av Olav Risehagen. Prosesjonskors laga av Peder Groven, 2007.

Orgel: Kyrkja fekk pipeorgel med 5 stemmer frå Olsen & Jørgensen, 1904. Utvida med 2 stemmer i 1935. Dagens instrument er eit elektropneumatisk pipeorgel med 20 stemmer, 2 manualar og pedal frå Norsk Orgel- og Harmoniumfabrikk, Snertingdal, 1958.

Kyrkjeklokker: Den minste klokka har innskrift: «No 39 STØBT AF HALVOR SUNDT I TRONDHJEM 1823». Dette kan ha vore ei eldre klokke som blei støypt på Holm i 1789, men øydelagt kring 1821 og støypt om i 1823. Den største klokka blei innkjøpt etter at ei klokke frå 1725 sprakk i 1983. Ho er støypt ved Olsen Nauens klokkestøperi, Tønsberg, og har innskrift: «ÆRE VÆRE GUD 1984».

Kyrkjegardane

Den gamle gravstaden kring kyrkja har truleg vore i bruk sidan korskyrkja blei bygd i 1690-åra og har vore brukt om att fleire gonger. I 1906 blei det anlagt ein hjelpekyrkjegard vel 200 meter lenger aust, til dagleg kalla *inste kyrkjegarden*. Allereie i 1924 blei det meldt at kyrkjegarden var fullsett. Noko av grunnen var at mange pasientar frå Oppdøl sjukehus blei gravlagde på Kleive. Firmaet Midthaug oppførte ein fabrikkbygning vest for gravplassen i 1946, og etter fleire utvidingar omgir fabrikkken i dag gravplassen på tre kantar. Han er vedteken stengt for nye feste, men skal halddast ved like. Kyrkjegarden ved kyrkja blei utvida austover i 1982 og eit stort felt nordvest for kyrkja blei vigsla og teke i bruk i 1988.



Inste kyrkjegarden på Kleive 1923. Dei kvite trekorsa dominerer bildet. Tusenkunstnaren Andreas O. Rønningen (1843–1924) som budde ved kyrkja var spesialist i å måle namn og årstal på korsa. I dag er alle borte. Foto: Wilse, Norsk Folkemuseum.

Gravferd over fjordisen på Kleive

Andreas Kleivenes (f. 1925) minnest at da Sissel Nakken (død 16. januar 1942) skulle gravleggast, var det sterk sjøis på fjorden. Dei kørde kista med hest og slede på isen frå Ullaland til Kleivsjøen og så vidare rett opp kleivane – om lag der sjøvegen frå ret-teleg gamalt gjekk. På kyrkjegarden blei kista sett ned, og det blei grave over. Den døde «vart jorda», som dei sa. Så fór gravfølget same veg heim att. Kjelde: Bjørn Austigard.

Kva gravprotokollane for Kleive og Bolsøy kan fortelje

Mykje gards- og slekthistorie kan lesast ut av eldre gravprotokollar. Det rette tidsbildet får ein ved å sjå på titlane dei avlidne var innførte med. Blant mennene finn ein titlar som gardbrukar og «pladsmænd», men også arbeidar, skreddar, snikkar, agent og rentenist. Kvinnene kan vere innførte som småbrukerske, kårenke, husmor, kjøkkenpike eller skolestyrers hustru.

Etter at Opdøl sjukehus blei opna i 1913 blei mange av pasientane der gravlagde på Kleive kyrkjegard, nokre også på Røbekk. Protokollen seier sjeldan noko om familien deira, men har ofte med fødestaden – som kan vere frå heile fylket. Dette fortel si eiga såre historie om ei tid der dei sjuke ofte blei gøynt bort og gløymt (Mørk, 1998).

Røvik kyrkje

Frå Bolsøya til Røvika

Folket langs Fannefjorden hadde reist til kyrkje på Bolsøya sidan før år 1400. Frå sørsida av fjorden stemnde båtane frå Røvika og Hovdenakken mot kyrkja i 9-tida om søndagsmorgonane, og i 15-tida kom dei attende. Folket frå Solemdal måtte i tillegg gå ein time kvar veg. Sjøreisa var likevel ikkje av dei lengste, og kyrkjesøkinga var jamt god, særleg frå Røvika. Da folket på Fannestranda kring midten av 1800-talet tok til å arbeide for kyrkje på fastlandet, vekte det derfor motstand frå sørsida av fjorden, som ville få lengre og hardare kyrkjeveg. Men da soknestyret endeleg tok opp saka i 1890 var det snakk om å bygge to kyrkjer, og dette forslaget fekk tilslutning frå begge sider av fjorden (Heggem, A., Berild A. og Berg, E., 1963; Neerland, 2005).

Ved kgl.res. 2.5.1896 blei det bestemt at Bolsøy hovudsokn skulle delast i to og at det skulle byggast nye kyrkjer på Røbekk og i Røvika, medan den gamle Bolsøykyrkja skulle rivast. Det nye *Røvik sokn* skulle omfatte gardane på sørsida av Fannefjorden frå og med Tollåsen til og med Hovdenakken. Heradstyret vedtok at det nye soknet «gives navnet Vågene sogn», men departementet meinte det kunne forvekslast med Vågan i Lofoten, og at Røvik var eit meir høveleg namn.

Røvik kyrkje

Type: Langkyrkje i reisverk med ytre korsform

Arkitekt: Ing. Gabriel Smith, Ålesund

Byggmeister: Erik P. Sylte, Tresfjord

Vigsla: 1905

Tal sitteplassar: 168. Opphavleg 312.

Liturgisk målform: Bokmål

Byggeprosessen

Alt i 1893 hadde ordføraren i Bolsøy vendt seg til Kyrkjedepartementet med spørsmål om å få låne teikningar som kunne høve til dei to nye kyrkjene. Meininga var å bygge dei som langskipskyrkjer i lafteverk med 750 sitteplassar i Røbekk og 350 i Røvik, forutan galleri. Men da dette ikkje gav noko resultat, vende ein seg til ingeniør Gabriel Smith ved hamnekontoret i Ålesund, som nyleg hadde teikna kyrkjene på Vigra og i Voll (Måndalen). Han teikna ei kyrkje med 312 sitteplassar. Både Røvik og Røbekk er langkyrkjer i tre med korte tverrskip, bygd i ei blanding av sveitserstil og nygotikk. Dei har mange fellestrekk i planlysing og ytre form, og står på mange måtar fram som søsterkyrkjer med litt ulik storleik. Planen var å reise kyrkjene i lafta plank, slik som Vigra og Voll, men fagfolk meinte det var både billegare og



Røvik kyrkje ligg sentralt og godt synleg i bygda. Ho stod ferdig i 1905.



Kyrkjeskipet framstår om lag som i 1905. I 1950-åra blei koret bygd om i barokk stil for å passe betre med inventaret frå Bolsøykyrkja. I 1970-åra blei benkane ombygde.

betre å bygge i reisverk med utvendig og innvendig panel, og dette blei vedteke.

Etter soknedeling i 1896 skulle det enno gå ni år før den nye kyrkja stod ferdig, og i mellomtida fungerte den gamle Bolsøykyrkja som soknekyrkje. Finansieringa gjekk relativt greitt. Av ein samla kostnad for kyrkje og kyrkjegard på kr 21 500, disponerte kyrkjekassa ein kapital på kr 19 000, hovudsakleg frå sal av kyrkjepartar i Bolsøykyrkja. Det skulle vise seg at diftskostnadane blei ei større byrde for det vesle soknet, og sokneskatten måtte settast éin prosent høgare i Røvik enn i sokna Bolsøy og Kleive.

Først i 1905 kom bygginga av den nye kyrkja i gang. Byggmeister Erik P. Sylte frå Tresfjord, som hadde vunne anbodet, var ein røynd kyrkjebygger og fekk arbeidet fort unna. Medan det enda var sledeføre i 1905, blei det kjørt hoggen stein til murane frå steinbrotet i Røviklia. 12. november 1905 var bygget så ferdig at ein kunne halde avstemminga om kongedøme eller republikk i det nye Norge der. Og 13. desember 1905 blei kyrkja vigsla av nidarobiskop Vilhelm Andreas Wexelsen.

Ved soknedeling skulle kyrkjeklokke og anna inventar frå Bolsøykyrkja delast mellom dei nye sokna. Preikestolen og den største klokka skulle til Røbekk, men sidan Bolsøykyrkja måtte



I 2016 fekk kyrkja nytt pipeorgel med 14 stemmer, plassert i nordre tversskip. Orgelet har gitt kyrkja eit nytt liv som konsertkyrkje.

gjere teneste som soknekyrkje for Røvik lenge etter at Røbekk kyrkje stod ferdig, blei det til at Røbekk skaffa det meste nytt, medan ein større del av inventaret hamna i Røvik. Mellom anna blei det

Altartavla frå 1730 kjem frå den gamle Bolsøykyrkja. Det er eit av dei finaste arbeida til «bildsnider» Peder Knudsen Kjørsvik frå Fræna.





Døypefonten er laga av treskjerar Anthon Røvik i 1953. Fonten er laga i barokk stil for å passe inn med altertavla og preikestolen frå 1730-åra.

Preikestolen kjem frå den gamle Bolsøykyrkja og er laga av Peder Knudsen Kjørsvik kring 1730. Han blei sett i stand og innpassa i kyrkja i 1950.

gjort forlik om ei orgelgåve til Bolsøy kyrkje slik at Røbekk fekk alle orgelpengane mot at Røvik fekk altertavla og preikestolen. Røvik fekk også kjøpe den største klokka. Røvik overtok såleis både altertavla, preikestolen, nattverdkalk med brødfat, ein døypefont og begge kyrkjeklokkene frå Bolsøy. Slik blei det ein sterk kontinuitet frå gamlekyrkja på Bolsøya til den nye i Røvik. Altertavla og preikestolen er frukter av den pietistiske Sjustjernevekkinga i Romsdal og på Nordmøre på 1700-talet.

I 1917 kom det framlegg frå innbyggerane i Røvik sokn om å bli skilde frå Bolsøy prestegjeld og danne eit nytt prestegjeld saman med Veøy hovudsokn. Men utspelet vann ikkje fram. I 2009 blei det naturlege hopehavet likevel manifestert da dei to sokna slo seg saman til *Røvik og Veøy sokn*.

Kyrkja i nyare tid

I 1950-åra blei koret i Røvik kyrkje platekledd og måla i meir barokk stil for å passe betre med inventaret frå Bolsøykyrkja. Preikestolen blei sett i stand og innpassa i kyrkja etter 45 års lagring. Det



blei også laga ny døypefont, alterring og klokkestol. Det nye inventaret stod ferdig og blei innvigd i samband med kyrkja sitt 50-årsjubileum i 1955. Arbeidet blei styrt av bildeskjerar Anthon Røvik. Ei ny restaurering skjedde i 1970-åra, utført av Per Talsethagen og Gunnar Gjerdebø. Benkane blei ombygde for å oppnå betre sittekomfort og måla i dei same grønfargane som i koret, i staden for den tidlegare okerfargen. Det blei også sett inn doble glas i vindauga og taket blei isolert.

Nytt uthus med toalett, bårerom, spiserom og lager blei teke i bruk i 1984, og i 2003 fekk kyrkja ei staseleg utvendig rullestolrampe.

Kunst og inventar

Altertavle: I tre, frå Bolsøykyrkja. Tavla er eit av dei finaste arbeida til «bildsnider» Peder Knudsen Kjørsvik frå Fræna, skore kring 1730. Hovudmotivet er «Jesus på korset», med figurar av Adam og Eva og Moses med lovtavlene på sidene. Over dette tronar den sigrande Kristus, med figurar av Noa og Paulus på sidene, og øvst står Kristus med «Ordets sverd». Tavla er omgjeve av 8 englar med basunar og palmegreiner.



Dei utskorne brudestolane med gyllenlêr er laga av Anthon Røvik. Til høgre står den gamle, stubbeforma døypefonten.

Alterutstyr: Alterkalk og paten (brødfat) i sølv frå Bolsøy kyrkje.

Preikestol: I tre, frå Bolsøykyrkja, laga av Peder Knudsen Kjørsvik, Fræna, kring 1730. Preikestolen blei sett i stand og innpassa i kyrkja i 1950 av Ivar Røvik. Fire av sidene har originale utskjeringsar av evangelistane. Den femte sida viser «Såmannen» (Luk. 8), utført av bildeskjerar Anthon Røvik, 1950.

Døypefont: I tre, skoren av Anthon Røvik, 1953. Døypefat med innskrift: «Lader de små børn komme til mig og forhindrer dem ikke». Erstattet ein eldre, stubbeforma font.

Alterduk: Alterduk i svartsaum brodert av Kirsti Fylling, ca. 1930.

Kyrkjetekstilar: Messehaklar i kvitt, fiolett og grønt, antependium, stolar og offerhåvar laga av Ingrid Røvik Solheimdal i 1980–90-åra.

Anna inventar: Messinglysekrona, 1905. Klokkestol designa av Anthon Røvik, 1950. Utskorne brudestolar med gyllenlêr laga av Anthon Røvik. Lesepult laga av Knut Steinar Dahle, 2002. Prosesjonskors og -lysestakar laga av Gunnar Talset.

Orgel: Orgelet på galleriet er frå 1851 og bygd av Paul Christian Brantzeg. Det har 6 stemmer, 1 manual og pedal og blei innkjøpt frå Holt Seminarium, Tvedestrand i 1932. Orgelet er verna av Riksantikvaren.

I 2016 fekk kyrkja nytt orgel, eit mekanisk pipeorgel med 14 stemmer, 2 manualar og pedal frå Sandtner Orgelbau, Tyskland. Orgelet er plassert i nordre tverrskip. Det blei vigsla 13.03.2016.

Kyrjeklokker: Røvik kyrkje overtok begge klokkeane frå kyrkja på Bolsøya i 1905. Den eine er «STØBT AF HALVOR SUNDT I TRONHIEM 1827». Den andre er støypt på «FABRIKKEN VED NIDELVEN 1855».



Kyrkjeskipet har framleis dei originale fargane i trekvitt og oker. Benkane blei ombygde i 1970-åra. Ryggane blei gjort mindre bratte og polstra for betre sittekomfort, og fargen blei endra frå oker til lys grønt som stod i stil med koret.



Messinglysekrona i skipet er original frå 1905.



Det gamle orgelet er bygd av Paul Christian Brantzeg i 1851 og blei i 1932 innkjøpt til kyrkja frå Holt Seminarium i Tvedestrand. Orgelet er freda av Riksantikvaren.

Åkerlehaugen kapell

Stiftelsen Åkerlehaugen er ein retreatstad i Solemdalen, etablert i 1990. I 1995 tok Inga og Tore Andestad initiativ til å få reist eit kapell på staden, og 9. juni 1996 kunne biskop Odd Bondevik vigsla det nye bygget. Kapellet er teikna av arkitekt Asbjørn Bua og bygd på dugnad med Knut Nesje som byggeleiar.

Kapellet har 16 sitteplassar og ei grunnflate på 27 kvadratmeter. Det har veggar av pussa leca og torvtak bore av limtredragarar. Ein frittstående mura dobbeltsøyle ved inngangen tener som klokkestopul og er krona med eit kors som strekker seg mot himmelen.

Kapellet fekk Molde kommune sin byggeskikkpris i 2002. I grunngjevinga heiter det mellom anna: *Rommet inngir en intim og sakral stemning, med sine enkle former, materialbruk og innredning, bekjedne grunnflate og høyreiste form som åpner mot østhimmelen og skogen.*

Ved overrekkinga av prisen uttalte arkitekten: Til bygget er det å si at en liten kropp kan romme en stor sjel. (...) *Bygget måtte være enkelt og invitere til en samlet enhet. Jeg føler at jeg kan falle til ro i et slikt bygg.*

Kapellet står som ei materialisering av Åkerlehaugen sin grunnidé «Rom for stillhet» – ein stad for fordjuping, bøn, ettertanke og rekreasjon. Eller, som grunnleggarane formulerte det: *ein stad der sinn og tanke kunne søkje kvile og styrke.*



Kapell ligg som eit smykke i hagen til Åkerlehaugen retreatstad. Foto: MIM.

Åkerlehaugen kapell

Type: Kapell med sekskanta planform

Arkitekt: Asbjørn Bua

Byggmeister: Knut Nesje

Vigsla: 1996

Tal sitteplassar: 16



Klokkestopulen skjermar inngangen og skaper eit lunt uterom. Foto: MIM.



Kapellet er lite, men løfter seg sakralt med sitt store fondvindauge mot hagen. Foto: MIM.



Veøy kyrkje på Søsnes avløyste i 1907 den gamle kyrkja på Veøya som ny hovudkyrkje i Veøy prestegjeld. Kyrkjene på Søsnes og Holm er søsterkyrkjer, bygd i drakestil. Stilen var populær ein periode kring år 1900 og blei brukt i nasjonsbygginga fram mot frigjeringa i 1905.

Veøy kyrkje, Søsnes

Frå Veøya til Søsnes

Frå midten av 1800-talet blei det stadig klårare at kyrkjestellet i Veøy var modent for ei nyordning. Etter kvart som vegane på fastlandet blei utbygde, blei kyrkja på Veøya liggande meir og meir isolert, og det kom stadige utspel frå ulike bygdelag om at både soknegrensene og plasseringa av kyrkjene måtte endrast. Folket på Nesjestranda («Nordstranda») hadde likevel den enklaste sjøreisa og slo seg lengst til ro med tilhøva. Men mot slutten av hundreåret måtte også dei innsjå at «kirkesøgningen i den senere tid er i bedrøvelig mærkbar grad aftagende», og dette gjekk særleg ut over kyrkjesøkinga til barn og eldre. Arbeidet med å få nye kyrkjer på Sørstranda og i Rødven hadde allereie kome langt, og som ein ekstra impuls fekk nabosoknet Bolsøy i mai 1896 kongeleg løyve til å

erstatte Bolsøykyrkja med to nye kyrkjer på fastlandet (Langnes, 2007).

I november 1896 kom kyrkjeieigarane på Nesjestranda saman. Etter å ha drøfta saka kom dei fram til at det beste for bygda ville vere å bygge ei ny kyrkje på fastlandet, som også Sekken skulle få tilbod om å vere med på. Samtidig meinte dei at

Veøy kyrkje

Type: Langkyrkje med basilikaform i lafta plank

Arkitekt: Karl M. Norum

Byggmeister: Knut J. Flate og Anders O. Sylte, Vestnes

Vigsla: 1907

Tal sitteplassar: 202. Opphavleg 250.

Liturgisk målform: Nynorsk



Kyrkja er ei langkyrkje med basilikaform, med låge sideskip inn mot eit høgt midtrom som slepp inn dagslys gjennom høgtsittande vindauge. Interiøret har behalde dei originale fargane i lys og mørk oker.

prestegarden på Veøya burde flyttast til fastlandet. I februar 1897 vedtok dei å søke om å få danne eige sokn med kyrkje og prestegard på Sølsnes. Det viste seg at folket på Sekken ville behalde kyrkja på Veøya, og da heradsstyret handsama saka i mai 1897, gjekk det inn for å bygge ny soknekyrkje på Sølsnes, men samtidig behalde nokre gudstenester på Veøya.

Dette vedtaket var det relativt lite strid om. Langt vanskelegare var det å finne løysing på kyrkjeordninga i resten av prestegjeldet. Motstand og omkampar både frå styresmakter og dei ymse bygdelaga førte til at saka drog ut, men ved kgl. res. 14.5.1901 blei nyordninga for Veøy prestegjeld endeleg avgjort. Sørstranda og Rødven skulle utgjere eit nytt sokn med kyrkje på Holm og kapell i Rødven, og det nye Veøy hovudsokn (Nesjestranda og Sekken) skulle få soknekyrkje på garden Sølsnes sin grunn.

Byggeprosessen

Soknestyra i Rødven og Veøy møttest i februar 1902 for å planlegge oppføringa av dei nye kyrkjebygga på Sølsnes, Holm og i Rødven. Men nye protestar frå fleire bygdelag hindra framdrifta. Veøy soknestyre klarte likevel å arbeide vidare med dei to kyrkjene på Sølsnes og Holm, og vedtok at dei skulle vere langkyrkjer med 250 sitteplassar, bygde etter same teikning. Arkitekt Karl Norum i Trondheim blei engasjert til å utarbeide eit forslag, og han skisserte ei kyrkje i nasjonal drakestil, mykje lik dei tre tidlegare kyrkjene han hadde teikna: Frei (1897), Neiden (1902) og Buksnes i Lofoten (1905). Skissa blei også behandla i Nordstranda kyrkjeavdeling, som hadde lange diskusjonar om stilvalet.



Alteret er utsmykka med ein kopi av Bertel Thorvaldsens Kristusfigur, utskoren i furu av Daniel Hagerup, 1907.

Meir detaljerte skisser blei lagde fram for Veøy soknestyre i januar 1903. Styret var i hovudsak nøgd med forslaget, men ville at svalgangane blei fjerna og tårnet lukka. Norum leverte da nye teikningar som blei godkjende av soknestyret 18. juni. Honoraret på 400 kroner blei delt likt mellom dei to nye sokna Veøy og Holm. Teikningane blei sende vidare gjennom prostiet til Stiftsdireksjonen, og blei endeleg vedtekne av departementet i juni 1904.

Synfaring og oppmåling av tomte på Sølsnes blei gjort av Nordstranda kyrkjeavdeling i oktober 1902. Tomta omfatta areal til kyrkje, kyrkjegard, tilkomst og stallar.

Både soknepresten, prosten og Veøy soknestyre var urolege for at dei mange protestane kunne forseinke gjennomføringa av den nye soknedelinga. I 1903 fekk dei ordføraren til å kontakte Stiftsdireksjonen for å høyre om soknedelingane kunne gjennomførast før dei nye kyrkjene blei bygde. Svaret kom i form av ein kgl.res. 24.11.1905 som fastsette at den nye soknedelingane skulle gjerast gjeldande frå 1. januar 1906.

Veøy soknestyre valde byggekomitéar for dei



Preikestolen er rikt utforma med treskurd og utskorne balustrar med både kristne og norrøne motiv. Utskjeringane er utførte av Anthon Røvik.



Døypefonten er rikt utskoren og utført i same stil som preikestolen.

nye kyrkjene 15. november 1905. Komitéen for Sølsneskyrkja møttest allereie 21. november, og ettersom både tomt og byggeplanar var i orden, kunne dei straks lyse ut anbod på murar og kyrkjebygg. I kunngjeringa heiter det at «Huset oppføres af frisk Vinterhugget Romsdalsfuru maaske med Undtagelse for uhøvlet Materiale». Tilbodet skulle omfatte pris for oppføring både i lafteverk og stavverk, og anbodsfristen var sett til 15. desember 1905.

Det kom inn fem anbod, og etter drøfting i byggekomitéen blei oppdraget gjeve til Knut J. Flate og Anders O. Sylte, Vestnes, som tilbaud å bygge kyrkja i reisverk for 19 000 kroner. Arkitekt Norum meinte lafteverk var ein betre og meir solid byggemåte, og komitéen bøygde seg for dette. Til gjengjeld bad dei om at laftetjukna blei redusert frå åtte til sju tomnar, slik at pristillegget berre blei 530 kroner. Byggekomitéen tildelte også fleire mindre anbod, til dømes fekk Peder Flovik i oppdrag å gjere klar tomta. Hans Sletten fekk tilslag på murarbeidet, sidan fekk han også arbeidet med trappene, laga i pyramideform av stein frå Røvika.

Under byggeperioden arbeidde Veøy sokne-



Dåpsfatet har ein sjeldan dekor med eit likearma (gresk) kors som strålar ut frå Guds auge i midten. Langs kanten er det norrøne treskurdmotiv på korsarmene. Innskrift: I NAVNET FADERENS SØNNENS OG DEN HELLIG AANDS».

styre med å skaffe ymse utstyr og inventar. To kyrkjeklokker blei bestilte frå O. Olsens klokkestøperi ved Tønsberg, dei skulle til saman



Innvendig har kyrkja ein rikdom av utskorne ornament i norrøn stil, utført av Anthon Røvik. Bilda viser døme på maskeornament og søyle- og dørdekor med treskurd. Røvik var svein hos Daniel Hagerup da kyrkja blei bygd, og dette var det første større, sjølvsten-dige arbeidet hans.

vege 450 kilo og prisen var 3 kroner per kilo. Klokkene måtte støypast av beste kvalitet metall «i en smuk og feilfri støbning med en langtræk-kende klang og harmonisk afstæmte». Vidare skaffa soknestyret lysekrona, alterstakar, dåpsfat og vasskanne frå Henrik Møller i Trondheim. Dei gjorde også avtale med bildeskjerar Daniel Hagerup om Kristus-statuen på alteret og orgel frå Olsen & Jørgensen.

Kyrkja var ferdig og blei overlevert 19. juli 1907. Soknestyret uttalte «sin fulde tilfredshed med entreprenøren, baade hvad materialer til kirken angaa som med arbeidets udførelse». Det siste som gjenstod var måling, og etter utlyst anbod fekk O. Wiig i Molde oppdraget med å måle kyrkja utvendig og innvendig for kr 1 090, etter fargeskjema utarbeidd av arkitekten. Arbeidet måtte vere ferdig innan 10. august; ti dagar før den store vigslingsdagen.

Kyrkja blei vigsla av nidarosbiskop Vilhelm Andreas Wexelsen tysdag 20. august 1907. *Romsdals Tidende* kunne melde at det ikkje var eit einaste negativt ord å høyre om den nye kyrkjeordninga i prestegjeldet, og at kyrkjelyden klart gav til kjenne at dei både var nøgde med kyrkja og plasseringa. At nyordninga var vellukka går også fram



Den store messinglysekrona i skipet er original frå 1907.

av protokollen frå ein bispevisitas to år seinare, i september 1909, der det heiter at kyrkjesøkinga no er svært god i heile prestegjeldet, og at det har vore stor framgang etter at kyrkja på Søsnes blei teken i bruk. Same året kunne også presten flytte inn i den nye prestegarden i Vik.

Form og stil

Søsnes kyrkje er bygd i drakestil av lafta plank, med utvendig og delvis innvendig panel. Bygningsteknisk er drakestilen i slekt med sveitserstilen, men med gamle norske stilelement i utsmykking og detaljar. Motiva er henta både frå norrøn tradisjon og frå stavkyrkjene. Stilen var populær ein periode kring år 1900 og blei brukt i nasjonsbygginga fram mot frigjeringa i 1905. Utanfrå ser det ut som kyrkja har svalgangar, men innvendig er dette utnytta til å gi kyrkja basilikiform, med låge sideskip inn mot eit høgt midt-rom. Opningane mot sideskipa, under galleriet og i den store koropninga er forma som rundbogar i romansk stil. Vindauga har ei ruteinndeling med røter tilbake til 1700-talet. Taka er tekte med tradisjonell lappskifer. (Sylthe, 2007)

I eksteriøret er det brukt religiøse symbol i form av tredimensjonale kors og drakehovud i



Basilikaforma gir eit høgrest, lyst og ope kyrkjerom med meir avsondra soner i sideskipa. Orgelet er originalt frå 1907 og har svært høg verneverdi.

møneavslutningane. Fargebruken er tidstypisk, der raudfargen på fasadeflatene uttrykker norsk eigenart, med kontrasterande grøne dørblad og kvite detaljar. Innvendig er det ein rikdom av utskorne ornament i norrøn stil, mellom anna bjelkeendar utforma med maskeornament og søylekapitel med strek- og prikkdekor og sikk-sakkbord. Utskjeringane var det første større, sjølvstendige arbeidet til Anthon Røvik, som sidan blei ein av landets mest namngjetne bilde-skjerarar.

Interiøret har ein dus, avdempa og harmonisk fargesetting med lys guloker i veggflatene og mørkare brunoker i konstruktive detaljar. Dei same okervariantane er også brukte i altertavle, preikestol, orgelfasade og kyrkjebenkar. Dei dekorative detaljane har noko skarpare kontrastfargar i blått, grønt og raudt, med innslag av forgylling på preikestol og altertavle.

Det er gjort minimale endringar med kyrkja slik at ho i dag framstår nesten som i 1907 både når det gjeld ytre form, inventar og fargesetting. Den største endringa kom i 2001 da det blei innredd toalett i den eine sidegangen til våpenhuset. Den 100 år gamle utedoen i kyrkjestallen fekk da avløyning etter lang og trufast teneste.

Kunst og inventar

Alterutsmykking: Kopi av Thorvaldsens Kristusstatue, skore i furu av bilde-skjerar Daniel Hagerup, 1907.

Alterutstyr: Alterstakar frå Henrik Møller, Trondheim, 1907. To vinkanner og ei brødeske frå kyrkja på Veøya.

Preikestol: Oktogonal, i tre, 1907.

Døypefont: Oktogonal, i tre, 1907.

Alterdukar: 1. Linduk med lilla broderi og kniplingsbord, gåve frå ein kyrkjelyd i Sverige etter krigen. 2. Hardangersaumsduk med kors og kalk.



Tårnet med takryttarar og drakehovud har forbilde i stavkyrkjene.

Minnesteinen over jødiske flyktingar på Nesjestranda

14. september 1946 blei det avduka ein minnestein på Veøy kyrkjegard over fire jødiske flyktingar frå Tsjekkoslovakia som søkte tilflukt på Nesjestranda under krigen. To av dei var søskena Tibor og Vera Taglicht. Dei hadde flykta frå Bratislava i Tsjekkoslovakia i 1939 og søkt tilflukt i Trondheim. Men etter kvart blei det utrygt også der, og i 1941 kom Tibor til Nesjestranda, 11 år gamal. Vera kom i 1942 og var da 9 år. Dei fekk bu hos Kragsetfamilien i prestegarden. I januar 1943 skulle dei hjelpast over til Sverige, men fluktforsøket gjekk gale; dei blei angjevne og tekne til fange i Lillestrøm. Dei sat to-tre veker i Bredtvedt fengsel saman med dei andre jødane frå Nesjestranda, før dei blei sende vidare til konsentrasjonsleiren Auschwitz.

Augevitne fortel at da dei var komne fram til leiren, blei Vera kommandert over på den sida der kvinnene stod, medan Tibor blei stilt opp saman med mennene. Men han hadde lova mor si å passe på lillesøster, og etter ei kort nøling gjekk han bort og tok henne i handa. Saman kleiv dei opp på lastebilen som køyrde dei til gasskammeret. Tibor snudde seg og vinka farvel til dei som stod att, men slapp ikkje handa til lillesøster. Den natta, natt til 3. mars 1943, blei 1020 menneske – barn, kvinner og gamle menn – drepne i gasskammeret i Auschwitz. Tibor og Vera var da 13 og 10 år gamle.

I 2016 blei det plassert fire såkalla *snublesteinar* på Vågsetra skole til minne om flyktingane, og to av bygga på skolen er kalla opp etter Tibor og Vera (Kragset, 2020).

Minnesteinen over dei fire jødane som søkte tilflukt på Nesjestranda under krigen. Minneplata har følgjande innskrift: «Jødiske flyktingar frå Tsjekkoslovakia, jaga frå heimane sine av nazistane, fann ein tilfluktsstad i bygda vår. Også her forfølgde nazistane dei. Dei vart tvangssende og drepne i konsentrasjonsleiren Auschwitz. Må steinen for alltid minne oss om at alle menneske er brør.»



Hovudinngangen vender mot kyrkjegarden, som blei teken i bruk samtidig som kyrkja i 1907.

Anna inventar: Lysekrone, 1907.

Orgel: Orgelet er det originale frå 1907, eit mekanisk pipeorgel med 6 stemmer, 1 manual og anhangspedal frå Olsen & Jørgensen, Oslo. Kring 1920 blei det innsett superoktavkoppel og truleg svell. I 1956 blei det innsett subbass og ny svell av Vestres Orgel & Pianofabrikk, Haramsøya. Orgelet har svært høg verneverdi.

Kyrkjeklokker: To klokker, begge med innskrift «VEØ KIRKE 1907» og «O. OLSEN & SØNS KLOKKESTØPERI NAUEN PR. TØNSBERG». Storklokka har i tillegg: «LAND! LAND! HØR HERRENS ORD! JEREM. 22, 29», og den den mindre: «MESTEREN ER HER OG KALDER PAA DIG. JOHS. EVG. 11,28.»

Rikke Flovikholm – organist i Veøy i 73 år

Rikke Flovikholm (1898–1999) var organist i Veøy i 73 år. Berre tolv år gamal spela ho til gudsteneste for første gong, og med unntak av sin eigen konfirmasjonsdag sat ho ved orgelet under kvar einaste gudsteneste i nye Veøy kyrkje og Sekken kapell fram til ho runda 85 år. Ingen organist i landet kan vise til ei lengre og meir trufast teneste.

Ho heitte egentleg Marie Frederikke Dahl Bø og var yngste dotter av den siste forpaktaren på Veøya før Coucheron-Aamot kjøpte garden i 1905. Ho vaks opp hos Synnøve og Nils Flovikholm på Nesjestranda, som adopterte ho etter nokre år. Nils dreiv landhandel, sagbruk og tønnefabrikk, og hadde både post, bank og utleigerom i bustaden. Synnøve var glad i musikk, kunst og litteratur og tok Rikke med til prestefrua for å lære å spele piano. Slik utvikla ho evner og interesser for kunst og kultur.

Rikke var postopnar på Nesjestranda i underetasjen heime. Huset blei som eit kultursenter der ho samla dei unge til barneforeining og dei vaksne til kulturkveldar med musikk, opplesing og historier frå gamle dagar. Ho var også å sjå og høyre under ulike tilstellingar i forsamlingshus kring i Romsdal. Under krigen utsette ho seg sjølv for livsfare da ho opna dørene for jødiske flyktingar. I dagar og veker gøymde ho dei medan tyske soldatar saumfór bygda.

Rikke blei verdsett langt utover bygda og fekk mellom anna Kongens fortenstmedalje og fylkeskulturprisen i Møre og Romsdal. Dei siste åra budde ho på sjukeheim. Men også der hadde ho mest dagleg si økt ved pianoet. Og i hundreårsselskapet i 1998 akkompagnerte ho sjølv gjestene under allsongen. Ho døydde i 1999, 101 år gamal (Bruaset, 1998).



Kyrkjestallen på Søsnes er den einaste som står att på sin opphavlege plass i heile fylket (ein mindre stall står ved Fiksdal kyrkje). Den inneheld 25 båsar delt på to rekker med ein mellomgang. Stallen har knapt vore i bruk etter krigen. På 1980-talet var han sterkt forfallen og skulle rivast. Men på 1990-talet kom antikvariske verneinteresser inn og ville bevare anlegget. I 1996 blei stallen restaurert i regi av Fortidsminneforeningen, Molde kommune og Møre og Romsdal fylkeskommune.

Sekken kyrkje

Frå Veøya til Sekken

Folket på Sekken hadde sidan middelalderen sokna til den staselege Peterskyrkja på Veøya. Da det på slutten av 1800-talet blei snakk om å bygge ny kyrkje på Sølsnes, erklærte folket på Sekken at dei for sin del ville behalde Veøykyrkja. Det første offentlege utspelet om ei kyrkje på Sekken kom i eit møte i Veøy heradsstyre i mai 1896, der John Eik fekk protokollert at Sekken godt kunne trenge ei eiga kyrkje, om ein no først skulle i gang med ein større prosess (Langnes, 2007).

Nyordninga for Veøy prestegjeld blei fastsett ved kgl.res. 14.5.1901. Etter denne skulle Sekken få eigen gravplass, men elles sokne til den nye hovudkyrkja på Sølsnes. Folket på Sekken ville ikkje godta dette, og samla inn 200 kroner slik at nokon kunne dra til Stiftsdireksjonen i Trondheim og Kyrkjedepartementet i Oslo for å tale Sekken si sak. Edvard Vestad (Myra) tok på seg oppdraget, og han gjekk på beina, først til Trondheim, deretter til Oslo. Det seiest at han gjekk rundt i Oslogatene i to dagar før han fekk mota seg opp til å oppsøke Kyrkjedepartementet, men han uttalte

Sekken kyrkje

Type: Langkyrkje i lafta plank

Arkitekt: Ole Havnæs, Ålesund

Byggmeister: Knut J. Flate, Vestnes

Vigsla: 1908

Tal sitteplassar: 130. Opphavleg 140.

Liturgisk målform: Nynorsk

seinare at han følte seg godt motteken både der og i Trondheim (Westad, Rekdal Eik, 2008).

Saka kom etter kvart opp i kommunestyret, og i eit samrøystes vedtak den 4. januar 1902 heiter det at «Herredstyret anbefaler på det beste Sækkens Indvaaneres Andragende om Opførelse af Kapel på Sækken med tillagt Gravplads.» Den formelle søknaden blei sendt til Kongen 30. januar 1902, med skisse og kostnadsoverslag frå byggmeister Ole Havnæs i Ålesund. Men svaret let vente på seg, og først 27.11.1907 låg det føre regjeringsresolusjon med løyve til å oppføre «et kapel paa en dertil udset tomt af gaarden Sekkenæs». Vestad hadde også vore inne i bildet som kyrkjestad, men valet fall til slutt på «fjøstomta» på inste Sekkeneset.



Sekken kyrkje ligg på Sekkeneset heilt aust på Sekken. Kyrkja stod ferdig i 1908. I bakgrunnen minnestein over Håkon Herdebrei som fall i slaget ved Sekken i 1162.



Kyrkerommet er bygd i nygotisk stil og er måla i lyse, venlege fargar. På venstre tverrvegg heng det opphavlege alterkorset, laga av Knut Vestad, 1908. På høgre tverrvegg heng eit måleri av den tronande Kristus, måla av Erling Vestad, 1939.

Byggeprosessen

Det blei oppnemnt byggekomité, og Ole Havnæs leverte byggeteikningar og nytt kostnadsoverslag. Byggmeister Knut J. Flate frå Vestnes fekk ansvaret for bygginga. Grunnmuren blei oppført av murmeister Hans Lien av hoggen stein frå lia på Sekkeneset, og stein til trappene blei henta i Røviklia. John Vold – «Glas-Jo» frå Måndalen – var glasmeister. Spirot med vindfløya der det står 1908 er laga av Paul Gåsø frå Romdalvika på Sekken.

Kyrkja stod ferdig og blei vigsla 28. oktober 1908 av prost Schjeldrup i Veøy. Dette var det fjerde kyrkjebygget i Veøy prestegjeld som blei vigsla på vel eit år, etter Sølsnes, Holm og Rødven. Kyrkjegarden hadde da vore i bruk sidan oktober 1907.

Sekken kyrkje er ei langskipskyrkje med rektangulært skip og smalare kortilbygg mot aust, og tårn med våpenhus mot vest. Kyrkja er bygd i sveitserstil av lafta plank med utvendig og innvendig panel. Opphavleg var kyrkja måla i lyse og mørke okerfargar både innvendig og utvendig. Men i 1950 blei innvendige veggflater, berande konstruksjonar og galleri måla i lysare grøne og

blå fargar. Utvendig blei fargane skifta til elfenbein på veggflatene og motegrønt på vindskier og kantbord. I 2007 blei dei utvendige fargane skifta på nytt, til kvitt på veggflatene og mørk oker på kantmarkeringane.

Kyrkjeklokka i tårnet er storklokka frå Veøykyrkja, og det har si eiga historie. Da kyrkja på Veøya skulle leggest ned i 1907, bestemte kyrkje-eigarane at klokka skulle seljast. Folket på Sekken var imot dette, men skulle klokka først seljast, ville dei sikre seg klokka sjølv. Dermed sende dei Edvard Vestad (Myra) og Anders Vestad til auksjonen. Dei hadde avtala at Edvard skulle starte med å by ivrig, men når prisen nærma seg «taket» skulle Anders overta og utmanøvrere dei andre. Og slik gjekk det, dei fekk tilslaget.

Kyrkja i nyare tid

Kyrkjesøkinga på Sekken har alltid vore god, og øyfolket har teke godt vare på både kyrkja og kyrkjegarden. Når det har vore behov for vedlikehald eller anskaffingar som ikkje kunne løysast på annan måte, har lokale personar, foreiningar og lag stilt mannjamt opp. Bårehuset med reiskapsbod og toalett stod ferdig i 1976, teikna av arkitekt Jon



Koret er stilreint og enkelt.

Alterbildet med motiv «Jesusbarnet i stallen» er utført av kunstmålar Maria Vigeland og stod ferdig oppsett 2. juledag 1947.



O. Villa, og kyrkjegarden, som berre hadde vore inngjerda av trestolpar med stålstreng, fekk skikkeleg stakittgjerde i 1994.

I 1954 fekk Sekken eige sokneråd etter at det året før var opna for å ha eigne sokneråd for kapelldistrikta. Med heimel i ny kyrkjelov blei Sekken kapelldistrikt eige sokn frå 1.1.1997, og kapellet fekk da status som soknekyrkje.

Kunst og inventar

Altertavle: Altertavla bestod først av eit trekors på svart botn, laga av Knut Vestad (Myra). I 1946 fekk kyrkja ei anonym pengegåve til alterbilde «som ein takk for freden». Alterbilde med motiv «Jesusbarnet i stallen» blei tinga hos kunstmålar Maria Vigeland, og stod ferdig oppsett 2. juledag 1947.

Preikestol: Åttekanta, i tre, frå 1908. Maria Vigeland blei i 1967 engasjert til å måle utsmykkinga. Treskjerararbeidet i lavt relieff er utført av Wilhelm R. Sjøwall.

Døypefont: Åttekanta, i tre, 1908.

Alterdukar: Hardangersaumsduk i grov tellelin laga av Amanda Våge, Molde, 1977. Mønsteret er kopiert frå tidlegare duk laga av kvinnene på Sekken, 1908.

Anna inventar: Måleri ved preikestolen av «Den tronende Kristus» av Erling Vestad, 1939.

Orgel: Frå 1914 hadde kyrkja eit harmonium av ukjent fabrikat. Nytt kapellharmonium frå Vestres Orgel & Pianofabrikk, Haramsøya, blei teke i bruk i 1937. Dagens instrument er eit pipeorgel/positiv



Døypefonten er åttekanta. Det vakre dåpsfatet har dekorasjonar med motiv frå norrøn treskurd, lik dei på dåpsfatet i Sølsneskyrkja.

med 6 stemmer, 1 manual og pedal frå Vestres Orgel & Pianofabrikk/Hallstein Runshaug, innvigd 15.11.1987.

Kyrkjeklokker: Klokke kjøpt frå Veøy gamle kyrkje i 1907. Klokka datt ned og blei skada i 1859. I 1885 blei ho sendt til omstøyping i Molde. Innskrift: «VAAGN OP DU, SOM SOVER! STAA OP FRA DE DØDE, LAD KRISTUS LYSE FOR DIG» og «CHRISTIAN CHRISTENSEN'S STØBERI, FUGLSETNÆS VED MOLDE 1885.»



Preikestolen er frå 1908 med dekorasjonar på sidefelta frå 1967. Treskjerararbeidet i lavt relieff er utført av Wilhelm R. Sjøwall og måla av Maria Vigeland.



Kyrkerommet sett frå koret. Vi ser tydeleg det flotte treskjerararbeidet i utfyllingsfelta mellom konstruksjonane.



Orgelet er frå 1987. Det er produsert ved Vestres Orgelet & Pianofabrikk og levert av Hallstein Runshaug.



Nokre av dei originale sponene frå taktekinga på tårnet i 1908 er tekne vare på og utstilte i våpenhuset. Spontekkinga blei skifta ut med kopar ca. 1960.



Løyvet til å bygge kyrkje i 1907 omfatta også etablering av kyrkjegard. Begge blei tekne i bruk i 1908. Kyrkjegarden var lenge berre inngjerda av stolpar med stålstrenger, men fekk skikkeleg stakittgjerde i 1994.



Kyrkja og prestegarden sett frå Nordvågen. I middelalderen gjekk sjøen høgare og nærmare kyrkja. Mot aust er den gamle kyrkjegardsmuren intakt, medan kyrkjegarden seinare er utvida mot nord.

Foto: Johnny Bratseth/Romsdalsmuseet.

Veøy gamle kyrkje

Kaupangen på Veøya

Veøya er første gong nemnt i Magnus Erlingssons saga, der det heiter at Håkon Herdebrei oppheldt seg nokre dagar i kjøpstaden før slaget ved Sekken våren 1162 (Sturlason, 1959). Øya var eit knutepunkt der den indre skipsleia gjennom Langfjorden møtte vegen til Austlandet gjennom Romsdalsfjorden og Romsdalen. Med si sentrale plassering og sine gode naturhamner blei Veøya tidleg sentrum og tingstad i Raumsdølafylke, og namnet *Veøya – Den heilage øya* – tyder på at øya var kultstad allereie i førkristen tid. Mellom anna er her fleire gravrøysar frå steinalderen.

Øya hadde si blomstringstid som politisk, kyrkjeleg og økonomisk sentrum i perioden 1050–1350. På det meste budde det kring 300 innbyggjarar i kaupangen, og fleire bygardar er

nemnde i dokument frå middelalderen. Veøya var da den største kaupangen mellom Bjørgvin og Nidaros. Frå 1300-talet auka den faste busetnaden i dei ytre kystbygdene, og Veøya mista noko av si betydning. Tilbakegangen starta allereie før svartedauden, og kring år 1500 blir ikkje Veøya lenger omtala som kjøpstad. Likevel var det fast fylkesting på øya fram til 1632, og kyrkja heldt fram med å vere hovudkyrkje for Veøy prestegjeld heilt til 1907.

Kyrkjene på Veøya

Steinkyrkja på Veøya er dedikert til St. Peter og blei bygd som fylkeskyrkje for Romsdal. Kristenretten fastsette at fylkeskyrkjene som hovudregel skulle byggast i stein, og Peterskyrkja er den einaste middelalderske steinkyrkje i Romsdal (Håkonsson, Hagland og Sandnes, 1994). Ho er første gong nemnt i eit testamente frå 1308/1309, men blei bygd på 1100-talet. Veøy var eit av dei 24 kannikgjelda i Nidaros, det vil seie at ein kannik (prest) ved domkapitlet i Nidaros sat som formell sokneprest og styrte økonomien i prestegjeldet, både for kyrkjebygga og kapellanane. I vårt fylke var også Borgund og Tingvoll kannikgjeld. På 1400-talet eigde erketetet nærare 3 000 gardsbruk

Veøy gamle kyrkje

Type: Langkyrkje i mur

Vigsla: Perioden 1140-1200

Tal sitteplassar: 400

Liturgisk målform: Nynorsk

Vestgavlen med jernankera som viser årstalet 1703, da murverket i veggene blei reparert. Den gamle vestportalen, omramma av marmor og kleberstein, var hovudinngang fram til våpenhuset blei bygd i 1660-åra. Portalen blei mura att i 1896. Foto: Johnny Bratseth/Romsdalsmuseet.



– ofte blant dei beste, og vel 100 av dei var i Romsdal.

I tillegg til steinkyrkja har Veøya hatt fleire trekyrkjer; skriftlege kjelder indikerer tre, munnleg segntradisjon fortel om heile seks (Schøning, 1778). Dei lave steinvollane vest og sørvest for dagens låvebygning blei allereie på 1700-talet tolka som to små kyrkjegardar der det kunne ha stått kapell. Brit Solli sine arkeologiske utgravingar i 1989–92 stadfesta dette. Ho fann kristne graver heilt frå slutten av 900-talet og spor etter ein bygning på kvar kyrkjegard. Den eine er truleg «prest Benedicts Korskirke» som er nemnt i eit diplom frå 1343. Det kan dessutan ha stått ei trekyrkje i same område som steinkyrkja, som forløpar til denne. I 1488 var berre steinkyrkja att (Solli, 2008).

Vi har ingen samtidig skildring av Peterskyrkja i middelalderen, men materialbruk, byggemåte og spesielle funn kan kaste lys over bygningshistoria. Kyrkja blei oppført i det store steinbyggingsårhundret som tok til i åra fram mot 1150, da dei fleste av våre meir enn 300 middelaldersteinkyrkjer blei bygde. Bygginga starta med koret. Opp til gavlnivå er veggane bygde opp av fint tilhogd kvaderstein i svart amfibolitt, medan gavlen er mura av lokal brotstein. Stilen er reint romansk, og ut frå portalutforminga er koret datert til 1140–1150. (Det passar også med ei radiokarbondatering (¹⁴C-analyse) av ein stillasstokk på korloftet som er datert til 1035–1165.) Bygginga av skipets austre del starta samtidig med koret, men mykje tyder på at det har vore eit lengre opphald i arbeidet etter at koret var ferdig, noko som ikkje var

uvanleg. Vestportalen i skipet viser stiltrekk som passar i overgangen mellom romansk og gotisk byggestil, det tyder på at skipet ikkje var ferdig før kring år 1200. Murverket i skipet består av lokal brotstein, medan portalar, vindaug, hjørne og sokkelprofilar er hogde i kleberstein, marmor og svart amfibolitt. Veggane i kor og skip er bygde i kistemur, som består av to kalkmura skal av større steinar og ei kjerne av kalkmørtel med mindre steinmateriale som fyllstoff. Murane er opptil 1,6 meter tjukke. (Stige, 2008)

Funn av kollag i grunnen og svarte parti i kalkmørtelen viser at kyrkja har brunne ein gong i middelalderen. Tidspunktet er ukjent, men det må ha skjedd før bygginga av takverket, som er årringsdatert (dendrokronologisk datert) til perioden 1512–1530. Stige (2008) antydar at brannen kan ha herja kyrkja så tidleg som i 1206 da baglarane rana byen i eit oppgjør mot birkebeinarane, eller ho kan ha blitt brent av hanseatane heilt på slutten av 1400-talet.

Kyrkja etter reformasjonen

Den eldste kyrkjestolen (rekneskapsboka) for Veøy kyrkje startar i 1646 og går fram til kyrkja blei seld i 1723. Stolen gir detaljerte opplysningar om kyrkja sine faste eigedomar, inventar, verdjar, inntekter og utgifter, slik at vi kan følgje utviklinga frå år til år. Kyrkja var den gongen hovudkyrkje i det store Veøy prestegjeld og forholdsvis rik. Men kostnadane til vedlikehald og ombyggingar var også store, og dessutan blei kyrkja ofte pålagt å yte bidrag til kyrkjelege formål andre stader i landet.

Peterskyrkja på 1200-talet

Morten Stige har skildra korleis folk kunne oppleve kyrkja for 800 år sidan (Stige, 2008): *Kirken lå den gang i utkanten av en liten by. [...] Kirkens murer var hvitkalkede som i dag, men taket var tekt med tjærebredde bord. Kanskje hadde kirken en takrytter til klokkene, kanskje hang de i et høyt klokkeårn på kirkegården. Hovedinngangen var den gjenmurte vestportalen, mens nordportalen sto uten våpenhus. Presten hadde sin inngang til kirken direkte gjennom korets sørportal som nå er bygget inne i skriftehuset. Kirkebygget var renere i formen og murene mer lukket enn i dag. [...] Kirkerommet hadde bare to vinduer mindre enn i dag, men alle vinduene var mye mindre. De var smale, sto høyt oppe på veggen og hadde farget glass slik at det lille lyset som slapp inn var gyllent og ikke hvitt som nå. [...] Alterbildet sto foran alteret, så lyset fra øst var synlig bak lektoriet som var plassert foran korbuen. [...] I skipet var det flere altere med vokslys og helgenbilder med forgylling og maling i sterke farger. På veggene var det gjerne fargesterke kalkmalerier med scener fra Bibelen og helgenlegendene. Gulvet midt i rommet var åpent med unntak av døpefonten som sto nede ved vestinngangen. Benker var det bare langs veggene i skipet og oppe i koret. Galleriene var ikke bygget og gulvnivået var om lag en meter lavere enn i dag. Dessuten var det åpent takverk i både skip og kor. Alt dette må ha gjort at kirken virket mye mer høyreist enn den gjør i dag.*



Kyrkerommet om lag slik det kan ha sett ut på 1200-talet. Rommet var meir høgrest enn i dag fordi golvet var lågare og takstolane opne. Foran koropninga stod lektoriet og truleg fleire sidealter. Teikninga er laga av Siv R. Lindheim etter skisse av Morten Stige.



Bildet viser dagens bygningar på Veøya frå lufta. Nordvågen til høgre i bildet. Mot nord prestegarden og bårstua frå 1664. Mot sør løa. I midten kyrkja med kyrkjegarden ikring. Til venstre for bygningane ligg dei gamle kyrkjegardane der det er funne kristne graver heilt attende til 900-talet. Delar av steinmurane er framleis synlege. Foto: Johnny Bratseth/Romsdalsmuseet.

Det er ikkje plass til å gjennomgå heile bygningshistoria her, men vi skal nemne nokre av dei endringane som har gjeve oss den kyrkja vi kjenner i dag (Austigard, 2008).

Omskiftet frå katolsk til luthersk kyrkje skjedde i hovudsak på 1600-talet. Den første endringa var bygging av vestgalleriet i 1612. I 1620-åra blei middelaldervindauga i koret og på nordveggen i skipet utvida og fekk dekorerte vindaugsinnfatningar i renessansestil. Innebygde benkar kom i 1640–41; fleire av benkedørene er i dag utstilte i skriftehuset (sakristiet). Dei blei dekormåla av lesjingen Hans Syversen (Øverli) Belle kring 1820. Lektoriet blei rive ein gong før 1656. I 1656–59 blei det gjort fleire inngrep i murverket: Korbogen blei utvida i breidda frå 2,6 til om lag 4 meter. Det blei laga opning i muren frå koret med trapp opp til preikestolen, og opninga til det tidlegare lektoriet blei mura att. På sørveggen blei glasopningane til dei to middelaldervindauga utvida og det blei brote ut eit stort, nytt vindauge lenger vest.

Våpenhuset blei mura opp framfor nordportalen i 1660–63. Vestportalen gjekk da ut av bruk og blei stengt med bord i 1680-åra. I 1896 blei det sett inn vindauge i øvre del av portalen medan nedre del blei mura att.

Kring 1650 er ytterskalet på vestveggen i ferd med å falle ut. I første omgang blir veggen sikra med fire store muranker og deretter kalka. Ein meir omfattande reparasjon kjem i 1701–03, da store delar av veggen blir mura på nytt og jernankera som dannar årstalet 1703 på vestveggen blir sette inn. Som ei ekstra sikring blir det lagt eit kraftig tømmeranker frå vestgavlen over kyrkjeloftet til gavlen mellom skipet og koret. Tilsvarende anker og kraftige tømmerstokkar blir lagde inn på tvers av kyrkjeskipet frå sørveggen til nordveggen.

Takverket over skipet og koret, med sperrer, saksesperrer og hanebjelkar, er eit meisterstykke av ein konstruksjon. Mykje av treverket er originalt frå 1520-åra, men ein del røteskadde sperrer blei skifta i perioden 1660–79. Utanpå var det lagt eit dobbelt, tjørebredd bordtak, som stadig trong reparasjon. Men i 1701 blei det kjøpt inn takpanner i tegl frå Trondheim, og etter at vestveggen og undertaket var sett i stand, kom taksteinen på plass i 1704. Tårnet blei fornya i 1722 og på nytt i 1844 (Austigard, 2008).

I perioden 1723–1781 var kyrkja i privat eige og dokumentasjonen er dårlegare. Av større endringar veit vi at skriftehuset blei bygd i 1750-åra, truleg etter påtrykk frå den driftige soknepresten



Kyrkja og kyrkjegarden er i dag freda og heile «Nordøya» er verna som natur- og kulturlandskap. Kyrkjegarden er ikkje lenger i bruk og berre nokre få gravminne står att. Kyrkjegardsmuren er framleis intakt. Foto: Morten Stige.

Erik Røring som på same tid fekk bygd dei to store prestegardshusa. Schøning fortel at det i 1766 var ein stor skogbrann på øya som nesten gjorde det av med både kyrkja og prestegarden (Schøning, 1778).

Utover på 1600-talet blei det vanleg at framståande borgarar kunne kjøpe seg gravplass inne i kyrkjene. I Veøykyrkja finst det tre små gravkammer under korgolvet med til saman 18 kister frå perioden 1660–1750. Mange av dei inneheld tidlegare prestar i Veøy og familien deira. Det var også eit gravkammer under sakristiet, og nokre få personar blei gravlagde under golvet i hovudskipet. All slik gravlegging blei forbode i Danmark-Norge i 1805 (Ekroll, 2008).

I visitasmeldinga frå 1848 heiter det at kyrkja er i god stand, med unntak av taket, som blei fornya året etter (1849–50). Men bøndene i soknet fann tida inne for fleire bygningsmessige endringar. Rå luft under kyrkjegolvet hadde lenge vore eit problem som førte til stadige reparasjonar, og no ville dei ta det vonde ved rota og løfte golvet nesten ein meter både i skip og kor. Resultatet blei ei storvøling i 1856 som omfatta nytt golv, delvis nye benkar, nytt knefall, heving av alterbordet, ombygging av korstolar og pulpitur, galleri langs nordveggen og himling i skip og kor. Målarmeister Peder O. Samseth sette det endelege



Kyrkjeskipet og koropninga. Koropninga blei utvida og dekorert med kvadersteinsdekor i 1656. Benkane og lysekrona er frå 1850-åra. Foto: Johnny Bratseth/Romsdalsmuseet.

preget sommaren 1858 da han måla store delar av kyrkja innvendig. Den omfattande bjørkeådringa på dører og benkevengar var svært dyktig utført og marmoreringa på søylene ber preg av høg kvalitet. Han utførte også sjablonmålinga i taket. Oppdragsgjevarane var særst godt nøgde med arbeidet, og sjølv i dag, 160 år seinare, kan vi konstatere at det har halde seg utruleg bra. I same omgang blei lysekrona i skipet kjøpt og montert. I 1861 blei også sakristiet sett i stand og utbetra. Etter dette blei det berre gjort mindre vedlikehaldsarbeid fram mot hundreårsskiftet (Langnes, 2008).

Frå hovudkyrkje til fortidsminne

Mot slutten av 1800-talet arbeidde bygdene kring fjorden for å få kyrkjer på fastlandet. Vågstranda fekk si kyrkje i 1870, og ved kgl.res 14.5.1901 blei det bestemt å bygge ny hovudkyrkje på Sølsnes, ny kyrkje på Holm og nytt kapell i Rødven. Veøykyrkja skulle leggest ned som hovudkyrkje når den nye på Sølsnes var teken i bruk, og bli teken vare på som fornminne. Men det skulle haldast



Preikestolen frå 1635 har ei imponerande oppbygging. Her er søyler, pilastrar og rektangulære felt der givarane har fått kvart sitt felt. Foto: Romsdalsmuseets fotoarkiv.

gudsteneste i den gamle kyrkja kvar 1. pinsedag.

Kjenslene var delte, mellom anna var biskop Skaar i Trondheim skeptisk til å legge ned den «ældste og ærværdigste, men ogsaa en af de smukkeste, for ikke at sige den smukkeste kirke i Romsdalen».



Det meste av inventaret i koret er frå etter reformasjonen. Skapnisjene i murane og nedre del av alteret er frå middelalderen. Etter at golvet blei heva med nær ein meter i 1856, måtte dei skøyte på alteret i høgda. Altertavla står her med lukka dører. Bildet viser «Bebudelsen», med erkeengelen Gabriel og jomfru Maria, etter eit koparstikk av Virgil Solis frå 1562. Bak til venstre står ein klebersteinsgravstein over to av barna til sokneprest Zacharias Holch, som døydde i 1618 og 1623. Dekorasjonane i taket og sjablongborden langs taket er utført av målarmeister Peder O. Samseth i 1858. Foto: Johnny Bratseth/Romsdalsmuseet.



Altertavla er datert 31. oktober 1625 og må vere sett inn i kyrkja ein gong mellom 1625 og 1631. Tavla er ei såkalla katekismetavle med bibelske tekstar. Foto: Johnny Bratseth/Romsdalsmuseet.



Alterstakane. Den sjuarma messinglysestaken er truleg frå sokneprest Holck si opprusting av koret først på 1600-talet. Staken er laga for støypte talglys. Dei to messingstakane på sidene er datert til 1400-talet og laga for bivoksllys, som i katolsk tid blei rekna som «reinare» enn talglys. Foto: Romsdalsmuseet.

Men vedtaket stod fast, og søndag 18. august 1907 heldt den nye nidarosbisen, Vilhelm A. Wexelsen, avskjedsgudsteneste for kyrkja på Veøya. Romsdals Tidende kunne melde at det strøymde til med båtar av alle slag frå fjern og nær.

I 1922 blei taket og delar av murane reparerte. Etter dette blei 1900-talet konservatorane sitt hundreår. Undersøkingar av interiøret og inventaret starta i 1936 ved restaureringskonsulent

Domenico Erdmann og blei vidareført i 1959 av konservatorane Ola Seter og Arne Bakken. Men det mangla økonomiske middel til restaurering, og dei gamle kyrkjeieigarane – bøndene som framleis hadde vedlikehaldsansvar – ville nødvendig bruke pengar på kyrkja. Saka løyste seg i 1959 ved at Veøy kommune tok over ansvaret, og i 1960–63 blei taket og tårnet sette i stand. Men den verkeleg store restaureringa kom først i 1976–78, un-



Kyrkjeskipet sett frå preikestolen gir eit godt overblikk over interiøret slik det blei forma etter reformasjonen med utvida vindauge, benkar og galleri. Vestgalleriet er frå 1612, nordgalleriet frå 1856. Pulpiturstolen på nordgalleriet frå 1858 er sett saman av ombrukte element, mellom anna frå eit dåpshus frå 1620-åra som stod under vestgalleriet. Inventaret blei bjørkeådra i 1858, men galleribrystninga og pulpiturstolen fekk att sine opphavlege fargar i 1976-78. Foto: Johnny Bratseth/Romsdalsmuseet.



Døypefonten er frå 1600-talet, men foten blei truleg skifta ut da fonten blei måla med bjørkeådring i 1858. Det er påvist eldre dekor under ådringa. Foto: Bjørn Austigard/Romsdalsmuseet.



Korstolane langs nordveggen i koret er sette saman av ombrukte element frå 16- og 1700-talet. Epitafiet er ei minnetavle over to av presten Zacharias Holch sine barn som døydde i 1618 og 1623. Foto: Kjartan Prøven Hauglid.

der leing av tømrrar Gerhard Hestad frå Molde kommune. Kyrkja fekk da den utsjånaden og dei fargane ho har i dag. Samtidig gjennomførte malarikonservator Jon Brønne frå Riksantikvaren grundige undersøkingar av overflater og inventar (Olstad, 2008).

Kyrkja har halde fram med å gi utfordringar og inspirasjon til dei antikvariske fagmiljøa, også inn i det nye tusenåret. Ein viktig milepåle var det tverrfaglege *Grubleseminaret* på Veøya somrane 2007 og 2008, som låg til grunn for Romsdalsmuseets årbok 2008 om Veøy kyrkje.

Veøy kyrkje er i dag eigd av Molde kommune og blir forvalta av Romsdalsmuseet. Sjølv om kyrkja no er eit freda fortidsminne, er ho framleis eit vigsla kyrkjebygg som blir brukt til gudstenester, bryllaup og konsertar og som samlingsstad ved store kyrkjejubileum. Sidan 1908 har det vore halde årlege pinsestemne på øya, i samsvar med resolusjonen frå 1901. I over 100 år har dette vore – og er – Veøya sin store festdag. I 2017 blei Veøya ein av 26 nøkkelstader langs *Kystpilegrimsleia* mellom Egersund og Trondheim. Det vil bidra til at stadig fleire får oppleve Veøya sitt særeigne miljø og rike historie.

Kunst og inventar

Altertavle: Renessansetavle frå 1625 med fløy-dører som kan opnast. I open stilling viser tavla Fadervår, innstiftingsorda til nattverden og andre katekismetekstar; i lukka stilling ei skildring av «Bebudelsen» med erkeengelen Gabriel og jomfru Maria, etter eit koparstikk av Virgil Solis frå 1562. Restaurert 1976–78 (Sæverud, 2008; Olstad, 2008).

Alterutstyr: To vokslysestakar frå middelalderen og ein sjuarma lysestake i messing, truleg frå først på 1600-talet.


Preikestol: I tre frå 1635. Stolen har rikt utskorne søyler, pilastrar og rektangulære felt som viser givarane sine våpenskjold og initialar.

Døypefont: I tre frå 1600-talet. Fonten hadde opphavleg ein annan fot som truleg blei skifta ut da fonten blei måla i 1858.

Alterdukar: Alterduk i smøyg-teknikk av Ingrid Solheimdal og Edna Solemdal. Mønsteret er kopiert frå alterduken frå seinmiddelalderen som heng innramma på veggen i skriftehuset (Vedeler, 2008).

Messehaklar: Messehakel i rosa silkebrokade frå 1670-åra. Ein messehakel frå ca. år 1500 er i Bergen museum sine samlingar.

Epitafium på nordveggen i koret over presten



Vindauge i skipets nordvegg. Renaissanceomramminga er frå første halvdel av 1600-talet og svært sjeldan i Norge. Ramma har stempelmerke i dekoren som er identiske med merke på altartavla og dåps-huset. Foto: Johnny Bratseth/Romsdalsmuseet.



Takverket over koret er datert til første halvdel av 1500-talet. Det består av parallelle sperrepar som kviler på horisontale bindbjelkar mellom murveggane. Sperrane har høg hanebjelke og er innmura i forhøgningar av murkronene. Dette tyder på at taket tidlegare har vore oppe og at loftsgolvet er lagt sidan. Foto: Kjartan Prøven Hauglid.



Fire av dei gamle benkedørene og ein benkevange som ikkje blei brukt oppatt i 1858. Desse er utstilte i skriftehuset (sakristiet). Foto: Bjørn Austigard/Romsdalsmuseet.



Kyrkjeklokka er ei såkalla sukkertoppklokke i bronse frå middelalderen. Sukkertoppfasongen tyder på eit støypetidspunkt mot slutten av perioden 1150–1350. Foto: Johnny Bratseth/Romsdalsmuseet.



Austvindauguet i koret er utvida både i høgde og breidde i høve til det opphavlege middelaldervindauguet. Denne utvidinga kom truleg saman med reparasjonsarbeida som sokneprest Holck fekk utført i 1631, og som er omtala på klebersteinsplaketten ved sida av vindauguet. Foto: Morten Stige.

Thomas von Westen og «Syvstjernen»

Thomas von Westen (1682–1727) var sokneprest i Veøy frå 1711 til 1716. Han var fødd i Trondheim og tok alt som 17-åring teologisk embetseksamen i København. I 1709, 27 år gamal, gifta han seg med den 52 år gamle Anna Pedersdatter, enke for andre gong, men god for 20 000 riksdalar. von Westen kom seg med dette ut av si økonomiske knipe, men han var ingen økonom. Han kunne vere uvanleg gavmild, særleg mot dei som støtta han, og da han døydde sat enka att i fattigdom. von Westen gjorde seg bemerkta som ein nidkjær pietist, og blei ein leiarskikkelse i «Syvstjernen», eit samband av sju pietistiske prestar i Romsdal og på Nordmøre som blei starta i 1713. Presten Hammond skriv: *Mørkhetens rike fant uti herr von Westen den ivrigste motstander; han gjorde anfall allevegne, begynnende først hos sin egen menighet; uorden, lidderlighet og andre herskende synder skulle utryddes; dette stod i landets lov.*

Framferda skapte motstand, det blei sendt klager både til bisp og konge, og var det uår, ulykke eller fisket slo feil, fekk presten skulda. Somme slutta seg til han, men dei fleste var imot, og arbeidet bar lite frukt. Likevel heiter det at «menigheten æret og elsket ham og gråt bitterlig, da han ble kalt fra den».

I 1716 blei von Westen tilsett som lektor i teologi ved Trondhjem Katedralskole, og frå den tida er arbeidet hans særleg knytt til Finnemisjonen, altså misjon blant samane. Sjølv gjennomførte han tre reiser til Finnmark der han preika, tilsette predikantar og arbeidde for å reise skolar og kyrkjer. Samane var først uvennlege mot han, men han vann dei etter kvart. I ettertid er han rekna som ein pioner fordi han såg betydninga av å bruke samisk språk, og har fått heiderstittelen *samenes apostel* (Øverås, 1941).

Portrettet av Thomas von Westen er måla i 1715. Teksten oppe til venstre seier på smålåt vis at: «Jeg vil icke rose mig uden i mine skrøbeligheder.» Foto: Johnny Bratseth/Romsdalsmuseet.



Zacharias Holcks to barn som døydde i 1618 og 1623. Restaurert 1976–78.

To korstolar, sette saman i 1858 av ombrukselement frå 16–1700-talet. Måla i opphavlege fargar 1976–78.

Pulpitur, 1858, sett saman av ombrukte element, mellom anna frå eit dåpshus frå 1620-åra som stod under vestgalleriet. Måla i opphavlege fargar 1976–78.

Kyrkjeklokker: Inventarlistene frå 1648 og 1747 fortel at kyrkja hadde to klokker. Den eine, ei bronseklokke, heng framleis i tårnet. Ho har sped klang og ingen innskrift. Ut frå fasongen er det antyda eit støypetidspunkt mot slutten av den romanske perioden 1150–1350. Ei inventarliste frå 1811 fortel at det da var «2de bekostede nye Klokker». Den eine datt ned og blei skadd i 1859,

og støypt om ved Chr. Christensens støyperi på Fuglset i 1885. William Coucheron-Aamot hevdar at «til støbning benyttedes ogsaa Metallet af den gamle Klokke, der gjennom Aarhundreder har kaldt Folket til Gudstjeneste». Korleis dette skal tolkast er noko uklart. Kan hende blei ein av dei gamle middelalderklokkene med i støypinga i 1811 og på nytt i 1885. Det som er klart er at klokka blei seld på auksjon i 1907 og i dag heng i Sekken kyrkje. Kvar det blei av den andre 1811-klokka, er uvisst (Groot, 2008; Langnes, 2008).

Minnesmerke: Ved kyrkja er det reist ein minnestein over slaget ved Sekken i 1162 der Håkon Herdebrei fall. Innskrift: «Kong Håkon Herdebrei 1147 – 1162. Reist av Romsdal sogelag, Romsdal Ungdomssamlag og Veøy kommune, 1962.

I teneste hos prost Jens Stub på Veøya

Minnest om prostens Jens Stub (1764–1819) på Veøya levde lenge. Lars Skjegstad frå Tresfjorden skreiv i 1905 ned denne historia om lag 100 år etter at ho hende:

Paa Veø prestegaard tjente ogsaa min mors ældste søster, halvsøster Sigrid Nesje som stuepige hos provsten Stub, Gamlestub, der skulde have studeret i Wittenberg. En dag, hun holdt paa at gjøre rent paa hans kontor, kom hun til at læse i en bog, som laa paa bordet. Da hun havde læst et stykke i denne bog, opstod der en frygtelig rammel i trapperne. Provsten kom øieblikkelig springende og sagde: «Nu havde du nær gjort en ulykke, du har løst han gamleirik.» Han bandt ham imidlertid straks og paala hende for fremtiden ikke at læse i hans bøger paa kontoret. Man var sikker paa at han havde «svarte boken», og der fortælles mange saadanne historier om ham (Skjegstad, 1987).

Jens Stub blei sokneprest i Veøy i 1801 og var utsending til Riksforsamlinga på Eidsvoll i 1814. Han omkom hausten 1819 i båt på veg til annektskyrkja i Tresfjord.

Bildet øvst på neste side:

Freskomåleriet på fondveggen i mausoleet. Til høgre i bildet ser vi kunstmålar Linda Erstad i arbeid. Fotoet er eit lysbilde som William Coucheron-Aamot sjølv brukte i sine foredrag.

Jonas Lied og Veøya

Jonas Lied (1881–1969) vaks opp på Sølsnes, der han også døydde. Han grunnla *Det sibirske kompani* som etablerte ei nordleg handelsrute mellom Vest-Europa og Sibir, og var russisk statsborgar frå 1914 til han måtte rømme landet i 1931. Han var også kunstsamlar og diplomat.

Lied hadde ei genuin interesse for Veøya og Veøy gamle kyrkje. I 1950-åra arbeidde han for at kyrkja skulle restaurerast, og i 1959 løyvde Stortinget midlar til formålet. Same år skreiv han testamentet sitt. Etter at garden Sølsnes og ein del gjenstandar og bøker var fordelte, skulle resten av formuen delast mellom staten, kommunen og eit fond, der avkastinga skulle gå til vedlikehald av kyrkja på Veøya. Fondet blir i dag forvalta av eit styre med representantar for Romsdalsmuseet, Molde kommune og Røvik og Veøy sokn/Molde kyrkjelege fellelråd.

For å skape interesse for restaureringssaka, sette Lied i 1964 opp ei stamtavle for det britiske kongehuset som skulle vise at dronning Elisabeth II kunne føre sine anar attende til Mørejarlane og Veøya. Men framstøyten førte ikkje til anna enn nokre avisskriveri.

Sjølv om kyrkjegarden på Veøya er freda og nedlagt for gravlegging, fekk Lied særskild løyve til å bli gravlagd på si kjære øy. Gravplata hans ber den frimodige innskrifta «I DAG MEG. I MORGEN DEG» (Haraldsen, 2008).

Jonas Lied blei i 2018 heidra ved å få ein veg i det nye byggefeltet på Nesjestranda oppkalla etter seg.

William Coucheron-Aamot og mausoleet på Veøya

Alfred Rosenlund var den siste presten som budde på Veøya. Da han gjekk av i 1896, leigde etterfølgaren husvære på fastlandet. Det hadde da budd prestar på Veøya i nærare 900 år, men dei siste 400 åra hadde prestefamilien med tenarskap vore dei einaste bebuarane på øya. Dei to hovudbygningane, prestebustaden og allmuens herrestue, var bygde i 1752–53. I 1890-åra skal det ha vore 24 bygningar som høyrde til prestegarden.

William Coucheron-Aamot kjøpte prestegarden på auksjon i 1905. Saman med familien slo han seg ned og blei buande der til sin død i 1948. Coucheron-Aamot var ein fargerik og eksentrisk person. Han var fødd i Stavanger i 1868 og var utdanna sekondløytnant i marinen. Etter vel to års teneste i den kinesiske tollmarinen, kom han via Japan og Amerika til Norge vinteren 1893. I Kristiania fekk han kontakt med «den sarske krets» som agiterte for oppløysing av unionen med Sverige. Han gav ut fleire bøker og blei ein akta omreisande foredragshaldar. Coucheron-namnet kom frå ei gamal fransk offisersslekt, og han meinte å kunne føre slekta si attende til fleire norske kongar så vel som Karl den store. Han hevda såleis å ha rettmessig krav på den norske kongetrona. Om dette ikkje førte fram, blei han i alle fall den uomstridde «kongen av Veøy».

Vel etablert, og utan tidlegare erfaring, tok Coucheron-Aamot opp gardsdrifta på øya med ku, sau og gris – og fruktdyrking – i hovudsak basert på leigd arbeidshjelp. Han innførte harar, rådyr, fasanar og kaninar som skulle ha ein fristad på Veøya. Drifta gjekk med underskot dei fleste åra, og for å skøyte på økonomien heldt han fram som foredragshaldar i inn- og utland, heilt til sine siste år.

Etter eit foredrag i Tyskland blei han utvist frå landet. Dette tok han svært fornærmeleg opp, og da han ikkje fekk noka offisiell orsaking, erklærte han Preussen økonomisk krig og forbaud tyske båtar å anløpe Veøyas tre godshamner (!)

Hovudbygninga på garden hadde ikkje det storlagne uttrykket godseigaren ønskte. I 1933 fekk han bygd på eit tårn og ein veranda med søyler som knytte dei to delane av huset saman og gav fasaden eit meir staseleg preg, etter forbilde av ein dansk herregard. Frambygget over verandaen, med familiens våpenskjold og påskrifta Williamsborg, forsterka herregardsuttrykket.

I 1926 fekk han løyve frå departementet til å bygge eit gravkammer for seg og familien. Tanken om eit familiemausoleum kom tidleg, etter at tre av barna døydde i tidsrommet 1906–15. Gravkammeret stod ferdig i 1927 og blei dekorert innvendig med



freskar i gull og blått av kunstmålar Lina Erstad. Både interiøret og fasaden var nok tenkt noko meir staseleg enn økonomien tillét, for Coucheron-Aamot kontakta på 1930-talet fleire italienske og engelske steinfirma med førespurnad om gravutstyr i marmor. Året før han døydde vende han seg til godseigar Wedel-Jarlsberg med spørsmål om utforming og anskaffing av sarkofag.

Etter Williams død flytta kona Sigrid til fastlandet, men oppheldt seg kvar sommar på Veøya til ho hadde passert 90 år. Sonen Wilhelm, som tok over, brukte øya som feriestad fram til sin død i 1990. For å sikre at Veøyas spesielle kulturhistoriske verdiar blei tekne vare på, tok han initiativ til å verne nordre del av øya som natur- og kulturlandskap. Det skjedde ved kgl.res. i 1970, og var det første området med slik status i Norge. Han sørgde også for å sikre allmenta sine interessar da han som ein siste gest testamenterte heile eigedomen til Romsdalsmuseet (Thingvold, 2008).

Døyp, konfirmert og gift i gamle Veøy kyrkje

Ingrid Ødegaard (1848–1936) frå Slettferdingen i Langfjorden fortalde dette i eit intervju i avisa *Nidaros* i 1923:

– I den gamle Veøykyrkja er eg både døypt, konfirmert og gift. Eg minnest godt då vi rodde over til kyrkja, for De veit denne kyrkja ligg på ei lita øy der det er berre ein gard attåt. Desse kyrkjeturane kunde vere harde mang ein gong når det var noko sjø.
– Ja, det er no lenge sidan den gongen De stod brur i Veøy kyrkje?

– Ja, det er lenge, eg var 23 år då, vart gift 3. januar (1872). Og den tid skulde brura ha krone. Eg hadde krona og brurasylvet som høyrde farsætta mi til.

Ingrid blei konfirmert av sokneprest Rasmus R. Arnet den 5. oktober 1862 saman med 24 gutar og 22 jenter. Da måtte det ha vore folksamt i kyrkja. Det var også han som vigde dei (Austigard, 2012).



Tidlegare Midsund kommune

Historia til tidlegare Midsund kommune er tett samanvove med historia til Midsund sokn. Otrøya, Nordre Midøya, Magerøya og Tautra høyrde frå gamalt av til Aukra sokn. Kyrkjeferda til Aukra var lang og til tider farleg, særleg for folk i bygdene vest for Ræstad, som måtte over eit ope havstykke på utsida av Otrøya. Det var mange historier om kyrkjereiser der det stod om liv. Den mest alvorlege hendinga skjedde i februar 1868 da ein gravferdsbåt på veg frå Magerøya til Aukra forliste på Ræstadvika og seks menneske omkom. Dette var med å sette fart i planane om ei eiga kyrkje på Otrøya (Raknes, 1978; Beite, 2015).

Saka kom første gong opp i Aukra kommunestyre i mai 1864, da ein trekte opp grensene for det nye soknet. Det skulle omfatte Nordre Midøya, Magerøya og vestre del av Otrøya frå og med Rørset til og med Heggdalsvika. Austre del av Otrøya, frå Heggdalsvika til og med Ræstad, skulle framleis høyre til Aukra sokn. Her gjekk kyrkjeskysse til Aukra i lunare farvatn langs land og i le av holmane i Kjerringsundet.

Hovudgrunnen til denne delinga var like-

vel manglande vegsamband. Først i 1866 blei det vedteke å bygge samanhengande veg frå Jensen og vestover, rundt Otrøya til Sundsbøen. Den siste biten, frå Beinset til Sundsbøen, var ikkje ferdig før i 1890-åra. Arbeidet med vegen på «tverrenden», frå Jensen til Sundsbøen, starta i 1934, men var ikkje fullført før i 1956. Først da var det samanhengande veg rundt heile Otrøya (Solholm, 1988).

Kommuneleiinga i Aukra hadde tilsynelatande lite til overs for soknedeling, dei let i alle fall saka kvile. Men i januar 1875 la Lasse Olsen Raknes fram ein søknad frå sine sambygdingar, i alt 63 underskrivarar, om utskiljing av eit eige kyrkjesokn. Da tida framleis gjekk utan at noko skjedde, drog han sjølv til Trondheim og la fram situasjonen for biskopen. Dermed kom saka i betre gjenge.

I desember 1875 vedtok kommunestyret å garantere for byggesummen til ny kyrkje, men kravde pant i alle gardsbruka i nye *Otterøy sokn*. Bøndene i Heggdalsvika trekte seg da ut. Sidan viste det seg at Opplysningsvesenets fond, som



Sjøen og maritime næringar har vore sjølve livsgrunnlaget for Midsundsamfunnet. Her frå småbåthamna i Midsund sentrum. Foto: Eirik Heen/Romsdals Budstikke.



Midsundbygda sett frå Bløkallen. Foto: Woodwalker/Wikipedia.

gav lån, berre kravde pant i kyrkja. Men det måtte også skaffast pengar til vedlikehald. Otrøyningane rekna med at dei midlane dei ytte til Aukra kyrkje kunne overførast til den nye kyrkja, men det blei avslege. Aukra ytte eit eingongsbeløp på 300 speciedalar, resten blei skaffa ved at kvar utrorsbåt gjekk med på å yte litt av årsinntekta.

Kommunestyret oppnemnte i 1876 ei arbeidsnemnd som skulle førebu soknedelinga og byggesaka. Etter ein del skriftleg førehaving godkjente biskopen at Otterøy skulle få 15 gudstener i året, mot ein tilsvarande reduksjon i dei andre sokna. Det var også usemje om presteskysen, som enda med at Stiftsdireksjonen påla kvar matrikulert jordeigedom i prestegjeldet å yte éi krone i året til skyss. Vidare blei kommunen pålagt å bygge prestestove – den stod ferdig i 1883. Tomtespørsmålet blei løyst ved at gardeigarane i Ugelvika gav grunn både til kyrkjetomt og gravstad av sine felles utmarker.

Men finansieringa var framleis eit problem, bøndene ville helst sleppe å sette eigedomane sine i pant. Dei vende seg da til amtmann Leth, som

lenge hadde ivra for saka, og han gjorde truleg sitt til at Molde Sparebank innvilga byggelån.

Otterøy sokn blei oppretta ved kgl.res. 16.6.1877. Enda skulle det gå 45 år før Tautra og austre del av Otrøya – gardane frå og med Heggdalsvika til og med Ræstad – blei innlemma i soknet. Det skjedde ved kgl.res. 24.2.1922, med vernad frå 1. juli same år.

Soknereguleringa i 1922 var ein forløpar for kommunedelinga som skjedde 1.1.1924. Da blei Aukra kommune delt i Nord-Aukra og Sør-Aukra, og sokna fekk tilsvarande nye namn (Misund, 1939). Desse grensene blei ståande til 1.1.1965, da Søre Midøya og Dryna etter kgl.res. 20.12.1963 blei overførte frå Vatne kommune. Både kommunen og soknet skifta da namn til Midsund.

Midsund kommune blei innlemma i nye Molde kommune 1.1.2020. Soknet høyrer til Molde domprosti.

Otrøy kyrkje

Byggeprosessen

Etter at vedtaket om oppretting av «Otterøy sokn» og bygging av kyrkje var gjort i juni 1877, kom arbeidet raskt i gang. I august same år blei arbeidsnemnda vald til byggenemnd under leining av Lasse Olsen Raknes. Det blei skriva byggekontrakt med John Krogseth frå Vestnes, som hadde vore med å bygge kyrkjer før, og summen lydde på 3 000 spesiedalar (12 000 kroner). Som modell valde dei Fiksdal kyrkje (1866), teikna av Jacob W. Nordan. Teikningane fekk dei låne frå Fiksdal. Vågstranda kyrkje (1870) var bygd etter dei same teikningane (Raknes, 1978).

Etter at alle formalitetar var ordna, kunne byggearbeidet ta til. Ein starta hausten 1877 med å sette opp grunnmuren til kyrkja og steinmuren kring gravstaden. På vårparten 1878 tok ein til å køyre fram materialar til byggeplassen, og unge og eldre var aktivt med, med dugnad og pliktarbeid. Reisin-

Otrøy kyrkje

Type: Langkyrkje i tømmer med rektangelplan

Arkitekt: Jacob W. Nordan, typeteikning

Byggmeister: John L. Krogseth, Vestnes

Vigsla: 1878

Tal sitteplassar: 250. Opphavleg 300.

Liturgisk målform: Nynorsk

ga av kyrkjebygget gjekk raskt unna gjennom våren og sommaren, og i august var kyrkja ferdig.

20. september 1878 kom den store dagen da kyrkja skulle vigslast. Nidarosbiskop Andreas Grimelund stod for den høgtidelege handlinga saman med prosten og prostiet sine prestar. Det var leigd inn dampbåt frå Molde og ei staskjerre til å skyse gjestene i. Bygdefolket møtte mannjamt fram med sine finaste køyredningar i rad og rekke.

Når Aukra-presten skulle ha preike i Otrøy



Otrøy kyrkje ligg i Ugelvika på Otrøya.



Kyrkja er rektangelforma med skip og kor i same rom. Koret er markert med eit opptrinn og eit lågt korskilje.

kyrkje, måtte han kome dagen før og overnatte. I 1884 blei det bygd ei lita prestestove like ved kyrkja, som framleis står.

Otrøy er ei langkyrkje i tømmer med om lag 300 sitteplassar. Både skip og kor ligg innanfor den rektangulære bygningskroppen. Koret er løfta eitt trinn og er skilt frå skipet med eit lågt korskilje. Tårnet med våpenhus er bygd til på vestsida, og på austsida var det opphavleg eit lite sakristi. Stilen er nygotisk med element av sveitserstil.

Seinare endringar

Etter som tømmeret tørka blei kyrkja meir gissen, og vinterstid var det ein merkbar trekk. I 1911 blei det vedteke å kle heile kyrkjerommet med innvendig staffpanel og to lag ullpapp, og det blei lagt isolert tønnekvelv i taket. Vidare blei det bestemt å endre dei opphavlege benkane med dører og faste benkesete til meir moderne, opne benkar, og å sette inn farga glas i korvindauga. Alt arbeidet blei utført av byggmeister Knut J. Flate, Vestnes. Same år kom den fine lysekrona på plass. Den er eit av mange døme på utstyr og inventar som lokale einskildpersonar, foreiningar og lag har gjeve til kyrkja gjennom åra.

I 1949 blei galleriet utvida for å gi plass til orgel, det førte til at vindauga lengst bak i kyrkja blei

delte. På same tid blei tårnfoten utvida med større inngangsparti og trapperom på kvar side. Paul Viken Magerøy stod for arbeidet. Kyrkja blei også måla innvendig og utvendig, og stod nyoppussa og fin til 75-årsjubileet i 1953. For å gjere kyrkja lunare blei det i 1958 utført isoleringsarbeid og i 1963 installert varmluftsanlegg.

I 1963 fekk kyrkja ei større gåve til utsmyking av preikestolen og gallerifronten, eit arbeid som blei utført av kunstmålar Gunnar Haukebø (sjå eigen rammetekst).

Sakristiet var svært lite, og i 1966 tok soknerådet opp arbeidet med å få til eit nytt, tidsmessig sakristibygge med dåpsrom, prestekontor, toalett og garderobe, og bærerom i kjellaren. Arbeidet blei utført av Paul Viken Magerøy og stod ferdig i 1968.

Seinare er det gjort få endringar av kyrkja. Rullesstolrampe blei bygd i 1984. Det gamle fyranlegget blei bytta ut med varmpumpe i 2009, og i 2015 fekk kyrkja brannalarmanlegg. Etter ein lang prosess blei det i 2007 bygd nytt reiskapshus med toalett og reiskapsrom aust for kyrkja.

Kunst og inventar

Altartavle: Etter ei innsamling i kyrkjelyden blei det i 1911 innkjøpt ein kopi av Bertel Thorvald-



Preikestolen og gallerifronten blei dekorert av kunstmålar Gunnar Haukebø i 1963. Felta på preikestolen viser dei fire evangelistane med kvart sitt dyresymbol.



I 1911 fekk alteret si noverande utsmykking med ein kopi av Bertel Thorvaldsens kjende Kristusfigur. Den erstatta det opphavlege trekorsset, som no er sett opp i nord-austre hjørne av koret.

sens kjende Kristusfigur, som sidan har pryda alteret. Sokkelen har innskrifta «Kommer til mig. Matth. XI 28». Figuren kom i staden for trekorsset som opphavleg pryda alteret, og som etter mange år på kyrkjeloftet no er det henta fram att og plassert i nord-austre hjørne av koret.

Preikestol: I tre frå 1878. Dekorert av Gunnar Haukebø 1963.

Døypefont: I tre frå 1878. Dåpsmugge gjeve i 1953.

Alterdukar: 1. Alterduk i svartsaum brodert av Marie Berge 1935–36. 2. Hardangersaumssduk i lin av Marie Berge, 1954.

Messehaklar: Messehaklar i liturgiske fargar laga av Berit Emblem f. Reiten 1970, Emmy Harnes 1987, Ingrid Nedrelid og Bjørg Hustad 1989–92. Emmy Harnes har også laga preikestolklede i dei fire liturgiske fargane, 1998.

Anna inventar: Lysekroner frå 1911. Nyare lysekroner frå ca. 1963. Leseput laga av Peder Stormyr, 1996. Lysestake for påskelyset laga av Knut Heggdal, 2000.

Orgel: Det første instrumentet i kyrkja var eit brukt harmonium, kjøpt i Molde i 1932. Andreas Heggdal blei da engasjert som organist, ei stilling han hadde samanhengande i 56 år til 1988. I 1953 fekk kyrkja eit 13 stemmers pipeorgel frå Vestres Orgel & Pianofabrikk, Haramsøya. Dette blei i 1990 bytta ut med eit brukt pipeorgel frå England av merke Gray & Davidson, med 14 stemmer, 2 manualar og pedal. Orgelet var frå 1863 og hadde tidlegare stått i to kyrkjer i London. Etter stadige driftsproblem blei orgelet i 2017 demontert og reingjort av firmaet Ad Libitum frå Tyskland. I desember 2004 fekk kyrkja også eit stort elektronisk samplingorgel av merke Allen som er plassert i koret.

Kyrkjeklokker: Dei to første klokkene, ei stor og ei lita, blei kjøpte brukt i 1878 hos Christian Christensen, Fuglsetneset ved Molde. Dei kom frå ei kyrkje i Nord-Norge som i si tid var flytta til Ona og oppsett som losjhus for tilreisande fiskarar og arbeidrarar. Da den store klokka fekk ein sprekk, blei begge sende til Trondheim og erstatta med dagens klokke. Innskrift: «A/S BAKLANDETS STØBERI & MEK VERKSTED TRONDHJEM 1905».

Minnesmerke: 1. Minnestein over 8 som kom bort på havet stormnatta 29.1.1927, mellom desse 4 brør. 2. Minnestein over 62 menn og kvinner frå Midsund som har kome bort på sjøen i perioden 1705–1960. Avduka 17. mai 1990.



KOMMER TIL MIG
MATTH. XI 28

Lesepulten, døypefonten og staken til tusenårslyset er utforma i same stil. Døypefonten er original frå 1878. Lesepulten er laga av Peder Stormyr i 1996. Lysestaken er laga av Knut Heggdal i 2000.



Utsmykningen av prekestolen og gallerifronten i Otrøy kyrkje

Kunstmålar Gunnar Haukebø utsmykka i 1963 prekestolen og framsida av galleriet i Otrøy kyrkje. Han har sjølv gjeve denne utgreiinga om arbeidet:

«Det jeg i sin tid laget i Otrøy kirke har vel noe av symbolspråket. Bare prekestolen har den gamle symboltanken med de fire evangelister – Matteus, Markus, Lukas og Johannes, det betyr Engelen, Løven, Oksen og Ørnen. På galleribrystpanelet ville jeg prøve å komme bort fra det gammelortodokse og isteden finne kvardagslige symboler som vi alle kjenner. De skal ha noe å gjøre med vår egen dag, vår egen livsrytme. Derfor står livets tre i midten som ett senter, med mannen og kvinnen som skal utfylle denne funksjon.

På siden finner vi mannen med lykten – det er ett viktig symbol. Så båten, som bærer over alle hav – stigen vi må klatre opp etter. Garnet eller det vi må ordne opp med. Tørke og stelle. Der er såmannen som sørger for vårt framtidige liv i utvidet betydning. Børtreet – seletøy, altså det som er slit og trengsel. Vi har også glede og tanken på det vakre. Det er kvinnen med blomstene. På sidefeltene er noe av det gamle billedspråk med Paulus og Peter på hver side» (Raknes, 1978).



Kyrkjerommet og benkane er måla i friske gule og grøne fargar. Bildet viser tydeleg Gunnar Haukebø si utsmykning av gallerifronten frå 1963.



Orgelet blei installert i 1990. Det er opphavleg frå 1863 og har tidlegare stått i to kyrkjer i London.



Kyrkja har fire utskorne brudestolar frå 1946.



Kyrkjeskipet er ein modell av seglskipet «Statsraad Lemkuhl», gjeve som gåve i 1965.



Nord-Heggdal fekk endeleg sitt kapell i 1974. Det er teikna i nauststil av arkitekt Jostein Heggdal, som sjølv var frå bygda. Porten med portstolpar av to store natursteinar frå området er frå 2002.

Nord-Heggdal kapell

Nord-Heggdal kapellkrins, som omfatta Tautra og austre del av Otrøya frå Ræstad til Heggdalsvika, var ein del av Aukra sokn fram til 1922. Innbyggjarane i krinsen hadde frå gamalt av eigd partar i Aukra kyrkje og ytt sine plikter dit. Da Aukra kommune blei delt i Nord-Aukra og Sør-Aukra i 1924, var det ein del av oppgjeret at Nord-Aukra skulle betale for reising av eit kapell i Nord-Heggdal. Men dette blei ikkje gjennomført i første omgang. Ved kommunereguleringa i 1965 hadde krinsen vore utan kyrkje i over 50 år, og daverande varaordførar Kristoffer Reiten tok opp saka med Kommunaldepartementet. Etter eit møte i regi av fylkesmannen blei partane samde om ei minneleg ordning der nye Midsund kommune skulle vere byggherre, medan Aukra skulle opprette eit fond for å løyse inn sin del av bygget når det stod ferdig. Da Reiten seinare overtok som ordførar var både soknerådet og folk i krinsen ivrige etter å kome vidare med planane. Kapellnemnda hadde fått godkjent eit utkast til kapell allereie i 1961, men no blei det teke kontakt med arkitekt Jostein Heggdal, som sjølv var frå bygda, for å få han til å kome med eit nytt utkast. Dette vann stor tilslutnad, og i 1971 var forslaget godkjent i alle instansar. Bygge-

kostnaden på kr 221 000 blei dekt med kr 150 000 frå Aukra kapellfond og resten frå Midsund kapellfond og Midsund kommune. Byggmeister var Peder Matias Blø frå Midøya. Ved bygginga viste det seg at dei lange limtrebjelkane som held taket oppe var skorne i feil vinkel slik at det blei ei lita glippe på toppen. Dette løyste bygningsfolka ved å lage små kors på begge sider som skjulte glipene. Kapellet stod ferdig og blei vigsla 4. august 1974 av nidarosbiskop Tord Godal.

Mykje utstyr og inventar er gjennom åra laga eller gjeve av bygdefolket.

I 2002 blei det laga ein monumental inngangsport med to store natursteinar som portstolpar. I 2012 vedtok kommunen ein reguleringsplan for området med bustadfelt, utviding av gravplas-

Nord-Heggdal kapell

Type: Langkyrkje i tre, rektangelplan. Nauststil.

Arkitekt: Jostein Heggdal

Byggmeister: Peder Matias Blø, Midsund

Vigsla: 1974

Tal sitteplassar: 98. Opphavleg 110.

Liturgisk målform: Nynorsk



Nauststilen gir eit særprega kyrkjerom. Det er enkelt innreidd med tidhøveleg inventar.

sen, ny tilkomstveg og stor parkeringsplass. Vegen og parkeringsplassen blei opparbeidde i 2014 og gav samtidig betre parkeringshøve for turområdet i Nord-Heggdal. Same år blei det bygd kombinert handikapinngang og rømmingsveg på nordsida av kapellet.

Det høyrer med til historia at arkitekt Heggdal i 1978 teikna eit «søsterkapell» i same stil til den gamle kyrkjestaden på Bolsøya. Dei to kapella ville blitt ståande som karakteristiske «portvaktarar» som ønska sjøfarande velkommen i kvar sin ende av Moldefjorden, men dessverre blei kapellet på Bolsøya aldri realisert.

Kunst og inventar

Alterbilde: Tekstildekorasjon samansett av to delvis transparente, vovne teppe, 1987. Fremst «Kors med tornekroner», bakanfor «Treeininga». Kunstverket er utført av Gjertrud Hals og blei vald etter open konkurranse mellom bildekunstnarane i fylket.

Preikestol: I tre, integrert i alterringen, 1974

Døypfont: I tre, 1974

Alterduk: Hardangersaumsduk i lin laga av Paula Einara Heggdal, 1974.


Anna inventar: To brudestolar med gyllenlêr laga av Knut Heggdal da han gjekk på Statens håndverks- og kunstindustriskole i 1954. Bestilt av far-

broren Kristoffer Heggdal som saman med kona Magnhild gav stolane til kapellet i 1974

Orgel: Pipeorgel med 6 stemmer, 1 manual og anhangspedal frå Olsen & Jørgensen, 1910. Kjøpt frå Sunnlyven kyrkje, Hellesylt og oppsett i Nord-Heggdal kapell 1984. Fronten blei måla i nye, lysare fargar i 2008.

Kyrkjeklokker: Stopul ved inngangen med to klokker frå Olsen Nauen Klokkestøperi, Tønsberg. Den minste klokka (30 kg) er frå 1926, da gravplassen blei teken i bruk. Rasmus Heggdal fekk støypt og gav den største klokka (100 kg) i 1988, med innskrifta: LAND, LAND, LAND, HØR HERRENS ORD». Heggdal fekk også laga korset som står på toppen av vestgavlen.

Minnesmerke: I 1946 reiste bygdefolket ein minnestein over Ludvik Svinnset (f. 1918) frå Svinnset på Otrøya, som blei drepen i ei trefning med tyske fallskjermssoldatar sør for Dombås 15. april 1940. Svinnset var den einaste frå Midsund kommune som fall i kamp under krigen. Namnet hans står også i minneparken på Dombås.



Alterbildet består av to delvis transparente, vovne teppe. Fremst «Kors med torne kroner», bakanfor «Treeininga». Kunstverket er laga av Gjertrud Hals, 1986.



Galleriet gir så vidt plass til eit orgel. Dette er frå 1910 og har opphavleg stått i Sunnlyven kyrkje. Det blei innkjøpt til Nord-Heggdal kapell i 1984 og fekk sine friske fargar i 2008.



Brudestolane er laga av Knut Heggdal, 1954.



Stopulen har to klokker. Den vesle (30 kg) er frå 1926 og blei brukt på gravplassen. Den store (100 kg) blei gitt som privat gåve i 1988.



Kyrkjeskipet er ein modell av Tautrabåten «Havdrott» som forliste i 1927. Laga av Anders Finnøy, 2000, etter initiativ frå Olav Jensen.



Glasmåleriet i bærerommet er laga av Jacec Widawski i 2000. Kunstnaren budde og arbeidde ein periode i Midsund.



Nord-Heggdal kapell og kyrkjegard har vidt og vakkert utsyn over Romsdalsfjorden med Tautra og Romsdalsalpane i bakgrunnen.



Søre Midøy kapell er ei perle av eit bygg som Midøy Velforening har teke vel vare på. Huset blei bygd i 1897 som skole for Søre Midøy krins i daverande Vatne kommune, og blei vigsla til kapell i 1931. Det blei flytta om lag 300 meter nordover til «nyskolen» og sett i stand av velforeninga i 2002.

Søre Midøy kapell

Søre Midøy kapell var opphavleg skole for Søre Midøy krins i tidlegare Vatne kommune. Skolebygget blei reist i 1897 og vigsla til kyrkjeleg bruk 1. søndag i advent, 29. november 1931, av sokneprest Roger With i Skodje og Vatne prestegjeld. Sidan blei huset brukt både som skole og kapell fram til den nye skolen på Søre Midøy stod ferdig tidleg i 1950-åra.

Da det skulle byggast ny veg i området kring år 2000, var kapellet truga av riving. *Midøy Velforening* tok da initiativ til å flytte det opp til skoleplassen og sette det i stand, slik at det kunne bli eit aktivum for lokalsamfunnet og ein dokumentasjon på tidlegare tider. Gjennom ein omfattande dugnadsinnsats blei kapellet flytta og restaurert. Den første gudstenesta etter flyttinga skjedde 8. september 2002.



Alteret og alterbildet.



Inne har ein teke vare på det gamle inventaret frå både skolen og kapellet. Rommet er sparsamt utstyrt og ein får kjensla av å vere sett 100 år attende i tid.



Søre Midøy fekk sin eigen gravplass i 1926 slik at ein slapp den tunge reisa over fjorden til Vatne kyrkjegard. Krinsen hørde til Vatne sokn fram til 1965.

Kyrkjegardar og gravplassar i Midsund

Kyrkjegarden ved Otrøy kyrkje blei teken i bruk på same tid som kyrkja hausten 1878. Kyrkjegarden blei utvida i 1926, 1973 og 1997.

Søre-Midøy gravplass blei opparbeidd og teken i bruk i 1926.

Sundsbo gravplass blei opparbeidd i 1926 og teken i bruk i 1927.

Nord-Heggdal gravplass blei teken i bruk i 1926. Kapellet blei bygd i 1974.



Sundsbo gravplass blei opparbeidd i 1926 og teken i bruk i 1927.



Dei gjæveste gravplassane låg på sørsida av kyrkja – aller helst under takdryppet – der bygget skjerma mot «svartemaktene» frå nord. Sør for Otrøy kyrkje finn vi den eldste delen av kyrkjegarden. Her er det bevart eit stort spekter av gamle gravminne på eit lite område – eit av dei beste i Romsdal?



Nasset er kjend for sin spektakulære fjellnatur, med fossar og vatn, rike lakseelvar og gode jakttilhøve. Bergindustri og kraftutbygging har vore viktige næringsvegar. Her frå vegen over Vistdalsheia mot Øverås og Eikesdalen. Foto: MIM.

Tidlegare Nasset kommune

Landområdet til tidlegare Nasset kommune låg i middelalderen under Veøy prestegjeld. Dei tre sokna Rød, Sira (Eresfjord) og Vistdal var etablerte alt i middelalderen og hadde kvar si stavkyrkje. I Trondhjems reformats av 1589 heiter det at «Disze tre kircker skulle betienes aff en capellan der residerende per vices». Nasset skal ifølgje Arkivverket (2017) ha blitt skilt ut frå Veøy som residerande kapellani frå 1672 og som eige prestegjeld frå 1740, samtidig som «det fremgår av reskript 16.11.1740 at Nasset alt da var utskilt frå Veøy som eget prestegjeld». Nyare gransking tyder på at Nasset var eit residerande kapellani alt i 1589 og blei skilt ut som eige prestegjeld i 1686, men at mensal-godset (prestebordsgodset) delvis låg under Veøy fram til 1740. Den residerande kapellanen – og seinare soknepresten – budde på Nasset-garden, som låg sentralt til med kort sjøveg til alle tre kyrkjene. Som kanskje det einaste i Norge fekk prestegjeldet namn etter prestegarden og ikkje garden som hovudkyrkja låg på, nemleg

Rød. Nasset prestegard var barndomsheimen til Bjørnstjerne Bjørnson (1832-1910).

Nasset kommune blei oppretta i 1838 etter dei same grensene som prestegjeldet. I 1890 blei Eresfjord og Vistdal en eigen kommune, men i 1964 blei Nasset igjen samla etter dei gamle kommunegrensene.

Gjennom åra har det vore fleire grensereguleringar både for kommunen og sokna. Ved kgl.res 2.2.1865 fekk oppsittarane i Eikesdalen løyve til å bygge eit kapell i Oppigard. Da det stod ferdig året etter, blei Eikesdal kapelldistrikt under Sira sokn. Etter ny kyrkjelov i 1997 fekk Eikesdal status som sjølvstendig sokn.

Ved kgl.res 22.2.1868 blei gardane Sandnes, Skorgen og Strand på sørsida av Langfjorden overførte frå Rød til Vistdal sokn. Ved kgl.res. 1.10.1870 blei det gjeve løyve til å legge ned kyrkja på Rød og i staden bygge ny kyrkje i Eidsvågen og eit kapell på eller nær Tjelle for Osmarka og Nordstranda. Vedtaket om kapellet blei oppheva

i 1903, men ein kyrkjegard på Tjelle for vestre del av soknet blei godkjent i 1949 og vigsla i 1957.

Vedtaket om flytting av kyrkjestad fekk også konsekvensar for kommune- og soknegrensene. Ved kgl.res. 24.7.1876 blei garden Sotnakken frå 1.1.1877 overført frå Rød til Kleive sokn i Bolsøy prestegjeld. Ved kgl.res. 26.8.1876 blei gardane Fresvik, Lia, Kvenset, Meisalen, Svenslia, Bjerkhol, Vika, Finnset, Rydningen, Eide, Eidsøra, Myrset, Toven og Talset på vestsida av Tingvollfjorden frå 1.1.1877 overførte frå Tingvoll til Nesset kommune og sokn.

Ved kgl.res. 8.9.1876 fekk oppsittarane på Osmarka og Nordstranda i Rød sokn løyve til å opprette ein kyrkjegard på Rød sin grunn. Ved kgl.res. 5.8.1889 blei gardane Bersås, Neverlia, Raudsandhaugen og Raudsand i Tingvoll overførte til Rød sokn frå 1.1.1890. Ved kgl.res. 1.2.1918 blei soknenamnet Rød endra til Nesset.

Alle dei fire kyrkjene i kommunen blei bygde i Andreas F. B. Steen si tid som sokneprest i Nesset (1865–1895): Eikesdal kapell i 1866, Sira og Vistdal i 1869 og Nesset i 1878. Steen har med rette fått mykje av æra for dette, men også forgjengaren, sokneprest Christian B. Heltberg (i Nesset 1853-1864), var med og la grunnlaget for fleire av byggeprosjekta.

Nesset kommune blei ein del av nye Molde kommune 1.1.2020. Frå same dato blei dei fire sokna overførte frå Indre Romsdal prosti til Molde domprosti.

Når blei Nesset eige prestegjeld?

Arkivverket sitt oversyn over prestegjeld og sokn (2017) motseier delvis seg sjølv når det gjeld opprettinga av Nesset kapellani og prestegjeld. Anders Kvernberg og Kjell Ove Hattrem har i 2021 gjort eit djupdykk i kjeldene og meiner å kunne slå fast følgjande:

Opplysninga om at Nesset blei eige residerande pastorat i 1672 bygger på at kallsbrevet til Christen Augustinsen dette året stadfestar stillinga hans som «Residerende Pastor». Men det blei ikkje oppretta noko nytt kapellani, tvert om seiest det at han har same stilling som forgjengaren. Andre kjelder stadfestar at det allereie før Reformatsen i 1589 budde ein kapellan på Nesset.

Da Augustinsen døydde i 1686, søkte etterfølgjaren Nils Parelius kongen «underdanigst» om «som Sognepræst, fuldkommen at tiltræde og betiene». Sidan er Nesset i alle rekneskappar konsekvent omtala som eit prestegjeld. I reskriptet av 16.11.1740 der Nesset og Bolsøy formelt blei skilde ut frå Veøy som eigne prestegjeld, «tillader Kongen at de 12 Voger Skyld, som ligge i Næssets kald (der forhen fra Vedø er separeret), maae lægges fra Vedø til Næssets Sognepræst, og Næssets Kald saaledes blive ganske separeret fra Vedø».



Prestegarden har lege på Nesset i alle fall sidan 1500-talet. Staden låg sentralt i fjorden i høve til dei tre middelalderkyrkjene Rød, Sira og Vistdal, og har gjeve namn både til prestegjeldet og kommunen. Foto: Johnny Bratseth/Romsdalsmuseet.

Neset kyrkje

Frå Rød til Eidsvågen

Det var mange som kunne puste letta ut den dagen kyrkja i Eidsvågen stod ferdig. Den gamle stavkyrkja på Rød hadde forfalle stadig meir, og allereie i visitasmeldinga frå 1844 hadde biskopen skrive at kyrkja var i «saa brøstfædig Forfatning at en ny Kirke om kort Tid maa opføres». Da kyrkjeieigarane innsåg kva dette kunne påføre dei av utgifter, gav dei kyrkja vederlagsfritt til kyrkjelysten i 1857 (Austigard, 1978).

Men lite blei gjort, og spørsmålet om ny kyrkje kom først opp igjen i 1866 i samband med at det blei vedteke å opprette ein ny hjelpekyrkjegard i Høvika, midt mellom Rød og Eidsvågen. Da protesterte oppsittarane på Gussiåsen og Nordstranda vest i soknet, som meinte vegen til kyrkjegarden ville bli for lang. Fleire alternativ blei vurderte, og striden gjekk fram og tilbake inntil Kyrkjedepartementet i statsråd 1.10.1870 vedtok at det skulle byggast ny kyrkje og kyrkjegard på Plassen i Eidsvågen, og kapell med gravplass på Tjelle for bebuarane på Nordstranda og Osmarka. Men framleis var det lite som skjedde, og etter

Neset kyrkje

Type: Langkyrkje i tømmer

Arkitekt: Henrik Nissen

Byggmeister: Friederich Spolert, Molde

Vigsla: 1878

Tal sitteplassar: 250. Opphavleg 480.

Liturgisk målform: Bokmål

fleire purringar frå biskopen og Stiftsdireksjonen orsaka kommunestyret seg i 1873 med at det heile blei dyrt, og at ein gjerne ville utsette planane i nokre år for å kunne samle pengar til formålet. Kommunestyret meinte dessutan at Rødkyrkja var i god stand, ettersom taket nyleg var reparert og nye vindauge sette inn. Biskopen svarte med å lekse opp kva som hadde vore sagt og skrive om gamlekyrkja i visitasmeldingane gjennom åra. Kommunestyret uttalte da at i fall gamlekyrkja var for dårleg, måtte kapellet på Tjelle byggast samtidig og soknet delast. Biskopen oppfatta dette som «en utilbørlig Trænering af den kongelige Resolution», og kommunestyret forstod endeleg at det var alvor.



Kyrkja i Eidsvåg stod ferdig i 1878 etter ein lang strid om plasseringa. Kyrkja har basilikaform med høgt midtskip og lågare sideskip. Tårnet hadde opphavleg eit høgt spir som i 1930–31 blei erstatta med dagens låge pyramidetak.



Ved ei restaurering i 1930–31 blei taket senka slik at kyrkjerommet mista dagslyset frå vindauga øvst i midtskipet. Det lågare taket førte til at galleriet og orgelet også måtte senkast. Likevel har kyrkjerommet eit lyst og innbydande preg på grunn av eit lyst fargeval og store vindauge i sideskipa.

Byggeprosessen

Departementet gjekk først inn for å bruke teikningane til kyrkja på Vestnes (1872), men desse var komne bort. Departementet fekk derfor arkitekt Henrik Nissen til å utarbeide nye teikningar i 1875–76. Kyrkja skulle ha plass til 480 personar og oppførast «i en simpel, billig Stil af Træ i form af Langskibkirke». Etter kommunestyret sitt ønske laga Nissen også teikningar til kapellet på Tjelle, som departementet meinte måtte byggast innan 10 år etter at kyrkja var ferdig (Angvik, 1978).

Friederich Spolert frå Molde, som hadde vore byggeleiar for kyrkja i Vistdal (1869), blei engasjert som byggmeister. Knut Larsen Langset og Ole S. Jordfald var arbeidsformenn, og dei leigde inn lokale handverkarar. Nokre av dei hadde erfaring frå bygginga av kyrkjene i Eresfjorden og Vistdalen.

Mykje tyder på at grunnarbeidet, med drenering av kyrkjetomt og gravplass og oppsetting av murar tok til allereie våren 1876. Trematerialane var på plass våren 1877, og tidleg på hausten 1878 stod kyrkja ferdig. Ho blei vigsla av nidarobiskop Andreas Grimelund 27. september 1878.

Kyrkja er ei langkyrkje av tømmer i sveitserstil og nygotikk. Ho har basilikaform, det vil seie

at midtrommet er heva opp over sideskipa, opphavleg slik at høgtsittande vindauge slapp dagslys ned i hovudskipet. Utvendig er kyrkja kvitmåla, kledd med ståande panel under vindauga og liggende panel vidare opp. Interiøret er vennleg og lyst, med trekvitt panel på golv og veggjar og blåmalte benkar, søyler og lister

Bjørnstjerne Bjørnson, som sjølv var blitt konfirmert i den gamle Rødkyrkja, likte ikkje nykyrkja, og kalla ho forakteleg for «en bløtkakekirke» på grunn av dei utvendige blondeaktige dekorasjonane.

Seinare endringar

Da kyrkja på Rød blei riven og seld på auksjon i 1885, var det ingen som ville ha altertavla og preikestolen. Ola Hola og ein nabo berga dei under tak, og i 1905 blei dei sette i stand og plassert i søre sideskip i kyrkja.

I 1930–31 blei det gjennomført ei større restaurering under arkitekt Hjelte, Trondheim. Tårnet, som opphavleg var høgt og spist, blei rive på grunn av røte og slitasje frå vør og vind, og erstatta med dagens låge pyramidetak. Innvendig fekk altertavla og preikestolen frå Rød sin noverande plass, medan altertavla og preikestolen frå 1878



Altertavla og preikestolen er frå den gamle Rødkyrkja og kom på plass ved ei restaurering i 1930–31. Ved restaureringa, i 1969–70 kom fleire nye element til: Dei to lysestakane i smijern på bakveggen, utført av Ivar Bugge – som er kopiar av ein 1500-talslammepett frå Rødkyrkja, portalen til dåpssakristiet – som delvis er laga av stolpar og materialar frå Rødkyrkja, samt brudestolane – som er gjevne av Nesset Bondekvinnelag. Rosetten i kortaket blei attendeført til sin opphavlege utsjånad etter ein brann i 1996.



Døypefonten består av ein rett avslutta trefot med eit eldre dåpsfat og vassmugge i messing plassert laust på toppen. Årstalet ukjent.

Preikestolen med baldakin er frå den gamle stavkyrkja på Rød og er tidfest til 1708–12. Treskjararbeidet er truleg utført av Peder Knudsen Kjørsvik frå Tornes. Sidelфта viser dei fire evangelistane. Stolen blei restaurert i 1905 og stilt ut i søre sideskip. I 1930–31 blei han flytta fram i koropninga og teken i bruk att.



Altertavla er laga av Jürgen Snedicher kring 1650 til stavkyrkja på Rød. Den utskorne engelen er frå 1709. Tavla blei restaurert i 1905 og stilt ut i søre sideskip. I 1930–31 fekk ho sin noverande plassering på alteret.



Ved restaureringa i 1969–70 fekk kyrkja nye benkar og lysekroner og interiøret blei måla i lyse og friske fargar.



Dagens orgel er frå 1998 og er levert av Ryde & Berg Orgelbyggeri, Gressvig.

blei sett på kyrkjeloftet. Eit par utskorne stolpar frå den gamle kyrkja blei sette opp i kordøra og nokre gamle karmbord blei plasserte ved dåpssakristiet. For å betre akustikken og lette oppvarminga, blei taket senka innvendig, og både taket og koret kledde med porøse plater. Kyrkjerommet mista dermed dagslyset frå vindauga øvst i hovudskipet. Det lågare taket førte også til at galleriet og orgelet måtte senkast.

Den neste store restaureringa kom i 1969–70. Planane blei utarbeidde av arkitekt Torgeir Suul, Trondheim. Pedro Nasset var arbeidsformann og Kåre Brekke stod for målararbeidet. No blei sakristia utvida, det blei innreidd toalett, og veggjar, tak og golv blei isolerte og fekk ny kledning. Galleriet blei utvida og det blei montert nye benkar og nye lysekroner. I koret blei det laga ny dør til prestesakristiet og portal til dåpssakristiet, delvis av stolpar og materialar frå Rød kyrkja.

I 1996 blei kyrkja råka av ein brann som før-

te til skadar i prestesakristiet og på austveggen, og innvendige vasskadar. Ved reparasjonen som følgde blei prestesakristiet og rosetten i kortaket tilbakeførte til sin opphavlege utsjånad, og inngangspartiet blei endra (Toven, 2003).

Kunst og inventar

Altertavle: Laga av Jürgen Snedicher kring 1650 til stavkyrkja på Rød, hovudmotiv «Jesus på korset». Utskoren engel på toppen frå 1709. Tavla blei restaurert i 1905 av Gunnerius Langset og hengt opp i søndre sideskip. Ved restaureringa av kyrkja i 1930–31 blei ho flytta til alteret. Altertavla frå 1878, «Jesus på Korset» av V. Vilberg, blei sett på kyrkjeloftet. (Sjå bilde i historikk-delen).

Alterutstyr: Kalk frå 1630.

Preikestol: Preikestolen med baldakin er tidfest til 1708–12. Treskjererarbeidet er truleg utført av Peder Knudsen Kjorsvik frå Tornes. Restaurert 1905 av Gunnerius Langset og stilt opp i søre sideskip. Ved restaureringa av kyrkja i 1930–31 blei han flytta fram i koropninga og teken i bruk att.

Døypefont: I tre. Årstal ukjent.

Alterdukar: 1. Linduk i svartsaum og sprang laga av Anna Hammervoll-Ratvik, 1932. 2. Hardangersaumsduk laga av Marit Hole, 1970. 3. Duk i svartsaum laga av 90 år gamle Serianna Stubø til bispevisitasen i 1993.

Anna inventar: Måleri av den gamle Rød kyrkja måla av Karl Seim 1938. Veggteppe under galleriet av Anne Angvik og framme i skipet av Ingeborg J. Øyen, begge frå 1969/70. Frå stavkyrkja: Skap i sakristiet frå 1793, kiste og kollektbøsse.

Orgel: Det første orgelet var eit pipeorgel med 7 stemmer levert av Brødr. Torkildsen, Åsen i Trøndelag, 1914. I 1970 blei det mellombels erstatta av eit elektronisk orgel.

Dagens orgel er eit mekanisk pipeorgel med 18 stemmer, to manualar og pedal, levert av Ryde & Berg Orgelbyggeri, Gressvig, i 1998. To av stemmene frå det gamle orgelet er integrert i det nye.

Kyrkjeklokker: Dei to klokkene er laga ved Chr. Christensens støperi på Fuglsetneset ved Molde. Den største var ferdig til vigslinga i 1878 og har følgjande innskrift: «GAAR IND AD HANS PORTE MED TAKSIGELSE, AD HANS FORGAARDE MED LOV, TAKKER HAM, VELSIGNER HANS NAVN. DAV. SAL. 100, 4.» Den minste klokka har berre støyperiet sin signatur: «STØBT AF C. CHRISTENSEN & SØN. FUGLSETNÆS VED MOLDE 1880».



Rød kyrkja måla etter ei rekonstruksjonsteikning av Olav Rekdal og Ola Hola frå 1932.

Den gamle stavkyrkja på Rød

Den siste stavkyrkja som blei riven i Romsdal, og ifølgje Dietrichson i heile landet, var den gamle kyrkja på Rød. Ho er nemnt første gong i Diplomatarium Norvegicum i 1490, men var truleg bygd lenge før det. Opphavleg var kyrkja berre ein avlang firkant, bygd i stavteknikk. Sidan blei det bygd til kor og skriftehus (sakristi). I 1633 fekk kyrkja våpenhus i lafteverk, og blei måla innvendig med «vandfarve og malingar paa væggerne af den bibelske historie». Tårnet og det høge spiret må vere reist før Erik tårnbyggjar i 1650 sette opp ei høg stang med vindfløy på toppen (Austigard, 1978).

På denne tida var gardsbruka på Rød samla i eit stort tun med om lag 50 hus. Kyrkja og kyrkjegarden låg i det søraustre hjørnet av tunet, og berre ein steingard skilde dei frå resten.

Rekneskapsboka for kyrkja, *Røed kirchstoel*, viser at det blei utført store reparasjonar i 1646–48, og eit av desse åra fekk kyrkja ny altertavle. Ny preikestol med baldakin kom på plass i samband med omfattande reparasjonar og utbetringar i 1708–12, og det er desse som står i Nesset kyrkje i dag.


Det var spor etter svalgangar på utsida av kyrkja. Når desse blei fjerna og erstatta med skor-

der er uvisst, men det må ha skjedd før 1712, for det året blei skordene tjørebredde. Det første kortilbygget blei rive og erstatta av eit som var breiare og høgare, truleg i 1741. Utvendig var kyrkja kledd med vertikale bord og tjørebredd. Etter ei rad ombyggingar og restaureringar var det til sist berre kyrkjeskippet som hadde stavkonstruksjon. Dei andre romma var tømra og såleis tilbygde seinare.

I 1725 blei alle kyrkjene i Nesset med tilhøyrande jordegods selde til amtmann Erik Must i Romsdal. Seinare blei Rødskyrkja seld vidare til lokale eigarar. Desse var lite interesserte i å bruke pengar på vedlikehald, slik at forfallet auka utover på 1800-talet. I 1857 gav eigarane kyrkja tilbake til soknet utan vederlag, men tilstanden var da så dårleg at eit nybygg tvinga seg fram.

Etter at kyrkja i Eidsvågen var teken i bruk i 1878, fungerte Rødskyrkja som hjelpekyrkje for vestre del av soknet. Dette skulle vere ei mellom-bels løysing fram til kapellet på Tjelle stod ferdig. Men etter sju år blei det brått slutt. 17. mai 1885 gjorde nokre ungdomar hærverk på kyrkja. Prof. Dietrichson, som kom dit i august same år, er uvanleg skarp når han skildrar lagnaden til den gamle heilagdomen (Dietrichson, 1892):

I Langfjorden, en mod øst indskydende arm af



Planteikning av stavkyrkja på Rød. Rekonstruksjonen er gjort av Olav Rekdal og Ola Hola på grunnlag av oppmålingar på tufta og minnet.

Romsdalsfjorden, reiste sig endnu, da jeg i 1885 besøgte stedet, en gammel stavkirkes sørgelige rester, efterat den for adskillige aar siden (ny kirke innviedes 1878) var ophørt at tjene til kirkeligt brug, nemlig Røds kirke. (...) Indtil den sidste tid benyttedes kirken som hjælpekirke for sognets vestre del; men enten nu dette ikke har behaget sognets elskværdige ungdom, eller andre grunde har gjort sig gjældende, sikkert er det, at ungdommen den 17de mai 1885 i sin begeistring for frihedsdagen tog sig for at molestrere den gamle helligdom paa det skammeligste, idet man bortrev skorderne paa kirkens søndre side undtagen en, rev bort en del af den ydre bordklædning og slog vinduerne ud, hvorved ogsaa

en del av kirkens inventarium blev ødelagt. Da jeg i august samme aar besøgte kirken, laa den endnu fuld af stene; tagstenene var delvis afrevne og det var bestemt, at den skulde rives, hvilket ogsaa udførtes – saavidt vides endnu samme aar.

I september 1885 blei kyrkja riven og materialane selde på auksjon. I dag er det ikkje lenger synlege spor etter kyrkja, men i 1967 fekk Nettet Bondekvinnelag sett opp ein minnestein på tufta.

Berre den gamle kyrkjeklokka fekk leve vidare og heng i dag i klokketårnet på «nye» Rød gravplass som blei teken i bruk kring 1876. I 1974 blei det vedteke å stenge plassen for nye gravfeste, men eldre feste kunne framleis nyttast.

Dei siste gravleggingane på Rød gamle kyrkjegard

Kyrkjegarden kring den gamle Rødkyrkja hadde lenge vore for liten, så gravkorsa stod tett. I 1872 blei det kjøpt inn to mål til ny gravplass litt lenger vest. Det gjekk nokre år før plassen blei sett i stand, men kring 1876 blei han teken i bruk og den gamle kyrkjegarden stengt for vidare gravlegging.

Da Ole Kristensen Gussiås kjende at han ikkje hadde lenge att, bad han halvbror sin, Peder – eller Pe, som han blei kalla – om å bli gravlagd på den gamle kyrkjegarden, sjølv om han var nedlagt. Broren lovte dette, og da Ole døydde i april 1877 under «ulykkeshendelse», grov han liket ned utan å spørje. Deretter gjekk han og fortalde det til sokneprest Steen, som lova å skrive til biskopen. Etter ei tid fekk Pe brev frå departementet om at han skulle ta liket opp att og gravlegge det i Vistdalen. Han drog da til prestegarden, der det blei eit heller kvasst ordskifte mellom han og presten. Pe skreiv deretter sjølv til departementet.

Noko seinare var biskopen på visitas, og Pe blei innkalla til prestekontoret. Biskopen hadde sett breva både frå presten og frå Pe, og sa til Pe i det han slo han på skuldra: *Du skal ikke nødes til å ta Ole Kristensen opp igjen. Han skal få ligge på det same gravstedet som fedrene hans ligger.* I ministerialboka har presten notert følgjande om hendinga: *Liget begravet paa Røds gl. Kirkegaard, men ikke jordfæstet. NB! Jordfæstet 11/11-77.*

Men historia til Røds gamle kyrkjegard var ikkje heilt over med dette. Protokollen fortel at også Ole Larsen Gussiås, som døydde i juni 1877, blei gravlagt der og jordfesta 2.12.1877. Nokre år seinare, i 1882, blei den gamle kyrkjegarden seld til ein lokal grunneigar for 140 kroner (Angvik, 1978).

Korleis gjekk det med kapellet på Tjelle?

Da vedtaket om bygging av ny kyrkje i Eidsvågen passerte statsråd i oktober 1870, var føresetnaden at det innan 10 år også skulle byggast kapell med gravplass på eller i nærleiken av Tjelle for bebuarane på Nordstranda og Osmarka. Teikningar til eit kapell med 250 plassar blei utarbeidde av arkitekt Henrik Nissen, og lånet som kommunen fekk i 1877 skulle brukast til å bygge både kyrkje og kapell. Men da den nye kyrkja stod ferdig i 1878, blei det uvanleg stille om kapellet.

Saka kom opp att i 1890-åra, og ved kgl.res. 7.11.1898 blei teikningane til kapellet godkjende. Men dette blei heller aldri bygd, og ved kronprinsregentens resolusjon av 31.1.1903 blei det vedteke at kapellet ikkje skulle byggast. Det er uklårt kva grunnen kunne vere, men det blir sagt at det kunne ha samanheng med ein lovnad om bygging av ny veg mellom Tjelle og Ranvika i staden for kapell.

Bygdene i vestre del av soknet høyrde til den «nye» kyrkjegarden på Rød. Men i 1948 tok ein opp spørsmålet om å anlegge ein eigen kyrkjegard på Tjelle for krinsane Ranvika, Tjelle og Gussiåsen. Planane blei godkjende av Kyrkjedepartementet i 1949, og gravplassen stod ferdig og blei vigsla 8. juli 1957 av sokneprest Johan K. Åkesson. Same dag føretok han den første jordfestinga – av Olaf K. Gussiås, som hadde leia bygginga av klokkehuset på gravplassen (Angvik, 1978).

Under: Bygdene i vestre del av soknet høyrde til den «nye» kyrkjegarden på Rød frå 1876. Men i 1957 fekk krinsane Ranvika, Tjelle og Gussiåsen sin eigen gravplass på Tjelle.

Til Høgre: Den «nye» kyrkjegarden på Rød som blei teken i bruk i 1876. Foto: MIM.



Sokneprest J. Frost si kyrkjeferd til Eresfjord i 1821

At prestane ofte kunne ha strevsame reiser når dei skulle besøke kyrkjene i prestegjeldet, viser dette utdraget frå dagboka til sokneprest J. Frost i Nesset frå 1821:

Da det paa grund av is paa fjorden ikke har været udøvet kirketjenste i Eresfjord siden søndag 12. november forige aar og da der haver samlet sig mange foretninger og almuen gjentagne ganger haver anmodet mig om at komme derind paa given maade. Ikke kunde jeg komme did uden over fjeldet.

Saa bestemte jeg lørdag den 13. januar at reise over Vistdalen og Vistdalsfjeldet til Eresfjord.

18 mand fra Eresfjord sogn med ligesaa mange løkter modtage mig ved grænsen mellem Visdals og Eredsford sogn og ledsaget mig til lensmandsgaarden Sira. Dagen efter den 14. januar efter at kirketjenesten var til ende reisede jeg kl. 4 ½ tilbage samme vei men nu kun med 2 mand og 2 løkter og saa opad de bratte bakker fra gaarden Thorhuus og did hvor fjeldet begynder at blive fladt, satte mig saa i slede og kom ikke allene til Møkkelbostad, men kom hjem til prestegaarden samme aften kl. 9 ½. Denne reisen fantes ingen prest given siden Lorentz Schnitler søndag mellom juul og nyttaar 1759 altsaa 61 aar siden.

Under gudstenesta i Eresfjord denne søndagen utførte presten, utanom vanleg preike, også fem barsedåpar og fem jordfestingar. (Kjelde: B.L. i Driva 11.12.1976).



Sira kyrkje

Den første kyrkja: Stavkyrkja (middelalder–1710)

Det har vore kyrkje i Eresfjord sidan middelalderen. Eit diplom frå 1362 nemner «Sirin sokn», som må bety at det stod kyrkje her det året. I Trondhjems reformats av 1589 blir ho kalla «Erichsfjord Kirke», og i ein kyrkjestol (rekneskapsbok) frå 1646 «Sigri Kierche». På grunn av den vekslande namnebruken har somme spekulert på om kyrkja først kan ha vore bygd på Slenes noko lenger sør, der ein finn namn som Kjerkeåkeren og Kjerkjelbakken, og seinare blitt flytta til Sira. Men det er ikkje funne synlege spor etter ei slik kyrkje, og stadnamna kan ha andre forklaringar. Mest truleg har kyrkjestaden vore den same heile tida (Austigard & Øverås, 1994).

I ein synfaring rapport frå 1661 blir den eldste delen, «den gamle Kirke med Koret», omtala som stavkyrkje, men med seinare tilbygde korsarmar i tømmer. Dette må ha vore ei enkel stavkyrkje av liknande type som Rødven. Ein kyrkjestol frå 1646–1692 gir interessante opplysningar om kyrkja sin økonomi og utvikling. Mellom anna åtte kyrkja 16 kyr, som blei leigde ut til inntekt for kyrkja eller presten. Vidare fortel protokollen om store ombyggingsarbeid frå 1646 og utover. Dette omfatta ein ny korsarm, utvendig bordkledning, nytt våpenhus, ny trapp til lemman (galleriet), åtte

Sira kyrkje

Type: Åttekantkyrkje med tilbygd kor, i tømmer

Arkitekt: Chr. H. Grosch, typeteikning

Byggmeister: Ole Finnset (Nørstegård), avløyst av Ole A. Rånå og Søren A. Jordfald

Vigsla: 1869

Tal sitteplassar: 307. Opphavleg 396.

Liturgisk målform: Nynorsk

nye skorder og ymse reparasjonar. Jürgen Snedicher («snikkar») frå Molde og ein annan kar gjorde ny altertavle; toppstykket på denne er bevart på Romsdalsmuseet. Ein skulle tru at kyrkja no var i god stand, men synfaringa i 1661 konkluderte med at kyrkja «stod ganske til nedfalls». Trass i heilhjarta innsats tok forfallet overhand. Ved ei ny synfaring i 1708 var veggen i koret fallen inn, og «hele Kirkens Tilstand var i slik Forfatning at neppe noe Menneske vilde gaa ind i den. Øvrigheden gav Tillatelse til aa bygge ny Kirke dette Aar». Og dermed var stavkyrkja på Sira historie.

Den andre kyrkja: Korskyrkja i tømmer (1710–1868)

Den nye kyrkja, ei korskyrkje i tømmer, stod truleg ferdig i 1710. Erik Jakobsen Holten frå Bøfjorden hadde ansvar for det bygningsmessige arbeidet, medan Hans Knutsen frå Molde leia innreiings-



Sira har vore kyrkjestad sidan middelalderen. Åttekantkyrkja frå 1869 er den tredje kyrkja på staden.



Åttekantforma gir eit høgrest og ope kyrkjerom. Dei fire søylene i midten ber tårnet. Innskrifta langs taket framme er: «Fraa ætt til ætt / Guds miskunn / naar mot dei / som ottast han».

arbeidet. Delar av inventaret frå gamlekyrkja blei reparert og nytta opp att, spesielt er nemnt preikestolen med himmel, alteret, altertavla og fonthuset (dåpshuset).

Ved kyrkjesalet i 1725 blei alle kyrkjene i Neset selde til amtmann Erik Must. Uheldigvis kom han bort på ei sjøreise i 1729, og buet blei gjort opp med tap. Det var såleis ingen midlar til vedlikehald av kyrkja, og under ein visitas i 1735 fekk biskop Hagerup sjå forfallet. Han konstaterte at kyrkja ikkje hadde nokon eigar, og påla bøndene at dei skulle overta kyrkja og sette ho i forsvarleg stand. Bøndene lova å gjere det dei kunne, men dei fleste var fattige og hadde lite å avsjå. Biskopen skreiv da til kongen at «Sigri Annex Kirke behøver 100 rd for at vorde med tag og fag vel forsyned; dens almue er bare Bønder, uformuende». Pengane kom utpå sommaren 1737, og arbeidet blei sett i gang.

Utover på 1800-talet vaks folketalet raskt. Frå ein visitas i 1862 blei det rapportert at kyrkja trong ein stor reparasjon og dessutan var for lita etter behovet. Kyrkjelova frå 1851 kravde at kyrkjene skulle romme 3/10 av folketalet i soknet. Men eresfjordingane ville helst behalde korskyrkja, og meinte ho ville vere stor nok når det planlagte kapellet i Eikesdalen blei ferdig. Dei ville derfor heller bruke pengane i kyrkjekassa til «tids-

messig Forbedring». Noko må også ha blitt gjort, for visitasprotokollen frå 1866 seier at kyrkja er i nokolunde god stand.

Den tredje kyrkja: Åttekantkyrkja i tømmer (1869–)

Nokre må likevel ha ivra for nytt kyrkjebygg. I oktober 1867 fekk sokneprest Steen tilsendt type-teikningar til ei åttekanta tømmerkyrkje i nygotisk stil med 396 sitteplassar, utarbeidd av arkitekt Chr. H. Grosch. Utkastet fall i smak, og allereie i januar 1868 gjorde kommunestyret vedtak om å bygge ny kyrkje basert på desse teikningane. Gamlekyrkja blei riven i mai same år, og arbeidet med den nye tok til med det same. Tømmeret til bygginga blei skaffa lokalt av bøndene i soknet. Kyrkja fekk ei noko uvanleg orientering med inngangen mot nord og alteret mot sør.

Til byggmeister blei vald Ole Finnset, Eikesdal (= Ole O. Nørstegård frå Lesja), som nyleg hadde bygd kapellet i Eikesdalen. Han flytta til Amerika året etter, men i god tid før dette ser det ut som Ole A. Rånå frå Lesjaskog og Søren A. Jordfald frå Eidsvågen overtok byggeleiinga. Innreiingsarbeidet blei utført av snikkarmeister Ole O. Meland frå Vistdalen. Han laga benkar, preikestol, knefall, alterbord med eit stort kors, pulpitur og klokkearstol. To profilerte og måla bjelkar frå





Preikestolen er frå 1869.



Døypefonten i tre frå 1869. Foto: Johnny G. Vågen/ Kyrkjebygg-databasen.



Dåpsfatet og vasskana.



Brudestolane.

gamlekyrkja, kan hende frå eit korskilje, blei nytta i loftskonstruksjonen.

Kyrkja blei innvigd 29. september 1869 av prost Rasmus Rolfsen Arnet i Veøy. Prosten rapporterte til biskop Grimelund, som hadde forfall: *Det vakre Veir, som den Dag indtraf havde kaldet en talrig Forsamling til det smukke Gudshus.*

Kyrkja er måla utvendig fleire gonger, og i 1934 blei ho måla innvendig av L. Vågseter. I nyare tid er det sett inn nye innervindaug (1990), inngangspartiet er utbeta og det er laga rullestolrampe. Ei større restaurering blei gjennomført i 2010.

Gjennom åra har kyrkja etter måten gjennomgått få endringar, og ho står derfor fram som svært autentisk. I Riksantikvaren sitt kulturminneregister er ho klassifisert som «listeført og med særleg høg verdi.»

Kunst og inventar

Altertavle: «Jesus går på sjøen» måla av Nils Abdsen, 1937. Det opphavlege alterkorset blei teke ned og sett på loftet.

Alterutstyr:

Preikestol: I tre frå 1869.

Døypefont: I tre frå 1869.

Alterdukar: 1. Filert duk frå 1912. 2. Hardanger-saumsduk i lin frå 1985.

Messehaklar: Messehaklar frå 1837 og 1896.


Anna inventar:

Orgel: I 1914 blei det kjøpt eit pipeorgel med 7 stemmer, 1 manual og pedal frå Brødr. Torkildsen, Åsen i Trøndelag. Orgelet hadde ein hovudreparasjon i 1984, utført av Per Øyvind Torkildsen og Theodor Zuber.

Kyrkjeklokker: Dei to klokkene er frå 1877, laga ved Chr. Christensen støyperi på Fuglsetneset ved Molde.



Kyrkja har eit stort galleri som ikkje lenger er i bruk grunna brannsikkerheit. Benkane er frå restaureringa i 2010.



Orgelet er frå 1914 og er produsert av Brødr. Torkildsens orgelbyggeri, Åsen i Trøndelag.



Denne teikninga heng i kyrkja og viser Erik Jakobsen Holten frå Bøfjorden som var i byggmeister for korskyrkja i 1708–09. Teikninga er laga av Christen Lind først på 1800-talet. Han har teke feil av mellomnamnet og skrive Iversen i staden for Jakobsen. Teksten er slik: *Ingen Mester i Verden her, Mig Underviisning har givet: uden Jesus Min Frelser Kjer har mig Tankken Indrivet. Saavit mit Arbeide for dig staar er ikke mit at Skrive. Men Herrens-navn ske evig laav, som mig dette har givet.- Errik Iversen Haalten / Aar 1708 / C. Lind.* Foto: Johnny G. Vågen/Kyrkjebyggdatabasen.

Segna om korleis Eresfjord kyrkje kom til Sira

Da dei skulle bygge ny kyrkje i Eresfjord, tok dei til på Korsen, på toppen av Åsebrekka. Men det som blei bygd om dagen blei rive ned om natta. Dei trudde at det var høgare makter som stod bak. Derfor kasta dei ein stakk på elva, og der han dreiv i land skulle kyrkja stå. På den måten kom kyrkja til Sira (Austigard og Øverås, 1994).

Kven som helst fekk ikkje sleppe til på orgelet i Sira

Da Sira kyrkje fekk orgel i 1914, søkte lærar Christian Stensvold om løyve til å øve seg som organist. Svaret var: *Søknaden indvilges indtil videre på betingelse av at han skaffer sig en helt ut pålitelig bælgtræder.*

Minnesteinen over Valdres-Anders

Minnesteinen over Valdres-Anders (1804–1893) ved Sira kyrkje blei avduka i 1963 under eit

slektsstemne der eit par hundre av etterkomarane var til stades.

Anders Andersen Nedre Haug frå Etnedal var ein av mange valdrisar som fann vegen til dei indre Romsdalsbygdene. Som omreisande heste- og krøtterhandlar var han blitt kjent i området, og i 1839 kom han flyttande med kone og seks barn til Eresfjord, der han kjøpte garden Frisvoll.

I 1850 døydde eldstesonen Anders, truleg ved drukning, og i 1857 drukna også dei to andre sønene Arne og Steingrim på tur til Molde i båt. Dette gjekk hardt inn på Anders, og eit par år seinare flytta familien til Finset i Eikesdalen. Men allereie i 1864 overdrog han garden til svigersonen og bygde ei lita kårstove til seg og kona Kari ved Bøen på Øverås. Der levde dei i nærare 30 år med barn og barnebarn kring seg.

Mange meiner lagnaden til Valdres-Anders – med tapet av tre søner – har vore føredøme for forteljinga *Faderen* som Bjørnstjerne Bjørnson skreiv i 1859 (Øverland P., 1974).



Kyrkja på Myklebostad nede ved fjorden er den andre på staden og den tredje i Vistdalen. Den første kyrkja, ei stavkyrkje frå middelalderen, låg på Nerland lenger oppe i dalen. Foto: MIM.

Vistdal kyrkje

Den første kyrkja: Stavkyrkja (middelalder–1668)

Den første kyrkja i Vistdal stod på Nerland, eit stykke oppe i dalen, på ein plass som framleis heiter Kyrkjemyra. Ho er nemnt i eit diplom frå 1494 («Nerlandz kirkio») og i Trondhjems reformats av 1589. Det må også vere denne kyrkja det er sikta til i Aslak Bolts Jordebog frå 1492, der det er tale om «Nordlandæ Sogn i Vistdal» (truleg skivefeil for *Nerdlanðæ*, opphavleg *Njardarland*). I ein synfaringsrapport frå 1661 blir kyrkja omtala som «ganske forraadnet» idet både «Kirchestaffue og tømmer» var forderva, «saa at nogen begynder at røre eller noget forfærde, falder det tilhobe neder». Uttrykket «Kirchestaffue» viser at det var ei stavkyrkje, truleg med seinare tilbyggingar i tømmer. (Dietrichson, 1892)

«Wessdalls Kierchestol» frå 1646-1692 gir oss

fleire opplysningar om kyrkja sin utsjånad. Det går fram at ho hadde våpenhus og skriftehus (sakristi), det siste truleg i tømmer, ho var bordkledd utvendig, hadde sulagt tak og var tjørebredd. Ei detaljert inventarliste viser at kyrkja mellom anna hadde ei klokke i tårnet og to som var «brustne», vidare kalk og disk i sølv, eit messingbekken i døypefonten og ei «fattigtavle», dvs. eit brett med stong til innsamling av almisser. Kyrkja eigde ti kyr som blei leigde ut til inntekt for kyrkja eller presten (Austigard, 1994).

Vistdal kyrkje

Type: Langkyrkje i tømmer

Arkitekt: Jacob W. Nordan

Byggmeister: Friederich Spolert, Molde

Vigsla: 1869

Tal sitteplassar: 270. Opphavleg 300.

Liturgisk målform: Nynorsk



Kyrkja er ei klassisk langkyrkje med rektangulært skip og smalare kortilbygg. Interiøret står med synlege tømmerveggar, strekkfiskar og loftsbejkar. Inventaret er i hovudsak originalt frå kyrkja blei bygd i 1869.

Den andre kyrkja: Korskyrkja i tømmer (1668–1869)

Frå 1661 er det kvart år inntektsført gåver til ei ny kyrkje. Men det var ulike meiningar om kvar nykyrkja skulle byggast. Nokre ville bygge på Ødegård litt lenger ned i dalen, men valet fall til slutt på Myklebostad nede ved fjorden, eller, som Schnitler uttrykker det (1789, nyutg. 1974): «fra Wisdals-bugten et par børs-Skud fra Søen». Bygginga tok til i 1663. Korskyrkjer var på moten, og Vistdalskyrkja blei den andre av denne typen i Romsdal etter Molde (1661). Byggemåten var velkjent og solid og høvde med den lokale tilgangen på materialar. Formann for bygginga var Jens Toresen. Dette er truleg den same Jens Toresen Eikrem frå Straumsnes som utførte store reparasjonar på kyrkjene Tingvoll, Øre og Frei, og hadde vore byggmeister for kyrkjene Vågøya (1669) og Voll (1674). Inventaret blei laga i 1664–65, mellom anna preikestolen, som i dag er restaurert og

står i Romsdalsmuseets kapell. Mykje inventar og utstyr blei dessutan ført over frå stavkyrkja. Kyrkjeverje Torfinn Myklebostad tok sjølv ned det gamle skriftehuset og sette det opp ved nykyrkja. Kyrkja må på det næraste ha vore ferdig i 1665, men blei ikkje vigsla før i 1668.

Ein har få opplysningar om kyrkja på 1700-talet, men frå 1804 finst det ein tilstandsrapport som fortel at kyrkja var i svært dårleg forfatning. Bakgrunnen for dette var at kyrkja blei seld til amtmann Erik Must ved det store kyrkjesalet i 1725. Han drukna på ei sjøreise i 1729, og buet blei gjort opp med tap. Etter dette gjekk kyrkja med tilhøyrande jordegods frå den eine eigaren til den andre i nærare 140 år. Mellom anna kjøpte Hans Peter Schnitler kyrkja i 1781 (Schnitler, 1789, nyutg. 1974). Først i 1866 blei saka løyst. Etter ein bispevisitas det året sette Stiftsdirksjonen hardt mot hardt. Dei skreiv til prost Arnet angående «Vistdals Kirkes forfaldne Tilstand», og bad han



T. v.: Alteret hadde først eit enkelt trekors, men fekk i 1939 dette alterbildet med motiv frå oppstoda, måla av Nils Martin Abelsen frå Vestnes.

Over: Koropninga med preikestolen og alteret. Vindauga i koret har antikkglas frå 1959.



Preikestolen er original frå 1869. Dekormålinga er utført av Sigurd Svanemyr, 1950.



Døypefonten er original frå 1869. Dåpsfatet i sølv er frå 1950 og dåpskanna frå 1959.

om «at affordre Kirkeieerne deres Erklæring om hvorvidt de måtte være villige til at opføre en ny passende stor og tidsmessig Kirke». Det var daverande Nasset-ordfører John Elgenæs og tre andre bønder som eigde kyrkja. Desse gjekk med på å overdra ho vederlagsfritt til kyrkjelyden, og dessutan vere med på å koste bygging av ny kyrkje.

Den tredje kyrkja: Langkyrkja i tømmer (1869–)
Hausten 1866 fekk sokneprest Steen tilsendt teikningar til ny kyrkje frå Stiftsdirksjonen. Det var teikningane til Nord-Etnedal kyrkje (1866), ei langskipskyrkje i lafta tømmer med 300 sitteplassar, utarbeidd av departementets kyrkjekonsulent

Jacob W. Nordan. Kommunestyret studerte teikningane, men kom til at dei heller ville ha «spesialteikningar». Dette tok si tid, og for ikkje å forseinke saka, blei det bestilt grantømmer ut frå dei teikningane ein hadde. Tømmeret blei kjøpt i Namdalen og henta av to menn frå bygda på ei innleigd jekt. Da dei kom heim var dei nye teikningane komne. Etter ei avsemming i bygda mellom dei gamle og dei nye teikningane, valde dei å bygge den minste av dei to kyrkjene, etter dei første teikningane.

Den nye kyrkja blei lagt i utkanten av kyrkjegarden, sør for korskyrkja. Bygginga kom i gang våren 1869 og gjekk med rekordfart. Murane blei



Dei fire store glasmåleria i skipet er ei privat gåve til kyrkja. Dei to eldste (på nordveggen) har motiv «Korsfestelsen» og «Jesu fødsel». Dei to på sørveggen er frå 1962 og viser «Såmannen» og «La de små barn komme til meg». Kunstnaren er Victor Smith og glasarbeidet er utført av firma G. A. Larsen, Oslo.

sette opp på dugnad, medan tømrararbeidet blei utført av fagfolk under leining av byggmeister Friederich Spolert frå Molde. Anders J. Hanset blei tilsett som arbeidsformann.

Kyrkja blei vigsla av biskopen i Nidaros, Andreas Grimelund, 24. november 1869.

Dei første åra stod kyrkja utan utvendig panel, berre med tjørebredd tømmer. Panelet kom truleg på i åra 1897–99. Seinare har kyrkja vore måla fleire gonger. Kyrkja ligg utsett til for vær og vind, og dette har skapt problem for taket og tårnet. Det har vore utført store takreparasjonar i 1936 og 1984–89.

Den mest dramatiske hendinga skjedde under nyttårsorkanen i 1992. Augevitne fortel at kyrkja stod og svaia frå side til side i dei verste orkanbyene, og at det var eit under at ho ikkje fall over ende. I første omgang blei kyrkja sikra med bardunar, men utover våren og sommaren blei det utført store restaurerings- og forsterkingsarbeid. Bygninga blei retta opp og avstiva med jernrammer og limtreknektar som blei skjulte under panelet. Det mest synlege resultatet av arbeidet var at ein prøvde ut nye fargekombinasjonar inne i kyrkja for å få fram meir av den spesielle stilen. Benkane blei også bygde om og måla med



Interiøret er i hovudsak uendar frå kyrkja var ny. Lysekroner og veggampettar er teikna av Ole Lind Schistad og utført av Kristian Nauste og Johan Svensli, 1951.

ådringsteknikk. Den 30. august 1992 var arbeidet ferdig og kyrkja kunne gjenopnast.

Kunst og inventar

Altertavle: Dei første 70 åra var alteret pryda av eit stort trekors. I 1939 blei det bestemt å skaffe eit alterbilde. Målaren Nils Martin Abelsen frå Vestnes kom til kyrkja og drøfta motivet med soknepresten. Dei blei einige om motivet «Han er oppstått», og måleriet var på plass i mars same år.

Alterutstyr: Kalk frå om lag 1850, kan vere laga av Christoffer Sandberg, Molde. Særkalkar frå 1929. To sølvlysestakar 1959.

Preikestol: I tre frå 1869. Dekormåla av Sigurd Svanemyr i 1950.

Døypfont: I tre frå 1869. Nytt fat i sølv, 1950, og dåpskanne, 1959. Eit gammalt dåpsfat i messing, omtala i 1806, er bevart.

Alterduk: Alterduk med påsydde blonder frå ein eldre, hekla duk frå 1925–30, utført av Margrete Lien og kvinner i Sanitetslaget. Kyrkja har også bevart ein duk med blondebord/brudeslør frå 1869.

Messehaklar: Gamal messehakel frå 1835. Nyare messehakel frå 1929.

Anna inventar: Lysekroner og veggampettar er teikna av fylkesarkitekt Ole Lind Schistad og laga av Kristian Nauste og Johan Svensli, 1951.

Glasmåleri: Dei fire store glasmåleria er ei privat gåve til kyrkja. Dei to eldste (mot nord) har motiv «Korsfestelsen» og «Jesu fødsel». Dei to nyaste (mot sør) er frå 1962 og har motiv «Såmannen» og «La de små barn komme til meg». Kunstnaren er Victor Smith og glasarbeidet er utført av firma G. A. Larsen, Oslo. Antikkglasa i koret er frå 1959.

Orgel: Det første orgelet kom i 1902, eit pipeorgel med 6 stemmer produsert av Adolf Fosnæs. Orgelet var ei gåve frå ein person som ikkje ville at det skulle settast på plass før etter han var død, for han ville ikkje ha noka ære av det. Fram til orgelet fekk elektrisk belg gjekk det ei «belgtredarbok» mellom heimane i bygda, slik at alle kunne ta del i denne plikta.

I 1985 blei det skifta ut med eit mekanisk pipeorgel frå VEB Jehmlich Orgelbau, Dresden. Orgelet har 12 stemmer, 2 manualar og pedal. Det gamle orgelhuset blei behalde etter tilråding frå orgelkonsulenten, som meinte arbeidet var av høg snikkarmessig kvalitet, ei vurdering Riksantikvaren slutta seg til.

Kyrkjeklokke: Klokka er laga av klokkestøypar Chr. Christensen på Fuglsetneset ved Molde i 1869. Historia seier at det var den gamle klokka frå korskyrkja som blei smelta om. Den var laga av kinesisk kopar som først hadde seilt på havet som kledning på ei skute. På vigslingsdagen for kyrkja



Orgelet er frå 1985 og levert av VEB Jähmlich Orgelbau. Orgelhuset er frå det første orgelet, frå 1902.



Den store steinplata på golvet i våpenhuset er til minne om kaptein Frederik Chr. M. Lied som var den første ordføreren i Nesset. Steinen kom på plass i 1939.

skal biskopen ha sagt: *Dette er den peneste klang jeg har hørt i nogen kirkeklokke på landet.* Betre attest for arbeidet sitt kunne smeden på Fuglsetneset knapt få.

Segna om korleis Vistdal kyrkje kom til Myklebostad

Da det skulle byggast ny kyrkje i 1668 var det ymse meiningar om kvar den nye kyrkja skulle stå. I denne samanheng blir det fortalt at den gamle kyrkja på Nerland blei riven og flytta til Lassehjellen på Ødegård dit tømmeret blei køyrt. Men ei natt blei nokre stokkar flytta til Myklebostad og folk tok dette som eit teikn på at kyrkja skulle byggast der. Ein følgde dette «jarteiknet», og krosskyrkja blei sett opp på Myklebostad (Austigard, 1994).

Eikesdal kyrkje

Frå Sira til Eikesdal

Som vedlagte, af Sira Kommunebestyrrelse, fattede Beslutning [...], har undertegnede Gaardbrugere allerede gjort forberedende Skridt til at faa opføre en Kapelkirke i den afsidesliggende Bygd Eikisdal.

Brevet, dagsett 25. september 1864, var stila direkte til Kongen og underskrive av alle dei 13 gardbrukarane i bygda. Dei skreiv at trongen for kyrkje og gravstad var stor: *Beboerne i Eikisdal har 3 à 4 Mile, dels Sø- og dels Landevei, hvoriblant det henved 2 Mile lange Eikisdalsvand, for at kunne komme til Sognets Kirke.* Fordi dei framleis skulle ha rett til å bruke soknekyrkja på Sira, ønska dei berre å bygge «et lidet Kapel» tilpassa folketalet på om lag 170 sjeler (Austigard, 1991).

Dei eldste planane om eit kapell i Eikesdalen går attende til 1850-åra. I 1853 blei Christian B. Heltberg tilsett som ny sokneprest etter Peder Bjørnson. Eitt av vilkåra var at han måtte finne seg i moglege endringar «betræffende en ny Kirke i Egesdalen». Men fleire av dei eldre i bygda

Eikesdal kyrkje

Type: Langkyrkje i tømmer med rektangelplan

Arkitekt: Jacob W. Nordan

Byggmeister: Ole O. Nørstegård (Finnset) frå Lesja

Vigsla: 1866

Tal sitteplassar: 80. Opphavleg 100.

Liturgisk målform: Nynorsk

var imot saka, og lite skjedde før i august 1862. Da skreiv oppsittarane til kommunen og spurde om vilkåra for å kunne fråtre forpliktingane dei hadde til soknekyrkja dersom dei oppførte si eiga kyrkje. Dette var inga enkel sak, å opprette eit eige sokn eller kapellsokn hadde både økonomiske og praktiske konsekvensar. Men kommunestyret i Sira sokn var imøtekomande og vedtok at eikesdalingane skulle sleppe å betale tiend, landskyld og benkeleie til soknekyrkja frå den tid byggearbeidet var kome i gang. Sira kyrkje skulle dessutan avstå 300 spesiedalar av si kasse; resten av byggekostnaden på kring 1200 spesiedalar måtte



Eikesdal kyrkje ligg vakkert til i Oppigard, midt i den fruktbare Eikesdalsbygda. Foto: Ottar Rydjord.



Kyrkja har rektangelform, med skip og kor innanfor same bygningsvolum. Det gir ei open og funksjonell løysing. Interiøret er i hovudsak originalt frå kyrkja var ny i 1866, men dei friske fargane kom til hundreårsjubileet i 1966. Arbeidet blei utført av målar Kåre Brekke, Eidsvåg, etter ein fargeplan utarbeidd av arkitekt Ole Lind Schistad.

eikesdalingane finansiere sjølv. I tillegg skulle dei framleis «indrømmes Plads i Sira Kirke». Bygdefolket var godt nøgd med vedtaket, og dette sette fart i planane.

Heltberg skreiv eit sterkt anbefalingsbrev til Stiftsdireksjonen i Trondheim der han skildra korleis saknet av ei kyrkje låg fleire av dei yngre gardbrukarane slik på hjartet at dei hadde erklært at dei ville selje gardane og flytte til ein stad ... *hvor der maatte være lettere Adgang til Herrens Tempel at høre Guds Ord og der modtage Herrens Naademidler.*

Men kvar skulle kyrkja ligge? Det blei hevda at det ikkje fanst eigna plass til formålet, fordi alle dei stadene som var trygge for «Snelaviner og Fondvinde» alt var opptekne av andre hus. I samråd med presten valde ein til slutt ein åker i Oppigard. Herifrå ville kyrkja ta seg godt ut frå vatnet og vere godt synleg i dalen. Her var det også mogeleg å anlegge kyrkjegard, som eikesdalingane lenge hadde ønska seg.

Byggeprosessen

I februar 1865 blei byggesøknaden godkjent av Kongen i samsvar med departementet si tilråding. Ein skulle nytte dei same teikningane som til Stordalen kapell i Meråker (1863), utarbeidd av kyr-

kjearkitekt Jacob W. Nordan. Det ville gi Eikesdalen eit kyrkjebygg i lafta tømmer med rektangelplan, tilbygd våpenhus og sakristi og med 100 sitteplassar.

I april 1866 tok bygginga til. Byggmeister var Ole Nørstegård (Finnset) frå Lesja. Tømmeret blei hogge i dalen og køyrt til byggeplassen. Bygginga var eit tungt løft for bygdefolket. Alle utgifter utanom løyvinga frå soknet blei delte på gardane etter matrikkelskylda. Dessutan skulle gardane syte for mat til arbeidsfolket.

Etter fem månader med hardt arbeid kunne kapellet takast i bruk. 3. oktober 1866 ringde kyrkjeklokka for første gong til gudsteneste i Eikesdalen, og under stor festivitas blei kapellet vigsla av biskopen i Nidaros, Andreas Grimelund. Inventarlista viser at ein hadde klart å skaffe det meste av nødvendig utstyr som døypefat, kalk og disk, alterduk, liturgiske bøker, lysestakar, messeshakel og messeskjorte.

Ein måtte vente med den utvendige kledninga til året etter slik at tømmeret fekk tørka og sett seg. Da blei kapellet kledd med liggande bordkledning og måla kvitt. Det var ikkje fritt for at det stakk seg ut frå dei gråbrune tømmerhusa elles i dalen. Seinare er kyrkja måla utvendig fleire gonger.



I samband med 100-årsjubileet i 1966 kom det opp eit ønske om å skifte ut korset på alteret med eit alterbilde. Riksantikvaren gjekk imot dette, men kunne godta ei ornamental ramme kring korset. Denne blei utført av treskjerar Oddvin Parr og innvigd i 1980.



Døypefatet i tinn er av eldre dato. Vassmugga er ei gåve frå 1966.

Seinare endringar

Innvendig var kyrkja umåla. Amund Olson Åfløy måla grøne sjablongbordar øvst på veggane kring 1880, men først i 1900 blei heile kyrkja måla innvendig, av Lars Ottesen Enebo. Sjablongbordane blei overmåla i 1966.



Den åttekanta preikestolen er frå 1866.

Kyrkja hadde ikkje oppvarming før i 1927, da det blei montert ein høg vedovn. Før dette blei det ikkje halde gudstenester i kyrkja om vinteren. I tiåra som følgde blei det berre utført mindre vedlikehaldsarbeid.

I 1957 fekk kapellsoknet eige sokneråd, noko som førte til større kyrkjeleg aktivitet.

Til hundreårsjubileet i 1966 blei kyrkja restaurert under leiing av arkitekt Ole Lind Schistad. Det blei lagt nytt, isolert golv, vedovnen blei erstatta med panelomnar, sakristiet fekk vindfang og kyrkja blei måla utvendig og innvendig; innvendig av målar Kåre Brekke frå Eidsvågen, etter fargeplan av arkitekt Schistad. Kyrkja fekk lyse og vennlege fargar med kvitt tak, lysegrå tømmerveggar, inventar i friske blåfargar og kvit og gul detaljering. Til jubileet kom det også mange gåver i form av inventar og utstyr frå foreiningar og personar med tilknytning til bygda.

I samband med restaureringa kom det også opp ønske om å skifte ut korset på alteret med ei altertavle. Riksantikvaren gjekk imot dette, men kunne godta ei ornamental ramme rundt korset. Denne blei utført av treskjerar Oddvin Parr, og innvigd i 1980.

Etter ein bispevisitas i 1984 blei det gjort ymse oppgraderings- og vedlikehaldsarbeid: Innsetting av doble vindauge, isolering og måling av



Kyrkerommet sett frå koret. Lysekrona er frå 1916. Orgelet på galleriet er eit elektronisk Allen-orgel frå 1982.

himling, måling av lesepult og legging av teppe i våpenhus og sakristi. I 1990 blei det gjennomført vesentlege reparasjonar og utvendig måling.

Ordninga med kapelldistrikt blei avvikla med ny kyrkjelov i 1997. Etter dette har Eikesdal status som eige sokn og kapellet har status som soknekyrkje.

Kunst og inventar

Alterutsmykking: Stort forgylt kors frå 1866. Ramma rundt er utført av treskjerar Oddvin Parr, 1980.

Alterutstyr: Eldre kalk i sølv med ukjent opphav, lokk med tut sett på i 1929. Disk i sølv laga av gullsmed H. Flor, 1866. 2 lysestakar, 1866. 2 enkle lysestakar og ein trearma i sølv, 1966. 2 blomster-vasar, 1954. Barokk lysestake, gjeve 1966.

Preikestol: I tre frå 1866.

Døypefont: I tre frå 1866. Eldre døypefat i tinn. Barokk vassmugge, gjeve 1966.

Alterduk: Linduk i uttrekkssaum og holsaum frå Husfliden i Oslo, 1941.

Messehaket: Frå 1866?

Anna inventar: Lysekrona, 1916. To smijernslysestakar i koret laga av Sverre Berg, 1966.

Orgel: Eikesdal skule fekk i 1925 eit Vestre-harmonium som kyrkja lånte når det var gudsteneste. Denne ordninga var tungvint, og i 1948 blei eit



Smijernslysestake laga av Sverre Berg, 1966., og to av kontorstolane. Foto: Torbjørn Oppigard.

brukt orgel frå Øksendal kyrkje kjøpt og plassert fremst i kyrkja. I 1982 blei det skifta ut med eit digitalt Allen-orgel på galleriet.

Kyrkjeklokker: Klokke med innskrift: «FABRIK-KEN VED NIDELVEN 1866».



Hustadvika kommune

Frå 1. januar 2020 blei kommunane Fræna og Eide slegne saman til nye Hustadvika kommune. Vi har likevel vald å presentere kyrkjene etter tidlegare kommuneinndeling, fordi mykje historie og administrativ struktur framleis er knytt til dei gamle kommuneiningane.



Tidlegare Fræna kommune

På 1500-talet låg heile området til tidlegare Fræna kommune under Aukra prestegjeld. Både Vågøy, Bud og Hustad var gamle kyrkjestader som hadde hatt kyrkjer sidan middelalderen. Soknepresten i Aukra gjorde teneste i kyrkjene på Vågøy og Aukra, medan ein residerande kapellan i Bud hadde ansvar for kyrkjene i Bud og på Hustad (Gjendem O. , 2004).

Ved reskript 4.4.1755 blei sokna Bud og Hustad skilde ut frå Aukra som eige prestegjeld, med Bud som hovudkyrkje og Hustad som annekskyrkje.

Fræna kommune hadde i hovudsak samanfallede grenser med tidlegare Våge (Vågøy) tinglag, som frå 1200-talet var ein av åttingane i

Romsdal. Åttingen har gått under ulike nemningar: Eit dokument frå 1412 brukar namnet *Fræna* («Fræna atungh»), Aslak Bolts jordebok frå 1432 kallar han *Stim* («Styms attungh»), medan tiendeskattemanntalet frå 1520 seier *Vågø* («Voge ottynggh»), og Våge/Vågø er også brukt seinare – etter 1821 for tinglaget (Sandøy, 1974).

Gardane Skotten og Sandblåst i Hustad sokn hørde opphavleg til Mek tinglag på Nordmøre, men blei overførte til Våge tinglag mellom 1661 og 1723. I 1818 blei grensa mellom Sund og Våge tinglag endra slik at ho fall saman med grensa mellom Aukra og Vågøy sokn. Nord-Gossen blei da ført attende frå Våge til Sund tinglag medan gardane Helset, Jendem og Åndal i Vågøy sokn



Det har budd folk på Bjørnsund sidan 1500-talet. På det meste budde det over 600 menneske der, men på 1960-talet starta nedgangen. Sildefisket svikta, arbeidsplassar forsvann, det var behov for vassforsyning og kaianlegg, øyane mangla ungdomsskole og staten stimulerte til «flytting av utvær». I 1968 gjorde kommunestyret vedtak om nedlegging, og i løpet av tre år flytta 120 familiar til fastlandet. Dette var den største organiserte avfolkinga i norsk etterkrigshistorie. Men i dag er Bjørnsund eit levande ferieparadis med leirskole og folk i alle hus. Midt i bildet ser vi bedehuskapellet. Foto: Johnny Bratseth/Romsdalsmuseet.

blei overførte frå Sund til Våge tinglag. Ved kgl. res. 30.4.1877 blei to bruk i Gådal (Godal) overførte frå Hustad til Eide sokn, og ved kgl.res. 8.3.1890 skjedde det same med tre bruk i Bollia. Garden Lauvåsen ved Hollingsholmen blei overført frå Fræna til Aukra i 1964.

Aukra, «dette store søkall», var eit tungvint prestegjeld å administrere, også etter at Bud var skilt ut. Etableringa av Vågøy som eigen kommune i 1840, og aukande folketal, bidrog til at Vågøy sokn blei eige prestegjeld ved kgl.res. 22.9.1859. Prosten skriv at «sognet i by og bygd alminnelig nevnes Frænen», og tilrår at dette også blir namnet på det nye prestegjeldet. Departementet slutta seg til forslaget og grunn gav det ytterlegare med at det «sees å være påtenkt å få kirken flyttet fra øen til fjordens bunn». Kommunen følgde etter og skifta namn frå Vaagøe til Frænen 1.1.1860. Skrivemåten blei endra til Fræna i 1919 (Aas, 1987).

I samband med opprettinga av Fræna prestegjeld tok Kyrkjedepartementet atterhald om ei mogleg overføring av Bjørnsund til Bud. Men kommunestyra både i Aukra, Bud og Fræna gjekk imot dette da Bjørnsund hadde ei stor fattigbyrde som Bud vanskeleg kunne bere. Bjørnsund soknar derfor framleis til Vågøy kyrkje og kyrkjegard.

Etter ein lang strid blei det ved kgl.res. 5.1.1878 gjeve løyve til å bygge ny kyrkje på prestegarden Myrbostad sin grunn. Når kyrkja var ferdig skulle prestegjeldet delast i Ytre og Indre Frænen sokn. Det skjedde da Myrbostad kyrkje blei vigsla i november 1880. I 2012 blei dei to sokna på nytt samla under namnet Vågøy og Myrbostad sokn.

Ved innføringa av formannskapslovene i 1838 blei Aukra og Bud prestegjeld eigne kommunar. Allereie to år seinare, i 1840, blei også Vågøy sokn skilt ut som eigen kommune frå Aukra. Hustad sokn blei eigen kommune, skilt ut frå Bud, i 1918. Denne delinga varte til 1.1.1964 da Fræna, Bud og Hustad blei slegne saman til storkommunen Fræna.

Prestegjelda Fræna og Bud blei avvikla etter prostereforma i 2004. Eide sokn blei overført frå Ytre Nordmøre prosti til Molde domprosti 1.1.2019 etter at kommunane Fræna og Eide hadde vedteke å slå seg saman til nye Hustadvika kommune frå 1.1.2020.



Kveldsbilde frå Elnesvågen med Frænfjorden og Gjendemsfjellet i bakgrunnen. Etter at dei tre kommunane Fræna, Bud og Hustad blei slegne saman til storkommunen Fræna i 1964, har kommunesenteret Elnesvågen vakse til ein tettstad med over 2 600 innbyggjarar. Her finn vi kommunale kontor, vidaregåande skole, butikksenter, ulike service- og tenestetilbod og fleire store industribedrifter. Foto: Benjamin Groven Zocholl.

Vågøy kyrkje

Den første kyrkja: Stavkyrkja (middelalder–1669)

Dei mange gravrøysene både på Vågøya og Tornes syner at her har budd mektige ætter. Utgravingar viser at det har vore busetnad i området i 3–4 000 år. Vågøya var ein naturleg møtestad for folket ved Frænfjorden den tida sjøen var allfarveg, og var tingstad i Våge tinglag (Aas, 1990-t).

Det eldste skriftlege vitnemålet om ei kyrkje på Vågøya er eit tinglysingsbrev frå 1336, underskrive av Hermund, prest i Vågøy. Seinare er kyrkja nemnt i Trondhjems reformats av 1589. Vågøya har truleg vore kyrkjestad sidan tidleg middelalder. Ifølgje tradisjonen har det stått ei kyrkje her før den som er nemnt i 1589. Sistnemnde er i ein synfaringssrapport frå 1661 skildra som ei ille medfaren stavkyrkje: *4 Kirchstaffuer ehre meget ilde fahrne Neder ved Jorden. Kirken havde et Taarn, som da skulde fornyes, eftersom det i Storm og Uveir ryster og raver, saa at ingen tør neppelig blive i Kirken* (Dietrichson, 1892), (Hoem, 1980), (Aas, 1985), (Gjendem O. , 2004).

Den andre kyrkja: Korskyrkja i tømmer (1669–1900)

I 1669 blei stavkyrkja riven og erstatta av ei korskyrkje i tømmer. Byggerekneskapen fortel at fleire

Vågøy kyrkje

Type: Langkyrkje i tømmer

Arkitekt: Ole Havnæs

Byggmeister: Ole Havnæs

Vigsla: 1904

Tal sitteplassar: 450. Opphavleg 550.

Liturgisk målform: Nynorsk

materialar og inventarstykkje frå den gamle stavkyrkja blei nytta om att, så som alteret, korskilleveggen, skriftehuset (sakristiet), dørlåsen og dei to kyrkjeklokkene. Ansvarleg for byggearbeidet var Jens Toresen Eikrem (Eichrim) frå Straumsnes, ein kjent kyrkjebyggjar som året før hadde vore meister for korskyrkja i Vistdal, og som nokre år seinare bygde korskyrkja i Voll (1674). Desse kyrkjene var truleg nokså like, både av storleik og skapnad. Tømmeret ein kunne skaffe lokalt, med 5–6 meter lange stokkar, bestemte både lengde og breidde på korsarmane. Midt over korset trona ein uvanleg høg takryttar på om lag 13 meter. Utvendig var kyrkja kledd med tjørebredde bord. Som i fleire av Jens Eikrem sine kyrkje-prosjekt hadde Peder Andersen ansvar for inventaret, mellom anna preikestolen og altertavla, som var pryda med treskurd, dei 53 kyrkjebenkane og «Fundten» (dåpshuset). Kyrkjerekneskapen for 1664–65 viser at kyrkja var relativt velstående, ho eigde mellom anna 16 gardar.



Vågøya med kyrkja, sett frå søraust. På neset til høgre for kyrkja ligg Tiendebuberget der presten tok imot tienda. Her ligg også den gamle Prestestaua og minnesmerket over Hermund prest, som er den eldste kjende presten i Vågøy, nemnt i eit tinglysingsbrev frå 1336. Vågøya var også tingstad. Tilkomsten til kyrkja blei vesentleg lettare da det blei bygd veg over Valsundet i 1909. Foto: Johnny Bratseth/Romsdalsmuseet.



Korskyrkja på Vågøya slik ho truleg har sett ut basert på opplysningar i byggerekneskapan og ekspert-skjøn. Teikning: Martin Stavik.

26. februar 1723 blei Vågøy og Aukra kyrkjer selde til amtmann Erik Must i Romsdal. Skøytet er datert 28.7.1725, men allereie i 1727 selde han kyrkjene vidare til 8 bønder i prestegjeldet. Vågøy kyrkje var i privat eige til 1899, da kyrkjeegarane vedtok å overdra ho til kommunen og kyrkjelyden for 500 kroner. Men ein uvêrsdag året etter, 12. mars 1900, blei kyrkja råka av eit lynnedslag og brann ned.

Den tredje kyrkja: Langkyrkja i lafta plank (1904–)

Vågøya var ikkje landfast, og nye vegar på fastlandet var i ferd med å gjere Vågøya til ein utkant. Folket i Indre Fræna hadde fått si kyrkje på Myrbostad i 1880, medan mange i Ytre framleis hadde ein krevjande kyrkjeveg over fjorden. Etter kyrkjebrannen ville mange bygge to kyrkjer, ei på Tornes for nordsida av fjorden og ei på Hestad eller Helset for sørsida. Striden var bitter, men til sist blei det fleirtal for å reise kyrkja på den gamle staden.

I 1903 bad Fræna kommunestyre Ole Havnæs i Ålesund om å utarbeide teikningar til ei ny kyr-



Hovudinggangen frå vest. Dei doble dørene har smidde jernbeslag. På baldakinen finn vi kors og utskjeringar i kløverornamentikk som gjev eit forvarsel om dei fine utskjeringane inne i kyrkja.

kje med 450 sitteplassar. Havnæs var den fremste kyrkjebyggaren i Møre og Romsdal på den tida, og dessutan oppvaksen på Tornes, slik at han rekna Vågøy som si heimbygdskyrkje. Han teikna ei langkyrkje i lafta plank i nygotisk stil, med innslag av nyromantikk og jugendstil. Teikningane blei godkjende av Kyrkjedepartementet 5.6.1903 og arbeidet lyst ut på anbod. Det kom inn tre tilbod, det eine frå Havnæs sjølv, som tilbaud å levere kyrkja ferdig for kr 31 000. Han fekk tilslaget og gjekk snart i gang med arbeidet.

Seinhaustes 1904 kunne bygget overleverast til kommunen innanfor både tid og kostnad, og 11. november 1904 blei kyrkja vigsla av nidarosbiskop Johannes N. Skaar. Tilkomsten til Vågøya blei vesentleg letta da det i 1909 blei bygd bru over Valsundet til fastlandet.

Vågøykyrkja er karakterisert som eit meisterverk, både som handverk og kyrkjebygg. Utvendig har kyrkja ein klar komposisjon med hovudvolum (kyrkjeskip) og fleire mindre tilleggsvolum (kor, sakristi og trapperom) som er tilpassa kvarandre på ein harmonisk måte, etter klassisk, romansk mønster. I vest tronar eit høgt, slankt tårn, meir



Vågøy kyrkje er karakterisert som eit meistersverk, både som handverk og i sin komposisjon. Dei ulike bygningsvoluma bygger seg saman til eit harmonisk heile etter klassisk, romansk mønster.

etter gotisk mønster. Interiøret er høgrest og lyst, rikt dekorert med sjablongdekor, kløverornamentikk, solkors, rundbogar og ein spesiell treglorie med fiskemotiv over koropninga (Sylthe, 1985).

I 1970–80-åra laga personar i soknet lesepult, salmebokhyller og fullstendige sett med kyrkjetekstilar i dei liturgiske fargane, mange formgjeve av Gunnlaug Helseth. Nytt sanitærbygg, 1984.

Vågøy kyrkje er kjent for sin gode akustikk, særleg for vokalmusikk, og har blitt ei stadig meir populær konsertkyrkje, mellom anna som arena for den årlege Klangfestivalen. Konsertverksemda fekk eit løft etter at kyrkja i 1997 fekk nytt orgel som viste seg å vere eit svært godt konsertinstrument, og nytt flygel i 2019 etter ein innsamlingsaksjon. (Valle & Aure, 2004).

Kunst og inventar

Altertavle: Alterbildet «Kom til mig!» er utført av den danske målareren C. Bloch etter eit motiv av Karl Lichermann. Tavla er snikra av Peder Malmmedal, 1904. Søylen i alterringen er dreidde av Sivert Aure, 1904.

Alterutstyr: Messinglysestake frå 1688, Brochmands huspostill gjeven i 1761 og ein bibel gjeven til kyrkja i 1765, alt berga ut av den brennande kyrkja i 1900.

Preikestol: I tre, laga av Eirik Hoem, 1904.

Døypefont: I tre frå 1700-talet. Berga ut av den brennande kyrkja i 1900.

Alterdukar: 1. Filert duk frå 1952 sydd av Astrid O. Valle, Aureosen. 2. Hardangersaumsduk i bomullsjava sydd av Agnes Valle, 1987.



Interiøret kan minne om ein gotisk katedral i tre. Kyrkjeskipet er høgreist og lyst, med høgt midtrom og noko lågare sideskip, men utan vindaug mellom takflatene. Det smalare koret har polygonal avslutning.



Altertavla «Kom til mig» er utført av den danske målaren C. Bloch etter eit motiv av Karl Licheremann. Alterduken er sydd av Agnes Valle.



Den åttekanta døypefonten er truleg laga av Peder Knudsen Kjørsvik frå Tornes på 1700-talet, og blei berga ut av den brennande kyrkja i 1900.



Preikestolen har åttekant-form og er laga av Eirik Hoem, 1904.



Kyrkjeskipet er laga av Anton Larsen Kringstad, Tornes, som gav skipet til kyrkja i 1912. Skipet vender alltid baugen mot vindretninga ute. Ein kjenner også til to eldre kyrkjeskip frå tidleg 1800-tal som hang i korskyrkja. Det eine er i dag på museet i Trondheim, det andre i Romsdalsmuseets kapell.

Messehaklar: Raud av fru Rønning, Molde, 1960. Fiolett utført av Gunnlaug Helseth, 1981. Grøn av Kalla Skrøvseth og Gunnlaug Helseth, 1982. Kvit etter ide frå Veøy, utført av Gunnlaug Helseth, 1986.

Orgel: Kyrkja fekk i 1904 eit pipeorgel med 6 stemmer levert av Adolf Fosnæs. Etter ein storstilt innsamlingsaksjon fekk kyrkja i 1997 nytt pipeorgel med 23 stemmer, 2 manualar og pedal frå Gebr. Reil Orgelmakerij, Nederland.

Kyrkjeklokker: Dei to klokkene er laga i 1904 av Bochumer Verein, Gusstahl Fabrik i Ruhr, Tyskland.



Kyrkja har fire utskorne brudestolar.

Minnesmerke: 1. Bauta over Hermund prest, den første presten ein veit om i Vågøy, 1336. Steinen står på Tiendbuberget, der prestane tok imot tienda. Avduka 9. august 1936 av biskop Johan Støren. 2. Minnestein over 21 omkomne sjøfolk og fiskarar frå Vågøy sokn i perioden 1906–1970. Reist etter initiativ frå Bjørnsundkomiteen med midlar frå lag, institusjonar og einskildpersonar. Avduka i nærvære av biskop Ole Nordhaug 28. juli 1991.



Kyrkja fekk nytt orgel i 1998. Vågøy er ei populær konsertkyrkje, spesielt på grunn av sin gode akustikk. Sidan 2014 har kyrkja vore arena for den årlege Klangfestivalen.



Vågøy kyrkje er rik på både bygningsmessige og dekorative detaljar. På bildet ser vi krossavstivinga mellom søyler og bjelkar i sideskipet med solkors og kløverornamentikk i utfyllingane. På spegelfelta og bjelkane langs taket, og på galleribrystninga, er det sjablongdekor i jugendstil. Fargebruken er lys, venleg og harmonisk.

Segner om korskyrkja og om kyrkjeklokkene på Vågøy

Det vert fortalt at da stavkyrkja på Vågøya skulle rivast i 1669, ønskte folket på nordsida av fjorden å reise den nye kyrkja på Tornes, og tømmeret låg oppankra der. Men ein storm reiv tømmerflåten laus og førte han over til Vågøya. Folket tok dette som eit varsel frå Gud, derfor blei korskyrkja oppført på den gamle kyrkjestaden.

Korkje byggerekneskapen eller andre dokument stadfestar denne segna, men truleg er ho ein indikasjon på at det alt den gongen var diskusjon om lokaliseringa (Aas, 1985).

Klokkene i Vågøykyrkja var forresten noko for seg sjølv. Det var i alle fall noko underleg med dei gamle. På utsida av Vågøya, mot Hamneset, ligg det ein stor stein på fleire meter i diameter. Kvar gong denne steinen høyrde kyrkjeklokka, snudde han seg rundt. Kor mange som har sett steinen snu seg, veit vi ikkje, men det kan vere ein heil flokk. No er det andre klokker i Vågøy, og trua vår er ikkje lenger sterk nok til å flytte fjell eller sjå slike underlege ting (Gjendem O. , 2004).

Sildefiske eller kyrkjegang på tysdag?

I 1876 besøkte sjømannsprest Gunnar Olsen soknepresten i Fræna, Erik D. Skauge, for å fortelje om sjømannsmisjonen. Dette var fire år før Myrbostadkyrkja stod ferdig, så dei hadde lang kyrkjeveg. I dagboka si skildra Olsen besøket slik:

Jeg dro med Presten til kirken. Fra prestegården til denne var der en mil landeveien og derefter en ½ times overfart over fjorden. Kirken ligger nemlig på en liden holme i denne. Alting både for Prest og Menighed var så besværligt som muligt og kirken der er den eneste i Sognet.

Silden var i fjorden, så med den var alles sind og tanker optaget, så antagelig kun 60 til 70 mennesker kom til kirken. Imidlertid blev der også der satt en liden surdeig som ved Herrens nåde kan gjennomsyre den ganske deig. Presten var en alvorlig og nidkjær mand; han led visstnok meget af den dorskhed som omgav han, og han beklagede sig ikke lidet over den almindelige træghed. Efter Gudstjeneste fulgte jeg med Presten tilbage til hans hus, hvor jeg spiste middag, og kjørte så derefter tilbage til Molde (Sembsmoen, 2020).



Spelepulten til orgelet i Vågøy kyrkje.



Tornes hjelpekyrkjegard blei teken i bruk i 1927. Foto: MIM.



Hestadholen hjelpekyrkjegard blei teken i bruk i 1927. Foto: MIM.



Den nye gravplassen på Tornes blei teken i bruk i 1982. Foto: MIM.

Hjelpekyrkjegardane på Tornes og Hestad

Det var truleg den lange og tunge kyrkjevegen som gjorde at det blei sett i gang arbeid med gravstader på Tornes og Hestad. Dei blei anlagt om lag på same tid og fekk kvar sitt vesle gravkapell.

Tornes hjelpekyrkjegard blei vigsla 5. januar 1927 av fungerande sokneprest Erik O. Bruhjell.

Denne «gamle» gravplassen ligg ved Stavikvegen. I 1977 blei det kjøpt grunn til ein ny gravplass ved Tornesvegen. Denne blei opparbeidd og teken i bruk i 1982 og har eit lite klokkeårn.

Hestadholen hjelpekyrkjegard blei vigsla 18. mars 1927, også denne av fungerande sokneprest Erik O. Bruhjell (Kvalsnes, G. H. og Kvalsnes, J., 2004).

Nordre Bjørnsund bedehuskapell

Det første misjonsmøtet på Nordre Bjørnsund blei truleg halde i 1864. Den første misjonsforeininga blei stifta i 1887, og snart var det ei rik foreiningsveksemd på Bjørnsund. Sjøvegen til Vågøy kyrkje var lang og hard, og snart kom det opp planar om eit eige kapell på Hammerøya. Men dei lunefulle vèrtilhøva kunne til tider gjere det vanskeleg jamvel å kome seg mellom øyane, og tanken om eit felles kapell blei forlaten. Dei to skolehusa på Nordre og Søre Bjørnsund gjorde i første omgang teneste som forsamlingshus, men særleg under vinterfisket, med mange tilreisande fiskarar, blei desse for små. Etter kvart blei det bestemt å bygge bedehus på begge dei to største øyane. Den faste befolkninga på Bjørnsund var da om lag 500.

I 1906 var planlegginga av Nordre Bjørnsund bedehus i full gang. Etter anbudsinnhenting gjekk byggeoppdraget til Iver E. Sylte og Anton J. Nerem frå Tresfjorden. Teikningane frå ein annan tilbydar, byggmeister Ole Havnæs, som hadde vore byggmeister for den nye Vågøykyrkja (1904), blei lagde til grunn med visse endringar.

Huset blei bygd med forsamlingsal, liten sal og galleri oppe og møtelokale og kjøkken i kjellaren. Veggane er oppførte av lafta plank og takverket er utført «som på forsamlingshuset i Tresfjord», som det heiter i byggekontrakta. 24.



Nordre Bjørnsund bedehuskapell blei bygd i 1907 og vigsla til kyrkjeleg bruk i 1951. Huset ligg sentralt i busetnaden på Nordre Bjørnsund og har vore ein samlingsplass for både kyrkje, misjon og anna foreiningsliv gjennom meir enn 100 år.

Nordre Bjørnsund bedehuskapell

Type: Langkyrkje i tre med rektangelplan.

Arkitekt: Ole Havnæs

Byggmeister: Iver E. Sylte og Anton J. Nerem, Tresfjord

Bygd: 1907

Vigsla: 1951

Tal sitteplassar: 100.

november 1907 var huset ferdig og blei vigsla til bedehus av sokneprest Knut Edvard Riise i Fræna. Bedehuset på Søre Bjørnsund blei teke i bruk i 1908. Der hadde dei overteke og innreidd «Hotellet» – eit hus som var flytta frå Dønna på Helgelandskysten i 1860-åra og som hadde vore brukt til innlosjering av fiskarar og arbeidsfolk.

Samla kostnad for bedehuset på Nordre blei kr 6 500. 31. mars 1909 fekk bedehusstyret brev om at ... *Stortinget ved beslutning av 23. februar d.å. har bevilget kr. 1500,00 til et bedehus og forsamlingshus i fiskeværet Bjørnsund.* Seinare fekk ein også tilskott frå Fræna kommune, men økonomien var anstrengt fram til det blei teke eit skipper-tak for å få ned gjelda i 1918.

Også etter at bedehusa blei bygde, måtte Bjørnsundingane til Vågøy kyrkje for kyrkjelege handlingar som dåp, konfirmasjon, giftarmål og gravferd. Frå 1930 blei det halde gudstenester på bedehuset på Nordre Bjørnsund, og mot slutten av 1940-åra blei det arbeid for å få huset vigsla. Men dette kravde både bygningsmessige endringar og anskaffing av kyrkjeleg inventar og utstyr. Ombygginga tok til våren 1951. Utvendig blei det bygd klokketårn, utført av Sverre Lothe og Martin Varhol, og innvendig alter og alterring. Det kom også nye benkar og døypefont. 8. juni 1951 blei huset vigsla til kyrkjeleg bruk av nidarosbiskop Arne Fjellbu. I vigslingspreika sa han mellom anna: *Dette huset skal vere ein varde – eit seglmerke for sjøfolk – vegvisaren for folket her – der Guds råd og frelse skal lyse for folket på Bjørnsund.*

I alle år seinare har huset vore den sentrale samlingsstaden på øya, både som kyrkje, til misjonsarbeid, losjeverksemd og anna foreiningsliv. Etter at øyane blei fråflytta i 1968–71 har Bjørnsund fått nytt liv som feriestad, særleg på sommarstid.

I 2004 blei det skipa ei stifting, *Stiftelsen Nordre Bjørnsund Bedehuskapell*, som tok over ansvaret for huset. I samband med 100-årsjubileet



Kapellet er enkelt og praktisk innreidd og husar mange typar aktivitetar knytt til kyrkje, misjon og organisasjonsliv.



Døypefonten i gips er laga og dekormåla av Steinar Sandvig, 1951.

i 2007 blei det sett i god stand, med nytt skifertak, nytt kors på tårnet, ny hovuddør og utvendig og innvendig måling – alt utført på dugnad. Bedehuskapellet er såleis godt rusta til mange nye års teneste for folket på Bjørnsund (Hammerøy & Hammerøy, 2007) (Pedersen, 1980) (Aas, 1985).

Kunst og inventar

Altertavle: Alterbilde med motiv «Jesus i Getsemane» etter Heinrich Hoffmann, måla av Conrad Valeur, 1907.

Innreing: Alteret, innramming av altertavla og



Alterbildet «Jesus i Getsemane» er måla av Conrad Valeur, 1907.

alterringen er utført av Magnus Hollingsæter, Julsundet, 1951. Benkane og stolane er laga av Karl Nerbø, Aukra, 1951.

Døypefont: I gips, modellert og dekormåla av tannlege Steinar Sandvig, 1951. Sandvig var son av Anders Sandvig som grunnla Maihaugen. Han gav same år dei to skulpturane *Isbjørnen* og *Dama* til Bjørnsundfolket.

Kyrkjeklokke: Klokke frå Olsen Nauen Klokkestøperi, Tønsberg. Innskrift: «BJØRNSUND HØYR HERRENS ORD».



Myrbostad kyrkje ligg vakkert plassert og er synleg på lang avstand i det opne landskapet i Indre Fræna.

Myrbostad kyrkje

Frå Vågøya til Myrbostad

Heilt sidan Vågøy sokn blei eige prestegjeld i 1859, var det klart at det ville kome ein kyrkjestrind i det nye prestegjeldet. Det eine var at namnet *Vaagøe*, som hadde følgd kyrkjesoknet i fleire hundre år, blei bytta ut med *Frænen*. Viktigare var det at kyrkja var for lita etter folketalet og at folketyngda i prestegjeldet var i ferd med å flytte seg innover og til nordsida av fjorden. I 1860-åra blei det også bygd vegar rundt Frænfjorden slik at kommunikasjonane meir og meir gjekk over frå sjø til land (Aas, 1980).

I 1867 kom det søknad frå 58 gardbrukarar i indre Fræna om deling av soknet og oppføring av ny kyrkje, «eller at nedrive Vaagø Kirke og i dens

sted opføre en større Kirke paa et mere bekvemt Sted». Det første problemet var å bringe klarheit i eigartilhøva til Vågøy kyrkje. Sidan kyrkjesalet i 1725 hadde kyrkja med tilhøyrande jordegods vore i privat eige, og i 1873 blei kyrkjeigarane innkalla til møte for å klarlegge om dei ville bygge ny kyrkje eller overdra den gamle til kommunen. Dette førte ikkje til noko resultat, og tre år seinare måtte heradsstyret pålegge ordføraren å søke ny kontakt. Men kyrkjeigarane meinte seg framleis ikkje forplikta til å bygge, og ville heller ikkje gi frå seg partane sine utan vederlag.

Kommunestyret tok no saka i eigne hender og gjorde i møte 20.1.1877 vedtak om å bygge ny kyrkje i indre Fræna for eigne midlar. Samtidig skulle soknet delast, med ei antyda line «tvers over Fjorden fra Sommernæs til Haaset». Endeleg vedtak om å søke Kongen om godkjenning blei gjort i møte 4.5.1877, og i eit nytt møte 8. august blei det avgjort at kyrkja og kyrkjegarden skulle ligge på Myrbostad, like ved prestegarden.

Med dette starta ein langvarig og bitter strid mellom dei ytre og indre bygdene, nord og sør for fjorden. Kjernen i striden var om delingslina skulle gå på langs eller tvers av fjorden og, som følgje av dette, kvar kyrkja skulle plasserast.

Myrbostad kyrkje

Type: Langkyrkje i tømmer

Arkitekt: Henrik Nissen

Byggmeister: Rasmus A. Eikrem

Vigsla: 1880

Tal sitteplassar: 400. Opphavleg 480.

Liturgisk målform: Nynorsk



Kyrkja er ei typisk nygotisk langkyrkje frå slutten av 1800-talet. Skipet er avslutta mot koret med tre bogekonstruksjonar i romansk stil som framhevar hovudskipet og dei to sideskipa. Fargesettinga frå 1988 er gjort med utgangspunkt i dei opphavlege fargane, men med ein varmare veggfarge.

Byggeprosessen

Ved kgl.res. 5.1.1878 blei kommunestyrets vedtak stadfesta og byggeteikningane godkjende. Kommunestyret valde no byggenemnd, og medan krangelen gjekk vidare, arbeidde denne tilsynelatande uforstyrta med å gjennomføre prosjektet. Byggekontrakt med entreprenør Rasmus A. Eikrem blei lagt fram for kommunestyret til godkjenning 13.4.1880. Da måtte arbeidet alle-reie ha kome langt. Det skulle sidan vise seg at nemnda hadde handla vel fritt i høve til mandatet. Stadige tilleggsrekningar og manglande rekneskap skapte konflikhtar med kommunestyret i ti år framover. Det gjekk heller ikkje så bra med entreprenøren, han gjekk konkurs kort tid etter at kyrkja var ferdig.

Men ferdig blei ho. Kommunestyret var på synfaring og overtok kyrkja 1. oktober 1880. Kyrkja blei vigsla 17. november same år av prost Christian A. Randers.

Myrbostad er ei langkyrkje i tømmer i nygotisk stil, opphavleg med 480 sitteplassar, teikna av arkitekt Henrik Nissen. Kyrkja fekk tilbygd nytt inngangsparti med garderobe og toalett i 1973.

Seinare endringar

Til 100-årsjubileet i 1979 var det planlagt å restaurere kyrkja innvendig, men manglande løyving førte til at arbeidet måtte utsettast. I 1988 blei saka teken opp att, og bygningsantikvar Christ Allan Sylthe hos fylkeskonservatoren utarbeidde eit forslag til fargesetting. Men framleis mangla det pengar. Da tok kyrkjelyden saka i eigne hender og utførte arbeidet på dugnad. Døypefonten, alterringen og ramma rundt alterbildet blei måla av Perry Tretnes (Drågen og Øygard, 2005).

Kunst og inventar


Altertavle: Alterbildet «Kristus tronende mot gyllen himmel over sky, og mørk jordklode» er ein kopi av Adolph Tiedemanns alterbilde i Tyristrand kyrkje frå 1857.

Preikestol: I tre frå 1880.

Døypefont: I tre frå 1880.

Alterdukar: Filert linduk laga av prestekona Gunnlaug Sundby til avskjedsgudstenesta for prestefamilien i 1926.

Messehaklar og lesepultklede: I lilla og grønt, vovne av Gunnlaug Tjåland.



Alterbildet skildrar den tronande Kristus og er ein kopi av Adolph Tidemands alterbilde i Tyristrand kyrkje. Ramma kring bildet har fått behalde sine opphavlege fargar.



Den åttekanta døypefonten er eit fint stykke trearbeid og høyrer til det opphavlege inventaret i kyrkja. Foto: Johnny G. Vågen/Kyrkjebyggdatabasen.

Anna inventar: Prosesjonskors i tre, 1989, av Arvid Selbekk.

Orgel: Kyrkja fekk sitt første orgel i 1899, eit pipeorgel med 5 stemmer frå Olsen & Jørgensen, Oslo. I 1979 fekk kyrkja nytt orgel med 18 stemmer, 2 manualar og pedal frå Vestres Orgel & Pianofabrik, Haramsøya.

Kyrkjeklokker: Dei to klokkene er laga i 1879 og 1880 av Bochumer Verein, Gusstahl Fabrik i Ruhr, Tyskland.

Minnesmerke: Ved kyrkja er det reist ein minnestein over 5 bortkomne sjøfolk og fiskarar frå Myrbostad sokn i perioden 1930–1988. Avduka 1989.



Den åttekanta preikestolen høyrer til det opphavlege inventaret i kyrkja.

Kyrkjeskippet er ope og enkelt innreidd.





I 1979 blei det 80 år gamle orgelet skifta ut med dagens orgel frå Vestres Orgel & Pianofabrikk, Haramsøya.

Korleis prestegarden kom til Myrbostad

Da Fræna blei utskilt frå Aukra prestegjeld i 1859, var det meininga at enkesetet på Vågøya skulle vere prestegard. Men den første soknepresten i Fræna, Josef Jervell, ville ikkje flytte til Vågøya. Han budde først på Tornes, sidan i Elnesvågen, og heile tida arbeidde han for kjøp av ein ny og meir sentralt liggande prestegard. I 1866 fekk han i stand eit makeskifte med eigaren av Myrbostadhaugen, John Knudsen Myrbostad, som såg seg tent med å flytte til Vågøya fordi det var betre hus der. Jervell fekk bygd nytt våningshus på Myrbostad – ein tidlegare amtsgard som blei flytta frå Trøndelag. Huset stod ferdig i 1868 og er framleis prestebustad i Fræna (Aas, 1987).





Bud kyrkje ligg midt i busetnaden i det gamle fiskeværet Bud.

Bud kyrkje

Dei to første kyrkjene: Stavkyrkjer (middelalder–ca. 1572 og ca. 1572–1709)

Jordbruk var den dominerande næringa i middelalderen, men mange bønder reiste også ut til kysten på sesongfiske. Fiskebuene dei sette opp har gjeve namn til fiskeværet Bud (fleirtal Bude(r)). På 1400-talet auka den faste busetnaden i kystbygdene. Tørrfisk blei ein viktig eksportartikkel, og dei gamle fiskeværa kunne gå frå sesongbusetnad til heilårsbusetnad sjølv der jorda var skrinn. Bud er første gong nemnt i skattelister frå 1520–21 saman med fiskevær som Ona, Lyngværet, Veidholmen, Brattværet og Grip. På 1500-talet blei Bud ein av dei største og viktigaste handelsstadene mellom Bergen og Trondheim. Det var der leia langs kysten møtte den enklaste vegen mot austlandet gjennom Romsdalen og Gudbrandsdalen. Det var også grunnen til at Bud blei vald som skodeplass for riksmøtet i 1533, der erkebiskop Olav Engelbrektsson samla riksrådet for siste gong (Bud Sokneråd, 2017).

I eit brev frå 1539 går det fram at det da hadde vore prestegard i Bud i meir enn 100 år. Den eldste direkte omtalen av «Bue Kircke» finn vi Trondhjems reformats av 1589. I 1683 skriv presten

Hans Pols at da det kom ny residerande kapellan til Bud i 1572, fanst det «et lidet Capell for de faae folk, som der boede». Almuen tillét presten å rive kapellet og «igjen opbygge en Staf-Kircke med Chor og Sachristie».

Kyrkjerekneskapane frå 1600- og 1700-talet viser at kyrkja stadig blei vedlikehalde og reparert. I 1648 skjedde ei omfattande ombygging og utviding under leiing av Iver Olsson Helt. Pols skriv at Helt reiv ned halve kyrkja og let sette opp korsarmar i tømmer mot nord og sør, nytt tårn og våpenhus, fordi kyrkja tidlegare «var for meget liden og trang». Berre koret og sakristiet stod att av den gamle stavkyrkja. Arbeidet blei utført av kyrkjebyggar Eirik Torsteinsson etter teikning.

Men Helt er stadig aktiv. Dei neste 15 åra får kyrkja utvendig kledning og nye skorder, blir tjø-

Bud kyrkje

Type: Korskyrkje i tømmer

Arkitekt: -

Byggmeister: Simon Paulsen

Vigsla: 1717

Tal sitteplassar: 250. Opphavleg 315.

Liturgisk målform: Nynorsk

rebredd, får «tak over alt», nye kyrkjebenkar med dører, oppgraderingar i koret og enda eit våpenhus. Kring 1652 skjenker Helt «och hans Kiere hustru» ein ny preikestol til kyrkja.

I 1707–08 måtte det igjen gjerast store reparasjonar på grunn av «brøstfældigheder». Ytterkledning, tak og tårn blei reparert og tjørebredd. Men gleda blei kortvarig, for i 1709 blei kyrkja råka av eit lynnedslag og brann ned.

Kyrkjestolen (rekneskapsboka) frå denne tida inneheld ei detaljert inventarliste. I 1650 var kyrkja fullt utrusta med kalk og disk, kyrkjetekstilar, salmebok med notar, lysestakar, bekken til døypefonten, ei fattigtavle, eit timeglas til å passe tida under preika og to klokke i tårnet. Mykje av inventaret blei berga ut da kyrkja brann, men klokkenene gjekk tapt.

Den tredje kyrkja: Korskyrkja i tømmer (1717–)

Arbeidet med ny kyrkje kom raskt i gang. Dokument og arkeologiske funn tyder på at kyrkja blei flytta om lag 100 meter nordvestover, lenger opp frå sjøen, slik at ho ikkje skulle ligge så værhardt til. Kyrkjerekneskapen fortel at kyrkja fekk eit lite tårn «for at det desmeere kunde bestaae sig i sterch Storm».

Kyrkjelyden måtte sjølv skaffe og koste tøm-



I meir enn 300 år har denne døra ønska folk velkomen til Bud kyrkje. Døra har omramming i klassisistisk stil, med pilastrar (halvsøyalar) med rombedekor på sidene og arkitrav på toppen.



I 1907 blei det gjennomført ei restaurering som var lite vellukka. Ved ei ny restaurering i 1967 blei kyrkja ført attende til utsjånaden frå 1840-åra. Det blei laga nye lukka benkar og veggane og søylene fekk tilbake fargane og den marmorerte brystninga.

meret, og litt kapital hadde kyrkja sjølv, men elles blei det lånt pengar til bygginga frå kyrkjer både nært og fjernt. Byggmeister Simon Paulsen (Simoen Poulsen), som på same tid bygde korskyrkje på Aukra (1712), stod for tømrararbeidet, medan Hans og Jon Knudsen laga benkar og annan innreiing. Preikestolen og den nye altertavla blei laga av bildeskjerar Lucas Nielsen Gram (Lucas Jensen Snedicker) frå Nordmøre.

Kyrkjerekneskapen tyder på at kyrkja stod ferdig og blei teken i bruk i 1712. Vigslinga skjedde likevel ikkje før i 1717, ved nidarosbiskop Peder Krog. Kva som låg bak denne utsettinga er uklart, men kyrkja var kan hende ikkje heilt fullført før i 1717.

Kyrkja på 1700- og 1800-talet

26. februar 1723 kjøpte amtmann Erik Must i Romsdal kyrkjene Aukra, Vågøy, Bud og Hustad på auksjon, men ifølgje skøyte av 28.7.1725 blei Bud kyrkje straks seld tilbake til allmenta. Mykje tyder på at handelsmann og kyrkjeverje Jens Aagesen Find i Bud forskotterte betalinga for dei bøndene som ikkje greide å løyse inn sin del av kjøpesummen.

Detaljerte rekneskapar gjer at vi kan følgje kyrkja si vidare historie. Kyrkja ligg vêrhardt til, og det går få år mellom kvar gong tak, tårn eller

ytterkledning må vølast og tjørebrest. I 1768 bygde tømmermann Jon Olsen Bakke nytt tårn, og same år blei det kjøpt ei ny kyrkjeklokke. Bakke var frå Siem i Gjerdsetbygda i Eid, men gift på Bakken i 1748.

Vi gjer eit sprang til 1832. Ifølgje ei visitasmelding blei kyrkja dette året sett i «fuldkommen Stand». Men gleda varte ikkje lenge. 19. oktober same år slo lynet ned og sette fyr på tårnet. På prestens ordre klarte ein å sage over berebjelkane og trekke tårnet ned på bakken, slik at kyrkja (...) *blev ved Guds Hjelp denne Gang ligesom udreven av den utilkommelige Ilds Strube*. Byggmeister Ole Nilsen Kvalshaug fekk oppdraget med å bygge nytt tårn, og kyrkja blei sett i stand i fleire vendingar i åra 1833–36. Og no blei kyrkja forsikra. Innvendig gjennomgjekk ho ei stor restaurering i 1844, mellom anna blei stukkane i veggane flathogde.

10. januar 1859 blei kyrkja igjen råka av lynet. Tårnet, vestveggen, benkar og golv i den eine korsarmen blei splintra, men det tok ikkje fyr. Sokneprest Mathias C. Rode foreslo no å bygge ein lav kuppel i staden for det høge tårnet, og fekk godkjent dette i Stiftsdireksjonen. Ved gjenoppbygginga i 1865 fekk tårnet såleis si noverande form med løkkuppel.



Ved restaureringa i 1967 blei det laga to nye pulpiturstolar som fekk plass på kvar si side i koret. Alteret og alterringen blei restaurerte og måla i tidlegare fargar.



Altartavla er laga av bildeskjerar Lucas Nielsen Gram i 1712. Overmålingar frå 1907 blei fjerna i 1967 slik at dei opphavlege bilda av nattverden og den sigrande Kristus blei avdekkja og kunne restaurerast. Innskrifta nede er «Anno 1717 sia flega og malt 1790» som er tolka til å bety at tavla er laga i 1717, men «flidd og malt» i 1790. I røynda blei ho delvis overmåla i 1790.

Kyrkja på 1900-talet

Etter dette fekk kyrkja vere i fred til 1907, da det kom ein ny runde med restaurering og ombygging, denne gongen av interiøret. Benkane med dører blei skifta ut med moderne «hagebenkar», og hovudfeltet på alterbildet blei overmåla og erstatta med eit kors i tre. Seinare blei også det øvre feltet overmåla, og erstatta med ein bibeltekst.

Under krigen etablerte tyskarane eit stort forsvarsanlegg på Ergan. I 1943 kom det krav om at kyrkja måtte rivast. Etter sterke lokale protestar blei kravet redusert til at tårnet måtte fjernast og at resten av bygninga måtte gjerast lik dei andre

husa i Bud. Tyske soldatar reiv tårnet i november same år. Men både treverket og koparen på taket blei teke vare på slik at tårnet kunne settast opp att i 1949 av dei same materialane og med same utforming som før.

Før 250-årsjubileet i 1967 blei det gjennomført ei omfattande restaurering. Ein ville no føre inventaret tilbake til den endringa som blei gjort i 1840-åra. Dette var relativt godt dokumentert på eit foto frå kring 1906 – før restaureringa i 1907. Arbeidet blei leia av konservator Odd Helland i samråd med Riksantikvaren. På preikestolen og preikestolhimmelen blei tidlegare målinglag



Også preikestolen er laga av bildeskjerar Lucas Nielsen Gram, 1712. I 1967 blei tidlegare målinglag fjerna og fargane ført tilbake til slik dei var i 1717. Det same blei gjort med preikestolhimmelen. Legg merke til timeglaset på veggen bak preikestolen, som skulle hindre presten i å tale for lenge. Det blei reparert og tilført ny sand i 1967.



Den åttekanta døypefonten med dåpsfat i sølv. Innskrift: «JEG DØBER DIG I NAVNET FADERENS, SØNNENS OG DEN HELLIGAANDS».



Ved restaureringa i 1907 blei bilda på altertavla overmåla og dette trekorset blei sett opp i midtfeltet. Korset heng no på nordveggen i koret.



Kyrkjeskipet er ein modell av orlogsskipet «Norske Løve». Skipet er laga av Arnold Henøen i 1982 og gitt som gåve til kyrkja.

T. v. Kyrkja har teke vare på fleire gamle gjenstandar, mellom anna denne fattigblokka (offerbøssa) med jernbeslag og lås. Årstal ukjent.



«Fiskeaugebilde» av kyrkja sett frå koret. Linsa har her fanga inn dei tre andre korsarmene i eitt bilede.

avdekka og fargane førte tilbake til slik dei var i 1717. Timeglaset blei reparert og tilført sand. Tidlegare overmålingar på altertavla blei fjerna slik at dei opphavlege bilda av nattverden og den sigrande Kristus blei avdekka og kunne restaurerast. Snikkarmeister Peder Nerland frå Hustad laga nye benkar som var kopiar av dei tidlegare lukka benkane. Tidlegare hadde kyrkja hatt seks pulpitarar (innelukka kyrkjestolar). Det blei no laga to nye som fekk plass i kvart sitt hjørne i koret. Alteret, alterringen og døypefonten gjekk gjennom mindre restaureringar og blei måla i tidlegare fargar. Endeleg fekk veggane og søylene tilbake fargane og den marmorerte brystninga frå 1832/1844.

Kunst og inventar

Altertavle: Av bildeskjerar Lucas Nielsen Gram frå Nordmøre, 1717.

Preikestol: Stolen blei laga av bildeskjerar Lucas Nielsen Gram, preikestolhimmelen av Hans og Jon Knudsen, 1717.

Døypefont: I tre, truleg fra 1832.

Eldre gjenstandar: Kyrkja har teke vare på fleire gamle gjenstandar, til dømes ei dekklykt, ei vinkagge av eik for nattverdsvin, spyttbakkar, brannsprøyte og brannhake, parafinlamper, offerbøsse, fattigblokk og ein gamal kyrkjemodell i tre.

Alterduk: Alterduk i hardangersaum sydd av Borghild Karlsvik, 1976. Denne er kopi av ein duk frå 1907, laga av prestekone Lydia Marie N. Kobro Schare.

Messehaklar: Gamal messehakel som, ifølgje inventarlista frå 1682–85, er sydd og «forærit av Hr. Hans Polsis Kiæreste, Elisabeth Danielsdatter Green». Messehakelen blei funnen på kyrkjeloftet i 1981 og restaurert i 1986. Ein annan messehakel er truleg anskaffa i samband med restaureringa

av kyrkja i 1907. I dag er tre nyare messehaklar i bruk, vovne i ull og lin i 1984, 2001 og 2005 av tekstilkunstnar Bjørg Hustad frå Bud.

Orgel: Det første orgelet blei anskaffa frå Vestres Orgel & Pianofabrikk, Haramsøya, i 1954 og plassert i nordre korsarm. Orgelet tok relativt stor plass, og i samband med restaureringa i 1967 tok fabrikkene orgelet tilbake og sette inn eit mindre, slik at det også blei plass til sangkor. Orgelet har 9 stemmer, 2 manualar og pedal.

Kyrkjeklokker: Da kyrkja fekk nytt tårn i 1768 blei det kjøpt ei ny klokke støypt av Conrad von Aacte i Bergen, i tillegg til den gamle.

Kyrkja har i dag to klokker. Den minste har følgjande innskrift: «BOE HOVEDSOGNS KIRKEKLOKKE OMSTØBT I TRONDHJEM AV HALVOR SUNDT 1819». I 1949 blei klokka omstøpt på nytt, ved Olsen Nauens Klokkestøperi i Tønsberg. Den største klokka er frå Chr. Christensens støyperi på Fuglsetneset ved Molde, 1866. Tradisjonen seier at innskrifta er dikta av klokke-makaren sjølv, men ei liknande innskrift finst på klokkene i Strømsø kyrkje i Drammen: «KALDER JEG TIL KIRKEMØDE / KALDER JEG TIL ROE DE DØDE / ALTID ER JEG HERRENS TOLK / NAAR HAN SAMLE VIL SIT FOLK».

Minnesmerke: Ved Bud kyrkje står ein minnestein over 8 sjøfolk frå Bud som let livet under krigen 1940–45. Steinen er reist av ungdomslaget Vidar i Bud, Bergset ungdomslag og Gule ungdomslag i 1947. Ved gravstaden i Karlsvika står ein minnestein over 34 omkomne på havet i perioden 1888–1983. Steinen blei reist av Bud Vel, Bud Fiskarlag, Soknerådet og Den Indre Sjømannsmisjon i 1985.



Orgelet er levert av Vestre Orgel & Pianofabrikk, Haramsøya, 1967. Orgelet erstatta eit større orgel som blei bytta ut for å få plass til sangkor.



Sjølv om takhøgda er relativt låg og rommet har fleire søyler som kan hindre sikta, har kyrkjerommet likevel eit oppe og venleg preg med lyse og friske fargar.

Prestegarden og gravplassen i Bud

Det er usikkert kvar presten i Bud budde i eldre tid – det har vore tale om både Bergset og Ivergarden. Da Bud prestegjeld blei skilt frå Aukra i 1755, budde presten på Vestad, men Kalsvika hadde tilhøyrt kyrkja i lang tid, og i siste del av 1700-talet blei det bygd hus for presten på denne garden. Det noverande prestegardstunet er frå 1850-åra. Sokneprest Mathias C. Rode fekk da bygd nye hus på garden, mellom anna det våningshuset som er prestebustad i dag (Aas, 1987).

Bud kyrkjegard låg opphavleg ved kyrkja. I 1748 blei han oppmålt og inndelt på føreskriven vis. Men jordsmonnet var grunt og innhegninga dårleg. I 1804 skreiv kyrkjevevja at: *Jorden paa Kirkegaarden neppe er en Alen dyb, uden den naaer Bjerget, hvoraf følger at Hunde og Svin, som der have fri Adgang, opgrave halvt fortærede Lig som de paa en ligesaa ækkel som anstødelig Maade drage hist og her omkring.* Først mot slutten av 1830-åra blei manglane utbetra, men kyrkjegarden var framleis trong og lite tenleg. I 1870 kjøpte



Prestegarden i Bud har lege i Kalsvika sidan siste del av 1700-talet. Den noverande prestegarden er frå 1850-åra. Foto: MIM.

kyrkja eit stykke av prestegarden Ytre Kalsvika av departementet til ny gravstad, og den blei straks teken i bruk (Hammerøy A., 2017).



Gravplassen i Kalsvika blei etablert i 1870 og avløyste den lite tenlege kyrkjegarden ved kyrkja. Foto: MIM.



Hustad kyrkje er den tredje kjende kyrkja på Hustad. Den første kyrkja kan ha tilhøyrd kongsgarden på Hustad der Øystein Magnusson døydde i 1123.

Hustad kyrkje

Den første kyrkja: Stavkyrkja (middelalder–1718)

Hustad var krongods frå tidleg middelalder. Snorre fortel at kong Øystein Magnusson døydde under eit besøk på kongsgarden Stim på Hustad i 1123 (Snorre, 1979). I eit brev frå 1539 er det nemnt ei stavkyrkje på garden, og det er mykje truleg at denne stammar frå Øystein si tid. I kyrkjestolen (rekneskapsboka) frå 1646 er det tale om to kyrkjer samtidig; ei stavkyrkje og ei tømmerkyrkje med korsforma grunnplan. Det er nærliggande å tru at dette er to utgåver av same kyrkje, ei opphavleg stavkyrkje som har blitt tilbygd korsarmar i tømmer. På 1600-talet var dette ein vanleg måte å utvide kyrkjer på (Farstad, 2000) (Haugsgjerd, Farstad, & Vaagen, 1974).

Den første sikre omtalen av «Hustadt kircke» finn vi i Trondhjems reformats av 1589. Kyrkja brann ned etter eit lynnedslag i 1718.

Den andre kyrkja: Korskyrkja i tømmer (1738–1875)

Etter at stavkyrkja hadde brunne, tok det 20 år før den nye kyrkja stod ferdig. I mellomtida blei gudstenestene i mange år haldne i ei privat stove.

Det har vore spekulert på kvifor bygginga tok så lang tid. Ei årsak kan ha vore dei dårlege tidene som førte til at allmugen ikkje såg seg i stand til å gjennomføre ei så stor byggeoppgåve. Ein annan grunn kan ha vore det store kyrkjesalet på 1720-talet. Sjølv om kyrkja hadde brunne ned, var framleis jordegodset i behald. Alle kyrkjene i daverande Aukra prestegjeld blei kjøpte av amtmann Erik Must i 1723. I eit klageskriv same år – og året etter i eit skriv til Kongen – klagar amtmannen over at han ikkje får bøndene på Hustad til å skaffe fram tømmer til kyrkja. Dei meinte nok at Must som kyrkjeieigar kunne koste bygginga sjølv. I ein synfaringsrapport frå 1728 går det fram at allmugen kjøpte kyrkja attende i 1726 og at arbeidet da endeleg kom i gang. I 1728 ser det ut til at tømrararbeidet var ferdig og at underta-

Hustad kyrkje

Type: Langkyrkje i tømmer

Arkitekt: Jacob W. Nordan

Byggmeister: Jakob Digre, Trondheim

Vigsla: 1875

Tal sitteplassar: 400. Opphavleg 450.

Liturgisk målform: Bokmål



Kyrkja er bygd etter dei same teikningane som Eide kyrkje, men koropninga blei bygd om i 1934. Kyrkja fekk dagens fargesetting ved ei restaurering i 1967.

ket, altertavla og preikestolen var komne på plass. Men på grunn av pengenaud blei kyrkja ståande utan overtak og bordkledning på veggane, og innvendig mangla det benkar og galleri.

Ein visitasprotokoll frå 1732 fortel at allmugen ikkje ville vedkjenne seg eigarskapet til kyrkja, men meinte at tre menn frå bygda hadde handla på eiga hand. Etter dette blei salet gjort om, og kongen tok over kyrkja med tilhøyrande eigedomar i 1735. Året etter skjenka Hans Majestet 100 riksdalar til fullføring av kyrkja, og i 1738 stod ho endeleg ferdig.

I ein branntakst frå 1853 får vi vite litt meir om kyrkja sin utsjånad. Det er ei korskyrkje i tømmer med tilbygd våpenhus og sakristi, ho har 48 benkar, to større galleri og eit mindre for «tilfældige, fremede Kirkesøkende». Tårnet er plassert over midten, kvilande på fire søyler, og med ei klokke i messing. Taket er tekt med raude takstein og veggane har raudmåla bordkledning. Takstmennene kommenterte at kyrkja er «bygget af Malmtømmer og vel vedligeholdt».

Mot slutten av 1800-talet tok kyrkja til å bli for lita og dessutan i dårleg stand. Det blei diskusjon om den gamle kyrkja skulle utvidast eller om ein heller burde bygge ei ny, og i så fall kor.

Somme ville flytte kyrkja til Farstad, men både i formannskapet og ved avstemming i krinsen blei det fleirtal for Hustad.

Den tredje kyrkja: Langkyrkja i tømmer (1875–)

Fleire i soknet ønska framleis å utvide den gamle kyrkja, men i heradsstyremøte 24.11.1866 blei det bestemt at det i løpet av ein 6–8 års periode skulle byggast ei ny, tidsmessig kyrkje. Saka kom opp att 5.4.1871, men no var det fleirtal for å søke Stiftsdirksjonen om å utvide den eksisterande kyrkja ved å forlenge korsarmane og løfte taket. Stiftet svarte at dette ikkje var tilstrekkeleg til å dekke soknet sitt behov, og 10.6.1872 blei det endeleg vedteke å bygge ny kyrkje etter modell av Eide kyrkje (1871). Dette var ei langskipskyrkje i tømmer med tårn i bindingsverk og 450 sitteplassar, bygd etter ei typeteikning av arkitekt Jacob W. Nordan. Soknestyret fekk tilsendt teikningane frå departementet og blei einige om nokre mindre endringar, mellom anna at dei to sidesakristia skulle erstattast med eit sakristi på enden av koret. I februar 1873 blei det valt byggekomité. Den bestemte at kyrkja skulle plasserast rett sør for den gamle kyrkjegarden. Videre fekk ordførar In-



Altartavla er frå den tidlegare korskyrkja og er utført av Peder Knudsen Kjørsvik frå Tornes i 1723. Ho blei noko ombygd for å passe inn i den nye kyrkja. Alterbildet med motiv «Jesus på korset» er måla av Peter Th. Holst, 1875.



Den åttekanta preikestolen blei laga til dagens kyrkje i 1874. Ved foten ser vi den nye døypefonten i marmor frå 1974.



Den gamle døypefonten med messingfat er frå den gamle kyrkja, ca. år 1650.

gebrigt Fagervik og kyrkjesongar Lars Lindset i oppdrag å reise til Trondheim og forhandle med byggmeister Jakob Digre om oppføring av den nye kyrkja. I kontrakten som blei underteikna 6.10.1873 forplikta Digre seg til å ha den nye kyrkja ferdig i løpet av juni 1875. Hustad soknestyre forplikta seg på si side til å ha grunnmuren på plass seinast i april 1874. Steinane til muren blei sprengde ut ved Horberget og køyrt ned til byggeplassen med hest og slede.

Kyrkja stod ferdig og ble overlevert til kommunen i midten av mai 1875. Ho blei vigsla av nidarosbiskop Andreas Grimelund 9. september 1875.

Mykje av inventaret i den gamle korskyrkja var laga av bildehoggar Peder Knudsen Kjørsvik frå Tornes kring 1723. Berre altertavla blei teken med over i den nye kyrkja, i noko ombygd form. Preikestolen og nokre andre utskorne gjenstandar hamna i første omgang på Nordiska Museet i Stockholm. Anders Sandvig frå Skotten, som på slutten av 1800-talet tok til å bygge opp De Sandvigske Samlinger, sikra seg fleire av Kjørsvik sine arbeid, som seinare har fått plass i Garmo stavkyrkje på Maihaugen. Det gjeld preikestolen,



Kyrkja har fire utskorne brudestolar.



Kyrkjesalen er open og utan søyler. Dei fremste benkeradene er bytta ut med stolar i same farge.

kongemonogrammet og søylene som høyrde til korbogen og ei lysekrona av tre. Noko av inventaret fann også vegen til Romsdalsmuseets kapell: preikestolhimmelen laga av Kjørsvik, to lysestakar i tre og antependiet.

Da den nye kyrkja stod ferdig, skulle den gamle seljast. Salet blei kunngjort i aviser og med plakatar i nærliggande sokn. I november 1875 blei kvar av de fire korsarmane, skriftehuset og våpenhuset selde til ulike kjøparar i distriktet, som brukte materialane til å oppføre hus på gardane sine. Det finst framleis tømmer frå kyrkja i somme bygningar på Hustad.

Seinare endringar

I 1934 blei hele kyrkja pussa opp og måla innvendig. Etter forslag frå kunstmålar og sløydlerar Olai Tverfjell blei koropninga bygd om. Kordøra blei senka og understøtta med to søyler. Galleribrystninga blei bygd igjen, og Tverfjell dekorerte taklistene med bilde frå folks kvardagsliv. I 1967 blei kyrkja måla på nytt, etter forslag frå konservator Odd Helland og med godkjenning frå Riksantikvaren. Mange av arbeida frå 1934 blei da

Vindauga med farga glASFelt.



Kyrkjeskipet er ein kopi av det gamle kyrkjeskipet frå korskirkja som i dag heng i Garmokyrkja på Maihaugen, Lillehammer.





Kyrkja fekk nytt orgel i 2001, produsert av J. W. Walker & Sons Ltd., England.

reverserte, og interiøret fekk ei meir heilskapleg fargesamansetting. Til 100-årsjubileet i 1975 var det ønske om å skifte ut benkane, men ein fekk berre godkjenning for å endre hellingsvinkelen på dei gamle.

Kunst og inventar

Altertavle: Tavla er frå den gamle korskyrkja, utført av Peder Knudsen Kjorsvik frå Tornes, 1723. Noko ombygd 1875. Alterbildet med motiv «Jesus på korset» er måla av Peter Th. Holst, 1875.

Preikestol: I tre frå 1874.

Døypfont: I marmor, 1974. Eldre døypfont i tre frå ca. 1650 med messingfat, frå den gamle kyrkja.

Messehaklar: Eldre messehakel frå andre halvdel av 1800-talet. Restaurert. Nyare messehaklar i lilla, grønt og kvitt.

Alterdukar: Fleire alterdukar. Den eldste av lerretsstoff med raudt broderi, truleg frå tidleg 1900-tal. Må supplerast.

Alterutstyr: Alterkalk frå 1742. To tinnlysestakar frå 1748 laga av Lauritz Evensen Tønder.

Orgel: Det første instrumentet i kyrkja var eit har-

monium, Hörügel, frå 1923. Avløyst i 1931 av eit elektropneumatisk pipeorgel med 8 stemmer frå Martin Lønseth, Trondheim. I 2001 fekk kyrkja eit 20 stemmers elektropneumatisk pipeorgel med 2 manualar og pedal, bygd av J.W. Walker & Sons Ltd., England.

Kyrkjeklokker: Den gamle klokka frå korskyrkja blei flytta over til nykyrkja i 1875. Ho hadde følgjande inskripsjon: «ME FECIT HR. JAKOB LUND AMSTERDAM 1738». I 1901 blei det sett inn ei ny og større kyrkjeklokke frå O. Olsen Nauen Klokketøperi, Tønsberg.

Minnesmerke ved kyrkja: 1. Over 94 omkomne fiskarar og sjøfolk frå Hustad sokn 1835–2010. Reist 1974 av folket i Hustad ved Den indre Sjømannsmisjon. 2. Over Ole M. Teistklubb (1876–1948) som fann opp drivgarn med kabel og stjert i 1896 og skapte revolusjon i sildefisket. 3. Over feltstyrar Randulf Gjelsvik (1885–1964). Reist av Ny Jord-folk og vener. 4. Over 9 fiskarar som omkom ved M/K «Godthåp» av Vikan sitt forlis i 1961. Reist av folk i Vikan.

Segna om klokkene i Hustad kyrkje

I Lars Mytting sine bøker *Søsterklokkene* og *Hekneveven* spelar to søsterklokker ei sentral og mystisk rolle. Det finst ei liknande segn om at det ikkje berre blei bestilt ei, men to klokker frå Amsterdam til den nye korskyrkja på Hustad i 1738. Men under transporten frå Oslo gjekk sleden med klokkene gjennom isen på Mjøsa, slik at den eine klokka ramla av sleden og blei liggande på botnen av sjøen. Det blir fortalt at når ein ringde med klokka på Hustad, kunne ein høyre at ho lydte slik: *Ding dong, min søster ligger på Mjøsas bunn* (Farstad, 2000).



Foto: Maihaugen.

Kyrkjeinventar frå gamle Hustad kyrkje på Maihaugen og Romsdalsmuseet

Anders Sandvig (1862–1950) frå Skotten etablerte i 1887 De Sandvigske Samlinger på Maihaugen i Lillehammer. Da korskyrkja på Hustad blei riven i 1875, sikra Sandvig seg fleire av arbeida til bilde-skjerar Peder Knudsen Kjørsvik frå Tornes, laga kring 1723. Desse blei seinare viktige inventarstykker i Garmo stavkyrkje på Maihaugen.

Det store bildet viser preikestolen, søylene og korbogen med kongemonogrammet til Fredrik 4. og den utskorne lysekrona, alle laga av Kjørsvik. Også kyrkjeskipet kjem frå Hustad, men kunstnaren er ukjend.

Preikestolhimmelen er i dag i Romsdalsmuseets kapell. På bilda til høgre har vi plassert preikestolen og -himmelen over kvarandre slik dei opphavleg stod i gamle Hustad kyrkje.



Foto: Johnny Bratseth/Romsdalsmuseet.



Foto: Maihaugen.



Tidlegare Eide kommune

Tidlegare Eide kommune høyrer både landskapsmessig og kulturhistorisk til Nordmøre. Etter at Eide blei ein del av Hustadvika kommune finn vi det likevel naturleg å også omtale kyrkjene i Eide i denne boka.

Frå gamalt av sokna gardane på sørsida av Kornstadfjorden – frå Gautvika i vest til Krekvika i aust – til Kornstad kyrkje under Kvernes prestegjeld. I 1838 blei området derfor ein del av Kvernes formannskapsdistrikt. Eide, med unntak av Vevang, blei skilt ut som eit eige sokn ved kgl.res. 6.2.1869 og fekk eiga kyrkje i 1871. Etter dette har det vore to grensereguleringar mellom Hustad og Eide sokn: Etter at det kom veg mellom Lyngstad og Vevang blei to bruk i Gådalen (Godalen) overførte til Eide sokn ved kgl.res. 30.4.1877, og ved kgl.res. 8.3.1890 blei tre bruk i Bollia overførte til Eide frå 1.1.1891.

Vevang krins høyrde til Mek tinglag, medan det opphavlege Eide sokn høyrde til Gjemnes tinglag (Sundnes, 1948).

I 1897 blei Eide, Bremsnes og Kornstad egne kommunar, skilde ut frå Kvernes. Vevang krins blei verande under Kornstad, men blei ved kgl.res. 18.1.1963 innlemma i Eide sokn og Eide kommune frå 1.1.1964. Eide sokn blei skilt ut som eige prestegjeld ved kgl.res. 16.1.1981.

Eide sokn blei overført frå Ytre Nordmøre prosti til Molde domprosti frå 1. januar 2019. Eide kommune blei 1. januar 2020 slege saman med Fræna til nye Hustadvika kommune.



Tidlegare Eide kommune har eit av dei største miljøa for steinindustri i Norge, med eit tjuetals bedrifter knytt til uttak, tilverking og handel med steinprodukt. Om lag 40 prosent av alle gravmonument i Norge blir laga i Eide. Tradisjonen starta for over 100 år sidan med levering av stein til gjenreisinga av Ålesund etter bybrannen i 1904. Bildet viser det tidlegare rådhuset i Eide med uthogne symbol for dei tre viktigaste næringane i kommunen: Landbruk, fiske og steinindustri.

Eide kyrkje

Den gamle Kornstadkyrkja på Averøya var ei stavkyrkje frå middelalderen. For å romme det aukande folketalet blei ho i 1649 tilbygd korsarmar i tømmer. Kyrkja kom i privat eige i 1725, men da bygdefolket endeleg fekk kjøpe ho tilbake kring 1860, var ho nesten til nedfalls. Kyrkja blei riven og erstatta med dagens kyrkje i 1871.

I mellomtida hadde tanken om ei eiga kyrkje for sørsida av fjorden vunne fram, og i 1867 gjekk Kornstad sognestyre inn for deling av soknet og bygging av ny kyrkje og kyrkjegard i Isingvågen på garden Eide sin grunn. Vedtaket blei stadfesta ved kgl.res. 6.2.1869.

Kyrkja skulle byggast etter ei typeteikning for ei langkyrkje i tømmer med 340 sitteplassar av arkitekt Jakob W. Nordan. Byggekontrakt med byggmeister Gustav Olsen frå Trondheim blei skriven 10.6.1870. Undervegs i arbeidet viste det seg at

Eide kyrkje

Type: Langkyrkje i tømmer

Arkitekt: Jakob W. Nordan

Byggmeister: Gustav Olsen, Trondheim

Vigsla: 1871

Tal sitteplassar: 250. Opphavleg 340.

Liturgisk målform: Bokmål

anbødet var for lågt slik at Olsen måtte be byggekomiteén om å få gjere nokre endringar. Kyrkja fekk såleis ein enklare takstol, mindre grunnflate, to omfar lågare skip og 4 1/2 alen lågare tårnfot enn teikningane viste. Kyrkja blei likevel fullført og blei vigsla av nidarosbiskop Andreas Grime-lund 22. august 1871 (Eide menighetsråd, 1991). Det meste av inventaret var nytt, men noko blei overført frå den gamle Kornstadkyrkja.

Kyrkja fekk nytt sakristi med toalett og vindfang i 1983. Kyrkjebenkane blei ombygde i 1984. Kyrkja blei måla i 2008. Den gamle taktekkinga av



Eide kyrkje og kyrkjegard ligg sentralt i Eidebygda, og løftar seg vakkert over det tidlegare kommunesenteret. Seksjonen til venstre for tårnet er eit tilbygg frå 2015. Kyrkja er bygd i 1871 og runda såleis 150 år i 2021.



Kyrkesalen er open og utan søyler. Koropninga er særeigen med tre gotiske bogar inn til det rett avslutta koret.



Altartavla speglar den tredelte korbogen og er eit triptyk (tredelt bilde) måla av Eilert Balle Lund, 1871. Bildet i midten viser «Jesu himmelfart», på venstre veng ser vi Moses med lovtavlene og på høgre veng evangelisten Johannes. Frå toppen skodar Guds auge ut over forsamlinga. I austveggen skimtar vi karmen kring det åttekanta vindaugget som er dekt av eit korsmotiv.

Vossaskifer som tok til å gå i oppløysing og falle ned, blei bytta ut med Altaskifer i 2013. Da det blei påvist råteskadar i den sponklede vêrveggen mot vest, blei det bestemt å bygge på kyrkja i staden for å bygge ny vegg. Det tre meter lange påbygget gav kyrkja universelt utforma toalett, bôttekott, kjøkken og eit kontor i andre etasje med rømmingsveg til galleriet. Sponveggen blei såleis teken vare på og er synleg frå kontoret og mørkeloftet. Arbeidet var ferdig til visitasen i mars 2015.

Kyrkja var tidleg ute med overføring av guds-tenester til aldersheimen i bygda. Radiooverføring blei innført i 1980, og frå midt på 1980-talet også videooverføring gjennom kabel, alt finansiert med gåver og drifta med frivillig innsats. Personvernregelverket har ført til at utstyret no berre blir brukt på førespurnad og med ein forenkla digital prosess.

Kunst og inventar

Altertavle: Tredelt bilde (triptyk) med hovudmotiv «Jesu himmelfart». På venstre veng Moses med lovtavlene, på høgre veng evangelisten Johannes. Måla av Eilert Balle Lund, Trondheim, 1871, som måla ei nesten lik tavle i Vågstranda kyrkje (1870).

Alterutstyr: Messinglysestake frå den gamle Kornstadkyrkja, gjeve av oppsittarar på Smørholmen i 1660.



Den åttekanta preikestolen er laga av Johan Kirkevaag, 1871.

Den åttekanta døypefonten er original frå 1871.

Preikestol: Åttekanta i tre, laga av Johan Kirkevaag, 1871.

Døypefont: Åttekanta tre, 1871.

Alterdukar: 1. Duk i hardangersaum med kors og kalk med oblat. 2. Duk med hekla bord, kors og rose laga av Solveig Johnsen og Bjørnhild Eide. 3. Duk i venetiansk stil med kalk, kors og det signande Lammet.

Messehaklar: 4 messehaklar i liturgiske fargar med broderi og applikasjon, designa av Anne-Brit Krag. Messehaklane i grønt (1988), lilla (1989) og raudt (1997) er vovne av Gunlaug Tjåland, den kvite (1990) av Solveig S. Hoem.

Orgel: Kyrkja fekk sitt første orgel i 1916, eit pipeorgel med 5 stemmer frå Brødrene Torkildsen Orgelbyggeri, Åsen. Nytt orgel med 17 stemmer, 2 manualar og pedal frå Norsk Orgel-Harmoniumfabrikk, Snertingdal blei teke i bruk i august 1977.

Kyrkjeklokker: 2 klokker, begge laga ved Christian Christensens støyperi på Fuglsetneset ved Molde i 1871. Innskrift på den minste klokka: «EIDE KIRKE 1871 GIVET AF CHRISTIANSUNDS SPAREBANK».

Minnesmerke: 1. Minnebauta over 19 bortkomne sjøfolk frå Eide i perioden 1893–1973. 2. Minnestein over tre sjømenn frå Eide som omkom ved krigsforlis i 1940–41.





Kyrkjeskippet er enkelt innreidd. Marmoreringa på gallerifronten er eit av dei få dekorative elementa. Under bygginga viste det seg at byggmeisteren hadde forrekna seg på anbodet og måtte gjere nokre innsparingar. Såleis blei veggane noko lågare og takstolane enklare enn teikningane viste.



Orgelet er frå Norsk Orgel-Harmoniumfabrikk, Snertingdal, 1977.



Messinglysestaken frå den gamle Kornstadkyrkja var ei gåve frå oppsittarane på Smørholmen i 1660. Den lange spissen viser at staken er laga for bivoksllys, som blei rekna som «reinare» enn støypte talglys.



Bildet viser den største av dei to klokkene som blei gjevne til kyrkja av «Christiansunds Sparebank». Klokkene blei støypte ved Chr. Christensens støyperi på Fuglsetneset ved Molde, 1871.

Kyrkjeskys med dombjøller 1900

I boka *Møre og Romsdal i nær fortid* (Austigard og Parelius, 1984) deler Konrad Visnes (1894-1986) dette barndomsminnet frå Eide kyrkje:

Det var en hending jeg husker som om det skulle vært i dag – nemlig midnattsmessen i Eide kirke da det gamle århundredet gikk ut og det nye kom inn. Det var kaldt, fint snøvær med veldig fint sledefore etter veiene. Far hadde på forhånd pusset opp skyssleden, og jeg tror han hadde lagt en ekstra puss på dombjellene, som var svært pene med en flott klang.

Jeg skulle altså få lov å være med far og mor på kanefart til kirken, i anledning en så minnerik sammenkomst. Jeg husker så godt kjøreturen innover til kirken, tett i tett med dombjellekjørere i passelig avstand til hverandre, og en herlig samklang av de mange dombjeller og knirkingen under sledemeiene. Kommet inn i kirken ble jeg forgapt over alle lysene i lysekronene og i lysestakene ved alteret. Å hvor jeg syntes det var festlig. På tilbaketuren fra kirken var hestekjørerene langt mer spredte enn de var innover. Takk, kjære far og mor, for at jeg fikk være med på denne uforglemmelige turen.

Gaustad kapell

Vevang krins hørde til Kornstad sokn fram til 1964. I 1906 fekk krinsen eigen hjelpekyrkjegard på Gaustad, men for å kome til kyrkje måtte ein over fjorden til Kornstad på Averøya. Dette blei kommentert slik i jubileumboka for Kvernes prestegjeld i 1947: *Den sudvestre del av prestegjeldet har framleis lange og tungvindte kyrkjeveggar og det er rart at tanken om eit kapell på Gaustad ikkje har fengd så sterkt at det har vorte realisera.*

Den utflytta veålendingen Herman Gaustad og kona Borghild hadde festa seg ved dette avsnittet, og i 1973 testamenterte dei eit beløp til bygging av kapell. Denne summen blei seinare auka, men vilkåret var heile tida at kapellet måtte vere ferdigbygd innan år 2000, elles ville pengane gå til misjonen. Det blei etablert ei eiga stifting, *Stiftelsen Gaustad kapell*, som skulle gjennomføre bygginga og stå som eigar. Men det tok tid å vinne gehør for kapellsaka i kommunen, og da fristen nærma seg, sette Kolbjørn Gaustad, som var nevø av Herman, i gang ein storstilt innsamlingsaksjon.

Gaustad kapell

Type: Langkyrkje med rektangelplan i bindingsverk

Arkitekt: Alf Ottar Avset

Byggmeister: Roald Røsand, Averøy

Vigsla: 2001

Tal sitteplassar: 100

Liturgisk målform: Bokmål

Folk i bygda slutta mannjamt opp, og nærast på overtid klarte ein å få kommunen med seg. I år 2000 var saka komen så langt at fylkesmannen fann å kunne gi dispensasjon frå byggefristen. Bygginga starta sommaren 2000, og kapellet stod ferdig og blei vigsla av biskop Odd Bondevik 17. juni 2001.

Bygget blei sett opp av firma Brødrene Røsand. Mykje av innreiing og ferdigstilling blei gjort på dugnad med Kolbjørn Gaustad som dugnadsgeneral. Han og familien gjorde ein uvurderleg innsats som var heilt avgjerande for realiseringa av kapellet.



Vevangkrinsen hørde til Kornstad sokn fram til 1964, men fekk sin eigen hjelpekyrkjegard i 1906. Det lenge etterlengta kapellet blei reist i tilknytning til kyrkjegarden i 2001. Kapellet blei finansiert av ei testamentarisk gåve, storstilt lokal innsats og til sist ei kommunal løyving.

Kunst og inventar

Altertavle: I marmor frå Naas Kalksteinsbrudd, Eide, formgjeve av Einar Naas med familie. «Bildet» på tavla er den naturlege strukturen i steinen.

Alterbord: I tre med marmorføter.

Alterutstyr: I keramikk, laga og gjeve av Susy Polonio Lyngstad, Lillevika på Gaustad.

Alterdukar: To dukar gjevne av Kaspara Gaustadnes Hoel, mor til daverande sokneprest Kari Synnøve Gaustadnes Hoel. Den første er hekla av Bjørg Årsbog og den andre av Kirsten Skarvøy, finasiert ved gåver ved Kasparas gravferd.

Messehakel: Kapellet overtok den raude messehakelen frå Eide kyrkje da det ble laga nye der.

Preikestol: I marmor frå Naas Kalksteinsbrudd, Eide. Gåve frå bedriftseigar Einar Norvald Naas.

Døypefont: I marmor, laga og gjeve av Einar Norvald Naas og søner.

Glasmåleri: All glaskunsten er laga av Anne-Brit Krag, Aureosen. Det siste bildet, «Gudsøye», er frå 2019.

Anna inventar: Lesepult og prosesjonskors i tre er laga av Jan Gunnar Solbakk. Stolane er leverte av



Kapellet er bygd i moderne stil og har ei open og original tårnutforming. Den gamle klokka frå gravplassen er plassert inne i tårnrommet med dei små vindauga.

Rugset møbler, Averøya, og finasiert av lokalbefolkninga under mottoet: *Kjøp deg en stol i Gaustad kapell.*

Orgel: Alhburn elektronisk orgel.

Kyrkjeklokke: Den gamle klokka frå klokkehuset på gravplassen blei flytta og montert av Johan Orø og medhjelparar.



Kyrkjerommet er forma som ein uregelmessig åttekant. Interiøret er lyst og venleg med kvite veggflater, trekvit himling og kvite fliser på golvet.



Altertavla er ei marmorplate laga av Naas Kalksteinsbrudd, Eide. «Bildet» er den naturlege strukturen i steinen og kan tolkast fritt av den som ser på.



Døypefonten er laga i marmor av firma Einar Norvald Naas, Eide.



Preikestolen er laga i marmor av Naas Kalksteinsbrudd, Eide.



Lesepulten i tre med kors i blått glas er laga av Jan Gunnar Solbakk.



Glasmåleriet «Guds øye» med blomstermotiv er laga av Anne-Brit Krag, 2019.



Dei blå og trekvite stolane gir ein fargerik kontrast til dei enkle vegg- og takflatene.



Glasmåleriet på nordsida av koret er laga av Anne-Brit Krag og viser motiv frå skapinga.



Glasmåleriet på sørsida av koret er laga av Anne-Brit Krag og viser Jesus som rid inn i Jerusalem på palmesøndag.



Aukra kommune

På 1500-talet var Aukra eit av dei tre prestegjelda i Romsdal. Prestegjeldet dekte heile det ytre kystområdet mellom Nordmøre og Sunnmøre, frå Skotten i nord til Myklebust på Harøya i sør. Det tilsvarte i grove trekk dei to tinglaga Sund og Våge (Vågøy). Prestegjeldet hadde sju kyrkjer og kapell, der tre prestar gjorde teneste. Aukra kyrkje på Aukrasanden var hovudkyrkje og her låg også prestegarden som var sete for soknepresten.

I Aslak Bolts jordebok frå 1432 er heile Gossen nemnt under Sunds åtting. Men ein gong før 1520 har Nord-Gossen kome inn under Våge åtting. Dette blei endra i 1818 da tinglagsgrensa blei justert i samsvar med med soknegrensa. Heile Aukra sokn (Gossen og fastlandsdelen) kom da inn under Sund tinglag (Sandøy, 1974).

I 1755 blei sokna Bud og Hustad skilde ut som eit eige prestegjeld. Aukra prestegjeld stod da att med Vågøy sokn og heile øyriket utasunds. Bortsett frå ei mindre grensejustering i 1792, da gardane Ramsvik og Høgset (Høgset) på Midøya blei overførte til Vatne sokn, var dette også situasjonen da Aukra kommune blei etablert etter prestegjeldsgrensene i 1837. Men allereie i 1840 blei Vågøy sokn skilt ut som eigen kommune, og frå 1859 som eige prestegjeld, under namnet Frænen.

Den neste endringa kom i 1867, da Sandøy sokn blei eigen kommune. Ti år seinare, i 1877, blei det meste av Otrøya og Midøya, samt Magerøya, skilt ut som eit eige sokn under namnet *Otterøy sokn*. Tautra og austre del av Otrøya blei verande under Aukra fram til 1922, da dei blei overførte til Otterøy sokn. I 1924 blei Aukra kommune delt i Nord-Aukra og Sør-Aukra etter soknegrensene.

I 1964 blei Mordal krins på fastlandet overført frå Aukra til Molde kommune. Samtidig blei garden Lauvåsen ved Hollingsholmen overført frå Fræna til Aukra kommune.

Fram til prestegjelda blei fasa ut i samband med prostereforma i 2004, omfatta Aukra prestegjeld dei tre sokna Aukra, Sandøy og Midsund. Ved kommunereguleringa i 2020 blei Sandøy kommune delt slik at Orta blei overført til Aukra og resten til nye Ålesund kommune. Etter dette omfattar Aukra kommune og sokn Gossen med øyane rundt, Orta og Eiskrem-krinsen på fastlandet.



Kommunenamnet Aukra skriv seg frå kyrkjestaden Aukra aust på øya og kjem av det norrøne Aukrin (av akr og vin), som tyder «aker og eng» (jamfør Akerø/Agerø). Arkeologiske utgravingar på Nyhamna har avdekka spor etter busetting på øya så langt attende som 9 200 år f.Kr., knytt til Fosnakulturen. På bildet ser vi Aukrasanden frå lufta med kyrkja til venstre og kyrkjelydshuset til høgre. I bakgrunnen dannar Otrøya med si fjellrekke kontrast til den flate Gossen. Foto: Johnny Bratseth/Romsdalsmuseet.



Aukra kyrkje på Aukrasanden var frå middelalderen hovudkyrkje i det store Aukra prestegjeld som dekte heile det ytre kystområdet i Romsdal. Dagens kyrkje frå 1835 er den fjerde eller femte på staden.

Aukra kyrkje

Det var ikkje uvanleg at kyrkjer i tidlegare tider brann ned på grunn av lynnedslag. Det spesielle med Aukra var at tre korskyrkjer etter kvarandre brann om lag det året dei fylte 60 år. Åttekantkyrkja som blei bygd sidan fekk ein betre lagnad, og er framleis ein pryd for kyrkjelyden.

Den første kyrkja: Stavkyrkja som blei ei tømmerkyrkje (middelalder–1709)

Det eldste vitnemålet om ei kyrkje på Aukra finn vi i Aslak Bolts Jordebog frå 1432. Seinare er ho nemnt i Trondhjems reformats av 1589 som hovudkyrkje i Aukra prestegjeld. Truleg var Aukra den første faste kyrkjestaden i ytre Romsdal. Det er lite vi veit om denne kyrkja, bortsett frå at det var ein stavbygning.

I 1648 var skipet i stavkyrkja så opprøtna at det blei rive og erstatta av eit nytt skip i tømmer. Ein omtale av «kirkens kors» i ein synfaringsrapport frå 1661 viser at skipet må ha hatt minst ein korsarm. Rapporten fortel vidare at skipet og tårnet var «vel ved magt», men at det gamle koret frå stavkyrkja var «ganske fordærvet og stod til ned-

falds». To år seinare blei det rive og eit nytt kor i tømmer sett opp, i same breidde og høgde som kyrkja elles. Også alteret og altertavla måtte fornyast fordi dei «ere af Regn og Slud fordærvede, som både Sommer og Vinter have slaaet ind paa dem». Kyrkja rakk berre å bli 60 år før eit lynnedslag i 1709 la heile kyrkja i oske (Dietrichson, 1892; Julnes, 1985; Askeladden, u.d.).

Den andre kyrkja: Korskyrkje i tømmer (1712–1772)

Den neste kyrkja blei bygd like aust for den gamle og stod ferdig i januar 1712. Dette var også ei korskyrkje i tømmer. Byggmeister Simon Paulsen, som på same tid bygde korskyrkja i Bud, hadde

Aukra kyrkje

Type: Åttekantkyrkje med tilbygd kor, i tømmer

Arkitekt: Ukjent

Byggmeister: Ole Eriksen, Ørskog

Vigsla: 1835

Tal sitteplassar: 250. Opphavleg 380.

Liturgisk målform: Nynorsk



Den åttekanta forma gir eit stort og ope kyrkjerom. Interiøret er rikt dekorert. Koropninga med dei tre rundboga-
ne skriv seg frå ei restaurering i 1926, og interiøret elles blei restaurert i 1985. Dei fire kraftige søylene i fram-
grunnen understøttar tårnet.

med seg arbeidarar frå Molde, Bolsøy og Bud. Nesten alt inventar frå den gamle kyrkja var borte, og Lukas Jensen frå Nordmøre laga ny altertavle og preikestol. I 1718 fekk kyrkja ny klokke, da den gamle klokka, saman med ei lita klokke frå Nasset, blei sendt til klokkestøypar Ole Møller i Trondheim og støypt om.

Ved det store kyrkjesalet i 1725 blei Aukra og Vågøy kyrkjer med tilhøyrande eigedomar selde til amtmann Erik Must. I 1727 selde han dei vidare til åtte lokale bønder for same pris.

Tidleg om morgonen 17. desember 1772 slo lynet ned i tårnet og kyrkja brann ned til grunnen. Vengene på altertavla blei hogde laus og redda ut, saman med ein kalk og ein disk.

Den tredje kyrkja: Korskyrkje i tømmer (1774–1834)

Kyrkjeigarane søkte om støtte til bygging av ny kyrkje, og det blei sirkulert kollektbøker i heile Nidaros og Bjørgvin stift. Det blei bestemt å sette opp ei ny korskyrkje i tømmer, men denne gongen utan tårn, for å hindre lynnedslag og spare kostnadar. I staden skulle det byggast eit frittstående klokkehus. Kyrkja blei bygd på same tomt som den førre og stod ferdig i 1774.

Men naturkreftene kan vere tunge å temme – tårn eller ikkje. Etter 60 år, i 1834, blei kyrkja på nytt råka av lynnedslag og jamna med jorda. Ved heroisk innsats blei deler av inventaret redda ut av den brennande kyrkja: Vengene på altertavla, disken, kalken og antemensalet frå 1712 – alle redda frå brann for andre gong – dessutan to messinglysestakar, ei lyssaks og lysekrona.

Den fjerde kyrkja: Åttekantkyrkja i tømmer (1835–)

Arbeidet med nytt kyrkjebygg tok til i mai 1835. Byggeleiar var Ole Eriksen frå Ørskog. Etter ti veker var kyrkja opptømra og taket lagt på. Ho må ha blitt vigsla i løpet av året, men var ikkje heilt ferdig før i mars 1836. Kyrkja fekk åttekantplan, med tilbygd våpenhus og kor. Denne planforma gav god utnytting av tømmeret og eit funksjonelt kyrkjerom, og var den mest populære kyrkjetypen i første halvdel av 1800-talet. Utvendig var kyrkja bordkledd og raudmåla. Inne var det lukka stolar (benkar) med reserverte plassar for kvar gard. Kvinnene sat på venstre side og mennene på høgre. Lengst bak og på lemman over inngangsdøra var det benkar for husmenn og innerstar (leigefolk).



Midpartiet på altertavla er frå 1835. Dei to vengene er frå altertavla frå 1712, dei blei redda ut av dei brennande kyrkjene i 1772 og 1834. Dei to bilda i midten er laga av målar Olsen frå Molde, 1835. Dei fire evangelistane på sidene er laga av treskjarar Arne Kinsarvik, Volda, 1926. På venstre veng er sentralmotivet kong David som førebilde på Kristus, og under kong David som blir salva til konge. På høgre veng er sentralmotivet Jesus som set inn nattverden og under Josef og Maria med vismennene som tilbed Jesusbarnet.



Preikestolen og preikestolhimmelen er frå 1835. Den vakre treskurden er utført av skolestyrar Johannes Bjordal ved trearbeidsskolen i Molde og dekorasjonsmålinga av Johan Haddal, Hareid, i samband med restaureringa i 1926. På sidene av preikestolen finn vi dei fire evangelistane og Paulus og under preikestolhimmelen heng dua som symbol på Den heilage ande.



Den åttekanta døypefonten er frå 1835. Dekormålinga er truleg utført av Johan Haddal, 1926. Kanna er frå 1954. Foto: Johnny G. Vågen/Kyrkjebyggdatabasen.



Over midtgangen heng ein modell av korskyrkja frå 1774 som brann i 1834. Modellen er laga av Christian Steffensen Horremsbakk i 1842.

Seinare endringar

Gjennom åra er det gjort fleire endringar og reparasjonar på kyrkja. I 1852 blei «lemmen» utvida med to sidegalleri, og i 1875 blei kyrkja måla innvendig av målarmeister Petter Moe frå Molde. Sakristiet blei bygd i 1891 og erstatta det tidlegare «skriftehuset» på nordsida av koret.

Kyrkja var i privat eige heilt til 1901, da kommunen løyste ho ut for 8 000 kroner. Kommunen meinte at det skulle vere fritt for alle kvar dei ville sitte i kyrkja, og i 1907 blei dei lukka stolane skifta ut med opne kyrkjebenkar. Det blei også innsett nye vindauge og dører, galleriet blei ombygd – og den gamle gapestokken blei brent opp! I 1921 fekk kyrkja nytt tårn til erstatning for det gamle som var opprøtna.

I 1926 blei det utført ei større endring som framleis pregar interiøret. Koropninga fekk runde bogar og runde søyler. Preikestolen og lydhimmelen blei flytta mot vegg og dekorert med treskurd, og det blei utført dekormåling på korvegg, døypefont, preikestol, søyler, galleribrystning og tak. Treskurden blei utført av skulestyrar Bjordal og målararbeidet av Johan Haddal frå Hareide. Vidare blei det sett opp ny alterring og altertavla blei ombygd. Veggane blei kledde med kryssfinerplater for å isolere mot trekk.

I 1961–62 blei golvet skifta, og det blei samtidig gjort utgravingar under kyrkja. Her fann ein malmbitar frå ei klokke, nokre myntar, eit segl og beinrester som viste at det også her hadde vore skikk å gravlegge folk under kyrkjegolvet.

Den siste større restaureringa skjedde til 150 årsjubileet i 1985. Utgangspunktet for arbeidet var ein rapport frå kyrkjekonsulent Sigurd Muri etter ei synfaring i 1979, der han påviste røte og mott både på tårn, loft og ytterveggar. I 1980 laga førsteantikvar Lars Roede frå Riksantikvaren ein rapport om korleis restaureringsarbeidet burde utførast, og arkitekt Jon O. Villa, Molde, blei engasjert som arkitekt for arbeidet.

Etter Roede sitt råd blei kryssfinerplatene på veggane fjerna slik at tømmeret blei synleg att. Firmaet Konservatorservice frå Bergen behandla deretter kyrkja for røte. Utvendig blei veggane etterisolerte, men med gjenbruk av det gamle panelet. Vidare blei det støypt nye trapper og rullestolrampe. Hjertviksten Treindustri, Kleppe på Jæren, laga nye, doble vindauge og bygde om kyrkjebenkane ved å lage nye sete og ryggstø, men nytte opp att endevangane. Lyder Hesthol



Kyrkjeskippet er ein modell av fregatten «Nelson» med 34 kanonar. På modellen står skrive: «Denne Fregat er foræret til Agerøe Hoved Kirke 1838 af Ole Tronsen Ugelvig, Underofficier i Trondhjem.» Han blei sidan lensmann i Sund.

hadde det bygningsmessige ansvaret for arbeidet.

Mest synleg var likevel det store målingsarbeidet inne i kyrkja. Saman med arkitekten utarbeidde bygningsantikvar Christ Allan Sylthe hos Fylkeskonservatoren eit fargeskjema som gav kyrkja ei munter drakt av okergul, lys og mørk grøn og raudbrun farge og forgylling, fint avstemt med fargesettinga frå 1920-åra. Målararbeidet blei utført av Kristian A. Kjellnes, som fekk hjelp frå Knut Hoksnes til oppfrisking av dekorasjonane i taket. På grunn av solid utført arbeid står kyrkja like fin i dag, 35 år seinare.

Sakrestiet blei restaurert i 2021. Skiljeveggen midt i rommet blei fjerna og rommet fullisolert. Palmer Nesje og Terje Småge laga interiøret og Anette Stranden var fargekonsulent.

Kunst og inventar

Altertavle: Midtpartiet frå 1835 har to bilde av målar Olsen, Molde. Hovudbildet er ei etterlikning av Leonardo da Vincis måleri «Nattverden». Over dette eit bilde av «Jesus på korset» og øvst ei due som symbol for Den heilage ande. På sidene er vengene på altertavla frå 1712 felte inn. Desse blei redda ut av den brennande kyrkja både i 1772 og 1834. På høgre veng «Jesus innstiftar nattverden» og «Josef og Maria med vismennene som tilbed Jesusbarnet». På venstre veng «David som eit førebilde på Kristus» og «David som blir salva til konge». Dei fire utskorne evangelistane på kvar side av måleria er laga av treskjerar Arne Kinsarvik, Volda, 1926.



Variert fargebruk har gitt interiøret eit varmt og livfullt preg. Gallerifronten er dekorert med ulike symbol som går att fleire gonger: IHS («Jesus menneska sin frelsar»), XP (dei to første bokstavane i Kristus på gresk), A og Ω (Alfa og Omega – den første og den siste), kors-anker-hjarte (tru, von og kjærleik), Guds auge med due under, liljene på marka og vindruene.

Alterutstyr: Kalk og disk frå 1712-kyrkja. Messinglysestakar frå 1774-kyrkja.

Preikestol: I tre frå 1835. Treskurden utført av skulestyrar Johannes Bjordal og dekorasjonsmålinga – mellom anna dei fire evangelistane – av Johan Haddal, Hareid, 1926.

Døypfont: I tre frå 1835.

Alterduk: Filert alterduk laga av prestekone Gunda Trædal saman med Sigrid Sporsheim, Edna Langøy Nerland, Martha Småge, Horrem og Kristoffa Hukkelberg, 1926.

Messehaklar: Laga av Ingrid Nedrelid og Bjørg Hustad, 1989–92.

Anna inventar: Utskore bilde i sakristiet av Adam og Eva, truleg laga av Lukas Jensen, 1712. Fattigkassa i våpenhuset laga av ordførar R. Reiten, Prosjesjonskors laga av Martin Solemdal.

Orgel: Kyrkja fekk eit firestemmers pipeorgel frå Claus Jensen i 1878. Nytt orgel i 1954 med 27 stemmer frå Vestres Orgel & Pianofabrikk, Haramsøya. Dagens orgel frå 1995 er eit 16 stemmers pipeorgel med 2 manualar og pedal frå Th. Frobenius & Sønner, Danmark.

Kyrkjeklokker: To klokker. Innskrift på den minste klokka: «1836. PETIT ET FRITSEN ME FUDERUNT» (Petit og Fritsen støypte meg). Innskrift på den største klokka: «STØBT AF CHRISTIAN CHRISTENSEN PAA FUGELSETNES 1865». Klokka var likevel ikkje ferdig før i 1866 fordi den første støypinga var mislukka.



Orgelet er levert av Th. Frobenius & Sønner, Danmark, 1995.

Minnesmerke: På kyrkjegarden er det reist fleire minnesteinar: 1. Over sokneprest Andreas Høyem (1761–1823). Reist 1947. 2. Over folkehøgskolestyrar Hans Gjerde (1883–1949). 3. Over 5 bortkomne på sjøen 24.3.1900. 4. Over 6 som kom vekk på havet under stormnatta 14.2.1920. Reist ca. 1960. 5. Over 6 frå Nord-Aukra som døydde i kamp under krigen 1940–45. 6. Over 30 sovjetiske borgarar som mista livet i Norge under krigen 1941–45. 7. Over 73 som havet tok i perioden 1820–1983. Reist 1985.

Korleis påskeliljene kom til Aukra

I austhellinga nedanfor Aukra kyrkje ligg den kjende «påskeliljemarka» som kvar vår lyser opp med si gule blomsterprakt. Det heile starta truleg med Alexander Borch som var sokneprest her frå 1696 til 1725. Etter ein visitas i Aukra i 1749 skreiv biskopen i protokollen: *På en jorsalsfarsreise brakte Borch med seg påskeliljer som han plantet på Agerøe.*

Grunnen til reisa skal ha vore at presten hadde gjort noko han ikkje trudde han fekk forlating for. Til sist såg han ingen annan utveg enn å dra på pilgrimsferd til Det heilage landet. Frå området kring Jerusalem samla han jord i ein pose som han tok med seg heim og strødde ut over marka i prestegardshagen. Men presten fekk framleis ikkje ro, og ein dag bad han inderleg til Gud om eit teikn på tilgjeving. Da han såg ut av glaset fekk han auge på ei påskelilje som stod og lyste mot han. Dette tok han som eit teikn frå Gud, og sidan fekk han fred i sinnet (Julnes, 1985).

Kvar vår lyser påskeliljemarka opp med si gule blomsterprakt og vitnar om nytt liv. Tradisjonen seier at sokneprest Alexander Borch tok med seg dei første løkane frå Jerusalem og planta dei i prestegardshagen tidleg på 1700-talet. Foto: Johnny Bratseth.



Om presten Oluf Tordsen på Aukra

I 1542 var Oluf Tordsen prest på Aukra. Etter 30 år blei han suspendert frå stillinga fordi han ved eit mistak slo i hel Samuel, son sin. Det skulle ha føregått på denne måten: Oluf hadde ein bitter fiende som ville han til livs. Ein kveld i tussemørket kom Samuel inn frå jakt med børsa si. Faren, som låg og sov, vakna og trudde det var fienden som kom. Han tok ein stokk og slo sonen i hovudet så han døydde. I fortvilning over det han hadde gjort, rømte presten og gøymde seg i ei hole på Julneset. Hola blir den dag i dag kalla Presthola. Oluf oppheldt seg der i fleire dagar, og der skal han, etter det som blir fortalt, ha skrive ein salme. Eitt av versa lyder slik (Julnes, 1985):

Betee din store naade,
Mig som er stedd i vaade.
Helbred mig igjen,
ti jeg er svag, O Herre!
O, mine ben, de ere
forknuste af sorrig og mén.



Kyrkjegarden på Aukra har uvanleg mange minnesmerke. Bildet viser minnebautaen over 30 sovjetiske borgarar som mista livet under krigen 1940–45 og som er gravlagde her. På bakken ved sida av er kvar grav markert med ei lita steinplate. I bakgrunnen ser vi minnesteinen over bortkomne på sjøen i perioden 1820–1983. Steinen blei reist i 1985. Eit viktig bevaringstiltak blei gjennomført same år. Da blei alle dei gamle jernkorsa samla til ein minnelund. Det blei også bygd ny kyrkjegardsmur og støypt heller frå inngangsporten til kyrkjedøra og til kyrkjestova.

Presten Dick og sjøormen

Christian Dick (1815–1882) var sokneprest i Aukra frå 1857 til 1870. Etter ei omvendig i 1851 var han prega av vekkinga, skreiv ei rad kristne songar og gav ut fleire songbøker. Ofte la han små høvesdikt inn i preikene sine, noko som gjorde stor lukke. Elles sette han strenge krav til moralsk framferd og kunne vere ein nådelaus refsar.

Det finst fleire historier om prestar som har sett sjøorm i Romsdal, og Dick var ein av dei. På ei sjøreise til Bud laurdag 9. august 1862 hadde han ved Heringsholmen ved innløpet til Julsundet sett «et Dyr med sterk Fart, saa Søen skummede paa begge Sider af det over Vandet værende Hoved, at ile i Retning mod Hornæset». Ormen hadde vore over vatnet tre gonger som presten hadde sett. Første og tredje gong med både hovudet og tre buktningar, men andre gong hadde berre hovudet vore over vatnet. Det var skyssfolka som hadde blitt var dyret først, da presten sat i baks-kotten med ryggen mot sjøormen.

Dick fortalde om hendinga i Romsdals Budstikke nokre dagar seinare og skreiv at han også hadde levert ei teikning av sjøormen til avstrykkeriet. Men denne er ikkje bevart (Langnes, 2002).



Etter stor dugnadsinnsats kunne kyrkjelyden ta i bruk det nye, flotte kyrkjelydshuset med kyrkjekontor og drifts-avdeling i 2011. Arkitekt var Asbjørn Bua. Frå før var det eit bårehus like sør for kyrkja, bygd i 1972. Da behovet for bårehus etter kvart fall bort, blei huset bygd om til kyrkjestove med toalett på dugnad. Huset blir i dag brukt til stellerom for dåpsbarn og til mindre møte.

Om folket og prestane i Aukra prestegjeld

Andreas I. Høyem var sokneprest i Aukra frå 1799 til han døydde i 1823. Han kunne vere brysk mot dei som sette seg opp mot han, men hadde eit stort hjarte for kyrkjelyden og gjorde ein varig innsats både for skulestellet og fattigstellet i prestegjeldet. I ei skildring av Aukra prestegjeld frå 1817 skriv han at tenkemåten til folket er «til dels voldsom og brusende, til dels noget egennyttig og rovbegjærlig». Han meiner at sjølve levemåten, striden mot havet og det vekslende vêret og grannelaget i fiskeværa og ute i øyane var med på å forme folket slik. Vidare skriv han:

For dette præstegjeld hvor ingen øvrighed uden præsten har boet, og hvor indvaanerne staae i sø-innrulleringen og ikke staae under militær tugt, har det været en lykke at deres sognepræster nu vitterligen i 200 aar har været uden undtagelse retskafne og gudfryktige mænd uden laster, til dels virkelig lærde mænd. Deres aarvaagenhed og eksemplarske liv og duelighed har derfor kvælet en hob af de mangfoldigen udsaaende onde frø, som elles have fundet en meget frodig væxt.

Eit vitnemål om at Høyem sin innsats bar frukter, finn vi i biskop Peter Bugge sin protokoll etter ein visitas i Aukra i 1809. Biskopen seier seg vel nøgd med ungdomen sine kunnskapar, ja, ungdomen i Aukra «turde være den bedste i hele Stiftet». Men «Klokkeren sang elendig! Han har neppe sin Lige i Europa!» (Øverland, 1962).

Aukrapresten som blei kyrkje- og undervisningsminister

Nils Trædal (1879–1948) var bondeson frå Sunndal. I 1920 var han medstiftar av Landmandsforbundet og i 1938–48 formann i Bondepartiet. Trædal var sokneprest i Aukra 1923–36. I denne tida, 1931–33, var han Kyrkje- og undervisningsminister. I 1934–36 var han stortingsrepresentant for Møre og Romsdal, og frå 1945 for Sør-Trøndelag. Han døydde under mystiske omstende i oktober 1948 da han fall ut gjennom eit vindauge i tredje etasje på hybelen sin i Oslo og omkom.



Tidlegare Sandøy kommune

I Tronhjems reformats av 1589 er øyane i Sandøy skildra som eit kapellsokn under Aukra prestegjeld, med kapell på Sandøya, Harøya og Ona. Reformatsen fortel at 10 bønder sokna til Harøy kyrkje, 8 til Sandøy og 20 til Ona. *Bønder* må nok her lesast som *huslydar* ettersom fleire, særleg på Ona, levde mest av fiske. Kapella er ikkje nemnde i Dietrichsons stavkyrkjebok (Dietrichson, 1892), og truleg har det vore små, enkle stavbygningar frå middelalderen. Gudstenesteordninga var fastsett slik: *Disze 3 kircker skulle betienis aff en domestico sacellano vdi Onen 2 hellige dage effter huer andre, Wdi Haredt och Sandøe huer 3. hellige dag per vices* (vekselvis). Den omtala «domestico sacellano» var ein såkalla huskapellan eller personell kapellan som soknepresten sjølv måtte løne. Løna var 12 riksdalar i året og fri kost og losji i prestegarden på Aukra.

Frå midten av 1600-talet gjekk folketalet på Ona kraftig tilbake. Kapellet på Sandøya var samtidig så forfalle at det truleg ikkje lenger blei halde gudstenester der. I 1708 blei det derfor bestemt at kapellet på Ona skulle flyttast til Sandøya. Men på slutten av 1700-talet var kapella både på Sandøya og Harøya i så dårleg stand at soknepresten gjorde framlegg om å rive begge to og bygge dei opp att som eitt kyrkjebygg på Sandøya. Etter ein lang prosess blei det ved kongeleg reskript av 7.4.1809 endeleg bestemt at begge dei to gamle kapella skulle rivast og at det skulle byggast ny, felles kyrkje med kyrkjegard på Sandøya. Først i 1933 blei det gjeve løyve til å bygge nytt kapell på Harøya.

Da formannskapslovene tredde i kraft i 1838 var Sandøy kapellsokn ein del av Aukra kommune. Men den værharde Romsdalskysten skapte ofte problem for Sandøyværingane når dei skulle på møte i formannskap eller heradsstyre. Innbyggjarane vende seg fleire gonger til amtmannen – ja, sende jamvel brev til Kongen – med bøn om å bli eige formannskapsdistrikt, men blei kvar gong møtt med avslag. Saka løyste seg endeleg i 1867, etter at Paul Knudson Gåsøy tok turen til Stockholm og personleg snakka med kongen (Langnes, 2015).

Fogderigrensa mellom Romsdal og Sunnmøre gjekk frå gammalt av tvers over Harøya, slik at Myklebustområdet og øyane utanfor høyrde til Fjørtoft sokn i Haram kommune. Ved kgl.res. 20.12.1963 blei dette området overført til Sandøy kommune og sokn frå 1.1.1965.

Frå 1.1.2020 blei heile kommunen, så nær som Orta og Lyngværet, ein del av nye Ålesund kommune, og soknet overført frå Molde domprosti til Nordre Sunnmøre prosti. Orta blei etter innbyggjarane sitt ønske, saman med Lyngværet, overført til Aukra kommune og sokn.





Sandøy kyrkje, bygd i 1812, skulle vere soknekyrkje for heile øyriket Sandøy. Kyrkjestaden blei flytta frå sør-aust til vest på øya for å ligge mest lageleg til for dei som kom sjøvegen frå Harøya og øyane omkring. Sandøy kyrkje var den første åttekantkyrkja i Romsdal. Legg elles merke til spiret som har ein brugdefigur til vindfløy.

Sandøy kyrkje

Kapella på Sandøya, Harøya og Ona

Den eldste omtalen av ei kyrkje på Sandøya finn vi i Trondhjems reformats av 1589. Vi veit ikkje meir om byggeår eller utsjånad, men det må ha vore eit lite, stavbygd kapell frå middelalderen. Kapellet stod på Nestebakken på søraustsida av øya og hadde ikkje gravplass.

Ifølgje stiftsskrivaren stod kapella på Ona og Harøya i 1625 til nedfalls. Kapellet på Sandøya er ikkje nemnt, og var truleg så dårleg at det var teke ut av bruk. Frå midten av 1600-talet blei Ona nesten avfolka, og i 1708 blei det bestemt å flytte kapellet der til Nestebakken på Sandøya (Øverland, 1962).

På slutten av 1700-talet hadde kapella både på Harøya og Sandøya blitt for små, og var i svært

dårleg stand. I 1774 skriv soknepresten i Aukra, magister Anders Bredal Wessel, brev til biskopen der han foreslår å rive begge og bygge dei opp att som eitt kyrkjebygg på Sandøya. I 1782 blir det halde synfaring på dei to kapella. På Harøya heiter det at sørsida av kapellet er utan bordkledning og at taket er «brøstfeldig» og treng ny never. På Sand-

Sandøy kyrkje

Type: Åttekantkyrkje i tømmer med tilbygd kor, våpenhus og sakristi

Arkitekt: Ukjent

Byggmeister: Ukjent

Vigsla: 1812

Tal sitteplassar: 180. Opphavleg 250.

Liturgisk målform: Nynorsk

Bildet t. v. Fiskeværet Ona med fyret på toppen av Onakalven har blitt eit ikon for tidlegare Sandøy kommune. Lysstrålane frå fyret var også motiv for kommunevåpenet. I dag er det berre eit tjuetal fastbuande att på Ona og Husøya, men på 1500-talet var Ona den mest folkerike av øyane i Sandøy. Av dei 872 øyane i den tidlegare kommunen er Harøya størst, både i areal og folketal. Her ligg det tidlegare kommunesenteret Steinshamn, med mellom anna brønnbåtrederi Rostein og maskinindustribedrifta I.P. Huse. I 2020 blei kommunen – med unntak av Orta – ein del av Ålesund kommune. I 2022 får Harøya fastlandssamband gjennom Nordøyvegen. Foto: Johnny Bratseth/Romsdalsmuseet..

øya er huset innvendig i bra stand, men også her er det behov for ny bordkledning på sørsida og nytt tak. Etter pålegg frå biskopen blir kapella vølte så langt det lèt seg gjere, men forfallet held fram og i 1806 skriv den nye soknepresten, Andreas Høyem, at dei «eldgamle capeller er meget brøstfaldne». Etter kvart gir biskopen etter, og i 1807 sender han brev til Cansellet med positiv innstilling. Ved reskript av 7.4.1809 blir det endeleg gjeve løyve til å rive dei to gamle kapella og bygge ny, felles kyrkje med kyrkjegard på Sandøya.

Åttekantkyrkja i tømmer (1812–)

I juni 1810 blei det vald ei kyrkjenemnd som skulle førebu arbeidet med ny kyrkje på Sandøya. Den første oppgåva var å bestemme plassering. Når kyrkja skulle bli soknekyrkje for alle øyane var det naturleg å finne ei tomt på vestsida av øya. Staden ein valde var sameige grunn for bøndene, og kjøpet kom ikkje formelt i orden før i 1819 da eigarane gav skøyte. Bygningstømmeret blei kjøpt og hogd i Romsdalsbygdene, det meste truleg på Haukebøen. Tradisjonen seier at det også blei brukt mykje drivtømmer, mellom anna plank som hadde drive i land på Kvaløya.

Etter lova var det dei jordeigande bøndene i



Sandøy kyrkje er ei åttekantkyrkje med tilbygd kor, som var den mest vanlege typen i Møre og Trøndelag. Sakristi og våpenhus blei bygd i 1879. Til saman gir dette ei form som liknar på ei tradisjonell langkyrkje.

soknet som eigde kyrkja og måtte ordne med finansiering. Byggekostnadane blei dekte med tilskott frå jordeigarar, husmenn og strandsittarar etter fastsette takstar, og ved tilskott og kollektar frå kyrkjer både i Nidaros og Bjørgvin. Vedlike-



Åttekantforma gir eit intimt kyrkjerom, men dei fire kraftige søylene som understøttar tak- og tårnkonstruksjonen hindrar noko av det frie utsynet. Store vindauge og frisk fargebruk gir likevel eit lyst og venleg inntrykk. Interiøret fekk sine fargar og dekorasjonar til hundreårshøgtida i 1912. Foto: Johnny G. Vågen/Kyrkjebyggdatabasen.

haldet skulle dekkast med ulike inntekter: Fiske- tienda og stolleiga som før hadde gått til Aukra- kyrkja, skulle no gå til Sandøy. Vidare måtte kvar nattverdsgjest betale fire skilling i året og sokne- presten ein fast årleg sum. Resten blei dekt ved at husmenn og strandsittarar skulle betale eit pund tørrfisk årleg. Eigarane vedtok likevel at fattige som ikkje hadde noko å betale med, skulle nyte alle kyrkjelege rettar fritt.

På Sunnmøre var det allereie bygd tre åtte- kantkyrkjer (Stordal 1789, Norddal 1802 og Sjø- holt 1807 – flytta til Leikanger 1872), men Sandøy var den første i Romsdal. Byggmeisteren er ukjent, men denne kyrkjetypen var særleg populær i Ni- daros stift, så det er grunn til å tru at han kan ha vore frå Trøndelag eller i alle fall var kjent med denne typen kyrkjebygg derifrå. Forma stam- ma frå Tyskland og følgde prinsippa for ei typisk «luthersk kyrkje» med eit sentralkyrkjerom og al- terpartiet som det samlande midtpunktet. Forma var dessutan velegna for laftebygging og gav god utnytting av det bygningstømmeret som kunne skaffast i distriktet. Kyrkjetaket var spontekt og hadde ein liten takryttar på toppen. Både tak og takryttar var tjørebredde, medan kyrkja elles var raudmåla.

Noko av inventaret blei flytta over frå det gamle kapellet, mellom anna kalk og disk frå 1740, lysekrona, alterstakar, dåpsfatet frå 1708 og truleg den gamle døypefonten og preikestolen. Altertavla kom på plass i 1818, laga av sunnmø- ringen Jakob Sørensen Giskegård, eller *Tavle-Ja- kob* som han blei kalla. Han hadde også laga alter- tavla i korskyrkja i Voll (1780) og fleire altertavler på Sunnmøre.

Sandøy kyrkje blei vigsla 20. september 1812. Korkje biskop eller prost var til stades, men sok- neprest Andreas Høyem i Aukra hadde fått bisko- pen si fullmakt til å stå for vigslinga. Båt etter båt stemnde mot øya frå Ona, Orta, Lyngværet, Finn- øya og Harøya og folket fylte benkeradene. Etter den dagen brann varden på Varhaugen kvar helg presten landa på øya for å fortelje folket på dei an- dre øyane at «i morgon er det kyrkjehelg».

Ei kyrkjehelg var noko av ei storhending. I tillegg til gudstenesta kunne det vere barnedåp, brudevigsel og jordfesting av dei som var grav- lagde sidan førre preikesøndag. På kyrkjebakken møttest folk frå alle øyane og kunne gjere avtalar om handel eller feste av tenestefolk, medan ung- domen kunne knyte venskap – og kanskje kjæ- rasteband. Ofte var presten ute på øyane i fleire



Koret er dominert av den livfulle altertavla til «Tavle-Jakob» frå 1818. Tradisjonen fortel at Jakob hadde skore ut figurane til altertavla før han kom til Sandøya, men at han bygde ramma og sette det heile saman der. Han bud- de på Vollen og heldt til med arbeidet i sørvest-hallet i Kråksteinen. Her er ei lun krå, og her var han i fred for folkeferdsla. Han tolde ikkje at folk såg på han medan han arbeidde. Her var også truleg naust der han kunne ha tavla og materialane om natta. Alle tavlene hans, også den på Sandøy, har ein rikdom av frittstående figurar, personleg utforma, ulike, men harmonisk samansett. Det var også han som måla tavla frå først av (Øverland B., 1962).





Kyrkja er rikt dekorert med rosemåling både på korbogen, preikestolen, benkevangane og galleribrystninga. Fargebruken og dekorasjonane skriv seg frå restaureringa i 1912. Fargeplanen var laga av kunstnaren Lars Kinsarvik, Volda, som sjølv måla altertavla på nytt. Rosemålinga og dekorasjonane blei utførte av Jenny Husøy Wisth. Bak korbogen skimtar vi kortaket som er dekorert med ein stjernehimme og eit Guds-symbol i midten. Foto: Johnny G. Vågen/Kyrkjebyggdatabasen.



Kyrkjeskipet er gammalt, både årstala 1483 og 1554 har vore foreslått, men på grunn av overmåling er det uråd å fastslå alderen sikkert. Men ei skute av denne typen høyrer nok mest heime på 1500-talet eller seinare. Skipet var skada og blei lagt på loftet i 1879, men henta fram att og restaurert i 1907.




Døypefonten frå 1750 er ein «kubbefot» i tre frå det tidlegare kapellet på Sandøya. Dåpsfatet i tinn ber initialane til givaren, sokneprest Alexander Borch, og årstallet 1698. Mugga er frå 1959. Foto: Johnny G. Vågen/Kyrkjebyggdatabasen.

Preikestolen er frå «Sandøe Capel», 1750. Rosemålinga er utført av Jenny Husøy Wisth, 1912.



Bildet t. v. Tavle-Jakob si altertavla i Sandøy kyrkje. Nedre rekke viser Jesu korsfesting og oppstode, flankert av Moses med lovtavlene på venstre side og Peter med nøklane til himmelriket på høgre side. Øvre rekke viser dei fire evangelistane og den sigrande Kristus. Figurane på ytterflankane symboliserer von og tru. Innskrift på venstre venge: «Udhugget og malet af Jakob Sørensen Giskegaard 1818». På høgre venge stod opphavleg: «Og dette Herrens Tempel til Zirat og Prydelse, Den hellige Trefoldighed til Ære.» Ved restaureringa i 1879 blei teksten måla over og endra til: «Malet og forgyldt af Petter Moe 1879». Foto: Johnny G. Vågen/Kyrkjebyggdatabasen.



Dei fire søylene og taket over midtgangen er rikt dekorerte. I midten er det måla ein rosett med kompassretnin-
gar som kyrkjeskipet kan navigere etter. Galleriet blei utvida i 1879 og gallerifronten rosemåla i 1912.

dagar. For å skaffe presten husvære når han kom til Sandøya, blei det i 1829 bygd ei prestestove ved Nestebakken, der han kom i land frå Aukra. «Pre-
stestaua» var i bruk til langt inn på 1900-talet og blir i dag halden ved like av bygdelaget.

Seinare endringar

Opphavleg bestod kyrkja truleg av berre skip og kor, medan våpenhuset blei tilbygd seinare. Bortsett frå dette stod kyrkja så å seie urørt til den store vølinga i 1879, da ho fekk si noverande form. I 1879 blei det bygd til sakristi bak koret og sett opp ny takryttar, glasa blei gjort større og det blei bygd galleri også på «Quindesiden» (nordsida). Utvendig blei kyrkja måla kvit. Innvendig blei skipet måla kvitt, korveggane raude og sakristiet lyseblått. Trearbeidet blei utført av Ole Johansen Graadaas frå Nordfjord, Nils Holmevig og John Andersen Støversten. Målararbeidet blei utført av målarmeister Petter Nikolai Moe frå Molde. Den gamle preikestolen og kyrkjeskipet blei sette på loftet og kom ikkje på plass att før i 1907. Elias Pedersen Orten laga salmetavler med alt «behør». Over kordøra blei det måla eit auge med følgjande tekst over: *Tenk paa Døden, saa farer du aldrig ilde*. Dette kom bort da kyrkja blei måla på nytt i 1912, og blei – etter det som seiast – mykje sakna.

I 1860 sette soknefolket fram ønske om å endre soknestatus frå kapellsokn til annekssokn. På den måten ville Sandøy få ei meir sjølvstendig stilling i prestegjeldet – og fleire gudstenester. Dette blei godkjent i 1879, men førte også til ekstra plikter som kyrkjeieigarane ikkje hadde rekna med; no måtte dei også svare sin del av prosteløna. Nokre år seinare, i 1885, tok kyrkjeieigarane opp spørsmålet om å fri seg frå eigaransvaret og selje kyrkja til kommunen. Etter fleire rundar blei kyrkja med kyrkjegard og prestestove seld til Sandøy kommune for 2 000 kroner i 1899.

Til hundreårshøgtida i 1912 blei kyrkja måla innvendig med dei fargane ho har i dag. Veggane og benkevangane i skipet er lysegrøne, søylene lyseblå og veggane i koret raude. Taket er kvitt, avløyst av dekorasjonar over midtgangen og stjernehimmel med Guds-symbol i koret. På korbogen, galleribrystninga og benkedørene er det spegelfelt med rosemåling. Fargeplanen var laga av kunstnaren Lars Kinsarvik, Volda, som sjølv måla alttertavla på nytt. Rosemåling og dekorasjonar blei utførte av Jenny Husøy Wisth.

Eit mindre uthus frå 1950-åra blei i 1992 erstatta med dagens uthus med bårerom, toalett, opphaldsrom og brannstasjon. I 1989 tok soknerådet initiativ til ei ny vedlikehaldsutgreiing. Det



Orgelet er produsert av Vestres Orgel & Pianofabrikk, Haramsøya, 1962.

førte i 1994 til at panelet på vestveggen blei skifta. I 2008 bli det teke eit nytt initiativ med tanke på 200-årsjubileet i 2012. I samband med dette er alle vindaug restaurerte eller skifta ut med kopiar, hovuddøra skifta og kyrkja sikra med moderne brann- og lynvernanlegg. Det gamle spiret, med vindfløy forma som ei brugde, blei også funne att, restaurert og sett tilbake på tårnet som sjølv krona på verket (Sandøy, I., Sandøy, I. og Coates, 2012).

Sidan slutten av 1980-talet har Sandøykyrkja i aukande grad blitt ein populær møtestad for heile øyriket, med olsokstemne, konsertar og i seinare år kystkulturarrangementet «Den blå timen».

Kunst og inventar

Altertavle: Prydtavle med utskorne figurar og bilde, utført av Jakob Sørensen Giskegård, «Tavle-Jakob», 1818. Nedre rekke viser bilde av Jesu krossfesting og oppstode flankert av Moses med lovtavlene, Peter med nøklane til himmelriket og to figurar som symboliserer von og tru. Øvre rekke viser dei fire evangelistane og den sigrande Kristus. På toppen tronar den norske riksløva mellom to basunenglar.

Preikestol: Preikestol i tre frå «Sandøe Capel», 1750.

Døypefont: Døypefont i tre frå «Sandøe Capel»,



Prekestaua» blei bygd i 1829. Ofte var presten ute på øyane fleire dagar i trekk, og trong da eit eige husvære. Stova blei bygd på Nestebakken der presten kom i land frå Aukra. Huset var i bruk til langt inn på 1900-talet og blir i dag halde ved like av bygdelaget. Liknande prestestover finn vi ved Otrøy kyrkje og Vågøy kyrkje.

1750. Dåpsfat i tinn med initialane til givaren, sokneprest Alexander Borch, og årstalet 1698. Mugge 1959.

Kyrkjesølv: Disk og kalk i sølv med inskrift: «Sandøe Capel 1740».

Alterduk: Alterduk i svartsaum sydd av søstrene Rakel Sandøy og Emelie Forseth til 150-årsjubileet i 1962.

Messehaklar: Gamal messehakel utstilt i koret. Ny messehakel laga av Emmy Harnes, Harøya, 1997, med fargar og symbol frå interiøret i kyrkja.

Anna inventar: Gamal offerhov. Fattigblokk i tre, 1795. Leseput i tre laga av Karl Nerbø, Aukra, 1986.

Orgel: Det første instrumentet i kyrkja var eit harmonium innkjøpt i 1936. Noverande orgel er eit pipeorgel med 7 stemmer, 2 manualar og pedal frå Vestres Orgel & Pianofabrikk, Haramsøya, 1962.

Kyrkjeklokke: Klokke med inskripsjon: «STØBT AF CHRISTIAN CHRISTENSEN & SØN FUGL-SETNÆSSET VED MOLDE 1882».

Minnesmerke: 1. Over Sandøy sin første ordførar, Paul Knutsen Gåsøy (1819–1871). Reist 1992. 2. Over 6 som let livet under berging av briggen «Sigrig» av Arendal 23.11.1888. Reist 1938 av slekt og vener med støtte frå Norges Rederiforbund. 3. Over 78 omkomne på sjøen i perioden 1839–1971. Reist av bygdefolket og avduka 11. juni 1973 av pensjonert biskop Monrad Norderval.

Kyrkjeferda frå Finnøya som enda med forlis

Kristi himmelfartsdag, 3. mai 1894, hadde ungdommar frå Finnøya, Sæterøya og Gåsøya avtalt å fare til Otrøy kyrkje. Dei la ut i to båtar, og ferda sørover gjekk fint med solskin og stille. Etter gudstenesta var ungdomane frå Finnøya snare til å ta på heimferd. Men da hadde vêret skifta, ei sommarflo var på veg og vinden auka. Utanfor Bjørnøya måtte dei reve seglet, og utanfor Magerøysundet fekk dei inn ein sjø som fylte båten. Den neste båra skuva flokken attover så båten gjekk rundt. Folk på land såg at seks menneske kom seg opp på kvelven, men flokken minka etter kvart. Til slutt var rormannen Tomas Tennø aleine att, og han klarte å få båten på rett kjøl. Han auste med sjøhetta si, men båten blei fyllt på nytt. Redninga blei ei tilje i botnen av båten som han brukte til ausekar. Men både roret og årene var borte. Ved å trø att og fram i båten nådde han til slutt Orta, der folk fann han.

Den andre kyrkjebåten hadde søkt hamn på Magerøya, og ungdomane frå Gåsøya og Sæterøya rodde heim i kveldsstill. Men da folket på Finnøya såg Gåsøybåten og ikkje deira eigen båt, blei dei ottefulle. I det lengste vona dei at ungdomane hadde teke inn hos vener og slektningar på Otrøya. Men om natta blei det sendt ein båt frå Orta utover til Gåsøya, og så snart det lysna av dag, drog Knut Gåsøy til Finnøya med sørgebodet. Seinare kom Orta-karane med Tomas. I alt omkom 13 unge menneske frå Finnøya av ein samla folkesetnad på kring 35 personar delt på fire familiar. Den eldste, og den einaste som var gift, var Daniel Finnøy, 42 år. Enka sat att med fire barn på ein liten gardpart, og det femte barnet blei født berre tre veker seinare (Øverland, 1962).

I Sandøykyrkja heng ei minnetavle over dei 13 ungdommane, måla av Nils Husøy på ein seglrest frå båten.



Segna om ny tuft til Sandøykyrkja

Da nykyrkja skulle reisast på Sandøya som soknekyrkje for alle øyane, var det naturleg å finne ei ny tuft som låg meir lageleg til for dei som kom sjøvegen frå Harøya og øyane omkring. Etter tradisjonen var to stader på tale: Den noverande kyrkjestaden og ei tuft mellom Linningsvollen og Toregarden. Byggetilfanget var lagt dit opp. Men ein morgon var noko av tømmeret flytta dit kyrkja no står. Flyttefolka visste nok kva dei gjorde, for på den tida tok folk flyttinga som eit teikn, og kyrkja blei bygd der ho no står (Øverland B., 1962).



Ona er det ytste fiskeværret på Romsdalskysten. Ona hadde si stordomstid på 1300-talet og utover da det var gode prisar på tørrfisk. På 1500-talet budde det like mange på Ona og Husøya som på Sandøya og Harøya til saman. Frå middelalderen stod det eit kapell ein stad inne i fiskeværret. I 1708 blei det flytta til Sandøya. Foto: Johnny Bratseth/Romsdalsmuseet.

Kapellet på Ona

Fiskeværret Ona hadde si stordomstid frå 1300-talet og utover, da det var gode prisar på tørrfisk. På 1500-talet hadde Ona, Røssholmen og Husøya like stor busetnaden som Sandøya og Harøya til saman, og jamvel lensmannen budde der i første halvdel av 1600-talet.

Den eldste omtalen av «Onen kircke» finn vi i Trondhjems reformats av 1589. Da var det 20 husstandar på Ona, Røssholmen og Husøya. I 1625 heiter det at «Onen Capell» stod til nedfalls og ikkje hadde nokon landskyld. Tienda gjekk til Aukra kyrkje og kapellet hadde såleis ingen faste inntekter. Vi veit ikkje meir om storleiken eller forma på kapellet, men må rekne med at det var ei lita stavbygning frå middelalderen. Ho skal ha stått inne i fiskeværret, men den nøyaktige plasseringa er ukjent.

Frå midten av 1600-talet gjekk folketalet på Ona kraftig tilbake. Tidlegare blei dette forklart med at ei kraftig stormflod feide over øya og tok med seg dei fleste husa og mange menneske våren 1670 (Opstad, 1983). Men nyare undersøkingar av samtidige skattelister og andre kjelder viser at Ona blei avfolka av heilt andre grunnar. Amtmann Christian U. Tønder skriv i 1743:

Fordom var Ounen længre tid ud i havet mot syd-vest liggende, meere fiskeriig, der boede for 100 aar

siden 60 fiskere, og hafde da et capell staaende paa klippen hos sig, som blev flyttet derfra da væhrret tiid efter tiid blev øde formedelst sygdom, og mange i paakommende skadevejr drucknede paa havet. Af gamle bøger sees, at paa een dag foruløckedes 11ve baader. Udj dette væhr er paa nogle aar lidet fisk falden...

Sjukdom, ulukker og ei dramatisk svikt i fisket førte til at folketalet var halvert allereie i 1660. På kort tid blei livsgrunnlaget borte både for fiskarane og dei som sat att utan forsørgar, og i 1711 skriv amtmann Hans Nobel at «Ohens fishevær» er «mest øde og forladt» (Strand, 2011).

Allereie i 1625 var kapellet på Sandøya så forfalle at det ikkje lenger blei halde gudstenester der. Kapellet på Ona må ha vore i betre stand, for i 1708 blei det bestemt at det skulle rivast og flyttast til Sandøya. Der gjorde det teneste i over hundre år.

Etter at kapellet blei flytta har folket på Ona sokna til kyrkja på Sandøya. Men frå 1880-åra til langt ut på 1960-talet hadde sandøypresten «fiskeværsteneste» på Ona, særleg under vårfisaket i februar-mars. Dei siste 50 år har denne ordninga blitt avløyst av gudstenester på grendahuset *Stormly* nokre gonger i året.

Harøy kyrkje

Kapellet på Huse (middelalder–1810)

Det første kapellet på Harøya er nemnt i Trondhjems reformats av 1589. Kapellet stod på Harbakken på Huse der det fram til 1860-åra stod eit klyngetun med nærare 40 bygningar. Kapellet var truleg ei lita stavbygning frå middelalderen, utan gravplass. Synfaringsrapportar frå slutten av 1700-talet fortel at kapellet berre hadde eitt glas, og at kapella både på Harøya og Sandøya var blitt for små, var røtne og heilt forfalne. Ved reskript av 7.4.1809 blei det bestemt å rive begge og i staden bygge ny, felles kyrkje på Sandøya. Harøy kapell blei rive og selt på auksjon i 1810. I 1934 sette ungdomslaget Idun opp ein minnestein på den gamle kapelltomta.

Etablering av gravplass på Korsbakken 1907

Etter vedtak i heradsstyret 27.12.1904 fekk Harøya sin eigen gravplass på Korsbakken, som blei vigsla og teken i bruk i 1907. Namnet tyder på at det i eldre tid kan ha stått eit kors der, slik vi finn fleire stader langs kysten. Allereie ved vigslinga blei det

Harøy kyrkje

Type: Langkyrkje i tre, truleg reisverk

Arkitekt: Fredrik Ziegler Kavli / Paul S. Michelsen, Oslo

Byggmeister: Ragnvald Rødseth, Spjelkavik

Vigsla: 1934

Tal sitteplassar: 300. Opphavleg 340.

Liturgisk målform: Nynorsk

sagt at det måtte bli ei sak for neste generasjon å bygge ei kyrkje der. På vårparten i 1913 blei det etablert ei kyrkjenemnd som straks gjekk i gang med å samle inn pengar og agitere for saka. Lærer Bjarte Rekdal var formann dei første åra, men da han flytta frå Harøya i 1915 overtok Ivar E. Rø-sok, som meir enn nokon annan blei drivkraft og koordinator i arbeidet i over 17 år. Dessverre fekk han aldri sjå verket fullført; han døydde hausten 1932 om lag da ein var klar til å starte byggearbeidet.

Myklebustområdet heilt sør på øya hørde den gongen til Fjørtoft sokn i Haram kommune i Bjørgvin bispedøme. Dei sparsame kjeldene tyder



Harøy er den einaste kyrkja i Romsdal frå mellomkrigstida. Stilen er ikkje lenger nygotisk slik som for 1800-talskyrkjene, men er inspirert av seinklassisismen som hadde si blomstringstid i perioden 1920–35. Eit særtrekk ved Harøykyrkja er at ho er orientert med hovudinngangen mot aust, mot kyrkjegarden og i livd for den framherskande sørvestvinden.



Det første kapellet på Harøya stod på Huse, der det fram til midten av 1800-talet låg eit stort klyngetun. Kapellet er første gong nemnt i Trondhjems reformats av 1589, men var nok langt eldre, truleg ei lita stavbygning frå middelalderen. Kapellet blei rive og seld på auksjon i 1810 i samband med bygginga av den nye kyrkja på Sandøya. Ungdomslaget Idun reiste denne minnesteinen på den gamle kapelltomta i 1934.

på at folket også der viste stor interesse for kyrkjesaka og var med og tok sin del av børa (Sefland, 1984).

Førebuingar til kyrkja på Korsbakken

På eit folkemøte i 1914 kom ein lauseleg fram til at det kunne vere høveleg å bygge ei steinkyrkje med om lag 250 sitteplassar, og nemnda skreiv til departementet med førespurnad om teikningar til ei slik kyrkje. Men initiativet førte ikkje til noko, og etter krigsutbrotet i 1914 var det lite framdrift i arbeidet.

Eit par år seinare tok kyrkjenemnda kontakt med arkitekt Fredrik Z. Kavli, som gjennom giftermål hadde slektsband til Harøya. I 1917 la han fram eit utkast som blei vurdert, men frårådd av professorane Kielland og Nordhagen ved NTH i Trondheim. Seinare laga Kavli eit nytt utkast, men det fall ikkje i smak hos folket. I 1921 laga han eit tredje utkast. Seinare det året tok nemnda kontakt med byggmeister Ole Havnæs i Ålesund, som var



Austfasaden har fleire seinklassisistiske trekk med si stramme lineføring, sine høge, rektangulære vindauge med småruter, den vesle svaien i takavslutninga og den klassiske «tempelgavlen» med halvsøyler (pilastrar) på sidene og bogefelt (tympanon) på toppen.

ein røynd kyrkjebygger. Han teikna også eit utkast til steinkyrkje, og alle fire forslaga blei lagde fram og drøfta på fleire folkemøte. Hausten 1921 blei det vedteke å legge Havnæs sitt utkast til grunn, men saka blei stoppa av Kyrkjedepartementet som meinte kyrkja ville bli for dyr. Departementet rådde i staden til å satse på ei trekyrkje, og meinte Kavli sitt tredje utkast, med visse endringar, kunne bli akseptabelt.

Etter ei tid tok Kavli på seg å utarbeide nok eit utkast, denne gongen til ei trekyrkje. Dette var han i gang med da han døyddde i 1930. Nemnda fekk arkitekt Paul S. Michelsen i Oslo til å fullføre arbeidet.

Det var eit mål for kyrkjenemnda å finansiere bygget utan å ta opp lån; ein ville ikkje tyngje komande generasjonar med gjeldsplikter. Og dei nådde målet! På eit tidleg tidspunkt hadde både kommunen og Opplysningsvesenets fond gjeve tilsegn om løyvingar til bygginga, men ettersom tidene blei dårlegare utover i 1920-åra, smuldra



Også interiøret er prega av seinklassisismen, med rette, markerte liner, plane flater og enkel kassettdekor på veggane. Kyrkjerommet er ope, utan søyler, og med fritt innsyn til det rektangulære koret. Heile rommet, med interiør og inventar, er utforma på ein einskapleg måte.

løfta bort. Det einaste tilskotet ein til slutt fekk var 5 000 kroner frå Det Norske Pengelotteri sitt overskot til kulturelle formål i 1932. Dessutan fekk ein bruke 2 000 kroner frå oppsparte midlar i kyrkje-kassa. Resten av pengane var gaver frå lokale foreiningar og privatpersonar og innsamla midlar frå basarar og festar. Det er rekna ut at det kvart år i dei 20 åra nemnda eksisterte blei samla inn pengar tilsvarende verdien av eit bustadhus – og det i naudstider. Samla kostnader med bygg, inventar og uteområde blei kr. 65 582,56. Heradsstyret tok pliktmessig på seg å dekke vedlikehald og branntrygging av kyrkja.

Byggeprosessen

Teikningane med material- og byggeforklaring var ferdige frå arkitekten i august 1932 og søknad om byggeløyve blei sendt til Kyrkje- og undervisningsdepartementet i september. Det generelle prisnivået var lågt og kyrkjenemnda såg det som gunstig å kome fort i gang med bygginga. Allereie 12. oktober starta murmeister Peder Mork med grunn- og murarbeidet. Folket på øya gjorde ein solid dugnadsinnsats med transport av materialar og anna arbeid.

Hovudentreprise på bygget blei lyst ut i

desember 1932, og byggmeister Ragnvald Rødseth i Spjelkavik fekk tilslaget med eit tilbod på kr 25 400. 7. februar 1933 fekk kyrkjenemnda telegram frå departementet om at planane ville bli godkjende og at arbeidet kunne settast i gang, og 12. februar blei byggekontrakten underteikna. Det formelle byggeløyvet blei gjeve ved kgl.res. 24.2.1933. Her står det at: *Den nye kirke – som blir å benevne Harøy kapell – tillegges 10 av Sandøy sogns 20 gudstjenester....* Sjølv om bygget formelt blei eit kapell under soknekyrkja på Sandøya, skulle det altså ha like mange gudstjenester, og blei rekna som like viktig. Lokalt er nemninga *Harøy kyrkje* innarbeidd, og etter dagens lovgiving er det heller ikkje skilnad på kyrkje og kapell.

Arbeidet med grunnmuren og kjellaren blei fullført i løpet av våren 1933, og 27. mai var det høgtideleg grunnsteinsnedlegging. Nils Øiehaug, som sjølv sat i kyrkjenemnda, blei engasjert saman med sonen Olav til å lage ymse inventar i tre, som alterbord, alterring, døypefont, preikestol, benkar og stolar til koret. Målararbeidet blei utført av Anton Emblem. Harøy var også eit av dei første kyrkjebygga som fekk innlagt straum heilt frå starten.

Byggearbeidet tok om lag eit år, og 9. juni



Alteret med alterring og altertavle er fargeresterkt og vakkert utforma i ein «moderne» stil frå mellomkrigstida. Dagfinn Werenskiolds berømte altertavle understrekar tidsbildet.



Preikestolen og døypefonten er laga av Nils og Olav Øiehaug, 1934.

1934 kunne kyrkja – eller kapellet – vigslast av nidarosbiskop Johan Støren. Øya hadde igjen fått sitt eige kyrkjebygg!

Harøy kyrkje er ei langkyrkje i tre i nyklassisistisk stil. Kyrkja er orientert med inngangen vendt mot aust, mot kyrkjegarden, i livd for den framherskande sør-vest-vinden. Tårnet er avslutta med ei pyramideforma tårnhette. Hovudinngangen i tårnfoten er forma som ein enkel tempelgavl. Innvendig er det glatte, plane veggflater over eit høgt brystningspanel og høge, rektangulære, småruta vindauge. Taket over skipet har tønnekvell. I underetasjen er det møterom, kjøkken og toalett.

Lokale privatpersonar, foreiningar og bedrifter har heilt frå starten vore flittige bidragsytarar til inventar og utstyr i kyrkja. Harøy husmorlag har gjort ein særleg stor innsats med å lage kyrkjetekstilar: Alterduk, antependium, messehaklar, gardiner og trekk til korstolane.

Seinare endringar

Til 50-årsjubileet i 1984 blei kyrkja sett i stand. Alle ytterdører blei skifta ut med teakdører, golv og trapper blei slipa og måla, vassbord blei skifta og kyrkja blei måla utvendig og innvendig. Hovudfargane i interiøret er kvitt på vegg- og takfla-

ter med grå rammelister, raudbrunt og grønt på benkar, gallerifront og brystning, og med islett av oker på preikestol og døypefont. Takkvelvingen over koret er blå. Fargekonsulent var bygningsantikvar Christ Allan Sylthe hos Fylkeskonservatoren, og målararbeidet blei utført av firma Karsten Eikebø. Kyrkja er listeført som verneverdig av Riksantikvaren.

Kunst og inventar

Altertavle: Alterbilde måla av Dagfin Wereniskiold, 1934. Motiv: «Kristus gående på Genesaretsjøen for å stille stormen og frelse disiplene som er i havsnød» (Joh. 6, 16–20).

Preikestol: I tre av Nils og Olav Øiehaug, 1934.

Døypefont: I tre av Nils og Olav Øiehaug, 1934.

Alterduk: 1. Hekla duk med kors og kalk, laga av Ragna Halås og Petra Marøy, 1934. 2. Hardangersaumsduk laga av Borgny Huse, Ragna Halås og Idun Sæbjørnsen, 1962.

Messehaklar av Lina Sandø og Idun Sæbjørnsen, 1934.

Annan kunst: Krusifiks i tre over koropninga utført av treskjerar Arne Kinsarvik, Volda, etter teikning av arkitekt Paul S. Michelsen, 1934. To glasmåleri i koret, 1966.



Orgel: Det første orgelet blei vigsla saman med kyrkja i 1934 og var eit 14-stemmers pipeorgel med pneumatisk traktur og registratur, levert av Vestres Orgel & Pianofabrikk, Haramsøya. Orgelet blei seld til akustisk laboratorium på NTH i Trondheim i 1977. Etter eit «mellomspel» med eit 4 stemmers orgelpositiv frå Vestre, fekk kyrkja i 1979 eit 20 stemmers pipeorgel med 2 manualar og pedal, også dette frå Vestres Orgel & Pianofabrikk.

Kyrkjeklokker: Klokkja i tårnet er laga ved Olsen Nauens kløkkestøyper i 1933 og har innskrifta: «LAND! LAND! LAND! HØYR HERRENS ORD.» og «GJEVE AV INGA HUSE I TAKKSEMD TIL HARØYFOLKET.» Nede i kyrkja heng klokkja frå det gamle kapellet på Harbakken som blei rive i 1810. Innskrift: «DENNE KLOKKE BEKOSTET AF HARØS MENIGHED TIL DENNE KIERKE 1791. STØBT AF CHRISTOPHER

Altartavla i Harøy kyrkje

Altartavla i Harøy kyrkje er måla av Dagfin Werenskiold i 1934 og viser Jesus som kjem gåande på Genesaretsjøen medan sjøen går høg, og som seier til læresveinane: «Det er eg. Ver ikkje redde!» Tavla var banebrytande i si tid; det var første gong eit bibelsk motiv blei overført til eit norsk landskap og til vår eiga tid med omsyn til klesdrakt og miljø.

Soknerådet ville først ha ei meir tradisjonell tavle, og det var mykje strid før ein blei samd med kunstnaren om detaljane i bildet. Fleire kyrkjelege autoritetar måtte gå god for motivet før dei kritiske røystene stilna.

Werenskiold kom til Harøya vinteren 1933/34 for å orientere seg om natur og miljø. Mellom anna drog han til Ona for å studere havbårene. På Steinshamna fekk han låne ein av livbåtane til kvalbåtane og fekk lokale menn til å til å ro ut og vere modellar. Dette skjedde i fleire omgangar med til saman 29 personar. Da måleriet endeleg var ferdig og skulle avdukast, var det stor spenning knytt til kven som hadde kome med på bildet. Og på folkemunne blei dei alle identifiserte.

Bildet viser berre fremste del av båten. Resten av båten går bakover i kyrkja og tar med seg kyrkjelyden som sit i benkeradene.



Kyrkjeskipet «Embla» er ein modell av ein 75 fot stor jakt frå Nordmøre, laga av Nils Huse, Harøya. Skipet kom på plass i samband med kyrkja sitt 60-årsjubileum i 1994.



Krusifikset over koropninga er utført av treskjerar Arne Kinsarvik, Volda, etter teikning av arkitekt Paul S. Michelsen.



Glasmåleriet på sørveggen i koret har følgjande innskrift: «Gjeve av bønder som dreiv Harøens meieri i tida 1896–1914».



Glasmåleriet på nordveggen i koret har følgjande innskrift: «Gåve frå Marie Andresen f. Heyerdahls legat. Oslo 1966. G. A. Larsen verksted. Torvald Moseid. Oslo.»

L. LEBRECHT I BERGEN 1791». Klokkar hadde i lang tid vore matklokke på Indre Årø gard ved Molde før ho blei kjøpt attende og gjeve til den nye kyrkja i 1934.

Minnesmerke: Ved kyrkja er det reist 4 minnesteinar: 1. Over 4 frå Harøya som let livet i krigen 1940–45. Reist 1946 etter initiativ frå Harøy

idrettslag. 2. Over 7 kameratar frå Harøya som tilhørte *Englandsfararane* 1940–45. Reist 2007 av Sandøy kommune. 3. Over 4 som omkom med M/S «Øyfinn» 29.10.1974. 4. «Den ukjende soldats grav», truleg ein russisk soldat, død 1942. Minnestein reist 8. mai 2019 etter initiativ frå Solfrid Husøy.



Dei kvite veggane og det kvelva taket gir eit lyst og ope interiør.



Brudestolane er laga av Nils og Olav Øiehaug, 1934. Stoffet er vove av medlemmar i husmorlaget på Røsok.



Klokka frå det gamle kapellet på Harbakken som blei rive i 1810 er hengt opp bak i kyrkja. Klokka blei støypt i Bergen i 1791. Ho hadde i lang tid vore matklokke på Indre Årø gard i Bolsøy før ho blei kjøpt attende og gjeve til den nye kyrkja i 1934.



Orgelet er frå 1979 og er produsert av Vestres Orgel & Pianofabrikk, Haramsøya.



Harøy kyrkje var moderne for si tid og blei planlagt med både møterom, kjøkken og toalett i underetasjen. Her ser vi møterommet med eit bildeteippe av nattverden på bakveggen.



Ein novemberdag i 1942 dreiv det i land ein død soldat i Breivika på Harøya. Liknande funn blei gjort fleire stader langs kysten hausten 1942. Dette kan ha vore russiske krigsfangar frå skipet «Palatia» som blei senka utanfor Lindesnes 21. oktober 1942. Det er uråd å fastslå dette sikkert, men soldaten blei gravlagt på Harøy kyrkjegard 11. desember 1942 og jordfesta 18. juli 1943. Minnesteinen over «den ukjente soldats grav» er gitt av Kulturdepartementet og blei reist til frigjeringsdagen 8. mai 2019.

Gravplassane i Sandøy

Frå først av var det ikkje gravplass på nokon av øyane, slik at alle gravferder gjekk til kyrkjegarden på Aukra. Da kyrkjegarden på Sandøya stod ferdig i 1812, blei dette felles gravplass for heile kommunen i nærare hundre år. Plassen blei utvida i 1882, 1904 og 1966. Etter at moloen mellom Harøya og Finnøya blei bygd i 1982, har folket på Finnøya for det meste brukt gravstaden på Harøya. Gravstaden på Sandøya blir no stort sett brukt av folket på Sandøya og Orta.

I samband med ei kyrkjegardsutviding på Sandøya i 1904, kom det krav om eigen hjelpekyrkjegard på Harøya. Saka blei vedteken i heradsstyret same år, og gravplassen stod ferdig på Korsbakken i 1907. Det første utvidinga skjedde i 1934 i samband med bygginga av Harøy kyrkje same stad. Den andre utvidinga skjedde i 1977, da kyrkjegardsarealet nærast blei dobla. Siste del av denne utvidinga er opparbeidd i seinare år.

Ona gravplass kom i stand etter søknad i 1919 og stor dugnadsinnsats frå folket på Ona og Husøya. Gravplassen stod ferdig og blei teken i bruk i 1922. Det karakteristiske steingjerdet og klokketårnet blei oppsett i 1955. Klokka er frå Harøy kyrkjegard. Gravplassen ligg ope ut mot havet ved Purkeneshaugen heilt sør på Husøya.

Grenda Myklebust, som fram til 1965 høyrde til Fjørtoft sokn i Haram kommune, fekk sin eigen gravplass med gravkapell i 1953. Tidlegare hadde ein nytta gravplassen på Fjørtofta. Plassen er framleis i bruk for folket som soknar til bygda.



Myklebust fekk sin eigen gravplass i 1953. Plassen blir framleis brukt av folk som soknar til bygda.



Gravplassen på Husøya blei teken i bruk i 1922. Det karakteristiske steingjerdet og klokketårnet blei sett opp i 1955. Klokka var tidlegare i bruk på Harøy kyrkjegard. Foto: Johnny Bratseth/Romsdalsmuseet.



Rauma kommune

Ingen av dei tidlegare kommunane i Møre og Romsdal har hatt så mange kyrkjer som Rauma. Men i kommunesenteret Åndalsnes står kyrkjetomta framleis tom. Med ei kyrkje her ville ringen vore slutta, for eldre kjelder antydgar at den første kyrkja i gamle Grytten prestegjeld låg på Nes. Men ein gong før svartedauden i 1349, og etter at Eid, Voll og Hen hadde fått sine kyrkjer, blei kyrkja på Nes flytta til den gamle prestegarden på *Grytinar*, mellom elvane Rauma og Istra. Såleis blei Grytten den sentrale kyrkjestaden for indre Romsdal frå middelalderen og fram til 1829, da den nye kyrkja stod ferdig på Setnes.

Grytten var eit av dei tre opphavlege prestegjelda i Romsdal. I Trondhjems reformats av 1589 heiter det at «Der wdi ere 5 kircker som aff en prest betienes skulle». Forutan Grytten hovudkyrkje var det annektskyrkjene Voll, Eid, Isfjorden (Hen) og Kors med tilhøyrande sokn. Alle dei fem kyrkjene var stavkyrkjer frå middelalderen. Reformatsen slo fast at det i Gryttens hovudkyrkje skulle vere gudsteneste to helgedagar etter kvarandre, den tredje i Voll og den fjerde i Eid kyrkje. I kyrkja i Isfjorden skulle det vere gudsteneste fire gonger i året og i Kors kyrkje tre gonger.

Prestegjeldet dekte heile Romsdal tinglag og dessutan Eid sokn i Rødven tinglag og Voll sokn (Måndalen og Innfjorden) i Voll tinglag. Resten av Rødven tinglag (Rødven sokn og Sørstranda) og Voll tinglag (Vågstranda og Sekken) høyrde til Veøy prestegjeld.

Ved kgl.res. 10.9.1862 blei det bestemt at sokna Voll og Eid, med tillegg av gardane Torvik, Monsås og Hagen på Torvikeidet, skulle skiljast frå Grytten og vere eige prestegjeld, med Eid som hovudsokn. Vollsokningane protesterte på at Voll, som var det største soknet, skulle vere anneks under Eid, men måtte innsjå nederlaget da departementet kjøpte prestegard i Eid i 1871.

Det samla folketalet før prestegjeldsdelinga i 1862 var oppgjeve til 4115, fordelt slik på sokna: Grytten 998, Kors 745, Hen 993, Voll 924 og Eid 455. Ved delinga blei 139 personar frå Torvika, Monsås og Hagen flytta frå Grytten til Eid, slik at folketalet i Eid prestegjeld blei 1518 og i Grytten 2597.

I 1901 blei Kors kyrkje teken ned og flytta frå Flatmark til ny kyrkjestad på Ytre Monge. Samtidig fekk Øverdalen eige kapell. Begge blei vigsla i 1902. Innfjorden bedehus blei ombygd til kapell

Etter at Raumabanen blei opna i 1924, har Åndalsnes vakse til ein heil liten by med om lag 2 500 innbyggjarar i tettstaden. Åndalsnes er kommunesenter i Rauma og det største senteret i Indre Romsdal. Kommunen har satsa på turisme og friluftsliv med slagordet: *Verdens beste kommune for naturglade mennesker*. Bildet viser Åndalsnes og Romsdalsfjorden sett frå Nesaksla. Foto: Eline Karlsdatter Fladseth/Visit Northwest.



og vigsla til bedehuskapell under Voll sokn i 1906. Vågstranda, Rødven og Sørstranda (sør for Langfjorden frå Åfarnes til Mittet) høyrde frå gammalt av til Veøy prestegjeld og kommune. Vågstranda og Sørstranda sokna til kyrkja på Veøya, medan Rødven (med Holmemstranda) sokna til stavkyrkja i Rødvendalen og utgjorde eit eige annekssokn. Frå midten av 1800-talet blei det stadig tydelegare at kyrkjestellet i Veøy var modent for ei nyordning.

Vågstranda blei eige sokn ved kgl.res. 31.10.1868 og skilde lag med hovudsoknet 1.1.1869. Den nye kyrkja blei vigsla i 1870.

Ved kgl.res 22.11.1881 fekk folket på Holmemstranda løyve til å opprette gravplass på Sandnes.

Etter mange og lange stridigheiter mellom bygdene blei det ved kgl.res. 14.5.1901 bestemt at Sørstranda og Rødven skulle slåast saman til eitt sokn med soknekyrkje på Holm, og med Rødven som annekssokn med nytt kapell i Rødvendalen. Trass i fleire forsøk på omkamp frå ulike delar av soknet, blei soknedelinga gjort gjeldande frå 1. januar 1906. Holm kyrkje og Rødven kapell blei bygde i samsvar med vedtaket, og vigsla i 1907. Stavkyrkja i Rødven blei overteken av Fortidsminneforeningen i 1908. Samtidig blei det bygd ny kyrkje for Nordstranda (Nesjestranda) på Sølunes, vigsla i 1907, og kapell på Sekken, vigsla i 1908. Kyrkja på Veøya gjekk dermed ut av bruk og har sidan vore vareteken som freda fortidsminne (Langnes, 2007).

Når ein liten kommune som Veøy kunne bygge fire kyrkjer nesten samtidig, hadde det samanheng med at Veøykyrkja var ei av dei rikaste i landet. Kyrkjegodset omfatta ei rekke gardar – heile 88 i 1648. Etter at kyrkja blei seld i 1723 og kjøpt attende i 1781, var det dei 118 bøndene i Veøy sokn som eigde kyrkja og rådde over verdiane, både inntekter og utgifter. Etter at gardane blei selde kring 1870 hadde eigarane nok kapital til å bygge dei nye kyrkjene. Dei 39 kyrkjepartane til bøndene på Vågstranda var nok til å finansiere Vågstranda kyrkje i 1870, medan dei 35 partane til bøndene på Mittet og Holm finansierte Holm kyrkje i 1907 og dei 44 partane til bøndene på Nesjestranda og Sekken finansierte kyrkjene på Sølunes i 1907 og Sekken i 1908.

Skipinga av nye Rauma kommune og avviklinga av Veøy kommune i 1964 førte også med seg endringar i prestegjeldsstrukturen i indre Romsdal. Ved kgl.res. 23.2.1968 blei både Eid og Veøy



Eit av «varemerka» for Rauma er Trollstigvegen som blei opna av kong Haakon i 1936. Den knyter Åndalsnes og Romsdalen saman med Valldal og Storfjorden på Sunnmøre. Foto: MIM.

prestegjeld lagde ned og sokna Holm (med Rødven), Vågstranda, Eid og Voll overførte til Grytten prestegjeld. Nyordninga blei sett i verk 1. februar 1970.

Ved innføringa av ny kyrkjelov i 1997 blei Øverdalen kapelldistrikt eige sokn. I 2006 blei sokna Eid og Holm slegne saman til *Eid og Holm sokn*. Grytten prestegjeld blei fasa ut i samband med prostereforma i 2004 og erstatta av tre geistlege tenestedistrikt: Sokna *Hen* og det nye *Eid og Holm* på nordsida av Romsdalsfjorden, *Voll og Vågstranda* på sørsida av fjorden og *Grytten, Kors og Øverdalen* i Romsdalen.

1.1.2021 blei Vågstranda sokn overført frå Rauma til Vestnes kommune.

Rauma kommune høyrer til Indre Romsdal prosti, med Grytten som prostesete. Prostiet dekker kommunane Rauma og Vestnes, medan tidlegare Nesset blei overført til Molde kommune og domprosti 1.1.2020.



Grytten kyrkje på Setnes ved Veblungsnes er den einaste åttekantkyrkja i Romsdal utan kortilbygg, det vil seie at skip og kor utgjer ein samla bygningskropp.

Grytten kyrkje

Den første kyrkja: Stavkyrkja på Nes, flytta til Grytten (middelalder–1728)

Kyrkja på Grytten er første gong nemnt i eit dokument frå 1364, og seinare i Aslak Bolts jordebok frå 1432. Erkebiskop Aslak Bolt skal visstnok sjølv ha vore på visitas i Grytten og budd på den gamle prestegarden. I Trondhjems reformats av 1589 har kyrkja status som hovudkyrkje i Grytten prestegjeld.

Denne første kyrkja var ei stavkyrkje. I ei innberetning frå 1642 går det fram at ho hadde stort behov for reparasjon, spesielt gjaldt dette skorvene som støtta veggane. Kjeldene fortel at kyrkja «seig ned» i 1650, og ho blei da reparert og fornya i så stor grad at ho blei vigsla på nytt av biskop Erik Bredahl i 1651. Kyrkja fekk nytt våpenhus i 1663 og altertavle i 1670. Men kyrkja forfall på nytt, og i samband med det store kyrkjesalet skreiv sokneprest Anders Heiberg i 1724: *Kirken var da en gammel Stavekirke med Taarn uden Kors, saa forfalden og formedelst mange Aars manglende Reparation brøstfældig at den truede med Nedfald, og kunde ei sættes istand* (Rogne, 1927/1958).

I 1728 hadde både våpenhuset, sakristiet og delar av koret ramla ned. Soknepresten skriv at den 9. søndagen i treeiningstida 1728 ... *tog jeg afsked med den gamle kirke som da stod på fald. Den paafølgende dag blev ved almuens hjælp – ei uden fare – af den gamle kirke reddet dens ornament, altertavle, prædikestol, 2 klokker og nogle faa gamle vinduer, som blev udi præstegaarden indsat i forvaring, hvorpaa kirken den 9. nov. i stille veir nedfalt plat paa jorden.*

Den andre kyrkja: Korskyrkja i tømmer på Grytten (1732–1830)

Ei korskyrkje i tømmer blei reist på same tuft i 1732

Grytten kyrkje

Type: Åttekantkyrkje i tømmer

Arkitekt: Svend H. Aspaas (teikning frå Sør-Fron kyrkje)

Byggmeister: Syver Jespersen Kvam

Vigsla: 1829

Tal sitteplassar: 250. Opphavleg 400.

Liturgisk målform: Bokmål



Stavkyrkja frå middelalderen og den seinare korskyrkja låg ved den gamle prestegarden på Grytten. Korskyrkja var utsett for sandflukt frå elvekanten heilt frå 1750-talet, og blei riven i 1830 etter at dagens kyrkje stod ferdig på Setnes ved Veblungsnes i 1829. Delar av kyrkjemuren og kyrkjegardsmuren blei lokalisert ved utgravingar i 1983.

og innvigd i september same år. Kyrkja stod knapt 200 meter nord for hovudbygninga på prestegarden. Om utsjånaden elles veit vi ikkje stort meir enn at ho hadde små vindauge høgt oppe på veggen.

Heilt frå 1750-talet var kyrkja utsett for sandflukt, og denne plaga auka med åra. I 1773 var biskop Gunnerus på visitasreise i Grytten saman med Gerhard Schøning. Han skriv at Rauma elv grev seg inn i sandbakkane ved prestegarden slik at det øvste jordlaget glir ut, og at den lause sanden som ligg under blir teken av vinden og kasta opp over markene (Langseth, 2004).

Sandflukta blei forsøkt stansa med planting av sandhavre, men effekten var utilstrekkeleg, og frå hundreårsskiftet blei utviklinga dramatisk. I 1824 var sandbanken på austsida av kyrkja 5–6 meter høg og på nordsida var toppen av sandhaugen jamhøg med tårnfoten, altså 8–10 meter. Sjølve kyrkja var «meget beskadiget av sandet», og store delar av kyrkjegarden og prestegarden låg som ein sandørken.

Som ein kuriositet kan nemnast at det sidan 1930-talet har vore drive sandtak på staden, med uttak av den finaste puss-sand. I 1983 gjennomførte Erik Jondell frå Riksantikvaren utgravingar



Teikningane til Sør-Fron kyrkje blei lagt til grunn for nye Grytten kyrkje, men med fleire tilpassingar, og med tømmer i staden for mur som byggemateriale. Åttekantforma gir eit stort og funksjonelt kyrkjerom samtidig som det gir god utnytting av tømmeret. Kyrkja har samanhengande galleri rundt heile kyrkjerommet, og derfor vindauge i to etasjar. Foto: MIM.

der han lokaliserte delar av kyrkjemuren og kyrkjegardsmuren.

Den tredje kyrkja: Åttekantkyrkja i tømmer på Setnes ved Veblungsnes (1829–)

Ved kgl.res. 5.11.1827 blei det bestemt at kyrkja skulle flyttast, og ein part av garden Setnes, like nedanfor Istra sitt utløp i Rauma, blei kjøpt inn til formålet. Men fleirtalet av kyrkjeieigarane ville flytte kyrkja heilt ned til sjøen ved Veblungsnes. Etter å ha vore utskipingsstad for Lesjaverk sidan 1600-talet, hadde Veblungsnes vakse fram til å bli ein livleg strandplass med handelsmann, gjestgjevargard og militærleir. Den årlege Romsdalsmartnan var dessutan flytta frå Devold og dit i 1820. Ein grunneigar på Setnes gav fri grunn til kyrkje og kyrkjegard ved Veblungsnes, og denne nye plasseringa blei godkjent av departementet.

Ifølgje tradisjonen tok bøndene til å rive kyrkja og køyre tømmeret dei fire kilometrane ned til Veblungsnes våren 1828. Men kyrkjebøkene fortel ei anna historie. Der heiter det at alle tenester blei haldne «i kirken» heilt til den nye kyrkja på Setnes blei teken i bruk. Det har heller ikkje lukkast å finne sikre spor etter gjenbruk av tømmer frå



Kyrkjerommet er innreidd som ein «høyresal» etter tyske idear frå opplysningstida. Koret er plassert inne i åttekanten slik at det blir god kontakt mellom prest og forsamling. Tårnet kviler på dei fire store søylene midt i rommet.

korskyrkja. Mykje tyder derfor på at ho fekk stå i byggeperioden, truleg fram til 1829–30, og at alt tømmeret til Setneskyrkja blei kjøpt nytt. Kjelde- ne fortel da også at mykje nytt tømmer blei kjøpt inn (Austigard, 2015).

Teikninga til Sør-Fron kyrkje (1792) blei lagt til grunn for den nye kyrkja, men med fleire tilpassingar og med tømmer i staden for mur som byggemateriale. Den åttekanta forma var i samsvar med den rådande rasjonalistiske kyrkjestilen frå opplysningstida. Det pompøse preikestolalteret i klassisistisk stil vitnar om Ordet sin sentrale plass, jamvel overordna alteret og sakramenta, og med koret og skipet som ein samanhengande «høyresal». I perioden 1760–1850 blei det bygd mange kyrkjer med preikestolalter og galleri på bakveggen i koret, men den spesielle kombinasjonen av åttekantkyrkje med preikestolalter og galleri rundt heile kyrkjerommet, finn vi berre i kyrkjene Buvik, Klæbu, Ankenes og Hadsel, i tillegg til Sør-Fron og Grytten.

Sjølve byggeprosessen veit vi lite om. Det er jamvel uklårt kven som var byggmeister; historisk er det oppgjeve at han kom frå Nordfjord, men ei nyare kjelde meiner det var den lokale Syver Jespersen Kvam (Kjønnsletten) frå Lesja. Det skal dessutan ha vore med to snikkarar frå Sel som hadde vore med i innreiingsarbeidet i Sør-Fron

kyrkje. I alle høve stod kyrkja ferdig og blei innvigd 27. september 1829 av prost, riddar Friedrich Chr. Steenbuch i Molde.

Seinare endringar

Kyrkja står i dag fram nesten som ho gjorde i 1828. Det firkanta og skiferkledd sentraltårnet med løkkuppel er understøtta av fire kraftige søyler midt i kyrkjerommet, som elles er dominert av dei opphavlege, lukka kyrkjestolane. Ytterveggane, med vindaug i to etasjar, blei først måla raudde, men på slutten av 1800-talet blei fargen skifta til kvitt. Dei innvendige veggane og interiøret blei også måla, og slik stod kyrkja fram til den store fargerestauringa i 1950. Restaureringskonsulent Finn Krafft frå Riksantikvaren utarbeidde da eit detaljert fargeforslag som blei heftig diskutert, men til slutt einstemmig godkjent av soknerådet. Utvendig fekk kyrkja tilbake sin raudde farge, medan tømmerveggane innvendig blei avluta og interiøret elles blei måla i dei grå og blå fargane som i dag gir kyrkja eit lyst og vennleg preg. I 1965–67 blei det bygd nytt inngangsparti med garderobe, toalett, dåpssakristi og bærerom, som avløyste det gamle våpenhuset frå 1868.

Ei større restaureringa skjedde også i 1988–90 da heile skifertaket blei skifta og ytterveggane tetta. I 2019 blei det gjennomført ei større restau-



Det mest iaugefallande i interiøret er det store preikestolalteret. Både opplysningstida og pietismen på 1700-talet var opptekne av at *Ordet* skulle stå i sentrum, og preikestolen fekk derfor ein framstående plass – jamvel overordna alteret. Antependiet med årstalet 1733 er frå korskyrkja.

rering av fasadane. Da blei delar av bordkledninga og ein del av vindaugsrutene skifta. Arbeidet blei utført av firmaet Br. Honningdal etter Riksantikvaren sine retningslinjer for slikt arbeid.

Kunst og inventar

Preikestolalteret i klassisistisk stil, 1829, er ramma inn av krenelerte og marmorerte søylepar med høge kapitel og girlandrar. Det relativt beskjedne alterbildet viser Jesu innstifting av nattverden. Over alteret heng preikestolen, den har tre måla fyllingsfelt i front med smale, krenelerte søyler mellom. Midtfeltet viser Maria med Jesusbarnet. Målararbeidet er utført av målar Torp frå Molde, mest truleg Østen Torp som måla i Tresfjord kyrkje året før.

Alterutstyr: To messinglysestakar, 1660. Vinkanne av tinn frå før 1700. To stakar av sølvplett, ca. 1860. Alterkalk og disk av sølv, reparert 1747.

Preikestol: Ein preikestol frå 1908, som stod til restaureringa i 1957, er no på Ner-Hole museum. Kyrkja fekk ny, frittstående preikestol i 2003.

Døypfont: I tre frå 1829. Måla av Ole J. Klukstad («Ola Kvam»), 1849.

Alterdukar: 1. Hekla bomullsduk utført av Elisabeth Juel Johansen, 1912. 2. Linduk i uttrekksaum av Marit Digernes, 1965.

Antependium: Raudt alterklede frå 1733.

Anna inventar: På galleriet heng eit to meter høgt krusifiks frå dei tidlegare kyrkjene i Grytten, truleg frå 1200-talet. Messinglysekrone frå korskyrkja med innskrift: «Denne krone er forært til Grøte kirke af C.A.L. Falk, Trondhiem, 1776.» Tre måleri av tidlegare prestar: Anders Leem (kapellan frå 1670, prost 1707–1721), Anders Heiberg (sokneprest 1724-1743) og Hans Jakob Wille (sokneprest 1788-1793). Nytt lysanlegg i 2021.

Orgel: Pipeorgel frå Olsen & Jørgensen med 7 stemmer, 1 manual og pedal, 1913. Reparert 1974. Orgelet har høg verneverdi.

Kyrkjeklokker: To gamle kyrkjeklokker frå tidlegare kyrkjer. Den eine er omstøyp i Holland, 1751. Inskripsjon: «GROTTENS KIRKES KLOKKE ANNO 1751» Den andre er eldre. Klokke frå Olsen Nauen Klokkestøperi, Tønsberg, 1938 med inskripsjon: «LAND! LAND! LAND! HØR HERRENS ORD. JER 22,29.»

Minnesmerke: Ved Støttebakken på Setnes blei det i 1914 avduka ein bauta til minne om 100-årsjubileet for Grunnlova. Steinen blei flytta til kyrkja i 1972. Årstalet 2014 blei hogge inn ved 200-årsjubileet for Grunnlova. Steinen er henta frå Rødstøl i Øverdalen og er 4,5 meter høg. På kyrkjegarden står også ein bauta over Arne Torbjørn P. Setnes (f. 1918) som fall ved Innset i Kvikne 28. april 1940 for fedrelandet.



Alterbildet viser Jesu innstifting av nattverden og er utført av målar Østen Torp frå Molde.

Kyrkja sitt største klenodium er det to meter høge krusifikset frå slutten av 1200-talet som heng på galleriet. Det er eit framståande stykke middelalderkunst som først har stått i stavkyrkja og sidan i korskyrkja på Grytten. Foto: Johnny G. Vågen/Kyrkjebyggdatabasen.



Den nye preikestolen er frå 2003. Foto: Torild Granhaug/Kyrkjebyggdatabasen.




Jernbøssa til «Kirkelig Fattigpleie» heng ved hovuddøra bak i kyrkja.



Den eldste kyrkjeklokka blei omstøyp i Holland i 1751.



Grytten er ei av dei få kyrkjene i landet med galleri kring heile kyrkjerommet. Den eldste messinglysekrona er frå 1776 og hang i korskyrkja på Grytten. Den andre lysekrona er ei gåve frå etterkomarane til «Bjørgafolket» som utvandra til Amerika.



Orgelet er frå Olsen & Jørgensen, 1913, og har høg verneverdi. Det blei reparert i 1974.

Åndalsnes kyrkje (planlagt)

I nærare hundre år har tanken om ei kyrkje på Åndalsnes vore levande. Raumabanen, som blei opna i 1924, skapte optimisme for lokal vekst og utvikling, og i reguleringsplanen for Åndalsnes blei det sett av ei romsleg og sentralt plassert kyrkjetomt. I 1935 blei den første byggekomitéen vald, og i alle år seinare blei det halde tallause møte, basarar, lotteri og innsamlingar til saka. Ein «forberedende byggekomité for vordende kirke på Åndalsnes» blei vald av Grytten heradsstyre i mai 1944 etter at kommuneingeniøren hadde laga skisse over tomta. I 1950 gjorde heradsstyret vedtak om bygging, og i 1952–53 blei arkitekt Arnstein Arneberg engasjert for å utarbeide byggeprogram og skisser til den nye kyrkja (Brude, 2004).

I 1954 blei det halde eit stort møte der biskop Arne Fjellbu var til stades. Etter ein diskusjon ytra han at det burde byggast ei lita kyrkje med 2–300 sitteplassar, og at han ville gjere sitt for å skaffe naudsynte midlar. Fjellbu var tilbake i 1960 og uttalte på nytt at Åndalsnes trong ei kyrkje, og at han håpa på å kunne innvie ho sjølv.

Arbeidet gjekk vidare gjennom 1960- og 70-åra. I 1978 blei det valt eit arbeidsutval med representantar frå formannskapet og soknerådet, og i 1980 blei ein ny kyrkjekomiteé konstituert. I 1982 blei det fremma sak i Rauma formannskap om realisering av første byggetrinn, etter teikningar av arkitekt Harald Hille. Men saka blei utsett.

I 1998/99 blei *Stiftelsen Åndalsnes bygger kirke* danna, slik at soknet sjølv kunne kome i gang med bygginga, og under alle seinare visitasar har biskopane understreka det store behovet. I 2017 gjorde Grytten menighetsråd nytt vedtak om at dei ville bygge kyrkje på tomta, og arbeidet i Stiftelsen heldt fram. Da finansieringa framleis ikkje var klår, blei det i 2021 vedteke å sette opp eit kors og eit alter i cortenstål på kyrkjetomta inntil vidare.

Åndalsnes gravlund

Åndalsnes fekk sin eigen gravplass kring 1929. Gravplassen er framleis i bruk og blei sist utvida i 1995.

Minnesmerke: 1. Minnestein over ingeniør Odd Næss (f. 1917) som fall i krigen 3. juni 1944. Reist av idrettskameratar i Åndalsnes.

Minnesmerke: 2. To engelske krigsgraver.



Rauma kommune har mange kyrkjer, men kyrkjetomta i Åndalsnes sentrum står framleis tom. Sidan 1935 har det vore arbeidd med å reise ei kyrkje her, og gjennom åra har fleire prosjekt vore lansert. Men førebels har planane stranda på manglande finansiering.



Det har gjennom åra vore utarbeidd fleire planar for kyrkja.



Åndalsnes gravlund.



Togkapellet på Åndalsnes stasjon er det første i Norge og truleg det einaste i verda. Kapellet er innreidd i ei eldre jernbanevogn av type NSB B3, og er ei gåve frå tidlegare NSB. Foto: MIM.



Kapellrommet er innreia som ein togkupé. Når ein kjem inn er det som ein høyrer konduktøren ønske velkomen med eit mildt: Ta plass! Lukk dørene!
Foto: Rune Singelstad.



Alterbildet er eit glasmåleri av Ine Harrang. Hovudelementa er sirkelen som symbol på æva og blodsdropen som symbol på Jesu forsoningsblod. Til korset og alterbordet er det brukt gamle jernbaneskjener. Alteret er teikna av Sigurd Bredal.
Foto: Rune Singelstad.

Togkapellet på Åndalsnes

Togkapellet ligg på eit sidespor til jernbanestasjonen på Åndalsnes. Det er laga av ei eldre jernbanevogn som innvendig er ombygd til kapell og møterom. Togkapellet er det første i Norge og visstnok det einaste i verda. Det er ope heile året og blir brukt til mindre seremoniar som bryllaup. Kapellet har 25 sitteplassar, 55 med møterommet. Togkapellet blei vigsla 10. juni 2003 av biskop Odd Bondevik, med kong Harald og dronning Sonja som æresgjestar.

Prosjektet er utvikla i samarbeid med Møre bispedøme under tittelen Kyrkja på sporet; eit symbol på at livet er ei reise. Togkapellet er eitt av rundt 30 gate- og bryggekapell i Norge.

Alteret er teikna av Sigurd Bredal og er laga av togsviller og jernbaneskjener. Alterbildet er eit glasmåleri laga av glaskunstnaren Ine Harrang med sirkelen («æva») og Jesu forsoningsblod som hovudelement. Lysestaken er laga av eit toghjul som veg fleire hundre kilo.

Togkapellet er eigd av ei tverrkyrkjeleg stifting som Den norske kyrkja, Frelsesarmeen og Pinsemenigheten Kilden står bak (Neergaard, 2008).

Hen kyrkje

Den første kyrkja: Stavkyrkja (middelalder–1835)

Hen er ein av dei gamle kyrkjestadene i Romsdal. Det er ikkje kjent når den første kyrkja blei bygd, men vi veit at det var ei stavkyrkje, truleg frå siste del av den store kyrkjebyggeperioden 1150–1350. Det har vore minst 16 stavkyrkjer i Romsdal, og Hen var mellom dei som overlevde lengst. Da ho blei riven på 1830-talet, var det berre stavkyrkjene på Rød (riven 1885) og i Rødven som stod att. Kyrkja var innvigd til St. Andreas, og så seint som i 1635 blei soknet omtala som «St. Andreas Kirke Sogen».

Sjølve kyrkja nemnast første gong i Trondhjems reformats av 1589, der ho blir kalla «Jsfiord kircke». Etter at presten tok til å føre kyrkjebok i 1725 blir kyrkja heile tida kalla *Heen*, *Hein*, *Hejn* eller *Hen*, etter tradisjonen med å kalle opp kyrkja etter garden ho ligg på.

Alle kyrkjene i Grytten blei selde til Morten Wium i Trondheim i 1723, men allereie i 1725 måtte allmugen i Hen overta vedlikehaldet, da

Hen kyrkje

Type: Langkyrkje i stein med rektangelplan

Arkitekt: -

Byggmeister: Knud Ingebrigtsen Dalset, Rødven

Vigsla: 1835

Tal sitteplassar: 200. Opphavleg 300.

Liturgisk målform: Bokmål

Wiums dødsbu viste seg å vere fallitt. Arvingane beheldt likevel eigedomsretten fram til 1788, da Hen sokn endeleg fekk skøyte på kyrkja.

Den eldste kjende kyrkjestolen (rekneskapsboka) for Hen startar i 1728 og gir oss fleire interessante opplysningar om kyrkjebygget og inventaret. Dei første åra blei det utført mindre reparasjonar som utskifting av røtne tak- og veggbord, tjørebreing og legging av nytt golv i koret. I 1781 blir det opplyst at kyrkja manglar tårn. Det gjorde ho truleg også i 1744 ettersom det under «Kirkens Inventarium» står at det hang to klokker «under Kirkens Tag» (Austigard, 2006).

Ei meir samanhengande skildring av kyrkja



Hen kyrkje frå 1835 var den første steinkyrkja som blei bygd i Romsdal etter Peterskyrkja på Veøya frå siste del av 1100-talet. I middelalderen var stein det dyraste byggematerialet, men for Hen var det motsett. Her kunne bøndene køyre fram store mengder naturstein frå rydding av aker og eng. Det kosta mykje arbeid, men lite pengar.



Kyrkja sett frå søraust. Kyrkja fekk bygd til våpenhus og sakristi i 1901–02, men desse blei fornya med dagens sakristi frå 1960 og våpenhus frå 1968.

HEER ER HERENS HUUS
1831.

Bøndene hadde frist til 1831 med å fullføre kyrkja, og dette årstalet finn vi både over inngangsdøra, på vêrhanen og på toppen av alteret. Men kyrkja var ikkje under tak før i 1834. Over inngangsdøra ligg ei stor steinhelle der denne påminninga er hogd inn.

sin utsjånad og tilstand får vi i 1789, da den nyttilsette soknepresten Hans Jacob Wille blir pålagt av biskopen å lage ein rapport om kvar av kyrkjene i Grytten. Ut frå rapporten kan ein slutte at kyrkja hadde rektangulær grunnflate og blei halden oppe av åtte stavar – fire hjørnestavar og to mellomstavar på kvar langvegg. Utvendig var kyrkja støtta opp med skorder, truleg ei for kvar av dei åtte stavane. I 1739 blei det bygd til eit lite sakristi av tømmer på nordsida med inngang direkte frå ko-ret. Det blei lagt nytt teglsteinstak i 1770, medan takryttaren truleg kom på i 1786. I kapitlet om middeladerkyrkjene er det vist ein rekonstruksjon av eksteriøret og grunnplanen i stavkyrkja, basert på Wille si skildring (Rogne, 1927/1958).

Planar om ny kyrkje

I 1786 blir det opplyst at «Heens Annex er i god stand», og dette inntrykket er gjennomgåande i alle visitasrapportar og innberetningar fram til 1820-talet. Men i 1825 skriv prost Steenbuch at Hen kyrkje stadig blir flikka på, men «vil ikke lenge kunne vedligeholdes, uden at maatte nedrives». I oktober 1828 blei bøndene i soknet kalla inn til eit møte der det blei bestemt at det skulle byggast ny kyrkje i stein som skulle «opføres i en aflang firkant». Dette representerte eit bygningshistorisk vegskilje, da det ikkje hadde vore bygd ei ny steinkyrkje i heile fylket sidan 1200-talet, og heller ikkje ei med rektangulær form sidan før reformasjonen.

Kvifor valde dei å gjere det på denne måten? I middelalderen var det dei rikaste kyrkjene som blei bygd i stein, men i dette tilfellet var det heller motsett, at ein ville gjere det så rimeleg som råd. Det fanst lite bygningstømmer lokalt, og treverket i gamlekyrkja var lite eigna for gjenbruk,

slik at alt tømmer måtte kjøpast utanfrå. På same tid premierte *Det romsdalske praktiske Landhus-holdningsselskab* bønder som braut opp stein «af Ager- og Eng-Land» for å bygge fjøs og eldhus, og somme av bøndene blei dyktige gråsteinsmurarar. Vedtaket om å bygge kyrkja i stein kosta såleis mykje arbeid, men lite pengar, og bidrog til å auke dyrkajorda på gardane rundt kyrkja. Avgjerda om rektangelplan kan ha samanheng med at det var enklast når ein skulle bygge i stein, samtidig som det var i tråd med nye idear om kyrkja som «høyresal» (Austgard, 2006).

Den andre kyrkja: Langkyrkja i stein (1835–)

Arbeidet starta i 1829. Alle som hadde matrikulert eigedom måtte køyre fram stein i samsvar med eigedomen si skatteevne. Mykje stein blei brote opp av jorda og køyrt fram til byggeplassen på vinterføre, men med metertjukke murar var det behov for store mengder, og arbeidet tok tid. Ved å studere den upussa innsida av austgavlen, ser ein at det er nytta all slags naturstein: store og små, flate og formlause. Bindemiddelet dei hadde til rådvelde var leire og kalk. Heilt utan bygnings-tømmer greidde dei seg heller ikkje. For å halde taket oppe blei det tømra opp to kraftige gavlar av rundtømmer inne i kyrkja. Fire kraftige søyler i kyrkjeskipet viser kvar dei er plasserte. Mellom desse gavlane står takryttaren.

Byggeleiar ser ut til å ha vore Iver Pedersen Undhjem, medan Knud Ingebrigtsen Dalsæth var murmeister. Mur- og tømrararbeidet blei utført med innleigd hjelp – truleg med nokre av dei som bygde Grytten kyrkje – og bøndene bidrog som handlangarar i høve til skatteplikta (Aasen, 2006). Soknet hadde frist på seg til 1831 med å få arbeidet ferdig, og dette årstalet finn vi tre stader



Kyrkjerommet er rektangulært og innreidd som ein «høyresal» etter reformert tysk mønster frå 1700-talet. Preikestolalteret skal vere det nest siste som blei bygd i Norge.

i kyrkja: Over inngangsdøra, på vêrhanen og på toppen av alteret. Men kyrkja var ikkje under tak før hausten 1834, og enda tok det eit år før ho var ferdig. Kyrkja blei vigsla 21. oktober 1835 av nidarosbiskop Peter O. Bugge. På det tidspunktet må ho ha framstått nokså grå og trist; ho blei ikkje kalka før i 1840. Taket var kledd med teglstein frå stavkyrkja. Teglsteinen blei skifta ut med ruteskifer og vestveggen fekk bordkledning ein gong før 1873.


Vi veit ikkje nøyaktig når stavkyrkja blei rivn, men det er temmeleg sikkert at ho var i bruk inntil den nye var innvigd. Vi veit heller ikkje nøyaktig kvar ho stod, men nykyrkja blei truleg bygd vest for den gamle kyrkjegarden. Stavkyrkja må såleis ha stått litt aust eller helst nord for nykyrkja. Utvendig har kyrkja eit nyromansk preg, med sin massive bygningskropp og dei rundboga vindauga. Innvendig er kyrkja relativt enkelt utstyrt. Det mest iaugefallande er preikestolalteret som er utforma etter tyske idéar frå opplysningstida. Den sentralt plasserte preikestolen skal vise at forkynninga av Ordet var det viktigaste, jamvel overordna sakramentforvaltninga ved alteret. Løysinga er brukt i fleire «salkyrkjer» frå siste del av 1700-talet, og vanlegvis, som her, saman med eit galleri.

Under søre del av galleriet var det frå først av eit lite dåpssakristi. Det var også galleri på vestveggen bak i kyrkja. På golvet var det lukka benkestolar reserverte for dei einskilde gardane.

Seinare endringar

Ved ein visitas i 1890 peika biskop Laache på at kyrkja var for lita etter folketalet og kunne trenge utviding. Soknestyret såg seg ikkje i stand til dette, så noka utviding blei det ikkje. Derimot blei det gjennomført ei større restaurering i 1901–02. Det innvendige sakristiet blei fjerna og preikestolen teken ned og flytta til sørveggen. Der preikestolen hadde stått blei det sett opp eit trekors – kan hende det som no heng over inngangsdøra. Dei lukka stolane blei erstatta av dei opne benkane «i gotiserende stil» som framleis er i bruk, og det bakre galleriet blei utvida til det doble. Benkedørene blei monterte som spegelfelt på fronten av galleria. Utvendig blei det tilbygd våpenhus og sakristi, det blei innsett nye vindauge med større ruter og lagt nytt skifertak (Kosberg, 2006).

Til hundreårsjubileet i 1931 blei vindauga bytta tilbake til den opphavlege stilen med små ruter. Preikestolen blei flytta tilbake til sin gamle plass over alteret, men det gjekk ikkje lang tid før



Interiøret er dominert av det store preikestolalteret i nyklassisistisk stil, dekorert med søyler og girlandrar. Alterbildet av nattverden er frå 1835. Alterduken med dobbel bord er utført av Marit Y. Morstøl og Berta Gjerde, 1985.

det kom ein ny preikestol ved sørveggen. Og kyrkja fekk elektrisk lys.

På slutten av 1950-talet tok soknerådet til å arbeide med planar for nytt sakristi og våpenhus. Etter ein lang godkjeningsprosess stod sakristiet ferdig i 1960 og våpenhuset i 1968. Da kom også den gamle innskrifta som var hogd inn i ei stor steinhelle over inngangsdøra fram att: «HEER ER HERENS HUUS 1831.» Etter den tid er det gjort fleire mindre reparasjonar og målingsarbeid, utan at dette har endra korkje på kyrkjebygget eller inventaret.

Kunst og inventar

Altertavle: Altervegg med preikestolalter i nyklassisistisk stil, 1835. Alterbilde av nattverden, 1835. Over preikestolen: «Jesus på korset» av Halvard Hatlen, 1931.

Preikestol: Preikestolen i alterveggen blei teken ned og flytta til sørveggen i 1902. Blei flytta tilbake ved restaureringa i 1931 og erstatta av ny preikestol i klassisistisk stil ved sørveggen. Preikestolteppe av Selma Hatlen, 1981.

Bjønnaskinn framfor alteret

Bjørn Austigard skriv i boka Røter (2015): «I samband med 175-årsjubileet i Henskyrkja gjekk eg gjennom gamle rekneskapsbøker og inventarlistar. Der fann eg til mi store overrasking mellom kalk og disk i sølv, lysestakar i messing, messehaklar, biblar, alterbøker og salmebøker, at det var eit gammalt bjønnaskinn som låg framfor alteret. Inventarlista er frå 1728–1731, og dette er det einaste eksemplet eg har sett til no av slik bruk av bjønnaskinn på 1700-talet her i distriktet, men det var ikkje uvanleg i landssamheng. Jubileumboka for kyrkja var knapt trykt før eg fekk telefon frå ein austlending som kunne fortelje at han hadde registrert 30 slike kyrkjeskinn. Kvifor slike skinn blei brukt framfor alteret, visste heller ikkje han, men truleg stod presten på skinnen slik at det ikkje skulle vere så kaldt på føtene.»



Bildet over preikestolen viser Jesus på korset og er måla av Halvard Hatlen, 1931. Foto: Johnny G. Vågen/ Kyrkjebyggdatabasen.



Måleriet på veggen til høgre for alteret viser Jesus som stiftar nattverden og er utført av Halvard Hatlen.



Døypefonten og dåpskanna. Foto: Johnny G. Vågen/ Kyrkjebyggdatabasen.



Preikestolen på alterveggen blei teken ned og flytta til sørveggen i 1902, men blei flytta tilbake ved restaureringa i 1931. Kort tid etter fekk ein sett inn denne nye preikestolen i klassisistisk stil. Preikestolkledet er laga av Selma Hatlen, 1981.

Døypefont: I tre frå 1835.

Alterdukar: Hardangersaumsduk, dobbel bord med kors og kalk, utført av Marit Y. Morstøl og Berta Gjerde, 1985.

Anna inventar: Rosemåla skap frå stavkyrkja, 1788.

Orgel: Kyrkja fekk eit harmonium av amerikansk fabrikk i 1908. Det blei bytta ut med eit pipeorgel med 12 stemmer, 2 manualar og pedal frå Vestres Orgel & Pianofabrikk, Haramsøya, 1952. Ombygd frå pneumatisk til elektropneumatisk traktur i 1964. Det var i mange år eit sterkt ønske om å erstatte dette orgelet, og det blei samla inn ein betydeleg sum i bygda. Men dei innsala midlane var ikkje nok til eit nytt pipeorgel, og det blei derfor vedteke å investere i eit elektronisk orgel. Det nye orgelet er av typen Johannes Monarke Bach Inventus og blei installert i 2013. Det gamle orgelprospektet (fronten med piper) er behalde, slik at interiøret i kyrkja ikkje er endra.

Kyrkjeklokker: Stavkyrkja hadde to små klokker. Den eine, som truleg er frå 1400-talet, blei kjøpt av Romsdalsmuseet i 1936 for 40 kroner. Den andre blei omstøpt i 1791 og følgde med over i nykyrkja. Den har følgjande inskripsjon: «GID DENNE KLOKE SAA, FOR KIRKENS FOLK MAA LYDE. AT DE UDAF GUDS ORD FOR BÆDRINGS FROGTTER NYDE.» og «TIL GUDS ÆRE OG IIS FIORDENS ANEZ OG KIRKENS GAVN ER DENNE KLOKKE OMSTÖBT I TRONDHIEM Ao 1791 AF ARNDT P. HEDEMARCK. PAA MENIGHEDENS BEKOSTNING» samt Christian 7.s kongemonogram. Klokkja sprakk da ho ringde inn freden i 1945 og blei reparert i 1966.

Den nye kyrkjeklokkja er levert av Olsen Nauen Klokketøperi, Tønsberg, 1966. Den har kristogram og innskrift: «KOM TIL MIG, ALLE I SOM STREVER OG HAR TUNGT Å BÆRE, JEG VIL GI EDER HVILE!»

Minnesmerke: 1. Bauta over Peder P. Moa (f. 1912) som fall ved Dombås 15. april 1940. Steinen er reist av sambygdingar.

2. Engelske krigsgraver.



Kyrkja har fire utskorne brudestolar trekte med gyllenlêr. Foto: Johnny G. Vågen/Kyrkjebyggdatabasen.



På veggen til venstre for alteret heng eit rosemåla skap frå stavkyrkja, frå 1788.



Det rektangulære kyrkerommet gir god kontakt mellom prest og kyrkjelyd. Benkane og det utvida galleriet er frå restaureringa i 1901-02. Dei fire kraftige søylene midt i rommet ber tårnet.



Kyrkjeskipet er frå kring 1980 av Erling Ballangsrud. Korset på veggene over inngangsdøra blei laga for å fylle ut plassen da preikestolen på alterveggen blei flytta ned på golvet ved restaureringa i 1901-02. Korset er i nyklassisistisk stil.





Orgelfasaden med piper høyrer til orgelet frå 1952. Det nye, elektroniske orgelet frå 2013 er montert bak fasaden.

Pionermisjonæren Lars Dahle

Ved Hen kyrkje står det ein minnestein over pionermisjonær Lars Nilsen Dahle (1843–1925) frå Dalsbygda i Isfjorden, reist av misjonsvenner i 1946. Dahle studerte i fleire år teologi og misjonsvitenskap før han i 1870 drog ut som den første norske misjonæren til Madagaskar. Der etablerte han mellom anna ein presteskole og omsette bibelen frå gresk og hebraisk til gassisk. Med svekka helse kom han attende til Norge i 1887. I 1889 blei han tilsett som generalsekretær i Det norske misjonsselskap i Stavanger, ei stilling han hadde heilt til 1920. Dahle var aktiv på fleire område. Han dreiv naturvitenskapelig forskning, skreiv fleire bøker og var redaktør i Norsk misjonstidende. I 1904 fekk han gjennomslag for kvinneleg stemmerett i misjonsforeiningane – ni år før det blei innført allmenn stemmerett for kvinner i Norge.

Minnesteinen etter Lars Dahle utanfor Hen kyrkje, reist av misjonsvenner frå bygda i 1946.





Kyrkja frå 1896 er den tredje på Voll i Måndalen. Ho har stor likskap med Røbekk kyrkje; begge er teikna av ingeniør Gabriel Smith i Ålesund i 1893.

Voll kyrkje

Den første kyrkja: Stavkyrkja (middelalder–1673)

Kyrkja som i dag står på strandbreidda ut mot Vollbukta er den tredje kjende kyrkja på same tuft. Den første kyrkja, *Walla kirkia*, er først omtala i Aslak Bolts jordebok frå 1432. Dette må ha vore ei stavkyrkje, og nokre meiner det opphavleg kan ha vore ei høgendeskyrkje på garden til storbonden. Seinare er kyrkja nemnd i Trondhjems reformats av 1589, men er ikkje omtala i Dietrichons stavkyrkjebok (1892).

Den andre kyrkja: Korskyrkja i tømmer (1673–1895)

I 1673–74 blei det på same staden bygd ei flott korskyrkje i tømmer.

I 1723 blei kyrkja seld til stiftsskrivar Morten Wium i Trondheim. Etter Wium sin død blei ho i 1729 seld vidare til løytnant Sten Meldahl på Vågstranda. I 1744 var kyrkja så vanskjøtta at bøndene nekta å betale tiend, og Meldahl såg seg nøydd til å selje ho attende til bøndene for ein billeg penge, med jordegods og annan eigedom. Kyrkja blei no skikkeleg restaurert, og inntektene var så gode

at kyrkjekassa etter kvart fungerte som bank for bygdefolket fram til langt inn på 1900-talet. 73 bønder i Måndalen og Innfjorden var med i dette kjøpet og kom til å stå som kyrkjeieigarar heilt til kyrkja blei overdregen til kommunen i 1902 (Wold, 1996).

Strid om ny kyrkje

Ved kgl.res. 10.9.1862 blei sokna Eid og Voll skilde ut frå Grytten som eige prestegjeld, og etter mykje strid blei Voll annektskyrkje under Eid. Samtidig kjempa Voll-sokningane ein innbyrdes kamp i spørsmålet om det skulle byggast ny kyrkje, og kvar ho i så fall skulle stå. Innfjordingane ønska å få kyrkja nærare seg, men etter resultatlause diskusjonar om flytting av kyrkjestad, gjekk kommu-

Voll kyrkje

Type: Langkyrkje i tømmer

Arkitekt: Ing. Gabriel Smith, Ålesund

Byggmeister: Knut J. Flate, Vestnes

Vigsla: 1896

Tal sitteplassar: 290. Opphavleg 450.

Liturgisk målform: Nynorsk

nestyret i 1879 inn for å dele soknet og bygge ei eiga kyrkje i Innfjorden. Men departementet fann ikkje å kunne anbefale søknaden. I 1883 hadde innfjordingane fått fleirtal i kommunestyret saman med representantane frå Hovde og Søvika, og dei søkte no om å få flytte kyrkja til Hovde eller Søvika. Heller ikkje dette ville departementet tilrå, men rådde heller kommunestyret til å overta kyrkja og slik få større mynde i saka.

Neste utspel kom i 1888 da kommunestyret foreslo å bygge ny kyrkje på Voll og kapell i Innfjorden. Men kyrkjeigarane heldt attende, og i 1892 skreiv presten at kyrkja no var i så elendig forfatning at ho var ubrukande til gudsteneste vinters dag, og vona departementet var eining i at «Forhandlingernes Tid nu bør være forbi». Departementet påla da kommunen å tinge med kyrkjeigarane om overtaking, og om dette ikkje førte fram, blei eigarane pålagde å utvide og vøle kyrkja, eller bygge ny.

På eit kyrkjeegarmøte i 1893 var det fleirtal for framleis å behalde kyrkja i privat eige. Ei skjønnsnemnd saumfor den gamle kyrkja og kom til at det ikkje var rekningsssvarande å sette ho i stand. På eit nytt møte i juli same år blei det derfor fleirtal for å bygge ny kyrkje. Striden om plasseringa blussa opp att, men i september skar departementet gjennom og bestemte at gamlekyrkja skulle rivast og ny kyrkje byggast på same stad.

Den tredje kyrkja: Langkyrkja i tømmer (1896-)

I januar 1895 blei den gamle kyrkja avertert til sals, men truleg var det ingen som melde interesse, så vallsokningane måtte ta saka i eigne hender. Da dei ein vårdag dette året festa reipa sine kring det gamle kyrkjetårnet og drog det over ende, var det eit vel 220 år gammalt kyrkjebygg som stod for fall. Tømmer og anna trevirke blei delt mellom eigarane. Innfjordingane sette opp eit bedehus av stokkane sine – det seinare bedehuskapellet. Der fekk dei også brukt om att dei store glasa frå kyrkja.

Graving av fundament og framkøyring av stein og andre materialar til nykyrkja blei utført ved pliktarbeid. Det blei innleigd murarar, men handlangararbeidet blei utført av husmenn, innerstar og lausarbeidarar både frå Innfjorden og Måndalen.

Kommunestyret, som også var kyrkjedireksjon, hadde allereie i september 1893 hatt føre ei



Kyrkja frå sør-vest med inngangspartiet.
Foto: Torild Granhaug/Kyrkjebyggdatabasen.

sak om å skaffe teikningar til nykyrkja. Den første planen var å skaffe ei typeteikning frå departementet, men eit par månader seinare vedtok dei å få utarbeidd eigne teikningar med kostnadsoverslag, for kyrkjekassa si rekning. Kyrkjeigarane protesterte og meinte kommunestyret ikkje hadde fullmakt til å handle i ei så viktig sak. *Det synes mere og mere at glemmes at Volds Kirke endnu er Privates Eiendom*, heiter det i mindretalsforslaget i kommunestyret.

Ingeniør Gabriel Smith i Ålesund fekk oppdraget, og allereie i desember kunne han legge fram teikningar til ei langkyrkje i tømmer med 450 sitteplassar. Kyrkja var i gjennomført nygotisk stil og mykje lik dei tre andre kyrkjene Smith teikna: Vigma (1894), Røbekk (1898) og Røvik (1905).

Anbod på bygginga blei lyst ut i 1895, og det kom inn ti tilbod. Da kyrkjeigarane kom saman i april, valde dei å gi oppdraget til Knut J. Flate og Einar O. Sylte (Furnes), Vestnes. John J. Vold blei vald til formann i byggekomitéen. Kyrkjeigarane måtte elles ta stilling til fleire saker undervegs, mellom anna å skaffe alterbilde. Dette oppdraget gjekk til kunstmålar Even Ulving. Han var frå Vega på Helgeland, men foreldra budde i 1886–94 på Holmemstranda. Det blei også bestemt «mod en stemme» å sette inn omnar i kyrkja. Men på



Kyrkjesalen er open og luftig. Koropninga fyller heile breidda og høgda av koret, og er markert med ein tredelt boge i nygotisk stil.

eitt punkt sette dei sin lit til høgare makter; dei vedtok einstemmig at «Lynafloder ikke anskaffes».

20. august 1896 blei kyrkja vigsla av nidarosbiskop Johannes Skaar. Folk strøymde til frå bygdene rundt. Det skal ha vore om lag 1200 inne i kyrkja og fleire hundre som ikkje slapp inn, til saman eit par tusen menneske. Det er ikkje utan grunn at kyrkja har blitt kalla «Romsdalskatedralen».

Seinare endringar

Gamle bilde viser at kyrkja utvendig var måla i ein mørk farge, truleg tjørebrun, med kvite strekkfiskar, vindaugs- og dørgerikter. Fargen blei skifta til kvit i 1951, men elles skjedde det få endringar dei første 60 åra. På slutten av 1940-talet blei det teke initiativ til innvendig restaurering, og distriktsarkitekt Rohde laga ein plan som skulle gjere kyrkja «varmare og vakrare». Men planen innebar omfattande og kostbare forandringar som senking av loftet og endring av benkane, og blei ikkje gjennomført.

Før kommunesamanslåinga i 1964 sat Voll kommune med nokre midlar dei gjerne ville bruke i eiga bygd. Kyrkja blei da måla innvendig etter fargeforslag frå distriktsarkitekt Ole Lind Schistad. Den opphavleg litt tunge fargesettinga i gul- og brunoker blei erstatta av friske fargenyansar i grått, blått og grønt som ga kyrkja eit lyst og vennleg preg, og som framheva dei nygotiske stilelementa. Ramma kring alterbildet fekk nye fargar og ekte bladgull. På same tid fekk kyrkja dei to store lysekronene i skipet. Privatpersonar og Måndalen Husmorlag har elles gjeve ei lang rekke gåver til kyrkja, som brudestolar og lysestakar, vinmugge, oblatskrin og blomsterurne i sølv, offerskål og sjuarma golvlysestakar. Flygelet var ei gåve frå kyrkjelyden i jubileumsåret 1996.

I 2012 blei tårnhjelmen tekt med koparspon.

Kunst og inventar

Altertavle: Alterbilde «Jesus i Getsemane» måla av Even Ulving, 1896.



Koret er avslutta med ein polygonal apside. Koret er enkelt innreidd, med altertavla og alterringen som dominerande element. Alterbildet «Jesus i Getsemane» er måla av Even Ulving, 1896.

Alterutstyr: Nattverdalk av sølv med inskripsjon: «Denne Kalch hører Maandals Kirche til. Anno 1648».

Preikestol: I tre frå 1896.

Døypefont: I tre frå 1896.

Alterdukar: Hardangersaumsduk i lin av Ester Søvik, 1963.

Orgel: Pipeorgel bygd av Peter A. Albrechtsen 1839–40. Utvida frå 8 til 11 stemmer av Paul Chr. Brandtzeg i 1890-åra, seinare utvida til 15 stemmer. Orgelet har 2 manual og pedal. Orgelet stod først i Mandal kyrkje 1841–1923. Innkjøpt til Voll kyrkje og installert av Brødr. Torkildsen 1926. Restaurert av firmaet Iversen, Bergen 1958–59 og Ernst Junker, Sandefjord 1984–85. Orgelkonsulent Stein Johannes Kolnes skreiv i 1981: *Både p.g.a. sin alder, sin spesielle konstruksjon og det solide handtverket må Voll-orgelet karakteriserast som eit klenodium som for einkvar pris må takast vare på.* (Rishton, 1996; Søvik, 1984). Orgelet er det eldste spelbare i Norge og er verna som kulturminne.

Kyrkjeklokker: I 1700 høyrer vi om ei sprukken klokke i tårnet. I 1770 blei klokka omstøyppt på Lesja jernverk, men allereie i 1789 sprakk ho igjen og blei på nytt sendt til Lesja for omstøyping. Klok-



Den femkanta preikestolen er nesten heilt lik preikestolen i Røbekk kyrkje, men med litt annleis fot.



Da gamlekyrkja blei riven, kom døypefonten først til storstua på Voll, der han blei brukt som nattbord. Sidan blei han gjeven til Pål-museet på Bø, men er no gjeven attende og teken i bruk att i kyrkja. Messingkanna frå 1700-talet kjem også frå gamlekyrkja.



Den sekskanta døypefonten frå 1896 gjorde teneste i over 100 år inntil fonten frå gamlekyrkja blei teken i bruk att. Foto: Johnny G. Vågen/Kyrkjebyggdatabasen.



Brudestolane er ei gåve frå Måndalen Husmorlag 1970. Utskjeringane er laga av Sturla Haugan og Ansgar Bø har stoppa dei. Foto: Torild Granhaug/Kyrkjebyggdatabasen.



Fattigblokka frå gamlekyrkja er plassert ved inngangen bak i kyrkja. Her la kyrkjefolket sine gåver til dei fattige. Blokka er sikra med jernbeslag, solid lås og godt feste i veggen. Foto: Torild Granhaug/Kyrkjebyggdatabasen.

ka kom på plass att i 1791, men sprakk enda ein gong og blei i 1832 sendt til klokkestøypar Sundt i Trondheim. Fem mann rodde til Trondheim sommaren 1833 for å hente den nye klokka, men da var ho ikkje ferdig. Men Sundt hadde nettopp støypt ei klokke til Lurøy kyrkje på Helgeland, og han tilbød karane å kjøpe den i staden. Dei gjekk med på dette og fekk ho med seg heim, og denne klokka «var so rein i klangen som nokon kunne ønskje, og nådde heilt til Månvassetra, 1 mil unna, i stilt sommarver». Klokka blei med over i nykyr-

kja i 1896, men kring 1933 sprakk ho og blei sendt til omstøyping hos O. Olsen & Søns Klokkestøperi ved Tønsberg. Innskrifta «LURØ MENIGHED» blei dermed erstatta med «LAND! LAND! LAND! HØYR HERRENS ORD» (Wold, 1996).

Minnesmerke: På kyrkjegarden er det reist ein minnesteinen over Paul P. Samset (f. 1916) som fall i krigen på Dombås 21. april 1940. Reist av Måndalen Ungdomslag med støtte frå losjen, idrettslaget og det kristelege ungdomslaget i bygda. Avduka 29. september 1946.



Ved restaureringa i 1964 blei den opphavleg litt tunge fargesettinga i gul- og brunoker erstatta av friske fargenyansar i grått, blått og grønt som gav kyrkja eit lyst og venleg preg, og som framhevar dei nygotiske stilelementa.



Orgelet var opphavleg bygd til Mandal kyrkje i 1839–40 av Peter A. Albrechtsen. Det blei innkjøpt til Vøll kyrkje og installert av Brødr. Torkildsen i 1926. Orgelet er det eldste spelbare i Norge og er verna som kulturminne.

Gamlekyrkja i Voll

Harry Fett skriv at Jens Ekrimb (Eikrem) bygde ei fullkommen korskyrkje i Voll i 1674 (Fett, 1911). Kyrkja er godt dokumentert både i tekst og bilde, og er ein flott representant for dei mange korskyrkjene som blei reiste i Romsdal i perioden 1650–1800. Vi skal derfor sjå litt nærare på bygningsdetaljane.

Kyrkja var ikkje særleg stor, men velforma og med eit vakkert tårn over krysset. Innvendig var kyrkja 15,6 meter lang i begge retningar, og korsarmane var 5 meter breie. Desse måla var nok tilpassa tilgangen på godt bygningstømmer lokalt. Kyrkja hadde dessutan to mindre tilbygg, våpenhus i vest og skriftehus (sakristi) i aust. Det var først to mindre vindauge i kvar korsarm, seinare blei dei bytta ut med større vindauge som gav meir lys.

I enden av den nordre korsarmen var *fonten*, eit frådelt rom der dei døypte barna. Rommet var først utan glas, men fekk seinare to små ruter inn mot kyrkjerommet. Men skumt var det, og fadrane måtte lyse med talglys for presten. *Koret* utgjorde den austre korsarmen. Tvers over koret gjekk eit knefall utan rekkverk, der det var plass til 13 nattverdgestar om dei låg trengt. På austveggen nord for alteret stod prostestolen – også kalla bispestolen – «med dreyede Pillarer, Dør og Hængsler», og sør for alteret stod klokkarstolen.

Kyrkjeigarane hadde sine faste plassar i benkane, karane i søre korsarm og kvinnene i nordre. Den vestre korsarmen delte dei, slik at karane sat på sørsida og kvinnene på nordsida. Dei som ikkje hadde fast plass, kunne søke om å få det. Kyrkja hadde tre små galleri: *Gamlelemmen* (seinare nylemme) i vestre korsarm for drengane, *tausalemmen* i søre arm for tenestejentene og *kvinnfolklemmen* i nordre arm for meir tilårskomne kvinner som ikkje hadde annan plass i kyrkja.

På gamlelemmen var det støtt uro, for gutane brukte å spele kort medan presten preika. Så togg dei tobakk og spytt, og spyttet seig gjennom det gisne golvet og hang som brune trådar under det. Det var ei kvide å sitte under den lemme, blei det sagt. Elles var det gjeldande rett at dersom ungdommen dreiv på med leik, støy eller annan uskikk på kyrkjegarden medan det var gudsterneste inne i kyrkja, hadde tilsynet rett til å straffe dei, dei små med ris eller pisk og dei store med gapestokk. Som ved så mange andre kyrkjer hadde også Voll sin gapestokk, plassert rett utanfor



Det har stått kyrkjer sentralt på Voll sidan middelalderen. På dette bildet ser vi korskyrkja trone på bakken opp for Vollabukta. Bildet er teke av Axel Lindahl, 1885.

kyrkjegardsporten. Steinen som halsklaven var festa til er i dag mura inn i kyrkjemuren.

Kyrkja sitt største klenodium var altertavla. Kyrkjestolen fortel at kyrkjevevja Ole O. Griset i 1768 tok båten sin og rodde i lag med ein annan mann til Borgundsundet for å få Jakob Sørensen Alnes (Giskegård) – *Tavle-Jakob* – til å lage tavla. Tavla var ferdig i 1780, og da kom Jakob sjølv til Voll med henne og sette ho opp i kyrkja. Tavla er no på Bergen Museum (Sæbø A., 1970).

'n Storstau-Jo og apøstlainj

Oppe på kyrkjeløftet i gamlekyrkja låg det ei stor mengd utskorne menneskefigurar – helgenbilde frå den katolske tida, som kyrkjetenaren, han Nystau-Pe (Peder Vold) kalla «apøstlainj». Da han Storstau-Jo (John Vold) skulle gifte seg 6. juni 1890, fann bygdefolket ut at kyrkja burde rundvaskast. Det hadde truleg ikkje skjedd i manns minne.

Det møtte opp ein stor flokk ungjenter dagen før bryllaupet. Ei av dei som var med fortalde seinare at det på golvet, og særleg på gamlelemmen, var så mykje inntørka tobakksspytt at dei som vaska blei sjuke etterpå.

Dei trong mykje varmt vatn, så dei sette opp ei stor gryte ute på kyrkjegarden og fyra opp under henne med helgenfigurar heile dagen. Dei figurane dei ikkje rakk å brenne opp, stilte kyrkjetenaren opp i ei rekke på kvar side av midtgangen i kyrkja, og så sa han: *'n ska bli førøndra, brudgommen, når 'n trøffe apøstlainj her* (Sæbø, A., 1970; Wold, 1996).



Altartavla i gamlekyrkja blei laga av Tavle-Jakob i 1780. Stilen er barokk med spor av bonderokokko. Tavla er bygd opp etter 1600-talets etablerte skjema med nattverden lengst nede, korsfestinga i midten og den sigrande Kristus (med dansk flagg!) på toppen. Som symbol på det lutherske motsetningsparet lov og evangelium står Moses med lovtavlene på venstre side og Johannes døyparen med eit kors på høgre side. På gesimsen over korsfestinga står dei fire evangelistane med sine symbol. Heilt øvst finn vi Christian 7.s kongemonogram flankert av to basunenglar. Dei to kvinnefigurane på flankane symboliserer saman med korsfestinga tru, kjærleik og von. Tavla er i dag i Universitetsmuseet i Bergen. Foto: Svein Skare/Universitetsmuseet i Bergen, nr. NK 46.



Det nye bedehuskapellet i Innfjorden stod ferdig i 1976. Innfjorden har sidan slutten av 1800-talet vore som eit eige sokn i soknet.

Innfjorden bedehuskapell

Det første bedehuskapellet (1897/1906–1976)

Da det skulle byggast ny kyrkje for Voll sokn på slutten av 1800-talet, kom det opp forslag både om å flytte kyrkja nærare Innfjorden og å bygge ei eiga kyrkje for Innfjorden. Saka enda med at nykyrkja blei bygd på den gamle kyrkjestaden på Voll i Måndalen og blei vigsla i 1896. Ti år seinare klarte ein likevel å ende kyrkjestriden i Voll ved at Innfjorden fekk sitt eige bedehuskapell.

I 1896 var kyrkja på Voll framleis i privat eige, og dei 73 kyrkjeegarane delte materialane frå gamlekyrkja mellom seg. I Innfjorden blei alle eigarane samde om å bruke materialane til å bygge bedehus, og det stod ferdig i 1897.

I 1906 fekk Innfjorden sitt eige kyrkjehus ved at det blei tilbygd kor og tårn på bedehuset. Initiativtakar skal ha vore sokneprest Haakon Chr. Halvorsen i Voll og Eid. Frå eit folkemøte på Bø skule 31. oktober 1903 heiter det i protokollen: *Forsamlingen uttaler med styrke og samstemmighet som sit ønske, at der kunde gives anledning til at faa bedehuset benyttet som kapel og er villig til at tilbygge og omdanne huset til dette brug...*» (Innfjorden kapellkomite, 1903-1906).

Indremisjonsforeininga, som eigde bedehuset, var positiv til saka og gjekk samrøystes inn for

å etterkome søknaden på vilkår av at indremisjonen skulle ha råderett over huset etter gjeldande vedtekter og at kostnaden med tilbygginga skulle vere bedehuset uvedkomande. Men Kyrkjedepartementet kravde nokre endringar i vedtektene som indremisjonen ikkje utan vidare ville gå med på. Mellom anna var det krav om at soknepresten skulle vere fast medlem av «bestyrelsen» og at denne ... *kun skal bestå af mænd, som tilhører statskirken*. Vidare: *At kun sådanne lægmænd må gives adgang til at holde religiøse foredrag og møder i dette, som tilhører statskirken og fra kjendte og pålidelige mænd har godt vidnesbyrd om liv og lære.»*

Etter fleire møte kom dei likevel fram til ei semje som blei godteken av dei fleste, og ved kgl. res. 27.2.1906 blei det gjeve løyve til bygging av tårn og kor etter ein plan utarbeidd av Ole A. Moen. I juni kom bygginga i gang, med Erik P. Sylte, Tresfjord, som byggmeister. Byggekomite-

Innfjorden bedehuskapell

Type: Bedehuskapell i betong, tegl og tre med rektangelplan.

Arkitekt: Ingvald Moldsvor

Byggmeister: Måndalen Bygg

Vigsla: 1976

Tal sitteplassar: 200.

Liturgisk målform: Nynorsk

teen måtte også skaffe naudsynt utstyr som kalk og disk, lysestakar, døypefat, messehaket og kyrkjeklokke. Kapellet stod ferdig og blei vigsla 16. oktober 1906 av prost Sverre Schjelderup i Nesset. I protokollen heiter det: *Det var feststemning i bygden og dagen feiredes med almindelig flagning.*

Kapellet fekk først overført seks gudstenester frå Voll og seinare tre frå Eid slik at det til saman fekk ni gudstenester i året. Kapellet blei rive da det nye huset blei teke i bruk i 1976.

Det andre bedehuskapellet (1976–)

Det gamle bedehuskapellet blei med åra både for lite og for umoderne. I 1963 blei det vald ei nemnd som skulle arbeide med planane for eit nybygg. Nemnda fekk fullmakt til å ordne med kjøp at tomt i nærleiken av det gamle bedehuset, samle inn pengar og ordne med byggeplanane. I 1966 låg det føre teikningar utarbeidde av arkitekt Ingvald Moldsvor, og same år blei det vald byggenemnd. Eit krav om tilfluktsrom i kjellaren førte til uventa vanskar, men i 1971 blei planane endelig godkjende. Byggmeister var Måndalen Bygg, men det blei også utført mykje dugnadsarbeid under leiing av Jon Bø.

Bygget stod ferdig og blei vigsla i 1976 av Nidarosbiskop Tord Godal. Huset er bygd i mur og innvendig forblenda med kvitmåla tegl. I underetasjen er det kjøkken, matsal, tilfluktsrom og toalett og i andre høgda to forsamlingssalar. Den største salen har galleri, og dei to salane kan slåast saman slik at det blir om lag 200 sitteplassar til saman. Kapellet har frittståande klokketårn (Oterholm, 1979). I 2008 blei det bygd handicapinngang og -toalett oppe. Samtidig blei underetasjen med matsal og kjøkken ombygd og fornya.

Da den nye kyrkjelova kom i 1996, søkte Innfjorden om å bli eige sokn. Møre bispedømeråd gjekk inn for dette, men Kyrkjedepartementet kunne ikkje godkjenne kapellet som soknekyrkje på grunn av eigedoms- og styreformas.

Kunst og inventar

Altertavle: Kors designa av rosemålar Gunnar Bø, applikert og brodert på silke av Elin Søvik Hjellden, laga til 25-årsjubileet i 2001.

Døypefont: Åttekanta i tre, laga av Erik P. Sylte, 1906.

Alterdukar: Duk i svartsaum med kors, kalk og aks, laga av Bergljot Bøe og Marie Berild til vigslinga i 1976.



Innfjorden bedehus blei bygd i 1897. I 1906 blei det bygd til kor og tårn slik at huset kunne vigslast til bedehuskapell.



Interiøret bar preg av å vere både bedehus og kyrkje. På bildet ser vi korområdet med alter og preikestol.

Anna inventar: Alterring, alterbord, preikestol og lesepult er laga ved Grande Trevare på dugnad. 4 utskorne brudestolar i gyllenlær, gåve frå Husmorlaget. Bibel frå 1647. Preikestolen og altertavla frå 1906 står i småsalen. Alterbildet «Herre frels mig. Matt. 14,30» er måla av av Ragnvald Enebo, Lesja. Preikestolen er dekormåla av daverande sokneprest i Eid, Ole Martin Trømborg, ca. 1930.

Orgel: Digitalt Allen-orgel frå 1990. Nytt orgel 2008.

Kyrkjeklokke: Ei klokke frå Johs. Johannessen. Inskripsjon: «INNFJORDEN KAPEL AAR 1933»



Det nye bedehuset frå 1976 er stilfullt og praktisk innreidd. Saman med romma i underetasjen fungerer bygget mest som ei arbeidskyrkje.



Koret er fullt utrusta for gudstenestebruk. Alterringen, alterbordet, preikestolen og lesepulten er laga ved Grande Trevare på dugnad. Alterbildet er designa av rosemålar Gunnar Bø og brodert på silke av Elin Søvik Hjelden til 25-årsjubileet i 2001.



Døypefonten er frå det første bedehuskapellet, 1906. Dei fire brudestolane i gyllenlér er ei gåve frå Innfjorden husmorlag.



Store vindauge og smakfull innreiing gjer salen lys og innbydande.

Kunstverket over utgangsdøra er måla av Gunnar Bø. Teksten, som stod i huset der det starta ei vekking i bygda i 1960, lyder: *En port til Himlen åpen står, Der Jesu kors nå tindrer. Derfra en stråleglans utgår, som sorg og smerte lindrer.*





Hovudsalen kan utvidast med ein sidesal ved hjelp av foldeveggar. Til saman har dei to salane 200 sitteplassar.



Sidesalen er møblert med salonggrupper. Altertavla og preikestolen frå det første bedehuskapellet har fått plass ved endeveggen.

Gravplassen i Innfjorden

Gardbrukar Knut L. Viik (1836–1911) i Innfjorden var lærar og kyrkjesongar i Voll sokn frå 1861 til 1895 og ein framstående person i bygda. Heilt frå gravplassen i Innfjorden blei teken i bruk i 1851 og i 50 år framover førte han ei privat kyrkjegardsbok over alle gravlagde. Deretter overtok dottera Guri Vik, ho «Skul-Guri», fram til 1958. I innleiinga til boka fortel Knut om forhistoria til gravplassen (Austigard og Vik, 2016):

Lige til Midten af forrige Aarhundrede maatte man her i Indfjorden bringe ligene til Vold for at faa dem begravne. Da det var ufremkommeligt tillands – idet Størsteparten af Bygdeveiene her i Sognet blev oparbejdet først i Aarene 1826 til 1832 og en del, nemlig mellem Skjelbostad og Hovde endog saa sent som i 1869/70 maatte man bestandig ad Søveien bringe Ligene til Vold. Dette var altid meget besværligt, og naar der indtraf Storm ofte endog livsfarligt. Man søgte derfor om Tilladelse til paa et bekvemt Sted at anlægge en Gravplads for Indfjorden. I 1849 blev det ved kongelig Resolution indvilget.

Etter at ei nemnd hadde vurdert aktuelle stader for gravplassen, feste ein seg ved eit område ved sjøen tilhøyrande Nedre Vik, og i 1850 gjorde heradsstyret vedtak om opparbeiding og inngjer-



Ved gravplassen er det reist ein bauta over 26 innfjordingar som tok del i krigen 1807–14. Steinen er reist av innfjordingar i 1914 og er 4,35 meter høg.

ding. Plassen blei vigsla 16. oktober 1851 av sokneprest Edvard J. Kraft i Eid. Sidan har gravstaden blitt utvida i 1889, 1906 og ein gong seinare på 1900-talet (Oterholm, 1979).



Innfjorden fekk eigen gravplass i 1851. I 1866 gav kårmann Knud K. Gjærde ei klokke til gravstaden i takksemnd for at Gud hadde teke heim sonen hans, som lenge hadde lidt av ein brysam sjukdom. Broren Lars K. Wiig gav pengar til klokkehus. Det seiest at klokka er den vanskelegaste å ringe med i heile kommunen. Foto: MIM.

Eid kyrkje

Den første kyrkja: Stavkyrkja (middelalder–1797)

Den første kyrkja i Eid var ei av dei fem middelalderkyrkjene i Grytten og blei truleg bygd på 12–1300-talet. Dietrichson skriv i si stavkyrkje-bok (1892) at ho først er nemnt i Trondhjems reformats av 1589 («Eedz kircke»), og at ho ifølgje ein synfaringsrapport frå 1661 var ei stavbygning med stor «brøstfældighed». Det trongst nytt tak både på skip og kor, ni store kyrkjestøtter (skor-der), ny kjøl over heile kyrkja og nytt bryst (bordkledning) på vestre ende med «stærke Stave der-til». Ved ei ny synfaring i 1724 blir kyrkja framleis skildra som gamal og skrøpeleg.

Saman med dei andre kyrkjene i Grytten blei Eidskyrkja seld til Morten Wium i Trondheim i 1723. Da Wium døydde, truleg i 1724, ville arvingane selje kyrkja attende til bygdefolket, men dei ville ikkje betale prisen. Biskop Krogh greip da inn og fekk utnemnt lokale kyrkjeverjer til å krevje inn tiend og landskyld og sørge for vedlikehald. I 1779 etterlyste rentekammeret i København ei-

Eid kyrkje

Type: Langkirke i tømmer

Arkitekt og byggmeister: Friederich Spolert, Molde (1872 og 1874)

Vigsla: 1797

Tal sitteplassar: 190. Opphavleg 250.

Liturgisk målform: Nynorsk

garar til kyrkja, og da ingen melde seg, blei ho sagt å falle attende i kongens eige. Ved kongeleg skøyte av 14. september 1780 fekk bøndene i soknet eigedomsretten til kyrkja, utan betaling, men med utførlege pålegg om vedlikehald og ymse andre ytingar, mellom anna til Finnemisjonen. Dette var opptakta til at ein i 1796–97 kom i gang med å bygge «nykyrkja» som står der i dag (Myskja, 1987).

Den andre kyrkja: Langkyrkja i tømmer (1797–)

Dietrichson skriv at «nu fremtræder kirken siden 1797 væsentlig som en tømmerkorskirke, i hvilken dog den gamle stavkirke er delvis bevart».



Eidsbygda har hatt kyrkje sidan middelalderen. Dagens kyrkje frå 1797 ligg høgt og fritt, men den eldre stavkyrkja kan ha lege enda høgare opp, på Eidshaugen. Plasseringa er noko uklår.

Desse opplysningane har skapt hovudbry for historikarane. Nykyrkja frå 1797 var nemleg ikkje ei korskyrkje, men ei langkyrkje, og korleis kunne ei stavkyrkje byggast om til langkyrkje i tømmer? Plasseringa har også vore eit mysterium. Ifølgje ei segn skal stavkyrkja ha stått på Eidshaugen – også kalla Kyrkjehaugen – eit par hundre meter aust for Eidetunet, der det i si tid skal ha stått eit gudehov. Men ingen funn kan stadfeste dette. Det finst også indikasjonar på at stavkyrkja har stått like nord for dagens kyrkje, der parkeringsplassen og bårehuset er i dag. Tidlegare var det eit søkk i terrenget der som kunne passe med kyrkjetufta. Ei anna kjelde forklarar «ombygginga» med at nykyrkja blei bygd utanpå eller rundt den gamle. Dietrichsons opplysningar går meir i retning av at stavkyrkja blei tilbygd korsarmar i tømmer, men han kan ha mistolka kjeldene (Rogne, 1927/1958; Klungnes, 1997; Friisvold, 1997).

I dag held ein det for mest sannsynleg at det blei bygd ei heilt ny kyrkje på ny tomt, og at den eldre kyrkja fekk stå i byggeperioden – om ho no stod på Eidshaugen eller like nord for nykyrkja. Dette har også støtte i kyrkjeboka, der sokneprest



Eid kyrkje frå sør. Eidsgarden/Eidetunet i bakgrunnen.

Andreas Heide skriv: *Trinitatis Søndag Gudstjeneste den sidste Gang i den Gamle Kirke. – Den 7. Søndag efter Trin. indviet den nye Kirke af Hr. Prost Krog paa Weedøe.* Treeiningssøndagen dette året var 11. juni og den nye kyrkja blei derfor truleg innvigd 30. juli 1797. Dei sju vekene utan gudsteneste var altfor kort tid til ei fullstendig



Kyrkja har ei omskifteleg bygningshistorie, men interiøret fekk sin noverande utsjånad ved ein hovudreparasjon i 1915–16. Dei lukka kyrkjestolane blei da skifta ut med opne benkar og den gamle alttavla kom på plass att etter 42 års tilvære på tårnloftet. Kyrkja blei måla på nytt til 200-årsjubileet i 1997.



Kyrkja var opphavleg ei rektangelkyrkje der kor og skip gjekk i eitt. Koret blei bygd til i 1872/74 og skipet utvida med det tidlegare korområdet. Den gamle altertavla blei da sett på loftet og erstatta med eit oljetrykk.

ombygging, men høveleg tid til å flytte brukande inventar over frå den gamle kyrkja til den nye og gjere ho klar til vigsling. Både altertavla, preikestolen og døypefonten fekk vere med over i nykyrkja (Myskja, 1987).

Seinare endringar

Kyrkja frå 1797 var ei langkyrkje i tømmer med rektangelplan, det vil seie utan eige kortilbygg. Men i 1872 og 1874 blei det gjennomført ei omfattande ombygging. Arkitekt for arbeidet, og kan hende byggmeister, var Friederich Spolert frå Molde. Det blei bygd ny grunnmur og lagt nytt golv og nytt kor og sakristi blei tilbygd mot aust. Galleriet skriv seg også frå denne ombygginga. Utvendig blei det gamle taket skifta, takryttaren riven og nytt tårn med våpenhus bygd til i vest. Med dette fekk kyrkja i hovudsak den utsjånaden ho har i dag. Den einaste ytre endringa er tilbygging av eit lite dåpssakristi på nordsida av koret i 1960.

I 1861 fekk kyrkjeeigarane kommunestyret til å «forestaa og bestyre Kirkens anliggender». I 1902 blei kyrkja «med tilliggende inntekter» overdratt til kyrkjelyden, og i 1904 tok kommunen over det fulle ansvaret for kyrkja.

Kyrkja fekk ein ny hovudreparasjon i 1915–

16. Dei gamle, lukka kyrkjestolane med påmåla matrikkel og namn blei fjerna, og nye benkar – dei noverande – kom i staden. Den gamle altertavla kom på plass att etter 42 års tilvære på tårnloftet, og både tavla, preikestolen og døypefonten blei restaurerte av kunstnaren Ragnvald Einbu frå Lesja. Truleg var det da tømmerveggane blei kledde med måla brystpanel nedst og måla fiberplater ovafor. Kyrkja blei måla på nytt innvendig til 200-årsjubileet i 1997. Tårnet og resten av kyrkja blei måla på 2000-talet.

Kyrkja har fått mange gåver gjennom åra, både frå privatpersonar og lokale foreiningar og lag. Det gjeld mellom anna kyrkjeskipet, brudestolane, katedralglasa i koret og lysekrona.

Kunst og inventar

Altertavle: Barokkaltertavle i tre frå 1660 med utskorne og måla figurar. Kunstnaren er ukjent, men kan vere den same som laga altertavla i Haram kyrkje 1670. I 1874 blei tavla teken ned og lagt på loftet. I staden kom det eit oljetrykk i forgyllt ramme av «Jesus som viser naglegapa i hendene»; det heng no i tårnrommet. I 1916 blei den gamle tavla restaurert av Ragnvald Einbu frå Lesja og sett tilbake på alteret.



Altartavla er frå 1660. Kunstnaren er ukjent. Oppbygginga følgjer det vanlege skjemaet frå 1600-talet med skildring av nattverden lengst nede, korsfestinga i midten og oppstoda på toppen. Sidefeltet i midthøgda viser Den gamle pakt med Moses og Aron. Tredje høgda viser Den nye pakt med dei fire evangelistane. Initialane mellom andre og tredje høgda fortel at tavla truleg var ei gåve frå romsdalsfuten Ivar Andersson og kona Anna Ludvigsdatter Munthe på Gjermundnes. Dei gav også eit antependium til kyrkja i 1677, som truleg avløyste Eids-antemensalet. Antependiet er deponert på Norsk Folkemuseum i Oslo.



Bildet viser ein detalj av nattverden nedst på altertavla. Målaren har «signert» med følgjande tekst: «Audun Maalman Maler: ANNO 1751».

Alterutstyr: Sølvkalk frå 1660-åra gjeve av «sølvfogden» Ivar Andersson og kona Anna. Innskrift: Foreret til Edsbøgd kierce». Dei same gjevarane gav også altertavla og eit antependium. Sistnemnde er på Norsk Folkemuseum.

Preikestol: Åttekanta barokkpreikestol i tre frå 1668. Restaurert 1916 av Ragnvald Einbu.

Døypefont: Sekskanta døypefont frå Lesja; under fonten står årstalet 1519. Restaurert 1916 av Ragnvald Einbu. Over fonten heng ei forgylt due, laga i 1960-åra av treskjerar Aston Alnæs, Verma.

Alterdukar: Hardangersaumsduk med kors og kalk, laga av Kristine Hatle, 1986.

Anna inventar: Lysekrone, 1868. To brudestolar, gjeve av Eidsbygda Husmorlag, 1954.

Orgel: Mekanisk pipeorgel i neo-klassisk stil frå Vestres Orgel & Pianofabrikk, Haramsøya, 1959.

Kyrkjeklokker: Ei gamal klokke som ikkje lenger er i bruk med innskrift: «EIDE KIERKES KLOKKE AO 1751» og «storklokka» frå O. Olsen Klokkestøperi, Nauen, med innskrift: «KOM TIL GUDS HUS. EIDSBYGD KLOKKA. ANNO 1947.»

Minnesmerke: På kyrkjegarden står ein minnestein over korporal Eilif Rødven (1906–45) i *Norske brigade* som omkom i teneste ved Bodø i juni 1945.



Døypefonten kom til Eid kyrkje frå Lesja og er truleg det eldste inventaret i kyrkja. Under fonten er det skrive 1519. Både døypefonten, preikestolen og altertavla blei restaurerte i 1915/16 av kunstnaren Ragnvald Einbu frå Lesja.



Preikestolen er frå 1668. Opphavsmannen er ukjent, men stolen kan ha vore gjeve av dei same som gav altertavla.



Kyrkja har ein samansett stil, med element frå både 1700-, 1800- og tidleg 1900-tal.



Gallerifronten er utstyrt med kongemonogrammet til Christian 7. (konge 1766–1808), flankert av to løver væpna med krumskafte økser. Orgelet er frå Vestres Orgel & Pianofabrikk, Haramsøya, 1959.



Kyrkjeskipet er laga i 1963 av Erling Rangnes, Molde. Skipet er ei g ve fr  Indre Eid Bondekvinnelag.



Ved inngangsd ra heng den gamle «fattigblokka», ei b sse der ein kunne legge pengeg ver til dei fattige. Utforminga tyder p  at ho er laga p  1700-talet.

Dei utskorne brudestolane er ei g ve fr  Eidsbygda Husmorlag.

Krutlager i gravkjellaren

P  1700-talet var det ekserserplass ved Eid kyrkje. Da sokneprest Jonas J. Schanke kom for   halde gudsteneste der i ein julidag i 1769, fann han ein soldat p  vakt oppe i koret. Da presten lurte p  kva dette skulle bety, svarte soldaten at han var beordra til   st  vakt for   hindre at det blei brukt lys i kyrkja, og at ingen fekk lov til   g  over lemmen som f rte ned til gravkammeret. Det viste seg at ein offiser, truleg kaptein Rappe, hadde f rt nokre «Centner Krudt» ned i gravkjellaren og sidan forseгла lemmen som f rte ned dit. Tilgangen til alteret var dermed sperra, og presten m tte i staden halde gudstenesta i kyrkjeverja sitt hus like ved (Aasen, 2009). 1 centner = 50 kilo (100 pund).

Mobiliseringsvarsel fr  kyrkjet rnet

I tida f r det fanst telefon, radio og fjernsyn var kyrkjene ogs  eit nervesenter for det sivile livet i bygdene. Kyrjeklokkene blei brukte til   varsle dersom noko ekstra var p  ferde, og fr  kyrkjebakken blei meldingar fr  styresmaktene lesne opp. Her stod som regel ogs  gapestokken.

I t rnet i Eid kyrkje ligg det eit stort, raudt flagg festa til ei lang, solid trestong. Var det ufred, blei det raudt flagget hengt ut gjennom t rnvindauget, det betydde mobilisering. Da m tte alle vernepliktige if re seg full krigsmundur og m te p  mobiliseringsstaden. Under dei spente dagane i 1905 sov dei vernepliktige heime i fullt krigsutstyr. S  snart det lysna av dag m tte dei bort i vindauget for   sj  om mobiliseringsflagget var kome opp (Klungnes, 1997).



Bildet viser kopien av middelalderantemensalet som heng på nordveggen i kyrkja. Motiva må lesast ovanfrå, frå venstre mot høgre: 1) Inntoget i Jerusalem. 2) Nattverden. 3) Judas' kyss. 4) Kristus blir spotta. 5) Hudflettinga. 6) Kristus ber korset. 7) Korsfestinga. 8) Nedtakinga frå korset. 9) Kvinnene ved grava. 10) Nedferda til dødsriket. 11) Oppstoda. 12) Himmelferda.

Middelalderantemensalet frå Eid kyrkje

Den gamle stavkyrkja i Eid hadde eit antemensalet (alterforstykke) tidfesta til ca. 1275 eller noko seinare. Måla er 135x95 cm. Eit antemensale skildrar som regel ei bibelsk eller kyrkjehistorisk hending. Det spesielle med Eids-antemensalet er at det framstiller heile tolv hendingar frå Jesu liv, konsentrert om påska, frå palmesøndag til himmelfarten.

I ei tid der folk ikkje kunne lese, var slike framstillingar eit viktig hjelpemiddel i forkynninga.

Antemensalet er rekna som eit av dei betydelege kunstverka frå norsk middelalder. Harry Fett (1911) meiner at vi her står overfor ein typisk

høggotisk glasmålerikomposisjon, der vi kan sjå att noko av glasmåleria i Domkyrkja i Trondheim. Han trur kunstnaren må stamme frå Bergen, men ha hatt sitt hovudvirke knytt til reisinga av Nidaroskatedralen. Fett konkluderer med at «i norsk kunst vil han stå som en av de store komposisjonsbegavelser». Samanlikna med Olavs-antemensalet i Nidarosdomen uttaler han at «Eids-antemensalet er dog rikere.»

Antemensalet blei gjeve eller seld til Bergen Museum av sokneprest Edvard Kraft i 1848. Det var da i dårleg forfatning, men er seinare restaurert (Fett, 1917). Kyrkja har ein nøyaktig kopi som heng på nordveggen i kyrkjeskipet.



Holm kyrkje ligg høgt og fritt i sørhallinga opp frå Langfjorden. Ho er søsterkyrkje med Veøykyrkja på Søsnes og ein av dei få i drakestil; ein type sveitserstil med innslag av norrøne motiv, som blei utvikla på slutten av 1800-talet.

Holm kyrkje

Frå Veøy til Holm

Den Plads vor gamle ærværdige Veø Kyrkje har faaet paa en Ø med en eneste Beboer, Presten, er, efterhaanden som Folkemængden har forøget sig, og Landeveie er blevne oparbeidede, mer og mer erkjendt for at være unaturlig, især for de langst-bortliggende Dele af Sognet.

Sitatet er henta frå eit brev som gardbrukarane på Mittet og Holm («Sørstranda») skreiv til Kongen i 1868, der dei bad om å bli skilt frå hovudsoknet og få si eiga kyrkje. Dei viste til at sjøvegen til Veøya var lang og hard, og at størstedelen av bygdefoket ikkje kom seg til kyrkje «i det hele Halvaar» (Langnes, 2007).

Men det var ikkje berre på Sørstranda at folk klaga si naud over kyrkjevegen. Mest frå heile prestegjeldet kom det stadige utspel om at kyrkjestellet i Veøy var modent for ei nyordning. Den første endringa kom da Vågstranda fekk si eiga kyrkje i 1870. I 1872 kom det eit framlegg frå Rødven sokn om å opprette eit nytt kyrkjesokn frå Mittet til

Holmemstranda, der Alfarnes (Åfarnes) var peika ut som den mest lagelege kyrkjestaden. Liknande forslag var oppe i kommunestyret både i 1874 og i 1890. I 1890-åra blei kyrkjesøkinga til Veøy stadig dårlegare, og både kyrkjelege og verdslege styresmakter innsåg at tida var inne for å handle. Men korleis skulle den nye soknedeling vere, og kvar skulle dei nye kyrkjene ligge? Spørsmåla førte til ein opprivande kamp mellom bygdene, der alle på ulike vis argumenterte for å få kyrkja så nær seg som mogeleg. Både kapell i Mittetdalen og kyrkje på Slemmen var inne i bildet, men ettersom debatten drog seg til, segla Holm opp som den mest aktuelle kyrkjestaden. Soknepresten skreiv i 1896

Holm kyrkje

Type: Langkyrkje med basilikaform i lafta plank

Arkitekt: Karl M. Norum.

Byggmeister: Erik P. Sylte, Tresfjord

Vigsla: 1907

Tal sitteplassar: 220. Opphavleg 250.

Liturgisk målform: Nynorsk

at: *Der er dog omtrent Enstemmighed for ligefra Mittetdalen til Herje, at kirken legges paa Holm.*

Byggeprosessen

For Sørstranda sitt vedkomande blei saka avgjort ved kgl.res. 14.5.1901, der det blei bestemt at det skulle opprettast eit nytt sokn for Sørstranda og Rødven. Holm skulle vere hovudsokn med soknekyrkje på Holm, og Rødven skulle vere annekssokn med nytt kapell i Rødvendalen. Mange, særleg i Rødven, protesterte og ville ha endra resolusjonen, men vedtaket blei ståande og soknedeinga gjort gjeldande frå 1. januar 1906. Folketalet i dei nye Veøy-sokna (1905) vart: Veøy sokn 831, Holm sokn (med Rødven) 1128 og Vågstranda sokn 486 personar.

Vedtaket innebar at det skulle byggast nye kyrkjebygg både på Sølsnes, Holm og i Rødven, og første skritt var å skaffe teikningar. Allereie i 1890-åra hadde oppsittarane på Mittet og Holm fått låne kyrkjeteikningar frå departementet, men da ein runda hundreårsskiftet blei det snakk om både nye stilval og nye arkitektar. Da Veøy soknestyre møttest i mai 1902, blei det bestemt at kyrkjene på Sølsnes og Holm skulle byggast som søsterkyrkjer etter dei same teikningane. Mot slutten av året var det oppretta kontakt med arkitekt Karl



Vestfasaden har fleire norrøne motiv som er typiske for drakestilen: Masker på bjelke-endane, dørbeslag forma som vikingskip, drakehovud på gavlane og søyler med norrøne kapitél.



Kyrkja er forma som ein treskipa basilika med høgt midtrom og lågare sideskip. Det romanske forbildet kjem mellom anna til uttrykk i den runde bogen over koropninga, bogegangen bak alteret og søylegangane mot sideskipa. Sideskipa og gangen bak alteret kan også gi assosiasjonar til stavkyrkjene sine svalgangar. Den lyse og friske fargesettinga skriv seg frå ei restaurering i 1962.



Preikestolen har åttekantform og er original frå 1907.

Den åttekanta døypefonten er frå 1907.



Lesepulten er frå 2003, men utført i same stil som kyrkja.



Kyrkja har fire like brudestolar. To er laga av Paul Mittet i 1943 og to av sonen Peder Oddvar Mittet i 1999.

T.h. Alterbildet med motiv «Det er fuldbragt» er måla av Emanuel Vigeland, 1907. Sjølve altertavla og skissa til alterbildet blei teikna av arkitekt Norum i 1903.



DET ER FULD BRIGT.
TOE 30.



Norum i Trondheim, og allereie i januar 1903 kunne han legge fram skisser som viste korleis han såg for seg dei to kyrkjene. Med nokre mindre endringar godkjende soknestyret teikningane i juni same år, og departementet gav si godkjenning året etter. Fullstendige arbeidsteikningar blei utarbeidde i 1906.

Ein lokal komité hadde allereie i 1892 sett ut plassen for ny kyrkje og kyrkjegard på Holm. Kyrkja skulle byggast på ei godt eksponert tomt like ovanfor bygdevegen, medan kyrkjegarden skulle ligge om lag 100 meter lenger nordaust, nedanfor bygdevegen, der det var god kyrkjegardsjord. Kjøpeavtalane blei godkjende av Holm soknestyre i februar 1906.

I det første møtet i nye Holm sokn, 3. januar 1906, blei det vald ein byggekomité som skulle ha ansvar for oppføringa av både Holm kyrkje og Rødven kapell. Og no gjekk prosessen fort. Teikningane var klare og godkjende slik at anbodet kunne lysast ut straks. Allereie på neste møte, i februar, låg tilboda føre, og for Holm kyrkje blei Henrik Misfjord tildelt oppdraget med murarbeidet og Erik P. Sylte, Tresfjord, arbeidet med sjølve kyrkja. Byggmeister Anton Nerheim skulle vere byggeleiar og Magnus Holm utføre smedarbeidet. Materialane blei leverte av Langseth sagbruk på Mittet. Ei opplysning kan tyde på at kyrkja blei produsert som byggesett på «ferdighusfabrikken» til Jakob Digre i Trondheim, der også arkitekt Norum arbeidde. I alle høve ser det ut til at bygginga gjekk greit framover, sjølv om konstruksjonen ikkje var den enklaste.

Medan byggearbeidet gjekk sin gang, jobba byggekomitéen med innkjøp av ymse inventar som lysekroner, klokker, altertavle og liturgisk utstyr. Sommaren 1907 var kyrkja ferdig, og torsdag 22. august blei ho vigsla av nidarosbiskop Vilhelm Andreas Wexelsen.

Noko av det mest særmerkte med kyrkja er den rike ornamenteringa med utskorne masker, bordar og annan treskurd i norrøn stil. Motiva er teikna av arkitekt Norum, men utført av den da 18-årige Anthon Røvik som sidan blei ein av Norges mest framstående bildeskjerarar.



Vindaugene med glasmosaikk på fondveggen er utført i tidstypisk stil, men gir også assosiasjonar til romerske katedralvindauger med blyglas.





Basilikaforma gir eit stort og ope kyrkjerom med mykje dagslys. Dei opne benkeryggane gir interiøret eit lett preg – men mindre god sittekomfort. Messinglysekrona frå 1907 kombinerer barokkform med drakestilssornament, og er lik lysekrona i Rødven kyrkje.

Form og stil

Holm kyrkje er bygd som ein treskipa basilika av lafta plank med utvendig panel, i drakestil og med 250 sitteplassar. Drakestilen var eit arkitektonisk formspråk som blei utvikla i Norge på slutten av 1800-talet og som skulle uttrykke nasjonal eigenart og sjølvstende. Stilen er ein variant av sveitserstilen, men med innslag av norrøne motiv, og blei brukt bevisst i nasjonsbygginga fram mot frigjeringa i 1905.

Kyrkja gir assosiasjonar til stavkyrkjene, der dei låge sideskipa og gangen bak koret minner om svalgangar, og tårnet er erstatta av ein takryttar. Mønekjølane er forma som «drakeryggar» med drakehovud og kors på endane, og ytterveggane er måla i tidstypisk raud og kvit farge. I interiøret finn ein att det romanske bogemotivet i koropninga, opningane mot sideskipa, i takverket og i vindauga. Det mest særleine er det store innslaget av utskorne masker, siksakk-bordar og andre norrøne motiv som prydar bjelkeendar, søyler, kapitel og listverk. Motiva er teikna av arkitekt Norum, men utført av den da 18-årige Anthon Røvik som blei ein av dei største bildeskjerarane i Norge på 1900-talet.

Seinare endringar

Det er nesten ikkje gjort bygningsmessige endringar med kyrkja sidan ho var ny, men i 1962 blei det gjennomført ei innvendig oppussing. Det opphavleg litt mørke og dystre interiøret fekk ei friskare og lysare fargesetting. Sideskipa og koret fekk grå veggfarge, med lysare grå som kontrastfarge på vindauga. I hovudskipet blei benkane, bogekonstruksjonane og søylene, strekkfiskane, takfagverket og rammeverket i galleribrystninga måla grå. Veggflata i øvre del av midtskipet blei måla lys blågrøn. Orgelhus, preikestol og altertavle fekk også grå hovudfarge, men med kontrasterande fargar i lys blågrøn, mønjefarge, svart og gullbronse på ornament og dekor (Sylthe, 2007). Kyrkja blei måla utvendig i 2017.

Kunst og inventar

Altertavle: «Jesus på korset» måla av Emanuel Vigeland, 1907.

Alterutstyr: To lysestakar med drakeornamentikk. Sjuarma lysestake.

Preikestol: Åttekanta i tre frå 1907.

Døypefont: Åttekanta i tre frå 1907.

Alterdukar: 1. Filert duk med kors, kalk og aks,



Orgelet er levert av Vestres Orgel & Pianofabrikk, 1978.

laga av Ågot Svanemyr f. Herje til kyrkjevigslinga i 1907. 2. Duk hekla av Klara Holm, 1982.

Anna inventar: To brudestolar laga av Paul Mittet, 1943, og to laga av sonen Peder Oddvar Mittet, 1999. Lese pulp, 2003.

Orgel: Det første orgelet stod klart til vigslinga i 1907, eit pipeorgel med 7 stemmer, 1 manual og pedal frå Adolf Fosnæs. Dagens orgel er eit mekanisk pipeorgel med 9 stemmer, 2 manualar og pedal frå Vestres Orgel & Pianofabrikk, Haramsøya, 1978. Kyrkja har i tillegg elektronisk flygel frå 2020.

Kyrkjeklokker: To klokker, begge med innskrift «HOLMS KIRKE 1907.» og «O. OLSEN & SØNS KLOKKESTØBERI NAUEN PR. TØNSBERG». På storklokka står dessutan: «LAND! LAND! LAND! HØR HERRENS ORD! JEREM. 22, 29.» og på den mindre klokka: «MESTEREN ER HER OG KALDER PAA DIG. JOHS. EVG. 11, 28.»

Minnesmerke: Ved kyrkja er det reist ein bauta til «MINNE UM DEI FRAA HOLM KRINS SOM VAR MED OG VARDE LAND OG FOLK 1808–14». Steinen er reist av Holm ungdomslag og avduka 17. mai 1914.



Den første kyrkjegarden på Holm blei lagd om lag 100 meter nordaust for kyrkja der det var god kyrkjegardsjord. Plassen er framleis i bruk. Gravplassen kring kyrkja blei teken i bruk kring 1935. Foto: MIM.

Rødven kyrkje

Planar om ny kyrkje

Rødven var eit av dei gamle anneksokna i Veøy prestegjeld, med stavkyrkja i Røvdendalen som soknekyrkje. Dette var særleg tungvint for oppsittarane på Holmemstranda, som måtte fare over fjorden for å kome til kyrkje. Ny soknedeling i Veøy hadde vore tema heilt frå midten av 1800-talet, og Rødven sokn sin eksistens var truga frå fleire kantar. Dessutan måtte noko gjerast med kyrkja, som var gamal og falleferdig.

Det første utspelet kom frå gardbrukarane på Holmemstranda, som i 1844 foreslo å legge ned den gamle stavkyrkja og sette opp ei ny kyrkje for Rødven sokn på Holmemstranda. I 1868 kom 23 bønder i soknet saman og drøfta mogelege alternativ. Helst ville dei behalde soknet slik det var, men dei kunne også gå med på å bli slege saman med Eid sokn, dersom Eid blei lagt under Veøy prestegjeld. Men dersom Eidskyrkja blei flytta til Straume eller Lerheim, ville fleirtalet heller ha ei kyrkje på Åfarnes, medan mindretalet kunne godta ei kyrkje i Eidsbygda. Åfarnes var møtepunktet mellom Holmemstranda og Sørstranda, og var lenge inne i diskusjonen som ny kyrkjestad. Men

Rødven kyrkje

Type: Langkyrkje med basilikaform av lafta plank

Arkitekt: Jens Z. M. Kielland.

Byggmeister: Erik P. Sylte, Tresfjord

Vigsla: 1907

Tal sitteplassar: 120. Opphavleg 160.

Liturgisk målform: Nynorsk

utover i 1890-åra blei det klart at Holm var den mest aktuelle kyrkjestaden for Sørstranda.

Kva skulle så skje med Rødven? I 1896 skreiv oppsittarane til Kyrkjedepartementet at den gamle kyrkja ikkje berre var for dårleg, men også for lita. Ho hadde berre 80 sitteplassar og 30 ståplassar, medan kyrkjelova kravde 157 sitteplassar.

I mars 1899 gjekk Veøy kommunestyre inn for å slå saman Sørstranda og Rødven til eit nytt sokn med hovudkyrkje på Holm, og gjere Rødven til anneksokn med nytt kapell i Rødven. Allereie i april sende oppsittarane i Røvdendalen eit protestskriv til Stiftsdireksjonen der dei bad om å få halde fram som eige sokn – med eller utan Holmemstranda. Særleg svei det at det fleire hundre år



Rødven «nye» kyrkje ligg om lag 40 meter nord for stavkyrkja og har sjølv stavkyrkjeinspirerte former. Kyrkja har ikkje eigen gravplass, men nyttar den gamle kyrkjegarden kring stavkyrkja.



Kyrkja er orientert med lengdeaksen nord-sør slik at inngangen peikar mot stavkyrkja. På fine dagar kan ein sjå ein stor K i skifertekkinga på tårnet. Dette seiast å vere eit «ettermæle» etter Knut S. Rødven som hadde seld kyrkjetomta og som var oppsynsmann under bygginga. Takleggaren meinte kanskje at Knut var vel nidkjær i tenesta, og «æra» han med denne K-en. Kjelde: Sæbø I., 2012.

gamle soknet skulle nedgraderast til kapelldistrikt og at nykyrkja skulle heite kapell. Dei var redde for å misse råderett over eigne saker og «i heldigste Fald være givet Vilkaarligheden i Vold». Men kommunestyret sitt vedtak blei stadfesta gjennom kgl.res. 14.5.1901, og den nye soknedelinga sett i verk frå 1. januar 1906 (Langnes, 2007).

Byggeprosessen

I møte med Rødven soknestyre 17. desember 1902 overdrog kyrkjeieigarane den gamle stavkyrkja med inventar og tilhøyrande verdiar til soknet, i samsvar med kyrkjelova av 1897. Soknestyret meinte desse verdiane ville vere tilstrekkelege til å oppføre ei ny kyrkje, samt vedlikehalde kyrkja og kyrkjegardane i Rødven og på Holmemstranda. Samtidig tok dei atterhald om ikkje å bli belasta med utgifter til bygging av den nye kyrkja på Holm. Soknestyret ville ha ei rask løysing av kyrkjesaka og bad ordføraren hente inn teiknin-



Den fint utforma inngangsportalen med svalgang på sidene minner om stavkyrkjene og er eit typisk døme på drakestilen.

gar som kunne gi idear om storleik og form på det nye gudshuset.

Somme meinte at ein heller burde restaurere den gamle stavkyrkja enn å bygge ny kyrkje, og Fortidsminneforeningen hadde uttalt seg positivt til dette. Men etter at arkitekt Kielland frå Bergen hadde undersøkt kyrkja og kome til at denne løysinga ikkje var å tilrå, snudde Fortidsminneforeningen. På eit møte i januar 1904 blir det kjent at soknestyret har kome til semje med arkitekt Kielland om teikningar til eit nytt kapell, på vilkår av at kapasiteten blir auka frå 150 til 160 sitteplassar. Stilvalet var dei elles samde om, og at kyrkja skulle byggast i lafteverk.

Noko av det siste Rødven soknestyre gjorde, på møte 20. november 1905, var å vedta tomt for det nye kapellet. Dei landa på ei plassering om lag 40 meter nord for stavkyrkja, og slik at kyrkja blei orientert nord-sør. Den gamle kyrkjegarden ved stavkyrkja skulle framleis nyttast.



Rødven kyrkje har mange fellestrekk med kyrkjene på Holm og Søsnes, både i form og utsmykking. Spesielt for Rødven er dei kraftige frisene over korbogen og på langveggane i skipet.



Altartavla, som er ein komposisjon i nybarokk stil, er eit tidleg arbeid av kyrkjekunstnaren Emanuel Vigeland. Midtfeltet viser «Jesus med engelen i Getsemane», medan sidefelta har utskorne friser med nattverdsymbol i form av druerankar og kornaks. På toppen er treeininga illustrert med symbol for Guds auge og vernande hand, ei due som symbol på Den heilage ande og Guds lam («Agnus dei») med kors til venstre og sigersfane til høgre som symbol på Kristus.



Alterbildet med stilisert Getsemane-motiv av Emanuel Vigeland.



Den åttekanta døypefonten er original frå 1907. Foto: Johnny G. Vågen/Kyrkjebyggdatabasen.

På det første møtet i nye Holm soknestyre, 3. januar 1906, blei det valt felles byggekommité for oppføring av Holm kyrkje og Rødven kapell. Teikningane var ferdig godkjende, slik at anboda kunne lysast ut straks. Allereie på neste møte, i februar, blei det vedteke å gi oppdraget med tomtearbeid og grunnmur til Hans Sletten og for begge kyrkjebygga til Erik P. Sylte, Tresfjord. Soknestyret hadde også ansvar for å skaffe inventar og vedtok at kyrkjebygga skulle få kvar si lysekrona, to lysestakar, dåpsfat og kanna, kalk og disk. Vidare søkte dei om å få flytte den minst klokka i stavkyrkja over til nykyrkja. Departementet av slo dette ettersom Fortidsminneforeningen skulle overta stavkyrkja med alt inventar, men dei må likevel ha kome til ei semje, for klokka blei flytta. Kapellet blei vigsla av nidarosbiskop Vilhelm Andreas Wexelsen 23. august 1907.

Form og stil

Rødven kapell er ei langkyrkje med sideskip (basilikaform), bygd i drakestil av lafta plank, til liks med dei samtidige kyrkjene på Søsnes og Holm. Dette pregar både den ytre utforminga og ornamentikken. Forma minner om stavkyrkjene med sine svalgangar, i dette tilfellet som sideskip på langsiden og opne svalgangar langs kortfasadane, slik at dei låge taka ligg som ein krans kring heile bygget. Tårnet er forma som ein takryttar



Preikestolen med lydhyggelen er frå 1907. Sidefeltene er dekorerte med symbola for dei fire evangelistane.

over hovudinngangen, med ei relativt enkel, høg og slank tårnhette. Utvendig og innvendig er kyrkja dekorert med kjende norrøne og kristne motiv, mellom anna solkors, men ornamenteringa er etter måten enkel samanlikna med Søsnes og Holm. Benkane skil seg ut med rik detaljering og ei livleg øvre avslutning av vaneane. Korbogen og øvre del av langveggane i hovudskipet er dekorerte med ei brei, måla frise. Innvendige flater står fram som originale, med oljebeis på veggane og grøne og raudbrune fargar på inventar og ornament. Utvendig er kyrkja panelt og måla i dei typiske fargane kring 1905: raudt staffert med grønt og kvitt (Eldal & Havran, 2002) (Sylthe, 2007).

Seinare endringar

Sidan kyrkja var ny, er det knapt gjort synlege endringar utover vanleg vedlikehald. I 1934 blei det bygd nye og høgare piper, visstnok i samsvar med dei opphavlege teikningane, og i 1960 blei golvet retta opp, isolert og slipt, med ombruk av dei opphavlege golvborda.

Etter ny kyrkjelov i 1997 kunne kapellet endeleg kalle seg kyrkje, og sidan 2006 har ho vore eit av fire kyrkjebygg – stavkyrkja medrekna – i det samanslegne *Eid og Holm sokn*. Tanken om samanslåing var ikkje heilt ny; allereie i 1918 gjorde nokre oppsittarar i Veøy framlegg om å innlemme Eid sokn i Veøy prestegjeld.



Glasmosaikken er utført av Emanuel Vigeland. Vigeland er spesielt kjend – og anerkjend – for sine måleri, freskar og glasmåleri til kyrkjer. Foto: Johnny G. Vågen/Kyrkjebyggdatabasen.



Messinglysekrona er original frå 1907 og kombinerer barokkform med drakestilsornament. Ei heilt lik lysekrona heng i Holm kyrkje.



Kyrkja har fire like brudestolar. To er laga av Paul Mittet truleg i 1940-åra og to av sonen Peder Oddvar Mittet sist på 1900-talet. Foto: Torild Granhaug/Kyrkjebyggdatabasen.

Kunst og inventar

Altertavla: Tavla er ein komposisjon i nybarokk stil av Emanuel Vigeland. Midtfeltet er eit måleri av «Jesus med engelen i Getsemane», medan si-

defelta har utskorne friser med nattverdsymbol: vindruerankar og kornaks.

Alterutstyr: Lysestakar, kalk og disk frå 1907. Stor alterkalk frå Veøy kyrkje, 1802.

Preikestol: Sekskanta preikestol med lydhimmel i tre frå 1907.

Døypefont: Åttekanta døypefont i tre frå 1907.

Alterduk: Linduk i svartsaum med kors og kristusmonogram, laga av Inga Hunnes, 1969.

Messehaklar:


Anna inventar: Glasmåleri av Emanuel Vigeland, 1907. Fire brudestolar skorne av Paul og Peder Oddvar Mittet.

Orgel: Det første instrumentet var eit harmonium frå 1930-åra, som i dag er oppbevart i Rødven museum. Dagens orgel frå 1983 er eit mekanisk pipeorgel med 5 stemmer, 1 manual og pedal frå Grimsmo Industri AS.

Kyrkjeklokke: Klokka var opphavleg laga til stavkyrkja, men blei flytta til nykyrkja i 1907. Innskrift: MARIA STØBT JESUM TIL ÆRE OG RØDVEN KIRKE TIL PRYDELSE I AARET 1846 AF O. OLSEN PAA NAUEN GAARD VED TØNSBERG».



Eit av dei særmerkte elementa i kyrkja er benkane med si rike detaljutforming og si livlege øvre avslutning av vangane. Grønt og raudt var populære nasjonalromantiske fargar kring 1905, og interiøret har behalde si opphavlege fargesetting.



Orgelet er levert av Grimsmo Industri, 1983.



Rødven stavkyrkje sett frå vest med fjorden i bakgrunnen. Skipet er truleg frå 1300-talet og koret frå tidleg 1600-tal. Dei seks skordene som går frå bakken og opp under taksjeggjet på tre sider har følgd kyrkja så lenge det er skriftlege kjelder.

Rødven stavkyrkje

Paa et af de yndigste punkter i Romsdalen, ved en lys birkeli ved en blinkende elv et stykke op fra fjorden, løfter en kirke sit spir over trætoppene, det er Rødven kirke. Slik skildrar professor Lorentz Dietrichson sitt møte med kyrkja på slutten av 1800-talet (Dietrichson, 1892).

Stavkyrkjekonstruksjonen

Rødven stavkyrkje er den einaste attståande stavkyrkja i Romsdal. Slik ho står i dag, med bordkled-

de veggjar og teglstein på taket, ser ho mest ut som ei tømmerkyrkje frå 16–1700-talet. Men sjølv om kyrkja har vore endra fleire gonger, har både skip og kor behalde sin originale stavkonstruksjon. Den berande konstruksjonen består av kraftige stolpar (stavar) som er kløfta nedantil og rid over

Rødven stavkyrkje


Type: Stavkyrkje

Tal sitteplassar: 80. Opphavleg 100.

Vigsla: Ca. 1300



Kyrkja frå nord-aust med kyrkjegarden i bakgrunnen.



Teikninga øvst viser eit snitt gjennom koret og korskiljet med dei to stavane som markerer det eldste koret, oppmålt av H. Christie, 1963. Teikninga nedst viser grunnplanet i kyrkja, målt opp av arkitekt Daniel Dahl, 1990. Kjelde: H. Christie: Rødven stavkyrkje, 1979.

høge grunnsvillar (syllstokkar). Dei øvre endane av stolpane er også kløfta og gir feste for bjelkane (stavlegjene) som ber takstolen. Syllstokkane, stavane og stavlegjene dannar firkanta veggrammer som er utfylte med ståande plankar (tiler). Tilene

blir haldne på plass av langsgåande spor (nóter) som er hogne inn i dei fire rammedelane. Rødvenkyrkja høyrer til den såkalla Møretypen, til liks med stavkyrkjene på Kvernes og Grip. Det karakteristiske med denne typen er at han har mellomstavar i langveggane, og takbjelkar (beter) tvers over skipet i høgd med stavlegjene. Byggemåten viser slektskap med grindkonstruksjonar ein kan finne i gamle naust og uthus på Vestlandet. Dei høge veggane og det bratte røstet gjer konstruksjonen noko ustabil, eit problem som på dei fleste Mørekyrkjene er løyst med utvendige støttestavar (skorder). Om skordene var ein del av den opphavlege konstruksjonen eller eit botemiddel for å oppretthalde stabiliteten når svalgangane blei fjerna, er framleis uklårt (Langnes, 2004; Anker og Havran, 2002).

Kyrkja i middelalderen

Vi veit ikkje sikkert når kyrkja blei bygd, men bak ytterpanelet i skipet finn vi restar av to portalar som har gjeve stavkyrkjegranskarane nokre haldepunkt for datering. Sørportalen er ulik alle andre kjende stavkyrkjeportalar, den har utskorne plantemotiv med gotiske stiltrekk som gjer det rimeleg å datere han til tida kring år 1300. Mesteparten av materialane i skipet ser også ut til å vere laga på den tida. Kyrkjeveggane har enkle innskrifter, men heller ikkje desse kan gi sikre opplysningar om når kyrkja blei bygd. Ei avskoren veggtiler med latinske bokstavar fortel at kyrkja blei innvigd på festdagen til den irske helgenen St. Gallus, den 16. oktober, men årstalet får vi ikkje vite.

Nordportalen har pilastrar med romanske detaljar skore i flatt relieff, som fører oss attende til 1100-talet. Nokre av veggtilene synest også å vere frå denne tida og kan, saman med portalen, vere henta frå ei eldre stavkyrkja på same stad. Denne teorien har støtte i arkeologiske utgravningar under kyrkja der det blant mykje anna blei funne ein mynt frå slutten av 1100-talet.

Det opphavlege koret kan vere bygd kring år 1250. Det var om lag tre meter smalare enn i dag, og blei bygd ut frå dei to indre stavane i korveggen. Desse stavane har framleis spor (nóter) etter veggtilene i korveggane.

Kyrkja etter reformasjonen

Kyrkja er første gong nemnt i eit dokument frå 1547. I Trondhjems reformats av 1589 er kyrkja omtala som anneks under Veøy hovudsokn, og



Interiøret er prega av element frå ulike epokar av kyrkja si historie. Korskiljet er truleg reist samtidig med koret tidleg på 1600-talet, men med element frå det gamle korskiljet. Preikestolen er laga av Hans Knudsen frå Molde i 1712 og dekorert i 1772.

blir betent av prestane på Vøya. Det er bevart ei lang rekke skriftlege kjelder i form av rekneskappar og synfaringssrapportar som gjer at vi kan følgje bygningshistoria frå 1600-talet fram til i dag. Kjeldene vitnar om ein uendeleg kamp mot råte og forfall, men her skal vi berre nemne nokre av dei hendingane som gradvis har ført fram til den kyrkja vi har i dag.

Svalgangane, som vi framleis kan sjå spor etter, blei rivne ein gong før år 1600. Det er rimeleg å tru at skordene blei sette opp for å erstatte svalgangane sin støttefunksjon, men dei kan også ha høyrte til den opphavlege konstruksjonen. Sjølv om stokkane er skifta ut fleire gonger, har mønsteret heile tida vore det same: Åtte skorder fordelt på tre av sidene. Det gamle, smale koret blei tidleg på 1600-talet erstatta av eit nytt kor, også dette i stavverk, men i same breidde som skipet. Truleg var det også på denne tida ytterveggane fekk bordkledning.

Dekorasjonsmålinga vi ser i kyrkja i dag, særleg i koret, blei truleg også utført i første halvdel av 1600-talet. Målinga er utført med limfargar på kritbotn, og mønsteret er svulmande akantusranke. Rundt dei tre veggane i koret går ein samanhengande tekst frå salme 23, 4: *Herren er hos mig, din kjepp og stav trøste mig, osv.*

I 1649–51 blei begge langsidene, gavlveggen og våpenhuset bordkledde med sulagde bord. Vidare blei det bygd lafta skriftehus (sakristi) på nordsida av koret, reist nytt tårn og sett inn vindauge under galleriet. I 1674 måtte ein løfte opp kyrkja for å skifte syllstokkane. Mykje anna røte treverk blei også skifta og veggane tjørebredde. Året etter gjekk dei laus på kyrkja innvendig. Dei la nye golv i alle rom og la loft (himling) over skipet og koret. Dei laga også ny alterfot, nytt knefall og 17 nye stolar (benkar) som framleis står i kyrkja. Vangane er dekorerte med renessansmotiv og kongemonogramma til Christian 4. og Christian 5.

Tårnet har si eiga historie. Kyrkja hadde først ein takryttar som tidleg blei skifta ut med eit tårn. Da dette bles ned i 1612, blei det bygd eit nytt tårn, som blei fornya i 1651. Men i desember 1689 bles det opp ein «himmelfallande storm» som feide både taket og tårnet bortover fjorden og gjorde resten av kyrkja ubrukeleg. (Den same stormen – eller orkanen – bles visstnok også ned 25 andre kyrkjetårn i Midt-Norge, mellom anna Nidarosdomens sin 69 meter høge tårnhjelm frå 1638.) Etter denne hendinga vølte dei det mest naudsynte, men utan å reise tårnet på nytt. Fram til 1712 stod kyrkja truleg mykje til nedfalls.



Dekorasjonsmålinga på veggane og i taket er truleg frå første halvdel av 1600-talet. Dekoren i koret er meir inntakt enn i skipet. Mønsteret med bladranker, bordar og friser er utført med limfargar på kritbotn. Alterforhenget har brodert inn årstalet 1715. Barokkaltertavla er laga av Hans Knudsen i 1712 og blei måla i 1715. Nedre del viser korsfestinga, øvre del den oppståtte Kristus.

I 1709 blei den unge Thomas von Westen sokneprest i Veøy, og i 1712 fekk han sett i gang ein gjennomgripande reparasjon. Byggmeister Hans Knudsen frå Molde blei hyra inn til å leie arbeidet. Kyrkja fekk no nytt tak og ny takryttar, røtne syllstokkar blei skifta ut, våpenhuset ved hovuddøra i vest blei bygd opp frå grunnen av, stolane inne i kyrkja sette i stand, golvet truleg senka og lagt på nytt, og knefallet, døypefonten, galleriet, skriftehuset og tre dører reparerte. Byggmeisteren må ha vore ein hendt kar, han laga også nytt alter og trearbeidet på altertavla og preikestolen.

I 1723 blei kyrkja seld til rådmann Lorentz H. Holst i Trondheim, saman med dei andre kyrkjene i Veøy. Sidan blei ho skøytt over til sonen Hans Holst på Moldegård og i 1757 til sunnmørsfuten Ole Alsing på Vestnes. Etter at han døydde i 1780, fekk dei 48 gardbrukarane i soknet kjøpt kyrkja attende på auksjon i 1781.

Kring 1790 kom det ein ny døypefont, nokre nye stoldører og stein på taket. Men i ei synfæringsforretning frå 1804 heiter det at kyrkja var «en gammel meget liden og brøstfældig Trebygning». Bøndene blei pålagde å sette kyrkja i forsvarleg stand, men berre det mest naudsynte blei

gjort. Utover 1800-talet blei det stort sett berre utført mindre vedlikahald. Den største synlege endringa var innsetting av dei store vindauga i koret og skipet, visstnok i 1824. Med dette fekk kyrkja den utsjånaden ho har i dag.

Kyrkja som fortidsminne

Gardbrukarane i Rødven åtte kyrkja heilt til 1902, da dei overdrog ho til kyrkjelyden. Kyrkja var enda i bruk nokre år, inntil det nye Rødven kapell stod ferdig i 1907. Nidarosbiskop Vilhelm A. Wexelsen heldt avskjedstale for den gamle kyrkja 23. august 1907, same dag som det nye kapellet blei innvigd. Året etter blei kyrkja overteken av Fortidsminneforeningen, og etter den tid har kyrkja blitt vareteken av foreininga som fortidsminne. Men *avskjed* er ikkje det same som *avvigsling*. Bygget er framleis ei vigsla kyrkje som blir brukt til nokre gudstenester og kyrkjelege handlingar.

I perioden 2001–2015 gjennomførte Riksantikvaren eit stort stavkyrkjeprogram der alle dei 28 stavkyrkjene i landet blei sette i stand og brannsikra. Rødven var ei av dei første kyrkjene ein tok fatt på, og i perioden 2003–2006 blei røteskadde stavar, plankar og bord skifta ut og tårnet



Koret er avgrensa av benkar på sidene og ein alterring med dreidde balustrar mot skipet. Foto: Johnny G. Vågen/Kyrkjebyggdatabasen.



Kyrkja sitt største klenodium er det lekamsstore triumfkrusifikset, eit framstående tidleggotisk arbeid datert til 1250–1275.



Døypefonten blei laga og dekorert i 1791.



Dei fleste benkane er laga av Peder Snekker i 1675, i renessansestil. Benkevangane er utstyrte med kongemonogrammet til Christian 4. og Christian 5.

demontert, restaurert og sett opp att. Thomas Aslaksby frå Isfjorden leia arbeidet. Kyrkja er kanskje i betre stand no enn på noko tidlegare tidspunkt (Riksantikvaren, 2016).

Kunst og inventar

Altertavle: Barokktavle laga av Hans Knudsen i 1712. Tavla blei måla i 1715. Nedre del viser korsfestinga, øvre del den oppståtte Kristus.

Alterutstyr: Antependium (alterforheng) med brodert blomsterkrans og årstalet 1715, samt namna på givarane: Otte Jacobsen og hustru Inger Margrethe Greve. Dei kosta også staffering (dekorering) av altertavla.

Preikestol: Barokkpreikestol laga av Hans Knudsen, 1712. Måla og dekorert i 1772.

Døypefont: Laga og staffert i 1791.

Alterduk: Linduk i svartsaum med kors, kalk og kristusmonogram, laga av Arnlaug Landre, 1950–60-talet.

Anna inventar: Krusifiks i lekamsstorleik i gotisk stil, truleg frå 1250–75. Lita marmorplate som truleg har vore brukt som berealter.

Kyrkjeklokker: Ei lita klokke i tårnet, utan in-skripsjon eller årstal. Ei tidlegare klokke frå 1846 blei overført til Rødven kapell i 1907, der ho framleis heng.



Kyrkjeskipet er dominert av dei lukka benkane. Loftet (himlinga) blei lagt i 1675, det skapte problem for takhøgda på galleriet. Messinglysekrona er frå 1846.




Kyrkjeskipet er ein modell av fregatten «Fortunen» frå 1600-talet.



Salmekassa i taket blei laga av Erik Dalset i 1834, og året etter blei det kjøpt inn 170 siffer til bruk på tavla. Tresfjord kyrkje har ei liknande kasse.



Tjærebredning av tårnet blir framleis utført på gamlemåten. Desse karane frå AAK Safety synest å ha funne seg godt til rette på sin høge og luftige arbeidsplass. Foto: Ottar Rydjord, 2020.



Godt gøymd av liggande panel finn vi restar av ein sydportal i skipet. Portalen skil seg ut frå andre kyrkjeportalar i Norge ved at søylene er utforma som fletta stenglar som endar i eit kapitél utskore som bladfolder.



Fleire stader er det rissa inn graffiti på veggane. Her ser vi ei veggtilte med ein menneskefigur, fleire dyrefigurar og runeinnskrift.



Kyrkja har ei lita klokke «med ringe lyd», utan inskripsjon eller årstal. Forma synest å vere ei overgangsform mellom sukkertoppklokkene og den meir harmoniske klokkeprofilen som vaks fram på 13- og 1400-talet, lik den gamle klokka frå Hen kyrkje (no på Romsdalsmuseet) som er datert til tida kring år 1400. Kjelde: Terje de Groot, 2008. Foto: Johnny G. Vågen/Kyrkjebyggdatabasen.



Holmemstranda fekk eigen gravplass på Sandnes i 1882. Gravplassen blei utvida i 1925 og 1951. Dagens klokketårn er frå 1957. Innskrift på klokka: «GLOCKENGIESSEREI ROB. EBERT DRESDEN 1855. No. 1274.» Den høge steinen på parkeringsplassen er reist til minne om Torger L. Farkvam (f. 1909) som omkom ved krigsforlis etter torpedering 1. mars 1942. Steinen blei reist av sambygdingar 17. mai 1948 og stod først på øversida av vegen, men blei flytta ned til gravplassen i 2020. Foto: MIM.

Presteskyssen som kollsegla på Rødvenfjorden

Søndag 2. februar 1890 skjedde ei tragisk ulykke på Rødvenfjorden da presteskyssen i Veøy kollsegla og tre mann omkom. Kapellanen i Veøy, Søren Severin Nyhagen, budde på Veøya i lag med gamalonkelen sin, prost Rasmus R. Arnet. Denne søndagen skulle Nyhagen ha gudsteneste i Rødven kyrkje, og presteskyssen kom som vanleg frå Nesjestranda. Dei var fire vante skysskarar: Hans Vikhagen, Knut S. Lillevik, Lars L. Vik og Ole Brevik. Med seg i båten hadde dei også den 16 år gamle Lars «Nagla» (Hammervold) som var i teneste på Søsnes og skulle haike heim til Rødven.

Men vêret var dårleg, med stormkast og tett snøkave. Gamleprosten rådde frå å ta ut i slikt vêr, og nokre av skysskarane hadde heller ikkje lyst. Men etter ei ri letta stormbyene og dei la ut med redusert seglføring. Presten hadde på seg ein tung skinnfrakk og sat i bakkottet saman med Lars Nagla.

Skysskarane sette kursen mot Ottestadlandet, slik dei pleidde, men vinden dreiv båten meir midtfjords. Før dei rakk å få ned seglet kom det ei kraftig kastevindsbye som fekk båten til å krenge og ta inn vatn. Dei ville tømme båten for ballast, men hamna i staden sjølve i sjøen. Båten rulla rundt fleire gonger medan karane kjempa for livet i bølgiene. Den kraftige Hans Vikhagen klarte å halde presten fast i skinnkragen slik at han ikkje skulle forsvinne i djupet.

Brørne Jørn, Ole og Anders Ottestad var på kyrkjeveg da dei fekk sjå kollseglinga. I lag med Isak og Torstein Ottestad sette dei båt på sjøen og rodde ut. Dei fekk tak i fire av karane, som straks blei rodde inn i Vika og borne inn i stova til Knut og Ingeborg Stangenes. Hans Vikhagen og Lars Nagla var i god form, medan presten var livlaus og måtte få gjenoppliving. Da han slo auga opp og såg Ingeborg Stangenes, utbraut han: «Å, mor!». Etter dette kalla han henne «min annen mor». Fjerdemann, Knut Lillevik, var nok alt død da han kom i land. Ole Brevik blei funnen seks dagar seinare, Lars L. Vik blei aldri funnen. Redningsmennene fekk medalje av kong Oscar II, og Nyhagen sette i gang ei landsomfattande innsamling til støtte for enkene og barna til dei omkomne (Malo, 1991; Skomsø, 2007).

Segna om korleis kyrkja hamna i Rødven

Per Arne Skomsø fortel denne segna om korleis stavkyrkja hamna i Rødven (Skomsø, 2007):

På Frøyset inst på Holmemstranda stod i heidensk tid eit hov som husa religiøse seremoniar. Dette hovet var innvigd til guden Frøy (norrønt Freyr), som var guden for fruktbarheit. Da folket skulle kaste av seg den gamle norrøne trua, og heilt og fullt satse på trua på 'Kvitekrist', var det tid for eit nytt gudshus: hovet skulle rivast og ei kyrkje skulle reisast. Problemet var kvar kyrkje skulle stå. Folket på baa sider av fjorden var ikkje beinast samde om det. Og kva skulle dei gjere med alt det gode tømmeret som var i hovet, det var jo nesten nytt og fullt brukande?

Løysinga blei at Kvitekrist sjølv fekk ta den avgjerda. Dei lempa nokre stokkar frå hovet på sjøen på Frøyset. Der desse stokkane rak i land, skulle kyrkja stå. Dei hadde ikkje før sjøsett stokkane før 'sjelle-vinden' førte dei med seg rett mot Rødvangarden, der kyrkja blei reist i samsvar med 'gudsdommen' [og innvigd til kyrkje av Håkon den Gode (Dietrichson, 1892)].

Kors kyrkje

Den første kyrkja: Stavkyrkja på Flatmark (middelalder–ca. 1660)

I Trondhjems reformats av 1589 er den første kyrkja nemnt som *Korsz kircke*, ettersom ho i katolsk tid var vigd til «Det hellige kors». I ein eldre omtale frå 1497 er ho nemnt som *Flotha kirkia* etter kyrkjestaden på Flatmark. Ut frå alderen må dette ha vore ei stavkyrkje, men nærare detaljar om utsjånad eller storleik er ikkje kjende (Brudeli & Kylling, 2002; Bersås, 2002; Rogne, 1927/1958).

Den andre kyrkja: Langkyrkja i tømmer på Flatmark (1660/70–1797)

I 1660–70-åra blei det bygd ny kyrkje på Flatmark. Frå ei innberetning av sokneprest Wille i 1789 veit vi at dette var ei langkyrkje med kor og sakristi, «opbygget af godt tømmer i aflang firkant, og beklædt innenpaa med nye brædder.» Wille slår fast at kyrkja er «altfor liden», men elles i god stand, dog noko utett slik at snøen stundom ligg i «store dynger inde i den på adskillige steder». Dessutan ligg golvet laust og uordentleg slik at «om vinteren opstiger megen kulde». Den relativt nye altertavla frå 1769 får følgjande attest: «...udskaaret med mange hæslege figurer».

Kors kyrkje

Type: Korskyrkje i tømmer

Arkitekt: L. Sæther (1902), Torgeir Suul (1964)

Byggmeister: Erik P. Sylte, Tresfjord

Vigsla: 1902

Tal sitteplassar: 120. Opphavgleg 142.

Liturgisk målform: Bokmål

Den tredje kyrkja: Korskyrkja i tømmer på Flatmark (1797–1902)

Dårleg vedlikehald og aukande folketal var truleg årsakene til at kyrkja i 1797 blei teken ned og erstatta med ei korskyrkje i tømmer på same stad – berre åtte år etter Willes rapport. Det var denne kyrkja som i 1902 blei flytta til Monge. Det var fleire grunnar til denne flyttinga. Ein faktor var at kyrkjestaden på Flatmark var rastruga, og hovudvegen, som tidlegare gjekk rett forbi kyrkja, var blitt flytta ned mot elva. Kyrkja blei såleis liggande meir avsides og gåveinntektene – mellom anna frå folk som reiste gjennom dalen – gjekk ned. Med åra hadde også kyrkja blitt for lita; i 1891 hadde folketalet i soknet auka til 764 – likt fordelt mellom Medalen og Øverdalen – medan kyrkja berre hadde plass til om lag 150 personar.



Kors kyrkje har ei lang og omskifteleg historie. Namnet Kors kjem ikkje av forma, men av at ho i katolsk tid var vigd til «Det hellige kors». Kyrkja har stått på Monge sidan 1902.



Kyrkja og kyrkjegarden med dei mektige fjella i Romsdalen som bakgrunn.

Det viktigaste årsaka var likevel at soknet var svært langstrakt, slik at mange både i Medalen og Øverdalen hadde svært lang kyrkjeveg. Særleg gjaldt dette øverdalingane, som i 1857 sette fram forslag om å flytte kyrkja lenger opp i dalen. Saka blei teken opp att i 1862 og i 1868, men blei kvar gong forpurra av medalingane. I 1891, da det var tid for eit større restaureringsarbeid, blei det likevel vedteke å flytte kyrkja til Almegjerde, som låg meir midt i soknet. Men øverdalingane var no bestemte på å få si eiga kyrkje, og tanken om å dele soknet fekk etter kvart tilslutning også i Medalen. Øverdalingane fekk tidleg både prest og prost på si side, men departementet, stiftsdireksjonen, amtmannen og ordføraren gjekk alle imot å dele soknet.

Etter fleire møte mellom medalingane og øverdalingane vinteren 1898–99, kom dei til forlik

om kostnadsdelinga ved eit skilje. Ole A. Marstein skar igjennom ved å tilby seg å flytte kyrkja nedover til Monge for eiga rekning og sette ho opp att i forbetra stand, utan eit øre meir i utgift enn det som kvar einskild var pålagt å betale i reparasjon av kyrkja der ho stod, og som var vedteke skulle gjerast.

Flytting av korskyrkja frå Flatmark til Monge (1902–)

Ved kgl.res. 23.3.1901 blei det endeleg bestemt at Øverdalen skulle skiljast frå Kors som eige kapell-distrikt og at Kors kyrkje skulle flyttast. Allereie året før var det sett ut ein plass til ny kyrkje og kyrkjegard på Ytter-Monge, om lag 5 kilometer lenger ned i dalen.

Erik P. Sylte frå Tresfjord var byggmeister for atterreisninga av kyrkja. Ho fekk same stil og storleik som tidlegare, men blei ein meter høgare. Det blei brukt delvis nytt tømmer, og kyrkja blei bordkledd utvendig og innvendig. Det var såleis lite som minte om tømmerkyrkja slik ho stod på Flatmark. Mykje av inventaret blei med under flyttinga, men det blei også gjeve mange nye gåver. Kors kyrkje på Monge blei vigsla 8. oktober 1902 av prost Bernt Marius Berg i Grytten. Øverdalen kapell blei vigsla dagen etter, og gudstenestene i soknet delt likt mellom dei to kyrkjene.

Seinare endringar

Vedlikehaldet av kyrkja var heller dårleg, men i 1954 tok soknerådet initiativ til eit større restaureringsarbeid. Dei første planane blei utarbeidde av arkitekt John Tverdahl, som mest mogeleg vil-



Kyrkja fekk sin noverande utsjånad etter ei restaurering i 1964.




Kyrkja sitt store klenodium er altertavla frå 1769, laga av Jacob B. Klukstad frå Skjåk. Moses-figuren var frå først av utstyrt med to horn i panna, slik han ofte er framstilt i eldre kunst – på grunn av ei mistyding. I forteljinga om Moses som kjem ned frå Sinai fjellet med lovtavlene brukar den hebraiske teksten eit tvitydig ord som kan bety både horn og glorie (2. Mos 34,29). Da Hieronimus skulle omsette teksten til latin, valde han tydinga horn. I mellomkrigstida hadde Kors kyrkje ein kyrkjetenar som meinte det var for ille at Moses skulle vere utstyrt med horn, slik som Djevelen. Han smia derfor av horna til Moses med ein fallkniv, og resultatet ser vi den dag i dag. Sjå Moses med horn under *Gamlekyrkja i Voll* s. 233 og *Eid kyrkje* s. 243.



Bildet viser nedre delen av altertavla med skildringa av nattverden i midten og Moses – utan horn – og Aron på sidene.



Preikestolen kjem frå korskyrkja på Flatmark.



Orgelet er levert av Vestlandske Orgelverksted, 1967, og er delvis finansiert med gåver frå medalingar utflytta til USA.



Døypefonten kjem frå korskyrkja på Flatmark.



Kyrkja har eit stilreint og vakkert uttrykk med sine lyse tømmerveggar og lukka stolrader i friske blå og grå fargar med sjablondekor på spegelflatene.

le føre kyrkja attende til slik ho var før flyttinga. Han foreslo å fjerne innvendig panel på vegg og tak, opne opp att dei gamle vindaugsopningane og rekonstruere den gamle takryttaren. Men Tverdahl kom ikkje til semje med Riksantikvaren om vindaugsplassering, glastype, benkeplassering og benketype. Arkitekt Torgeir Suul i Trondheim overtok derfor restaureringsarbeidet, og i 1963 blei endeleg planane godkjente av Riksantikvaren. Resultatet var at interiøret skulle bringast tilbake så langt som mogeleg: Innvendig panel blei fjerna, det kom nye vindauge og dører, ny himling og nye benkar i gamal stil. Utvendig blei panelet skifta og fargen endra frå kvitt til tjørebrun, og den gamle taksteinen blei erstatta med rustfarga Otta-skifer. Byggmeister Sigmund Rødven leia arbeidet. Kyrkja blei gjenopna av nidarosbiskop Tord Godal 18. september 1964 i samband med ein bispevisitas.

Det kom rullestolrampe i 2014 og toalett med universell utforming i bårhuset i 2016. I same periode er det gjort utbetringar på kyrkjetaket.

Kunst og inventar

Altartavle: Altartavla er kyrkja sitt største klenodium, laga av Jacob Bersveinson Klukstad frå Skjåk. Dette var det siste store arbeidet hans, ferdiggjort i 1769. Hovudmotivet i midten viser nattverden, på venstre side Moses med lovtavlene, på høgre side Aron, og over midten den sigrande Kristus. Over heile tavla slyngar det seg mektige akantusranker. Tavla var i 1953/54 utlånt til Vikingutstillinga i Brüssel, Paris og London.

Preikestol: I tre. Frå kyrkja på Flatmark.

Døypefont: I tre med fat i messing. Frå kyrkja på Flatmark.

Alterduk: Linduk med hekla bord, kors med grein.

Orgel: Kyrkja blei utstyrt med eit harmonium frå Isachsen & Renbjør i 1909. Det blei i 1967 skifta ut med eit mekanisk pipeorgel med 6 stemmer, 1 manual og pedal frå Vestlandske Orgelverksted, Hareid. Orgelet er delvis finansiert med gaver frå medalingar utflytta til USA.

Kyrkjeklokker: Kyrkja på Flatmark hadde to små klokker «af ringe lyd». Den eine heng framleis i klokkehuset på Kors gamle kyrkjegard. Ved flyttinga til Monge fekk kyrkja ei ny, større klokke. Klokka er utan innskrift.



I våpenhuset er det utstilt nokre bevarte bygningsrestar frå dei tidlegare kyrkjene. Til venstre ei fjøl frå stavkyrkja og til høgre ein bit av det utvendige panelet frå 1670.



Denne gamle panelfjøla (tila) gir kyrkja si historie i eit nøtteskal. Årstalet 1498 skriv seg frå den første omtalen der stavkyrkja er nemnt som Flotha kirchia etter kyrkjestaden på Flatmark. Kyrkja var truleg mykje eldre enn dette.



Kors kyrkje låg på Flatmark til 1902. Den gamle kyrkjestaden og kyrkjegarden er fredda som middelaldergrunn. Ein gong i året blir det halde gudsteneste her. Foto: Synnøve Stenvågnes Bersås.

Segna om korleis Korskyrkja kom til Flatmark

Ifølgje segna skal den eldste kyrkja ha stått på garden Foss i Romsdalen. Knut Foss skriv i «Kirkesagen i Kors» (1899):

Samme sagn forteller vidare at det var besluttet at bygge ny kirke i Foss, og tømmeret var alt tilkjørt, da pludselig 2 af de tilveiebragte Tømmerstokke en nat var kommet nedover til Fladmark, og der var lagt i en Kors straks nedenfor den daværende Hovedvei. Efter datidens overtro blev dette betragtet som noget overnaturligt og tillige antaget som for en gudommelig henpegen paa stedet for den nye Kirke, som derpaa uden videre blev opført paa det anviste sted, der siden har været de gamle Kors Kirkes Tomt (Foss, 1927; Brudeli og Kylling, 2002).

I røynda har nok kyrkja heile tida lege på Flatmark, men det er indikasjonar på at det også kan ha vore ei kyrkje på Foss.



Den restaurerte gravplata til Ola Amundsen Fladmark – «Kabbin» – og familien hans blei sett opp og avduka på den gamle kyrkjegarden på Flatmark i 2010. Kabbin og ni av husfolket hans blei drepne i eit snøskred på Kabben i Ulvådalen i 1816. Foreldra, som kviler på same stad, blei drepne i eit steinskred på garden Fladmark i 1822. Foto: Synnøve Stenvågnes Bersås.

Øverdalen kyrkje

Frå Flatmark til Øverdalen

Folket i Øverdalen budde meir enn to mil frå kyrkja på Flatmark og kunne bruke fleire timar kvar veg i snøkav og regn. I 1857 sette dei fram forslag om å flytte kyrkja lenger opp i dalen, men dette skapte motstand hos medalingane som ville få tilsvarende lengre veg. Etter fleire års kamp blei øverdalingane meir og meir bestemte på å få si eiga kyrkje, og ved kgl.res. 23.3.1901 blei det endeleg bestemt at Øverdalen skulle skiljast frå Kors som eige kapelldistrikt. No blei det spørsmål om kvar kyrkja skulle stå. Mellom fleire plassar var Stavem langt framme, men til sist stod valet mellom Trinanabben og Andrinanabben. På Trinanabben (nær butikken på Verma) ville kyrkja vere godt synleg på lang lei, men fjell og hard aur i grunnen gjorde området lite skikka til gravplass. Andrinanabben hadde god grunn å grave i og var ein noko lunare plass. Striden gjekk som eit slag gjennom bygda, men til slutt samla dei seg om å bygge på Andrinanabben (Brudeli og Kylling, 2002).

Øverdalen kyrkje

Type: Langkyrkje i tømmer med rektangelplan

Arkitekt: John L. Krogseth

Byggmeister: Erik P. Sylte, Tresfjord

Vigsla: 1902

Tal sitteplassar: 150. Opphavleg 150.

Liturgisk målform: Bokmål

Byggeprosessen

Arkitekt for kapellet var John L. Krogseth. Byggmeister var Erik P. Sylte, Tresfjord, som på same tid stod for flyttinga og attreisinga av Kors kyrkje lenger nede i dalen. Kapellet er forma som ei langkyrkje i tømmer med rektangelplan og tilbygd tårn og sakristi. Orienteringa følgjer dalen med lengdeakse tilnærma nord-sør, der tårnet med hovudinngang ligg mot nord og alteret mot sør. Kyrkjerommet hadde først tømmerveggar utan kledning og open himling med synlege, berande spissbogar. Koret er løfta to trinn og skilt frå skipet med ein stor rundboge i midten og sprinkel-



Øverdalen fekk si kyrkje etter mange års kamp på slutten av 1800-talet. Kyrkja er frå 1902 og ligg like ved E136 gjennom Romsdalen.

verk på sidene. Galleriet er plassert over hovudinngangen på nordveggen.

Kapellet blei vigsla 9. oktober 1902 av prost Bernt Marius Berg i Grytten – dagen etter at han vigsla korskyrkja på Monge.

Seinare endringar

I 1952–53 blei kapellet modernisert innvendig under leiing av arkitekt John Tverdahl. For å gjerre kyrkja mindre trekkfull blei taket senka ned til rafta og veggane kledde med porøs huntonit som var trekt med maskinpapir og måla. Det blei laga nye benkar og ny altertavle. Året etter kom det ny alterring.

Fram mot 100-årsjubileet i 2002 blei det arbeidd med utvendig handikaptilkomst og overbygg over hovudinngangen. Innvendig blei det gamle alterkorset restaurert og sett opp på korskiljeveggen. I 2018 blei kyrkja måla utvendig på dugnad. I 2020 kjøpte soknet eit brukt piano.

Også etter at Øverdalen hadde fått eige kapell i 1902, var det felles sokneråd for heile Kors sokn. I 1953 kom ei lovendring som gav kapelldistrikta høve til å ha sitt eige sokneråd, og sjølv om samarbeidet hadde fungert godt, var heile soknerådet



Kyrkja ligg parallelt med dalen, med lengdeakse tilnærma nord-sør. Tårnet med hovudinngangen ligg mot nord. Foto: Torild Granhaug/Kyrkjebyggdata-basen.



Kyrkja er ei rektangelkyrkje med kor og skip innanfor same bygningskropp. Koret er løfta eitt trinn opp frå skipet og markert med ein korskiljevegg med rundboge over midten og sprinkelvek (balustrar) på sidene. Til 100-årsjubileet i 2002 blei det gamle alterkorset restaurert og hengt opp til høgre på korveggen.



Alterbildet med motiv «Oppstandelsen» er måla av Halvard Hatlen, 1953. Treskurden på sidene er laga av Aston Alnæs, Verma, 1956.

samstemt i å skilje lag. Frå 1.1.1954 fekk Øverdalen dermed sit eige sokneråd. Ved innføringa av ny kyrkjelov i 1997 fall kapelldistrikta bort. Det blei halde soknemøte både i Kors og Øverdalen, og begge stader var det fleirtal for å halde fram som eigne sokn. Frå 1.1.1997 blei nemningane såleis endra til *Øverdalen kirke* og *Øverdalen sokn*.

Kunst og inventar

Altertavle: «Oppstandelsen» måla av Halvard Hatlen, 1953. Treskurden utført av Aston Alnæs, Verma.

Preikestol: Sekskanta preikestol i tre frå 1902. På sidene: Dei fire evangelistane, måla av Halvard Hatlen.

Døypfont: Åttekanta døypfont i tre laga av Aston Alnæs, 1956.

Alterduk: Hardangersaumsduk laga av Anna Li, 1969. Same mønster som tidlegare duk, truleg laga til kyrkjevigslinga i 1902.

Anna inventar: To brudestolar utskorne av Aston Alnæs, 1956. Alterkorset frå 1902 er restaurert og hengt opp på korskiljeveggen, 2002.

Orgel: Kyrkja sitt første instrument var eit harmonium frå 1902. Det blei bytt ut med eit større, amerikansk harmonium, innkjøpt gjennom J.W. Cappelen's Pianoforte-Magazin i 1914, og delvis finansiert av øverdalingar i Amerika. I 1991 fekk kyrkja nytt elektronisk orgel, også innkjøpt gjennom J.W. Cappelen. Orgelet er plassert i koret.

Kyrkjeklokker: Ei klokke utan innskrift, 1902.

Minnesmerke: 1. Over soldat Johan Marius Brudevold (f. 1918) som fall på Dombås 14. april 1940. 2. Over J. R. Hammond frå det britiske regimentet *The Green Howards*. Fall 1. mai 1940.



Dei to brudestolane er laga av Aston Alnæs, 1956. Foto: Torild Granhaug/Kyrkjebyggdatabasen.



Preikestolen har åttekantform. Dei fire sidene som vender mot skipet er dekorert med dei fire evangelistane, måla av Halvard Hatlen, 1953.



Salmetavla frå 1902.

Den åttekanta døypefonten er laga av Aston Alnæs, 1956. Innskrift oppe: La de små barn komme til meg. Innskrift nede: O skriv ditt navn i deres hjerte. Foto: Johnny G. Vågen/Kyrkjebyggdatabasen.





Ved restaureringa i 1952–53 fekk kyrkja sin noverande utsjånad. For å isolere og tette mot kulde og vind blei det lagt flat himling i taket og plater på veggane. Det blei også laga nye benkar og kyrkja blei måla innvendig med dei fargane ho har i dag.



Bildet viser ei av dei to messinglysekrone i skipet.
Foto: Torild Granhaug/Kyrkjebyggdatabasen.



I 1902 blei det kjøpt inn to like kyrkeklokker til kyrkjene i Øverdalen og Kors. Klokkene er utan innskrift. Foto: Johnny G. Vågen/Kyrkjebyggdatabasen.



Vestnes kommune

Vestnes kommune sitt område hørde frå gammalt av til Veøy prestegjeld. Ifølgje Trondhjems reformats av 1589 skulle éin prest gjere teneste i kyrkje- ne Vestnes, Tresfjord og Kleive, «2 hellige dage vdi Westnesz, den 3 vdi Tredzfiord den 4 vdi Kleffue». Sokna Vestnes og Sylte (Tresfjord) utgjorde Vestnes tinglag.

I 1820 blei dei to sokna eit eige residerande kapellani under Veøy, det vil seie at dei fekk sin eigen fastbuande prest. Ved innføringa av formannskapslovene i 1838 blei Veøy prestegjeld, som det einaste i fylket, delt i to formannskapsdistrikt: Veøy og Vestnes. Få år seinare, ved kgl.res. 31.3.1847, fekk sokna Vestnes og Sylte status som eige prestegjeld. Sylte sokn blei skilt ut frå Vestnes som eigen kommune i 1899. Namnet Sylte blei endra til Tresfjord både for kommunen og soknet ved kgl.res. 28.4.1922.

Ved kgl.res. 23.3.1859 blei det gjeve løyve til å opprette eit nytt sokn med kyrkje i Fiksdalen for gardane Fiksdalstranda, Fiksdal, Marken, Ellingsetra, Nakken, Gjelstein og Rekdal. Fiksdal kyrkje stod ferdig i 1866.

Folket på Vikebuktsida av Tresfjorden fekk bygge kapell og opprette kapellsokn under Vestnes i 1970. Etter den nye kyrkelova i 1997 blei Vike eige sokn og kapellet fekk nemninga Vike kyrkje.

1. januar 1964 blei Tresfjord kommune på nytt slegen saman med Vestnes. 1. januar 2021 blei Vågstranda sokn overført frå Rauma til Vestnes kommune. Etter dette har Vestnes kommune fem sokn: Vestnes, Tresfjord, Fiksdal, Vike og Vågstranda. Kommunane Vestnes og Rauma utgjør Indre Romsdal prosti.



Skipsbyggingsindustrien har lange tradisjonar i Vestnes kommune og er i dag den største næringa utanom offentleg sektor. Bildet viser Aas Mek Verksted i Vestnesbukta. Verftet blei etablert av Johan R. Aas i 1911 og er i dag eigd og blir drive av tredje generasjon Aas. Foto: MIM.

Vestnes kyrkje

Den første kyrkja: Stavkyrkja (mid- delalder–1680)

Den eldste omtalen av «Westness kircke» finn vi i Trondhjems reformats av 1589. Kyrkja må opphavleg ha vore ein gamal stavbygning frå middelalderen. I 1649 hadde ho fått tilbygd ein korsarm mot sør og i 1848 eit sakristi på nordsida av koret, begge i tømmer. Samtidig blei det bygd våpenhus på vestre og søndre korsarm, ny takryttar og nytt alter. I 1656–59 blei kyrkja støtta opp med 14 skorder. Etter ei synfaring i 1661 blei det utført mykje vedlikehaldsarbeid, men ved ei ny synfaring i 1680 blei kyrkja dømt til «kassasjon og nedrivning», da «den var saa aldeelis brøstfældig og forraadnet, at den stod til Nederfals».

Den andre kyrkja: Korskyrkja i tømmer (1682–1873)

Den gamle kyrkja blei riven i 1680, og like ved sida

Vestnes kyrkje

Type: Langkyrkje i tømmer

Arkitekt: Jacob W. Nordan, typeteikning

Byggmeister: Anders Johansen Berg,
Levanger

Vigsla: 1872

Tal sitteplassar: 300. Opphavleg 480.

Liturgisk målform: Nynorsk

av, truleg mot vest, starta arbeidet med den nye, «en stor Korskirke af 27 omfar af Tømmer». Nils Kirkebygger frå Trondheim blei tilkalla for å rive den gamle kyrkja og vere byggmeister for den nye, medan Peder Andersen Snedicher fekk ansvaret for innreiing og inventar. Alt som kunne brukast av materialar, inventar og utstyr frå den gamle kyrkja blei flytta over og brukt i den nye, mellom anna altertavla og krusifikset, som framleis prydar dagens kyrkje. Korskyrkja stod ferdig til bruk i 1682.



Vestnes kyrkje reiser seg majestetisk på høgda mellom Flatevågen og Vestnesbukta.



Her ser vi den gamle og den nye Vestneskyrkja på same bilde frå 1872. Den nye kyrkja blei bygd like aust for kyrkjegarden, der den gamle hovudbygninga «Borgen» på Vestnesgarden hadde stått. Den gamle korskyrkja blei riven våren 1873. Foto: Henry Rosling.

Straks kyrkja var ferdig gav Kongen «i benådning» alle kyrkjeinntektene til borgarmeister og stiftsskrivar i Trondheim «ædle Anders Christophersen Tønder og hans Kieriste for deres begges Levetid» mot at dei skulle halde kyrkja i god stand. Men vedlikehaldet blei forsømt, og i 1709 blei «benådninga» trekt attende. I 1709 blei kyrkjeinntektene bortauksjonerte til høgstbydande, og ved det store kyrkjesalet i 1723 fekk rådmann Lorentz H. Holst i Trondheim skøyte på alle kyrkjene i Veøy. Sidan blei dei skøytte vidare til sonen Hans Holst på Moldegård og i 1757 til sunnmørsfuten



Vestneskyrkja og kyrkjegarden teke frå om lag same vinkel som bildet frå 1872.

Ole Alsing, som samtidig kjøpte Vestnesgarden («Vestnesgodset») av Holst. Etter at Alsing døde i 1780, selde enka Maria Pedersdatter Langlo Alsing i 1781 kyrkja med tilhøyrande jordegods og inntekter tilbake til dei 93 bøndene i soknet. Frå den tid blei kyrkja halden i god stand.

Den tredje kyrkja: Langkyrkja i tømmer (1872–)

I 1867 blei det bestemt at korskyrkja skulle avløysast av ei større og meir tidsmessig kyrkje. Sokneprest Otto Th. Krohg hadde i mange år vore ein pådrivar for dette. Kyrkja skulle byggast like aust for kyrkjegarden, der den gamle hovudbygninga på Vestnesgarden stod. Garden hadde fått ny, staseleg hovudbygning i 1868, om lag der våningshuset ligg i dag, og «Borgen» som Alsing hadde bygd, skulle rivast. Garden hadde ifølgje Aslak Bolts jordebok (1432) høyrte til domkyrkja i Trondheim, men blei krongods ved reformasjonen, og hadde vore futegard sidan tidleg på 1600-talet.

Etter at Kyrkjedepartementet hadde gjeve byggeløyve, blei det i januar 1870 valt «byggningskommissjon» for den nye kyrkja. Anbod blei lyst ut, og i juni fekk firma Berg og Aas, Levanger, tilslaget, med Anders Johansen Berg som byggmeis-



Vestnes kyrkje er ei typisk langkyrkje i nygotisk stil frå siste halvdel av 1800-talet.

ter. Arbeidet med grunnmuren gjekk til murmeister Johannes Nilsen Galstad, Vestnes. Det blei også sett opp utførlege lister over pliktarbeid for gardeigarar og husmenn i soknet.

Arbeidet med den nye kyrkja tok til sommaren 1871 og varte om lag eit år. Ho blei innvigd 12. september 1872 av nidarobiskop Andreas Grimelund. Dette var også 25-årsdagen for innsettinga av sokneprest O. T. Krohg i Vestnes kyrkje.

Vestnes kyrkje er ei langkyrkje i tømmer, opphavleg med 480 sitteplassar, bygd etter ei typeteikning av arkitekt Jacob W. Nordan. Kyrkja har tårn mot vest, avtrappa i høgda og med våpenhus i foten, oktagonalt kor og sakristilbygg mot sør og nord. Stilen er nygotisk med innslag av sveitserstil.

Seinare endringar

Til 100-årsjubileet i 1972 gjekk kyrkja igjennom ei omfattande restaurering. Veggjar, tak og golv blei isolerte og vindauge og ytterdører skifta. Dei gamle kyrkjebenkane blei skifta ut med nye i same form, men med tett sete og rygg. Dei blei måla i ein mørk grøn farge. Innvendig blei heile kyrkja måla, det hadde ikkje vore gjort sidan 1905. Konservator Ove Quale og soknerådet blei samde om å bruke litt andre fargar enn før; kyrkjerommet og

koret fekk ein lett gamalrosa farge, medan søyler, galleri, himling og preikestol blei lys gråe. Utvendig blei ikkje kyrkja måla før etter jubileet. Fargane var som før gulkvitt med grønne lister, pilastrar og kantbord. I 1980-åra blei kyrkja måla på nytt, denne gongen i kvitt med oker staffing og umbra (skuggegrå) dører, etter råd frå arkitekt Christ Allan Sylthe hos fylkeskonservatoren.

Kyrkja står svært utsett for vêr og vind, og under nyttårsorkanen i 1992 fekk ho ein alvorleg knekk. Heile kyrkjeskipet blei slege skeivt, og ein kom fram til at konstruksjonane måtte forsterkast. Etter at kyrkja var retta opp med stålvaierar og donkrafter, blei det lagt eit avstivande platedekke på kyrkjeloftet. Samtidig blei kyrkja pussa opp og måla innvendig. I 1996–97 blei store røteskadar i tømmer og veggpanel utbetra og kyrkja måla opp att utvendig. Seinare er sakristia og våpenhuset pussa opp på dugnad. Røteskadar i tårnet blei utbetra i år 2000 (Brodahl, 1944; Hatle, 1972; Skuseth og Bø, 1997; Brovold, 1901).

Kunst og inventar

Altertavle: Alterbildet med motiv «Magernes tilbedelse» er frå den eldste kyrkja og måla av Elias Fiigenschoug kring 1640 med forbilde i eit Rembrandtmåleri. Det skal vere eit av dei beste arbeida



Koret er stort og ope med polygonal avslutning. Preikestolen blei ombygd og flytta fram i skipet i 1911. Døypefonten er frå korskyrkja, kan hende frå denne var ny i 1682.



Alterbildet «Magernes (vismennenes) tilbedelse», måla av Elias Fiigenschoug kring 1640, har pryda både stavkyrkja, korskyrkja og dagens langkyrkje. Ramma er laga av Einar O. Sylte (Furnes), 1906.



Krusifikset på alteret er frå 1639, like gammalt som alterbildet. Foten ber alliansevåpenet til Jens Bjelke som var kanslar i Norge 1614–48.



Dei to glasmåleria i koret viser Peter med himmelrikets nøkkel og Paulus med ordets sverd. Arbeidet er utført av G. A. Larsen, Oslo, 1905.



Glasmåleriet over hovudinngangen i våpenhuset viser «Bebudelsen» og er laga av Maria Vigeland, 1973.

hans. Ramma er laga av Einar O. Sylte (Furnes), 1906.

Krusifiks: Krusifikset på alteret er frå den eldste kyrkja. På foten står årstalet 1639 og innskrifta: «REC TOS CORDE SERVAT DEUS». (Den rettferdige av hjertet bevarer Gud) og «10 NERMER DØDEN 10 NERMER LIVVIT». Foten har også eit alliansevåpen med bokstavane WIB – WFSB, som tyder «Welbyrdig Jens Bjelke – Welbyrdig Fru Sophie Brockenhuus». Jens Bjelke var kanslar i Norge 1614–48.

Alterutstyr: Kalk og disk frå 1646, gjeve av Inger Jakobsdatter på Vestnes gard, enke etter futen Anders Iversen som døydde i 1645. Kalk og disk frå 1731 laga av moldegullsmeden Johan Løche.

Preikestol: Åttekanta i tre frå 1872. Ombygd og flytta fram i skipet av Einar O. Sylte (Furnes), 1911.

Døypefont: Åttekanta i tre frå gamlekyrkja.

Antependium: Raudt antependium (alterforheng) frå 1797, truleg gjeve av kammerrådinne Maria Langlo Alsing.

Alterdukar: 1. Hardangersaumsduk, truleg sydd av søstrene Anna og Magda Andersson, årstal ukjent. 2. Hardangersaumsduk sydd av Jorunn Nordheim Eriksen, Audbjørg Lippert, Inger Varmedal og Ruth-Johanne Gj. Bårdsnes, 2008.



Måleriet på nordveggen i skipet viser «Christian IV's syn i 1625» og er måla av Jørgen Henrichsen Hageman i 1676, restaurert 1995. Bildet refererer til eit syn kongen hadde av den lidande Kristus under sin morgonbøn 8. desember 1625, og som seinare blei eit ikonografisk motiv som det finst mange versjonar av.



Bildeteppet «Maria med Jesusbarnet» på sørveggen i skipet er vove av Solveig Anderson, 1975. Motivet er henta frå eit eldre madonna-bilde måla av J. Hageman eller Nils Nilsen. Begge foto: Johnny G. Vågen/Kyrkjebyggdatabasen.

Messehaklar: Gamal messehakel frå 1714 gjeve av fogden i Romsdal, Børge Jacobsen Eeg og kona Anne Cathrine Mortensdatter Schultz, som truleg har brodert krusifikset. Ny messehakel 1964.

Lysekroner: Lysekrone frå 1711 gjeve av Børge Eeg og frue. Lysekrone frå 1801 gjeve av Maria Alsing.

Glasmåleri: To glasmåleri i koret av apostlane Peter og Paulus, utført av G. A. Larsen, Oslo, 1905. Glasmåleri over hovudinngangen, «Bebudelsen» av Maria Vigeland, 1973.

Måleri: På nordveggen: Måleri av «Christian IV's syn 1625» av Jørgen Henrichsen Hageman, 1676, restaurert 1995. Bildet er eit typisk *Ecce homo*-måleri («sjå det mennesket») som viser den lidande Kristus.

Vevd bildeteppe på sørveggen av «Maria med Jesusbarnet», av Solveig Anderson, 1975. Motiv etter madonnabilde frå 1675.

Orgel: Etter ein storstilt innsamlingsaksjon fekk kyrkja i 1920 eit 8 stemmers pipeorgel frå E. F. Walcker & Cie, Tyskland, levert gjennom J. W. Cappelen's Pianoforte-Magazin i Kristiania. Til 100-årsjubileet blei det skifta ut med eit pipe-

orgel med 16 stemmer, 2 manualar og pedal frå Vestres Orgel & Pianofabrikk, Haramsøya. Vigsla 08.10.1972.

Kyrkjeklokker: Gamlekyrkja hadde to små kyrkjeklokker som begge var sprukne i 1720. Saman med øydelagt klokkemalm frå Aukra og Nesset blei dei sende til klokkestøypar Otto Møller i Ila i Trondheim, som støypte ei ny, stor klokke med innskrift: «SOLI DEO GLORIA. ANNO 1720». Den andre klokka er frå Christian Christensens støyperi på Fuglsetneset ved Molde, med innskrift: «STØPT TIL VESTNÆS NY KIRKE 1872».

Minnesmerke: 1. Over Walter Scott Dahl (1839–1906), høgsterettsadvokat, ordførar i Vestnes, stortingsmann, statsråd, lagmann, sorenskrivar og forfattar. Reist av vener i bygd og by 17. mai 1915. 2. Over kaptein Nils Øveraas (f. 1889) som fall i krigen 25. april 1940. Reist av Romsdal Ungdomssamlag og avduka 29. juni 1941. 3. Over dei som tok del i krigen heime og ute 1940–1945. Reist 8. mai 1995 på 50-årsdagen for frigjeringa. 4. Over Edward E. Kjellness (f. 1909) som fall i krigen på veg til Norge 31. mars 1945.



Kyrkja fekk nytt orgel, nye benkar og nye fargar til hundreårsjubileet i 1972. Under nyttårsorkanen i 1992 blei kyrkja blåst skeiv og fekk store skadar, men etter reparasjonen står kyrkja i dag fram finare og meir motstandsdyktig enn nokon gong. Konsertflygelet til høgre er ei gåve frå soknerådet til kyrkja i 2020.



Kyrkjeskipet er ein kopi av fullriggaren «Herman Lehmkuhl» som blei bygd på Helland i 1875. Modellen er laga av Georg Dalseth, Sula, 1994.



Orgelet er levert av Vestres Orgel & Pianofabrikk, Haramsøya, 1972.

Segna om plasseringa av Vestnes kyrkje

I Vestnes sogelag sitt årsskrift for 2017 er historia fortald slik:

Sagne sei at då dei skulle byggje kjerkje på Vestnes blei dei oklar om kvar o skulle stå. Tommerfjordingan og Feksdalingan velde byggje kjerkjå på Øverås, men dei innai Myra ville ha o på Vestnes. Tommerfjordingan vann, å so bar det te å byggje på Øveråshauå. Dei fekk lagt ned fire omfar, men so ei haustnatt kom haugbokkjinn å dro heile greiå inn i Sevelondsmyrn. Dei velde helst tru at haugbokkjinn haurde heime innai Myra.

Segna om lynet som splintra korskyrkja

Ei segn fortel at den nybygde korskyrkja blei råka av eit lyn som splintra heile kyrkja så nær som koret, og at ei ny og større korskyrkje blei sett opp. Koret skal sidan ha blitt nytta som bygning på Vestnesgarden. Denne hendinga er ikkje skriftleg dokumentert og sanningsinnhaldet er tvilsamt. Ei anna historie fortel at kjøkkenfløya i hovudbygninga på Vestnesgarden, bygd kring 1760, var tømra opp med restar frå den gamle stavkyrkja.

Spyttebakkar

Dei gamle kyrkjeprotokollane gir små glimt inn i dagleglivet til kyrkja. I ei innføring frå 9. april 1911 heiter det: *Besluttedes at foreslaa for sognestyret at der kjøbes 40 spyttebakker, i det de 50 stkr., som forefindes, ikke paa langt nær strekker til for behovet. Da de gamle malmspyttebakker setter stygge merker i gulvet (sorte ringer) som ikke kan faaes væk ved vask, vil tilsynet foreslaa at disse males i aldfald utvendig da det ikke er tilbørlig, at gulvet beskadiges og skjemmes paa denne maade.*



Spyttebakke i støypejern. Diameter 20 cm.
Foto: H.M. Harriss/Norsk Folkemuseum.

Seks måleri frå korskyrkja på Romsdalsmuseet

I den gamle korskyrkja hang det seks måleri med bibelske motiv. Dei blei flytta til prestegarden i 1873 da korskyrkja blei riven. Ein gong mellom 1944 og 1952 blei dei gjevne til Romsdalsmuseet der dei fekk plass i kapellet som stod ferdig i 1952. I 1969 blei måleria restaurerte av konservator Jan Thrumann-Moe ved Munchmuseet. Etter restaure-ringa blei dei ført attende til kapellet, der dei hang inntil museet for nokre år sidan bestemte seg for å kopiere dei og legge originalane i magasin.

Fem av bilda er i same stil og truleg måla av den omvandrande kunstnaren Eggert Henningson Munch (ca. 1685–1764) frå Vågå. Bilda viser «Maria bebudelse», «Jesu fødsel», «Den syke ved Bethesda dam», «Bespisningsunderet» og «Hellig tre konger som tilber barnet». Kopiane av dei fire første heng i dag i kapellet.

Det sjette bildet viser ein riddar med rustning som har nedkjempa ein drake og slåst mot ti smådrakar som skyt piler mot han. Motivet refererer til Efesarbrevet 6,11–20 om å kjempe mot syndene kledt i «Guds fulle rustning». Kunstnaren er ukjent. Kopien av dette bildet heng også i kapellet (Kvennes, 2018).

Gamlekyrkja som blei næringsbygg i Ørsta

I oktober 1872 blei den gamle korskyrkja avertert til sals. O. A. Jacobsen i Ørstavik kom med det høgaste bodet og fekk tilslaget. Etter avtale reiv kommunen gamlekyrkja våren etter og frakta materialane ned til sjøen. Derifrå blei dei skipa til Ørsta, der Jacobsen sette opp eit stort industribygg. Dette bygget er rekna som industrien si vogge i Ørsta og har gjennom åra romma ei lang rad med fabrikkar og verkstader. Bygget blei restaurert i 2003 og inneheld i dag fleire nærings- og kontorlokale.

Otto Theodor Krohg – «Vestnespresten»

Otto Theodor Krohg (1811–1889) var den første soknepresten i Vestnes prestegjeld. I samtida si var «Lille Teodor» landskjent som skribent og «riks-synsar».

Han var son av amtmann Hilmar Meincke Krohg og vaks opp på Nøisomhed gard ved Molde. 24 år gamal tok han teologisk embetseksamen ved Universitetet i Oslo. Etter nærare 10 år som lærar i Tromsø, blei han i 1847 utnemnt til sokneprest i

Vestnes. Storgarden Nedre Helland blei innkjøpt til prestegard, og på kort tid gjorde han den til eit mønsterbruk. I hans embetstid blei det bygd nye kyrkjer både i Fiksdal (1866) og Vestnes (1872) og 11 skulehus kring i prestegjeldet.

Det som framfor alt gjorde Krohg landskjent, var skribentverksemda hans. Frå 1852 til 1884 skreiv han om lag 400 artiklar berre i Morgenbladet, om ulike tema som teologi, misjon, pietisme, husmannsvesen, jordbruk, skisport, turn og mykje anna. Krohg var konservativ både politisk og teologisk, men kunne vere svært frisinna på andre område. Dette førte til mykje oppstyr. Ein innsendar i Fedraheimen skreiv (1878): *En stakkars gammel landsprest opptrer i 'Morgenbladet' og rider på den teologisk-politiske sopelimen. Han har skrivekløe og skjønner seg på alle ting i himmel og på jord.*

Likevel var Krohg svært avhalden og respektert som prest i Vestnes. Etter 40 år måtte han i 1887 søke avskjed på grunn av sviktande helse. For å få lettare tilgang til legehjelp flytta han til Molde, der han døyde i 1889. Han er gravlagd på Molde Nedre kirkegård (Ellingseter, 1997).

Krohg sine preiker

Lars Skjegstad (1831–1909) frå Tresfjord skreiv i 1905 ned historier frå livet sitt. Slik mintest han sokneprest Krohg sine preiker i 1850-åra (Skjegstad, 1988):

Krohg var tidlig oppe om morgenen, mellom kl. 5 og 6, og det første han foretog sig da, var at læse et stykke i det græske testamente. Sine prækener havde han altid ferdiskrevet til tirsdag. Han brugte ikke papir paa prækestolen, men «jeg har min præken altid med i lommen», sagde han. Prækernene hans var fra formens side bestandig vel udarbejdet. Hans betragtninger var ofte meget originale, til dels afvigende fra den almindelige lutherske opfatning, kaskje nærmest de katholskes. Dette dog kun i enkelte punkter. (...) Det, som de forekom mig at savne i ikke liden grad, var det varmende og opbyggende. Menigheden talte imidlertid stadig om, at han var svært gjild paa stolen; «han snaava ikje paa eit ord i heile præka», men jeg frygter for, at det var «en lydende malm og en klingende bjelde» for de fleste.



Otto Theodor Krohg (1811–89) var den første soknepresten i Vestnes prestegjeld. Foto: E. Olsen, Trondheim/Romsdalsmuseet.

Konfirmasjon i Vestnes kyrkje i 1846

Lars Skjegstad fortel om konfirmasjonen sin i Vestnes kyrkje i 1846 (Skjegstad, 1988):

– Hele konfirmasjonssøndagen styrtregned det. Paraplyer eller noget slags yderplag ellers brugtes ikke, og da vi havde næsten en mil fra kirken og hjem – mange havde dobbelt saa lang vei – saa var vi aldeles gjennomvaade ved hjemkomsten. Det var ingen festlig tilstellig i anledning af dagen; vi havde det den søndagskveld som ellers. Da jeg havde skiftet paa mig tørre klæder, maatte jeg ud og hente hjem hesten. Saa minderne baade om konfirmationsforberedelsen og konfirmationsdagen er noksaa triste.



Det har vore kyrkje på Sylte ved utløpet av elva Tressa sidan middelalderen. Først var det ei stavkyrkje, deretter ei korskyrkje i tømmer før dagens åttekantkyrkje blei bygd i 1828. Både i form og byggemåte er ho ei typisk 1700-talskyrkje.

Tresfjord kyrkje

Den første kyrkja: Stavkyrkja (middelalder–1690)

I Trondhjems reformats av 1589 er Tresfjord nemnt som ei av dei ni kyrkjene i Veøy prestegjeld. Kyrkjestaden på Sylte, ved utløpet av elva Tressa, er allereie kring 1550 omtala som Kyrkjesylte. Av ei synfaring i 1661 går det fram at kyrkja var ein stavbygning med to korsarmar og tårn. Kyrkjestolen (rekneskapsboka) for 1646–1699 vitnar om fleire store ombyggingar og reparasjonar. Den eine korsarmen må vere bygd før 1646, medan den andre korsarmen og nytt tårn blei bygd i perioden 1648–1660. Kyrkjestolen fortel mellom anna om ein 30 alner lang furustokk som blei nytta til tårnstake og åtte andre lange stokkar (skorder) som var hogde på grensa mellom Sunnmøre og Romsdal – etter alt å døme på Måslia (Eidhamar og Skeidsvoll, 1978).

Den andre kyrkja: Korskyrkja i tømmer (1690–1828)

I 1690 skulle det byggast ny kyrkje. Ei segn fortel at det var usemje om kyrkjestaden og at stokkane

først blei køyrde til Steinhaugen. Men ei natt blei alt flytta til den gamle kyrkjestaden på Sylte, og dette teiknet bøygde alle seg for. Kyrkja blei bygd litt vest for den som er no; kan hende på same plass som stavkyrkja hadde stått. Dette var ei korskyrkje i tømmer, utvendig kledd med tjukke, uhøvla bord. Ho hadde små vindauga med brunleg glas, eit høgt tårn på midten og var tjørebredd.

I 1723 blei alle kyrkjene i Veøy selde på aukasjon til rådmann Lorentz H. Holst i Trondheim. Den siste private kyrkjeiegaren var sunnmørsfuten Ole Alsing på Vestnesgodset, som døydde i 1780. I 1781 selde enka, Maria Alsing, kyrkja til dei 84 bøndene i soknet, og året etter blei kyrkja med tilhøyrande jordeigedomar og tiendinntekter skøytt tilbake til allmugen. Dette eigarskapet varte heilt til 1902, da Sylte herad løyste ut kyrkjeiegarane.

Tresfjord kyrkje

Type: Åttekantkyrkje i tømmer

Arkitekt: -

Byggmeister: Erik Kroken

Vigsla: 1828

Tal sitteplassar: 220. Opphavleg 300.

Liturgisk målform: Nynorsk

Den tredje kyrkja: Åttekantkyrkja i tømmer (1828–)

I byrjinga av 1800-talet var korskyrkja i dårleg forfatning. Samtidig var folketalet i soknet aukande, og det blei på tale å bygge ny kyrkje. Men sjuårskrigen 1807–14 førte til harde tider og planane blei utsette. I 1816 blei bøndene samde om å spare kyrkjetienda for å kunne bygge ei ny og større kyrkje, og 16. mai 1825 blei grunnsteinen lagd. Byggmeister var Erik Kroken og arbeidet blei utført under oppsyn av kyrkjeforstandar Lars Sørensen frå Indre Eidhammar. Heile bygda tok del i arbeidet, enten ved å levere tømmer, køyre fram materialar eller som handlangarar. Eit vindauge har innrissa «Lasse Olsen Norviig, Sylte 1. juli 1826», så råbygget må ha vore rimeleg ferdig da. Men innreiing og dekorasjon må ha teke tid, eller innviinga har blitt forseinka av at sokneprest Johan Kristoffer Haar Daae døydde i september 1827. I alle fall var det ikkje før 17. juni 1828 at ho blei høgtideleg vigsla av nidarosbiskop Peter Olivarius Bugge (Sørmoen, 2001).

Både i form og byggemåte er Tresfjord ei typisk 1700-talskyrkje. Grunnplanen er ein uttrekt åttekant med tilbygd våpenhus, kor og sakristi. Men om kyrkja er enkel i det ytre, har ho eit rikt og samansett interiør. Målingsdekorasjonane med si fargesamansetting og sitt lette preg peikar mot det enkle uttrykket i nyklassisismen. Spesielt er urnemotiva inspirerte av empirestilen. Innvendig kan kyrkja minne om eit stort tempeltelt bore av dei fire midtsøylenene.

Kyrkjerommet blei måla kort tid etter at byg-



get stod ferdig. Dei øvste omfara er dekorerte med ein brei bord med rankemotiv, måla av den omreisande svenske målarmeisteren Levin og austlendingen Østen Torp. Borden på nordveggen med akantusrankar og blomstrar skal vere måla av Torp, borden på sørveggen med rankar med meir klassisistiske urnemotiv og hovud av Levin. Den lokale rosemålaren Martinus Størheim (Sætre) skal også ha teke del i arbeidet. Dei måla først på papir, som så blei limt på veggene. I himlingen er det måla eit lyst stjernetak. Koret har veggjar dekorert med kroner, Kristi sigerskrone, som skal vere eineståande i Norge. Galleribrystninga har spegelfelt med urner og blomstrar, og i midtfeltet Carl Johan sitt kongemonogram, flankert av to løver. På sørveggen, langs den gamle «mannfolksida», er det både i skipet og koret knaggjar i veggene som mannfolka hang hattane sine på, like eins på galleriet.

Golvet i alterringene har rutemønster i svart og kvitt som skal etterlikne steingolv. I kortaket er det måla rankemotiv med englehovud, og midt i taket ei sol med *Jehova* skrive på hebraisk.



Sjølv om kyrkja er enkel i det ytre, har ho eit rikt og samansett interiør. Inventaret blei «modernisert» på slutten av 1800-talet, men etter restaureringar i 1927–29 og 2006–08 framstår interiøret i dag langt på veg som i 1828.



Over korskiljeveggen heng ein serie med fem måleri. «Korsfestinga», «Moses» og «Aron», kjem frå ei altertavle i gamlekyrkja. «Jesu nedtaking frå korset» og «Jesu himmelfart» er måla av Østen Torp, 1828.

Seinare endringar

På slutten av 1800-talet gjekk det ei bølge over landet for «modernisering» av eldre kyrkjer. Tresfjord kyrkje blei spesielt hardt råka av denne bølga i perioden 1880–1904, under påtrykk frå prestane. Mykje gammalt inventar blei fjerna, det blei sett inn ny preikestol og døypefont og dei gamle, lukka benkestolane blei erstatta med «moderne» opne benkar. Korskiljeveggen blei opna opp ved at balustrane (tralene/spilene) i nedre felt blei fjerna og erstatta med kvasigotiske bogar. Balustrane blei kasta ned i fjøresteinane, der dei blei funne og tekne vare på av bonden og kyrkjetenaren (medhjelparen) Johan B. Sylte. Over hovudinngangen og korinngangen kom det opp eit tak i sveitserstil, og ytterdørene blei skifta.

Til hundreårsjubileet i 1928 blei kyrkja restaurert under leiding av statens konsulent for kyrkjerestaurering Domenico Juul Erdmann. Arbei-

det starta i 1927 og blei avslutta i 1929. Erdmann var svært kritisk til «moderniseringa» og ville så langt som råd føre kyrkja tilbake til utsjånaden i 1828. Utvendig fekk han sett opp vindaugslemmar og laga nye dører med låsar, alt i gamal stil. «Sveitsertaket» over hovudinngangen blei fjerna, og tårn, gradrenner, vindskier, dører og vindaugsgerikter blei tjørebredde eller måla svarte.

Den innvendige restaureringa var meir omfattande. På kyrkjeloftet fann Erdmann att mange gamle inventarstykke frå dei tidlegare kyrkjene, som han restaurerte og sette inn i kyrkja. Korskiljeveggen blei bygd om til si originale form, med gjenbruk av dei gamle balustrane. Preikestolen fekk tilbake sin opphavlege sokkel, den gamle døypefonten kom på plass att og Ludvig Løvik laga nye kyrkjebenkar i gamal stil etter Erdmanns teikningar. Dei gamle dekorasjonane på tak og veggjar blei målingrestaurerte og kompletterte, og



Altartavla er skore av Iver Knutsen Åsgjerdet frå Hjelvika og måla av kunstmålarane Levin og Torp i 1828. Tavla er særeigen både i form og dekor. Hovudmotiva er Jesus på korset og Jesu dåp. Nattverdsscena med små utskorne trefigurar nedst kjem truleg frå ei tidlegare 1600-talstavle. På veggjen til høgre heng kyrkjebøssa til hjelp for dei fattige. Ho har dobbel lås slik at ho må låsast opp av to personar med kvar sin nøkkel.

fargane på interiør og inventar blei tilbakeførte så langt det lét seg gjere. Mykje av dekormålinga utførte Erdmann sjølv.

Sidan restaureringa i 1927–29 er det gjort restaureringsarbeid på antemensalet, måleria over korskiljeveggen og måling og dekorasjonar på tak og veggjar. Det har også kome til litt nytt inventar.

Med åra oppstod det store skeivheiter i konstruksjonen. For å stive av kyrkja blei det i 1982 montert eit system med stålsøyler og bardunar forankra i grunnen. I 2006–08 blei det utført store reparasjons- og sikringsarbeid. Det blei gjort utgravingar under kyrkja, grunnmuren blei fornya og det blei lagt nye golv. Innvendig blei dekorasjonane i himlingen fornya og reparert av snikkarmeister Otto Stornes, Vigra, og målarmeister Kjell Arne Årseth, Sæbø.

I hovudsak står kyrkja i dag fram slik ho gjorde etter Erdmann si restaurering – og langt på veg slik ho gjorde i 1828 (Løvik, 2017).

Kunst og inventar

Altartavle: Altartavla er skore av Iver Knutsen Åsgjerdet frå Hjelvika i 1828, og blei betalt med tre tønner havre. Målararbeidet skal vere utført av svensken Levin og fullført av Torp. Tavla er særeigen både i form og dekor. Motiva i sentralfelta er Jesu korsfesting og Jesu dåp. Nedst er det sett inn ei nattverdsscena med små, utskorne trefigurar. Desse figurane, saman med krusifikset på nordveggen og engelen framfor preikestolen, kjem truleg frå ei tidlegare altartavle frå 1600-talet. Vengene på altartavla er laga av Sjur Iversen Skjegstad. På venstre veng står «Gud mit Haab» og på høgre



Den praktfulle preikestolen i renessansestil blei laga til korskyrkja av treskjerar Eirik Skeidsvoll i 1687. Bildefelta viser dei fire evangelistane med sine attributt.



Den åttekanta døypefonten er frå stavkyrkja og blei teken i bruk 28. juli 1633. Dateringa skriv seg frå eit blyglas med innskrift, gjeve av far til det første dåpsbarnet. Originalglaset er i dag i Vitskapsmuseet i Trondheim, men Tresfjord museum har ein kopi. Foto: Johnny G. Vågen/Kyrkjebyggdatabasen.



Kortaket er dekorert med eit Guds-symbol i form av ein rosett med dei hebraiske bokstavane for «Jahve» i midten.

Dei fire eldre brudestolane er laga av Kristian Bergheim, Fiksdal. To nyare stolar er laga av Tresfjord-læraren Nils Aanes, truleg i høve 150-årsjubileet i 1978. Foto: Johnny G. Vågen/Kyrkjebyggdatabasen.



Den åttekanta forma gir eit stort og ope kyrkjerom. Dei fire søylene i midten ber tårnet. Messinglysekronene i midtskipet er frå 1904.

«Jesu min Frelser». Tavla hadde frå først av nokre mindre venger som no heng på kvar side av nordvindauget i koret.

Alterutstyr: Bibel frå 1738 og Brochmands huspostill frå 1764. To renessanselysestakar av jern frå stavkyrkja. To høge, gamle lysestakar og ein låg, to-arma stake. Nattverdutstyr gjeve av Tresfjord bondekvinnelag.

Preikestol: Den fargerike og praktfulle preikestolen er laga av treskjerar Eirik Skeidsvoll i 1687. Portalmotiva og dekorane indikerer norsk renessanse. Hovudmotiva er dei fire evangelistane med sine symbol. «Brua» mellom preikestolen og koret har spegelfelt med blomstermotiv. Renaissance-døra til preikestolen kjem frå eit korpulpitur i gamlekyrkja og blei sett inn ved restaureringa i 1927-29.

Døypefont: Den åttekanta døypefonten er frå stavkyrkja og blei teken i bruk i 1633. Det blei laga ny døypefont i 1904, men etter restaureringa i 1927-29 tok ein den gamle i bruk att.

Antemensalet: Over preikestolen heng eit svært vakkert og godt bevart Maria-antemensale. Det stammar frå den gamle stavkyrkja og er tidfest til første halvdel av 1300-talet. Ein trur det er laga i Norge. Slike alterforstykke blei ofte kasta ut av kyrkjene ved reformasjonen. Når dette har overlevd, skuldast det kan hende at motiva er frå juleevangeliet og såleis ikkje blei oppfatta som spesi-

fikt katolske. Av om lag 28 antemensale i landet er dette eit av dei best bevarte og eit av berre to eller tre som står i originalutgåve i kyrkja si.

Alterduk: Linduk med hekla bord laga av Berit Eidhammer, 1956.

Måleri: Over korskiljet heng ein serie med fem måleri. «Korsfestelsen» og moglegvis «Moses» og «Aron» kjem frå ei altertavle i gamlekyrkja. «Christus blev nedtaget af Korset og lagt i en Grav» og «Christi Himmelfart» er måla av Østen Torp, 1828.

Nummertavlekassa som heng i taket er eineståande i Norge. Ho blei funnen på loftet og hengt opp ved restaureringa i 1928. Domenico Erdmann skriv i sin rapport: *Den store lyktformede kasse er i sig selv ikke noget kunstverk, men i rumutstyret er den prikken over Ien og slutstenen paa det hele.*

Anna inventar: Kyrkjeblokka til høgrefor alteret er ei kyrkjebøsse til hjelp for dei fattige, laga slik at det må vere to personar med kvar sin nøkkel for å låse ho opp. Lysekronene er frå 1904. Kyrkjeskipet er laga av Eldar Villa, 1990.

Orgel: Det første orgelet var eit 7 stemmers pipeorgel frå E. F. Walcker, Tyskland, levert av orgelbygger Rochow Ivers i Bergen i 1921. Det er seinare overteke av Tresfjord museumslag. I samband med 150-årsjubileet blei det sett inn eit nytt pipeorgel med 14 stemmer, 2 manualar og pedal frå

Vestres Orgel & Pianofabrikk, Haramsøya. Vigsla 08.05.1977.

Kyrkjeklokker: Tårnet har to klokker, begge med innskrift «FABRIKKEN VED NIDELVEN». Den eine er støypt i 1856, den andre i 1869.

Middelaldergravsteinen i våpenhuset låg på kyrkjegarden på 1870-talet. Han blei seinare brukt som klopp på ein gard før han blei sett opp i kyrkja. Innskrripsjonen kring kante er så nedsliten at han enno ikkje er tydd.

Minnesmerke: Utanfor kyrkja er det sett opp ein minnestein i høve kongebesøket ved 175-årsjubileet til kyrkja i 2003. Signaturane til kong Harald og dronning Sonja er rissa inn i steinen.



Gallerifronten er pryda med Carl XIV Johans kongemonogram (konge 1814–1844), flankert av to løver væpna med krumskafte økser. Innskrifta seier: *Som Troskab boer blant Norges Bjerge Skal Løven om Din Krone væрге.*



Nummertavlekassa som heng i taket er einestående i Norge. Ho blei funnen på loftet og hengt opp ved restaureringa i 1928. Rødven stavkyrkje har ei liknande kasse frå 1834.



Kyrkjeskippet er laga av Eldar Villa, 1990.



Orgelet er levert av Vestres Orgel & Pianofabrikk, Haramsøya, 1977.



Antemensalet frå første halvdel av 1300-talet er eit av dei best bevarte i landet og eit av dei få som framleis står i kyrkja si. Tavla, som er utført i fullt utsprungne høggotisk stil, er ei Mariatavle som viser hendingar kring Jesu fødsel. Hovudmotivet er Maria med Jesusbarnet på fanget. Dei andre motiva er Maria og Elisabet, gjetarane på Betlehemsmarka, kongane som tilbed Jesusbarnet og Jesus som blir boren fram i tempelet.



Gravskrifta på denne medaljongen gir eit interessant innblikk i tenkemåte og uttrykksform i første del av 1800-talet: *Her under hviler Den Afdøde mand Ole Lasesen Børmeland. Død Den 7 December 1825 af alder 67 Aar. Højlaavet være Livets Gud. Som mig fra Trængslen førte ud. Ney Venner ikke græder. For dette Livs elændighed. Jeg Skuer Herrens blide Fred og Himlens Saligheder.*

Betaling for likringing i Tresfjord kyrkje

Første søndag i faste 1837 blei følgjande skriv frå kyrkjeverje Peder Børgesen Rypdal lese opp i Tresfjord kyrkje: *Ved kirkemødet paa Sylte den 5te februari dette aar blev amtes skrivelse til kirkevergerren oplæst for de mødende af almuen hvor de bestemte sig til at den del af almuen som blot betaler 8 shilling for vin og brød skal betale for klokkerne ved ligringningen 16 shilling forhvem af familien som den forlanger. Men at pladsemænd som betaler for stolrum skal intet betale for klokkerne for mandens og konens begravelse, men for børnene. Kaarfolk og den del af almuen som tiener skal og have klokkerne fri.* (Eidhamar og Skeidsvoll, 1978).

Fiksdal kyrkje

Frå Vestnes til Fiksdal

Folket som budde på vestsida av Tomrefjorden hadde ein lang og tungvinn kyrkjeveg. Dei måtte enten ro eller segle over fjorden til Vik og deretter gå over den veglause Furlandsmyra, eller ta båten heile vegen rundt Førstranda. Etter at Vestnes hadde blitt eige soknekall i 1847 og sokneprest Otto Th. Krohg var vel installert i kallet, tok ein til å snakke om ei mogeleg ny kyrkje for vestre del av soknet. Etter eit møte i Vestnes soknestyre i desember 1856 sende Krohg søknad til Stiftsdireksjonen om å dele Vestnes sokn og bygge kyrkje på Frostad. I juni 1857 vedtok heradsstyret at det skulle opprettast eit Fiksdal eller Nakkebygdens sokn og annekskyrkje først opp på garden Fiksdal. Etter at saka var godkjent i alle formelle instansar, blei det ved kgl.res. 23.3.1859 fastsett at nye «Fiksdal Sogn» skulle omfatte gardane frå Fiksdalsstranda til og med Rekdal og at kyrkjestaden skulle vere på bakken nordanfor Fiksdalselva (Storelva) (Nakken, Bergheim og Bergheim, 2016).

Fiksdal kyrkje

Type: Langkyrkje i tømmer med rektangelplan

Arkitekt: Jacob W. Nordan, typeteikning

Byggmeister: Gjert Lien, Nordfjord

Vigsla: 1866

Tal sitteplassar: 200. Opphavleg 240.

Liturgisk målform: Nynorsk

Byggeprosessen

I januar 1860 blei det vald ein komité til å ta seg av alt som hadde med byggesaka å gjere. Det første var å ordne med finansiering. Kyrkja skulle ha sin del av midlane til Vestneskyrkja, men det meste måtte utliknast på kyrkjeeigarane i det nye soknet. Om lag 4 000 speciedalar (16 000 kroner) måtte skaffast til bygginga i form av pengar, materialar og arbeid. Men dei som ikkje kunne bidra med tømmer eller materialar sleit med å skaffe pengar, og finansieringa tok si tid.

I 1863 blei det teke kontakt med Gjert Lien frå Nordfjord som hadde bygd fleire kyrkjer i Nordfjord og på Sunnmøre. Etter ein del korrespondanse fram og tilbake blei det i september



Fiksdal kyrkje reiser seg stolt på bakken nord for Fiksdalselva.

1864 skrive kontrakt der han tok på seg å vere byggmeister. Kyrkjeegarane blei einige om at tømmeret skulle vere klart til nyttår 1865 og at bordmaterialane skulle leverast seinast i juli same år.

Bygginga starta 20. mai 1866. Arbeidet gjekk greitt unna, og 1. november stod kyrkja ferdig til bruk. Lien hadde med seg fleire bygningsarbeidarar frå Nordfjord, men brukte også bygningskyn-dige menn frå soknet og Tomrefjorden. Kyrkja blei innvigd 28. november 1866 av prost Rasmus Rolfsen Arnet i Veøy.

Kyrkja blei bygd etter ei typeteikning av arkitekt Jacob W. Nordan; ei langskipskyrkje av tømmer i nygotisk stil, med skip og kor innanfor same rektangulære bygningskropp og med 240 sitteplassar. Same teikning blei sidan brukt til kyrkjene på Vågstranda (1869) og Otrøya (1878).

Kyrkjerommet er ope og enkelt utforma. Veggane stod i starten med upanelte tømmerflater, men fekk staffpanel tidleg på 1900-talet. Koret er markert med to opptrinn. Tidlegare var det også ein korskranke, men han blei fjerna ved restaureringa i 1966. Dei første benkane kom truleg frå den gamle korskyrkja på Vestnes som blei riven i 1872. Det var reserverte benkar for kvar av gardane i soknet.

Altertavla, preikestolen og døypefonten skil seg ut og vitnar om at dei er eldre enn kyrkja. Desse inventarstykkane kom frå det gamle kapellet på Reknes Hospital for spedalske, som blei reist i 1716. Da hospitalbygninga blei riven i 1862, blei desse inventarstykkane gjevne som gåve til Fiksdal kyrkje. På den måten fekk inventaret leve vidare, samtidig som soknet sparte pengar.

Seinare endringar

Til hundreårsjubileet i 1966 gjennomgjekk kyrkja omfattande reparasjonar og fornying. Arkitekt O. S. Solheim i Ålesund utarbeidde planar for arbeidet. Særleg var det diskusjon om utskifting av benkane. Det enda med at Riksantikvaren godkjente å skifte ut dei gamle lukka benkane med nye, men med gjenbruk av dei gamle dørene. Benkane blei laga av Nakken Trevarefabrikk i Fiksdal, og den gamle korskranken blei erstatta av nye, lågare benkefrontar.

Det blei også gjort fleire bygningsmessige endringar. Veggane blei kledde med profilerte huntonitplater, golvet skifta og golv og tak varmeisolerte. Vidare blei det bygd nytt, større sakristibygge med prestesakristi, barnerom og toalett,



Kyrkja er rektangelforma med kor og skip i eitt. Koret er løfta to trinn og har eit lågt korskilje i form av to benkefrontar, men er elles ope mot skipet. Dei tre mest iaugefallande inventarstykkane – altertavle, preikestol og døypefont – kjem alle frå Reknes Hospitalkapell som blei oppført i 1716 og rive i 1862.



Døypefonten i tre er forma som ein frittstående baluster og er frå ca. 1716.



Preikestolen frå Reknes kapell er frå 1718. Bildefeltet med dei fire evangelistane blei restaurerte av målerikonservator Ola Seter i 1966. Korset på vegg over preikestolen stod på toppen av Maren Sverdrup si altertavle frå 1907 til 1966.

og med bårerom og toalett i kjellaren. Leiar for bygnings- og snikkararbeidet var Sigurd Rekdal.

Målerikonservator Ola Seter frå Betna var konsulent for målingsarbeidet. Han laga fargeforslag til interiøret, med fargar som gir kyrkja eit lett og lunt preg. Veggflatene er kvite, himling og berande konstruksjonar lyseblåe og benkane bonderaude. Målingsarbeidet blei utført av Martin Uggedal frå Syvikgrenda i Haram. Sjølv tok Seter den vanskelege jobben med å restaurere den gamle altertavla og preikestolen. Seter måla også dekorasjonane på fyllingane i gallerifronten og på benkedørene, benkevangane og inngangsdørene til skipet.

Dei siste vel 50 åra er det utført fleire mindre endringar og reparasjonar av kyrkja. I 2002 kom det rullestolrampe og i 2005 blei det gjennomført ein stor reparasjon av røteskadar i tårnet. Det blei også lagt nytt teppe i midtgangen.

Våren 2016 blei kyrkja påtent, men rask innsats frå bygdefolket gjorde at elden berre fekk gjere mindre utvendige skadar. Kyrkja blei reparert og stod nyoppussa til 150 års-jubileet i november 2016.

Kunst og inventar

Altertavle: Altertavla kjem frå kapellet på Reknes Hospital for spedalske, oppført i 1716 og rive i 1862. Tavla skal vere måla av den sven-

ske målareren Peter Lilje kring 1711. Motiva viser «Korsfestinga» og «Transfigurasjonen» (Kristi forklaring). Nedst på tavla er ei datering og to namn som viser at tavla blei gjeve til hospitalet i 1716 av futen Børge J. Eeg og kona Anne Cathrine Schultz. Nye sidevenger blei laga av Jon Stenødegård i 1966.

I 1907 blei tavla bytta ut med det bildet som no heng på nordveggen, ein kopi av Heinrich Hoffmann sitt måleri «Jesus i Getsemane» måla av Maren Sverdrup, 1906. Ramma i nygotisk stil er laga av Paul Espe og måla av Ole Matias Olsen Fiksdal. Korset som stod over bildet er plassert på vegg ved preikestolen. I 1966 blei den gamle tavla frå hospitalet restaurert og sett attende på alteret.


Alterutstyr: Kalk og oblatdisk laga av gullsmed H. Hagen, Molde, 1866. To store lysestakar, 1903. To mindre lysestakar, 1991.

Preikestol: I tre frå Reknes hospitalet, 1718.

Døypefont: I tre, truleg frå Reknes hospitalet, ca. 1716.

Alterdukar: 1. Alterduk utført av prestekona Ida Marie Bøhn, 1905. 2. Hekla duk av Gyda Rekdal Nakken, ca. 1940. 3. Hekla duk av Aslaug Myrås 2011.

Messehaklar: Messehaket frå 1866. Messehaket av Anne-Brit Krag, 1994.



Altartavla skal vere måla av den svenske målarer Peter Lilje kring 1711. Bildefeltet viser «Korsfestelsen» og «Transfigurasjonen» (Kristi forklåring). Dei to nedste sidevengene blei laga av Jon Stenødegård i 1966. I 1907 blei tavla skifta ut med den som no heng på nordveggen, men til hundreårsjubileet i 1966 blei ho restaurert av målerikonservator Ola Seter og sett tilbake på alteret.



Altertavla på nordveggen med motiv «Jesus i Getsemane» er måla av Maren Sverdrup etter ein original av Heinrich Hoffmann. Tavla pryda alteret frå 1907 til 1966.



Denne skildringa av Jakobsstigen blei funnen på ei av benkefjølene som blei skifta ut i 1966. Fjøla har fått plass i våpenhuset.



Kyrkja har fire brudestolar med gyllenlêr laga av J. Dahle Møbelverkstad, Åndalsnes, 1974.



Det blei laga nye benkar i 1966, men med gjenbruk av dei gamle dørene. Målingsarbeidet er utført av Martin Uggedal frå Syvikgrenda i Haram.



Kyrkja er lys og open, med eit lunt preg. Lysekronene er frå 1907 og 1908.



Orgelet er levert av Vestres Orgel & Pianofabrikk, Haramsøya. Innvigd 19. juni 1960.

Måleri: Fire motiv i midtfelta på gallerifronten: «Jesu fødsel», «Golgota», «Stengt grav» og «Tom grav». På preikestolen: Eit restaurert bilde av apostelen Johannes. Alt utført av Ola Seter, 1966.

Anna inventar: Lysekroner frå 1907 og 1908. Lese-pult laga av Nakken Trevare, Fiksdal, 1977, måla og dekorert av Martin Uggedal, 1991.

Orgel: Det første instrumentet var eit lite harmonium, innkjøpt i 1923. Dagens orgel blei innvigd i 1960, eit elektropneumatisk pipeorgel med 11 stemmer, 2 manualar og pedal frå Vestres Orgel & Pianofabrikk, Haramsøya.

Kyrkjeklokke: Tårnet har éi klokke, med inskripsjon «FABRIKKEN VED NIDELVEN 1866».

Minnesmerke: Ved kyrkja er det reist ein bauta over dei 15 frå Fiksdal sokn som var ute i napoleonskrigane 1807–1814. Steinen blei reist i 1915 og målar 4,35 meter over sokkelen.



Kyrkjelydshuset ligg nord for kyrkja. Underetasjen stod ferdig i 2010; hovudetasjen er under arbeid i 2021. Mykje blir gjort på dugnad. Arkitekt: Berge Hjørungnes. Entreprenør: Odd Bjerkevoll A/S. Foto: Ivar Magne Bergheim.



Den gamle kyrkjestallen frå om lag 1914 er restaurert og flytta til nordre hjørne av kyrkja sin eigedom. Stallen stod opphavelig på stalltomta «Stallheim» ved Gamle Nakkevegen. Foto: Petter Inge Bergheim.



Kyrkjeskipet er ein modell av Roald Amundsens «Maud» laga av Olav Asgeir Giske, 2003.



Kyrkjeblokka der ein kunne legge pengar til dei fattige har to låsar og solide jernbeslag.

Ein svært særprega kyrkjegard

I jubileumboka Fiksdal kyrkje 150 år 1866–2016 skriv tidlegare kyrkjegardskonsulent Helge Klingberg:

Fiksdal kyrkjegard ble tatt i bruk i 1866. Den var opprinnelig plassert øst og nord for kirken, men er siden utvidet flere ganger. Den opprinnelige delen viser en forbausende autenticitet fra de første hundre årene. Forholdsvis få gravminner er fjernet og ganske få er kommet til i løpet av de siste femti år. Kirkegården har sikkert vært preget av en del trekors, men de har som kjent begrenset varighet og er nå stort sett borte.

Noen finnes likevel. De er lagret under tak. Den store variasjonen av gravminner av stein og støpejern er meget sjelden i våre dager. Antagelig er det ganske enestående. Det har sammenheng med at bare få graver er gjenbrukt. De opprinnelige gravminnene har derfor stort sett blitt stående. Den opprinnelige delen av kirkegården er derfor et typisk verneobjekt og bør vernes slik at den over lengre tid ikke mister sitt særprege (Fiksdal sokneråd, 2017).



Vike kyrkje

Vike skolekrins fekk eigen gravplass på Vikebukta i 1922. Seinare blei det bygd eit gravkapell på staden. Men for å kome til kyrkje måtte folket reise over fjorden til Vestnes eller køyre dei 2,5 mila rundt Tresfjorden. Krinsen tok derfor til å arbeide for å få eit eige kyrkjehus. I kommunestyremøte 9. juli 1965 blei det valt planleggingsnemnd for bygging av eit kapell på Vike. På formannskapsmøte 27. januar 1967 låg det føre teikningar og kostnadsoverslag utarbeidd av arkitekt O. S. Solheim i Ålesund. Kostnaden var berekna til kr 432 974. Dette fann formannskapet noko høgt, og bad plannemnda vurdere ei billegare løysing, enten ved å redusere planane eller utsette delar av bygget. Ved å sløyfe fløya med kjøkken og kyrkjelydsal og ymse rom i kjellaren, kom ein ned på ein sum av kr 332 814. Desse planane blei godkjende av soknerådet og endeleg vedtekne av formannskapet 24. mai 1967.

Byggeprosessen tok over to år, men 1. søndag i advent, 29. november 1970, stod kapellkyrkja ferdig og blei vigsla av nidarosbiskop Tord Godal. Ei utviding av kyrkjegarden blei vigsla same dag. Vike kapell har form som ei tilnærma naustkyr-

Vike kyrkje

Type: Langkyrkje i betong med rektangelplan

Arkitekt: O. S. Solheim, Ålesund

Byggmeister: Arne Moen, Molde

Vigsla: 1970

Tal sitteplassar: 150. Opphavleg 200.

Liturgisk målform: Nynorsk

kje, med langkyrkjeplan innanfor ein rektangulær bygningskropp. Veggane er i betong som innvendig er forblenda med betongstein, og taket er bore av limtrebogar. På grunn av forma har kapellet sær god akustikk og er ei populær konsertkyrkje for song- og musikklivet i Vestnes. Kyrkja har frittstående klokketårn/stopul.

Da Vikekyrkja blei bygd, var det framleis krav om tilfluktsrom i slike byggeprosjekt. Det blei også bygd her, med tjukke betongveggar, tunge jerndører og vindusskodder. Men arealet stod ikkje lenge unytta før ein trufast dugnadsgjeng gjekk i gang og innreidde møterom med kjøkkenkrok. Sidan bedehuset i bygda var gamalt og lite praktisk, blei kyrkjekjellaren også staden for søndagsskole, barneforeining, småmøte, sjømannsmisjonsbasar, soknerådsmøte osv.

I 1990-åra blei terrenget ved hovudinngan-



Vike var først kapelldistrikt under Vestnes sokn, men blei eige sokn i 1997. Vike kapell blei dermed soknekyrkje.

gen bygd opp for å eliminere den utvendige trappa. På same tid blei stolane i kyrkja modifiserte ved å montere pute på rygg og sete.

I 2012 blei kyrkjekjellaren totalrenovert på dugnad. På same tid fekk kyrkja nytt oppvarmingssystem med varmpumpe og energibrønner bora i fjellet ved kyrkja.

I seinare tid har delar av det opphavlege bærerommet blitt handikoptolett og golva i våpenhus, kjellargang og trapper har blitt flislagde (Informant: Emil Balstad).

Etter vedtak på soknemøte fekk Vike eige sokneråd, som blei konstituert 2. juni 1971. Vike-krinsen var kapelldistrikt under Vestnes fram til 1997, da det blei eige sokn med kapellet som soknekyrkje.

Kunst og inventar

Altertavle: To vindauge over alteret med glasmåleri, motiv «Kors», laga av O. Huseby, Ålesund, 1970.

Alterutstyr: Kalk og disk, lysestakar og blomsterurner, 1970.




Kyrkjegarden blei etablert i 1922. Kyrkja stod ferdig i 1970, og har form som ei tilnærma naustkyrkje.

Preikestol: I tre frå 1970.

Døypefont: I tre med dåpsfat og vassmugge frå 1970.

Alterduk: Hardangersaumsduk og antependium i lin laga av Borghild Vike, 1970.

Messehaklar: Raud frå 1970, kunstnar ukjend. Lilla av Bjørg Hustad, 2019. Grøn av Bjørg Hu-



Dei store limtrebjelkane som ber taket gir eit høgt og ope kyrkjerom. Dei kvite teglveggane og det trekvite taket gir kyrkja eit varmt preg. Det meste av interiøret og inventaret er frå da kyrkja var ny i 1970.



Alterveggen er smykka med eit støypejernskors og to glasvindaug som til saman dannar motivet «Kors», laga av O. Huseby, Ålesund, 1970.



Preikestolen i tre har ei enkel og moderne form.



Døypefonten i tre er plassert i midtgangen framme i skipet.



Kyrkja har to vakre brudestolar trekt med gyllenlêr, ca. 1972. Foto: Torild Granhaug/ Kyrkjebyggdatabasen.

stad, 2020. Til messehaklane er det laga tilhøyrande sett av preikestolklede og lesepultklede av same kunstnarar.

Anna inventar: Utskorne brudestolar med gyllenlêr, ca. 1972. Sjuarma lysestakar i smjern laga av Einar Hovde og Georg Balstad, 1979. Lesepult i kvistfri furu frå Nakken trevare, ca. 2000. Lysglobe i smjern av Karl Ivar Hanken, 2000. Prosejonskors frå Savile Row, 2014.

Orgel: Mekanisk pipeorgel med 6 stemmer, 1 manual og pedal frå Vestres Orgel & Pianofabrikk, Haramsøya, 1970.

Kyrkjeklokker: To klokker i frittståande klokke-tårn. Den minste klokka blei støypt til bruk på

futegarden Gjermundnes i 1783. Seinare var ho gardsklokke i Skorgevika og i Nilsgarden på Vike. Gjeve til kyrkja i 1970. Inskripsjon: «HR: FOGED JAKOB ANDERSSÖN EEG, JERMENÆSS. STÖBT AF ARNDT HEDEMARCK I TRONDHIEM A” 1783». Den største klokka er frå 1922, da Vike fekk gravplass. Ho hang først i tårnet på gravkappellet som blei flytta da kyrkja kom. Inskripsjon: «A/S B.S. & M.V. TRONDHJEM 1922» (Domaas, 1999).



Kyrkja er enkelt og praktisk innreidd.

Det gamle gravkapellet

Da kyrkja blei bygd, blei ikkje det gamle gravkapellet rive, men flytta frå kyrkjegarden til Einar Hovde sin eigedom. Hovde var klokkar og søndagsskulelærer på Vike i mange år. Tårnet blei demontert, taket fekk ny form og bygget fekk funksjon som uthus.

Da kyrkjegarden blei utvida i 2003, var det behov for nytt reiskapshus der. Det blei da bestemt å flytte det gamle gravkapellet tilbake til kyrkjegarden. Taket fekk att si gamle form og vart tekt med skifer, medan veggjar, vindaug og dører vart restaurerte. Men ein fann det ikkje naturleg å bygge opp att tårnet (Informant: Emil Balstad).



Foto: MIM.



Dei to klokkene i tårnet. Den eldste klokka til venstre.

Klokka frå 1783. Foto: Johnny G. Vågen/ Kyrkjebyggdatabasen.

Kyrjeklokkene på Vike

Den minste av dei to kyrjeklokkene på Vike har ei lang historie bak seg. Opphavleg blei ho støypt til bruk på futegarden Gjermundnes i 1783. Da Lars Hansen Domaas kjøpte halve futegarden i 1834 følgde også «halve» klokka med, og ho fekk plass i klokketårnet på hovudbygninga i det nye tunet. Da futegarden sidan blei delt på nytt, gav dei nye eigarane frå seg sine partar i klokka til Lars, til «ene eiendom». Men Lars hadde vore soldat i krigen 1807–14 og sleit med eit aukande drikkeproblem. Da kona til sist måtte gjere han umyndig, grov han klokka ned i «Stor-geilå» og drog til Trondheim. Sonen Christoffer drog etter og gav han 50 dalar for å få vite kor klokka var. Lars døde i Trondheim i 1841.

Da garden blei seld til fylket i 1898, tok sonen til Christoffer med seg klokka til Skorgevika, der ho fekk plass på den eine nova på løa. Sidan blei klokka seld på auksjon til svogeren Lars Olsen Vike på Vike, som sette ho opp i klokketårnet på uthuset sitt. Da kyrkja blei bygd i 1970, blei klokka gjeven til kyrkja. Klokka har såleis gjeve lyd frå seg i området i snart 240 år (Domaas, 1999).

Den største klokka blei kjøpt i samband med etableringa av gravplassen på Vike i 1922, og blei støypt i Trondheim. Ho hang i tårnet på gravkappellet fram til ho fekk sin plass i det nye klokketårnet.



Vågstranda sokn hørde opphavleg til Veøy kommune. I 1964 blei soknet ein del av nye Rauma kommune, og i 2020 ført over til Vestnes kommune. Kyrkja ligg fredfullt til ved den gamle bygdevegen, med fjorden i bakgrunnen.

Vågstranda kyrkje

Frå Veøy til Vågstranda

I boka *Beskrivelse af Romsdals Amt* (1861) skreiv amtmann Gulbrand Thesen: *Det forstaaer sig af sig selv, at Vaagstranden maatte blive et eget Kirkesogn.*

Vågstranda hørde frå gamalt av til Veøy prestegjeld og sokna til kyrkja på Veøya. Fjorden var den einaste vegen dit, og mang ein gong hadde vêr og vind gjort at vågstrandingane kvidde seg for den farefulle sjøreisa. Men i andre halvdel av 1800-talet vaks det fram ønskje om kyrkje på fastlandet både på Nesjestranda, Mittet, Holmemstranda og Vågstranda. Vågstrandingane var først ute og måtte føre lange og harde forhandlingar med hovudsoknet om det økonomiske oppgjeret. Veøykyrkja med tilhøyrande jordegods, tiend og andre verdjar var i 1781 kjøpt på auksjon av dei

118 gardbrukarane i Veøy sokn, og 39 av desse hørde til Vågstranda. No, nesten 90 år seinare, ville etterkommarane ha sin 39/118 part av verdiane for å bygge kyrkje og skole på Vågstranda. Kyrkja blei såleis bygd av dei private kyrkjeeigarane og først overdrege til kommunen 31.12.1902, slik kyrkjelova av 1897 påla dei (Talberg, 1971). Ved kgl.res. 31.10.1868 blei det gjeve løyve til å bygge kyrkje på Straume for det nye Vågstranda sokn, og kyrkja skulle ha seks gudstenester i

Vågstranda kyrkje

Type: Langkyrkje i tømmer med rektangelplan

Arkitekt: Jacob W. Nordan, typeteikning

Byggmeister: Gustav Olsen, Trondheim

Vigsla: 1870

Tal sitteplassar: 200. Opphavleg 300.

Liturgisk målform: Nynorsk

året. Dei om lag 450 innbyggerane skilde lag med hovudsoknet 1.1.1869. Allereie dagen etter blei det halde konstituerande møte i Vågstranda kyrkjeavdeling, der eit styre på tre medlemmar og to «supleanter» blei valde.

Byggeprosessen

Det var lite diskusjon om kvar kyrkja skulle stå, og grunneigarane Jørgen og Anders Strømme var villige til å selje naudsynt areal. Prisen var det vanskelegare å einast om, og handelen blei avgjort ved ekspropriasjon og skjønn.

Det blei bestemt å bygge ei relativt enkel tømmerkyrkje i nygotisk stil med rektangulær form, etter ei typeteikning av arkitekt Jakob W. Nordan. Same teikning hadde vore brukt til Fiksdal kyrkje (1866) og blei seinare brukt til Otrøy kyrkje (1878).

27. september 1869 hadde styret møte med byggmeister Gustav Olsen frå Trondheim, som hadde gjeve inn anbod på kyrkjebygginga. Dei blei einige, kontrakten blei skriven og underteikna, og Olsen lova å ha kyrkja ferdig innan utgangen av november 1870. Kostnaden skulle bli 2 500 spesidalar (om lag 10 000 kroner). Deretter blei det oppnemnt ein byggekomité på fem medlemmar.

Kyrkja blei bygd i lafta tømmer, hogd ved Trondheim, der ho først blei sett opp som råbygg. Tømmerstokkane blei så merka og plukka ned, frakta til Vågstranda og sette opp att. Under arbeidet blei breidda og høgda på øvste del av tårnet og spiret redusert av omsyn til den vêrharde plassen kyrkja stod på.

Kyrkjeklokke og altertavle var ikkje med i anbodet, og i mai 1870 valde byggekomitéen to menn som skulle reise til klokkestøypar Christian Christensen på Fuglsetneset ved Molde for å bestille kyrkjeklokke. Altermåleriet blei utført av kunstnaren Eilert Balle Lund frå Trondheim. Jørgen Gamborg Lund var leiar for målararbeidet inne i kyrkja. Kyrkjegardsmuren av stein blei sett opp av gardbrukarane i soknet, som var pålagt pliktarbeid i høve til matrikkelskulda.

Bygginga ser elles ut til å ha gått etter planen, og kyrkja stod ferdig og blei vigsla av prost Rasmus R. Arnet i Veøy 1. søndag i advent, 27. november 1870. Av Morgenbladet sitt referat frå hendinga (14.12.1870) skjønar vi at vêret ikkje var det beste: *Søndagen den 27de November var en styg og mørk, men høitidelig, en stormfuld, men til Fredens Gjerning helliget Dag ved Indvielsen af Vaagstrandens nye Kirke i Veø Prestegjeld.*



Gravkapellet blei vigsla 17. desember 1971. Arbeidet blei utført under leing av Petter Våge etter teikningar av Leif Aagård. Foto: MIM.

Berre 10 år seinare, 4. januar 1881, blei kyrkja råka av ein orkan som nær la heile bygget i ruinar (sjå rammeartikkel).

I samsvar med kyrkjelova av 1897 blei kyrkja overdregen frå dei private kyrkjeeigarane til Veøy kommune 31.12.1902.

Seinare endringar

Sidan er det berre gjort mindre endringar med kyrkja. Det mest synlege i interiøret skjedde i samband med restaureringa i 1950, da veggjar, golv og himling blei kledde med huntonitplater og måla. I 1965 blei det lagt kopar på tårntaket.

Til 100-årsjubileet i 1970 blei kyrkja restaurert på nytt, etter farge- og restaureringsplan utarbeidd av konservator Ove Quale. Etter tilråding frå Riksantikvaren blei huntonitplatene da fjerna, slik at tømmerveggane og himlinga kom fram att. Vidare blei det montert brystpanel i benkehøgde og doble vindauge, golv og veggjar blei isolerte og sørveggen fekk nytt ytterpanel. Etter ein lengre planleggingsprosess fekk ein også godkjent og sett opp nytt, større sakristibygge. Restaureringsarbeidet kom så seint i gang at jubileumsfeiringa måtte utsettast til 1971 (Talberg, 2020).

Dei siste 50 åra er kyrkja teken godt hand om, med vedlikehald, fornying og tilpassing til nyare bruk, som til dømes rullestolrampe og ny hovudtrapp. Samtidig har ein vist respekt for bygnings-



Vågstranda er ei nygotisk tømmerkyrkje frå siste halvdel av 1800-talet. Det nygotiske preget kjem særleg til uttrykk i korskiljeveggen og alterveggen.

historia slik at kyrkja i dag i hovudsak står fram slik ho gjorde i 1870.

Kunst og inventar

Altertavle: Triptyk (tredelt bilde) med «Kristi himmelfart» som sentralmotiv. På venstre side Moses med lovtavlene og på høgre side evangelisten Johannes. Måla av Eilert Balle Lund, Trondheim, 1870.

Alterutstyr: I høve 100-årsjubileet i 1970 gav ymse foreiningar og lag i bygda to store og to små blomstervasar, to store lysestakar og ei offerskål, alt i sølv.

Preikestol: Åttekanta i tre frå 1870.

Døypefont: Åttekanta i tre frå 1870.

Alterdukar: 1. Linduk i venetiansk stil med kors, lilje og rose av Helga B. Hagen, 1937. 2. Hardangersaumsduk på lin med kors og kalk av Oddrun Nordeide, Vestnes, 2008.

Anna inventar: Tre lysekroner, den eldste ei gåve frå H. P. Bjering, 1870. To utskorne brudestolar med gyllenlêr og to med skinn.

Orgel: I 1923 blei det innkjøpt eit harmonium. Dette blei i 1972 bytta ut med eit mekanisk pipeorgel i neo-klassisk stil med 6 stemmer, 1 manual og pedal frå Vestres Orgel & Pianofabrikk, Haramsøya.

Kyrkjeklokke: Klokke med inskripsjon: «STØBT TIL VAAGSTRANDENS NY KIRKE 1870 AF C. CHRISTENSEN», altså Christian Christensens støyperi på Fuglsetneset ved Molde.



Altartavla er eit triptyk (tredelt bilde) med «Kristi himmelfart» som sentralmotiv. På sidefelt er lov og evangelium representert ved Moses til venstre og evangelisten Johannes til høgre. Tavla er måla av Eilert Balle Lund, 1870.



Den åttekanta døypefonten i tre med dåpsfat i messing, 1870. Foto: Johnny G. Vågen/ Kyrkjebyggdatabasen.



Preikestolen med åttekantform, 1870. Foto: Johnny G. Vågen/ Kyrkjebyggdatabasen.



Kyrkja har lukka benkar, slik det framleis var vanleg i mange kyrkjer på slutten av 1800-talet. Dei lysegrøne stolpane (strekfiskane) og takverket dannar ein fin kontrast til dei berre tømmerveggane.



Dei to utskorne brudestolane trekte med gyllenlêr. Foto: Johnny G. Vågen/ Kyrkjebyggdatabasen.



To utskorne og dekorerte stolar trekte med skinn.



Orgelet er lik det som i Vike kyrkje, levert av Vestres Orgel & Pianofabrikk, Haramsøya, 1972.

Vinterstormen i 1881 som nesten la kyrkja i ruinar

Om morgonen 4. januar 1881 gjekk det ein orkan over området som nesten la kyrkja i ruinar. Bladet *Fædrelandet* skildra hendinga slik:

Hele Natten blæste det sterkt fra Syd eller Syd-Sydvest; men omtrent kl. 6 sprang Vinden om til ret Sydvest og Vest med en forfærdelig Voldsomhed, det var et Dur og et Brag af de sig nærmende Hvirvler, som om et forferdeligt Skred nærmede sig. (...) Værst gik det med Vaagstrandens nye Kirke, som Stormen flyttede eller vel rettere dreiede af Grundmuren – der siges flere Alen – og paa og i hvilken betydelig Skade anrettedes, saa det vel endog kan være at befrygte, at Kirken maa nedrives. En Lykke var det, at Orkanen kun varede kort; det var en to tre voldsomme Byger; derpaa aftog den efterhaanden i Styrke; efter 1 Times forløb var Faren over. Havde den raset længre, er det at befrygte at stor Skade kunde være skeet mange Steder.

Andre kjelder fortel at kyrkja blei vridd 2–3 alen ut frå grunnmuren på vestsida. Ho var forvridd og skeiv, og tårnet peika på skrå bortover fjorden. Men skipsbygger Lars Hammeraas frå Vestnes fekk saman med lokale hjelparar dratt kyrkja på plass att og retta opp skadane. Reparasjonen kosta rundt rekna 1 600 kroner, som dei 39 kyrkjeparteigarane betalte.

Bjering-gravstaden ligg like sør for kyrkja.
Foto: MIM

Hans Peter Bjering og Vågstranda kyrkje

I 1862 kjøpte Hans Peter Bjering (1836–1895) frå Rakkestad garden Nedre Våge. Han kom raskt inn i den kommunale styringa og engasjerte seg sterkt i kyrkjesaka. Med Bjering i spissen gjekk det berre to år frå den kongelege resolusjonen låg føre i 1868 til kyrkja stod ferdig. Utan hans optimisme, innsikt og kraft ville ventetida blitt mykje lenger.

Bjering var ein respektert politkar både som representant i heradsstyret og på Stortinget. Som medlem av Lagtinget deltok han i 1883–84 i riksrettssaka mot Selmer-ministeriet. Han og kona er gravlagde rett sør for kyrkja.



Andre kyrkjer og forsamlingshus

Tittelen «Kyrkjene i Romsdal» femner sjølvstøtt også om kyrkjer og forsamlingshus som høyrer til kyrkjesamfunn utanom Den norske kyrkja. Målet er ikkje å dekke heile floraen av kristelege samlingsstader som bedehus, leirstader og leigde lokale, men å presentere dei mest markante frikyrkjelege bygga.

I Molde by ligg kyrkjebygga som perler på ei snor langs Parkvegen, Øvre veg og Frænavegen. Lengst vest finn vi *St. Sunniva katolske kyrkje*, vidare mot aust *Domkyrkja*, *Frelsesarmeen*, *Metodistkyrkja* og *Adventkyrkja* – pent teologisk ordna frå katolsk via luthersk til reformert. Pinsevenene har bevega seg ut frå sentrum med *Sion* på Kviltorp i aust og *Pinsekyrkja* på Kvam i vest. Lengst vest finn vi *Brunstad Kristelige Menighet* med sitt aktivitetssenter på Mordal. Utanom Molde er det tre forsamlingar som har egne forsamlingshus: *Pinsemenigheten Nordvestkirka* i Elnesvågen, *Klippen Aukra* på Gossen og *Frelsesarmeen Rauma* på Åndalsnes.

St. Sunniva katolske kyrkje, Molde

Etter reformasjonen på 1500-talet var den katolske kyrkja stengt ute frå Norge i meir enn 300 år. Men etter opphevinga av *Konventikkelplakaten* i 1842 og innføringa av *Dissenterlova* i 1845, tok kyrkja opp att sitt virke i landet. Den første katolske kyrkjelyden blei etablert i Christiania i 1843, og *St. Olav kirke* blei innvigd i 1856. I 1829 blei Norge apostolisk vikariat og fekk sin eigen biskop (Kristvik, 2010).

St. Sunniva katolske menighet i Molde blei grunnlagt i 1923. Bakgrunnen for dette var at konsul Peter F. Dahll og fru Helga Mowinckel Dahll hadde blitt katolikkar og gitt ein større parsell av Humlehaven til *Det Apostoliske Vikariat* med det formål å bygge ei katolsk kyrkje og prestebustad på eigedomen.

Dette var den første misjonsstasjonen biskop Jan Olav Smit (biskop 1922-1928) etablerte i Norge. Smit kom frå Nederland, der det heilt frå 1800-talet hadde levd eit kall blant katolikkar til å omvende verda, og særleg dei skandinaviske landa. *St. Carolus* Borromeussøstrene i Maastricht delte dette kallet, og Smit inviterte fire av dei til å

komme og slå seg ned i Molde. Borromeussøstrene hadde eit særst godt omdømme som sjukesøstrer og dreiv fleire av dei største hospitala i Nederland. Byggeplanane blei i første omgang utsette på grunn av høge byggeprisar. I staden valde biskopen å kjøpe Privatbanken sine tidlegare lokale, der Storgata 35 ligg i dag. Her blei det innreidd kapell i første etasje og bustad for ordenssøstrene i andre etasje. For presten var det innreidd bustad i eit tilbygg på baksida av huset. Dei fire første søstrene kom til byen 12. juli 1923, og allereie dagen etter las dei den første messa i kapellet.

Kapellet blei innvigd til *St. Sunniva* av Selja – Vestlandet sin helgen – av den nederlandske kardinalen Willem Marinus van Rossum 26. juli 1923. Ifølgje referatet i Romsdals Budstikke hadde ikkje Norge hatt eit kardinalbesøk på nesten 700 år, og «hele gaten utenfor kapellet var fyllt av en interessert menneskemasse» (RB 28.07.1923).

I 1925 blei andre etasje i huset ombygd til eit lite hospital, og søstrene flytta opp på kvisten. I starten var det få pasientar, men i 1928 tok overlegen ved Reknes sanatorium til å nytte *St. Sunniva* hospital til lettare tuberkulosepasientar, og i 1931 starta planlegginga av eit katolsk sjukehus. Same år gjekk Rauma saftpresseri konkurs, og søstrene sikra seg den sentralt beliggande tomte som gjekk under namnet *Plantasjen*. 21. februar 1933 la dei ned grunnsteinen til *St. Carolus* sjukehus, og i desember kunne søstrene flytte inn i tredje etasje. Kapellet i første etasje, *Jesu hjerte kapell*, blei innvigd 31. januar 1934, og 10. februar kunne ein ta i bruk første byggetrinn av sjukehuset. Det hadde 36 pasientplassar, 18 av dei for tuberkulosepasientar, og var utstyrt med moderne røntgenanlegg og operasjonsavdeling. Bygget var lagt til rette for

St. Sunniva katolske kyrkje, Molde

Type: Åttekantkyrkje i tre

Arkitekt: Sverre Witzøe

Vigsla: 1957

Tal sitteplassar: 90



Bildet viser huset som biskop Smit kjøpte i Storgata 45 (no Storgata 35) i 1923. St. Sunniva kapell lå i første etasje og bustad for søstrene i andre. Foto: Romsdalsmuseets fotoarkiv.

utvidning til 70 pasientar, og i 1936 blei det påbygd over verandaen mot vest. Kapellet flytta no opp i tredje etasje, der søstrene budde. Det hadde same utforming som før, men med kvelva tak.

Kapellet i Storgata blei offer for bombinga av Molde i april dagane 1940. Kyrkjelyden flytta da gudstenestene over til søstrene sitt kapell på sjukehuset, og her blei dei i 17 år fram til *St. Sunniva kyrkje* i Parkvegen 23 stod ferdig og kunne innviast pinsedagen 9. juni 1957. Kyrkja er teikna av arkitekt Sverre Witzøe og har 90 sitteplassar. Bygget er åttekanta, i tre, og har eit høgrest pyramidetak med ope lanternebygg for kyrkjeklokka. Lanterna er krona med eit stort kors.

Tuberkulosen gjekk sterkt tilbake i 1930-åra, og behovet for sengeplassar på St. Carolus blei gradvis mindre. I 1936 starta augnelege Alf K. Gulbrandsen privat augeklinikk i første etasje, og i åra 1939–45 dreiv øyre-nase-hals-lege Ivar Brekke privatpraksis i andre etasje. I 1953 tok

«Jesu hjerte kapell» i tredje etasje på St. Carolus sjukehus. Da St. Sunniva kapell i Storgata blei bomba i april 1940, blei gudstenestene flytta hit inntil St. Sunniva kyrkje stod ferdig i 1957. Foto: Birkeland/ Romsdalsmuseet.



St. Carolus sjukehus slik det såg ut mellom 1936 og 1959. Da huset blei innviad i 1934 låg søstrene sitt kapell i første etasje mot vest. Ved påbygginga i 1936 flytta kapellet opp i tredje etasje. Foto: Normann/ Romsdalsmuseet.





St. Sunniva kyrkje i Parkvegen 23 blei innvigd i 1957.

Fylkessjukehuset over drifta av augeavdelinga og i 1955 øyre-nase-hals-avdelinga, begge med 25 sengeplassar. Verksemda blei driven i samarbeid med søstrene, mange av dei var utdanna sjukepleiarar. I 1945–50 dreiv søstrene eigen fødselsklinikk, og i den store babyboomen etter krigen var det mang ein moldensar som fekk høyre søstrene synge laudes og vesper på latin lenge før dei lærte søndagskolesongane. I 1959 blei det bygd ei ny fløy mot aust med tidsmessige undersøkingsrom, ekspedisjon, venterom og kontor. Samarbeidet med Fylkessjukehuset varte til 1968, da fylket kjøpte heile bygget. Sjukehusdrifta tok slutt i 1995. Avdelingane blei da samlokaliserte med Fylkessjukehuset i Molde og bygget ominnreidd til statlege og fylkeskommunale kontor.

I oktober 1951 starta søstrene opp *Lilleputt barnehage* med 8–10 barn i eit hagehus bak sjukehuset. Barnehagen blei leia av nederlandske søstrer som var utdanna førskolelærarar. Prestebustaden og administrasjonsbygget i Parkvegen 23, teikna av arkitekt Finn Giertsen, stod ferdig i 1953. Barnehagen flytta da inn i underetasjen, som eigentleg var tenkt til kyrkjelydslokale, og der blei han verande inntil nye *St. Carolus barnehage* med plass til 80 barn kunne takast i bruk i august 1962. Barnehagen, som låg i hagen sør for sjukehuset, var teikna av arkitekt Knut P. Bugge og var svært moderne for si tid. Søstrene dreiv barnehagen fram til kommunen overtok i 1986.

Ein ny, mindre prestebustad stod ferdig i de-

semer 1967, og etter salet av *St. Carolus* kjøpte søstrene den gamle prestebustaden der dei etablerte ein kommunitet (eit ordensfellesskap). Ved utgangen av 1968 budde det fem søstrer att i Molde og den katolske kyrkjelyden hadde 54 medlemmar. Dei siste ordenssøstrene drog frå Molde i 1990 etter nærare 70 års verksemd. Da den siste – sr. Hilde Geers – forlét Molde, hadde meir enn 60 søstrer budd og arbeid i byen i kortare eller lengre tid.

Mellom 1991 og 1994 var det Augustinarkloster i Parkvegen 23, med dom Brian McNeil som leiar. I 1999 flytta tre nonner av ordenen *Missionary Servants of the Holy Trinity* (MSHT) frå Filippinane inn i bygget og etablerte ein kommunitet. Biskop Georg Müller gav klosteret namnet *Stella Mans* («Havets stjerne»), som er eit anna namn på jomfru Maria. I 2003 blei det bygd til ein kyrkjelydssal. Heile bygget går under namnet *Stella Maris* («Havets stjerne»), som er eit anna namn på jomfru Maria.

St. Sunniva kirke er soknekyrkje for Molde sokn av den katolske kyrkja, som omfattar heile Romsdalsregionen. Kyrkjelyden har vakse frå om lag 300 medlemmar i 2005 til 1638 i 2021. Medlemmane er frå mange ulike nasjonar og i tillegg til norsk blir det feira messe på polsk, litauisk, tagalog og engelsk. Det er faste messestader også på Aukra, Vestnes og Åndalsnes (Abrahamsen, 1992; Gjendem 2016; www.stsunniva.com) (Informantar: Berthy G.M. Standal og Knut Ødegård.)



Kyrkja er åttekanta og har eit høgrest tak. Det trekvite og lyse interiøret gir eit vakkert og harmonisk kyrkjerom.



Alterbordet med tabernaklet, der hostien (nattverdbroødet) blir oppbevart, og krusifiks over.



Orgelet på galleriet er eit pipeorgel med 3 stemmer og 1 manual, bygd ved Norsk Orgel- og Harmoniumfabrikk, Vardal. Det stod først i Lilleborg kyrkje i Oslo, deretter i St. Gudmund kyrkje på Jessheim før det i 2020 blei kjøpt inn til St. Sunniva kyrkje i Molde. I samband med flyttinga blei orgelet restaurert og internt på nytt.



Helgenfigur av Maria med Jesusbarnet.



Det innvendige taket er forma av åtte trekantar som møtest over midten av kyrkjerommet.



Prestebustaden frå 1967. Foto: Berthy G.M. Standal.



På fem av veggane er det doble vindaugne med glas-måleri. Vindaugnet til venstre viser det sigrande Guds lam (Agnus Dei) og til høgre ein nattverdskalk med drueklase. Foto: MIM.



Stella Maris kloster, opphavleg bygd som prestebustad og administrasjonsbygg i 1953. Sidan 1968 har bygget vore brukt til kloster for tre ulike kommunitear. Foto: Berthy G.M. Standal.

Frelsestemplet i Molde

Frelsesarmeen blei grunnlagt i London i 1865 av William og Catherine Booth, og kom til Norge i 1888. I dag har Frelsesarmeen i Norge kring 100 korps med om lag 10 000 medlemmar. Frelsesarmeen blei registrert som eit eige trussamfunn i 2005.

Frelsesarmeen kom første gong til Molde i 1890, men med sin folkelege musikkstil blei dei til dels motarbeidde i det kristelege miljøet i byen, og etter fem års kamp blei verksemda nedlagt. Arbeidet blei teke opp att i august 1911, da *Molde korps* blei etablert. I starten leigde korpset lokale hos *Losje Broderkjeden* i Kirkebakken. Dei første leiarane var kaptein Dille og løytnant Borge.

Tilslutninga til arméen vaks, og det blei leigd større lokale hos *Losje Uræd* i Kinobakken (no Amtm. Krohgs gate) og i *Folkets Hus*. I kjellaren til Uræd låg det ein kino, og sidan dette var i stumfilmen sine dagar, hende det at den fengande songen til arméen lokka folk ut frå kinosalen og opp i møtesalen.

I november 1926 kunne arméen flytte inn i sitt eige hus i Spolertbakken 3. Her var det møtelokale med plass til 300 personar og offisersbustad. Korpset talde da 100 soldatar (Abrahamsen, 1992).

Frelsestemplet i Molde

Type: Forsamlingshus i mur

Arkitekt: Arne Bjønnes

Vigsla: 1956

Tal sitteplassar: 100

I april dagane 1940 blei huset ramma av ei sprengbombe, og alt så nær som murskalet brann opp. Dermed blei det ein ny omflakkande periode i leigde lokale, denne gongen i ein skreddarverkstad, i Lødingbrakka og i Gjestestovebrakka. Men 7. januar 1956 kunne arméen flytte inn i det nye *Frelsestemplet*, bygd på same stad som det gamle. Det blei innvigd i nærvær av Frelsesarméen sin sjef i Norge, kommandør Em. Sundin, som overrekte nøkkelen til korpseleiareren i Molde, kaptein Ajer, og bad han sørge for at «døren stod åpen for alle». Publikum hadde fylt dobbeltsalen til siste plass.

Romsdals Budstikke skreiv: *For Frelsesarméens korps og for Arméens venner i Molde og Omegn betyr det nye Templet at rotløshetens tid er forbi. Det er slutt på den omflakkende tilværelsen som skapte usikkerhet og en følelse av å være hjemløse. Huset som ble innviet lørdag er nytt og i mangt*



Frelsestemplet i Spolertbakken 3 er bygd i 1956. Det første templet, blei bygd på nøyaktig same tomt i 1926, men brann ned under krigen. Foto: MIM.



Møtesalen er enkelt og praktisk innreidd. Podiet er utstyrt med det mest naudsynte for å gjennomføre eit møte med forkynning, song og musikk. Foran podiet står botsbenken som finst i alle Frelsesarmeen sine lokale og som har røter attende til grunnleggaren William Booth. Foto: MIM.

og meget forskjellig fra det som ble bygget i 1926, men likevel minner det oss om det gamle Templet. Straks en kommer inn føler en seg hjemme der. Det er bygget bru over de 15 hjemløse årene fra 1940 (Abrahamsen 1994).

I første etasje var det butikklokale, der det gjennom åra har vore både slaktar-, gullsmed-, urmakar- og symaskinbutikk. I 2003 tok korpset i bruk lokala til eigen verksemd da *Varmestua* starta opp – eit tilbod til rusmisbrukarar, mellom anna finansiert av den årlege *Julegryta*. I 2009 etablerte ein arbeidstreningsprosjektet *Jobben* i samarbeid med Nav og Molde kommune. Kring 1985 blei det bygd til nytt, større kjøkken og kring 2005 blei møtesalen modernisert.

Da Molde korps feira 100 år i 2011, kunne det sjå tilbake på eit breitt spekter av aktivitetar som hadde hatt tilhald i bygget, alle i tråd med Frelsesarmeen sitt slagord «suppe, såpe og frelse»: Søndagsskole, speidargrupper, ungdomsforeining, juniorhornmusikk, hjelpegrupper, nærradiosendingar, kvinne-, manns- og «over de 60»-grupper, i tillegg til gudstenester, møte og ulike festar. Her starta også *Loppebua* opp, som ein forløpar til Fretex. Dei seinare åra har aktiviteten gått noko tilbake som følgje av ei aldrande forsamling (RB 27.10.2011). (Informantar: Henry Sjøstad og Moses Nangwala.)



Dei gamle butikklokala på gateplan huser i dag *Varmestua*. Foto: MIM.



På fondveggen i møtesalen heng Frelsesarmeen sin logo med kampropet «BLOD OG ILD». Foto: MIM.



Metodistkyrkja i Elvegata 7 blei innvigd i 1947. Kyrkja er forma som ein treskipa basilika.

Metodistkyrkja i Molde

Metodistkyrkja blei grunnlagt i England av brørne John og Charles Wesley kring år 1800 for å hjelpe arbeidarar og vanskelegstilte i kjølvatnet av den industrielle revolusjon. Den første norske kyrkjelyden blei danna blant arbeidarane på Borregaard i Sarpsborg i 1856. I dag har Metodistkyrkja i Norge 46 kyrkjelydar med over 11 000 medlemmar.

Frå slutten av 1800-talet fekk Molde sporadiske besøk av metodist-predikantar, truleg sende ut frå metodistkyrkja sentralt. Den første tida var det få medlemmar, i 1920 var det registrert 13 metodistar i Molde, men dei utgjorde likevel fleirtalet av dei i alt 24 dissentarane i byen. Desse pionerane danna foreininga *Framskritt* som samla inn pengar for å få fleire besøk av tilreisande predikantar (Lien, 2010).

I 1922 blei den nyutdanna Ludvig Haavaldsrød sendt til Molde for å etablere fast verksemd. Han blei godt motteken, og hans friske forkynning gav raskt resultat. Det første offentlege arrangementet var «Juletræfest» i losje Uræds lokale 13. januar 1923. Seinare heldt han fleire møte i Folkets Hus, og 2. november 1923 blei *Molde Metodistmenighet* formelt stifta med 23 medlemmar. Seks veker seinare, i januar 1924, kom søndags-

skolen i gang, eit arbeid som med åra samla barn langt ut over kyrkjelyden sine egne rekker.

Etter fem år, 24. mars 1929, kunne kyrkjelyden innvie sitt eige faste lokale, *Wesley Kapell* i bygget til Solemdal Møbelfabrikk. Her fekk forsamlinga vekse og utvikle seg i elleve år, inntil heile bygget blei lagt i grus i april dagane 1940. Sidan fekk kyrkjelyden leige ein sal i Mjelva Konfeksjonsfabrikk i Amtmann Leths gate, som dei disponerte fram til juni 1946. Deretter fekk dei leige eit klasserom ved Rasmussen Handelsskole.

Kyrkjelyden hadde lenge hatt ønske om å bygge si eiga kyrkje, og bombinga av kapellet sette fart i planane. Markus Karlsen og seinare Elles Ulland sette i gong med innsamling av midlar over store delar av landet. Tomtespørsmålet løyste seg da kyrkjelyden i 1943 fekk kjøpe Elvegata 7 ved Øvre Bro.

Etter krigen var metodistane i Molde blant

Metodistkyrkja i Molde

Type: Langkyrkje med basilikaform i mur
Arkitekt: Karl Grevstad
Entreprenør: Stensrud & Søn
Vigsla: 1947
Tal sitteplassar: 150

dei første i landet som klarte å reise ei ny kyrkje. Den viktigaste årsaka til at ein kom så fort i gang, var økonomisk hjelp frå USA. Under krigen samla den amerikanske metodistkyrkja inn pengar til gjenreising av øydelagde kyrkjer over heile verda, og av desse midlane fekk Molde metodistmenighet tildelt 200 000 kroner. Materialmangelen gjorde at kyrkjebygg generelt var lågt prioritert, men fordi metodistane kunne tilby sårt tiltrengt amerikansk valuta, fekk dei byggeløyve.

Det første spadesticket blei teke 5. august 1946 og kyrkja blei høgtideleg vigsla 19. juni 1947. Kyrkja var overfylt da biskop Theodor Arvidson utførte den høgtidelege innviinga, assistert av tilsynsmann for nordre distrikt, pastor Torjus Olsen.

Kyrkja er teikna av *Grimsgaard & Grevstad Arkitekter*, Oslo. Karl Grevstad var født i Ålesund, men vaks opp i Molde og blei seinare professor i byggekunst på NTH i Trondheim. Entreprenør *Stensrud & Søn A/S*, Oslo, stod for oppføring av råbygget, medan resten av arbeidet blei utført av lokale handverkarar.

Kyrkjelyden ønskte seg ei tradisjonell kyrkje som samtidig kunne vere arbeids- og brukskyrkje. Resultatet blei ei langkyrkje i betong med basilikaform og 170 sitteplassar i hovudsalen. Med den bakre salen og galleriet kunne kyrkja romme i alt 300 personar. Etter at benkane for nokre år sidan blei skifta ut med stolar og galleriet ikkje lenger kan brukast av brannvernomsyn, kan kyrkja i dag romme om lag 150 personar. Til saman kan kyrkja romme 300 personar. I kjellaren er det rom for ungdomsarbeid og andre aktivitetar og i sidefløya bustad og kontor for presten. I hjørnet mellom fløyene er det reist eit 17 meter høgt tårn med to klokker. Kyrkjeanlegget har såleis ein fin balanse mellom det funksjonelle, det uttrykksfulle og det symbolske.

Innvendig er kyrkjerommet relativt enkelt utstyrt, slik vanleg er i metodistkyrkjene. Koret er orientert mot sør på grunn av tomtetilhøva, noko som gir ekstra lys og liv til det store blyglasvindauget på fondveggen. Dekormålinga er utført på fritid av dei same målarane som dekorerte Moldekyrkja midt på 1950-talet. Koret er innreidd med alter, alterring, døypefont og sentralt plassert talarstol. Som i alle metodistkyrkjer er døypefonten plassert innanfor alterringen. Eit av dei få dekorative elementa er dei smekre lysekronene i koret som er smidde av kunstsmed Sverre Pedersen.



Det vakre stjernevindaugget i blyglas på fondveggen i koret er omkransa av dekkormåla solstrålar. Koret er sørvendt slik at sollyset fell inn i skiftande vinklar og minner om at Herrens lys er ein føresetnad for åndelig liv og vekst. Foto: Hilde Stenmark Kvennes.



Kyrkjerommet er enkelt innreidd med alteret og blyglasvindaugget som dei sentrale elementa. Foto: MIM.



Koret med alterring. Preikestolen er sentralt plassert bak alterbordet. Som i alle metodistkyrkjer er døypefonten plassert inne i alterringen. Foto: MIM.

Klokkene i Metodistkyrkja

Eit særkjenne med klokkene i metodistkyrkja er at dei er avstemde med klokkene i Molde domkyrkje. Det har si forklaring i at klokkene til begge kyrkjene blei støypte hos Olsen Nauens klokkestøyper i Tønsberg i 1947, til metodistkyrkja i februar og til Moldekyrkja i mai (meir enn ti år før kyrkja stod ferdig). Metodistkyrkja sine klokker var stemde i D og E, og Moldekyrkja sine i E, G og H (som saman dannar ein mollklang). Når klokkene i dei to kyrkjene ringer samtidig, får ein samklangen G–H–D–E som er ein klassisk kyrkjetoneart, mellom anna kjend frå Mariahymna «Salve Regina» frå 1200-talet.

Den største klokka i metodistkyrkja har innskrifta «KOM» og den minste «ÆRE VÆRE GUD I DET HØYESTE». Klokkene fekk spele ei sentral rolle ved innviinga av kyrkja, som blei innleidd med ein times klokking. Til dette viktige oppdraget blei det henta inn profesjonell hjelp, nemleg den gamle klokkekaren i Molde kyrkje, buntmakar Th. Jacobsen (Lien, 2010).



Den ytre basilikaforma gir eit høgt og lyst kyrkjerom. På golvplan er rommet forma som ein einskipa, open sal. Foto: MIM.



I åra etter krigen gjekk «alle» barn på søndagsskolen, og Metodistkyrkja sin søndagsskole var ein av dei mest populære i byen. Mellom 50 og 200 barn strøymde til søndag formiddag og kunne fylle kyrkja slik som vi ser på dette bildet frå 1954. Fotografen kan ha vore søndagsskolestyrar Peder Furuli.



Adventistkyrkja i Frænavegen 5 blei innvigd i 1953. Foto: MIM.

Adventistkyrkja i Molde

Sjuandedags adventistkyrkja blei starta i USA i 1863. Den første norske kyrkjelyden blei stifta i Oslo i 1879, og kyrkjesamfunnet tel i dag om lag 5 000 døypte vaksne pluss barn, delt på 56 kyrkje-lydar. Læra legg vekt på å heilaghalde *sabbaten* på laurdag – den sjuande dagen i veka – og trua på at Kristus snart kjem att.

Molde menighet blei stifta 28. juni 1913 av O. A. Nerem og O. J. Olsen Røst, den gongen med 23 medlemmar. På det meste har forsamlinga hatt 80 vaksne medlemmar og 35 barn. Gjennom åra har mange falle frå av naturlege grunnar som sjukdom og død eller flytting, og kyrkjelyden tel i dag om lag 35 medlemmar og nokre barn.

I starten blei møta haldne heime hos familien Bjørnehaug/Nerland i Bastian Withs gate. Dei eigde eit større område langs Moldeelva og austover til Frænavegen. Da forsamlinga tok til å vekse, gav familien tomt til bygging av kyrkje i Frænavegen

5. Kyrkja blei bygd i 1953 og er teikna av arkitekt Knut P. Bugge. I 1981 fekk kyrkja eit påbygg med ny kyrkjesal, teikna av Gerhard Hansen. Kyrkjesalen har 100 sitteplassar. I underetasjen er det festsal med kjøkken, speidarrom og garderober. I andre etasje er det bustadrom.

Fotografen og «altmoglegmannen» Normann Parelius Haug (1881–1961) var lenge ein av leiarane og ei drivande kraft i kyrkjelyden. Det kom også besøk av pastorarar frå andre delar av landet. Adventistane er kjende for å ha faste opplegg med bibelstudium kvar laurdag kl. 11.15 og gudsteneste kl. 12.15 – slik tradisjonen også har vore i Molde (informant: Gerhard Hansen).

Adventistkyrkja i Molde

Type: Forsamlingshus i tre

Arkitekt: Knut P. Bugge

Vigsla: 1953

Tal sitteplassar: 100



Kyrkjesalen blei bygd ut i 1981. Dei sentrale elementa er bordalteret med bibel, talarstolen midt på podiet og korset på fondveggen. Foto: Gerhard Hansen.



Undervisningsrommet. Foto: Gerhard Hansen.



Speidarrommet i underetasjen.
Foto: Gerhard Hansen.



Festsalen i underetasjen. Foto: Gerhard Hansen.

Mordalsmyra Aktivitetssenter

Brunstad Kristelige Menighet Molde (BKM Molde) høyrer til kyrkjesamfunnet *Brunstad Christian Church* (BCC) som har 19 kyrkjelydar med omlag 9000 medlemmar i Norge. Kyrkjesamfunnet blei til i tida etter Johan Oscar Smith si omvending i 1898, og blei lenge kalla *Smiths vener*. Det er det einaste verdsospennande kyrkjesamfunnet som har røter i Norge, og er spreidd i meir enn 50 land over alle kontinent. BKM Molde er organisert som ei sjølvstendig foreining med eigen økonomi og leing. Kyrkjelyden har 212 registrerte medlemmar mellom 0 og 80 år.

Johan O. Smith var underoffiser i den norske marinen og grunnla mange kyrkjelydar i byar langs kysten som han besøkte. Medan han segla som nøytralitetsvakt under første verdskrig, kom han i 1916 til vår region. Her hadde han nokre kontaktar som blei grunnstammen i den lokale kyrkjelyden, særleg i familiane Bolsønes og Fuglset. I 1920- og 30-åra kom fleire til, og kyrkjelyden i Molde blei formelt stifta 31. desember 1934. På slutten av 1930-talet talde kyrkjelyden 25–30 vaksne og kring like mange barn.

Sivert Bolsønes var medeigar og seinare disponent ved *Bolsønes Verft*, og mange av venene fekk arbeid der. Verftet hadde også ei avdeling i

Mordalsmyra Aktivitetssenter

Type: Forsamlingshus i tre
Arkitekt: Bengt Brandt
Byggmeister: Bernt Hustad
Vigsla: 1999
Tal sitteplassar: 300

Langevåg på Sunnmøre, og fleire av venene der flytta etter kvart til Molde. Nokre kom også flyttande frå andre stader.

I starten gjekk møta føre seg i heimane. Det første møtelokalet var eit rom i kjellaren til Sivert Bolsønes. I 1961 blei det frådelt ei tomt frå Fuglset gard til kyrkjelydshus. Eit eldre forsamlingshus på Vikebukta blei plukka ned på dugnad og sett opp på tomta i Birkelandvegen 3. Den eldste delen, som framleis står, gav plass til 60–70 personar. Nye generasjonar og tilflytting førte til at forsamlinga vaks, og i 1973–74 blei lokalet utvida til om lag 150 personar. Forsamlinga auka vidare utover i 80- og 90-åra, og med mange barn og unge som kravde andre typar aktivitetar enn bygget kunne tilby, blei det behov for eit større og meir funksjonalt bygg. Dessutan var parkeringstilhøva mangelfulle.

Forsamlinga såg seg da om etter ny tomt, og fann eit høveleg område på Mordalsmyra som også grunneigaren var interessert i å selje. 4. sep-



Hovudbygget i Julsundvegen 903 blei innvigd i 1999. Bygget fekk Molde kommunes byggeskikkpris i 2001. Foto: MIM.



Barnehagebygget blei reist i 1998 som arbeidsbrakke og mellombels møtelokale. Bygget rommar i dag Mordalsmyra barnehage. Foto: MIM.

tember 1994 gjekk det brev til kommunen med førespurnad om løyve til frådelling og bygging på tomta. Avgjerda tok si tid, men våren 1998 var alle formalitetar i orden og bygginga kunne ta til. Ein starta med Barnehagebygget, som blei brukt både til arbeidsbrakke og møtesal, med plass til 80–90 personar. Hovudbygget stod ferdig sommaren etter, og 4. september 1999 – nøyaktig fem år etter at det første brevet blei sendt – kunne huset innviast. Her er det i dag møtesal til 300 personar og ulike aktivitetsrom for barn, unge og vaksne. Samla areal er kring 1000 kvadratmeter.

Huset blei teikna av arkitekt Bengt Brandt og byggeleiar var Bernt Hustad. Nesten alt tømrararbeid blei utført på dugnad. Huset fekk kommunen sin byggeskikkpris i 2001. I 2021 er møtesalen pussa opp og oppgradert.

Mordalsmyra aktivitetssenter er eigd av *Mordalsmyra eigedom A/S*, som kyrkjelyden eig. I tillegg til hovudbygget eig selskapet barnehagen og eit stort uteområde med leikeapparat og ballbinge. Nabotomta med industrihall er også kjøpt av selskapet. Hallen er innreidd til gymsal, og vidare er det planar om å lage innadørs ishockeybane som ein del av barnearbeidet si hockeysatsing. Elles driv kyrkjelyden aktivitetssklubb og søndagsskole for barn og eigen ungdomsforeining i tillegg til faste gudstenester (www.bkmmolde.no) (Informant: Sivert Bolsønes.)



Aktivitetssenteret har eit stort opparbeidd uteområde med leikeapparat og ballbinge. Foto: MIM.



Solplassen med benkar ved inngangen inviterer til kvile og ein god prat. Foto: MIM.



Møtesalen blei innvidg 21. august 2021 etter modernisering og oppgradering. Salen har 300 sitteplassar. Foto: Amalie Håndlykken.



Bakover i møtesalen. Foto: Amalie Håndlykken.



Huset er lagt godt til rette for barn og unge. Her er det rom for spel og leik. Foto: Amalie Håndlykken.



Frå garderoben. Foto: Amalie Håndlykken.



Pinsekirken på Kvam blei innvigd i 2008. Foto: MIM.

Pinsekirken på Kvam

Pinsekirken på Kvam er ein av dei meir enn 340 forsamlingane innan Pinsebevegelsen i Norge. Ho blei stifta 10. desember 2000 av forstandar Ketil Salminen, og heldt den første tida til i leigde lokale på Skrenten i Molde. Etter kvart blei det behov for meir permanente lokale, og i 2007 fekk kyrkjelyden kjøpe den kommunale tomta som var regulert til bydelskyrkje for Kvam. Tomta var da friggitt både av det lokale soknerådet og Kvam barnehage på nabotomta.

Forsamlinga hadde starta hjelpesendingar til Latvia hausten 2006, og i januar 2007 reiste forstandaren dit og bestilte stolar, bord, vindauge, koppar og kar til nybygget. Tremateriala blei bestilte frå Russland. Det blei vidare leigd inn latviske snekkarar, målarar og tapetserarar til bygginga. Reisinga av forsamlingshuset starta i september 2007, og var ferdig 9. mai 2008. Innviinga skjedde i pinsa, 10. og 11. mai 2008.

Arkitekt for bygget var Astrid Reime, Nær-

bø, og ansvarleg byggmeister Ronald Klevstad, Tønsberg. Bygget har ein møtesal med plass til 130 personar og ein sidesal med plass til inntil 70 personar. I tillegg har bygget kjøkken, garderobe, toalett og kontor. Oppvarminga skjer med varmepumpe og vannboren golvvarme.

Kyrkjelyden tel i dag 56 medlemmar med stort og smått, og har både eritreiske, tyske, latviske og ukrainske medlemmar i tillegg til norske. Det er faste aktivitetar i bygget i form av bibel- og bønemøte, «Kvam kafé» for ungdom og studentar og gudstenester med søndagskole. Det er også noko utleige og samarbeid med barnehagen (Informant: Ketil Salminen).

Pinsekirken på Kvam

Type: Kyrkjebygg i tre med vifteplan

Arkitekt: Astrid Reime

Byggmeister: Ronald Klevstad

Vigsla: 2008

Tal sitteplassar: 130 i hovudsal, 200 totalt



Møtesalen er høg og lys og rommar 130 personar. Podiet er utstyrt med tidsmessig lys- og lydanlegg. Fondveggen er dekorert med eit lysande kors av glasbyggestein. Foto: MIM.



Møtesalen kan utvidast med ein sidesal for inntil 70 personar, med tilhøyrande kjøkken. Foto: MIM.



Nye Sion Molde har ein stilrein fasade. Eit stort kors lyser opp inngangspartiet i midten. Foto: MIM.

Sion Molde

Pinserørsla kom til Norge med Thomas Ball Bar-rat i 1907 og har i dag om lag 42 000 medlemmar i meir enn 340 kyrkjelydar.

Arbeidet i Romsdal starta hausten 1934 da to unge evangelistar, Margrethe Daae og Tony Tonhaugen, kom frå austlandet og tok opp verksemd i Sandsbukta. Året etter blei dei første tilhengarane døypte, og snart spreidde arbeidet seg til Tornes, Elnesvågen, Aukra og Molde.

I 1936 kom Erling Schøning til Molde og Elnesvågen. I Molde fekk han leige losje *Uræd* sitt lokale, men søkinga til møta var ikkje stor. På fri-luftsmøta var det derimot større tilstrøyming og 27. mars 1938 blei *Pinsemenigheten Sion, Molde og omegn* stifta med åtte medlemmar og Schøning som forstandar.

I 1952 starta planlegginga av lokale i Elnesvågen. Ein privatperson gav gratis tomt, og nokre i forsamlinga drog med båt til Kristiansund for å rive ei brakke som dei brukte til materialar. Innvi-inga av *Sion i Elnesvågen* skjedde 30. august 1953.

Da hadde venene på Aukra allereie teke i bruk sitt hus, også det bygd på ei tomt gjeven av eit medlem. *Klippen Aukra* blei innvigd 7. juni 1953. Lokalet var det første i distriktet som hadde

dåpsbasseng, og det blei brukt av alle forsamlin-gane i området. Tidlegare hadde ein måtta reise til Ålesund eller arrangere dåp i elvar, vatn og sjø.

I 1959 kjøpte forsamlinga i Molde ein eige-dom i Parkvegen der dei planla å bygge møteloka-le, men fleire hindringar førte til at bygginga ikkje kom i gang. I denne tida leigde dei lokale i andre etasje på Kneippbrødfabrikken («Kneippen»). Men i 1970 fekk forsamlinga eit uventa tilbod frå eigaren av *Pensjonat Utsikten* i Amtmann Leths gate 3 om å kjøpe denne eigedomen til ein rimeleg pris. Kjøpet blei gjennomført, og dei gjekk i gang med å planlegge eit stort tilbygg med møtesal. Et-ter ein omfattande dugnadsinnsats kunne forsam-linga i 1972 ta i bruk det ominnreidde gamlehuset og underetasjen i tilbygget. Som eit kuriosum kan nemnast at det i kjellaren på pensjonatet var eit offentleg bad som forsamlinga vidareførte drifta

Sion Molde

Type: Forsamlingshus i mur

Arkitekt: Kjell Kosberg

Byggmeister: Grytnes Entreprenør

Vigsla: 2020

Tal sitteplassar: 500

av inntil svømmehallen på Idrettens Hus kom i drift eit par år seinare.

I åra etter at Sion Molde stod ferdig, opplevde forsamlinga sterk vekst. På 90-talet fann dei det rett å dele forsamlinga slik at det blei sjølvstendige kyrkjelydar på Aukra, Åndalsnes og i Fræna. Ansvar for hjelpesendingane til Aust-Europa som blei starta opp tidleg i 1970-åra, blei etter kvart overteke av Sion Fræna.

Utover på 2000-talet opplevde Sion ny vekst, og lokala i Amtmann Leths gate tok til å bli for små. Forsamlinga tel i dag om lag 350 døypte medlemmar som representerer over 20 nasjonalitetar. Medrekna barn og andre tilhøyrige omfattar «Sion-familien» om lag 500 personar.

I 2017 kjøpte forsamlinga bygget til *Slatlem bilforretning* i Kometvegen 7 på Kviltorp. Slatlem var da i gang med å bygge nytt bygg i Bilbyen i Årødalen. Kjell Kosberg blei engasjert som arkitekt, og i 2018 var fleire komitear i sving med ulike planleggingsoppgåver. I februar 2019 blei det teikna kontrakt med *Grytnes Entreprenør*, og i oktober 2020 blei bygget overlevert. Det første møtet i nybygget blei halde 31. oktober 2020.

Overgangen frå det gamle bygget på 800




Det gamle Sionbygget på toppen av det som på folkemunne blei heitande *Sionbakken*. Her heldt forsamlinga til frå 1972 til 2019. Foto: Halvard Hatlen.

kvadratmeter i byen til det topp moderne kyrkjelydshuset på 2 300 kvadratmeter på Kviltorp, var stor. Her er det innreidd ein stor møtesal med i alt 500 sitteplassar (407 på golvet og 93 på galleriet), ungdomssal, fleire rom for barna og stor kafeteria med kjøkken. Det blir satsa på utleige til større møte og konferansar, og bygget blir marknadsført som *Molde konferansesenter*. (Informantar: Anne Ruth Gagnat Vik og Karl Ivar Iversen.)



Møtesalen med galleri har sitteplass til 500 personar. Podiet er rigga med topp moderne utstyr for lys og lyd.



Bakre del av salen med galleriet.



Etter forslag frå arkitekten blir vestibylen kalla Albert Hall etter forsamlinga sin hovudpastor Albert Ndayizeye. Fronten på resepsjónsdisk er utstyrt med konturen av Moldepanoramaet.



Kafeen har plass til 170 spisegjestar.



Ungdomslokala er utstyrte med stilfulle komfortmøblar, store skjermar og ulike spel.



Romsdals største kaffimaskin? Maskinen kan lage 20 liter kaffi i éi traktning.



I 1984 starta Sion Molde opp nærradiostasjonen Radio PS, som sidan har sendt kontinuerleg og er Romsdals eldste nærradio. Sidan 2015 har Halvard Hatlen vore redaktør.

Rommet for dei minste barna har ein leikeinstallasjon inspirert av Noas ark. Måleriet på veggjen viser fleire kjende bibelske fortellingar. Det er laga av Katrine Kanestrøm med hjelp frå familien.



Nordvestkirka Elnesvågen

Pinsemenigheten Nordvestkirka Elnesvågen er tilslutta Pinsebevegelsen i Norge. Forsamlinga var lenge ein utpost av *Sion Molde*, men blei skilt ut som ein sjølvstendig kyrkjelyd i 1995. Forsamlinga hadde hatt sitt eige forsamlingshus, *Sion Elnesvågen*, sidan 1953.

Arbeidet starta i 1934 da to unge, kvinnelege evangelistar kom frå austlandet og slo seg ned i Sandsbukta. Snart spreidde verksemda seg til Tornes, Elnesvågen, Aukra og Molde. I 1936 kom Erling Schøning til Molde og Elnesvågen som den første forstandaren. Pinserørsla var likevel ikkje heilt ny i området, da det sidan 1920-åra hadde vore ei gruppe tilslutta *De frie evangeliske forsamlinger* i Fræna.

Forsamlingshuset frå 1953 var bygd av ei gammal brakke og blei etter kvart både for dårleg og for lita. I 1970-åra tok ein til å spare til nytt hus, og i 1989 starta bygginga av *Nye Sion* eit par hundre meter vest for gamlebygget. Huset blei innvigd 29. august 1992.

Huset er teikna av bygningsingeniør Einar Morland. I hovudetasjen er det møtesal med plass til 100 personar, ein sidesal med plass til inntil 20 og eit stort kjøkken. I underetasjen er det aktivi-

Nordvestkirka Elnesvågen

Type: Forsamlingshus i tre

Arkitekt: Einar Morland

Vigsla: 1992

Tal sitteplassar: 100

tets- og klubbrom for barn og unge. Av faste aktivitetar er det minior- og juniorgruppe, «Ten to teen», J2U («Jesus to you») for tenåringer, vennetreff for eldre, bønemøte og gudstenester.

Da huset blei bygd var medlemstalet om lag 100, dei siste åra har det vore om lag 200. Forsamlinga har derfor starta ein prosess for å skaffe større og meir funksjonelle lokale. Etter først å ha vurdert eit nybygg like vest for gamlebygget, kom kommunen på banen og inviterte til samarbeid om eit prosjekt i sentrum. Dette passa godt med kyrkjelyden sin visjon om å vere ei byggande kraft i lokalsamfunnet. I 2018 blei det såleis inngått ein intensjonsavtale med kommunen om eit fellesbygg for musikkskolen, biblioteket og Nordvestkirka, mellom anna med ein større møtesal og konferanseavdeling. Sidan har kommunen vedteke å realisere musikkskolen som eit eige bygg, slik at ein no arbeider med ein plan om to bygg nær kvarandre med ei viss samdrift. (Informantar: Jan Tore Tornes og Liv Ellinor Drejer.)



Nordvestkirka ligg vest for Elnesvågen sentrum og blei innvigd i 1992. Foto: MIM.



Bygget har møtesal oppe og ulike aktivitetsrom i underetasjen. Foto: MIM.



Møtesalen har eit romsleg podium med moderne lys- og lydutstyr. Podiet er møblert som eit studio, men med eit stort og synleg kors. Foto: MIM.



Måleriet av Kristus med motiv «I begge mine hender har eg teikna deg» er eit bestillingsverk utført av kunstnaren Reidar Kolbrek, 1998. Foto: MIM.



I 1974 tok kyrkjelyden over ansvaret for den såkalla *Ukrainahjelpen* frå Sion Molde. Fleire gonger i året går det hjelpesendingar til Aust-Europa – Ukraina, Romania, Estland og Moldova – med klede, kjøkkenutstyr og anna husgeråd som blir samla inn i Romsdal og på Nordmøre. Arnebuva, kalla opp etter avdøde Arne Håseth, er innsamlingsentral og lager for arbeidet. Foto: MIM.



I underetasjen er det fleire aktivitetsrom for barn og unge. Her frå barnerommet. Foto: MIM.



Frå småsalen Foto: MIM.



Frå inngangspartiet. Foto: MIM.

Klippen Aukra

Pinsemenigheten Klippen Aukra var frå starten ein del av *Pinsemenigheten Sion Molde og Omegn*. 7. juni 1953 kunne forsamlinga innvie sitt eige kyrkjelydshus, og i 1996 blei Klippen Aukra ein eigen kyrkjelyd med Harry Oterhals som den første forstandaren.

Etter at «gamlebygget» frå 1953 ikkje lenger var tenleg, såg forsamlinga seg om etter nytt lokale. Da Sporsem Samvirkelag skulle flytte og bygge nytt i 2006, kjøpte forsamlinga det gamle bygget og bygde det om til kyrkjelydslokale tilpassa deira behov og aktivitetar. Etter ein stor dugnadsinnsats kunne huset innviast 18. november 2007. Det inneheld møtesal for 240 personar, kafé til 70 personar, moderne kjøkken for 150 personar, rom for barna og bustad. Huset har dessutan god lager-

Klippen Aukra

Type: Forsamlingshus i tre

Vigsla: 2007

Tal sitteplassar: 240

plass, mellom anna til mottak av klede som blir vidaresendt til *Ukrainahjelpen Østeuropa*. Anlegget har god parkeringsplass og eit stort uteområde med grillhytte. Huset blir i dag nytta til formiddagstreff for eldre, songkafé, måndagsklubb for barn og ulike møte, og dessutan til utleige, mellom anna i samband med gravferder. (Informantar: Nils Lykkeslet Sæther og Mindor Sporsheim).



Klippen Aukra flytta inn i nytt bygg i 2007 etter ein omfattande dugnadsinnsats. Bygget hadde tidlegare husa Sporsem Samvirkelag. Foto: Nils Lykkeslett Sæther.



Møtesalen har plass til 240 personer. Foto: Nils Lykkeslett Sæther.



Kaféen har plass til 70 personer og blir nytta til ulike sosiale arrangement. Foto: Nils Lykkeslett Sæther.



Frelsesarmeen sitt hus i Gamle Romsdalsvegen 22 på Åndalsnes blei innvigd i 1955. Alle foto: MIM.

Frelsesarmeen Rauma

Historia fortel at det allereie i 1892 kom tolv hornmusikantar frå *Frelsesarmeens Stabsmusikkorps* ned Romsdalen. Dei gjekk på beina frå Gausdal over fjellet til Ringebu og heilt ned til Veblungnes. Sidan kom ein omreisande kvartett som kalla seg *Midnattssolens døtre*, dei samla alltid fulle hus. Desse blei dørøpnarane til Frelsesarmeen sitt arbeid i Rauma.

Frelsesarmeen sitt korps på Veblungnes blei skipa i oktober 1919 av kaptein Gerda Bauge og løytnant Hilma Harstad. Fleire andre kvinner var viktige i starten, mellom desse Kristine Grytten, som har fått ei gate oppkalla etter seg: *Kristines gate* på Brønnsletta. Den første tida leigde dei *Losjehuset* på Veblungnes til møte. Sidan kjøpte dei gamleskolen, som blei arméen sitt faste lokale fram til 1940. Her kom mange nye med, mellom anna den 18-årige Olav Jakobsen som sidan blei offiser. Barnebarnet hans, Marianne (f. Jakobsen) og ektemannen Clive Adams har vore kommandørar (øvste leiarar) for Frelsesarmeen, først i Norge, Island og Færøyane, sidan i Storbritannia og Sverige.

Ved bombinga av Veblungnes i april dagane 1940 mista Frelsesarmeen lokalet sitt. Etter det budde offiserane ei tid i Molde, men førte verksemda vidare frå heimen til Lars Tokle i Isfjorden. Dei offentlege møta blei haldne i Hen kyrkje (be-

dehuset fekk dei ikkje bruke), og mange nye kom med.

I dei første etterkrigsåra blei møta haldne i brakka til Sigv. Kavli på Åndalsnes, sidan i huset til Lina Skiri på Veblungnes. Men 10. mai 1955 kunne korpset innvie sitt nye hus i Gamle Romsdalsvegen 22, der det framleis held til. Her er det møtesal og sidesal med kjøkken i hovudetasje, rom for sosialtenesta i kjellaren og bustad i andre etasje. Nokre utbetringar har funne stad gjennom åra, det siste var innvendig renovering av hovudetasjonen i 2012.

Det nye huset markerte starten på ei glanstid med stor aktivitet og mange aktive. Ein av desse var Anne Kristine Herje som blei offiser og reiste ut til Jamaica og Haiti, der ho dreiv barneheimen *Lykkens hjem*. For dette fekk ho St. Olavsmedaljen i 2006. I 1969 kom major Alfa Willa, som fekk Rauma kommune sin kulturpris i 1984. Ho og assistent Lindbjørg Vike var stasjonert i korpset i 40 år.

Gjennom åra har det vore brei aktivitet knytt til huset med ulike junior- og seniorgrupper, gudstenester, formiddagstreff, kveldssamlingar,

Frelsesarmeen Rauma

Type: Forsamlingshus i tre

Vigsla: 1955

Tal sitteplassar: 90



Kyrkerommet er praktisk og fleksibelt innreidd.



Botsbenken – bønestaden – finn ein i alle Frelsesarmeen sine møtelokale. På engelsk heiter han *Mercy seat* – «nådestolen».



Denne botsbenken har blitt opphøgd til alterbord.

basasar, loppemarknadar og besøk på institusjonar. Aktiviteten dei siste 20 åra har mellom anna omfatta baby- og småbarnssong, juniorgruppa *Kor Arti*, formiddagstreffet *Ordet på Bordet*, strikkekafé og bibelgruppe. Og *julegryta* har vore eit fast innslag i kommunen.

Med åra har det blitt færre aktive, men framleis er det ei trufast gruppe frivillige som stiller opp og held verksemda i gang. (Informant: Ragnhild Kivle Dahle.)



Bakover i kyrkerommet med innsyn til sidesalen.

Sjukehuskapella

Sjukehuskapellet på Hjelset

Sjukehuskapellet på Hjelset blei vigsla i 1988. Fram til 2014 var det regelmessige gudstenester i kapellet, men etter kvart som talet på sengeplassar på sjukehuset blei redusert, blei aktiviteten i kapellet meir sporadisk. Lokalet er no omdisponert til annan bruk.

Det er planlagt eit nytt kapell i det nye fellessjukehuset for Nordmøre og Romsdal på Hjelset som opnar i 2025.

Sjukehuskapellet på Lundavang

Molde sjukehus på Lundavang blei teke i bruk i august 1960, og sjukehuskapellet i underetasjen blei innvigd i januar 1961. Det har vore brukt til enkle kyrkjelege handlingar, dei siste åra hovudsakleg til gravferder og ved nokre mindre seremoniar i samband med dødsfall. Kapellet har plass til inntil 50 personar. Det er utstyrt med eit eldre trøorgel og eit moderne elektronisk piano.



Sjukehuskapellet på Hjelset. Altertavla er ein bildevev av Turid Svarstad Flø, Oslo. Y-forma er eit teikn på oppstoda, og ljuset i midten skal formidle von. Fleire symbol er vovne inn i teppet, saman med teksten: *Det folk som ferdast i mørkret skal sjå eit stort ljus; over dei som bur i skuggelandet, skal ljuset stråla* (Jesaia 9,2). Foto: Håvard Ervik.



Sjukehuskapellet på Lundavang. Den utskorne korsfestingsgruppa er ei gåve frå arkitekten K. P. Motzfeldt ved innviinga av kapellet i januar 1961. Foto: Håvard Ervik.

Historikk



Kyrkja i Norge gjennom 1000 år

Kyrkja i middelalderen

Kristendommen slår rot i Norge

Kristendommen slo rot i Norge gjennom ein lang og kontinuerleg prosess over fleire hundre år. Allereie på 600-talet hadde norske handelsmenn kontakt med Frankrike, og nordsjøhandelen med dei britiske øyane er enda eldre. Over alt møtte nordmennene kristen tru og kultur. Nokre av dei let seg primsigne slik at dei kunne ha samkvem med dei kristne kjøpmennene og vere til stades på gudstenestene. Sjølv på herjetoktene i Vikingtida (ca. år 800–1000) tok nordmennene med seg mange inntrykk frå det kristne Europa. Nokre let seg også omvende. I Vestfold er det funne kristne graver frå 8–900-talet og lokalt på Veøya frå slutten av 900-talet. Ein annan impuls kan ha kome

frå dei keltiske slavane som vikingane tok med seg heim. Kvinnene blei gjerne sett til husarbeid og barnepass, og deira kristne haldningar og tanke-gods kom dermed inn i heimane. Det finst også legender om keltiske einebuarar som slo seg ned langs Norskekysten. Best kjent er historia om den irske kongsdottera Sunniva som på 900-talet søkte tilflukt på Selja (Müller, 2001).

Den første kongen som prøvde å innføre kristendommen i Norge var Håkon den gode (konge ca. 933–961), son av Harald Hårfagre. Han var fostra opp hos den fromme kong Adalstein i England. Håkon henta ein biskop og nokre prestar frå England og ville innføre kristendom over heile landet. Snorre fortel at framstøyten starta nettopp på Møre: *Men mörungane og romsdølane viste saka til trønderane. Kong Håkon let vie nokre kyrkjer og*



«Snorre fortel at Olav Tryggvason segla «aust over havet [frå England], og kom til lands ved Moster. Der gjekk han først i land i Noreg, og han let synge messe der i eit landtelt. Sidan vart det bygt ei kyrkje på denne same staden.»» Dette var den første kjende messa på norsk jord og markerer kyrkja sin fødselsdag i Norge. Olav den heilage heldt ting på Moster kring 1024, der den eldste kristenretten i Norge blei innført. Moster gamle kyrkje i Mosterhamn på Bømlo er frå første halvdel av 1100-talet og er ei av dei eldste kyrkjene i Norge. Ho er i dag eigd av Fortidsminneforeningen. Kyrkja erstatta Olav Tryggvason si kyrkje, som nok var ei enkel stavkyrkje. Foto: Torill Granhaug/Kyrkjebyggdatabasen.

sette prestar til dei (Snorre, 1979). Men trønderane ville ikkje bøye seg under kongen. Snorre skriv at dei året etter «for med fire skip sør til Møre og drap der tre prestar og brende tre kyrkjer, og så for dei heim». Det har vore spekulert på kvar desse kyrkjene låg, om det til dømes kan ha vore dei tre første fylkeskyrkjene (Borgund, Veøy og Tingvoll), men ingen kjelder gir nærare svar på dette. Truleg var det små, enkle trekyrkjer, kan hende våre første stolpekyrkjer (Olafsen, 1926).

Større framgang hadde den nyomvende Olav Tryggvason da han i år 995 kom frå England og steig i land på Moster. Der lot han «synge messer» og sidan blei det bygd ei kyrkje på same stad. Kyrkja i Norge reknar denne hendinga som sin fødselsdag. I Viken var kristendommen allerede så godt kjend at han blei vedteken på tinget utan kamp. Vestlendingane gjorde sterkare motstand, men let seg omvende gjennom ei blanding av truslar og vennskapsløfte. Hausten 997 samla Olav sogningar, fjordingar, sunnmøringar og romsdalingar til firefylkesting på Dragseidet ved Stad. Snorre fortel:

På slutten av talen sin baud kongen dei to vilkår: anten skulle dei ta imot kristendommen og la seg døype, eller så skulle dei halde slag med han. Men da bøndene såg at det ikkje var råd for dei å slåst med kongen, vart det avgjort at alt folket skulle la seg kristne. Etter dette for kong Olav med hæren sin til Nordmøre og kristna det fylket. (Nordmøre omfatta den gongen kystområdet heilt nord til Namdalen.)

Trønderane måtte han tvinge, men innlandet lét seg ikkje omvende før Olav Haraldsson (*den heilage*) nokre år seinare vann fram med sin «sverdmisjon». Først ved kongens død på Stiklestad i 1030 og dei undergjerningane som følgde, sikra kristendommen ugjenkalleleg sin posisjon i det norske samfunnet.

Kristenretten

Dei norske lagtinga blei skipa på den tida kristendommen slo rot i landet, Gulating og Frostating på 900-talet, Eidsivating og Borgarting i førstninga av 1000-talet (Wisløff, 1966).

Den første kristenretten fekk Olav Haraldsson og biskop Grimkjell vedteken på Mostertinget, truleg i år 1024. Her slo ein mellom anna fast prinsippet om at kongen skulle skaffe prestar medan bøndene skulle halde kyrkje.

Utover på 1100-talet blei kristenretten ein



Dei to første to sidene i Magnus Lagabøtes landslov frå handskriftsamlinga Hardenbergs Codex som blei nedteikna i Bergen på 1300-talet. Til venstre ser vi kong Magnus som overrekker Landsloven. Foto: Det kongelige bibliotek i København.

viktig del av landskapslovene. Som all annan rett måtte kristenretten vedtakast på tinget. Kor grunnleggande kristendommen var, ser vi mellom anna i Gulatingslova, som startar slik: *Det er det første i våre lover, at vi skal bøyja oss mot aust og beda til den heilage Krist om godt år og fred, og om at vi må få halde landet vårt bygd og landdrotten vår ved helsa, han vere vår ven og vi hans vener, men Gud vere vennen åt oss alle.* Og Frostatingslova slo fast at ... *kvar mann skal kristen vere i kongens velde.*

På slutten av 1200-talet utarbeidde erkebispe Jon Raude ein særleg kristenrett, bygd på pavekyrkjas internasjonale kyrkjerett. Magnus Lagabøtes landslov (1274) og bylov (1276) inneheldt derfor berre kortfatta og ufullstendige kristenrettsbolkar. I den følgjande tida var det stadig strid om makta mellom kongen og kyrkja, og eldre og nyare kristenrett blei brukt om kvarandre.

Dei første bispedøma

Frå kristendommen blei innført på 1000-talet og fram til reformasjonen i 1537, var kyrkja i Norge ein del av det katolske kyrkjestyret. Allereie på 800-talet hadde paven bestemt at dei komande nordiske kyrkjene skulle høyre inn under erkebiskopen av Hamburg-Bremen. Dette blei stadfesta da biskop Grimkjell besøkte erkebiskopen kring 1024. Dei første faste bispeseta i Norge blei oppretta på Selja kring 1070 og i Oslo og Nidaros kring



Kartet viser dei fem historiske bispeseta i Norge og den nordiske kyrkjeprovinsen etter opprettinga av erkebispesetet i Nidaros i 1153. Kjelde: Winnetou14/Wikipedia.

1075. Seinare følgde Stavanger (1125) og Hamar (1153). I 1103 kom landet under erkebiskopen av Lund, som den gongen var dansk område.

Frå tidleg på 1100-talet blei det innført tiend, som blei delt likt mellom biskopen, presten, kyrkja og dei fattige. Dette styrka kyrkja sin posisjon og var ein viktig føresetnad for at Norge i 1153 kunne bli ein sjølvstendig kyrkjeprovins med erkebispesete i Nidaros. Fram til da hadde kongen vore kyrkjas reelle overhovud og forsvarar.

Kyrkjebygg og prestar

Den første regelen var at det skulle være kyrkje i kvart fylke. Frostatingslova pålegg bøndene å bygge fylkeskyrkjene av stein «eller bøta femten merker til biskopen om ho er av tre». I dei store fylka på Vestlandet blei det snart bygd fleire kyrkjer, det er tale om fjerdings-, åttungs- og heradskyrkjer. Dei som søkte (sokna) til ei bestemt kyrkje, utgjorde eit sokn. Det var bøndene i soknet som hadde plikt til å bygge kyrkje og halde ho ved like. Det fanst også private kyrkjer – *høgendeskyrkjer*. Det var enten kyrkjer som folk i avsides strok hadde bygd for å få kortare kyrkjeveg, eller kapell som rikfolk hadde bygd på gardane sine. Opphavleg var det berre dei eldste hovudkyrkjene som hadde full status som dåpskyrkjer og soknekyrkjer.

Kongesagaen Ågrip fortel at Olav Tryggvason først bygde kyrkjer på hovudgardane sine. Mun-

ken Odd legg til at kongen bad folk reise kyrkjer i kvart herad. I løpet av middelalderen meiner ein at det blei reist meir enn 1200 kyrkjer i landet. Dei fleste var trekyrkjer, først enkle stolpekyrkjer, sidan stavkyrkjer.

Ved kvar kyrkje skulle det være prest. Dei første prestane var utlendingar, men innan utgangen av 1000-talet reknar ein med at presteskapaet var norsk. Reglane for tilsetting av prest involverte både biskopen og bøndene, men kunne elles variere litt kring i landet. Frostatingslova seier at biskopen skal råde for kyrkjene og tilsette dei prestar han vil. Men det blei tilføyd: *Han har lovet oss at vi skal få de prester som oss tykkes, det er forn lov*. I praksis var det bøndene som tilsette den presten dei ville, i alle fall til heradskyrkjene, slik dei også tok ansvar for inntektene til både kyrkje og prest. Ved høgendeskyrkjene var det kyrkjeiegaren som både tilsette og løna presten.

Den lokale kyrkjeorganisasjonen var bygd opp kring prestane. Normalt var det ein prest ved kvar kyrkje. Dei fekk sitt utkome av prestegarden og ulike avgifter, det såkalla *prestegodset*, til skilnad frå *kyrkjegodset* som høyrde til sjølve kyrkja. Frå slutten av 1100-talet blei det innført ei ordning med ein eller to *kyrkjeverjer* for kvar kyrkje som skulle sikre kyrkjegodset og ha ansvar for vedlikehaldet. Verva gjekk på omgang mellom bygdas fremste menn og gav betydeleg sosial status.

I første halvdel av 1300-talet reknar ein med at det var kring 1200 sokn, 1250 kyrkjer og 2000 prestar i landet, det vil seie 1,6 prest per kyrkje. Med eit folketal på om lag ein halv million gir det eit gjennomsnitt på 400 innbyggjarar per kyrkje og 250 innbyggjarar per prest. På same tid var det om lag 300 adelsmenn og 70 000 bønder i Norge. Det kyrkjelege godset utgjorde bortimot halvparten av all jord i landet og kyrkja hadde om lag tre gonger så store inntekter som kongen. Jordegodset var enten gjeve til kyrkja som frivillige gaver for at prestane skulle lese sjelemesser, ved lån som bøndene ikkje klarte å innfri eller som betaling for lovbrøt.

I erkebiskop Olav Engelbreksts sønns jordebok frå tida like før reformasjonen i 1537, utgjorde «Sancte Oluffz jorder i Romsdal» 79 gardsbruk. Av dei var 50 i Veøy prestegjeld: 16 i Vestnes, 12 i Bolsøy, 8 i Veøy («Sancte Peders Kirkesogn») og 14 i Nesset sokn. I Grytten prestegjeld var det 15 og i Aukra prestegjeld 14 gardsbruk (Øverås, 1941).

Kyrkja etter reformasjonen

Einevelde og kyrkjesal

Etter svartedauden i 1349 låg landet nede i meir enn 150 år før folketalet og samfunnslivet sakte tok seg opp att. I tida fram mot 1500-talet blei ei mengd kyrkjer lagde ned og fleire sokn gjorde om til anneks. Det var samtidig mangel på prestar slik at ein prest ofte måtte gjere teneste ved fleire kyrkjer, men ingen prest skulle ha ansvar for fleire kyrkjer enn han kunne ta i vare på ein forsvarleg måte. Litt ut på 1400-talet oppstod nemninga *prestegjeld* om presten sitt tenesteområde. Ordet tyder eigentleg «område som står i gjeld (betalar) til same prest». Etter kvart som landet fekk fleire prestar, kunne det ved sida av soknepresten bli tilsett kapellanar.

Ved reformasjonen i 1537 blei det katolske bispestyret avløyst av eit kongeleg kyrkjestyre, men kyrkja fekk likevel behalde eit visst sjølvstyre fram til innføringa av eineveldet kring 1660. Mellom anna fekk kyrkja sjølv utnemne sine prestar. Men ved *Kongelova* av 1665 fekk kongen – i kraft av å vere «konge av Guds nåde» og kyrkja sin øvste leiar – lovgivande mynde også i kyrkjelege

saker. Kyrkjelydane sin fridom blei gradvis innskrenka og endeleg avvikla da kongen fekk rett til å utnemne alle sine embetsmenn – også prestane. Kyrkjegodset og dei kyrkjelege inntektene blei betydeleg reduserte til fordel for Kongen.

Maktmisbruket kulminerte da kongen – for å finansiere sine krigsventyr under Den store nordiske krig (1700–1721) – bestemte at nesten alle kyrkjene på landet i Sør-Norge skulle seljast til høgstbydande på auksjon. Denne hendinga er nærare skildra i kapitlet *Det store kyrkjesalet i Romsdal*, og fekk, som vi skal sjå, konsekvensar heilt fram til 1900-talet.

I 1643 kom det påbod om at kyrkjene skulle føre *kyrkjestol* (rekneskapsbok) med oversyn over alle faste eigedomar som låg til kyrkja, gardar, jorder, skog, hus og alle faste inntekster, tiend, pengar på rente og kyrkjekyr. Her skulle òg kyrkjeinventaret førast opp, med tilhøyrande avgang og tilgang. Kyrkjestolane gir eit detaljert og autentisk bilde av «kvardagslivet» til kyrkjene, og er eit eineståande kjeldemateriale for å rekonstruere historia til kyrkjer som no oftast er borte (Austigard, 2008).

«Kyrkjesaka» på 1800-talet

Grunnlova av 1814 gjorde Norge til ein liberal og demokratisk rettsstat. Men på det kyrkjelege området blei einevaldstidas ordningar i all hovudsak vidareført. Kongen fekk mynde til å ordne «al offentlig Kirke- og Gudstjeneste» (GRL § 16) og til å utnemne geistlege embetsmenn (GRL § 21). Skilnaden var at kongen no var svensk og ikkje dansk. Endringa representerte likevel slutten på einevaldstida. Eit uttrykk for dette var at omgrepet *Kongeleg Rescript*, som var nemninga på kongelege befalingar i einevaldstida, i 1814 blei erstatta med *kongeleg resolusjon* (kgl.res.), som var beslutningar gjort av Kongen i statsråd.

Stortinget tok opp «kyrkjesaka» allereie i 1815 og drøfta eit forslag om alminneleg forkjøpsrett for kyrkjelydane. Men den private eigedomsretten stod sterkt, og Stortinget avgrensa seg til å innskjerpe vedlikehaldsplikta. Kyrkjer i staten sitt eige blei likevel overførte til kyrkjelydane i 1818. Samtidig fekk sokna skatterett for å kunne vareta vedlikehaldet av kyrkjer i kyrkjelydane sitt eige. «Kyrkjesaka» var også den store utfordringa for det lokale sjølvstyret som blei innført med *formannskapslovene* i 1837. Mange stader var dette den første saka som blei teken opp, og som ofte

Art. 15.

Det skal og være aldeles forbuden i saadanne Forsamlinger, i Stæden for den hellige Skrift og andre gudelige ordentlig censurerede Bøger, Bønner, og Psalmer, at læse fremmede u-approberede ofte til fanatiske, Socinianske, og andre grove Bildfarelser henfigtende Bøger, at giøre Bønner, som sigte til Forsagt imod sin Næste, og i sær imod det ordentlige Lære-Embed, ligesom det var meere til Hinder for Christendom end til Nytte; Hvilken U-orden aabenbar vilde føde af sig fanatisk og Qværstke Bildfarelser, u-grundet Indbildning om Inspiration samt aandelig Hofmod og Secterie, hvorunder Sathan, som forskiller sig under Lysens Engels Gestalt, kand naae det hand søger, til manges, end ogsaa u-skyldige Siæles Forsførelse og Forskyrrelse.

Art. 16.

Det skal fremdeles være aldeles forbuden, at nogen enten Mandfolk eller Qvinder gifte eller u-gifte, maa reyse omkring alleene, eller med Folgeskab fra et Sted til andet under Navn at styrke og opvække andre, og der at anstille Samlinger; Men

Utdrag frå Konventikkelplakaten av 13. januar 1741 som forbaud lekpredikantar å forkynne utan presten si godkjenning.

førte til den største investeringa i den nye kommunen. Lovene vidareførte prinsippet om utlikning av utgiftene på bøndene og byborgarane – både for kyrkjelege og andre utgifter.

På 1840-talet skjedde to viktige endringar som bidrog til å løyse opp kyrkja sitt trusmonopol. I 1842 oppheva Stortinget *Konventikkelplakaten* frå 1741 som forbaud lekpredikantar å forkynne utan presten si godkjenning. Og i 1845 vedtok Stortinget *dissenterlova* som gav høve til å opprette kristne trussamfunn utanom statskyrkja, og jamvel gjorde det lovleg å stå utanfor alle kyrkjesamfunn. Omgrepet «statskyrkje» blei her brukt for første gong. Desse endringane førte til at ei rekke nye kristne organisasjonar og kyrkjesamfunn blei etablerte frå 1850 og utover.

Fram gjennom 1800-talet blei problemet med små og lite formålstenlege kyrkjer stadig meir påtrengande. Løysinga kom i form av *Lov om kirker og kirkegaarde* i 1851, som kravde at kvart kyrkjebygg skulle romme 3/10 av soknets befolkning, eller 2/10 der det var to gudstenester kvar søndag. Dette blei startskotet for den største kyrkjereisingsperioden i landet sidan middelalderen.

I løpet av 1800-talet blei dei fleste privateigde kyrkjene selde eller overdregne til bøndene i soknet eller kyrkjelydane. Men økonomi- og eigeomsforholda varierte mykje og var til dels uklære. Den nye *Lov om kirke og kirkegaarde* i 1897 rydda i stor grad opp i desse problema ved å sikre at alle kyrkjer – også dei som framleis var i privat eige – skulle vere soknet sin eigedom og forvaltast som sjølveigande stiftingar. Ingen privatpersonar skulle lenger kunne disponere kyrkja sine inntekter eller formue og ei kyrkje skulle heller ikkje kunne seljast. Kyrkjer som framleis var i privat eige skulle løysast inn av kyrkjelydane innan 1. januar 1904. Etter dette skulle dei lokale soknestyra ha ansvar for kyrkjene sine utgifter og inntekter.

Lova la til grunn at dei kyrkjelege utgiftene i størst mogeleg grad skulle dekkast av kyrkja sine egne inntekter. Problemet var at ein stor del av kyrkjegodset var blitt seld under dei private eigarane og gamle rettar til tømmerhogst, fiske m.v. hadde falle bort. Lova vidareførte derfor prinsippet frå 1818 om at manglande inntekter kunne utliknast på allmugen, no gjennom den kommunale skattlegginga. Slik blei kyrkjeforvaltninga

gjennom 1800-talet gradvis innlemma i den kommunale forvaltninga og kyrkjene varetekne som kommunale bygg, sjølv om dei formelt sett var «Sognemenighedens Eiendom» etter kyrkjelova (Mørk, 2003).

Reformarbeidet på 1900-talet

Medan det kyrkjelege lovarbeidet på 1800-talet i stor grad var retta mot kyrkjebygga, blei 1900-talet prega av reformer i kyrkjeordninga. Sidan 1840-talet hadde det vore fremma ulike forslag om endringar i tråd med demokratiseringsprosessane i samfunnet, men dei hadde fått lite gjennomslag. Det mest konkrete resultatet var innføring av *menighetsmøte* i 1873. Men den veldige mobiliseringa av folkelege rørsler som tok til midt på 1800-talet – til dømes innan misjon, fråhaldsarbeid, idrett, fagorganisering og politikk – fekk etter kvart også nedslag i kyrkja.

Etter frigjeringa i 1905 tok somme til orde for at også kyrkja måtte få større sjølvstyre. I 1912 gjekk *stiftsmøta* og *det frivillige kyrkjelege landsmøte* med stort fleirtal inn for å omdanne statskyrkja til ei fri folkekyrkje. Men da forslaget blei sendt på høyring, blei det avvist med stort fleirtal både i kommunestyra, skolestyra og soknestyra, og fall endeleg i Stortinget i 1916.

Prosessene var likevel med å bane vegen for innføring av *sokneråd*. Det første forslaget om eit «kyrkjeleg formannskap» var fremma allereie i 1851, men hadde møtt motstand både frå statleg og sentralt kyrkjeleg hald. Men no var den politiske viljen til stades og *Lov om menighetsråd* gjekk igjennom i Stortinget i 1920. Sokneråda fekk i første omgang svært avgrensa mynde, men kyrkjelydane fekk med dette likevel sitt første representative organ. Seinare kom *Lov om bispedømmeråd* i 1933, og kgl.res. om faste *bispemøte* i 1934.

Etter krigen blei det sett ned ei kyrkjeordningsnemnd som skulle utgreie kyrkjelege reformar innanfor statskyrkja sine rammer. Arbeidet munna ut i *Lov om den norske kirkes ordning* i 1953. Her blei det innført eit fellesmøte for alle bispedømmeråda kvart fjerde år og eit sentralt kyrkjeråd som skulle vere sekretariat for fellesmøtet og ha rådgjevande mynde overfor departementet. På lokalplan blei det opna for å etablere eit *menighetsrådenes fellesråd* som skulle ha tilsyn med alle kyrkjer og kyrkjegardar innan ein kommune.

I 1969 blei den gamle Dissenterlova erstatta av *Lov om trdomssamfunn og ymist anna*. Lova

sikra trus- og livssynssamfunn utanom Den norske kyrkja trusfridom og likeverdige økonomiske rettar.

På 1960-talet vakna den kyrkjelege reformrørsla på nytt, og gjennom 1960- og -70-åra var det fleire kyrkjelege og statlege kommisjonar som greidde ut spørsmål om kyrkja si framtidige ordning. Dette førte mellom anna til at *Kyrkjerådet* blei oppretta i 1969 og *Kyrkjemøtet* i 1984.

Reformprosessen på sentralt og regionalt nivå var dermed gjennomført, medan den lokale kyrkja i stor grad framleis blei styrt etter kyrkjelova av 1897. Hilleutvalet (1982–89) gjorde ei omfattande utgreiing av *Den lokale kirkes ordning* (NOU 1989:7) der dei ville gjere sokna til mest mogeleg sjølvstyrte «kyrkjelege kommunar». I oppfølgingsprosessen kom det mange nye innspel som delvis forseinka prosessen, men 7. juni 1996 kunne Stortinget endeleg vedta både ny *kyrkjelov* og ny *gravferdslov* som tok opp i seg all tidlegare lovgiving på området. Den viktigaste endringa i høve til tidlegare lovverk var at dei lokale kyrkjelege organa – sokneråd og fellesråd – blei sjølvstendige rettssubjekt skilde frå den kommunale forvaltninga (Mørk, 2003).

Kyrkja inn i eit nytt tusenår

Den første endringa etter tusenårsskiftet var den såkalla *prostereforma* i 2004, som førte til at prostaten si leining av prestetenesta blei betydeleg styrka samtidig som dei gamle prestegjelda gradvis blei fasa ut. I staden for å ha prestegjeldet som tenestedistrikt blei prestane no tilsette i prostiet, oftast som sokneprestar i eitt eller fleire sokn. Mange stader blei det likevel vidareført eit samarbeid mellom fleire prestar, gjerne der det var felles kyrkjekontor og stab for fleire sokn.

I 2006 la Gjønnnesutvalet fram si utgreiing *Staten og Den norske kirke* (NOU 2006:2) som skulle danne grunnlag for å vurdere om statskyrkja skulle vidareførast, reformerast eller avviklast. Fleirtalet konkluderte med å tilrå ei lovforankra folkekyrkje, som eit sjølvstendig rettssubjekt skild frå staten, men med ein særstatus i høve til andre trus- og livssynssamfunn.

Etter ei brei høyring blei det i april 2008 inngått eit politisk forlik mellom alle partia på Stortinget om det framtidige forholdet mellom staten og kyrkja. Saka blei fremma i St.meld. nr. 17 (2007–2008) *Staten og Den norske kirke*. Avtalen gjekk ut på at det skulle gjennomførast ei demo-

kratireform i kyrkja, tilsettingsmynde for prostar og biskopar skulle overførast til kyrkjelege organ, finansieringsordningane skulle vidareførast og grunnlova sine føresegner om statskyrkjeordninga skulle endrast. Lovendringane blei vedtekne i 2012 og innebar at Kongen sitt særskilde styringsmynde over kyrkja blei avvikla.

I Prop. 55 L (2015–2016) la Kulturdepartementet fram forslag til lovendringar som i praksis innebar ei verksemdsoverdraging frå staten til det nye rettssubjektet for Den norske kyrkja. Da lovendringane tredde i kraft 1. januar 2017, var statskyrkja formelt historie. I staden for Kongens «anordningsmyndighet» (prerogativ) i kyrkjesakker etter Grunnlovas § 16, står det no: *Den norske kirke, en evangelisk-luthersk kirke, forblir Norges folkekirke og understøttes som sådan av staten. (...) Alle tros- og livssynssamfunn skal understøttes på lik linje.*

Som ein sluttstein i arbeidet med å skilje stat og kyrkje, la Regjeringa i juni 2019 fram forslag til ein ny, felles lov for alle trus- og livssynssamfunn (Prop. 130 L (2018–2019)). Lova blei vedteken av Stortinget i april 2020 og tok til å gjelde 1. januar 2021. Lova inneheld nokre rammevilkår som at Den norske kyrkja skal vere ei landsdekkande, demokratisk evangelisk-luthersk folkekyrkje som finansierast av staten og kommunane. Ut over dette opptretr Kyrkjemøtet på vegner av kyrkja sentralt, til dømes når det gjeld kyrkjeordninga, og sokneråda opptretr på vegner av sokna lokalt. Vidare sikrar lova mest mogeleg like vilkår for alle trus- og livssynssamfunn. Staten på si side skal legge til rette for eit livssynsoppe samfunn der tru og livssyn har ein naturleg plass.

Form og stil i kyrkjearkitekturen

Kyrkjebygga sine forbilde

Ordet *kyrkje* kjem av det greske ordet *kyriakon* som tyder «det som høyrer Herren til» (Kyrios = Herre). Omgrepet blir brukt både om eit kristent gudshus, eit kyrkjесamfunn og om den verdsvide kyrkja. I vår samanheng er det kyrkjebygget som står i sentrum.

Det gamle testamentet inneheld detaljerte skildringar av Israels to heilagdomar: *Tabernaklet* som dei brukte under vandringa gjennom Sinaiørkenen og *Salomos tempel* i Jerusalem. Men i Det nye testamentet finn vi ingen reglar for korleis eit kristent gudshus skal vere. Jesus seier at han sjølv er tempelet (Joh. 2,21) og at det ikkje lenger er spørsmål om å tilbe Gud på heilage stader, men å tilbe i ånd og sanning (Joh. 4, 20–23) (Sæther, 2001).

Dei første apostlane forkynte på vanlege møtestader i lokalmiljøet: i synagogane, på torget, langs vegane og i heimane. Gudstenesta blei gjerne feira heime hos ein av leiarane i kyrkjelyden. Etter kvart som verksemda blei meir etablert, kunne kyrkjelyden overta delar av huset og innreie spesielle rom til gudstenester, dåp og diakonale formål.

Kristendommen starta som ein forfølgd religion,

og dei kristne måtte halde ein låg profil. Vende- punktet kom da keisar Konstantin i år 312 innførte religionsfridom i heile Romarriket. Og da keisar Theodosius i år 394 gjorde kristendommen til statsreligion, blei det etter tradisjonen staten si oppgåve å bygge tempel for denne. I staden for huskyrkjer fekk ein eigne kyrkjehus.

Dei første kyrkjene blei utforma i kjent romersk steinarkitektur, enten som *langkyrkjer* eller *sentralkyrkjer*. Langkyrkja er eit uttrykk for frelsesvegen og vandringa gjennom livet, medan sentralkyrkja symboliserer Guds nærvær og det statisk kvilande. Men dei to formene heng også saman: Sentralrommet har alltid ein akse og langrommet har eit markert senter. Med tida utvikla det seg ulike byggetradisjonar i austkyrkja og vestkyrkja, som skilde lag i 1054. Austkyrkja, med sentrum i Konstantinopel, såg på frelsa som ei kosmisk hending og verda som eit statisk heile, og brukte sirkelen og kuppelen – himmelkvelvinga – som grunnleggande former. Vestkyrkja, med sete i Roma, la vekt på livet som ei vandring med frelsa som mål, og her blei langplanen den dominerande kyrkjeforma. Spesielle rom som dåpskapell og gravkapell kunne likevel bli forma som sentralrom for å markere «Guds evige no».

I vest blei *basilikaforma* snart den mest vanlege kyrkjetypen. Forma var kjent frå dei romerske handels- og rettsbygningane og representerte dessutan eit brot med den heidenske tempelarkitekturen. Konstruksjonen har eit høgt midtskip som får lys gjennom vindaug over taket på sideskipa. Dette gir ein lys og open kyrkjehall som kan romme store forsamlingar og samtidig tilpassast ulike bruksbehov. Eksteriøret blei utført på enkeltaste måte, medan ein innvendig prøvde å skape ei overjordisk prakt. Den første Peterskyrkja i Roma frå om lag år 330 er eit klassisk døme, som skapte forbilde for mange seinare kyrkjer.

Etter kvart blei det tradisjon å orientere alteret mot aust, mot morgonen og Kristi atterkome. Inngangen blei plassert i vest, der også døypefonten fann sin plass. Dermed var livsvegen lagt, frå den nye fødselen i dåpen til Guds paradiset. Nokre kyrkjer fekk også tårn ved inngangen, etter forbilde frå dei romerske byportane, for å markere at kyrkja både er ei himmelborg og ein port til himmelen. Tårnet uttrykker samtidig den vertikale akselen mot Gud, noko som blei tydelegare da ein tok til å utstyre tårna med spir. Galleriet over inngangen kom først inn i kyrkjene som ein opphøgde plass for herskaren, seinare blei det behalde som korgalleri og enda seinare som orgelgalleri. Mange kyrkjer fekk også galleri, eller «lemmar», for å auke kapasiteten etter kvart som folketalet i soknet vaks.

Stilartar i kyrkjearkitekturen

Kyrkjene var viktige symbolbygg for å implementere og utvikle nye stilartar i samfunnet. (Muri, 1971; Mørk, 2003)

Dei første norske middelalderkyrkjene i stein blei bygde i tung, *romansk rundbogestil*. Byggemåten skil ikkje mellom konstruktive og utfyllande delar; alt er bygd saman til ei kompakt eining. I løpet av 1200-talet overtok ulike former av *gotikk* med sin lettare spissbogestil, slik vi til dømes ser i Nidarosdomen og vestfronten på domkyrkja i Stavanger.

Når det gjeld dei middelalderske trekyrkjene, uttalar tidlegare kyrkjekonsulent Sigurd Muri at «med si gjennomstrukturerte form trassar stavkyrkjene ei stilhistorisk bås plassering». Byggesystemet og typeinndelinga av desse særne bygga er nærare skildra i kapitlet om middelalderkyrkjene i Romsdal.

Renessansen med sine forbilde frå klassisk

oldtid kom til Norge om lag samtidig med reformasjonen. Dette ser vi lite av i dagens kyrkjebygg, da det i perioden fram til 1650 berre blei bygd nokre få kyrkjer og desse i stor grad er rivne eller sterkt ombygde. Renessansen kjem likevel til uttrykk på eit anna område, nemleg i interiøra. Mange middelalderkyrkjer blei fråtekne sine hengenbilde og andre katolske prydgjenstandar etter reformasjonen, og i staden utstyrte med benkar, preikestolar, nye altertavler osv. i renessansestil og – seinare – barokkstil.

Etter 1650 blei det meir fart i kyrkjebygginga, og no var det *barokk-* og *rokokkostilen* med sine livfulle former som rådde grunnen fram mot 1800-talet, særleg i dei litt større bykyrkjene i stein eller tegl. Trekyrkjene blei også prega av dei nye stilartane, men her var bildet meir samansett og utviklinga meir styrt av lokale byggmeistarar og byggetradisjonar. Dei rådande åndsretningane på 1700-talet, opplysningstida og pietismen, var begge opptekne av at Ordet skulle nå fram, og kyrkjeromma blei utforma som høyresalar der preikestolen fekk ein framstående plass. Preikestolalteret, som først blei introdusert i Kongsberg kyrkje (1761), fekk i Romsdal innpass i dei nye kyrkjene i Grytten (1829) og Hen (1836).



Denne vesle engelen i Tresfjord kyrkje var opphavleg ein del av ei renessansealtartavle frå 1600-talet. Foto: Johnny G. Vågen/Kyrkjebyggdatabasen.



Dette utsnittet av altertavla i Tresfjord kyrkje viser korleis ein kunne kombinere nytt og gammalt. Nattverdgruppa nedst på tavla kjem frå ei altartavle frå 1600-talet. Resten av tavla er laga i 1828, skore av Iver Knutsen Åsgjerdet og måla av dei to «parhestane» Levin og Torp.

Frå slutten av 1700-talet kom klassisismen med røter i gresk og romersk tempelarkitektur. I Norge var tre framleis det dominerande byggematerialet, og dei klassiske steinstilane blei «omsett» til tempelfasadar med søyler, trekantgavlar og hjørnekvadrar i tre. Ei vidareutvikling av dette var Louis seize-stilen med rette liner og slanke former og empiren med keisarleg tyngd i form av kannelererte rundsøyler, profilerte gesimsar, glatte veggflater, tønnekveld og kuplar.

Stilperioden frå 1850 til 1910 kallar vi med ei fellesnemning for *historismen* i Norge. Kyrkjebygginga spela her ei viktig rolle som stilberarar og stilutbreiarar. Profesjonelle arkitektar tok til å gjere seg gjeldande, og dei valde trekk frå eldre stilartar som passa med bygningane sine særpreg og funksjon. Den dominerande stilen innanfor kyrkjearkitekturen blei *nygotikken*, med spissboga vindauge og bogegangar, slanke søyler og stor romhøgde. Ein henta også element frå *sveitserstilen* som var den rådande trebyggestilen under heile perioden. I den nasjonalromantiske perioden på slutten av 1800-talet blei det utvikla ein norrøn *drakestil*, og sidan – etter frigjeringa i 1905 – ein *nasjonal byggestil* inspirert av norsk tømmer- og panelarkitektur på 1700-talet. I Romsdal har vi tre framståan-

de døme på drakestilen i kyrkjene Sølsnes, Holm og Rødven, alle frå 1907.

Når nygotikken blei så viktig var det fordi han kom i bruk i den største byggeperioden for kyrkjer i Norge sidan høgmiddelalderen. For å makte den store oppgåva blei kyrkjebygginga sterkt sentralisert og delvis standardisert ved at Kyrkjedepartementet tok i bruk typeteikningar utarbeidede av landets fremste arkitektar som Hans D.F. Linstow, Chr. Christie, Chr. H. Grosch, Herman Schirmer, Wilhelm von Hanno, Jacob W. Nordan, Henrik Nissen og Hartvig Sverdrup Eckhoff. Linstow, Grosch og Nordan var i tur og orden Kyrkjedepartementet sine fagkonsulentar for kyrkjebygg, og er dei som har påverka utviklinga mest. Kor mange kyrkjer dei har æra for er vanskeleg å fastslå eksakt fordi teikningane deira kunne bli brukte fleire gonger og i omarbeidede versjonar. I alle høve er Linstow kreditert for 85–90 kyrkjer vigsla i 1828–1879, Grosch for 72–80 kyrkjer vigsla i 1833–1887 og Nordan for om lag 100 kyrkjer vigsla i perioden 1859–1898.

Ved overgangen til 1900-talet var kyrkjebygginga framleis prega av nygotikken, og denne trenden heldt fram inntil den første gjenreisingsperioden etter krigen var over midt på 1950-talet.



«Nokon ser deg». Gamal kyrkekunst kunne ofte romme overraskande humor. Denne engelen i taket på Tresfjord kyrkje har eit på same tid overvakande og nysgjerrig andletsuttrykk. Røykvarslaren like ved sida av overvakar også kyrkja – på sitt vis.

I 1930-åra tok *funksjonalismen* til å gjere seg gjeldande, med dei moglegheitene den armerte betongen gav. Den fremste representanten for dette i Romsdal er Molde kyrkje, innvigd i 1957, som er rekna som eit hovudverk innan norsk kyrkjearkitektur etter krigen.

På 1950-talet ser vi dei første arbeidskyrkjene, med ulike møte- og aktivitetsrom i tillegg til kyrkjesal, våpenhus og sakristi. Først midt på 1960-talet tek det nygotiske formspråket for alvor til å sleppe taket til fordel for ein meir eksperimentell og skulpturell arkitektur. Langkyrkjeplanen blir gradvis avløyst av rektangel- og vifteformer, og er heilt borte i 1980. Over 90 prosent av dei nye kyrkjeromma blei no utforma slik at dei kunne utvidast med tilliggande areal, og denne trenden heldt seg fram mot tusenårsskiftet.

Ein serie kyrkjebrannar på 1990-talet førte til at det blei bygd mange nye kyrkjer. Uttrykket i dei nyaste kyrkjene kan variere frå meir tradisjonelle langkyrkje- og rektangelformer til meir oppløyste former der arkitektur og kunst smeltar saman til eit heile. Kyrkjerommet har blitt klarare avgrensa og ein legg vekt på å skape «det heilage rommet» for vår tid, der kunsten ofte gir uttrykk for det abstrakte og universelle.



Mange av dei frodige altertavlene frå 16- og 1700-talet blei rekna som gamaldagse og fekk ikkje innpass i kyrkjene som blei bygde på slutten av 1800-talet. Men på 1900-talet skifta smaken og mange blei henta fram att og restaurerte, medan dei «moderne» tavlene blei hengde vekk eller sette på kyrkjeloftet, slik som denne frå Nesset kyrkje av V. Vilberg, 1878. Foto: Bjørn André Langset Gjermundnes.

Kyrkjebygginga i Norge

Kyrkjebygginga i middelalderen

Da kristendommen kom til Norge, hadde kyrkja allereie bak seg ein tusenårig byggetradisjon ute i Europa. I Sør-Europa var stein det dominerande byggematerialet, medan ein i dei skogrike landa nord for Alpane hadde tradisjon for å bygge i tre. Den romerske historikaren Tacitus (ca. 56–120 e.Kr.) skreiv om germanarane: *Dei kjenner ikkje eingong til bruk av kvaderstein eller tegl. Til alle ting brukar dei grovt tilhøg, stygt trevirke.*


I Nord-Europa var både laftebygging, stavverk og reisverk kjende teknikkar på 1000-talet. Nokre av dei første kyrkjene her blei bygde i tre, men snart overtok stein som det dominerande byggematerialet, etter katolsk mønster. Jamvel i Sverige og Danmark blei dei fleste kyrkjene bygde av stein. Annleis var det i Norge.

Muring med stein og mørtel var ukjende teknikkar i Norge før kristendommen si tid, og blei innført av utanlandske prestar og byggmeistrar. Dei første steinkyrkjene blei truleg reiste i byen Nidaros kring 1050, men langt dei fleste steinkyrkjene i Norge blei bygde i perioden 1100–1300.

I alt reknar ein med at det blei bygd nærare 300 steinkyrkjer, og av desse er om lag 160 bevarte og i bruk.

Heilt andre dimensjonar var det over kyrkjebygginga i tre. Medan bygging i mur var svært kostbart og kravde utanlandsk ekspertise, hadde landet god tilgang på tømmer og lange tradisjonar for bygging av skip og hus i tre. Det blei avgjerande for utviklinga av den spesielle stavkyrkjeteknikken som dominerte kyrkjebygginga i middelalderen, og som blei Norges mest særeigne bidrag til verdsarkitekturen.

Frå ein forsiktig start kring år 1000, kom kyrkjebygginga i gang over heile landet i alle fall frå år 1050. Tidlegare kyrkjekonsulent Arne Sæther har prøvd å berekne talet på kyrkjer som gjennom tidene har blitt bygde og er rivne/tapte innanfor Norges noverande grenser. Resultatet er vist i figuren under. Kyrkjene er her delte i tre kategoriar etter berande konstruksjon i veggane: Enkle stolpekyrkjer av tre, andre trekyrkjer (i stav, laft, reisverk, bindingsverk eller limtre) og murkyrkjer (i stein, tegl, anna murverk eller betong). Tala frå



Tal kyrkjer som er bygde og rivne/tapte i kvar 50-årsperiode mellom år 1000 og 2020. Til saman er det bygd om lag 4650 kyrkjer. Medrekna stolpekyrkjene er 83 prosent bygde i tre og 17 prosent i mur. Dei kring 1630 kyrkjene som står i dag utgjer litt over ein tredjedel av alle kyrkjer som er bygde. Kjelder: Sæther (2001) og Kyrkjebygg-databasen.

år 1000 til etter reformasjonen bygger på usikre anslag, men frå om lag år 1600 ligg det føre svært påliteleg dokumentasjon, mellom anna gjennom bevarte synfaring rapportar og rekneskapsbøker (kyrkjestolar).

Dei første trekyrkjene var ikkje fullt utvikla stavkyrkjer, men små, enkle trekyrkjer med jordgravne stolpar og palisadeveggar som stadig måtte fornyast på grunn av råte (stolpekyrkjer). Sæther anslår den gjennomsnittlege levetida til 50 år, og antyd at det kan ha blitt bygd så mange som 750 slike kyrkjer fram til år 1100. Da skjedde overgangen til det vi kjenner som verkelege stavkyrkjer, der dei berande stolpane (stavane) blei løfta opp frå bakken ved hjelp av ei botnramme av kraftige sviller (stokkar) som igjen kvilte på store steinar. Saman med andre bygningsmessige detaljar blei råteproblemet dermed redusert slik at konstruksjonen kunne stå i mange hundre år.

Den mest intense kyrkjebyggeperioden i landet nokon gong, er perioden 1100–1150. Etter kvart som fleire og fleire bygdelag fekk sine kyrkjer blei «marknaden metta», og byggeaktiviteten avtok fram mot svartedauden i 1349. Etter dette stansa bygginga nesten heilt opp fram til reformasjonen. Sæther anslår at landet hadde over 1000 ståande trekyrkjer kring år 1200. Etter det gjekk talet noko tilbake fordi fleire blei erstatta med steinkyrkjer. Sæther antyd at det til saman blei bygd om lag 1300 stavkyrkjer i middelalderen, andre kjelder opererer med tal mellom 1000 og 2000.

Kyrkjebygginga etter reformasjonen

Landet brukte fleire hundre år på å kome seg etter svartedauden. Ved pestepidemiene på 1300-talet blei folketalet brått redusert frå om lag 500 000 til 200 000. Vanskelege tider førte til at folkesetnaden blei liggande på dette nivået heilt til etter år 1500. Sidan har folketalet auka jamt fram til vår tid, men ikkje før nærare år 1700 passerte folketalet igjen 500 000.


Kyrkjebygginga blei naturleg nok påverka av den demografiske krisa, men politiske tilhøve spela også ei rolle. Som figuren viser kom ikkje kyrkjebygginga skikkeleg i gang att før på 1600-talet. Da var mange av middelalderkyrkjene borte på grunn av elde og forfall, og talet på ståande kyrkjer var under 900. Kring 1725 var halvparten av dei ståande kyrkjene etter-reformatoriske. Heilt fram til 1850 var det likevel ber-

re så vidt nybyggaktiviteten heldt tritt med talet på eldre kyrkjer som gjekk ut av bruk. Frå 1650 til 1850 blei folketalet i landet firedobla, medan talet på kyrkjer var om lag det same. Berre frå 1815 til 1865 blei folketalet nesten dobla. Som eit resultat av industrialiseringa skjedde også ei folkeflytting til byane.

Kring midten av 1800-talet hadde det såleis bygd seg opp eit stort behov for nye og større kyrkjer. Løysinga kom i form av *Lov om kirker og kirkegarde* av 1851 som kravde at kvart kyrkjebygg skulle romme 3/10 av soknets befolkning eller 2/10 der det var to gudstenester kvar søndag. Dette blei startskotet for den største kyrkjereisingsperioden i landet sidan høgmiddelalderen. I perioden 1850-1899 blei det bygd 623 nye kyrkjer, medan 390 eldre kyrkjer blei rivne. Om lag 530 av kyrkjene – eller nesten ein tredjedel av dagens vel 1600 kyrkjer – er bevarte og i bruk, og den nygotiske, kvite trekyrkja på landet frå denne perioden har blitt sjølve arketypen på ei norsk kyrkje.

Ståande kyrkjer delt på alder, plantypar og materiale


Figuren nedanfor viser kor mange av dei ståande kyrkjene som er frå ulike tidsaldrar, delt på mur- og trekyrkjer. Svært forenkla kan vi seie at 10 prosent av kyrkjene er frå tida før år 1600 (middelalderen og reformasjonstida), 10 prosent frå perioden 1600-1800, 40 prosent frå 1800-talet og 40 prosent frå 1900- og 2000-talet. Til saman



Ståande kyrkjer etter alder delt på murkyrkjer og trekyrkjer. Kjelder: Sæther (2001) og Kyrkjebyggdatabasen.

er ein tredjedel (35 prosent) murkyrkjer og to tredelar trekyrkjer. Av kyrkjene som er bygde etter 1950, er derimot to tredelar (66 prosent) murkyrkjer.

Ståande kyrkjer delt på plantypar og byggemateriale. Kjelder: Sæther (2001) og Kyrkjebyggdatabasen.



Kyrkjebygginga i Romsdal

Ulike plantypar har vore føretrekte til ulike tider. I middelalderen var *langkyrkja* nærast einerådande både for steinkyrkjer og trekyrkjer. Desse hadde rektangulært skip og smalare kortilbygg, ofte avslutta med ein apsis. Mot slutten av middelalderen blei det bygd nokre korsforma stavkyrkjer, men det var først da ein tok i bruk lafta tømmer etter reformasjonen at *korskyrkja* fekk si stordomstid. I perioden 1730–1810 var meir enn 50 prosent av dei nybygde kyrkjene korskyrkjer, med ein topp på 70 prosent kring 1780. Mange eldre langkyrkjer blei dessutan ombygde til korskyrkjer for å auke kapasiteten. *Y-forma*, som blei lansert på 1600-talet, er særnorsk og blei brukt på berre 10 kyrkjer, alle i lafta tømmer. *Åttekantkyrkja* blei teken i bruk frå slutten av 1600-talet, men blei særleg populær i første halvdel av 1800-talet, med ein topp på 50 prosent i 1820–30. Denne forma gav både god utnytting av tømmeret og eit funksjonelt kyrkjerom. Åttekantkyrkjene var av to typar: enten reine oktagonar eller med tilbygde kor og våpenhus og – i nokre tilfelle – korsarmar. Utover på 1800-talet vann *langkyrkja* terreng på nytt, og blei brukt i 80–90 prosent av alle kyrkjer frå perioden 1850–1950.

Dei fleste etterreformatoriske steinkyrkjene blei bygde som langkyrkjer, nokre også som korskyrkjer eller åttekantkyrkjer. Frå 1950-åra – og særleg etter 1970 – har langkyrkjeplanen i aukande grad blitt erstatta av løysingar der skip og kor

er plasserte innanfor same bygningskropp. Dette gjeld både trekyrkjer og murkyrkjer. Ein skil da mellom *rektangelplan* der benkane står i langkyrkjeform («buss») og *vifteplan* der benkane er grupperte rundt alteret i halv- eller heilvifteform. Figuren ovanfor viser fordelinga av ulike planformer for dei mur- og trekyrkjene som står i dag. 63 prosent av alle kyrkjene har langkyrkjeplan. Rektangelplan, som er nær i slekt, utgjer 12 prosent. 14 prosent av kyrkjene er korskyrkjer, 6 prosent har vifteform og 5 prosent har åttekantplan. Mange av planformene er framleis aktuelle for nye kyrkjer, sjølv om rektangel- og vifteplan er det mest vanlege. Av dei 54 kyrkjene som er bygde etter år 2000 har 28 rektangelplan, 16 vifteplan, 8 langplan og 2 korsplan.

Kjende middelalderkyrkjer i Romsdal

I den første kristentida var kyrkjebygginga lite organisert. Sagaen fortel at Olav Tryggvason tok til å bygge kyrkjer på hovudgardane sine og bad folket bygge kyrkjer i kvart herad. Den første kristenretten, vedteke på Mostertinget i 1024, slo fast at kongen skulle skaffe prestar medan bøndene skulle bygge kyrkjer. Frå kring 1050 kom det i gang ei omfattande kyrkjebygginga over heile landet. Den første regelen, som mellom anna er nedfelt i Frostatingslova, seier at det skulle byggast kyrkje i kvart fylke.

Ikkje alle kyrkjene var offentlege soknekyr-

kjer. Det blei også bygd private kyrkjer på mange av dei større gardane – såkalla *høgendeskyrkjer* – og dessutan mindre kapell, korshus og bønehus. Kyrkjeforskar Jon Brendalsmo skriv: *Således vet vi at det fantes en rekke andre kirkebygninger enn de som ble ført i de samtidige økonomisk-administrative fortegnelser. Disse kan vi finne fram til i første rekke ved hjelp av bevarte middelalderbrev og sagaene. Også dette er i det store og hele kirker som hadde inntekter, men som var blitt lagt ned eller var forfalt før reformasjonen* (Brendalsmo, 2008). Nokre av desse segnkyrkjene er omtala seinare i kapitlet.

I Trondhjems reformats av 1589 er det nemnt 21 kyrkjer og kapell i Romsdal, delt på 19 sokn, tre prestegjeld og sju prestar (tre i Aukra, tre i Veøy og éin i Grytten). Tabellen nedanfor gir eit oversyn over alle dei kjende kyrkjene som har røter i middelalderen. I tillegg til dei 21 ståande kyrkjene i 1589 omfattar lista to arkeologisk dokumenterte kyrkjer på Veøya, ei tidlegare kyrkje i Rødven og to oppføringar av kapellet på Ona som blei flytta til Sandøya. Nokre av dei andre kyrkjene (t.d. Vågøy) kan vere andre generasjon kyrkje på same stad, utan at dette er sikkert dokumentert.

Peterskyrkja på Veøya er den einaste steinkyrkja i Romsdal frå middelalderen. Både bygge-måte og byggestil er relativt fyldig skildra i særkapitlet om kyrkja, og blir ikkje nærare omtala her. Resten av kyrkjene er alle stavkyrkjer i tre. Det vi veit om kvar kyrkje går fram av dei einskilde særkapitla, men vi skal her sjå på visse særtrekk for stavkyrkjene som gruppe.

For det første: *Var alle norske trekyrkjer i middelalderen stavkyrkjer?* Forskarane har svart litt ulikt på dette, men er samde om at i alle fall dei aller fleste var stavkyrkjer. Lorentz Dietrichson meiner alle trekyrkjene, med unntak av eit par kjende døme, var stavkyrkjer, og grunngir dette med at gamle norske lover alltid nemner hjørnestavar og kyrkjestavar som sjølv sagte ting, til dømes seier Borgartingslova at kyrkjevigslinga gjeld så lenge hjørnestavane står (Dietrichson, 1892).

For det andre: *Kva er ei stavkyrkje?* Dei største og finaste kan framstå som reine eventyrslott med tak over tak og bygningskropp ved bygningskropp, med svalgangar og tårn. Men langt dei fleste var nokså enkle bygg, og forskarane sin definisjon kan verke heller platt: *Stavkirke er en fellesbetegnelse på kirker med stavverksvegger*. Ein stavverksvegg er ein skjellettkonstruksjon bestå-

ande av ei vegggramme som er fylt ut med ståande veggplankar (tiler). Svillen (syllstokken) utgjer botnen i ramma, medan hjørnestavane eller mellomstavane dannar sidene. På toppen blir vegggramma lukka med ein toppsvill (stavlegje) som er festa til stavane. Tilene er plasserte i innhogde spor i rammedelane. Stavkyrkjene kan elles ha ulik utforming og storleik. Ordet stav (stolpe) siktar til hjørnesøylene og eventuelle mellom- og midtromssøylar (master), som er dei karakteristiske berande elementa i desse bygga. Takkonstruksjonen kan variere frå avanserte, sjølvberande bogar av saksesperrer til enklare sperrekonstruksjonar med horisontale loftsbjelkar.

Stavkyrkjene i Norge blir vanlegvis delte inn i fire typar ut frå deira konstruktive oppbygging (Storsletten, 1993):

Haltdalstypen, som representerer den enklaste, eldste og mest utbreidde typen, er ei enkel langkyrkje utan indre stavar, med rektangulært skip og eit noko smalare, som regel rett avslutta kor. Haltdalen stavkyrkje, som i dag står på Trøndelag folkemuseum på Sverresborg i Trondheim, har gjeve namn til typen.

Numedalstypen, med same planform som Haltdalstypen, har ein stolpe midt i skipet – ei midtmast – frå golv til møne. Masta er forbunde med stavlegjene i veggane ved hjelp av horisontale bindebjelkar, og bidreg såleis til å stabilisere ytterveggane.

Borgundtypen, med løfta midtrom bore av rader med høge stavar, er den mest forseggjorde typen – sjølv arketypen av ei stavkyrkje – og den det er bevart flest av (13 av 28).

Møretypen har i tillegg til hjørnestavar også mellomstavar i langveggane. Desse er parvis bundne saman med takbjelkar på tvers (beter) slik at dei dannar bukkar. I lengderetning er bukkane bundne saman med stavlegjer. Det gir konstruksjonen visse felles trekk med dei vestlandske grindbygga som blei brukte til naust og uthus. For å støtte av bygget mot vindtrykk var det vanleg å bruke utvendige skråbjelkar (skorder) i staden for innvendige kneledd. Kyrkjene kunne vere både med og utan svalgangar, eller ha svalgangar i ein tidleg fase, slik som Rødven – den siste ståande stavkyrkja i Romsdal.

Bygningshistorikar Håkon Christie har ein refleksjon om at det i høgmiddelalderen vaks fram eit behov for større og enklare trekyrkjer, og at Møretypen er eit resultat av at ein i erkestiftet

Kyrkje	Riveår	Merknad
Aukra 1	1709	Nemnd i Aslak Bolts jordebog 1432. Ombygd 1648/1663. Brann 1709.
Vågøy 1 (1a og 1b?)	1669 ca.	Først Nemnd i DN 1336.
Hustad 1	1718	Soknet Nemnd i DN 1539. Brann ned nyårsdag 1718. Tilbygd korsarmar.
Bud 1	1709	Nemnd i Trh. Ref. 1589. Brann, ant. pga. lynnedslag 1709 (1715?)
Veøya, Kyrkje- gard 1	Før 1488	Lita trekyrkje frå 11-1200-t. Kanskje «prest Benedicts Korskirke». Nemnd i diplom frå 1343. Påvist ved utgraving på 1990-talet.
Veøya, Kyrkje- gard 2	Før 1488	Lita trekyrkje. Påvist ved utgraving på 1990-talet.
Veøy 1	1150 ca.	Mogeleg forløpar for steinkyrkja, ca. 1050-1100
Bolsøy 1	1727 ca.	Nemnd i Aslak Bolts jordebok. Tilbygd korsarmar ca. 1660.
Kleive 1	1697 ca.	Trh. Ref. 1589. Sist Nemnd i innberetning 1661
Eresfjord 1	1709	På Sira. Nemnd i Trh. Ref. 1589. Riven ca. 1709
Vistdal 1	1668	På Nerland. Kan hende Nemnd i Aslak Bolt 1432
Neset 1	1885	På Rød. Nemnd i diplom 1490
Kors 1	1670	På Flatmark. Bygd 1498. Vigd til Det hellige kors.
Eid 1	1797	Nemnd i Trh. ref. 1589.
Voll 1	1674 ca.	Bygd før 1500
Grytten 1	1728	På Grytten. Nemnd i diplom 1364. Fall ned i 1728
Rødven 1	1300 ca.	Bygd ca. 1100
Rødven 2		Bygd ca. 1300. Ståande. Eigd av Fortidsminneforeningen
Hen 1	1835	Andreaskyrkja. Nemnd i Trh. ref. 1589
Sandøy 1	1708	Bygd før 1500
Sandøy 2	1812	Flytta frå Ona til Sandøya 1708
Harøy 1	1810	Nemnd i Trh. ref. 1589
Ona	1708	Bygd før 1500. Flytta til Sandøya i 1708
Vestnes 1	1680	Nemnd i Trh. ref. 1589
Tresfjord 1	1690 ca.	Nemnd i Trh. ref. 1589

Kjende stavkyrkjer i Romsdal. Byggemåten kunne variere ut frå storleik og byggeperiode, men gjennomgåande hadde kyrkjene Møretypen sine kjenneteikn.

Nidaros var oppteken av å utvikle slike bygningar. Han meiner det også kan forklare kvifor ein heldt fram med å bygge stavkyrkjer lenger på Møre enn i andre delar av landet (Christie, 1981).

Lorentz Dietrichson, som innførte omgrepet Møretypen, skriv: *Af de 82 stavkirker, vi kjender i stiftet, er det egentlig kun kirkerne paa Møerne og i Romsdalen, vi ved noget om, der kan vække vor særlige interesse.* Og det som vakte hans særlege interesse var at ei stor mengd av kyrkjene var korsstavkyrkjer. Mange stavkyrkjer hadde fått bygd til korsarmar i tømmer, oftast på 1600-talet, slik som Grytten, Sira, Bolsøy, Vestnes, Sylte, Eid og Aukra. Men Dietrichson hevdar at fleire stav-

kyrkjer opphavleg var bygde som korskyrkjer og nemner Stangvik som eit sikkert døme. Byggemåten med mellomstavar la såleis til rette for å kunne utvide kyrkjene med korsarmar. Dietrichson meiner dei litt større korsstavkyrkjene, dei fleste frå 1400-talet, representerer ei fornying som under gunstigare omstende kunne ha ført til «smukke resultater». Men livskrafta var borte, det var berre «lampens sidste opblussen før den dør» (Dietrichson, 1892).

Dietrichson har registrert 15 stavkyrkjer i Romsdal, men ingen av dei to som stod att i hans tid (Rødven og Rød) hadde korsarmar. Mange synfaringssrapportar og kyrkjerekneskapar fortel

Korleis såg stavkyrkjene i Romsdal ut?

Hen kyrkje i Isfjorden er eit typisk døme. Teikningane viser ein rekonstruksjon av Hen stavkyrkje ut frå sokneprest Hans Jakob Willes rapport til biskopen i 1789: *Kirken er bygget i en aflang firkant, ikke af tømmer, men af opreiste planker, der stå tæt i hinanden og holdes saman foroven og neden af tvende indkilede træer. Men da denne plankebygning lettigen vilde omblæses af de stærke vinde, haver man sat store og lange tømmerstokke uden om den til at støtte den for fald, og desuden beklædt med brædder (bordkledning) overstrøgne med tjære.*

Kyrkja var altså støtta opp med fleire skorder, truleg ei for kvar av dei åtte stavane. Vi veit om 14 stavkyrkjer som var skorda opp på denne måten, 10 av desse var i Møre og Romsdal.




Wille fortel vidare at kyrkja «har et godt gulv, hvorpaa staar 8 mandfolk og 11 fruentimmerstole. Prædikestolen har ikke det bedste udseende». På vestveggen var det ein lukka benk som gjekk over heile breidda. Dørene til denne er no i Romsdalsmuseets kapell. Langveggane har i alt fem små blyvindauger, tre mot sør og to mot nord. Vidare skriv han: *I tårnet hænger 2 smaa klokker af ringe lyd. Taget i god stand, belagt i aaret 1770 med teglsteen.* Takryttaren kom truleg på i 1786.

Koret var skilt frå skipet med eit sprinkelverk (korskilje). Altertavla bestod av samanslegne bord, «meget fuskeraktigt malet». Alterringen mangla «bolværk» (rekkverk) og var så liten at berre 12 personar kunne knele samtidig.

Wille skriv: *Funten (døypfonten) består av en 1½ alen lang stok (!), som henflyttes til alteret naar daab forrettes, hvori et gammelt næsten ubrugeligt messingbækken. [...] Sakristiet er en tilbygning, 4x6 alen, opført af tømmer 1739, hvori et lidet blyvindu, 1 bænk og 1 stol. Lige under prædikestolen står sognets fattigblok af jærn med laas for.*

Frå koret og ut på kyrkjegarden gjekk det ei lita, smal dør som blei låst innanfrå med ei treslå. Rundt kyrkjegarden var det ein steinmur i god stand. (Rogne, 1927/1958)

Rekonstruksjon av Hen stavkyrkje ut frå dei opplysningane sokneprest Hans Jacob Wille gav i 1789. Teikningar: Jon O. Villa i samarbeid med Bjørn Austigard, 2006.



at kyrkjene stadig måtte skifte røtne støtter (skorder), og stadfestar på den måten at dei var av Møretypen. Dei tre bevarte stavkyrkjene i fylket – Rødven, Kvernes og Grip – er alle av Møretypen, sjølv om Grip ikkje har utvendige skorder.

Som ein kuriositet kan nemnast at dei to største stavkyrkjene vi kjenner til var dei to islandske domkyrkjene i Hólar og Skálholt, som blei reiste på 1300-talet. Begge var treskipa korskyrkjer som både i planform og konstruktiv oppbygging hadde mykje til felles med den gamle stavkyrkja i Stangvik. Også andre islandske stavkyrkjer var i slekt med stavkyrkjer av Møretypen, og var alle bygde av tømmer frå Norge.



Korskyrkjer i tømmer


Etter reformasjonen i 1537 var stavkyrkjebygginga si tid forbi, og laftekonstruksjonen tok fullstendig over. Christie meiner laftebygginga tok til allereie før reformasjonen, og i Sverige kjenner ein til mange laftekyrkjer frå middelalderen, særleg i dei vestsvenske skogsdistrikta som grensar opp mot Viken (Østfold og Akershus). Elles var

det steinkyrkjene som dominerte i våre naboland (Christie, 1991).

Christie hevdar at kunsten å bygge stavkyrkjer og steinkyrkjer såg ut til å vere gløymd i den lange nedgangstida etter svartedauden, og at dei nye kyrkjene som blei reiste i Norge på 1600- og 1700-talet er så ulike middelalderkyrkjene at det er rett å tale om eit tradisjonsbrot. Lafteteknikken førte til nye bygningstypar og bygningsformer og var eit resultat av norske tømmermenn sitt arbeid med å skape kyrkjebygningar som svarte til landets behov og kunne løysast innanfor ramma av tradisjonell tømmermannskunst. Den lafta korskyrkja blei i løpet av 1600-talet den mest populære kyrkjetypen, og dei mange kyrkjene som blei reiste i denne tradisjonen høyrer til tidas mest særprega byggverk. Christie meiner at kyrkjene var meir prega av tradisjon enn reformasjon. Det var gjerne spesielle byggmeistrar som tok på seg å reise dei fleste kyrkjene, fagfolk med god materialkunnskap som både kunne lafte opp veggjar og reise tak, takryttarar og tårn. Byggeteikningar var eit ukjent fenomen, i høgda låg det føre eit enkelt

Teikningane viser grunnrisset av dei tre kyrkjene på Kleive slik dei kan ha sett ut. Teikningane er i same målestokk og viser forskjellen i storleik mellom stavkyrkja (m.a.-1697), korskyrkja i tømmer (1697-1897) og dagens åttekantkyrkje (1858-). Teikningar: Jon O. Villa i samarbeid med Bjørn Austigard, 2008.





Kyrkje	Byggeår	Riveår	Alder	Merknad
Aukra 2	1648	1709	61	Brann pga. lynnedslag
Molde 1	1662	1885	223	Brann. Skulle rivast
Vistdal 2	1668	1869	201	
Vågøy 2	1669	1900	231	Brann pga. lynnedslag
Voll 2	1674	1895	221	
Vestnes 2	1682	1873	191	
Tresfjord 2	1690	1828	138	
Kleive 2	1697	1857	160	
Eresfjord 2	1708	1868	160	
Aukra 3	1712	1772	60	Brann pga. lynnedslag
Bud 2	1717	-	(304)	Ståande. (Alder i 2021)
Bolsøy 2	1727	1907	180	Materialane selde, m.a. til Ålesund
Grytten 2	1732	1830	98	Sandflukt. Kyrkjestaden flytta
Hustad 2	1738	1874	136	
Aukra 4	1774	1834	60	Brann pga. lynnedslag
Kors 3	1797	1902	105	Flytta frå Flatmark til Monge
Kors 4	1902	-	(119)	På Monge. Ståande. (Alder i 2021)

Tømmerkorskyrkjene i Romsdal. Alle kyrkjene er opphavleg bygde i perioden 1650-1800. Dei erstatta eldre stavkyrkjer og var typiske for mellomperioden fram til vi fekk dagens «moderne» kyrkjer frå 1850 og utover.

riss og kyrkjelydane la seg vanlegvis lite opp i planane.

I perioden 1650-1800 blei det bygd nye soknekyrkjer i mest alle bygdene i Romsdal. Av 18 nye kyrkjer var 16 korskyrkjer og 2 langkyrkjer, alle i lafta tømmer. Desse erstatta gamle stavkyrkjer som var blitt skrøpelege og jamt over for små. Bjørn Austigard har følgjande betraktning om

kvifor korskyrkjene blei så populære (Austigard, 1994): *Forklaringane på denne moten kan vere fleire, men den viktigaste trur eg er mangel på tømmer. Den store eksporten av plank og bord til Holland, Skottland m.m. i første del av 1600-talet gjorde at dei fleste bygdene hadde lite hustømmer, og det dei hadde var smått. Men det var stort nok til korskyrkjer med 5–6 m lange korsarmar.*

Ein annan fordel med korskyrkjene var stabiliteten. Eit tømra kors hadde god motstandskraft i alle retningar, og det kunne kome godt med når det på denne tida blei vanleg å setje inn større vindauge i kyrkjene. Sjølv med mange slike opningar i veggane stod kyrkjene seg godt mot vind og vêr.

Korskyrkjene hadde si tid i perioden mellom stavkyrkjene i middelalderen og langkyrkjene som blei bygde frå midten av 1800-talet. Av dei 16 korskyrkjene er det såleis berre Bud kyrkje som framleis står, om vi ser bort frå korskyrkja frå 1797 som blei flytta frå Flatmark til Monge i 1902. Gamlekyrkja i Voll, som er skildra på side 232, er eit godt døme på korleis ei typisk romsdalsk korskyrkje såg ut i si samtid.

Åttekantkyrkjer

I siste halvdel av 1600-talet blei det utvikla to nye kyrkjetypar tilpassa lafteteknikken, nemleg *Y-kyrkja* og *åttekantkyrkja*. Christie finn det lite truleg at vanlege byggmeistrar på eiga hand ville introdusere så utradisjonelle kyrkjetypar, og antydar at begge kan sporast attende til den kongelege kyrkjeinspektøren Titus Bülche som Norge fekk i 1662. Y-kyrkja er berre kjent frå Norge, og i perioden 1663–1754 blei det bygd ti slike kyrkjer, sju av dei i Nidaros bispedøme. Mo kyrkje i Surnadal er ei av dei fem som framleis står.

Åttekantkyrkja henta sine forbilde frå det reformerte Europa, og forma gav eit stort og funksjonelt kyrkjerom, samtidig som det gav god utnytting av tømmeret. Også denne kyrkjetypen blei særleg godt motteken i Nidaros bispedøme. Den eldste eksisterande åttekantkyrkja er Hospitalskirken i Trondheim (1706). Men typen slo særleg godt an i perioden 1800–1845. Dei seks åttekantkyrkjene i Romsdal er i hovudsak frå denne perioden, slik tabellen viser. Typen blei vidareutvikla i siste halvdel av 1800-talet, først og fremst av arkitekt Chr. H. Grosch.

Åttekantkyrkjene kunne enten vere forma som reine oktagonar eller ha tilbygde «armar» med kor og våpenhus. Nokre få hadde også korsarmar. I Romsdal er det berre Grytten kyrkje, med sitt preikestolalter og galleri kring heile kyrkerommet, som er ein slutta åttekant, etter modell av Sør-Fron kyrkje. Dei fem andre kyrkjene har tilbygde kor og våpenhus.



Fasade og snitt av Sira kyrkje (1869). Typeteikning av arkitekt C. H. Grosch.

Kyrkje	Byggeår	Alder i 2021	Merknad
Sandøy 3	1812	209	Ståande
Tresfjord 3	1828	193	Ståande
Grytten 3	1829	192	Ståande
Aukra 5	1835	186	Ståande
Kleive 3	1858	163	Ståande
Sira 3	1869	152	Ståande

Åttekantkyrkjene i Romsdal. Alle kyrkjene er frå perioden 1800-1870 og er framleis i bruk som soknekyrkjer. Alle unnateke Sandøy erstatta eldre tømmerkorskyrkjer frå 1600- og 1700-talet.

Langkyrkjer

Langkyrkja, eller langplanen, med rektangulært skip og smalare kortilbygg er sjølv urforma i den vestlege kyrkjearkitekturen. Tydelegast ser vi det i steinkyrkjene frå middelalderen, slik som i Veøy kyrkje. Men vi finn det også i stavkyrkjene, som er bygde over same grunnmønster, til dømes i Rødven stavkyrkje. Tabellen gir eit oversyn over alle kjende langkyrkjer i Romsdal. Dei eldste etterreformatoriske kyrkjene er frå 1600- og 1700-talet, og på den tida var korskyrkjene dominerande. Derfor har vi berre to langkyrkjer i tømmer frå denne perioden: Kors og Eid. I første del av 1800-talet fekk vi nokre åttekantkyrkjer, men frå midten av 1800-talet og fram til vår tid er langkyrkja tilbake som hovudmodell, eventuelt i variantar med basilikaform, rektangelplan utan kortilbygg eller med små tverrskip. Av dei 21 kyrkjene som


Kyrkje	Byggeår	Materiale	Merknad
Veøy 2	1150 ca.	Stein	
Kors 2	1660/70	Tømmer	Erstatta av ei korskyrkje 1797
Eid 2	1797	Tømmer	Ombygd 1872 og 1874
Hen 2	1835	Naturstein	Bygd 1830– 35. Innvigd 1835.
Eikesdal	1866	Tømmer	Rektangelplan
Fiksdal	1866	Tømmer	Rektangelplan
Vistdal 3	1869	Tømmer	
Vågstranda	1870	Tømmer	Rektangelplan
Vestnes	1872	Tømmer	
Hustad 3	1874	Tømmer	
Eid 3	1874	Tømmer	
Otrøy	1878	Tømmer	Rektangelplan
Nesset 2	1878	Tømmer	Basilika
Myrbostad	1880	Tømmer	
Molde 2	1887	Reisverk	Langkyrkje med små korsarmar
Voll 3	1896	Tømmer	
Bolsøy 3	1898	Reisverk	Langkyrkje med små korsarmar. På Røbekk
Øverdalen	1902	Tømmer	Rektangelplan
Vågøy 3	1904	Tømmer	
Røvik	1905	Reisverk	Langkyrkje med små korsarmar
Veøy 3	1907	Tømmer	Basilika. På Sølsnes
Rødven 3	1907	Tømmer	Basilika
Holm	1907	Tømmer	Basilika
Sekken	1908	Tømmer	
Harøy 2	1934	Reisverk?	
Molde 3	1957	Betong	Basilika med 1 sideskip
Vike	1970	Betong	Rektangelplan
N-Heggdal	1974	Limtre	

Kjende langkyrkjer i Romsdal. Alle kyrkjene som er bygde etter 1800 er framleis i bruk som soknekyrkjer.

blei bygde i Romsdal i perioden 1850–1950, er 17 bygde i tømmer. Langskipskyrkjene i tømmer var ikkje like stabile som korskyrkjene og åttekantkyrkjene, og måtte forsterkast med strekkfiskar mellom vindauga både innvendig og utvendig. Likevel kunne det røyne på: Vågstranda kyrkje blei blesen skeiv i ein januarstorm i 1881 og det same skjedde med Vistdal kyrkje under nyttårsorkanen i 1992.

I trekyrkjene finn vi att dei same fasadedetaljane som i den rikare delen av den samtidige bustadarkitekturen. Til dømes blei inngangspartia gjerne utstyrt med ei form for portal eller bal-

Fasadeteikning av «Kirke for Vaagene» (Røvik) av ing. Gabriel Smith, 1893.



dakin som like gjerne kunne ha vore nytta i den profane arkitekturen sine inngangsparti eller verandaer. Det nygotiske preget som karakteriserer kyrkjene kjem først og fremst til uttrykk i spissbo-

ga eller gavlforma vindaug, høgreiste og synlege bere- og takkonstruksjonar i interiøra og kyrkjetaRNA sine kraftige og høge spir.

Segnkyrkjer i Romsdal

Jon Brendalsmo argumenterer for at det må ha eksistert fleire kyrkjer enn dei vi kjenner frå dei skriftlege kjeldene, og i alle fall fleire enn dei som er nemnde i Trondhjems reformats (Brendalsmo, 2008). Om dei såkalla segnkyrkjene i Romsdal skriv han:

I tillegg til de skriftlige og arkeologiske kirker har vi den muntlige tradisjonen. Således er det etter mitt skjønn rimelig å se 15 av disse 37 belegg som temmelig sikre pekere til nedlagte kirker som ikke er dokumentert ved andre kilder, da spesielt i de tilfeller hvor vi kan finne kirkeflyttingssagn. Stedsnavn kan som nevnt være så vel direkte som indirekte henvisninger til tidligere kirker.

Han presenterer så denne lista over segnkyrkjer i Romsdal som han finn det sannsynleg har eksistert (redaksjonen har gjort nokre justeringar ut frå lokalkunnskap):

Segnkyrkje	Stad / indikasjonar på ei tidlegare kyrkje	Sokn
Fiksdal	Kyrkjebøen i Fiksdal	Fiksdal sokn
Flate	Kyrkjesletta, Kyrkjeleet og Kyrkjestigen på Flate	Vestnes sokn
Bø	Bø i Innfjorden	Voll sokn
Foss	Flyttesegn om at Kors kirke først blei bygd på Foss, 5 km. opp for Flatmark	Kors sokn
Frøyset	Flyttesegn om at Rødven kyrkje først blei bygd på Frøyset	Holm sokn
Ødegård	Kyrkje planlagd på Ødegård (Øygarden), men flytta til Myklebostad	Vistdal sokn
Myklebostad	Segn om flytting av kyrkje frå Nerland til Myklebostad	Vistdal sokn
Åsebrekka	Segn om flytting av ei kyrkje frå Korsen på Åsebrekka til Sira	Eresfjord sokn
Slenes	Tradisjon om at det skal ha stått ei kyrkje på Kjerkeåkeren ovanfor husa på Slenes	Eresfjord sokn
Eikesdalen	Tradisjon om at det skal ha stått kyrkje i Eikesdalen	Eresfjord sokn
Sør-Heggdal	Mogeleg kyrkje på Kyrkjehaugen, Sør-Heggdal	Midsund sokn
Husøy	Kabelskjæret (Kapellskjæret), Korshaug og Kyrkjeberget på Husøya	Sandøy sokn
Myrbostad	Kyrkjegarden på Myrbostad aust ved Varholvegen	Vågøy og Myrbostad sokn
Tornes	Segn om flytting av ei kyrkje frå Tornes til Vågøy	Vågøy og Myrbostad sokn
Sæbø	Kyrkjegarden på Sæbø i Måndalen	Voll sokn

Brendalsmo argumenterer for at både Korskyrkja, Kristkyrkja og Nikolaskyrkja, som er nemnde i gamle diplom, kan ha stått på Veøya. Denne hypotesen blir trekt i tvil av arkeolog Brit Solli (Solli, 2008). Schøning (1778) nemner også «Bondekirken» på Veøya, men denne blir skildra mest som eit enkelt bønehus eller korshus som det fanst mange av i middelalderen. Fleire indikasjonar på udokumenterte kyrkjer er lista opp i <https://lokalhistoriewiki.no/>. Temaet er også breitt belyst i boka Kirker i glemselens slør (Bertelsen, 2016).

Det finst to historier om segnkyrkjer i Tresfjord. Den eine fortel at det skulle byggast ny kyrkje på «Fjorongå» inne ved Steinhaugen på Sylte. Dette likte ikkje dei underjordiske, og ei natt blei tømmeret flytta ut dit kyrkja ligg no. Det blir sagt at så seint som på 1800-talet kvitte gamle folk seg for å gå forbi Steinhaugen når det var mørkt.

Den andre segna er knytt til «Kjerkjebakkå» på Villa, der det ved arkeologiske utgravingar i 1932 og 2011 er dokumentert kristne graver frå 1000- eller 1100-talet. Det blir spekulert på om det kan ha stått ei kyrkje der, men det er ikkje funne spor etter noko kyrkjebygg. (Kjelde: Martinus Løvik.)

Det store kyrkjesalet i Romsdal

Det store kyrkjesalet i 1720-åra er det mest alvorlege åtaket mot kyrkjene i Norge gjennom tidene. Kongen, som skulle vere kyrkja sin fremste forsvarar, blei brått hennar verste fiende. For å finansiere sine mislukka krigsventyr under Den store nordiske krig (1700–1721) bestemte kong Fredrik IV at kyrkjene i Norge skulle seljast til høgstbydande på auksjon. Som einevaldskonge og kyrkjefyrste meinte han å ha råderett over kyrkjegodset, trass i at desse verdiane tilhørde sokna og var bygde opp ved lokal innsats gjennom fleire hundre år. Unnateke frå salet var bykyrkjene, som ikkje hadde jordegods, kyrkjene i Nord-Norge, som skulle finansiere Finnemisjonen og dei kyrkjene som allereie var forlente til grevskapa Jarlsberg og Larvik og baroniet Rosendal.

Salet blei beordra ved plakat av 1. august 1721. Biskop Bartholomæus Deichman i Christiania fekk hovudansvaret for salet, men blei allereide året etter erstatta av tidlegare amtmann i Romsdal, Hans Nobel. Nobel hadde i 1713 blitt medlem av Slottsloven på Akershus – som fungerte som ei norsk regjering under Den store nordiske krig – og fekk i 1721 kongeleg befaling om å starte arbeidet med ein ny norsk matrikkel (sjå t.d. Strand, 2009).

Salet tok til i 1722, og fram til 1729 blei i alt 632 kyrkjer med tilhøyrande jordeigedomar, tiend, fiskeavgifter og andre verdjar auksjonerte bort. Om lag hundre av kyrkjene blei kjøpte av kyrkjelydane, medan resten gjekk til einskildpersonar, ofte biskopar og prestar, eller velstående embetsmenn og borgarar som kunne bu heilt andre stader.

Kjøparane tok over all formue og gjeld som var knytt til kyrkjene. Drifta av jordegodset blei i stor grad utført av leiglendingar som måtte svare landskyld til kyrkja. I tillegg kom inntekter av tiend, fiskeavgifter og andre verdjar. Bøndene skulle svare tiend til kyrkja uansett kven som eigde ho, men kjøparen fekk ikkje full råderett over kyrkjehuset. Eigaren hadde ansvar for forsvarleg vedlikehald og drift og skulle mellom anna forsyne kyrkja med brød og vin til nattverden. Allmugen skulle dessutan ha rett til fri bruk av kyrkja. Men dei nye eigarane oppfylte ikkje alltid pliktene sine og mange kyrkjer kom i forfall. Samtidig auka folketalet i landdistrikta raskt frå 1750

og utover slik at mange kyrkjer blei for små, utan at kyrkjeeigarane hadde plikt til å utvide dei eller bygge nye. Den såkalla kyrkjesaka blei derfor ein verkebyll for styresmaktene, og var på lengre sikt med på å legge grunnlaget for det lokale sjølvstyret som blei innført med formannskapslovene i 1837 (Rogne, 1927/1958; Friisvold, 1997).

I 1723 kom kyrkjene i Romsdal under auksjonshammaren. Kven var det som kjøpte dei og korleis gjekk det med dei seinare? (Øverås, 1941).

Kyrkjene i Aukra prestegjeld

Dei fire kyrkjene i Aukra prestegjeld, Aukra, Vågøy, Bud og Hustad, blei selde på auksjon 26.2.1723 til bergråd og amtmann Erik Must på Moldegård for 615 riksdalar. Det kongelege skøyttet er datert 28.7.1725. Must var svigersonen til Hans Nobel, og hadde i 1715 overteke amtmannstillinga frå han. Must kom bort på ei sjøreise i 1729. Hans Holst gifta seg i 1739 med dotter til Must, og overtok eigedomsretten til Moldegård i 1744.

Aukra kyrkje og *Vågøy kyrkje* blei i 1727 selde vidare for same pris som dei var kjøpte til åtte lokale bønder, mellom desse fire frå Otrøya. Aukra kyrkje var i privat eige heilt til 1901, da kommunen løyste ho ut for 8 000 kroner. Vågøy kyrkje var i privat eige til 1899, da eigarane vedtok å overdra ho til kommunen og kyrkjelyden for 500 kroner. Kyrkja brann året etter.

Bud kyrkje blei ifølgje skøyttet av 28.7.1725 straks seld tilbake til allmugen. Mykje tyder på at handelsmann og kyrkjevevjer Jens Aagesen Find i Bud forskotterte betalinga for mange av bøndene.

Hustad kyrkje hadde brunne i 1718. Erik Must klagde i 1723 over at han ikkje fekk bøndene på Hustad til å skaffe fram tømmer til den nye kyrkja. Allmugen kjøpte kyrkja attende i 1726 og arbeidet kom da i gang.

Kapella på Sandøya og Harøya hadde ingen jordverdiar og kom ikkje på auksjon.

Kyrkjene i Veøy prestegjeld

Dei seks kyrkjene i Veøy prestegjeld, Veøy, Rødven, Vestnes, Tresfjord, Bolsøy og Kleive, blei selde til rådmann Lorentz H. Holst i Trondheim i 1723 for 1 510 riksdalar. Det kongelege skøytebrevet er datert 8. mai 1726. Sonen Hans Holst på Moldegård arva dei i 1737. Han eigde også Vest-

nesgodset og selde alt vidare til sunnmørsfuten Ole Alsing i 1757 for 38 000 riksdalar. Alsing etablerte Osen Jernverk i 1763, men drifta blei vanskeleg og verket blei lagt ned etter nokre år. Da han døydd i 1780 sat enka att i stor gjeld. Ho la dei seks kyrkjene ut på auksjon i 1781.

Veøy kyrkje blei kjøpt attende i 1781 av dei 118 bøndene i soknet. Dei 39 frå Vågstranda fekk løyst ut sin del i samband med bygginga av Vågstranda kyrkje i 1870. Dei 35 frå Sørstranda og 44 frå Nesjestranda og Sekken løyste ut sine andelar i samband med bygginga av kyrkjene på Holm og Sølsnes i 1907 og Sekken kapell i 1908.

Rødven kyrkje blei kjøpt attende av dei 48 bøndene i soknet i 1781. I samsvar med kyrkjelova av 1897 blei kyrkja overdregen til kommunen frå 31.12.1902.

Bolsøy kyrkje stod ved kyrkjesalet til nedfalls og blei riven. Den nye kyrkja – korskyrkja på Bolsøya – stod ferdig i 1727. Bøndene i soknet hadde da bidratt med arbeid og materialar. Ved auksjonen etter Alsing i 1781 hadde «Seigneur» Andreas Norløff det høgaste bodet med 1100 riksdalar for Bolsøy og 650 riksdalar for Kleive kyrkje. Han overdrog straks bodet til dei 85 bøndene i Bolsøy og dei 71 i Kleive. Gardane som høyrde til kyrkjegodset i Bolsøy blei selde til dei tilhøyrande leiglendingane i tida 1781–1865. Kyrkja blei overdregen til kyrkelyden i 1890 i samband med soknedelinga. Etter at kyrkja på Røbekk stod ferdig i 1898 og kyrkja i Røvik i 1905, blei Bolsøykyrkja riven i 1907.

Kleive kyrkje blei kjøpt attende av dei 71 bøndene i soknet i 1781. Ho hadde da forfalle både ute og inne, men blei gradvis sett i stand att og blei rapportert å vere i god stand ved visitasen i 1801.

Vestnes kyrkje blei kjøpt attende av dei 93 bøndene i soknet i 1781.

Tresfjord kyrkje blei kjøpt attende av dei 84 bøndene i soknet i 1781. Sylte (Tresfjord) herad løyste ut kyrkjeeigarane i 1902.

Kyrkjene i Nesset prestegjeld

Dei tre kyrkjene i Nesset prestegjeld, Rød, Sira (Eresfjord) og Vistdal, blei i 1723 selde til amtmann Erik Must i Romsdal for berre 225 riksdalar. Han fekk skøyte på kyrkjene 26. februar 1725. Etter at Must omkom på ei sjøreise i 1729 blei buet gjort opp med tap. Det var ingen midlar til vedlikehald av kyrkjene.

Rødskyrkja blei seld til to lokale bønder et-

ter at Must døydd. Dei forsømde vedlikehaldet og forfallet auka utover 1800-talet. For å sleppe vedlikehaldet og alle pliktene gav eigarane kyrkja attende til kyrkjelyden utan vederlag i 1857. Tilstanden var da så dårleg at eit nybygg tvinga seg fram.

Sira kyrkje forfall etter at Must døydd. I 1735 konstaterte biskop Hagerup at kyrkja ikkje hadde nokon eigar. Han påla bøndene å overta kyrkja og sette ho i forsvarleg stand. Dei lova å gjere det dei kunne, men dei fleste var fattige. Biskopen søkte og fekk 100 riksdalar av Kongen i 1737 slik at arbeidet kunne kome i gang.

Vistdal kyrkje med tilhøyrande jordegods gjekk frå den eine eigaren til den andre i nærare 140 år etter at Must døydd. I 1866 var det Nesset-ordførar John Elgenæs og tre andre bønder som eigde kyrkja. Da Stiftsdireksjonen kravde at dei måtte bygge ny kyrkje, gjekk dei med på å overdra den gamle til kyrkjelyden utan vederlag og dessutan vere med å koste ny kyrkje.

Kyrkjene i Grytten prestegjeld

Dei fem kyrkjene i Grytten prestegjeld, Grytten, Hen, Eid, Voll og Kors, blei selde til stiftsskrivar Morten Wium i Trondheim på auksjonen i 1723. Da Wium døydd, truleg i 1724, blei kyrkjene selde til Wiums arvinger 28. september 1725 for 562 riksdalar. Da Wiums dødsbu viste seg å vere fallitt og det ikkje var midlar til å halde kyrkjene ved like, kom dei etter kvart i bøndene sitt eige.

Grytten kyrkje og *Kors kyrkje* var komne kyrkjelydane i hende kring 1780.

Hen kirke. Etter Wium sin død måtte allmugen i 1725 overta vedlikehaldet av kyrkja. Arvingane til Wium beheldt likevel eigedomsretten fram til Hen sokn fekk skøyte på kyrkja 23. april 1788.

Eid kyrkje. Etter Wiums død ville arvingane selje kyrkja attende til bygdefolket, men dei ville ikkje betale prisen. Biskop Krogh fekk da utnemnt lokale kyrkjeeverjer til å krevje inn tiend og landskyld og sørge for vedlikehald. I 1779 blei kyrkja erklært som eigarlaus og fall i Kongens eige. Ved kongeleg skøyte av 14.9.1780 fekk bøndene i soknet eigedomsretten til kyrkja, utan betaling, men med utførlege pålegg om vedlikehald og ymse andre ytingar. Ny kyrkje blei bygd i 1796–97. I 1861 fekk kyrkjeeigarane kommunen til å overta ansvaret for kyrkja, men først i 1902 blei ho overdratt til kyrkjelyden, og i 1904 tok kommunen over det fulle ansvaret.

Voll kyrkje. Etter Wiiums død blei kyrkja i 1729 seld vidare til løytnant Sten Meldahl på Vågstranda. I 1744 var kyrkja så vanskjøtta at bønderne nekta å betale tiend, og Meldahl såg seg nøydd

til å selje ho attende til bøndene for ein billeg penge, med tilhøyrande jordegods og andre verdjar. Kyrkja blei innløyst av kyrkjelyden i 1902.

Kyrkjebyggjarar og -kunstnarar

Dei fleste kyrkjehandverkarane og -kunstnarane frå gamal tid er anonyme og ukjende. Men jo nærare vi kjem vår eiga tid, jo fleire namn dukkar opp, og stadig oftare kan skriftlege kjelder utfylle bildet av personane bak namnet. Utvalet av kyrkjebyggjarar og kunstnarar i det følgjande er ikkje uttømmende, men personane får stå som representantar for dei mange som på ulike måtar har vore med på å forme og prege kyrkjebygga i Romsdal. Vi tek også med dei viktigaste klokkestøyparane og orgelleverandørane. Personane innan kvart felt er så langt som råd presentert kronologisk etter fødeår.

Arkitektar

Før den store kyrkjebyggeperioden i siste halvdel av 1800-talet var som oftast byggmeisteren også arkitekt – i den grad ein kan snakke om arkitekt. Ofte blei kyrkjene bygde på grunnlag av enkle skisser eller etter modell av liknande kyrkjer, og kyrkjelydane la seg sjeldan opp i detaljane.

Frå midten av 1800-talet skaut kyrkjebygginga fart, og no tok Kyrkjedepartementet grep ved å engasjere tidas fremste arkitektar til å lage type-teikningar som departementet kunne pålegge eller tilrå kyrkjelydane å bruke. Ofte blei teikningane tilpassa eller endra lokalt. Mange fekk også utarbeidd eigne teikningar som departementet godkjende. Arkitektane Linstow, Grosch og Nordan var i tur og orden Kyrkjedepartementet sine fagkonsulentar for kyrkjebygg, og er dei som har påverka utviklinga mest.

Her følgjer ein kort presentasjon av dei mest kjende arkitektane til kyrkjer i Romsdal.

Christian Heinrich Grosch (1801–1865) var utdanna arkitekt og tømmermann. Si første teikneundervisning fekk han av faren, som var lærar på *Den Kgl. Tegneskole i Christiania*. Han utdanna seg til arkitekt i København 1820–24, og blei sidan engasjert som teiknar under Linstow ved prosjekteringa av Slottet, 1824–27. I 1827 blei han stadskonduktør (bygningssjef) i Christiania – ei

stilling han hadde livet ut – og i 1833 inspektør for statens bygningar i Christiania og omegn. I tillegg var han lærar ved Tegneskolen og dreiv ein omfattande privat praksis. Han teikna fleire av dei nye signalbygga i hovudstaden, som Børsen, Christiania Theater, Norges Bank og Universitetet. Han naut stor tillit på grunn av sine pålitelege kostnadsoverslag og si praktiske erfaring som handverkar. Grosch var ein av våre fremste kyrkjearkitektar og er kreditert for mellom 70 og 80 kyrkjer vigsla i perioden 1833–87.

Fleire av dei seinare nygotiske kyrkjene var variantar av arkitekt Linstow sine empirekyrkjer.

I Romsdal har Grosch teikna Sira kyrkje (1869). Dessutan er Vågøy kyrkje (teikna av Ole Havnæs, vigsla 1904) inspirert av Grosch sine panelte trekyrkjer (Sæther, 1991; Sylthe, 1985).

Jacob Wilhelm Nordan (1824–1892) blei utdanna ved *Den kgl. Tegneskole i Christiania*. Han gjekk også i murarlære. I 1849–52 var han tilsett hos arkitekt J. H. Nebelong, som arbeidde med å oppføre Oscarshall, for så å ta vidareutdanning ved Kunstakademiet i København i 1855. Frå 1856 blei han lærar i bygningsfag ved Tegneskolen. Sine første kyrkjeoppdrag fekk han gjennom Tegneskolen. Frå 1869 til 1886 var han Kyrkjedepartementet sin faste konsulent for kyrkjer og skolar, og fekk stor påverknad på utforminga av



Christian H. Grosch, arkitekt for Sira kyrkje.



Jacob Wilhelm Nordan, arkitekt for Eikesdal, Vestnes, Hustad og Eide kyrkjer.

kyrkjebygga. Frå slutten av 1850-åra dreiv Nordan i tillegg eigen arkitektpraksis, frå 1887 saman med sonen Victor. Han har teikna fleire kjende bygg, som Møllergata 19, Møllergata skole og Sagene skole i Oslo og Fritzøehus i Larvik. Nordan sine teikningar er nytta på om lag 100 kyrkjer, vigsla i perioden 1859–1898.

I Romsdal har Nordan teikna Eikesdal kyrkje (1866), Vestnes kyrkje (1872) og Hustad kyrkje (1874) med søsterkyrkjene Eide i Hustadvika (1871) og Kornstad i Averøy (1871) (Sæther, 1991; Farstad, 2000).

Johannes Henrik Nissen (1848–1915) var ein av landets fremste arkitektar på slutten av 1800-talet. Hans beste og mest påkosta bygg er mellom hovudverka i historismens arkitektur i Norge. Han hadde også leiande tillitsverv i arkitektane sine organisasjonar.

I Berlin hadde Nissen fått del i den tyske klassisistiske arkitekturtradisjonen. Bygga hans knyt seg nært opp til dei tyske arkitekturideala på slutten av 1800-talet som henta inspirasjon frå renessanse- og barokkarkitektur, for kyrkjene og skolane sin del også frå middelalderbygg. Blant dei meir kjende bygga er Frimurerlogen og Hartvig Nissen skole i Oslo og Kurbadet i Sandefjord. Byggekrakket i Kristiania i 1899 reduserte oppdragsmengda i hovudstaden, men som mange andre arkitektar greip Nissen sjansen da Ålesund brann i 1904. Han var bygnings sjef i byen 1904–06 og dreiv samtidig eigen arkitektpraksis.

Nissen hadde tilknytning til Molde gjennom søstera Margrethe som var gift med Edvard Kaurin, overlege og direktør for Romsdals Amtssykehus og Reknes Sanatorium. Nissen teikna den nye murbygninga til Amtssykehuset og overlegebu-staden på Reknes Sanatorium (begge 1915), som i dag inngår i Fylkeshusa i Molde.



Johannes H. Nissen, arkitekt for Molde kyrkje (1887), Nesset og Myrbostad kyrkjer.

Nissen teikna meir enn 30 kyrkjer. Eit høgdepunkt i hans tidlege karriere var Molde kyrkje frå 1887, oppført i ei blanding av nygotikk og sveitserstil. Han var også arkitekt for kapellet på Nedre Kirkegård (1891). I vårt fylke har han dessutan teikna Nesset kyrkje (1878), Myrbo-

stad kyrkje (1880) og Hjørundfjord kyrkje (1880) (Vike, 2020).

Karl Martin Norum (1852–1911) var fødd i Levanger og etablerte seg i Trondheim. Den einaste formelle utdanninga fekk han som hospitant ved Trondhjems tekniske læreanstalt 1872–73. Han arbeidde som teiknar hos arkitekt Johan P. Digre i Trondheim, og blei sidan tilsett som arkitekt i trelastfirmaet




Karl M. Norum, arkitekt for Holm og Veøy kyrkjer.

Jakob Digre, der han fekk ansvaret for firmaet si prosjektering. Firmaet var leiande produsent av ferdighus (byggesett) i sveitserstil og drakestil, som Norum teikna. Norum var også lærar ved Den tekniske aftenskolen i Trondheim. Norum teikna fleire signalbygg i Trondheim, som Britannia Hotell, Trøndelag Teater, Posthuset og lyststaden Hjorten. Han var også aktiv under gjenreisninga av Ålesund (1904–07). Norum fornya stadig sitt arkitektoniske uttrykk og beherska mange ulike materialar, noko som gjorde han til ein av landets fremste arkitektar.

Norum var arkitekt for om lag ti kyrkjebygg, av desse steinkyrkjer i Levanger, Steinkjer og Namsos. Fleire av trekyrkjene er stavkyrkjeinspirerte med velutvikla sans for det ornamentale. Frei kyrkje (1897), Neiden kapell (1902), Buksnes kyrkje (1905) og kyrkjene Holm og Veøy (1907) er alle teikna i drakestil. I vårt fylke har han også teikna Stangvik kyrkje (1897) (Sylthe, 2007).

Gabriel Smith (1853–1934) var fødd i Molde. Han tok teikneutdanning ved Den kgl. Tegneskole i Kristiania 1873–75 og utdanna seg til bygningsingeniør ved Polytechnicum i Dresden 1875–78. Sitt største virkefelt fekk han innan Statens hamnevesen, først som ingeniørassistent, seinare avdelingsingeniør ved hamnevesenet sitt kontor i Ålesund 1883–98. I 1898 fekk han stilling som vikarierande hamnedirektør og



Gabriel Smith, bygningsingeniør og arkitekt for Voll, Røbekk og Røvik kyrkjer.

flytta til Oslo, og frå 1900 til 1924 var han statens hamnedirektør. Seinare dreiv han privat praksis som teknisk konsulent i Oslo. Han har teikna ei lang rekke større og mindre hamneanlegg i Norge og utlandet, blei riddar av St. Olavs Orden og fekk fleire utanlandske utmerkingar.

I åra 1890–95 leverte han teikningar til fire store trekyrkjer i vårt fylke: Vigra kyrkje (1894), Voll kyrkje (1896), Røbekk kyrkje (1898) og Røvik kyrkje (1905). Vigra og Voll er i lafta tømmer, Røbekk og Røvik (begge teikna i 1893) i bindingsverk med utvendig og innvendig panel. Både gjennom sitt gjennomførte nygotiske stilpreg og samansmeltinga av bygningsvoluma til ein einskap, er desse kyrkjene typiske døme på 1890-åras norske kyrkjearkitektur (Wold, 1996; Norsk kunstnerleksikon, u.d.).

Jens Zetlitz Monrad Kielland (1866–1926)



Jens Z. M. Kielland, arkitekt for Rødven kyrkje.

utdanna seg til arkitekt ved Königlich Technische Hochschule, Charlottenburg, Berlin i 1887–90. Han var tilsett hos fleire arkitektkontor i Tyskland før han etablerte seg i Bergen i 1894, året etter med eigen arkitektpraksis. Han har teikna ei rekke villaer og

bygardar i Bergen, Trondheim og Oslo og hadde filialkontor i Ålesund ved gjenreisinga 1904–07. Kielland var professor i byggekunst ved NTH i Trondheim 1912–18 og etablerte deretter eige arkitektkontor i Kristiania.

Han lærte om modellering av ornament i kalkstukk og hoggen stein i Tyskland og studerte treskjering i Norge. Dette fekk stor betydning for arkitekturen, særleg i interiøra. Dei første byggverka han teikna var i sveitserstil/drakestil eller i variantar av historisme, og han utvikla ein stadeigen bergensk byggekunst ut frå gamle bergenske byggetradisjonar. Kielland var også engasjert i arbeidet med bevaring av norsk byggeskikk og kunsthandverk gjennom registrerings- og restaureringsoppdrag, mellom anna for Fortidsminneforeningen og ved publisering av landsomfattande registreringar som *Norske Hus og Hjem*.

Kielland har berre teikna to kyrkjebygg: Rødven kapell (1907) og Stordal nye kyrkje (1908) (Sylthe, 2007).

Fredrik Ziegler Kavli (1878–1930) var arkitekt for Harøy kapell (1934). Han var busett i Oslo, men fødd på Årø og hadde gjennom giftermål slektsband til Harøya. Han laga fleire utkast til kyrkje på Harøya, både murkyrkje og trekyrkje, og til sist til kyrkja som blei bygd. Han døydde før teikningane var ferdige, og arkitekt Paul S. Michelsen, Oslo, fullførte dei.


Ole Lind Schistad (1891–1979)

frå Molde var ein av dei som introduserte funksjonalismens ideal i norsk arkitektur. Etter fleire år i Oslo blei han distriktsarkitekt i Møre og Romsdal frå 1946. Han laga restaureringsplanar og fargeskjema for Kleive kirke (1927–34), Voll kyrkje (1964) og Eikesdal kapell (1966) og designa lysarmaturar i Vistdal kyrkje (1951).

Jon O. Villa (1919–2014), Molde. Arkitekt for Romsdalsmuseets kapell (1952) og restaurering av Aukra kyrkje (1980). Bårehus på Sekken (1976).

Jostein Heggdal (1933–1978) frå Nord-Heggdal, busett i Molde. Arkitekt for Nord-Heggdal kapell (1974). Heggdal teikna også ei søsterkyrkje på Bolsøya i 1978, men denne blei ikkje realisert.

Christ Allan Sylthe (1953–) frå Kristiansund er utdanna arkitekt og kunsthistorikar. Har arbeid som bygningsantikvar i Møre og Romsdal fylkeskommune frå 1981. Har utarbeidd restaureringsplanar og fargeskjema for kyrkjene på Harøya (1984), Aukra (1985), Kleive (1986), Myrbostad (1988) og Vestnes (1980-åra).



Ole Lind Schistad, restaureringsarkitekt for Kleive, Voll og Eikesdal kyrkjer.



Christ Allan Sylthe, restaureringsarkitekt for Harøy, Aukra, Kleive, Myrbostad og Vestnes kyrkjer.

Lokale kyrkjebyggarar

Jens Toresen Eikrem (Jenss Kirckebiugger) frå Straumsnes. *Jens Toresen* er oppgjeven som byggmeister for korskyrkja i Vistdal (1668) og *Jens Eikrem* (Eichrim) for korskyrkjene i Vågøy (1669)

og Voll (1674). Dette er truleg same person. Kyrkjerekneskapane viser at han også laga nytt tårn på Vestnes kyrkje i 1673 og utførte reparasjon av Aukra kyrkje same år, leia den store takreparasjonen i Veøy gamle kyrkje 1678–79 og utførte store reparasjonsarbeid i kyrkjene på Tingvoll, Øre og Frei (Grüner, 1972; Austigard, 2008).

Peder Andersen (Peder kirkebygger / Peder Schnecher) assisterte Jens Eikrem på fleire kyrkjeprosjekt. Han hadde særleg ansvar for inventaret, mellom anna i Vågøy kyrkje (1669) og Vestnes kyrkje (1682). På Veøy gamle kyrkje var han byggeleiar for fleire utbetringar og reparasjonar: Muring av våpenhuset (1660–63), reparasjon av taket, reparasjon av golvet (1671–72 og 1677) og legging av loft over kyrkjeskippet (1685–88) (Austigard, 2008).

Erik Jakobsen Holten, Bøfjorden, fødd 1665. Byggmeister for korskyrkja på Sira (1710). «Meistertømmermann» og byggmeister da Stangvik-kyrkja blei omvølt i 1705.

Hans Knutsen «Snedicher», Molde. Leia innreiingsarbeidet i kyrkjene Sira (1710), Rødven (1712) og Bud (1717). Bygde vestgalleriet i Veøy kyrkje (1708) (Austigard, 2008).

Jacob Digre (1811–1891) var fødd i Klæbu



Jakob Digre, byggmeister for Hustad kyrkje.

og starta sitt yrkesliv som tømmermann på Skipsværket i Trondheim. I 1838 starta han si eiga verksemd, og etter dei store bybrannane i Trondheim i 1841 og 1842 ekspanderte firmaet mykje.

Forutan Hustad kyrkje oppførte firmaet til saman åtte kyrkjer i Trøndelag og Nord-Norge. Det hadde også fleire andre store byggeoppdrag i Trondheim og Nord-Norge, mellom anna i Hammerfest.

Jakob Digre hadde godt omdøme både som arbeidsgivar og menneske, og fekk i 1888 Kongens fortienstmedalje for handverk og industri. Da

han døydde var firmaet eit av dei største i landet innan møbel, bygg og ferdighus.

Gjert Jacobsen Lien, (1814–1885) Eid var ein av fleire store kyrkjebyggarar frå Nordfjord i siste halvdel av 1800-talet. Han var byggmeister for desse kyrkjene: Hornindal (1856), Sunnylvn (1859), Nedstryn (1859), Skodje (1860), Holsen (1861), Sylte i Valldal (1863), Oppstryn (1863), Stårheim (1864), Kalvåg (Bremanger) (1865), Selje (1866), Fiksdal (1866), Ørskog (1873), Austefjord (tilbygg) (1880), Haukedalen (1885) og Davik (1886).

Friederich Spolert (1815–1897) var fødd i Tyskland og kom til Molde som murmeister kring 1850. Han hadde mange store byggeoppdrag, mellom anna Reknes Pleiestiftelse (seinare Sanatorium) og fleire kyrkjebygg. Han var byggmeister for Nesset kyrkje (1878), Vistdal kyrkje (1869) og ombygging av Eid kyrkje (1872 og 1874).

Ole Olsen Nørstegård (Finnset) var fødd på Lesja i 1823. Han tok namnet Ole Finnset i 1867 etter å ha gifta seg med Gurå Torsteinsdotter Finnset i Eikesdalen. Byggmeister for Eikesdal kapell (1866) og Sira kyrkje (1869). Flytta med familien til Amerika i 1868. Overlet fullføringa av Sira kyrkje til Ole A. Rånå og Søren A. Jordfald (s.d.).

Søren Aslaksen Jordfald, (1837–1876) Eidsvågen stamma frå Solhjellan i Eresfjorden. Saman med Ole A. Rånå var han med på fullføringa av Sira kyrkje (1869). Han var også med på bygginga av Nesset kyrkje i Eidsvåg (1878), men døydde i 1876 før ho var ferdig.

Ole Andersen Rånå var fødd på Rånåbrekka på Lesjaskog i 1844. Han gifta seg med Marit Nilsson Austigard i 1867, dagen etter at Eikesdal kyrkje blei vigsla. Dei budde på Solhjellan medan kyrkjebygginga pågjekk. Rånå og Søren A. Jordfald (s.d.) tok over byggeleiinga av Sira kyrkje (1869) i 1868 eller -69. Flytta med familien til Amerika i 1872.

John Larsen Krogseth, (1849–1930) Vestnes var odelsgut til Oppigarden Krokset i Vestnes, der han vaks opp og sidan busette seg. Han arbeidde som byggmeister og gardbrukar.

Berre 29 år gamal blei Krogseth byggmeister for Otrøy kyrkje (1878). Det heiter i jubileumsboka at han «før hadde bygd kyrkjer». Dette kan ha samanheng med at han samarbeidde med Knut J. Flate på Vestnes, som var byggmeister for fleire kyrkjer. Han var også søskenbarn med «kyrkjebyggmeister» Johan Øvstedal frå Tresfjord.

Eldstesonen til John, Lars, tok arkitektutdanning i Tyskland og var nettopp ferdig da Ålesund brann i 1904. Lars og brørne Andreas, som var murar, og Lasse, som var snikkar, utgjorde saman med faren eit heilt arbeidslag og hadde fleire oppdrag i Ålesund under gjenoppbygginga. Sidan blei det oppdragstørke, og på farens oppmoding utvandra dei tre brørne til Amerika og Canada i 1906–07. Lars flytta heim att i 1911 og tok over Krokset-bruket, medan Lars vende attende og slo seg ned i Bergen i 1914. Far John jobba vidare som byggmeister til han var godt opp i syttiåra.

I 1908 fekk han oppdraget med den nye fjøsbygninga på Gjermundnes landbruksskole. Den var i bruk som driftsbygning for skolen fram til 1972, og blei i 1979 gjort om til museumsbygning for Landbruksmuseet på Gjermundnes (Øveraas, 2011).

Ole Olsen Havnæs (Havnæs) (1849–1931)



Ole O. Havnæs, arkitekt og byggmeister for Vågøy kyrkje og arkitekt for Sekken kyrkje.

vaks opp på ein husmannsplass under garden Havnæs på Tornes. Han reiste i ung alder til Kristiansund der han arbeidde som bygningssnikkar og byggmeister. I 1853 blei han gift med Lava Marie Rasmusdtr. Rishaug frå Bud, og saman fekk dei ti barn.

I 1889 flytta han til Ålesund der han starta trelasthandel og bygningforretning og i tillegg dreiv som byggmeister, mellom anna under gjenreisinga etter bybrannen i 1904. Han var også byggmeister i Ålesund kommune i fem år og stod for oppføringa av Aspøy skole og Løvenvoldbygninga. Kring århundreskiftet var det ikkje uvanleg at byggmeistrane stod for både planlegging og bygging, og Havnæs arbeidde som arkitekt og byggmeister i over 50 år.

Men det var som kyrkjebygger Havnæs blei mest kjend. Den første var Vågøy kyrkje (1904) i heimesoknet, som han både teikna og bygde. Truleg er teikningane laga på grunnlag av ei av Kyrkjedepartementet sine typeteikningar. Det er sagt at han i alt bygde 14 kyrkjer. I tillegg til Vågøy veit vi sikkert at han var arkitekt og/eller byggmeister for Stordal kyrkje (1907), Sekken kapell (1908), Dalsfjord kyrkje (1910), Nordlandet kyrkje i Kristiansund (1914), Bremanger kyrkje (1914), Fines

kyrkje (1915), Indre Herøy kyrkje (1916) og Ytre Herøy kyrkje (1918). Han stod også for ombygging og utviding av Leikanger kyrkje på Stadlandet (1895) (Aure, 2004; Sylthe, 1985).

Erik Pedersen Sylte (1846–1933), Tresfjord, er i folketellinga

frå 1900 oppført som «Byggmester & Gaardbr. Selveier». Han blei til dagleg omtala som Storhegg-Erik fordi han budde på Storheggbyttet under Kyrkjesylte. Sylte var med Knut J. Flate på fleire byggeprosjekt (truleg m.a. Voll kyrkje i 1896)



Erik P. Sylte, byggmeister for Øverdalen, Kors, Røvik og Rødven kyrkjer.

og var sjølv byggmeister for Øverdalen kapell (1902), Kors kirke (1902), Røvik kyrkje (1905), Rødven kapell (1907) og bygging av kor og tårn på Innfjorden bedehuskapell (1906) (Wold, 1996).

Einar O. Sylte (Furnes) (1853–1924), Tresfjord, var kompanjong med Knut J. Flate under bygginga av Voll kyrkje (1896). Han budde ei tid i Molde før han flytta til Furneset og tok namnet Einar Furnes. I folketellinga frå 1900 er han oppført som snikkar og husmann. Han og kona Ane Marie hadde åtte barn, mellom desse skodespeleren og dansaren Mali Furunes (1888–1968).

Knut Johnsen Flate (1857–1926) budde på

Flate på Vestnes og står i folketellinga frå 1900 oppført som «Gardbr., selveier, hus- og kirkebygger». Han var byggmeister for Hamnsund kyrkje (1875), Vигра kyrkje (1894), Voll kyrkje (1896), Sølsnes kyrkje (1907), Rødven kapell (1907), Sekken kapell (1908) og Otrøy kyrkje (vøling 1911) (Wold, 1996).



Knut J. Flate, byggmeister for Voll, Sølsnes, Rødven og Sekken kyrkjer.

Lokale kunstnarar og handverkarar

Jürgen Snedicher frå Molde laga i 1650-åra altertavla i stavkyrkja på Rød, no i Nesset kyrkje. Altertavla i Sira stavkyrkje frå 1651 var truleg laga av same person. Restene av tavla er no i Romsdalsmuseets kapell (Austigard, 1978).

Lukas Jensen frå Nordmøre laga altertavle i

Aukra kyrkje, 1712. Vengene er redda gjennom to brannar og er plasserte på noverande altertavle (Julnes, 1985).

Peder Knudsen Kjorsvik (1691–1757), Tor-nes, var ein av dei fremste bildeskjerarane i distriktet i si tid. Han har mellom anna laga preikestolane i Nesset kyrkje, Bolsøy kyrkje (no i Røvik kyrkje) og gamle Hustad kyrkje (no i Garmokyrkja på Maihaugen; preikestolhimmelen er i Romsdalsmuseets kapell) (Austigard, 1978).

Jakob Sørensen Alnes (Giske-Gaard) (1734–1827) – også kjend som «Tavle-Jakob» – var bildekunstnar og treskjerar. Han laga altertavler til kyrkjene på Giske (1755), Vigra (1752?), Vatne, Voll (1780), Skodje, Borgund og Sandøy (1818).

Jakob var fødd i Sorentunet på Giske. Han budde ei tid i Klokkesund i Borgund der han truleg fekk lære noko trekurd av Nils Stokberg, som, etter det presten Hans Strøm skreiv, var «fullbefaren dreier og billedskjærer». Elles var Jakob heilt sjølvlerd. Seinare blei han lærar på Vigra og bygde seg ei stove på Roald. Alnesnamnet tok han da han ei tid budde på fødegarden til kona.

Den første altertavla skar han til kyrkja på Giske, 22 år gamal. Men han dreiv også med annan treskurd. Det blei sagt at Jakob var til sjøs ei tid i sin ungdom, men at han måtte slutte med sjølivet fordi han gjorde seg skade og blei halt. I utlanda skulle han ha sett mange vakre altertavler, og det hadde vekt lysta til å prøve å skjere slike sjølv. Men kor sant dette er, er uvisst.

Ein særling må han ha vore, og sterkt religiøs. Det blir fortalt at når kona kom inn med maten måtte ho legge seg på kne på dørstokken medan han bad (Øverland B., 1962; Sæbø A., 1970).

Eilert Balle Lund (1815–1891) arbeidde som teiknelærer i Trondheim. Er mest kjent for sine portrett i pastell, men måla også fleire triptyke altertavler, med eit stort hovudbilde i midten og Moses og evangelisten Johannes på sidefelt. Altertavlene i Vågstranda kyrkje (1870) og Eide kirke (1871) er typiske døme på dette.

Peder Olsen Samseth (1825–1910) var fødd på Framgarden, Samset i Måndalen, men forlet bygda alt som ungdom. Truleg har han gått i målarlære hos ein fagmann i Kristiansund som på den tida var ein mykje større by enn Molde og hadde mange flotte patrisiarhus som gav arbeid til eit tjuetals målarar.

Han gifta seg i Veøy kyrkje i 1857 med Tor-

bjørg Andersdotter Vestad frå Sekken. Dei budde først på Frei, der ho arbeidde som jordmor. I 1866 flytta dei til Åfarnes og i 1870 til Åndalsnes der dei blei buande resten av livet. Ho hadde stilling som jordmor i sokna Grytten, Eid og Kors, og han arbeidde som målarmeister på Åndalsnes. Der var turisttrafikken på veg opp, og det blei bygd fleire hotell, skysstasjonar og forretningsbygg som gav arbeid til ein dyktig målarmeister.

Samseth var meister for det store målararbeidet i Veøy kyrkje i 1858. Den omfattande bjørkeådringa på dører og benkevangar og marmoreringa på søylene ber preg av høg kvalitet og har halde seg uvanleg bra fram til denne dag (Austigard, 2020).

Even Ulving (1863–1952) frå Vega på Helgeland kom som 18-åring til Kristiania. Foreldra budde i 1886–94 på Holmemstranda. Ulving var ein kjent portrett- og landskapsmålar og laga fleire bilde frå Romsdal. Han har måla altertavla i Voll kyrkje (1896) (Malo, 2003).

Emanuel Vigeland (1875–1948) var fødd i Mandal og var veslebror til Gustav Vigeland. Alt som 16-åring bestemte han seg for å bli kunstnar. Han utdanna seg ved Den kgl. Tegneskole i Kristiania og gjorde studiereiser til mange land. Vigeland blei mest kjent for sine arbeid i kyrkjer i Norge, Sverige og Danmark. Han brukte fleire teknikkar: freskomåleri, kalkmåleri, glasmåleri og nokre tradisjonelle oljemåleri, som på altertavlene i Holm og Rødven kyrkjer. Han bygde sitt eige kunstmuseum på Slemdal i Oslo, som han etter kvart gjorde om til mausoleum over seg sjølv. Innvendig fylte han tak og veggar med ei 800 kvadratmeter stor freske som ber namnet *Vita* (latinsk for «livet»), der han skildrar mennesket sitt livsløp frå unnfanging til død.

Daniel Hagerup (1876–1955) frå Smøla var treskjerar og bildehoggar og dreiv i fleire år eige marmorhoggeri i Trondheim. I 1918 flytta han til Gullstein på Tustna og i 1937 til Sykkylven der han arbeidde som møbeldesignar. Han har skore ut Kristusfiguren på alteret i Sølsnes kyrkje (1907).

Domenico Juul Erdmann (1879–1940) var fødd i Bergen, men budde i Oslo. Erdmann var både formgivar, målar og dekoratør. Etter fleire studiereiser i Europa tok han i 1912 til å arbeide med undersøking og restaurering av gamle kyrkjeinterior, først på oppdrag for Fortidsminneforeningen og frå 1919 som Riksantikvaren sin

konsulent for kyrkjerestauring. Han skal ha undersøkt 423 norske kyrkjer, og i over 100 av desse har han utført utsmykkings- og restaureringsarbeid. Han arbeidde også med andre offentlege bygningar, som Stortinget og sjømannskyrkja i Rotterdam, og stod for utsmykking av ei rekke private heimar. «Signaturfargen» til Erdmann var *dodenkopf* eller *purpurbrunt*, ein djup raudfarge som blei kombinert med andre fargar brotne med svart eller jordfargar. Erdmann leia den store restaureringa av Tresfjord kyrkje i 1927–28 og dei kunsthistoriske undersøkingane i Veøy kyrkje frå 1936 (Løvik, 2017; Olstad, 2008; Norsk kunstnerleksikon, u.å.).

Anthon Røvik (Ole Anthon Røvik Sennigen) (1885–1965) var ein av dei fremste bilde-



Treskjeraren Anthon Røvik. Han utførte treskjerararbeida i Røvik og Holm kyrkjer.

skjerarane i landet på 1900-talet. Han vaks opp på småbruket Sendingan i Røvika i Bolsøy kommune. Alt som 15-åring starta han som dreiar på Hovdenak Stolfabrikk. Etter 2–3 år fekk han lyst til å lære meir, og i 1903 reiste han til Trondheim, der det var eit stort miljø både innan

steinhogging og treskjerjing/bildeskjerjing knytt til restaureringa av Nidarosdomen. Anthon gjekk i lære hos treskjerar Eilert Hagerup frå Smøla og blei sidan elev hos bildehoggar og kunstmålar Jens Munthe Svendsen frå Volda. I 1906 blei han svein hos bildehoggar og treskjerar Daniel Hagerup, ein eldre bror til Eilert. Det var her han utførte sitt første sjølvstendige oppdrag med treskjerararbeida i kyrkjene på Sølsnes og Holm etter arkitekt Norum sine teikningar. Det omfatta altertavle, preikestol, døypefont, søyler, dragarar, vangar og listverk. Drakestilen går att både ute og inne. Mykje av ornamenteringa er integrert i den berande konstruksjonen og måtte derfor utførast på staden. Han laga også utskjeringar til kyrkjene i Rødven og Røvik. Etter dette drog han til Oslo og blei elev ved *Statens håndverks- og kunstindustriskole*, seinare svein hos treskjerar Ahlsen. I 1916 starta han sin eigen verkstad med 5–6 sveinar. Han tok initiativ til *Treskjererernes landssamskipnad* i 1938 og var redaktør for fagbladet *Treskjereren*. Etter krigen samarbeidde han nært med arkitekt Arn-

stein Arneberg. Han utførte store treskjerararbeid i rundt 30 kyrkjer, mellom anna Oslo Domkirke, og har gjort mindre restaureringsoppdrag eller levert gjenstandar, slik som gyllenlêrstolar, til eit 50-tals andre kyrkjer (Austigard, 2007).

Ola Seter (1890–1978) var odelsgut til garden Indre Seter på Betna i Halså. Han tok først jordbruks- og hagebruksutdanning, seinare kom han inn på *Statens håndverks- og kunstindustriskole* i Oslo, der han var elev i fire år og lærte kunstmåling og teikning. I 1921 blei han assistent for Domenico Erdmann ved restaureringa av Halså kyrkje, og det blei starten



Ola Seter som gjorde kunsthistoriske kartleggingar i Veøy gamle kyrkje og restaurerte dekor i Fiksdal kyrkje. Her på Austråttborga i 1967. Foto: Melhuus.

på eit liv som konservator og kyrkjemålar landet rundt. Han arbeidde i over 500 kyrkjer, som han dokumenterte i rapportar til Riksantikvaren. Ola Seter fekk kongens fortenstmedalje i gull i 1962. I Romsdal er han kjend for vidareføring av Erdmanns undersøkingar i Veøy gamle kyrkje frå 1959 og for restaurering og dekor i Fiksdal kyrkje, 1966 (Vatten, 1976).

Maria Vigeland (1903–1983) var dotter av Emanuel Vigeland. Hennes religiøse interesse og elevtilhøvet til faren førte henne tidleg inn i kyrkjekunsten. Ho laga alterbilde og glasmåleri til ei lang rekke kyrkjer. Livsverket var dekorasjonane i Lovisenberg kyrkje i Oslo som ho arbeidde med frå 1946 til 1972. Ho måla altertavla i Sekken kapell i 1947 og dekorerte preikestolen i 1967. Har også laga glasmåleriet «Bebudelsen» over hovudinngangen i Vestnes kyrkje, 1973.



Maria Vigeland, 1950. Ho har måla altertavla og dekorert preikestolen i Sekken kyrkje og laga glasmåleriet «Bebudelsen» i Vestnes kyrkje. Foto: Schrøder/Trøndelag folkemuseum Sverresborg.

Aston Alnæs (1904–1965) frå Verma livnærte seg som treskjerar og målar hele livet. Han verka på heimlassen, og det meste av produksjonen

blei omsett lokalt eller til turistar som spesielt var interesserte i troll og dyrefigurar. Han tok også oppdrag med større utskjæringsarbeid. Handverksmessig dugleik og stor detaljrikdom preger arbeida hans. I Romsdal har han laga døypefonten, brudestolane og treskurden på altertavla i Øverdalen kyrkje og den forgylte dua over døypefonten i Eid kyrkje.

Orgelbyggarar

Orgelet har sitt opphav i antikken og er det eldste tangentinstrumentet vi kjenner. Pipeorgelet er i prinsippet eit blåseinstrument og førekjem i ulike variantar. Frå siste del av middelalderen har orgelet først og fremst vore eit kyrkjeinstrument til bruk i gudstenesta. Kring 1330 fekk Nidarosdomen sitt første orgel og fram til 1650 var det berre orgel i stiftsbyane. Etter kvart kom det orgel også i kjøpstadene og velstående bygder. På 1800-talet blei orgelet vanleg utover heile landet. I liturgisk samanheng er det nemnt første gong i Kyrkjeritualet frå 1685 (Sæther, 2001).

I Norge utvikla det seg ein lokal orgelbyggartradisjon frå kring 1700 til midt på 1800-talet. Da Peter A. Albrechtsen kom frå Danmark i 1835 og etablerte seg som orgelbyggar i Norge, blei grunnlaget lagt for eit norsk orgelbyggeri på høgt fagleg nivå. Etter 1850 klarte det å dekke det raskt veksande behovet for nye orgel.

Orgel har tradisjonelt hatt mekanisk overføring (traktur) mellom tangent og pipe. Men frå kring 1900 tok orgelbyggarane i aukande grad i bruk luftstyrt (pneumatisk) overføring. Etter andre verdskrig tok ein også i bruk elektriske overføringar. Desse teknikkane viste seg å ha svakheiter som førte til at mange orgel måtte skiftast ut kring slutten av århundret, og mekanisk overføring blei igjen dominerande.

Opplysningane om orgelbyggarane i det følgjande er henta frå Stein Johannes Kolnes sitt referanseverk Norsk orgelkultur (Kolnes, 1987).

Claus Jensen, Oslo var fødd i Schleswig-Holstein, truleg i 1817, og var fullt utlært orgelbyggar da han om lag 30 år gamal kom til Norge. Han var medarbeidar hos P.A. Albrechtsen og var den som mest direkte tok over arven etter han. Kolnes meiner Jensen var den største kunstnaren landet har hatt innan orgelbygging, ein fagmann på høgt internasjonalt nivå. Han bygde orgelet til Aukra kyrkje i 1878.

Paul Christian Brantzeg (1821–1900) var



Ingen har levert fleire orgel til kyrkjene i Romsdal enn Vestres Orgel & Pianofabrikk på Haramsøya.

fødd i Levanger og fekk si første utdanning hos P.A. Albrechtsen i Trondheim. Etter omfattande læreår hos dei beste orgelbyggarane i Paris, London og København grunnla han sin eigen fabrikk for «Pianoforter, Physharmonikaer, Orgeler» i Christiania. Fram til midten av 1880-åra produserte han 34 orgel, over 400 harmonium og 600 piano. I tillegg utførte han mange orgelreparasjonar og -ombyggingar. I Romsdal har han bygd det gamle, verneverdige orgelet i Røvik kirke (bygd 1851 – til Røvik 1932).

Olsen & Jørgensen, Oslo. August Nilsen frå Skoger grunnla i 1876 det som raskt skulle bli landets største orgelfabrikk, og som ifølgje Kolnes er det desidert fremste orgelbyggeriet landet nokon gang har hatt, om ein held saman både kvantitet og kvalitet. Etter at Nilsen døydd i 1885 overtok dei unge medarbeidarane Nils R. Olsen og nevøen Jens H. Jørgensen.

I Romsdal har Olsen & Jørgensen levert orgel til kyrkjene Myrbostad (1899), Røbekk (1904), Kleive (1904), Grytten (1913), Sølsnes (1920) og Nord-Heggdal kapell (1984 – frå Sykkylven kyrkje, 1910).

Brødr. Torkildsen Orgelbyggeri, Åsen i Trøndelag. Trøndelagsfylka blei etter 1900 eit orgelcentrum, der heile tre orgelfabrikkar var aktive. Det eldste firmaet – og det einaste som framleis eksisterer – er Brødrene Torkildsen i Åsen sør for Levanger. Det starta som ein harmoniumfabrikk, men det første pipeorgelet blei bygd alt i 1888, og frå århundreskiftet kom pipeorgla i regelmessig produksjon. Firmaet har levert orgel til Nesset kirke (1914), Sira kyrkje (1914) og Voll kyrkje (1926).

Vestres Orgel & Pianofabrikk, Haramsøya. Ludvig Vestre (1865–1937) tok i 1885 til å lage harmonium (også kjent som *trøorgel* eller *salmes-*

sykkel) til eige bruk og til vener og kjende. Frå 1894 vigde han seg heilt til dette, og saman med fem medhjelparar laga han 40–50 harmonium årleg. Sonen Hans Olaus Vestre var teknisk leiar. Frå 1909 leverte firmaet dei første pipeorgla, truleg ferdige orgel frå ein underleverandør. Etter ei studiereise til utlandet og utviding og modernisering av fabrikk, leverte Vestre frå 1926 kring 400 harmonium årleg til heimar, skolar, forsamlingshus og nokre kyrkjer. I 1940- og -50-åra blei det også produsert piano. Fabrikk reklamerte med at dei bygde pneumatisk orgel og harmonium etter eit system dei sjølv hadde funne opp. På denne tida var Vestres harmoniumfabrikk ein av dei største i landet. Harmonia blei etter kvart utkonkurrerte av små elektroniske orgel, og produksjonen tok slutt kring 1970 etter at det var produsert kring 10 000 slike instrument.

Etter dette produserte fabrikk berre kyrkjeorgel. Auka konkurranse skapte problem for fleire av dei tradisjonelle orgelbyggeria, og i 1982 måtte også Vestre melde oppbod. Sidan 1928 hadde fabrikk da produsert om lag 150 orgel. Det største blei levert til den nye Molde kyrkje i 1957. Elles har fabrikk levert orgel til kyrkjene på Harøya (1934 og 1979), Otrøya (1953), Aukra (1954), Fiksdalen (1954), Bud (1954 og 1967), Eid (1959), Hen (1952 – ombygd 1964), Sandøya (1962), Vike (1970), Vestnes (1972), Vågstranda (1972), Tresfjorden (1977), Holm (1978), Myrbostad (1979), Bergmo (1983 v/Runshaug) og Sekken (1988 v/Runshaug). Eikesdal kapell brukte eit Vestre-harmonium som det delte med skolen frå 1925 til det fekk eige orgel i 1948.

Hallstein Runshaug var intonatør i firmaet og inngifta i Vestrefamilien. Etter at fabrikk opphøyrd oppretta han eit eige firma som stod for tilsyn og reparasjonar av Vestre sine orgel. Han gjorde også ferdig påbegynte orgel og formidla sal av småorgel som firmaet hadde laga.

Adolf Fosnæs (1854–1948), Trondheim, rei-

ste til sjøs som unggut. Etter fleire år i den amerikanske marinen kom han heim og busette seg i Trondheim. I England og Amerika hadde han lært orgelbyggerfaget, og frå 1896 til 1909 leverte han kring 40 orgel, hovudsakleg til Trøndelag, Møre og Romsdal og Nordland. I Romsdal leverte han orgel til kyrkjene Vistdal (1902), Vågøy (1904) og Holm (1907).


Martin Lønseth (1861–1936), Steinkjer, var ein evnerik og mangfaldig person. Han var mellom anna gullsmed og bygde telefonanlegg og elverk i heimfylket. Lønseth var også aktiv musikal, komponist og songinstruktør. Frå 1911 og fram mot andre verdskrig bygde han orgel til om lag 20 kyrkjer, vesentleg i Trøndelag. Han leverte orgel til Hustad kyrkje (1931).

Vestlandske Orgelverksted, Hareid, blei etablert i 1963 av to av dei tilsette ved Vestres Orgel & Pianofabrikk på Haramsøya. Firmaet fekk ein rask vekst, og bygde om lag 120 orgel fram til 1980, da verksemda opphøyrd. I Romsdal har dei levert orgelet til Kors kirke (1967).

Ryde & Berg Orgelbyggeri, Gressvik. I nyare tid har internasjonale orgelbyggeri teke over meir og meir av den norske marknaden. Men i 1984 etablerte Jan Ryde frå Finland og Nils-Olof Berg frå Sverige sitt eige orgelbyggeri. Dei har bygd meir enn 100 orgel, mellom dei hovudorgelet i Oslo domkirke og orgelet i Stavanger konserthus. I Romsdal har dei levert orgelet i Nesset kirke (1998).

Klokkestøyparar

Klokker av ulike slag har følgd menneska gjennom fleire tusen år. Klokkeringinga har hatt ulike funksjonar, som å samle folk, markere tider, varsle om farer og viktige hendingar eller jage bort onde makter. I kyrkjeleg samanheng har klokker vore i bruk sidan tidleg middelalder for å kalle kyrkelyden saman til messe. På ei klokke frå Hällstad i Västergötland i Sverige frå 1463 kan ein lese at



Denne innskrifta er støypt inn i klokka frå Bolsøy kyrkje som no heng i stopulen på kyrkjegarden. Den latinske teksten kan omsettast med: *Paul Jørgensen støypte denne klokka i 1599 til evig pris for den beste og største meister (Gud)*. Teikning: Anders Kvernberg, 2021.

klokka «lovprisar Gud, kallar saman folket, kallar saman prestane, gret over dei døde, jagar bort pesten og kastar glans over festane».

Klokkestøyping er eit fag med lange tradisjonar og høge krav både til klokkestøyparen og støypeutstyret. Mange klokker blei tidlegare importerte frå kontinentet, særleg frå Tyskland, men det har også vore lokale klokkestøyparar fleire stader i landet. Minst 10 ulike leverandørar frå inn- og utland har levert klokker til kyrkjene i Romsdal (sjå under dei einskilde kyrkjene), men desse to har levert flest:

Olsen Nauen Klokkestøperi, Tønsberg (tidlegare O. Olsen klokkestøperi, Nauen) blei etablert i 1844 og er i dag Norges einaste leverandør av stemte kyrkjeklokker og klokkespel. Klokkene blir støypte i rein klokkebronse. Olsen Nauen har levert følgjande klokker til kyrkjer i Romsdal (leveringsåret i parentes): Rødven stavkyrkje (1846 – til Rødven kapell 1907), Røbekk (1898 – 2 klokker), Hustad (1901), Sølsnes (1907 – 2 klokker), Holm (1907 – 2 klokker), Otrøy (1905), Harøy (1934), Eid (1947), Molde domkirke (3 klokker (1947) og klokkespel med 26 klokker (1983)), Hen (1966), Romsdalsmuseets kapell (1981), Kleive (1984), Nord-Heggdal kapell (1984 – 2 klokker).

Christian Christensens støperi, Fuglsetneset ved Molde. I 1860-åra grunnla Lars Christensen ei smie på Fuglsetneset, heilt nede ved sjøkanten. Sonen Christian sette også i gang med støyper, som produserte kyrkjeklokker i bronse. Det skal ha blitt støypt i alt 16 kyrkjeklokker, dei fleste til kyrkjer i vårt distrikt. 14 av dei er lokaliserte og heng i desse kyrkjene (produksjonsåret i parentes): Aukra (1866), Vistdal (1869), Sira (1877 – 2 klokker), Nesset (1878 og 1880 – 2 klokker), Vågstrand (1870), Eide (1871 – 2 klokker), Ulstein (1872), Vestnes (1872), Sandøy (1882), Veøy (1885 – til Sekken kapell 1908) og Bud (1886) (Bolsønes, 1995).

Denne danske fregatten, med vel 70 kanonar, er ei votivgåve til Vågøy kyrkje frå ein som overlevde slaget på Københavns red i 1801. Skipet er frå ca. 1804 og heng no i Romsdalsmuseets kapell.
Foto: Johnny Bratseth/Romsdalsmuseet.

Kyrkjekskipet – for sikker seilas over livets hav

Kyrkjekskip finst det mange av i norske kyrkjer. Dei blei vanlege på 1600-talet og skikken kjem truleg frå Danmark, der han er svært utbreidd. I Europa finst det kyrkjekskip heilt attende til 1400-talet.

Særleg i kyrkjene langs kysten var kyrkjekskip eit vanleg syn. Ofte var skipa ei votivgåve (av latin *votiv* – «løfte») der givaren hadde gjeve Gud eit løfte etter å ha overlevd ein sjukdom, eit skipsforlis eller ein annan livstruande situasjon.

Skipet skulle ikkje berre vere til pynt, men var også eit symbol på kyrkjelyden og kyrkja på veg over livets hav mot sitt himmelske mål. Tolkninga kan ha gått heilt ned i detaljane: Styrmannen er Kristus, masta er korset, vinden er Den heilage ande, ankeret er vona osv. Etter tradisjon og symbolikk skal kyrkjekskipet vere eit seglskip og det skal helst henge slik at det peikar mot alteret. Skipet som symbol kan vere inspirert av forteljningane om Noas ark og om Jesus som stiller stormen (Søgaard, 2021; Gjendem O., 2007).

I Romsdal er det bevart relativt få gamle kyrkjekskip. Eit døme på ei votivgåve er det gamle skipet frå Vågøy kyrkje som no heng i Romsdalsmuseets kapell. Det blei laga og gjeve i takksemnd av ein som overlevde slaget på Københavns red i 1801.

Eit anna, eldre kyrkjekskip frå Vågøy blei seld til museet i Trondheim tidleg på 1800-talet. Andre eldre skip finn vi i Molde domkyrkje (1661), Sandøy kyrkje (1554?) og Rødven stavkyrkje (1600-talet). Romsdalsmuseets kapell har også eit eldre skip frå Hustad kyrkje.

Aukra kyrkje har eit skip frå 1838. Elles finn ein skip av nyare dato i følgjande kyrkjer: Vågøy (1912), Kleive (1958), Eid (1963), Otrøy (1965), Hen (kring 1980), Bud (1982), Tresfjord (1990), Vestnes (1994), Harøy (1994), Nord-Heggdal (2000) og Fiksdal (2003).



Tabellar

Kjende kyrkjer og kapell i Romsdal

Kategoriar av vigsla bygg

Gudstenestebygga i Den norske kyrkja har ulik status. Tidlegare var det tre kategoriar: Soknekyrkje, kapell og bygning vigsla til kyrkjeleg bruk. Ved kyrkjelova av 1996 blei dei to første kategoriane likestilte ved at kyrkje i lova sin forstand blei definert som «soknekirke eller kapell som er godkjent av Kongen eller departementet, eller som er kirke fra gammelt av» (§ 17). Dei tidlegare distriktskapella fekk dermed status på line med soknekyrkjene, og kunne også kallast kyrkjer. Kyrkjene er sokna sin eigedom dersom ikkje anna følgjer av særskild rettsgrunnlag. Dei fell da inn under kyrkjeleg fellestråd sitt ansvarsområde og den kommunale finansieringsplikta. Ein tilsvarende regel er teken inn i den nye kyrkjeordninga som gjeld frå 1.1.2021. Om lag 1630 norske kyrkjebygg fell inn under denne definisjonen.

Bygningar vigsla til kyrkjeleg bruk er ein annan kategori vigsla bygg. Tidlegare var det Kyrkjedepartementet som handsama søknadar om vigsling, men i 1975 blei dette ansvaret overført til biskopane. Desse bygningane er godkjende for bruk til gudstenester og kyrkjelege handlingar, men kan i tillegg ha andre bruksformål som bedehus, kyrkjelydshus og kapell. Dei kan vere eigd av foreiningar, stiftingar, kyrkjelydar eller private. I Romsdal er det åtte slike bygningar: Søre Midøy kapell, Romsdalsmuseets kapell, Nordbyen kyrkje, Åkerlehaugen kapell Bjørnsund bedehuskapell, Gaustad kapell, Innfjorden bedehuskapell og Togkapellet på Åndalsnes.

I tillegg finst det fleire mindre kapell (gravkapell, sjukehuskapell) som også kan vere vigsla, men som har eit meir avgrensa formål.

Vernestatus for kyrkjene

Om lag 60 prosent av kyrkjebygga i landet er verna, enten i form av freding etter Kulturminnelova eller listeføring etter Kyrkjerundskrivet Q-06/2020 og Kirkebyggforskriften av 18.12.2020. Følgjande vernekategoriar gjeld:

Freding på grunn av alder: Alle ståande kyrkje eldre enn 1650 er automatisk freda med heimel i Kulturminnelovas § 4. Alle søknadar om

endring går til biskopen for uttale, men avgjerast av Riksantikvaren. I Romsdal gjeld dette Veøy gamle kyrkje og Rødven stavkyrkje.

Freding ved einskildvedtak: Særleg verneverdige kyrkjer kan fredast ved einskildvedtak med heimel i Kulturminnelovas § 15. Her gjeld same sakshandsamingsreglar som ovanfor. I Romsdal er Molde domkyrkje freda (i 2006) som eit kulturminne av nasjonal verdi.

Automatisk listeførte kyrkjer: Alle kyrkjer bygde i perioden 1650–1850 reknast som kulturhistorisk verdifulle og er automatisk listeførte av Riksantikvaren med heimel i Kirkebyggforskriften. Søknadar om endring av desse kyrkjene går til Riksantikvaren for rådgjeving, men avgjerast av biskopen. I Romsdal gjeld dette kyrkjene Bud, Aukra, Sandøy, Grytten, Hen, Eid, Kors og Tresfjord.

Andre listeførte kyrkjer: Riksantikvaren har også listeført eit utval av kulturhistorisk verdifulle kyrkjer nyare enn 1850 med heimel i Kirkebyggforskriften. Her gjeld same sakshandsamingsreglar som ovanfor. I Romsdal gjeld dette kyrkjene Kleive, Røvik, Veøy (Sølsnes), Sira, Vågøy, Harøy, Voll, Rødven, Vestnes og Fiksdal.

Andre kyrkjer: Søknadar om endring av kyrkjer som ikkje er freda eller listeført, avgjerast av biskopen.

Tiltak som krev godkjenning etter plan- og bygningslova (pbl) må i tillegg godkjennast av kommunen. Kommunen har da ein spesiell plikt til å vareta historiske, arkitektoniske og andre kulturelle verdiar som knyter seg til byggverkets ytre (pbl § 31-1). Kommunen kan dessutan verne kulturminne og kulturmiljø gjennom reguleringsplan, men denne heimelen er i liten grad brukt når det gjeld kyrkjer.

Tabell over kyrkjer, kapell og andre vigsla bygningar i Romsdal

Tabellen viser alle kjende kyrkjer og kapell som har vore bygde i Romsdal gjennom tidene. Tabellen omfattar kyrkjebygg som det har vore mogeleg å finne nokolunde sikre opplysningar om i følgjande kjeldemateriale:

- Diplomatarium Norvegicum (DN). Rettskraftige dokumenter fra middelalderen.
- Erkebiskop Aslak Bolt (1432), *Jordebog* (over domkirkegodset i Nidaros) (AB)
- *Trondhjems Stifts Reformats* (1589) (beskrivelse av kirkelige forhold i Nidaros) (TR)
- Lorentz Dietrichson (1892), *De norske stavkirker* (LD)
- Riksantikvarens kirkeregister (RA)
- Askeladden (RA)
- Kirkekonsulentens kirkeregister (KK)
- KAs kirkebygdatabase (KA) inkl. Stein Johannes Kolnes' orgeldatabase
- *Kyrkjene i Møre* (2000) (CD med foto og info)
- M. I. Mørk (2003), *Før tårnene faller*
- Alf H. Rasmussen (1993), *Våre kirker – Norsk kirkeleksikon*
- Oddbjørn Sørmoen (red.) *Kirker i Norge bd. 1–6*

Kommune og kyrkje	Byggeår	Merknader om byggeår	Riveår	Merknader om riveår	Andre merknadar	Plan-form	Konstr.
Aukra kommune							
Nord-Aukra 1	Før 1432	Nemnd i AB	1709	Brann pga. lynnedslag	Ombygd 1648/1663	Halv-kors	Stav/ laft
Nord-Aukra 2	1712		1772	Brann pga. lynnedslag		Kors	Laft
Nord-Aukra 3	1774		1834	Brann pga. lynnedslag		Kors	Laft
Nord-Aukra 4	1835			Ståande		Åttekant	Laft
Tidl. Fræna kommune							
Vågøy 1 (1a og 1b?)	1336	Nemnd i DN	Ca. 1669	Riven	"Gammel og dårlig"		Stav
Vågøy 2	1669	RA: 1669. KK: 1670	1900	Brann		Kors	Laft
Vågøy 3	1904			Ståande		Lang	Laft
Hustad 1	Før 1500	KK: Middelalder	1718	Brann ned nyårsdag	Soknet nemnt først i DN 1539	Kors 1661	Stav
Hustad 2	1738		Ca. 1876	Riven		Kors	Laft
Hustad 3	1874			Ståande		Lang	Laft
Myrbostad	1880			Ståande		Lang	Laft
Bud 1	Før 1589	Nemnd i TR	1709	Brann, truleg pga. lyn	KK oppgir 1715		Stav
Bud 2	1717			Ståande		Kors	Laft
Nordre Bjørnsund kapell *	1907			Ståande	Bedehuskapell	Lang	???
Eide				Ståande		Lang	Laft
Gaustad*				Ståande		Lang	Mur
Tidl. Midsund kommune							
Otrøy	1878			Ståande		Lang	Laft
Nord-Heggdal	1974			Ståande		Rektangel	Limtre
Tidl. Molde kommune							
Korskyrkja (på Veøya)	11–1200-t?	Nemnd i eit diplom frå 1343	Ukjent	Truleg borte før 1439	Utgraven 1990-t. Vigd til Det heilage «kors»	Lang?	Stav
Stavkyrkje (på Veøya)	Ukjent		Ukjent	Truleg borte før 1439	Utgravd 1990-talet	Lang?	Stav
Veøy 1 (på Veøya)	Ca. 1050	Datering ifølgje KK	Ca. 1150	Forløpar for steinkyrkja?	Ikke dokumentert	Lang?	Stav

Kommune og kyrkje	Byggeår	Merknadar om byggeår	Riveår	Merknadar om riveår	Andre merknadar	Plan-form	Konstr.
Veøy 2 (Peterskyrkja på Veøya)	1140–1200	Stilhistorisk datering		Ståande	Vigd til St. Peter. Eigd av Molde kommune	Lang	Stein
Veøy 3 (på Søl-snes)	1907			Ståande		Lang/ Basilika	Laft
Bolsøy 1 (på Bolsøya)	Før 1432	Nemnd i AB	Ca. 1727	Riven	Tilbygd kors-armor i tømmer ca. 1660		Stav
Bolsøy 2 (på Bolsøya)	1727		1907	Riven		Kors	Laft
Bolsøy 3 (på Røbekk)	1898			Ståande		Kors	Reis- verk
Røvik	1905			Ståande		Kors	Reis- verk?
Sekken	1908			Ståande		Lang	Laft
Molde 1	1662		1885	Brann 17.mai	Nedteken og sett opp att 1840–41	Kors	Laft
Molde 2	1887		1940	Bomba 29.april		Lang	Bind- verk
Molde 3	1957			Ståande		Lang/ Basilika	Betong
Kleive 1	Før 1589	Nemnd i TR	1697	Riveår ifølgje KK	Sist nemnd i innberetning 1661		Stav
Kleive 2	1697		1857	Riven		Kors	Laft
Kleive 3	1858			Ståande		Åttekant	Laft
Nordbyen kirke *	1995	Vigsla 2006		Ståande	Bydelskyrkje	Vifte	Bind.v./ tegl
Bergmo (små) kirke *	1981		2017	Nedlagd	Bydelskyrkje	Rektangel	Bind- verk
Romsdals-museets kapell *	1952			Ståande	Eigd av Romsdals-museet	Lang	Laft
Åkerlehaugen kapell *	1996			Ståande	Eigd av stiftinga Åkerlehaugen	Rektangel	Leca
Reknes Pleiestiftelse	1716		1862	Riven	Midtrom i hospitalet		
Reknes Sanatorium	1865		1930	Brukt fram til 1930	Fløy i den nye pleiestiftelsen		Laft
Tidl. Nesset kommune							
Sira 1 (Erichsfjord)	Før 1362	Nemnd i diplom 1362 og TR	1708	Riven LD angir ca. 1709			Stav
Sira 2	1710	LD: 1710 1708? 1709?	1868	Riven		Kors	Laft
Sira 3	1869			Ståande		Åttekant	Laft
Eikesdal	1866			Ståande		Lang	Laft

Kommune og kyrkje	Byggeår	Merknadar om byggeår	Riveår	Merknadar om riveår	Andre merknadar	Plan-form	Konstr.
Vistdal 1 (på Nerland)	Før 1432	Kanskje nemnd i AB	1668	Riven			Stav
Vistdal 2 (på Myklebostad)	1668	Byggestart 1663	1869	Riven		Kors	Laft
Vistdal 3 (på Myklebostad)	1869			Ståande		Lang	Laft
Neset 1 (på Rød)	1490	Nemnd i DN	1885	Riven	Forfallen og delvis ute av bruk	Lang	Stav
Neset 2 (i Eidsvåg)	1878			Ståande		Lang/ Basilika	Laft
Rauma kommune							
Kors 1 (på Flatmark)	1498		1670	Riven	Vigd til "Det hellige kors"	Lang	Stav
Kors 2 (på Flatmark)	1670	Bygd i 1660-70-åra	1797			Lang	Laft
Kors 3 (på Flatmark)	1797		1902	Riven og flytta til Ytre Monge		Kors	Laft
Kors 4 (på Ytre Monge)	1902	Flytta frå Flatmark		Ståande	Restauret 1964	Kors	Laft
Eid 1	Før 1589	Nemnd i TR	1797	Ombygd til Eid 2			Stav
Eid 2	1797		1872	Ombygd til Eid 3	Ombygd 1872 og 1874	Lang	Laft
Eid 3	1874	Eid 2 ombygd		Ståande		Lang	Laft
Voll 1	Før 1500	RA: Middelalder	Ca. 1674	Riven	Ikkje nemnd hos LD		Stav
Voll 2	Ca. 1674		1895	Riven		Kors	Laft
Voll 3	1896			Ståande		Lang	Laft
Grytten 1 (på Grytten)	1364	Nemnd i DN	1729	Fall ned			Stav
Grytten 2 (på Grytten)	1732		1828	Oppgjeven pga. sandflukt. Riven		Kors	Laft
Grytten 3 (på Setnes)	1829			Ståande		Åttekant	Laft
Rødven 1	Ca. 1100		Ca. 1300			Lang	Stav
Rødven 2	Ca. 1300			Ståande	Eigd av Fortidsminneforeningen	Lang	Stav
Rødven 3	1907			Ståande		Lang/ Basilika	Laft
Holm	1907			Ståande	Bygd ved nedlegging av Veøy 2	Lang/ Basilika	Laft
Øverdalen	1902			Ståande		Lang	Laft
Hen 1 (Andreaskyrkja)	Før 1589	Nemnd i TR	1836	Riven	Kraft: "En elendig stavbygning"		Stav
Hen 2	1835			Ståande	Innvigd 1835	Lang	Stein

Kommune og kyrkje	Byggeår	Merknader om byggeår	Riveår	Merknader om riveår	Andre merknadar	Plan-form	Konstr.
Innfjorden 1 *	1906		Ca. 1976	Riven	Bedehuska- pell		Tre
Innfjorden 2 *	1976			Ståande	Eigd av Innfjorden bedehus- forening	Lang	Betong/ tegl?
Togkapellet*	2003			Ståande		Rektangel	Stål
Tidl. Sandøy kommune							
Harøy 1 (på Harnes)	Før 1500	RA: Middel- alder	1810	Datering ifølgje KK	Ikkje nemnd hos LD		Stav?
Harøy 2 (på Brunvoll)	1934		2001	Ståande		Lang	Bind- ingsv.?
Sandøy 1	Før 1500	RA: Middel- alder	1708	Riven	Ikkje nemnd hos LD		Stav
Ona/ Sandøy 2	1708	Middelald. krk. frå Ona	1812	Riven	Ikkje nemnd hos LD		Stav
Sandøy 3	1812			Ståande		Åttekant	Laft
Ona	Før 1500	RA: Middel- alder	1708	Flytta; blei Sandøy 2	Ikkje nemnd hos LD eller KK		Stav
Vestnes kommune							
Vike	1970			Ståande		Lang	Betong
Vestnes 1	Før 1589	Nemnd i TR. RA: Frå mid- delalderen	1682	Riven			Stav
Vestnes 2	1682		1873	Riven		Kors	Laft
Vestnes 3	1872			Ståande		Lang	Laft
Tresfjord 1	Før 1589	Nemnd i TR. RA: Frå mid- delalderen	Ca. 1690	Truleg riven			Stav
Tresfjord 2	1690		Ca. 1828	Truleg riven		Kors	Laft
Tresfjord 3	1828			Ståande		Åttekant	Laft
Fiksdal	1866			Ståande		Lang	Laft
Vågstranda	1870			Ståande		Lang	Laft


* Objekt merka med stjerne er ikkje kyrkjer etter kyrkjeordninga, men bygningar vigsla til kyrkjeleg bruk. Det betyr at dei er godkjente til bruk for gudstenester og kyrkjelege handlingar, men kan også nyttast til andre formål etter eigaren sine behov og ønskje.

Folketalsutviklinga i prestegjeld og sokn 1769–2001

Sokn og prestegjeld	Folketal 1769	Folketal 1801	Folketal 1855	Folketal 1900	Folketal 1950	Folketal 2001
Molde sokn/ prestegjeld	707	803	1 454	1 689	4 167	11 249
Bolsøy	759	892	1 503	1 623	4 956	8 355
Røvik (1896)	-	-	-	484	615	730
Kleive	625	727	1 229	1 462	1 925	2 639
Veøy	870	1 079	1 701	1 416	820	719
Sekken (1997)	-	-	-	-	-	165
Sum Bolsøy prestegjeld	2 254	2 698	4 433	4 985	8 316	12 608
Aukra	867	1 537	1 728	1 677	2 445	3 034
Midsund (1877)	-	-	-	807	1 881	1 954
Sandøy (1867)	312	-	539	950	1 676	1 309
Sum Aukra prestegjeld	1 179	1 537	2 267	3 434	6 002	6 297
Ytre Fræna (Vågøy)	925	1 183	1 820	1 505	1 794	1 977
Indre Fræna (1880)	-	-	-	1 300	1 461	3 766
Sum Fræna prestegjeld	925	1 183	1 820	2 805	3 255	5 743
Bud	396	816	530	1 101	1 552	1 445
Hustad	514	133	957	1 702	2 209	1 752
Sum Bud prestegjeld	910	949	1 487	2 803	3 761	3 197
Nesset	587	755	1 315	1 700	2 136	2 429
Vistdal	313	380	612	785	547	300
Eresfjord	607	746	1 091	1 063	974	438
Eikesdal (1997)	-	-	-	-	-	82
Sum Nesset prestegjeld	1 507	1 881	3 018	3 548	3 657	3 249
Grytten	474	603	998	1 067	2 722	2 712
Hen	402	498	993	1 128	1 621	1 811
Eid	260	305	455	549	468	313
Holm (1906)	-	-	-	-	1 012	662
Rødven (i Holm frå 1906)	307	374	544	543	-	-
Voll	556	645	924	1 014	1 087	1 199
Vågstranda (1869)	-	-	-	486	570	466
Kors	282	352	745	661	642	99
Øverdalen (1997)	-	-	-	-	-	126
Sum Grytten prestegjeld	2 281	2 777	4 659	5 448	8 122	7 388
Vestnes	669	709	1 425	1 870	2 833	4 200

Sokn og prestegjeld	Folketal 1769	Folketal 1801	Folketal 1855	Folketal 1900	Folketal 1950	Folketal 2001
Vike (1997)	-	-	-	-	-	393
Fiksdal (1859)	-	-	-	634	752	579
Tresfjord	570	750	1 128	1 345	1 320	1 271
Sum Vestnes prestegjeld	1 239	1 459	2 553	3 849	4 905	6 443
Sum Romsdal	11 002	13 287	21 691	28 561	42 185	56 174

Tabellen viser utviklinga i folketalet for sokn og prestegjeld i Romsdal i perioden 1769–2001. Tabellen er sett opp etter sokne- og prestegjeldsdelinga i år 2000. Tal i parentes bak sokna viser året dei blei oppretta. Sokn utan årstal eksisterte allereie i 1769, men kan ha blitt delte eller ha fått nye grenser i perioden. Folketala er derfor ikkje alltid samanliknbare frå eit år til det neste. For dei nærare detaljane kring dette viser ein til teksten framme i boka. Der er det også ein tabell som viser prestegjelda og sokna med tilhøyrande folketal i 1815. Kjelde: SSBs folke- og boligtellingar i 1769, 1801, 1855, 1900, 1950 og 2001.



Folketalsutviklinga for prestegjelda i Romsdal i perioden 1769-2001 etter prestegjeldsgrensene i 2001. Kjelde: SSB.

Soknestatistikk for 2017

Tabellen viser sokna i Romsdal med tilhøyrande folketal og soknestatistikk for 2017. Soknestatistikken viser talet på medlemmar og tilhøyrige i Den norske kyrkja, tal kyrkjelege handlingar og kyrkjer og kapell i soknet.

Sokn	Folke- tal 2017	Medlem- mar og tilhøyrige til Dnk	Gudste- nester søn- og helge- dagar	Døypte	Konfirmer- te	Vigs- lar	Grav- ferder	Kyrkjer i soknet
Molde	12 525	9 251	95	64	84	27	12	Molde dom- kirke
Bolsøy	10 305	8 274	64	61	52	18	70	Røbekk Nordbyen *
Kleive	2 017	1 631	27	13	18	1	19	Kleive
Røvik og Veøy	1 846	1 521	32	13	20	0	14	Røvik, Veøy på Sølsnes, Veøy gamle, Veøya
Sekken	161	143	9	3	3	1	0	Sekken
Midsund	2 045	1 642	45	13	22	5	15	Otrøy Nord-Hegg- dal
Neset	2 232	1 961	18	14	25	3	21	Neset
Eresfjord	392	358	12	3	3	2	5	Eresfjord
Vistdal	237	220	10	5	3	0	3	Vistdal
Eikesdal	80	79	7	3	3	1	0	Eikesdal
Vågøy og Myrbostad	6 707	5 584	70	59	108	9	49	Vågøy Myrbostad Bjørnsund *
Bud	1 386	1 168	31	17	20	6	17	Bud
Hustad	1 660	1 405	28	19	16	4	19	Hustad
Aukra	3 550	2 720	40	22	23	4	26	Aukra
Sandøy	1 262	1 016	33	5	13	1	18	Sandøy Harøy
Grytten	2 965	2 387	21	21	24	1	23	Grytten
Hen	1 795	1 534	18	22	27	0	24	Hen
Voll	1 151	990	22	11	7	1	13	Voll Innfjorden *
Eid og Holm	989	880	28	11	18	4	11	Eid Rødven Rødven stav- kyrkje Holm
Kors	82	69	8	3	3	1	0	Kors
Øverdalen	74	64	7	3	0	0	3	Øverdalen
Vestnes	4 469	3 700	36	26	59	5	41	Vestnes
Tresfjord	1 132	950	17	18	7	6	9	Tresfjord
Fiksdal	545	463	17	6	0	1	5	Fiksdal
Vike	372	334	16	3	3	1	6	Vike
Vågstranda	442	393	10	6	6	0	3	Vågstranda
Sum	60 421	48 737	721	444	567	102	426	

* Objekt merka med stjerne er ikkje kyrkjer etter kyrkjelova, men bygningar/kapell vigsla til kyrkjeleg bruk. Talet for kyrkjelege handlingar i kvart sokn fordeler seg på kyrkjer, kapell og eventuelt andre gudstenestestader i soknet. Soknestatistikken viser ikkje aktiviteten i den einskilde kyrkja.

Kjelde: Kirkedatabasen til Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste (NSD), Bergen, <http://kirkeedata.nsd.uib.no/webview/>

Litteraturliste

Forkortingar:

RMÅ = Romsdalsmuseets årbok (årgangar eldre enn 1 år frå 1935 til dd. på <https://www.romsdalsmuseet.no/no/kunnskap/kunnskap-1/arboker>)

RSÅ = Romsdal sogelags årsskrift (årgangar eldre enn 2 år frå 1935 til dd. på <https://www.romsdal-sogelag.no/arsskrift>)

Abrahamsen, O. A. (1992). *Molde Bys Historie bd. III*. Molde kommune og Dahl Libris.

Abrahamsen, O. A. (1994). *Molde Bys Historie bd. IV*. Molde kommune og Dahl Libris.

Angvik, M. (1978). Gravplassar og bærehus. I *Neset kyrkje 100 år 1878–1978*. Neset sokneråd.

Angvik, M. (1978). Reising av ny kyrkje. Endringar i og omkring kyrkja. I *Neset kyrkje 100 år 1878–1978*. Neset sokneråd.

Anker, L. og Havran, J. (2002). *Kirker i Norge, bd. 4: Middeltalder i tre - Stavkirker*. Oslo: ARFO forlag.

Arkivverket. (2017). Historikk for prestegjeld og sokn. Henta frå <https://www.arkivverket.no/slektsgranskning/historikk-for-prestegjeld-og-sogn?q=prestegjeld>

Aure, H. M. (2004). Byggmeisteren og arkitekten Ole Havnes. I *Vågøy kyrkje 100 år*. Vågøy sokneråd.

Austigard, B. (1978). I *Neset kyrkje 100 år 1878–1978*. Neset sokneråd.

Austigard, B. (1978). Stavkyrkja på Rød. Strid om plassering av ny kyrkjegard og kyrkje. I *Neset kyrkje 100 år 1878–1978*. Neset sokneråd.

Austigard, B. og Parelius, N. (1984). *Møre og Romsdal i manns minne. Daglegliv ved hundreårsskiftet*. Oslo: Samlaget.

Austigard, B. (1991). Frå lokale planar til kongeleg godkjenning. I *Eikesdal kapell 125 år 1866–1991*. Eikesdal sokneråd.

Austigard, B. (1994). Gamlekyrkjene i Vistdalen. I *Vistdal kyrkje 125 år 1869–1994*. Vistdal sokneråd.

Austigard, B. (2006). Kyrkjene på Hen – det tradisjonelle og det spesielle. I *Hen kirke 1831–2006 175 år*. Hen menighetsråd.

Austigard, B. (2007). Biletskjerar Anthon Røvik. I *Jubileumsbok for Holm, Rødven og Veøy kyrkjer 1907–2007*. Jubileumsboknemnda for

Holm, Rødven og Veøy.

Austigard, B. (2008). Kyrkjestad, kyrkjer og arkitektur. I *Kleive kirke 150 år 1858–2008*. Kleive menighetsråd.

Austigard, B. (2008). Vedlikehald og ombygging på Veøykyrkja 1646–1722. I *RMÅ 2008*.

Austigard, B. (2012). Ingrid Ødegaard frå Slettfjerding (1848–1936). Omkring eit intervju på 75-årsdagen. I *RSÅ 2012*.

Austigard, B. (2015). Røter. Molde: Romsdal sogelag.

Austigard, B. (2020). *Sett og samla. Smått og stort frå romsdalsk kulturhistorie*. Molde: Romsdal sogelag.

Austigard, B. og Vik, M. (2016). Døde og gravlagde i Innfjorden 1851–1958. Knut L. Viik si private kyrkjegardsbok. I *RSÅ 2016*.

Austigard, B. og Øverås, H. (1994). Tida før 1869 og Tida frå 1869 til 1994. I *Sira Kyrkje 125 år 1869–1994. Eit festskrift*. Eresfjord sokneråd.

Beite, Ø. (2015). Ulukka med gravferdsbåten frå Magerøya, 5. februar 1868. I *RSÅ 2015*.

Berg, E. og Rottem, J. (1958). *Kyrkjene på Kleive frå 1646 til 1958*. Kleive sokneråd.

Berg, I. (2008). Kyrkjehuset i 150 år. I *Kleive kirke 150 år 1858–2008*. Kleive menighetsråd.

Berg, S. (1992). *Moldes tre eldste kirker – og litt til*. Molde: Romsdal Fellesbank A/S.

Berge, Ø. (2008). Då lyset kom til Kleive. I *Kleive kirke 150 år 1858–2008*. Kleive menighetsråd.

Bersås, P. (2002). *Kors kirke 100 årsjubileum 6. oktober 2002*. Kors menighetsråd.

Bertelsen, D. (2016). *Kirker i glemselens slør. Søkelys på det norske kirkelandskapet i middelalderen*. Trondheim: Eget forlag.

Bolsønes, S. (1995). Fuglset. I *RSÅ 1995*.

Brekke, D. (2020). Alterduker i Røbekk kirke – brukskunst av folket. I *RSÅ 2020*.

Brendalsmo, J. (2008). Kirkene i Romsdal i middelalderen. I *RMÅ 2008*.

Brodahl, J. E. (1944). Vestnes kirke. I *RMÅ 1941–44*.

Brovold, I. (1901). *Topografisk-historisk Beskrivelse over Vestnæs Prestegjeld*. Molde: Romsdals Budstikke's Trykkeri.

Bruaset, O. (1998). *Fargerike romsdalingar*. Oslo: Samlaget.

Brude, S. (2004). Arbeidet for ny kirke. I *Grytten*

- kirke 175 år. Grytten menighetsråd.
- Brudeli, P. og Kylling, A. (2002). *Øverdalen kirke 1902–2002*. Øverdalen menighetsråd.
- Bud Sokneråd. (2017). *Bud kyrkje 300 år 1717–2017*. Bud Sokneråd.
- Christie, H. (1979). *Rødven stavkirke*. Fortidsminneforeningen, Romsdal avdeling.
- Christie, H. (1981). *Stavkirkene – Arkitektur. I Norges kunsthistorie, bd. 1. Fra Oseberg til Borgund*. Oslo: Gyldendal.
- Christie, H. (1991). Kirkebygging i Norge i 1600- og 1700-årene. I *Fortidsminneforeningens årbok 1991*.
- Dahl, B. (1892). *Molde og Romsdalen. En reisehåndbog*. Kristiania: Molde og Romsdals Turistforening.
- Dahle, E. (2008). *Kirker i Norge bd. 6. Modernismen 1900-tallet*. Oslo: ARFO forlag.
- Domaas, O. (1999). Kirkeklokkene i Vike kirke. I *RSÅ 1999*.
- Drågen, H. og Øygard, R. (2005). Myrbostad kyrkje. Maling av kyrkja innvendig på dugnad. I *Myrbostad kyrkje 125 år: 1880–2005*. Fræna kommune.
- Døssland, A. (1990). *Med lengt mot havet. Fylkeshistorie for Møre og Romsdal. Bd. I. 1675–1871*. Oslo: Samlaget.
- Eide menighetsråd. (1991). *Eide kirke 120 år 22/8 1871–22/8 1991*. Eide menighetsråd.
- Eidhamar, K. og Skeidsvoll, T. (1978). *Tresfjord kyrkje 1828–1978*.
- Ekroll, Ø. (2008). Gravsteinar og gravkjellarar i Veøy kyrkje – og nokre andre gamle gravminne. I *RMÅ 2008*.
- Eldal, J. C. (1998). *Historisme i tre. "Sveitserstil", byggeskikk-romantikk og nasjonal egenart i europeisk og norsk trearkitektur på 1800-tallet*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Eldal, J. C. og Havran, J. (2002). *Kirker i Norge, bd. 3. Med historiske forbilder. 1800-tallet*. Oslo: ARFO forlag.
- Ellingseter, P. B. (1997). Otto Theodor Krohg "Vestnespresten". I *Jubileumsskrift til 125-årsshøgtida for Vestnes kyrkje*. Vestnes sokneråd.
- Farstad, H. S. (2000). Korskirken 1738–1875 og Hustad kirke anno 1875. I *Hustad kirke 125 år 1875–2000*. Hustad menighetsråd.
- Fett, H. (1911). *Norges kirker i det 16de og 17de aarhundrede*. Kristiania : Alb. Cammermeyers forlag.
- Fett, H. (1917). *Norges malerkunst i middelalderen*. Kristiania: Alb. Cammermeyers forlag.
- Foss, K. (1927). Kors kirke. I *RSÅ 1927*.
- Friisvold, J. F. (1997). Eid kirke. I *Eit hus for Han og folket, Eid kyrkje 1797–1997*. Eid sokneråd.
- Gjendem, O. (2004). Vågøy kyrkjestad. I *Vågøy kyrkje 100 år 1904–2004. Jubileumsskrift 2004*. Vågøy sokneråd.
- Gjendem, O. (2007). *Under kirkespir. En byvandring i Moldes kirkehistorie*. Molde: Molde bymuseum.
- Gjendem, O. (2016). *St. Carolus. Fra sykehus og kloster til moderne kontorbygg*. Molde bymuseum.
- Groot, T. d. (2008). Noen spor etter middelalderens liturgiske praksis. I *RMÅ 2008*.
- Grüner, H. (1972). Kirkeregnskaper fra Romsdal 1646–1700. I *RMÅ 1972*.
- Hammerøy, A. (2017). Små glimt frå kyrkja i Bud gjennom 300 år. I *Bud kyrkje 300 år 1717–2017*. Bud Sokneråd.
- Hammerøy, L. og Hammerøy, A. (2007). "Til ein varde - eit seglmerke for folket". *Nordre Bjørnsund Bedehuskapell 100 år*. Stiftelsen Nordre Bjørnsund Bedehuskapell.
- Hamre, A.-M. (1983). Trondhjems Reformats 1589 og Oslo domkapitels jordebok 1595, *Norske kyrkjelege jordebøker etter reformasjonen, Bd. II*. Oslo: Norsk Historisk Kjeldeskrift-Institutt.
- Haraldsen, S. (2008). Jonas Lieds fond for Veøy gamle kirke. I *RMÅ 2008*.
- Hatle, K. (1972). *Jubileumsskrift til Vestnes kyrkjes 100-årsshøgtid 8. oktober 1972*. Vestnes sokneråd.
- Haugsgjerd, H. I., Farstad, H. H. og Vaagen, S. (1974). *Festskrift for Bud prestegjeld i anledning Hustad kirkes 100-års jubileum*. Fræna kommune.
- Heggem, A., Berild, A. og Berg, E. (1963). *Bolsøyboka IV, Tredje del, Bind II*. Molde: Bolsøyboknemnda.
- Hoem, M. (1980). Vågøy kyrkjestad. I *Frå ætt til ætt - Jubileumsskrift for Fræna prestegjeld til 100-årsjubileet for Myrbostad kyrkje*. Sokneråda i Indre og Ytre Fræna sokn.
- Håkonsson, H., Hagland, J. R. og Sandnes, J. (1994). *Frostatingslova*. Oslo: Samlaget.
- Innfjorden kapellkomite (1903–1906). *Møteprotokollar* (upubl.).
- Jakobsen, S. (2001). *Romsdalsmuseets samlinger – Veiledere*. Molde: Romsdalsmuseet.

- Julnes, J. (1985). Aukra kyrkjestad. I *Aukra kyrkje 150 år*. Aukra sokneråd.
- Juvkam, D. (1999). Historisk oversikt over endringer i kommune- og fylkesinndelingen. Oslo-Kongsvinger: Statistisk sentralbyrå. Henta frå: https://www.ssb.no/a/publikasjoner/pdf/rapp_9913/rapp_9913.pdf
- Jørgensen, J. G. (1997). *Aslak Bolts jordebok*. Oslo: Riksarkivet.
- Klungnes, E. (1997). Den eldste kyrkja i prestegjeldet. I *Eit hus for Han og folket, Eid kyrkje 1797–1997*. Eid sokneråd.
- Kolnes, S. J. (1987). *Norsk Orgelkultur*. Oslo: Samlaget.
- Kosberg, J. (2006). Restaureringer av Hen kirke. I *Hen kirke 1831–2006 175 år*. Hen sokneråd.
- Kragset, S. (2020). *Krig og hverdag. Jødebarna Tibor og Vera - og deres skjebne*. Oslo: Z-forlag AS.
- Kristvik, J. (2010). St. Carolus i Molde – katolske nonner i helsevesenet 1923 – 1990. *RMÅ 2010*.
- Kvalsnes, G. H. og Kvalsnes, J. (2004). Vandring på Vågøy kyrkjegard. I *Vågøy kyrkje 100 år 1904–2004*. Vågøy sokneråd.
- Kvennes, H. S. (2018). Seks malerier fra gamle Vestnes kirke. I *RMÅ 2018*
- Langnes, M. (2002). Sjøormtradisjonar frå Romsdal. I *RSÅ 2002*.
- Langnes, M. (2004). Rødven stavkyrkje. I *RMÅ 2004*.
- Langnes, M. (2007). Kyrkjer og sokn i Veøy prestegjeld. I *Jubileumsbok for Holm, Rødven og Veøy kyrkjer 1907–2007*. Jubileumsboknemnda for Holm, Rødven og Veøy.
- Langnes, M. (2008). Veøy kyrkje på 1700-, 1800- og 1900-talet. I *RMÅ 2008*.
- Langnes, M. (2015). Kommuneinndelinga i Romsdal – Eit administrasjonshistorisk oversyn frå 1837 til i dag. I *RMÅ 2015*.
- Langseth, P. E. (2004). Grytten kirke 1829–2004. I *Grytten kirke 175 år*. Grytten menighetsråd.
- Lassen, B. S. (1997). Noe om Landmineryddingen i Romsdalsområdet i 1945. I *RSÅ 1997*.
- Lien, F. (2010). Metodistkirken i Molde. I *RMÅ 2010*.
- Løvik, M. (2017). Domenico Erdmann og restaureringa av Tresfjord-kyrkja 1927–29. I *Vestnes sogelag Årsskrift 2017*.
- Malo, K. (1991). Presteskyssen som kollseglet på Rødvenfjorden i 1890. I *RMÅ 1991*.
- Malo, K. (2003). Kunstmaler Even Ulving og Romsdal. I *RSÅ 2003*.
- Misund, B. (1939). Sør-Aukra. I Olafsen-Holm, J. (red.), *Romsdals amt. Møre og Romsdal fylke under kommunalt folkestyre*. Møre og Romsdal fylkeskommune.
- Muri, S. (1971). *Norske kyrkjer*. Oslo: Samlaget.
- Müller, O. (2001). Kirkens historie i Norge fra den første misjonstid frem til 1200-tallet. Henta frå webside for den katolske kyrkja i Norge: www.katolsk.no/artikler/midleage.htm
- Myskja, K. (1987). *Bygdebok for Eid*. Åndalsnes: Rauma kulturstyre
- Møre og Romsdal fylkeskommune (2014). *Regional delplan for attraktive byar og tettstader. Molde*: Møre og Romsdal fylkeskommune.
- Mørk, M. I. (1998). Fra Røbekk kirkegårds historie. I *Røbekk kirke 1898–1998*. Bolsøy sokneråd.
- Mørk, M. I. (2003). *Før tårnene faller. Om forvaltning, drift, vedlikehold og utvikling (FDVU) av kirker med spesiell vekt på kirkene i Møre bispedømme*. Dr.ing.-avhandling 2003:7. Trondheim: NTNU, Inst. for bygg, anlegg og transport.
- Nakken, K. A., Bergheim, I. M. og Bergheim, P. I. (2016). *Fiksdal kyrkje 150 år 1866–2016*. Fiksdal sokneråd.
- Neergaard, R. (2008). *Kapell på skinner*. I Romsdals Budstikke 19.3.2008, s. 16-17.
- Neerland, E. (2005). *Røvik kirke 1905–2005*. Molde kommune. Røvik sokn.
- Nemnda for Kinsarvikjubileet (1990). *Kinsarvik-kunstnarane Lars Kinsarvik (1846–1925) Arne Kinsarvik (1890–1969)*. Møre og Romsdal fylkesgalleri.
- Nordhaug, M. (2008). *Alterdukane - gløynde kunstkattar?* Molde: Møre bispedømmeråd.
- Nordhaug, M. (2021). *Kirkerommets tekstiler 1861–2021*. Molde: Molde domkirkes menighet.
- NOU 1989:7 (1989). *Den lokale kirkes ordning*. Oslo: Kirke- og undervisningsdepartementet.
- NOU 1992:15 (1992). Kommune- og fylkesinndelingen i et Norge i forandring. Oslo : Kommunaldepartementet. Henta frå https://www.nb.no/items/URN:NBN:no-nb_digibok_2007102500009
- NOU 2006:2 (2006). *Staten og Den norske kirke*. Oslo: Kultur- og kirke departementet.
- Olafsen, O. (1926). *Veøy i fortid og nutid, bind I*. Veøy kommune.

- Olafsen-Holm, J. (1939). *Bolsøyboka, bd. I*. Molde: Bolsøyboknemnda.
- Olstad, T. (2008). Konservatorene kommer! Restaureringsarbeidene i Veøy kirke på 1900-tallet. I *RMÅ 2008*.
- Opstad, K. (1983). *Bygdeboka I. Aukra, Midsund og Sandøy*. Elnesvågen: Møre Forlag.
- Oterholm, O. (1979). Kyrkje og kristenliv. I *Bygdabok for Voll, bd. I, Næringsgrunnlag og samfunnsvokster*. Bygdeboknemnda.
- Pedersen, O. (1980). Vågøy kyrkje og folket på Bjørnsund. I *Frå ætt - til ætt*. Sokneråda i Indre og Ytre Fræna sokn.
- Prop. 130 L (2018–2019). *Lov om tros- og livssyn (trossamfunnsloven)*. Oslo: Barne- og familiedepartementet.
- Raknes, J. (1978). *Otrøy kyrkje 100 års attersyn 1878–1978*. Midsund sokneråd.
- Riksantikvaren. (2016). *Rødven stavkyrkje - Dokumentasjon av stavkyrkjeprogrammet*. Oslo: Riksantikvaren.
- Rishton, T. (1996). Orgelet. I *Voll kyrkje 1896–1996*. Voll Sokneråd.
- Rogne, M. (1927/1958). *Grytten prestegjelds kallsbok*. Åndalsnes: Aandalsnes avis.
- Sande, B. (2000). Kvam kapell og gravplass. I *RSÅ 2000*.
- Sandøy, I., Sandøy, I. og Coates, E. M. L. (2012). Sandøy kyrkje 200 år i 2012. I *Sandøy kyrkje 200 år*. Sandøy: Sandøy sokneråd.
- Sandøy, H. (1974). Utviklinga i busetnad og næringsliv i ytre Romsdal (Vågøy åtting) på 1500–1600-talet. I *RSÅ 1974*.
- Schnitler, H. P. (1789/1974). *Beskrivelse over Romsdals Fogderie 1768 og 1789*. Molde: Romsdal sogelag.
- Schønning, G. (1778). *Reise som gjennom en Deel af Norge i de Aar 1773, 1774 1775 som paa Hans Majestæt Kongens Bekostning er gjort og beskrevet*. Trondhjem: Det Kgl. Videnskabers Selskab.
- Sefland, M. (1984). “Frå draum til røyndom”. Planlegging og bygging av Harøy kyrkje. I *Harøy kyrkje 50 år 1934–1984*. Sandøy sokneråd.
- Sembsmoen, O. (2020). Sjømannsprest Gunnar Olsens emmisærreise i Romsdal 1876. I *RSÅ 2020*.
- Skjægstad, L. (1987). Lidt om hjembygden, slegten og mig selv. Minner fra Veøy og Tresfjorden. I *RSÅ 1987*.
- Skjægstad, L. (1988). Lars Skjægstad “Optegnelser” del II. Fra gjeterliv i Tresfjorden til skolestua i hovedstaden. I *RSÅ 1988*.
- Skomsø, P. A. (2007). Dei første kyrkjene i Rødven. I *Jubileumsbok for Holm, Rødven og Veøy kyrkjer 1907–2007*. Jubileumsboknemnda for Holm, Rødven og Veøy.
- Skomsø, P. A. (2007). Presteskyssen som kollsegla på Rødvenfjorden. I *Jubileumsbok for Holm, Rødven og Veøy kyrkjer 1907–2007*. Jubileumsboknemnda for Holm, Rødven og Veøy.
- Skuseth, J., og Bø, J. (1997). *Jubileumsskrift til 125-årshøgtida for Vestnes kyrkje*. Vestnes sokneråd.
- Snorre (1979). *Noregs kongesoger 1*. Oslo: Samlaget.
- Sokeråda i Indre og Ytre Fræna sokn (1980). *Frå ætt til ætt. Jubileumsskrift for Fræna prestegjeld til 100-års-jubileet for Myrbostad kyrkje*.
- Solemdal, P. (1953). Kapellet. I *RMÅ 1949–1953*.
- Solemdal, P. (1958). *Moldes 3 kirker*. Molde: Molde menighetsråd.
- Solholm, O. I. (1988). Veg rundt Otrøya. I *Lokalhistorie frå Midsund II*. Midsund soge- emnd.
- Solli, B. (2008). Kirke- og kjøpstedet på Veøya i middelalderen - Et arkeologisk utsyn. I *RMÅ 2008*.
- Stige, M. (2008). Veøykirken - Middelalderens bygningshistorie. I *RMÅ 2008*.
- Storsletten, O. (1993). *En arv i tre. De norske stavkirkene*. Oslo: Aschehoug.
- Strand, R. K. (2009). Matrikkelen av 1723. Henta frå Romsdal sogelag: https://www.romsdal-sogelag.no/uploads/kjeldeskrift/Matrikkelen_av_1723_register.pdf
- Strand, R. K. (2011) *Busetnadssoge for Sandøy, band 2, Røssholmen, Ona, Husøya*. Sandøy Gards- og ættesoge.
- Sundnes, R. (1948). *Kvernes prestegjeld i gammel og ny tid*. Eget forlag.
- Sylthe, C. A. (1985). Vågøy kirkes arkitektur. I *Vågøy - kyrkjestad i 650 år*. Vågøy sokneråd.
- Sylthe, C. A. (2007). Om arkitekturen i Holm, Veøy nye og Rødven kirker. I *Jubileumsbok for Holm, Rødven og Veøy kyrkjer 1907–2007*. Jubileumsboknemnda for Holm, Rødven og Veøy.
- Sæbø, A. (1970). Gamlekyrkja på Voll. I *RSÅ 1970*.
- Sæbø, I. (2012). Ettermæle. Frå bygginga av Rød-

- ven kyrkje. I *RSÅ 2012*.
- Sæther, A. E. (2001). *Kirken som bygg og bilde. Rom og liturgi ved et tusenårsskifte*. Asker : Sæthers forlag.
- Sættem, K. (2020). De første turistbåter i Molde - pluss noe til. I *RSÅ 2020*.
- Sæverud, D. H. (2008). Veøy kirke - 1600-tallets inventar. I *RMÅ 2008*.
- Søgaard, P. E. (2021). Kirkeskip. Hentet fra Norske Kirkefotografers Forening 25.1.2021 på <https://m.facebook.com/groups/146368217473/permalink/10159398758492474/?sfnsn=mo>
- Sørmoen, O. (2001). *Kirker i Norge, bind 2: 1700-tallet. Skjønnhetens århundre*. Oslo: ARFO forlag.
- Søvik, E. (1984). Orgelet i Voll kyrkje. I *RSÅ 1984*.
- Talberg, G. (1971). Vågstranda kyrkje 100 år. I *Åndalsnes Avis* 02.10.1971.
- Talberg, G. (2020). *Vågstranda kyrkje 150 år 1870–2020*. Vågstranda sokneråd.
- Thesen, G. (1861). *Beskrivelse af Romsdals Amt*. Christiania: B. M. Bentzens bogtrykkeri.
- Thingvold, T. (2008). Veøy prestegård. I *RMÅ 2008*.
- Toven, M. (2003). *Neset kirke 125 år 1878–2003*. Neset menighetsråd.
- Valle, S. og Aure, H. (2004). Katedral og konsertkyrkje: Glimt frå kyrkja si historie. I *Vågøy kyrkje 100 år 1904–2004*. Vågøy sokneråd.
- Vatten, I. Å. (1976). *Ola Kunst, om kjerkemålar- en, konservator Ola Seter*. Trondheim: Rune forlag.
- Vedeler, M. (2008). Paramenter og gravtekstiler fra Veøy gamle kirke. I *RMÅ 2008*.
- Vestad, L. og Mørk, M. I. (1998). Flytting av kirkested fra Bolsøya til Røbekk. I *Røbekk kirke 1898–1998*. Røbekk sokneråd.
- Vestnes sogelag (2017). *Vestnes sogelag Årsskrift*.
- Vike, L. (2020). Arkitekt Henrik H. Nissen d.e. I *RSÅ 2020*.
- Vågøy sokneråd (1997). *Nytt orgel i Vågøy kyrkje*. Vågøy sokneråd.
- Westad, G. J., Rekdal, K. og Eik, S. (2008). *Sekken kyrkje jubilerer 1908–2008*. Sekken sokneråd.
- Wold, A. (1996). Kyrkja på Voll. I *Voll kyrkje 1896–1996*. Voll sokneråd.
- Øverland, B. (1962). *Sandøy kyrkje 150 år 1812–1962*. Sandøy sokneråd.
- Øverland, P. (1974). To innflyttere. I *RSÅ 1974*.
- Øverås, A. (1941). *Romsdals saga II Dansketida*. Romsdals Ungdomssamlag.
- Øveraas, K. (2011). Laden på Gjermundnes og dens byggmester. I *Vestnes sogelag Årsskrift 2011*.
- Aas, H. (1980). Byggesaka for Myrbostad kyrkje. I *Frå ætt - til ætt. Jubileumsskrift for Fræna prestegjeld til 100-årsjubileet for Myrbostad kyrkje*. Sokneråda i Indre og Ytre Fræna sokn.
- Aas, H. (1985). Soga om Vågøy kyrkjestad. I *Vågøy kyrkjestad 650 år*. Vågøy sokneråd.
- Aas, H. (1987). Kyrkje og kultur. I *Jubileumsskrift Fræna kommune 150 år 1837–1987*. Fræna bygdeboknemnd.
- Aas, H. (1987). Oppretting av kommunar. Kyrkje og kultur. I *Jubileumsskrift Fræna kommune 150 år. 1837–1987*. Fræna bygdeboknemnd.
- Aas, H. (199?). *Velkommen til Vågøy kyrkje!* [Brosjyre].
- Aasen, J. A. (2006). Hen kirke og kommunen. I *RSÅ 2006*.
- Aasen, J. A. (2009). Litt om prest og menighet i 1700-årenes Grytten. I *RSÅ 2009*.

Generelle kjelder

Diplomatarium Norvegicum (DN) er ei kjeldesamling av norske brev og dokument, frå den eldste tid inntil 1570. Diplomatarium Norvegicum er ei ordrett avskrift av dokumentea på originalspråket (latin og norrønt) og er eit sentralt verk for alle som arbeider med norsk middelalderhistorie. Dokumenta er elektronisk tilgjengelege på https://www.dokpro.uio.no/dipl_norv/diplom_felt.html

Aslak Bolts jordebok (AB) er eit oversyn over Nidaros erkebispedømes jordegods og eigedomar og inntektene frå desse. Boka har namn etter Aslak Bolt (erkebiskop 1428–1450) som skreiv boka, sannsynlegvis vinteren 1432–33. Seinare erkebiskopar har gjort ymse tilføyningar. Boka er skriven på pergament og blir oppbevart i Riksarkivet. Boka er utgitt av Riksarkivet i 1997 tilgjengeleg på <https://www.nb.no/nbsok/nb/35136d8e1114b-518c334b77cc2487aa2#0>

Trondhjems reformats (TR) eller *Reformats av 1589, Trondhjems stifts geistlige sager anliggender*, var ein kommisjonsrapport over den lokalkyrkjelege økonomien i Trondhjems stift, som blei lagt fram for kong Christian IV av Danmark og Norge i 1589. Rapporten gir eit

oversyn over den administrative inndelinga i Trondhjems stift, herunder Møre og Romsdal, med prestegjeld og kyrkjer. Boka finst i ei nyare utgåve og er tilgjengeleg på https://www.nb.no/items/URN:NBN:no-nb_digibok_2014062305068

Lorentz Dietrichson (1892): De norske stavkirker (LD) skildrar alle tidlegare og ståande norske stavkyrkjer som Dietrichson med større eller mindre sannsynlegheit har kunna dokumentere, delvis gjennom kjeldene nemnt ovanfor, men også gjennom skriftlege innberetningar om kyrkjene sin tilstand og andre kjelder. Referansane til DN, ABJ og TR i tabellen er i hovudsak henta frå Dietrichson si bok. Boka er tilgjengeleg på <https://www.nb.no/items/f4b42adc75e507110870f6cb75eba1df>

Riksantikvarens database (RA) – Askeladden – er Riksantikvarens offisielle database over freda kulturminne og kulturmiljø i Norge. Databasen er lukka, men det kan søkast om brukartilgang på <https://askeladden.ra.no/> Opne opplysningar frå Askeladden ligg på Kulturminnesøk <https://kulturminnesok.no>

Kirkekonsulentens kirkeregister (KK). Tidlegare kyrkjekonsulent Arne Sæther har utarbeidd ei liste over noverande kyrkjer fram til 2016. Lista er tilgjengeleg på nettstaden <http://www.kirkekonsulenten.no/kirker.htm>

Kyrkjebyggdatabasen er KAs nasjonale forvaltningsdatabase for kyrkjelege fellesråd og andre kyrkjeforvaltaren, <https://www.kirkebyggdatabasen.no/> (krev innlogging). Databasen har eit ope grensesnitt – **Kyrkjesøk** – på <https://kirkesok.no/>.

Kyrkjebøker på nett. Arkivverket har skanna og lagt ut eldre kyrkjebøker på internett under Digitalarkivet <https://media.digitalarkivet.no/>. Ministerialbøkene, som er dei mest omfattande og pålitelige, inneheld register over mellom anna fødte og døypte, konfirmererte, vigde, døde og gravlagde og vaksinerte (!). Protokollane inneheld også presten sitt dagregister med opplysningar om gudstenester og kyrkjelege handlingar i soknet.

Takk

I tillegg til dei som er nemnde i forordet, vil eg takke dei mange informantane som velvillig har bidrege med opplysningar, tilbakemeldingar og hjelp undervegs: Hilde Aure, Emil Balstad, Ivar Magne Bergheim, Petter Inge Bergheim, Per Bersås, Leif Erik Bolsø, Sivert Bolsønes, Johnny Bratseth, Jostein Bø, Ragnhild Kivle Dahle, Camilla Damgård, Liv Ellinor Drejer, Per Bjørn Ellingseter, Kåre Elnes, Håvard Ervik, Gudbjørg Frisvoll, Ola Gjendem, Gerhard Hansen, Håvard Heggdal, Sigurd Heiervang, Adnan Icagic, Karl Ivar Iversen, Anne-Lise Johnsen, Finn Ove Kaldhol, Kjersti Kambestad, Anders Kvernberg, Magny Landre, Svanaug Lervik, Frank Gerald Lien, Martinus Løvik, Moses Nangwala, Peder Nedrelid, Hans Jakob Nes, Paul Opata, Trine Elvsaas Ringstad, Ingvar Sandøy, Rune Singelstad, Henry Sjøstad, Berthy G.M. Standal, Randi Kristin Strand, Anette Stranden, Nils Lykkeslett Sæther, Svein Ove Søholt, Elizabeth Stewart Søvik, Olav Egil Tomren, Jan Tore Tornes, Even Tramæl, Synnøve Valle, Anne Ruth Gagnat Vik, Eva Wentzel og Knut Ødegård.

Takk også til dei mange som har bidrege med foto, namnet deira står under bilda.



Alteret i kapellet på Møre bispedømekontor i Molde. Alterbildet er laga av ein amerikansk kunstnar. Namnet ukjent.

Register til Kyrkjene i Romsdal

Ved Bjørn Austigard

Dette registeret inneheld først og fremst *personnamn, stadnamn og firmanamn* som står i denne boka. Det er informantar, handverkarar, arkitektar og kunstnarar av alle slag. Namn på kyrkjer m.m. er ikkje med fordi desse er å finne i innhaldslista. Mange namn som t.d. Molde, Røbekk, Grytten, Aukra, Hustad osv. er ikkje med fordi det blir for mange «treff», slik at nytten av slike oppslagsord blir for liten. Klokketøyparar opptrer under litt ulike namn til ulike tider, t.d. Chr. Christensen på Fuglsetneset og Olsen-Nauen i Tønsberg. Kvar av desse er forsøkt samla under eitt namn i registeret. Noko av det same finn ein for orgelbyggarane, t.d. Vestre orgel. Nokre omgrep er tekne med i lista, slik som «sokneråd», «konventikkelpakaten» og «lov om kirker og kirkegarde».

Boka har ei omfattande litteraturliste. Når det er referert til ei kjelde i teksta, er den å finne i litteraturlista side 387-392. Døme: «Angvik, M. 1978 forf. 113, 118, 119». Her er det vist til sidene, 113, 118 og 119 i Magne Angvik: «Neset kyrkje 100 år 1878-1978», utg. av Neset sokneråd 1978.

For at registeret ikkje skulle bli for omfattande, er det gjort eit visst utval med namn og omgrep, og det er lagt størst vekt på omtalen av dei lokale kyrkjene, dvs. fram til side 345.

17. mai-haugen 24

A

A/S B.S. og M.V. TROND-
HJEM 307
Abelsen, Nils Martin 123,
128, 130
Abrahamsen 1994 forf. 322
Abrahamsen, 1992 forf. 318,
321
Ad Libitum 98
Adam 65, 184
Adams, Clive 342
Adventkyrkja 7, 316, 326,
327
Agthe, Carl August 24
Aksdal, Johannes 60
Akseth-Pettersen, Magnhild
52
Albert Hall 335
Alfarnes (Åfarnes) 248
Alhburn elektronisk orgel
175
Allen-orgel 135, 235
Almegjerde 270
Alnæs, Aston 244, 277, 375
Alsing, Maria Pedersdatter
Langlo 282, 286, 290
Alsing, Ole 56, 59, 264, 282,
290, 368
altaskifer 171
Alvestad, Ingebjørg 28
Amsterdam 166
Amundsen, Roald 304
Andersen, David 25
Andersen, Peder 138, 281,
372
Andersson, Anna og Magda
285
Andestad, Inga 67
Andestad, Tore 67

Andrinanabben 275
Angvik, 1978 forf. 113, 118,
119
Angvik, Anne 116
Anker og Havran, 2002 forf.
262
ARNDT P. HEDEMARCK
223, 307
Arneberg, Arnstein 216
Arnebua 339
Arnet, Rasmus Rolfsen 93,
123, 269, 299, 311
Aron 243, 272, 273, 292, 295
Arvidson, Theodor 324
Aslaksby, Thomas 265
Aspaas, Svend H. 210
Astrup, Hans Rasmus 30, 48
Augustin, Roy 32, 33
Augustinsen, Christen 111
Aukrasanden 15, 178, 179
Aure, Hilde 393
Aure, Sivert 140
Aureosen 140, 175
Auschwitz 73
Austigard og Parelius, 1984
forf. 173
Austigard og Vik, 2016 forf.
239
Austigard og Øverås 1994,
forf. 110, 125
Austigard, 1978 forf. 112,
117, 373, 374
Austigard, 1994 forf. 126,
131, 363
Austigard, 2006 forf. 218,
219
Austigard, 2008 forf. 55, 84
Austigard, 2012 forf. 93
Austigard, 2015 forf. 212
Austigard, Bjørn 4, 8, 61, 89,
90, 221, 361-363
Avset, Alf Ottar 174

B

Bakke, Jon Olsen 155
Bakken, Arne 88
BAKLANDETS STØBERI
og MEK VERKSTED 98, 307
Ballangsrud, Erling 224
Balstad, Emil 306, 308, 393
Balstad, Georg 307
Barrat, Thomas Ball 333
Bast, Ørnulf 28, 33
Bauge, Gerda 342
Beite, 2015 forf. 94
Bele, Njål 41
Belle, Hans Syversen (Øver-
li) 84
Benedicts Korskirke 82, 360
Berg I., 2008 forf. 55
Berg og Rottem, 1958 forf.
55
Berg og Aas, Levanger 282
Berg S., 1992 forf. 22, 39
Berg, 1991 forf. 30
Berg, Anders Johansen 281,
282
Berg, Bernt Marius 270, 276
Berg, Sverre 135
Berge, 2008 forf. 55
Berge, Marie 98
Bergen 14, 22, 24, 39, 153,
158, 183, 205, 229, 232, 233,
247, 256, 295, 347, 371-374,
386
Bergen Museum 232, 247
Bergheim, Ivar Magne 303,
393
Bergheim, Kristian 294
Bergheim, Petter Inge 303,
393
Bergmo ungdomsskole 52
Bergmokykja 44
Bergset ungdomslag 158
Berild, Marie 235
Bersås, 2002 forf. 269

Bersås, Per 393
Bersås, Synnøve Stenvågnes
274
Bertelsen, 2016 forf. 366
bespisningsunderet, måleri
38, 288
Betlehemsmarka 297
Bethesdadam, Den sjuke ved
(måleri) 38, 288
Beverfjord, Aslaug 47
Birkeland, Erling 26, 27, 39
Birkeland, Haakon 48
Bjelke, Jens 284, 285
Bjering, Hans Peter 7, 312,
315
Bjerke, T. R. 22
Bjordal, Johannes 182-184
bjønnaskinn 221
Bjønnes, Arne 321
Bjørgafolket 215
Bjørgvin 80, 180, 190, 198
Bjørnson, Bjørnstjerne 9, 39,
110, 113, 125
Bjørnson, Peder 132
Bjørnsund 5, 136, 137, 146,
147, 379, 386, 388
Bjørnsundkomiteen 142
Bjørset 40
Bloch, C. 140, 141
BLOD OG ILD 322
Blø, Peder Matias 102
Bløkallen 95
Bochumer Verein, Gusstahl
Fabrik 142, 151
Bodø 244
Bollia 18, 137, 168
Bolsø, Leif Erik 393
Bolsønes, Sivert 328, 329,
393
Bolt, Aslak 11, 12, 53, 126,
136, 178, 179, 210, 226, 282,
360, 380, 389, 391
Bondevik, Odd 50, 67, 174,
217

Booth, William og Catherine 321, 322
Borch, Alexander 185, 193, 195
Borgen, tunet på Vestnesgarden 282
Borregaard 323
Honningdal, Br. 213
Brandt, Bengt 328, 329
Brantzeg, Paul Christian 66, 229, 376
Bratseth, Johnny 80, 84, 87, 88, 90, 91, 111, 136, 138, 167, 178, 185, 189, 197, 207, 378, 393
Brattværet 153
Bredahl, Erik 22, 210
Bredal, Sigurd 217
Bredtvedt fengsel 73
Brekke, 2020 forf. 47
Brekke, Ivar 317
Brekke, Kåre 116, 133, 134
Brekke, Petra 47
Bremer, Kristen Kyrre 52
Brendalsmo, Jon 359, 366
Brevik, Ole 268
Brochmands huspostill 140, 295
Brockenhuus, Sophie fru 285
Brodahl, 1944 forf. 283
Brokstad 18
Brovold, 1901 forf. 283
Bruaset, 1998 forf. 74
Brude, 2004 forf. 216
Brudeli og Kylling, 2002 forf. 269, 274, 275
Brudevold, Johan Marius 277
Bruhjell, Erik O. 145
Brunstad Kristelige, Menighet 316, 328
Bryn, Finn 22, 26, 28, 30, 33
Brüssel 273
Brønne, Jon 90
Brødrene Torkildsen Orgelbyggeri 116, 123, 124, 171, 229, 231, 376
Bua, Asbjørn 50, 67, 187
Bud Fiskarlag 158
Bud Sokneråd, 2017 forf. 153
Bud Vel 158
Bugge, Ivar 114
Bugge, Knut P. 318, 326
Bugge, Peter Olivarius 187, 220, 291
Buksnes 69, 370
Bø skule 234
Bø, Ansgar 230
Bø, Gunnar 235, 236, 237
Bø, Jon 235
Bø, Jostein 393
Bø, Marie Frederikke Dahl 74
Bøe, Bergljot 235
Bøfjorden 120, 125, 372
Bøhn, Ida Maria 300
Børmeland, Ole Lasesen 297
Bårdsnes, Ruth-Johanne Gj. 285

C

Carl XIV Johan 291, 296
Chr. Christensen støyperi 77, 92, 98, 116, 123, 130, 158, 171, 173, 184, 196, 286, 311, 312, 378
Christian IV 263, 265
Christian V 34, 263, 265
Christian VII 223, 233, 245, 286
Christiania Glasmagasinet 24
Christiansunds Sparebank 173
Christie og Opsahl A/S 22
Christie, 1981 forf. 360
Christie, 1991 forf. 362
Christie, Chr. 354
Christie, Håkon 262, 359
CHRISTOPHER L. LE-BRECHT 203
Coucheron-Aamot, Sigrid 93
Coucheron-Aamot, Wilhelm 93
Coucheron-Aamot, William 74, 92, 93

D

Dahl, 1892 forf. 17, 35
Dahl, Daniel 262
Dahl, Walter Scott 286
Dahle, 2008 forf. 28
Dahle, Knut Steinar 66
Dahle, Lars Nilsen 225
Dahle Møbelverkstad 302
Dahle, Ragn hild Kivle 343, 393
Dahll, Helga Mowinckel 316
Dahll, Peter F. 316
Dalsbygda 225
Dalset, Dale, Fræna 58
Dalset, Erik 266
Dalset, Knud Ingebrigtsen 218, 219
Dalseth, Georg 287
Damgård, Camilla 393
Deinboll, sokneprest 58
Det kongelege bibliotek 347
Det sibirske kompani 92
Dick, Christian 186
Dietrichson, 1892 forf. 53, 117, 126, 138, 179, 188, 261, 268, 359
Dietrichson, Lorentz 226, 240, 261, 359, 360, 380, 392
Digernes, Marit 213
Digre, Jakob 161, 164, 252, 370, 372
d issenterlova 316, 351
Dombås 103, 223, 230, 277
Domaas, 1999 forf. 307, 309
Domaas, Christoffer 309
Domaas, Lars Hansen 309
Dragland, Oddlaug 28
Dragseidet 347
drakestil 71, 249, 253, 256, 354
Drejer, Liv Ellinor 337, 393
Dryna 11, 16, 95

Drågen og Øygard, 2005 forf. 149
Dønna, Helgelandskysten 146
Daae, Johan Kristoffer Haar 291
Daae, Margrethe 333

E

E. F. Walcker & Cie 286, 295
Edmann, Domenico 88, 292, 295, 374, 375, 389
Edwardsen, Trond Lage 52
Eeg, Børge J. 39, 286, 300
Egersund 90
Eid Bondekvinneleg 246
Eide, Bjørnhild 171
Eide, Kristoffer 61
Eidebygda 169
Eidhamar og Skeidsvoll, 1978 forf. 290, 297
Eids-antemsalet 243, 247
Eidsbygda 240, 244, 246, 255
Eidsbygda Husmorlag 244, 246
Eidshaugen 240, 241
Eidsvoll 92
Eidsvågen 13, 110, 112, 117, 119, 121, 134, 372
Eikesdal skule 135
Eikesdalen 13, 110, 121, 125, 132, 133, 366, 372
Eikrem, Molde 48
Eikrem, Jens Toresen 127, 138, 232, 371, 372
Eikrem, Rasmus A. 148, 149
Ekrimb, Jens 232
Ekroll, 2008 forf. 85
Eldal og Havran, 2002 forf. 258
Elgenæs, John 128, 368
Elisabeth, II 92
Ellingseter, 1997 forf. 289
Ellingseter, Per Bjørn 393
Elnes, Kåre 393
Elnesvågen 137, 152, 316, 333, 337, 383, 390
Embla, kyrkjeskjip 204
Emblem, Anton 200
Emblem, Berit f. Reiten 98
Ender, Axel 25, 28, 30
Enebo, Lars Ottesen 134
Enebo (Einbu), Ragnvald 235, 242, 244
Engelbrektsson, Olav 11, 12, 153
Engstrøm, snikkar 25
Eresfjorden 113, 372
Ergan 156
Erik (Eikrem?) tårnbyggjar 117
Eriksen, Jorunn Nordheim 285
Eriksen, Ole 179, 180
Erstad, Lina 93
Erstad, Sivert 42, 44
Ervik, Håvard 344, 393
Espe, Brødrene 47
Espe, Paul 300
Eva 47, 65, 184, 393

F

FABRIKKEN VED NIDELVEN 66, 135, 296, 303
Falk, C.A.L. 213
fallkniv 271
Fannefjorden 20, 42, 53, 62
Fannestranda 20, 42, 43
Farkvam, Torger L. 268
Fedraheimen 289
Fett, 1917 forf. 247
Fett, Harry 232, 247
Fiigenschoug, Elias 283, 284
Fiksdal sokneråd, 2017 forf. 304
Fiksdal, Ole Matias Olsen 300
Fiksdalsstranda 298
Find, Jens Aagesen 155, 367
Finnemisjonen 91, 240, 367
Finnset, Ole (Nørstegård) 120, 121, 372
Finnøy, Daniel 196
Finnøya 196, 207
Fiske, Trond 49, 52
Fjellbu, Arne 26, 36, 146, 216
Fjørtofta 207
Fladmark, Ola Amundsen (Kabbin) 274
Fladseth, Eline Karlsdatter 208
Flate, Knut J. 68, 70, 75, 76, 97, 226, 227, 373
Flatevågen 281
Flensburg, Hinrich Lorentzen von 38
Flor, H. 135
Flovik, Peder 70
Flovikholm, Nils 74
Flovikholm, Rikke 5, 74
Flovikholm, Synnøve 74
Flø, Turid Svarstad 344
Folkets Hus 321, 323
Forseth, Emilie 195
Fosnakulturen 178
Fosnæs, Adolf 130, 142, 254, 377
Foss, 1927 forf. 274
Foss, Knut 274
Fortunen, fregatt 266
Frederik IV 39
Fredriksen, Stinius 28, 31, 33, 34
Frei 69, 127, 370, 372, 374
Frelsesarmeen 7, 217, 316, 321, 322, 342, 343
Frelsesarmeen, Rauma 316, 342, 343
Frelsesarmeens Stabsmusikkorps 342
Frey, skip 24
Friisvold, 1997 forf. 241, 367
Frisvoll, Gudbjørg 393
Frost, Jonas 119
Frostatingslova 347, 348, 358, 389
Fræn fjorden 137, 138, 148
Frøyset 268, 366
Fuglsetbekken 13, 21
Furlandsmyra 298
Furuli, Peder 325

Fylling, Kristi 66
Fædrelandet 315

G

Gabriel, engel 87, 90
Galstad, Johannes Nilsen 283
gapestokk 232
Garmokyrkja 36, 164, 165, 167
Gaustad, Hemann og Borghild 174
Gaustad, Kolbjørn 174
Gautvika 168
Gebr. Reil Orgelmakerij 142
Gennesaretsjøen 202
Getsemane 147, 228, 229, 257, 259, 300, 302
Giertsen, Finn 318
Giske, Olav Asgeir 304
Giskegård, Jakob Sørensen 191, 195, 232, 374
Gjelsvik, Randulf 166
Gjendem O., 2004 forf. 136, 138, 144
Gjendem 2016 forf. 318
Gjendem O., 2004 forf. 18
Gjendem O., 2007 forf. 22, 35, 378
Gjendem, Ola 393
Gjendemhammaren 24
Gjerde, Berta 221, 223
Gjerde, Hans 184
Gjerdhaugen 50
Gjerdsetbygda 155
Gjermundnes 243, 307, 309, 355, 373, 391
Gjermundnes, Bjørn André Langset Gjermundnes 355
Gjestestovebrakka 321
Gjærde, Knud K. 239
GLOCKENGIESSERE I ROB. EBERT 268
Godal, Tord 102, 235, 273, 305
Goddal 18
Godthåp, M/K 166
Gram, Lucas Nielsen 155, 156, 157, 158
Grande Trevare 235, 236
Granhaug, Torild 214, 227, 230, 259, 276-279, 307
Gray & Davidson 98
Green, Elisabeth Danielsdatter 158
Greve, Inger Margrethe 265
Grevstad, Karl 323, 324
Grimelund, Andreas 96, 113, 123, 129, 133, 164, 169,
Grimkjell, biskop 347
Grimsgaard & Grevstad Arkitekter 324
Grimsmo Industri 259, 260
Grip 153, 262, 362
Griset, Ole O. 232
Grosch, Chr. H. 55, 58, 120, 121, 354, 364, 369
Groot, Terje de 2008 forf. 267

Grovehagen, Agnes 60
Groven, bedehus 60
Groven, Botolv 55, 58
Groven, Peder 61
Grytnes Entreprenør 333, 334
Grytten, Kristine 342
Graadaas, Ole Johansen 194
Gud mit Haab, måleri 293
Guds fulle rustning, måleri 38, 288
Gujord 20
Gulbrandsen, Alf K. 317
Gule ungdomslag 158
Gunnerus, Johan Ernst biskop 211
Gussiås, Ole Kristensen 118, 119
Gussiås, Ole Larsen 118
Gussiåsen 13, 112, 119
Gussiåsskogen 58
Gåsøy, Knut 196
Gåsøy, Paul Knutsen 76, 188, 196

H

Haddal, Johan 182, 183, 184
Hageman, Jørgen Henriksen 286
Hagen, Hermann 300
Hagen, Helga B. 312
Hagerup, Eyler, biskop 121, 368
Hagerup, Daniel 69, 71, 72, 374, 375
Hals, Gjertrud 103, 104
Halvorsen, Haakon Chr. 234
Halås, Ragna 202
Hammer voll 18
Hammer, Even 22
Hammervold, Lars («Nagla») 268
Hammervoll-Ratvik, Anna 116
Hammerøy A., 2017 forf. 160
Hammerøya 146
Hammond, J. R. (britisk soldat) 277
Hanneset 144
Hanken, Karl Ivar 307
Hanno, Wilhelm von 354
Hansen, Gerhard 326, 327, 393
Hansen, Hjalmar 34
Hanset, Anders J. 129
Harald V 217, 296
Harald Hårfagre 346
Haraldsen, 2008 forf. 92
Harbakken 198, 203, 205
Harnes, Agnar 9
Harnes, Emmy 98, 196
Harrang, Ine 35, 217
Harriss, H. M. 288
Harstad, Hilma 342
Harøya 11, 15, 16, 178, 188-191, 196, 197, 198, 199, 203-207, 367, 371
Hatle, 1972 forf. 283

Hatle, Kristine 244
Hatlen, Halvard 221, 222, 277, 278, 334, 336
Hatlen, Selma 222, 223
Hattrem, Kjell Ove 111
Haug, Normann Parelius 326
Haugan, Sturla 230
Hauglid, Kjartan Prøven 90
Haukeberg 18
Haukebø, Gunnar 97, 98, 100
Haukebøen 190
Havnæs, Ole 75, 76, 138, 139, 146, 199, 369, 373
Havstein kirkekirkegård 48
Heggdal, Andreas 98
Heggdal, Håvard 393
Heggdal, Jostein 54, 102, 103, 371
Heggdal, Knut 98, 99, 103, 105
Heggdal, Kristoffer 103
Heggdal, Magnhild 103
Heggdal, Paula Einara 103
Heggdal, Rasmus 103
Heggdalsvika 94, 102
Heggem, A., Berild A. og Berg, E., 1963 20, 42, 62
Heiberg, Anders 210, 213
Heide, Andreas 241
Heiervang, Sigurd 393
Helland, Odd 156, 165
Hellesylt 103
Hellig tre konger, måleri 288
Helset, Fræna 18, 136, 139
Helseth, Gunnlaug 47, 140, 142
Helt, Iver Olsson 153
Heltberg, Christian B. 58, 111, 132
Henøen, Arnold 157
Herje, Anne Kristine 342
Hermund, prest 138, 142
Hestad, Gerhard 88
Hestadholen hjelpekyrkjegaard 145
Hestetorget 25
Hesthol, Lyder 183
Heyerdahl & Co 25
Hieronimus 271
Hille, Harald 216
himmelrikets nøkkel 285
Hjelden, Elin Søvik 235, 236
Hjelset, bedehus 53
Hjelte, arkitekt 113
Hjelvika 293
Hjertviksten Treindustri 183
Hjørungnes, Børge 303
Hoel, Kari Synnøve Gaustadl 175
Hoem, Edvard 48
Hoem, Eirik 140, 142
Hoem, Solveig S. 171
Hoffmann, Heinrich 147, 300, 302
Hoksnes, Knut 183
Hola, Ola 113, 117, 118
Holch, Zacharias 87-91
Hole, Marit 116

Hollingsæter, Magnus 147
Holm ungdomslag 254
Holm, Klara 254
Holm, Magnus 252
Holmem, Gurine 47
Holmemstranda 209, 227, 248, 255, 268, 374
Holmevig, Nils 194
Holst, Hans 56, 264, 282, 367
Holst, Lorentz H. 56, 264, 282, 290, 367
Holst, Peter Th. 163, 166
Holt Seminarium 66
Holte, Nils 41
Holten, Erik Jakobsen 120, 125, 372
Horberget 164
horn 271, 272, 342
Hornindal 47
Horremsbakk, Christian, S. 182
Horsgård 20
Hospitalskirken, Trondheim 364
Hovde, Einar 307, 308
Hovdenakken 62
Hukkelberg, Kris toffa 184
Humlehaven 316
Hunnes, Inga 259
Husby, Anna 28, 30
Husby, Arnt 48
Huse, I. P. 189
Huse, Inga 203
Huse, Nils 204
Huseby, O. 306, 307
Husfliden i Oslo 135
Hustad, Bernt 328, 329
Hustad, Bjørg 30, 98, 158, 184, 306
Hustadgodset 39
Husøy, Nils 196
Husøy, Sol frid 204
Hörügel, harmonium 166
Høvika 112
Høyem, Andreas I. 184, 187, 190, 191
Høyer-Finn, Thorolf 26
Haakon VII 38, 209
Håkon den Gode 268
Håkon Herdebrei 75, 80, 92
Håkonsson, Hagland og Sandnes, 1994 80
Håseth, Arne 339
Haavaldsrød, Ludvig 323

I

Icagic, Adnan 393
Idun, ungdomslaget 199
Innfjorden, husmorlag 237
interimskyrkje 25
Isachsen & Renbjør 273
Ivar Andersson, fut 243, 244
Iverger den, Bud 160
Iversen & Co 24
Iversen, Anders fut 285
Iversen, Karl Ivar 334, 393
Iversen, orgelfirma 229

J

J. W. Cappelen's Pianofor-
te-Magazin 286, 277
J. W. Walker & Sons ltd. 166
J.W. Cappelen 277
Jacobsen, O. A. 288
Jacobsen, Otte 265
Jacobsen, Th. 325
JAKOB ANDERSSÖN EEG,
JERMENÆSS 307
JAKOB LUND, Hr 166
Jakobsdatter, Inger futeeen-
ke 285
Jakobsen, 2001 36
Jakobsen, Olav 342
Jakobsstigen 302
Janssonius, Johannes 15
Jehova 291
Jendem 18, 136
Jensen, Claus 184, 376
Jensen, Lukas 180, 184, 373
Jenset 18, 94, 106
Jesu fødsel, måleri 129, 130,
288, 303
Jesu dåp 293
Jesu min Frelser, måleri 295
Johannus Monarke Bach In-
ventus 223
Johnsen, Anne-Lise 393
Johnsen, Solveig 171
Johs. Johannessen (klok-
kestøypar) 235
jomfru Maria 87, 90, 318
Jon, Raude 347
Jondell, Erik 211
Jordfald, Ole S. 113
Jordfald, Søren A. 120, 121,
372
Juel Johansen, Elisabeth 213
Julnes, 1985 forf. 179, 185,
374
Julundet 147, 186
Junker, Ernst 229
Jürgen Snedicher 115, 116,
120, 373
Jørgensen 1997 forf. 11, 47,
389
Jørgensen, Paul 54, 377

K

Kabben, Ulvådalen 274
Kaldhol, Finn Ove 393
Kambestad, Kjersti 393
Kampen kyrkje 28
Karl den store 93
Karlsen, Magnus 323
Karlsvika 158, 160
Kaurin, Edvard 370
Kavli, Fredrik Ziegler 198,
199, 371
Kavli, Sigv. 342
Kielland, Jens Z. M. 255, 371
Kielland, prof. 199
Kinsarvik, Arne 181, 183,
202, 204, 389
Kinsarvik, Lars 193, 194, 389
Kirkevaag, Johan 171
Kirkhorn, foto 53, 54
Kjellnes, Kristian A. 183

Kjelness, Edward E. 286
Kjerringsundet 94
Kjørsvik, Peder Knudsen 64,
65, 66, 114, 116, 142, 163-
167, 374
Klangfestivalen 140, 143
Kleivenes, Andreas 61
Kleivsjøen 61
Klevstad, Ronald 331
Klingberg, Helge 304
Klippen Aukra 316, 333,
340, 341
Klukstad, Jacob Bersveinson
271, 273
Klukstad, Ole J. (Ola Kvam)
213
Klungnes, 1997 forf. 241,
246
Kneippbrødfabrikken 333
Knud sen, Hans 120, 155,
263-265, 372
Knudsen, Jon 155, 158
Kolbrek, Reidar 339
Kolnes, Stein Johannes 229,
376
konventikkelplakaten 316,
350
Kornstadfjorden 168
Kornstadkyrkja 169, 171,
173
Korsbakken 15, 198, 199,
207
Korsfestinga, måleri 292,
300
Kosberg, 2006 forf. 220
Kosberg, Kjell 333, 334
Krafft, Finn 212
Kraft, Edvard J. 239, 247
Krag, Anne-Brit 171, 175,
177, 300
Kragset, 2020 forf. 73
Kringstad, Anton Larsen 142
Kristiansen, Oddmund 30,
32, 33
Krog, Peder biskop 155, 240,
241, 369
Krogseth, John L. 96, 275,
372
Krohg, Hilmar Meincke 35,
42, 288
Krohg, Otto Theodor 282,
283, 288, 289, 298, 388
Krohn, Haldis 28, 47
Kroken, Erik 290, 291
Kvalshaug, Ole Nilsen 155
Kvalsnes, G. H. og Kvalsnes,
J., 2004 145
Kvam skole 40
Kvam, Syver Jespersen 210,
212
Kvennes 2018 forf. 288
Kvernberg, Anders 111, 377,
393
Kviltorp 48, 52, 316, 334
Kyrkjestallen, Sølsnes 74
Kyrkjeåkeren, Kleive 55
Kystpilegrimsleia 90

L

Landre, Arnlaug 265

Landre, Magny 393
Langfjorden 11, 14, 18, 20,
80, 93, 110, 117, 209, 248
Langnes, Mads 10, 11, 17,
68, 75, 86, 92, 186, 188, 209,
248, 256, 262, 389
Langset, Gunnerius 116
Langset, Knut Larsen 113
Langseth sagbruk 252
Langseth, 2004 forf. 211
Larsen, G. A. 33, 129, 130,
204, 285, 286
Lassehjellen 131
Lassen, Birger Stuevold 48
Lauvåsen 137
Leem, Anders 213
Leirvoll, Bersvein (B.L.) 119
Leonardo da Vincis 183
Leren & Simonsen 50
Leren, Øyvind 26
Lervik, Swanung 393
Lesja jernverk 229
Lesjaskog 121, 372
Lesjaverk 211
Leth, Ludvig A. amtmann 95
Levin, kunstmålar 291, 293,
354
Li, Anna 277
Lichermann, Karl 140, 141
Lied, Frederik Chr. M. 131
Lied, Jonas 92
Lien, 2010 forf. 323, 325
Lien, Carsten 29, 32, 33
Lien, Frank G. 393
Lien, Gjert 298, 372
Lien, Margrete 130
Lilje, Peter 300, 301
Lilleskot, Hans 24
Lillestrøm 73
Lillevik, Knut S. 268
Lind, Christen 125
Lindhahl, Axel 25, 232
Lindesnes 206
Lindheim, Siv R. 83
Lindset, Lars 164
Linningsvollen 196
Linstow, Hans D.F. 354
Lippert, Audbjørg 285
Lofoten 62, 69
London 98, 101, 273, 321,
376
Losje Broderkjeden 321
Losje Uræd 321, 333
Lothe, Sverre 146
Lov om kirker, og kirkegaar-
de 350, 357
Lund, Eilert Balle 170, 171,
311, 312, 313, 374
Lund, Jørgen Gamborg 311
Lura, Sverre 32, 33
Lurøy kyrkje 230
Lydersen, Thomas 60
Lyngstad, Susy Po Ionio 175
Lyngværet 153, 188, 191
Løche, Johan 285
Lødingbrakkka 321
Lønseth, Martin 166, 377
Løvik, Martinus 366, 393
Laache, Nils J. 25

M

Madagas kar 60
Magerøy, Paul, Viken 97
Magerøya 15, 94, 178, 196,
387
Magnus Erlingsson 80
Magnus Lagabøtes landslov
17, 347
Maihaugen 36, 147, 164, 167,
374
Malmedal, Peder 140
Malo, 1991 forf. 268
Mandal kyrkje 229, 231
Margit og Morten Parelius'
minnefond 4
Mariatavle 297
Marinens Krigsveteran fore-
ning 34
Maria-antemensale 295
Maria bebudelse, måleri 288
Markeng, Jorunn Stølen 28
Marstein, Ole A. 270
Marøy, Petra 202
Maud, skute 304
Meese, Eva 47
Meland, Ole O. 121
Meldahl, Sten 226, 369
Memento Mori 35
Metodistkyrkja 7, 316, 323,
324, 325
Michelsen, Paul S. 198, 199,
202
Midthaug AS 61
Midøy Velforening 107
Midøya 15, 94, 95, 102, 178
MIM 34, 36, 42, 44, 48, 49
51, 56, 60, 67, 91, 110, 119,
126, 145, 160, 211, 217, 239,
254, 268, 280, 308, 311, 324-
329, 332, 333, 337-339
Misfjord, Henrik 252
Misund, 1939 forf. 95
Misund, Ingunn 45, 47
Mittet, Paul 250, 254, 259
Mittet, Peder Oddvar 250,
254, 259
Mittetdalen 248, 249
Mjelve, Sigurd 4, 8
Mjøsa 166
Moa, Peder P. 223
Moe, Petter 183, 191 194
Moen, Arne 305
Moen, Ole A. 234
Molde Apotek 24
Molde bedehus 25
Molde korps 321, 322
Molde Sparebank 22, 95
Moldsvor, Ingvald 234, 235
Mordal, Marit 30
Mordalsmyra 316, 328, 329
Mordalsmyra barnehage 329
Morgenbladet 289, 311
Mork, Arthur 28
Mork, Håkon Ingar 58
Mork, Peder 200
Morland, Einar 337
Morstøl, Marit Y. 221, 223
Moseid, Torvald 204
Moses 65, 170, 171, 191, 195,

233, 243, 271-273, 292, 295, 312, 313, 374,
Moster 346, 347
Mosterhamn 346
Motzfeldt, K. P. 344
Munch, Eggert Henningson 38, 288
Munthe, Anna Ludvigs Datter 243
Muri, Sigurd 183, 353
Must, Erik 117, 121, 127, 139, 155, 161, 180, 367, 368
Myklebostad, Torfinn 127
Myklebust, Harøya 15, 178, 207
Myklebustområdet 11, 16, 198
Müller, 2001 forf. 346
Myrbostad, John Knudsen 152
Myrbostadhaugen 18, 152
Myrås, Aslaug 300
Myskja, 1987 forf. 240, 242
Mytting, Lars 166
Møller, Henrik 71, 72
Møller, Otto, Ila 286
Møller, Richard Jalles 40
Mørk, 1998 forf. 61
Mørk, 2003 forf. 351, 353
Mørk, Max Ingar 3, 7
Maalman, Audun 244
Måndalen Bygg 234, 235
Måndalen Husmorlag 228, 230
Måndalen Ungdomslag 230
Måslia 290

N

Nakken Trevarefabrikk 299, 303
Nakken, Bergheim og Bergheim, 2016 forf. 298
Nakken, Gyda Rekdal 300
Nakken, Sissel 61
Nangwala, Moses 322, 393
Nauen, O. OLSEN & SØNS KLOKKESTØPERI 33, 37, 41, 47, 52, 61, 70, 74, 103, 147, 158, 166, 203, 213, 223, 230, 244, 259, 254, 325, 378
Nauste, Kristian 130
Ndayizeye, Albert 335
Nedre Kirkegård 26, 35, 41
Nedrelid, Ingrid 98, 184
Nedrelid, Peder 393
Neergaard, 2008 forf. 217
Neerland, 2005 forf. 62
Neiden 69, 370
Nerbø, Karl 47, 52, 147, 196
Nerem, Anton J. 146
Nerem, O. A., 326
Nerheim, Anton 252
Ner-Hole 213
Nerland, Edna Langøy 184
Nerland, Peder 158
Nerlandz kirkio 126
Nes, Hans Jakob 393
Nesje, Knut 67
Nesje, Knut Hansen Reknes

48
Nesje, Palmer 183
Nesje, Peder L. 52
Nesje, Sigrid 92
Nesjestranda 5, 14, 20, 68, 69, 73, 74, 92, 209, 268, 310, 368
Nesset Bondekvinneleg 114, 118
Nesset, Pedro 116
Nidarosdomen 247, 263, 353, 375
Nielsen, Bjarne 50
Nils Kirkebygger 281
Nilssen, Øyvind 57, 59
Nilssen, Hans N. 47
Nissen, Hans 14
Nissen, Henrik 22, 24, 25 35, 112, 113, 119, 148, 149, 354, 370, 391
Noa 65
Nobel, Hans 39, 197, 367
Nordand, Jacob W. 96, 126, 128, 132, 133, 161, 162, 169, 281, 283, 298, 299, 310, 311, 354, 369, 370
Nordbyen skole 50
Nordeide, Oddrun 312
Norderval, Monrad 196
Nord-Etnedal kyrkje 128
Nordhagen, prof. 199
Nordhaug, 2008 forf. 30
Nordhaug, Aslaug 60
Nordhaug, Målfrid 8
Nordhaug, Ole biskop 59, 142
Nord-Heggdal 5, 54, 102, 103, 105, 106, 109, 371, 376, 378, 380
Nord-Heggdal gravplass 109
Nordiska Museet 164
Nordstranda (Langfjorden) 13, 69, 110, 111, 112, 119, 209
Nordvestkirka 337, 338
Nordvågen 80, 84
Nordøya, Veøya 85
Norges Rederiforbund 196
Norrønnsalen 51
Norsk Folkemuseum 61, 243, 244, 288
Norsk Orgel- og Harmonikumfabrikk 47, 59, 61, 171, 172, 320
Norum, Karl M. 68, 248, 370
Norviig, Lasse Olsen 291
Nyhagen, Søren Severin 268
Nyhamna 178
Næss, Odd 216
Nørstegård (Finnset), Ole O. 132, 372
Nøst, Otto 54
Naas Kalksteinsbrudd 175, 176
Naas, Einar Norvald 175, 176

O

O. Olsen Nauen Klokketø-

peri, sjå Nauen Olsen
Odd Bjerkevoll A/S 303
Olafsen, 1926 forf. 347
Olafsen-Holm, Jørgen 20, 43, 53, 54, 389, 390
Olav den heilage 54, 346, 347
Olav Engelbrektsstons jordebok 349
Olav Tryggvason 346, 347, 348, 358
Olav, kronprins 38
Olavs-antemensalet 247
Olsen & Jørgensen 47, 61, 71, 74, 103, 151, 213, 215, 376, 389
Olsen, Gunnar 144
Olsen, Gustav 169, 310, 311
Olsen, målar (Molde) 181, 183
Olstad, 2008 forf. 90, 375
Ona 7, 15, 98, 153, 188, 189, 191, 197, 203, 207, 359, 360, 383, 390
Onakalven 189
Opata, Paul 393
Opdøl sjukehus 61
Oppdøl 18, 61
Oppigard, Torbjørn 135
Opplysningsvesenets fond 4, 94, 199
Opstad, 1983 forf. 197
Orta 11, 16, 17, 178, 188, 189, 191, 196, 207
Orten, Elias Pedersen 194
Orø, Johan 175
Oscar II 40, 268
Osen 15, 20, 56, 368
Osen jernverk 56, 368
Osmarka 13, 110, 111, 112, 119
Oterhals, Harry 340
Oterholm, 1979 forf. 235, 239
Otta-skifer 273
Ottestad 18, 268
Ottestad, Isak og Torstein 268
Ottestad, Jørn, Ole og Anders 268
Oxaal, Ingeborg 30

P

Palatia, skip 206
Parelius, Nils prest 111
Paris 273, 372, 376
Parr, Oddvin 134, 135
Paulsen, Simon 153, 155, 179
Pedersen, Sverre kunstmed 324
Pensjonat Utsikten 333
Peter A. Albrechtsen 229, 231, 376
Peterskyrkja 75, 80, 82, 218, 353, 359
Peterskyrkja, Veøya 75, 218, 359
Pinsekirken, Kvam 331, 332
Pinsemenigheten Kilden 7, 217

Pinsemenigheten Nordvestkirka 316, 337
Pols, Hans 153, 158
prei keistolalter 220
presteskyss 268
Prestestaua 138, 194, 195
Presthola 185
Privatbanken 316
Purkeneshaugen 207
Pål-museet, Bø i Måndalen 230
påskeliljene 5, 185

Q

Quale, Ove 283, 311

R

Rakkestad 315
Raknes, 1978 forf. 94, 96, 100
Raknes, Lasse Olsen 94, 96
Randers, Christian A. 149
Rangnes, Erling 246
Ranvika 13, 119
Rappe, kaptein 246
Rasmussen Handelsskole 323
Raumabanen 208, 216
Raumsdølafylke 80
Ravenna-teknikk 28, 33
Reime, Astrid 331
Reiten, Kristoffer 102
Reiten, R. 184
Rekdal, Bjarte 198
Rekdal, Olav 117, 118
Reknes gard 35
Reknes Hospital 13, 20, 39, 299
Reknes pleiestiftelse for spedalske 39
Reknes Sanatorium 370
Rembrandtmaleri 283
Rieger Orgelbau 33
Riise, Knut Edvard 146
Riksantikvaren, 2016 forf. 265
Ringstad, Trine Elvsaas 393
Risehagen, Olav 61
Rishton, 1996 forf. 229
Rissum, Willem Marinus van 316
Rochow Ivers 295
Rode, Mathias C. 155, 160
Roede, Lars 183
Rogne, 1927/1958 forf. 210, 219, 241, 269, 361, 367
Rohde, arkitekt 228
Romdalsmartnan 211
Romdølsvika 76
Romsdal sogelag 8, 92
Romsdal Ungdomssamlag 92, 286
Romsdals Budstikke 94, 186, 316, 387
Romsdals Tidende 71, 88
Romsdalsfjorden 11, 12, 13, 80, 118, 208, 209
Romsdalshorn 12
Romsdalsysselen 17

- Rosling, Henry 282
Rugset møbler 175
runeinnskrift 267
Runshaug, Hallstein 52, 77, 79, 377
Ryde & Berg, Orgelbyggeri 116, 377
Rydjord, Ottar 132, 267
Rypdal, Peder Børgesen 297
Ræstad 94, 95, 102
Ræstadvika 94
Røbekk kirkesenter 44, 49
Rød, gravplass 118
Rød kyrkja 112, 113, 114, 116, 117, 118
Rødseth, Ragnvald 198, 200
Rødven, museum 259
Rødven, Eilif 244
Rødven, Knut S. 256
Rødven, Sigmund 273
Rødvendalen 209, 249, 255
Rønning, fru 142
Rønningen, Andreas O. 61
Røring, Erik 85
Røsand, Brødrene 174
Røsand, Roald 174
Røsok, Ivar E. 198
Røssholmen 197, 390
Røst, O. J. Olsen 326
Røvik, Anthon 65, 66, 70, 71, 72, 252, 253, 375, 387
Røvik, Ivar 66
Røviklia 63, 76
Råkhaugen 50
Rånå, Ole A. 120, 121, 372
- S**
- Salminen, Ketil 331
Samset, Paul P. 230
Samseth, Peder O. 85, 87, 374
Sandberg, Christoffer 130
Sandblåst 18, 136
Sande, 2000 forf. 40
Sandtner Orgelbau 66
Sandvegen 39
Sandvig, Anders 147, 164, 167
Sandvig, Steinar 147
Sandø, Lina 202
Sandøy, 1974 forf. 18, 136, 178
Sandøy, I., Sandøy, I. og Coates, 2012 forf. 195
Sandøy, Ingvar 393
Sandøy, Rakel 195
Schanke, Jonas J. 246
Schare, Lydia Marie N. Kobro 158
Schevig, Løve 58
Schevik, John 28, 30, 31, 33, 34
Schirmer, Herman 354
Schistad, Ole Lind 59, 130, 133, 134, 228, 371
Schjelderup, Sverre prost 76, 235
Schjelderup, K. O. 44
Schnitler, Hans Peter 12, 127
Schnitler, Lorentz 119
Schultz, Anne Cathrine Mortensdatter 286, 300
Schøning, 1778 forf. 12, 82, 85
Schøning, Erling 333, 337
Schøning, Gerhard 12, 211
Sefland, 1984 forf. 199
Segelecke, Michael 60
Seim, Karl 116
Sekkeneset 75, 76
Selja 316, 346, 347
Selmer-ministeriet 315
Selnes, Kari 50
Sembmoen, 2020 forf. 144
Sesseng, Ragnhild 30
Seter, Ola 88, 300, 301, 303, 375, 391
Setnes, Arne Torbjørn P. 213
Sevelondsmyrn 288
Si grid, brigg 196
Sibir 92
Sigerset 21
Sinaifjellet 271
Singelstad, Rune 217, 393
Sion 7, 316, 333, 334, 335, 336, 337, 339, 340
Sion Elnesvågen 337
Sion Fræna 334
Sion Molde og omegn 333
Sionbakken 334
Sjuehuskapellet, Hjelset 344
Sjuehuskapellet, Lunda-
vang 344
Sjøwall, Wilhelm R. 77, 78
Sjåstad, Hans 322, 393
Skaldebø, Irene M. Hestås 8
Skare, Svein 233
Skarstein, Dag 4, 8
Skarvøy, Kirsten 175
Skauge, Erik D. 144
Skeidsvoll, Eirik 294, 295
Skiri, Lina 342
Skjegstad, 1988 forf. 289
Skjegstad, Knut 57, 59
Skjegstad, Lars 92, 289, 390
Skjegstad, Sjur Iversen 293
Skjåk 271, 273
Skomsø, 2007 forf. 268
skorder (støttestavar på stav-
kyrkjer) 53, 55, 120, 153,
219, 262, 263, 281, 359, 361,
362
Skotten 14, 18, 136, 164, 167,
178
Skrovseth, Kalla 44, 45, 47,
51, 142
Skuseth og Bø, 1997 forf. 283
Skaar, Johannes
Skaar, Johannes N. 42, 44,
86, 139, 228
Slatlem bilforretning 334
Sletten, Hans 70, 258
Slettferdingen 93
Smed-Pe 60
Smit, Jan Olav 316
Smith, Gabriel 42, 43, 62,
226, 227, 365, 370
Smith, Johan Oscar 328
Smith, Victor 129, 130
Smiths vener 328
Smørhol men 171
Småge, Martha 184
Småge, Terje 183
Snertingdal 59, 171, 172
sokneråd. 277, 351, 387, 388,
389, 390, 391
Solbakk, Jan Gunnar 175,
176
Solberg, Nils 12
Solem dalen 67
Solemdal Møbelfabrikk 323
Solemdal, 1953 forf. 36
Solemdal, Edna 90
Solemdal, Martin 47, 184
Solemdal, Ole 25
Solemdal, Peter 26
Solheim, O. O. 299, 305
Solheimdal, Ingrid 66, 90
Solholm, 1988 forf. 94
Solli, 2008 forf. 82, 366
Solli, Brit 82, 366
Sonja, dronning 217, 296
Sotnakken 20, 111
Sparebank 1 SMN 4
Sparebanken Møre 4
Spolert, Friederich 22, 112,
113, 126, 129, 240, 242, 372
Spolertbakken 321
Sporsem Samvirkelag 340
Sporsheim, Mindor 340
Sporsheim, Sigrid 184
spyttebakke 288
St. Andreas, Hen 218
St. Carolus Borromeussøs-
trene 316
St. Gallus 262
St. Gudmund kyrkje 320
St. Olavsmedaljen 342
St. Peter 80, 381
St. Sunniva 316, 317, 318,
320
St. Sunniva katolske kyrkje
316
Stallheim 303
Standal, Berthy G.M. 318,
320, 393
Stangenes, Knut og Ingeborg
268
Statsråd Astrups gate 39
Statsraad Lemkuhl 101
Staurheim, Ingrid 8
Stavanger 93, 225, 348, 353,
377
Stavik, Martin 139
Steen, Andreas F. B. 111,
118, 121, 12
Steenbuch Friedrich, , Chr.
212, 219
Steinshamna 203
Stella Maris 318, 320
Stensrud & Søn 323, 324
Stensvold, Christian 125
Stenødegård, Jon 300, 301
Stiftelsen Gaustad kapell 174
Stiftelsen Åkerlehaugen 67
Stige, 2008 forf. 82
Stige, Morten 82, 83, 91
Stordalen kapell (Meråker)
133
Storm, Erik 22
Stormly 197
Stormyr, Peder 98, 99
Stornes, Otto 293
Stortinget 10, 92, 146, 315,
349, 350, 351, 352
Strand, 2011 forf. 197
Strand, Randi Kristin 393
Stranden, Anette 47, 183,
393
Straumsnes 127, 138, 371
Strømme, Jørgen og Anders
311
Strømsgodset kyrkje 28
Strømsø kyrkje 158
Stub, Jens 92
Stubø, Serianna 116
Sturlason, 1959 forf. 80, 161
Sturlason, 1979 forf. 346 347
Støren, Johan biskop 142,
202
Størheim (Sætre), Martinus
291
Støttebakken 213
Støverstein, Liv 28
Støversten, John Andersen
194
Sundby kyrkje 28
Sundby, Gunnlaug 149
Sundsbo gravplass 109
Sundsboen 94
Sundt, Halvor klokkestøype-
ri 61, 66, 158, 230
Sunnylven 103, 105
Sul, Torgeir 116, 269, 273
Svanemyr, Sigurd 128, 130
Svanemyr, Ågot f. Herje 254
Svensli, Johan 130
Sverdrup, Hartvig 354
Sverdrup, Maren 300, 302
Svinnset, Ludvik 103
Sylte (Furnes), Einar O. 227,
284, 285, 373
Sylte, Anders O. 68, 70
Sylte, Erik P. 62, 63, 234, 235,
248, 252, 255, 258, 269, 270,
275, 373
Sylte, Iver E. 146
Sylte, Johan B. 292
Sylthe, 1985 forf. 140, 369,
373
Sylthe, 2007 forf. 71, 253,
258, 370, 371
Sylthe, Christ Allan 56, 59,
149, 183, 202, 283, 371
Syvikgrenda 300, 302
Syvstjernen 91
Sæbjørnsen, Idun 202
Sæbø A., 1970 forf. 232, 374
Sæbø I., 2012 forf. 256
Sæther, 1991 forf. 369, 370
Sæther, L. arkitekt 269
Sæther, Nils Lykkeslet 340
393
Sættem, 2020 forf. 25
Sæverud, 2008 forf. 90
Søholt, Svein Ove 393
Søre Midøy 5, 11, 16, 107,
108, 379

Sørensen, Lars 291
Sør-Fron 210, 211, 212, 364
Sørmoen, 2001 forf. 291
Sørstranda, Veøy 68, 69, 208,
209, 248, 249, 255, 368
Sosterklokkene 166
Søvik, 1984 forf. 229
Søvik, Elizabeth Steward 393
Søvik, Ester 229
Søvika, 227
såmannen, Luk. 8 66, 129,
130

T

Taglicht, Tibotr og Vera 73
Talberg, 1971 forf. 310
Talberg, 2020 forf. 311
Talset, Beret Tomasdatter 60
Talset, Gunnar 66
Talset (Molde) 20, 21, 60, 66
Talset (Neset), 111
Talsethagen, Per 65
Tautra 15, 94, 95, 102, 106,
178
Tavle-Jakob 191, 193, 195,
232, 233, 374
Teilgaard, Hans 37, 38
Teistklubb, Ole M. 166
Tennø, Tomas 196
Th. Frobenius og Sønner 184
Theodosius 352
Thesen, Gulbrand 310
Thingvold, 2008 forf. 93
Thompson, Håkon B. 47
Thorvaldsen, Bertel 69, 72,
97, 98
Thrumann-Moe, Jan 288
Tiedemand, Adolph 45, 149,
150
Tiendbuberget 142
Tiendbuberget 138
Tingvollfjorden 18, 111
Titus Bülche 364
Tjåland, Gunnlaug 149, 171
tobakk 232
Togkapellet 7, 217, 379, 383
Tokle, Lars 342
Tomrefjorden 298, 299
Tomren, Olav Egil 393
Tonhaugen, Tony 333
Tordsen, Oluf 5, 185
Toregarden 196
Torkildsen, Per Øyvind 123
Tornes hjelpekyrkjegard 145
Tornes Keramikk 50, 51
Tornes, Jan Tore 337, 393
Torp, Østen 213, 214, 291,
292, 295, 354
Torsteinsson, Eirik 153
Torvikbukta 52
Torvikeidet 208
Toven, 2003 forf. 116
Tranmæl, Even 393
Tresfjord bondekvinnelag
295
Tresfjord museum 294
Tresfjord museums lag 295
Tresfjorden 92, 146, 280,
305, 390

Tretnes, Perry 149
Trinanabben 275
Trollpila 54
Trollstigvegen 209
Tromsø 288
Trondhjem Katedralskole 91
Trædal, Gunda 184
Trædal, Nils 187
Trømborg, Ole Martin 235
Tsjekkoslovakia 73
Tverdahl, John 270, 276
Tverfjell, Olai 165
Tyristrand kyrkje 150
Tønder, Anders Christoph-
hersens 282
Tønder, Christian U. 197
Tønder, Lauritz Evensen 166
Tøndergård gravlund 5, 41,
47
Tønsberg 34, 37, 52, 61, 70,
147, 158, 166, 213, 223, 230,
331, 378

U

Ugelvig, Ole Tronsen 183
Ugelvika 95, 96
Uggedal, Martin 300, 302,
303
Ullaland 21, 61
Ulleland, Peder Bårdsen
Frisvoll 60
Ulving, Even 227, 228, 229,
374, 389
Undhjem, Iver Pedersen 219
Universitetsmuseet i Bergen
233

V

Valdres Skifer 24
Valdres-Anders 5, 125
Valeur, Conrad 45, 147
Valle og Aure, 2004 forf. 140
Valle, Agnes 140, 141
Valle, Astrid O. 140
Valle, Synnøve 393
Varhol, Martin 146
Varmedal, Inger 285
Vatne kyrkjegard 108
VEB Jähmlich Orgelbau 130,
131
Veblungnes 12, 211, 342
Vedeler, 2008 forf. 90
Veidholmen 153
Vengetindane 12
Verdal 52
Vestad og Mørk, 1998 forf.
20, 43
Vestad, Anders 76
Vestad, Edvard 75, 76
Vestad, Erling 76, 77
Vestad, Knut 76, 77
Vestlandske Orgelverksted
272, 273, 377
Vestnes sogelag 288, 389,
391
Vestnesbukta 280, 281
Vestnesgarden 282, 288
Vestnesgodset 282, 290
Vestre-harmonium 135

Vestres Orgel og Pianofa-
brikk 26, 33, 37, 52, 74, 77,
98, 151, 152, 158, 159, 184,
195, 196, 203, 206, 223, 244,
245, 254, 286, 287, 296, 303,
307, 312, 315, 376, 377
Vidar, ungdomslag, Bud 158
Vigeland, Emanuel 250, 253,
257, 259, 374, 375
Vigeland, Maria 77, 78, 285,
286, 375
Vigra 43, 44, 62, 227, 293,
373, 374
Vik, Anne Ruth Gagnat 334,
393
Vik, Guri (Skul-Guri) 239
Vik, Lars L. 268
Vike, Borghild 306
Vike, Lasse 22, 370
Vikhagen, Hans 268
Vilberg, V. 116, 355
Villa, Eldar 295, 296
Villa, Jon O. 36, 77, 183, 361,
362, 371
Virgil Solis 87, 90
Visnes, Konrad 173
Vistdalen 113, 119, 121, 126,
387
Vistdalsheia 110
Vold, John 76, 232
Vold, John J. 227
Vold, Peder (Nystau-Pe) 232
Volden, Aslaug 30
Vollabukta 232
Vorpenes 18
vossaskifer 171
Våge, Amanda 77
Vågen, Johnny G. 123, 125,
151, 182, 190, 193, 214, 222,
223, 230, 258, 259, 265, 267,
278, 279, 294, 309, 353
Vågseter, L. 123
Vågsetra skole 73
Vågøya 18, 127, 138, 139,
144, 148, 152

W

Wedel-Jarlsberg 93
Wentzel, Ela 393
Werenskiold, Dagfin 201,
202, 203
Wesley Kapell 323
Wesley, John og Charles 323
Westad, Rekdal Eik, 2008
forf. 75
Westen, Thomas von 38, 91,
264
Wexelsen, Vilhelm Andreas
biskop 63, 71, 86, 252, 258,
264
WIB – WFSB 285
Widawski i, Jacec 106
Wiig, Lars K. 239
Wiig, O. 71
Wiik, Knut L. 239, 387
Wilhelm, tysk keisar 25
Willa, Alfa 342
Wille, Hans Jakob 213, 219,
269, 361

Williamsborg 93
Wilse, foto 61
Wisløff, 1966 forf. 347
Wisth, Jenny Husøy 193, 194
With, Roger 107
Witzøe, Sverre 316, 317
Wium, Morten 218, 226,
240, 368
Wold, 1996 forf. 226, 230,
232, 371, 373

Z

Zocholl, Benjamin Groven
137
Zuber, Theodor 123

Ø

Ødegaard, Ingrid 93, 387
Ødegård, Knut 318, 393
Øiehaug, Nils og Olav 200,
202, 205
Øksendal kyrkje 135
Øverland B., 1962 forf. 193
Øverland P., 1974 forf. 125
Øverland, 1962 forf. 187,
189, 196
Øverås, forf. 16, 91, 349, 367,
387, 391
Øveraas, Nils 286
Øveråshauå 288
Øvre Kirkegård 35
Øyfinn, M/S 204
Øyen, Ingeborg J. 116
Øystein Magnusson 161

Å

Aacte, Conrad von 158
Åfløy, Amund Olson 134
Åfløybakken 58
AAK Safety 267
Åkesson, Johan K. 119
Åndalsnes 7, 17, 208, 216,
217, 302, 316, 318, 334, 342,
374, 379, 383, 389, 390, 391
Aanes, Nils 294
Årsbog, Bjørg 175
Aarseth, Kjell 50
Årseth, Kjell Arne 293
Årø, Indre 43, 204, 205
Årø, Iver R. 44
Årø, Nils H. 44
Årødalsvegen 43
Årønes 43
Aas Mek Verksted 280
Aas, 1980 forf. 148
Aas, 1985 forf. 138, 144, 147
Aas, 1987 forf. 137, 152, 160
Aas, 1990-t forf. 138
Aasen, 2006 forf. 219
Åsgjerdet, Iver Knutsen 293,
354

Romsdal sogelags Årsskrift kjem i år i ei anna form enn vanleg. Formatet er endra, men den største skilnaden er at vi i år for første gong i sogelagets historie gir ut ei temabok skriven av berre ein forfattar. Max Ingar Mørk, som i mange år har arbeidd med forvaltning av kyrkjebygg, har skriva historia til kyrkjene i Romsdal. Med seg på laget har han hatt Sigurd Mjelve som fotograf.

I samband med Romsdal sogelags 100-årsjubileum ville vi i år lage noko som omhandlar heile Romsdal. Kva var då meir naturleg enn å lage ei bok om alle kyrkjene våre? Kyrkja har stått sentralt i folks liv, både i kvardag og høgtid sidan vikingtida.

Boka omtalar alle kyrkjer og vigsla bygg for Den norske kyrkja, pluss andre kyrkjesamfunns kyrkjer og forsamlingshus – ikkje berre dei som står i dag, men også dei historiske.

På utanlandsferie er det mange som oppsøker kyrkja på staden for å få innsyn i landets kultur. Her får vi for første gong eit samla oversyn over våre eigne katedralar. Vi får presentert kva dei små lokalsamfunna, på trass av ofte stor fattigdom, har greidd å bringe fram av byggekunst, kunstnarleg utsmykking og handverk. Derfor har kyrkjebygget noko å seie til oss alle, uavhengig av tru. Denne boka er laga for alle som vil vite noko om romsdalsk kulturhistorie.



Max Ingar Mørk (f. 1954 i Sandefjord) er bygningsingeniør frå NTH i 1976 og dr.ing. frå NTNU i 2003. Han har bakgrunn som kyrkjeverje i Molde. Dei siste åra har han vore førsteamanuensis i byggteknikk ved NTNU i Trondheim og Ålesund.



Sigurd Mjelve (f. 1984) er utdanna lærar og har ein bachelor i film og video frå NTNU. Han har arbeidd som grunnskolelærar og er frilansfotograf busett i Molde.



Rødven stavkyrkje vigsla kring 1300.



Grytten kyrkje vigsla 1829.



Vike kyrkje vigsla 1970.

ROMSDAL SOGELAG
ISBN: 978-82-93345-18-3



9 788293 345183 >